



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2019–2020) frå Klima- og miljødepartementet består av fire delar:

Del I presenterer hovudutfordringar, resultat-område og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken, og hovudprioriteringar innanfor departementets budsjett i 2020.

Klima- og miljødepartementet er eit sektorovergripande departement med ansvar for å samordne Regjeringas klima- og miljøpolitikk. I del I er det derfor gitt eit oversyn over klima- og miljøpolitiske satsingar i andre departement. I del I er det ei oversikt over oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Klima- og miljødepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar. I del II blir det òg gjort greie for politikk for å nå dei nasjonale måla.

Del III er ei omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker og arbeidet med berekraftsmåla. Her er mellom anna klima- og miljøpolitikken i dei andre departementa. Del III gir òg ei omtale av miljøforvaltinga sitt arbeid innan samfunnstryggleik og beredskap, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltinga.

Del IV er rapportering til Stortinget i samsvar med klimalova.

Innhold

Del I	Innleing	11	Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	151
1	Om klima- og miljøutfordringane	13	Kap. 4423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	153
2	Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken	18	Kap. 1424 MAREANO	153
2.1	Naturmangfald	18	Kap. 1425 Fisketiltak	154
2.2	Kulturminne og kulturmiljø	19	Kap. 1428 Enova SF	155
2.3	Friluftsliv	20	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	161
2.4	Forureining	20	<i>Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø</i>	170
2.5	Klima	23	Kap. 1429 Riksantikvaren	177
2.6	Polarområda	26	Kap. 4429 Riksantikvaren	192
3	Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2020	28	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	192
4	Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet	31	<i>Programkategori 12.60 Nord- og polarområda</i>	194
4.1	Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet	31	Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt	198
4.2	Regjeringas prioriteringar innanfor klima	32	Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt	200
5	Oversiktstabellar	36	Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond	200
5.1	Merknader til budsjettframlegget	36	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	201
5.2	Utgifter	36	Kap. 1473 Kings Bay AS	201
5.3	Inntekter	37	Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	203
6	Oppfølging av oppmødingsvedtak	41	<i>Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid</i>	205
Del II	Klima- og miljødepartementets budsjett for 2020	61	Kap. 1481 Klimakvotar	212
7	Omtale av kapittel og post	63	Kap. 4481 Sal av klimakvotar	214
<i>Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	63	Del III	Omtale av særlege tema	235
Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet	67	8	Omtale av særskilte sektorovergrepande klima- og miljø saker	237
Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet	77	8.1	Klima- og miljøpolitikk i departementa	237
Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø	77	8.1.1	Arbeids- og sosialdepartementet ..	237
Kap. 1411 Artsdatabanken	82	8.1.2	Barne- og familiedepartementet ...	238
Kap. 4411 Artsdatabanken	83	8.1.3	Finansdepartementet	238
Kap. 1412 Meteorologiformål	84	8.1.4	Forsvarsdepartementet	239
<i>Programkategori 12.20 Klima, naturmangfald og forureining</i>	87	8.1.5	Helse- og omsorgsdepartementet	239
Kap. 1420 Miljødirektoratet	107	8.1.6	Justis- og beredskapsdepartementet	240
Kap. 4420 Miljødirektoratet	148	8.1.7	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	241
Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart	150	8.1.8	Kulturdepartementet	244
		8.1.9	Kunnskapsdepartementet	244

8.1.10	Landbruks- og matdepartementet	245	13	Utslepp og opptak av klimagassar	301
8.1.11	Nærings- og fiskeridepartementet	248	13.1	Historiske utslepp og opptak	301
8.1.12	Olje- og energidepartementet	249	13.2	Framskrivningar	302
8.1.13	Samferdselsdepartementet	251	14	Sektorvis omtale og utsleppsbaner	306
8.1.14	Utanriksdepartementet	254	14.1	Innleiing	306
8.2	FNs berekraftsmål	256	14.2	Transport	308
8.3	Anna klima- og miljøarbeid i staten	260	14.3	Andre sektorar	315
9	Samfunnstryggleik og beredskap	262	14.3.1	Innleiing	315
9.1	Ansvarsområde	262	14.3.2	Jordbruk	316
9.2	Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø – status og tilstandsvurdering	263	14.3.3	Industri- og petroleumssektoren ..	318
9.2.1	Innleiing	263	14.3.4	Energiforsyning og oppvarming ...	320
9.2.2	Om den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø	264	14.3.5	Produkt med fluorgassar og andre kjelder	321
9.2.3	Overordna risikobilete	265	14.3.6	Skog og anna arealbruk (LULUCF)	322
9.2.4	Forureiningsberedskap	266	15	Klimaeffekten av framlagt budsjett	327
9.2.5	Meteorologiske tenester	268	15.1	Innleiing	327
9.2.6	Overvaking og varsling av flaum- og skredfare	272	15.2	Arbeids- og sosialdepartementet ..	327
9.3	Informasjonstryggleik og førebuande tryggleik i miljøforvaltinga	276	15.3	Barne- og familiedepartementet ...	328
9.4	Førebuande sikkerheitsteneste	277	15.4	Finansdepartementet	328
10	Fornye, forenkle og forbetre, og likestilling og mangfald i miljøforvaltinga	278	15.5	Forsvarsdepartementet	328
10.1	Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	278	15.6	Helse- og omsorgsdepartementet	330
10.2	Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltinga	280	15.7	Justis- og beredskapsdepartementet	330
10.3	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak under Klima- og miljødepartementet	284	15.8	Klima- og miljødepartementet	330
Del IV	Rapportering etter Lov om klimamål (klimalova)	285	15.9	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	331
11	Innleiing	287	15.10	Kunnskapsdepartementet	332
12	Klimamål mot 2030 og 2050 og Noregs karbonbudsjett	292	15.11	Kulturdepartementet	333
12.1	Innleiing	292	15.12	Landbruks- og matdepartementet	333
12.2	2030-målet og samarbeid med EU	292	15.13	Nærings- og fiskeridepartementet	335
12.3	2050-målet	296	15.14	Olje- og energidepartementet	337
12.4	Verkemiddel for å nå klimamåla ..	297	15.15	Samferdselsdepartementet	338
			15.16	Utanriksdepartementet	339
			15.17	Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land	340
			16	Noreg blir førebudd på og tilpassa klimaendringane ...	342
			16.1	Innleiing	342
			16.2	Organisering av det nasjonale klimatilpassingsarbeidet	342
			16.3	Oppfølging av arbeidet med klimatilpassing i Noreg	342
			16.4	Økonomisk støtte til lokalt arbeid med klimatilpassing	343

16.5	Informasjon, kapasitetsbygging og utdanning	343
16.6	Nettverk og samarbeid	344
16.7	Forskning	344
16.8	Klimatilpassing i og på tvers av sektorar	345
Forslag	350

Vedlegg

1	Noregs lågutsleppsstrategi for 2050	361
2	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Klima- og miljødepartementet	392

Oversikt over boksar

Boks 2.1	Naturindeksen for Noreg	18	Boks 1.3	Livsstilsval og klima	366
Boks 2.2	Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar	21	Boks 1.4	Langsiktig lågutsleppsstrategi i EU	368
Boks 2.3	Ambisjonen for innanlandske utsleppskutt mot 2020	23	Boks 1.5	«Veikart for prosessindustrien – økt verdiskaping med nullutslipp i 2050»	371
Boks 7.1	Tre nye stoff/stoffgrupper til prioritetslista for miljøgifter	97	Boks 1.6	Barn og unge i dag – vaksne i 2050	372
Boks 7.2	Kort om ordninga:	119	Boks 1.7	2030 – eit viktig steg på vegen til lågutsleppssamfunnet	376
Boks 7.3	Kort om førebels satsing for utvikling av hurtigbåtar med null- og lågustleppsløysingar	120	Boks 1.8	EU's kvotesystem	377
Boks 7.4	Eksempel på prosjekt støtta i 2018	161	Boks 1.9	Kvifor regulere utslipp heller enn å prise?	379
Boks 7.5	Endringsteori – Korleis kan avskoginga stansast?	210	Boks 1.10	Klimasats	382
Boks 11.1	Første rapport frå Teknisk berekningsutval for klima	290	Boks 1.11	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023	382
Boks 12.1	Eksempel på Enova-støtta prosjekt	299	Boks 1.12	Grøn skipsfart – handlingsplan	383
Boks 14.1	Utsleppsbaner	306	Boks 1.13	Prinsipp for Grøn konkurranseskraft	384
Boks 14.2	Tilleggseffektar av klimagasstiltak	307	Boks 1.14	Gassnova	384
Boks 14.3	Nokre klimamål- og ambisjonar på transportområdet	315	Boks 1.15	Nysnø Klimainvesteringar AS (Nysnø)	385
Boks 16.1	Klima på Svalbard 2100	343	Boks 1.16	Finansnæringa sitt vegkart	386
Boks 16.2	Naturfareforum	344	Boks 1.17	TCFD-rammeverket for rapportering om klimarisiko	387
Vedlegg			Boks 1.18	Nasjonalt program for leverandørutvikling	388
Boks 1.1	Parisavtalas dynamikk	363	Boks 1.19	Earth Overshoot Day	390
Boks 1.2	Hovudfunn frå FN's klimapanel's spesialrapport om klima og landareal	365	Boks 1.20	Miljømerka Svane og EU Ecolabel	391
			Boks 1.21	Fornya læreplan	391

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Talet på truga arter og naturtypar i hovudøkosystema	19	Tabell 7.16	Tilskot til verdsarvområda i 2018 frå post 79	192
Tabell 2.2	Utslepp av klimagassar, millionar tonn CO ₂ -ekvivalentar (foreløpige tal for 2018)	25	Tabell 7.17	Resultatområde under programkategori 12.60.	195
Tabell 4.1	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2020 under Klima- og miljødepartementet	31	Tabell 7.18	Nasjonalt mål under programkategori 12.70	208
Tabell 4.2	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2020 med tydeleg klima- og miljøgevinst på andre departement sine område	32	Tabell 10.1	Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltinga	280
Tabell 6.1	Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer ...	41	Tabell 10.2	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittsløn i miljøforvaltinga	280
Tabell 7.1	Fordeling av tilskot	70	Tabell 10.3	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltinga	281
Tabell 7.2	Resultatområde under programkategori 12.20	88	Tabell 13.1	Utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor (mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar)	304
Tabell 7.3	Fordeling til driftsområde i skjergardstenesta	137	Tabell 13.2	Ikkje-kvotepiktige utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor (mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar)	305
Tabell 7.4	Type senter	147	Tabell 15.1	Berekna utslepp av klimagassar frå forsvarssektoren (tusen tonn CO ₂ -ekvivalentar) ...	329
Tabell 7.5	Budsjettet for 2020 fordeler seg på dei ulike gebyrordningane som følgjer:	149	Tabell 15.2	Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land	340
Tabell 7.6	Klima- og energifondets resultat og disponeringar i 2018, korrigert for kanselleringar	159			
Tabell 7.7	Disponerte midlar, kontraktsfesta energiresultat, prosjekt under gjennomføring og slutt-rapportert energiresultat etter marknadsområde (2012–2016)	160	Vedlegg		
Tabell 7.8	Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2020	162	Tabell 2.1	Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art	392
Tabell 7.9	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2020	163	Tabell 2.2	Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde ...	394
Tabell 7.10	Resultatområde under programkategori 12.30	171	Tabell 2.3	Tilhøvet mellom kontant-beholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2016–2018 ...	395
Tabell 7.11	Fartøy i bevaringsprogrammet ..	175	Tabell 2.4	Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art	396
Tabell 7.12	Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)	181	Tabell 2.5	Norsk Kulturminnefond. Inntekter etter inntektskjelde	398
Tabell 7.13	Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)	181	Tabell 2.6	Tilhøvet mellom kontant-beholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2016–2018	399
Tabell 7.14	Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2018	182			
Tabell 7.15	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2018	186			



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 20. september 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Om klima- og miljøutfordringane

Klimautfordringane

Det er brei semje om at det å løyse klima- og miljøutfordringane er blant dei største oppgåvene vi står overfor i vår tid. Klima- og miljøendringane påverkar menneska si helse, livsgrunnlag og verdiskaping. Oppvarming av klimasystemet er utvitydig, og den menneskelege påverknaden er klar, ifølgje den siste hovudrapporten frå FNs klimapanel. Klimaendringane er eit resultat av menneskeskapte utslepp av klimagassar frå blant anna energiproduksjon og -bruk, industri, transport og landbruk sidan førindustriell tid.

Utsleppa held fram med å auke, og dei har ført til at konsentrasjonen av CO₂ i atmosfæren i dag, i følgje Verdas meteorologiorganisasjon (WMO), er 146 pst. høgare enn i førindustriell tid. Havet har teke opp ca. 30 pst. av dei menneskeskapte CO₂-utsleppa. Det auka CO₂-nivået i havet medfører auka havforsuring. Åra frå 2015 til 2018 har blitt stadfesta som dei fire varmaste åra som er registrert globalt, og 2017 er framleis det varmaste enkeltåret nokosinne registrert (om lag 1,1 grad varmare enn i førindustriell tid). Ifølgje WMO var jorda si overflate i 2018 om lag 1,0 grad varmare enn i før-industriell tid, og mesteparten av denne temperaturaukinga har skjedd sidan midten av 1970-talet. Gjennomsnittet av dei fire siste åra er 1,04 grader over førindustrielt nivå.

Parisavtala under FNs klimakonvensjon tok til å gjelde 4. november 2016. Målet med avtala er å styrkje den globale innsatsen mot klimaendringane, å avgrense den globale temperaturauken til godt under 2 grader samanlikna med førindustrielt nivå, og å søkje å avgrense oppvarminga til 1,5 grader.

I 2018 publiserte FNs klimapanel ein spesialrapport om 1,5 grads global oppvarming som viste at det vil vere betydelege gevinstar ved å avgrense oppvarminga til 1,5 grader samanlikna med 2 grader. Det vil mellom anna bli mindre ekstremvær der folk bur og 10 millionar færre menneske vil vere utsette for risiko frå havnivåstigning. Det blir mindre reduksjonar i globale kveite-, mais- og risavlingar, opptil 50 pst. færre menneske vil oppleve vassmangel og fleire hundre millionar færre

menneske blir utsette for fattigdom og risiko frå klimaendringar. I tillegg blir risikoen redusert for å utløyse kritiske vippepunkt, mellom anna kan 70–90 pst. av verdas varmtvasskorallrev bli øydelagt ved 1,5 grader, mens så å seie alle (99 pst.) kan bli borte ved 2 grader. For å avgrense oppvarming til 1,5 grader, må globale utslepp av klimagassar reduserast med 40–50 pst. innan 2030 samanlikna med 2010. I 2050 må nettoutsleppa av CO₂ vere netto null, det vil seie at det må fjernast minst like mykje CO₂ frå atmosfæren som det blir sleppt ut, ettersom det ikkje er realistisk å fjerne absolutt alle utslepp. Det er òg nødvendig med kraftige reduksjonar i utsleppa av andre klimagassar, særleg metan.

Endringar i klima skaper nye utfordringar for menneska og samfunnet. Eit varmare klima med større nedbørsmengder fører blant anna til overfløyming, jordras og auka forureining. Skadelege framande artar vil tilpasse seg i den norske naturen, mange artar og bestandar flytter seg lenger nord eller høgare til fjells om det er mogleg, eller dei blir borte frå norsk natur. Fjorårets tørkesommar viste tydeleg at jordbruksavlingar og buskap kan vere utsette for skade i eit endra klima.

Ringverknadene av klimaendringar i andre delar av verda kan òg få store konsekvensar for Noreg. Dette er understreka blant anna av Klimarisikoutvalet i deira rapport¹. I følgje ein rapport frå EY² vil den mest akutte verknaden vere auka behov for bistand og naudhjelp som følgje av hypigare og kraftigare ekstremvær, flaum, tørke og mangel på vatn. Det er påvist tydelege samanhangar mellom slike verknader, fattigdomsutvikling og humanitære kriser blant menneske som bur i sårbare område.

Endringar i havmiljøet

Dei store havområda under norsk jurisdiksjon, og vår avhengnad av og tilknytning til havet både i fortid, notid og framtid, inneber eit særskilt forval-

¹ NOU 2018: 17 Klimarisiko og norsk økonomi

² M-932 Utredning om konsekvenser for Norge av klimaendringar i andre land

tingsansvar for å sikre vel fungerande marine økosystem, reine hav og rein kyst.

Viktige utviklingstrekk i norsk og internasjonal havforvaltning er omstilling i havbaserte næringer, globale diskusjonar under FN om forvaltning av hav og havressursar, ei aukande erkjenning av økosystema si rolle i havøkonomien, og havet si rolle som ein del av løysinga på globale utfordringar. Ifølgje rapporten *The Ocean Economy in 2030*, utgitt av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) i 2016, har verdas havområde stort potensial for økonomisk vekst gjennom nye næringer og utvikling av eksisterande næringer. Ein føresetnad for å realisere havets potensial fullt ut, er god miljøtilstand og at havområda blir nytta på ein ansvarleg og berekraftig måte. Samstundes står vi i dag overfor truslar mot havmiljøet spesielt i form av klimaendringar og forsuring av havet og marin forsøpling.

I følgje FN's klimapanel's femte hovudrapport frå 2014 ser vi verknader av klimaendringane på marine økosystem over heile kloden. Klimaendringane forsterkar den negative påverknaden frå andre faktorar som fiskeri, utbygging av kystsona og tilførsler av forureining og avfall. Dei tropiske korallreva er hardt ramma. Omtrent halvparten av desse er ifølgje FN's naturpanel allereie øydelagt. I heimlege farvatn ser vi at utbreiinga av plankton, fisk, sjøfugl og botndyr flytter seg nordover som følgje av varmare havvatn, og at leveområda for arktiske artar krympar. Andre endringar som havnivåstigning, lågare oksygenivå og surare hav kan òg få stor betydning for marine økosystem i åra framover. Dersom utsleppa ikkje blir reduserte vil konsekvensen av vedvarande oppvarming og forsuring ifølgje FN's klimapanel bli ein global nedgang i havet sin biologiske produktivitet og i fangstpotensial for fisk, særleg på låge breiddegrader. Konsekvensane av havnivåstigning og meir ekstremvær for økosystem og samfunn i lågtliggjande kystområde og små øyar er òg venta å bli svært alvorlege. Neste toppmøte under Klimakonvensjonen (COP25) i Chile vil ha ein særskilt merksemd på hav. I september 2019 kjem også spesialrapporten *The Ocean and Cryosphere in a Changing Climate* frå IPCC om havet og kryosfæren (overflater med sjøis, is og permafrost) som blant anna vil handle om korleis klimaendringane påverkar hav-, kyst-, fjell-, og polare økosystem.

Marin forsøpling og spreining av mikroplast

Marin forsøpling og spreining av mikroplast er eit raskt aukande globalt miljøproblem og ein trussel

mot både dyreliv langs kyst og i hav, mot sjømatressursane og menneska sin bruk av kyst- og havområda. I Noreg er det særleg plastavfall frå fiskeri- og oppdrettsnæringa og avfall frå forbrukarar som er dei største kjeldene til marin forsøpling. På global basis kjem dei største mengdene marint avfall frå land i rask økonomisk vekst og utan tilfredsstillande system for behandling av avfall. Plastavfall blir svært sakte brote ned i havdjupe. Det er usikkert om det nokon gong vil forsvinne, eller berre endar opp som små mikro- og nanoplastpartiklar. Det er behov for meir kunnskap om effektane av mikroplast i havet på helse til dyr og menneske. Den raske auken av plast i havet, og dei skadane ein allereie ser, gjer at dette er rekna som ein av dei viktigaste truslane mot havmiljøet. Utslepp, spreining og effektar av mikroplast til luft, jordsmonn og ferskvatn er òg område der det krevst meir kunnskap.

Eit reint miljø og trygge forbrukarprodukt

Miljøgifter er ein av dei tre viktigaste globale miljøutfordringane saman med klimagassutslepp og tap av biologisk mangfald. Eit reint miljø er ein føresetnad for at vi fritt skal kunne bruke naturen, hauste av naturressursane og beskytte menneske si helse. Mykje av norsk verdiskaping, produksjon og velferd er derfor avhengig av eit reint miljø. Utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikalier frå norske kjelder har gjennom mange års innsats blitt tydeleg redusert. Utfordringane no ligg særskilt i langtransporterte luft- og havforureining og i produkt som inneheld miljøgifter. Dei farlegaste kjemikaliane og miljøgiftene blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot helse for kommande generasjonar, mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning.

Tap av naturmangfald

Naturen er sjølv livsgrunnlaget vårt. Mangfaldet i naturen gir oss blant anna tilgang til reint vatn og luft, mat, medisinar og byggjematerialar. Naturen medverkar òg med betydelege opptak av klimagassar. Bevaring av skogane i verda kan vere så mykje som ein tredel av klimaløysinga. Robuste økosystem kan dempe effekten av klimaendringane for eksempel i form av flaumdemping og vassreinsing eller beskyttelse mot erosjon. Mange økosystem er så belasta av negativ påverknad at dei ikkje lenger leverer dei goda eller held ved lag dei naturlege prosessane som menneska er heilt avhengige av. I mai la Naturpa-

nelet fram sin globale rapport om naturens tilstand. Rapporten stiller saman kunnskap frå nær 15.000 vitenskapelege kjelder, og fortel oss at dyr, planter og økosystem blir utrydda i eit tempo vi aldri før har sett i mennesket si historie. Vi hentar ut stadig meir mat, energi og materialar frå naturen, for å dekkje eit aukande forbruk til ei veksende global befolkning. Vårt samla avtrykk er no så omfattande at vi drastisk reduserer naturen si evne til å levere grunnleggjande tenester som reint vatn, luft og stabil tilgang til mat i framtida.

Berekraftig bruk av areala er avgjerande for å nå klimamåla og ta vare på biologisk mangfald. Både Naturpanelets globale rapport og Klimapanelets spesialrapport om klimaendringar og landareal, viser til at landbaserte tiltak for å restaurere og bevare viktige økosystemtenester kan bidra både til auka karbonbinding og klimatilpassing.

Tapet av naturmangfald er både ei nasjonal og ei internasjonal utfordring. I Noreg er det risiko for tap av naturmangfald, særleg som følgje av arealinngrep, arealbruksendringar og spreining av frammande arter. I havet gir marin plastforsøpling og havforsuring store utfordringar for mangfaldet av planter og dyr. Klimaendringane forsterkar truslane både på land og i havet, og har ein aukande negativ påverknad. Ein føresetnad for å lukkast å oppnå måla i Parisavtala og FN's berekraftsmål, er å ta vare på naturmangfaldet.

Eit rikt naturmangfald og lett tilgang til naturområde er viktig for folkehelsa. Friluftsliv er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet i Noreg, og er ei viktig kjelde til helse og livskvalitet for ein stor del av befolkninga.

Vern om kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø utgjer vårt kollektive minne om samfunn og levekår i tidlegare tider og er ein integrert del av klima- og miljøpolitikken. Dette er ressursar som ikkje kan fornyast, og dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar og er ei viktig kjelde til kunnskap og opplevingar.

Mange norske byar og stader har ein struktur som kan sporast tilbake til mellomalder eller seinare. Urbanisering og auka tilflytting til byar og tettstader fører til press for endra bruk av areal og eksisterande bygningar og anlegg. I arbeid med byutvikling er det ei utfordring og eit mål at kulturminna og samansette kulturmiljø vert integrerte i planlegginga slik at dei kan medverka sterkt til gode bu- og lokalmiljø med særpreg og attraktivitet. Redusert energiforbruk, utslepp og avfallsproduksjon er viktige overordna mål i mil-

jøpolitikken. Energieffektivisering, gjenbruk og bevaring av eksisterande bygg er bidrag til å nå desse måla.

Det er foreløpig avgrensa med studiar av klimagevinsten ved riving kontra nybygg. Riksantikvaren har fått laga ein studie av riving av ein mindre ikkje isolert einestad i tre. Den viser at det tek 52 år før det er meir klimavennleg å byggje nytt. Tiltaka som vart utførte på huset var isole-ring av vassrøyr, tetting rundt vindauge og dører, etterisolering av etasjeskiljet mot loft og kjellar, ny varmekjelde og varmegjenvinning for gråvatn.

Det ligg også føre ein studie av Rådhuset i Bergen. Det er ein betongkonstruksjon. Studien viser ein reduksjon på 31 pst. i klimagassutslepp for rehabilitering i forhold til nybygg med ei levetid på 60 år. Klimagassutslepp frå byggjematerialar blir reduserte med 73 pst. Dette skuldast ein signifikant reduksjon i materialbruk samanlikna med nybygg. Det skuldast at store tunge delar av bygninga, som grunn, fundament og beresystem i armert betong, blir tekne vare på, og materialforbruket blir monaleg redusert. Kjelde: Rambøll – N-Not 06 Klimagassutslipp Bergen Rådhus.

Riksantikvaren har bestilt ein større metastudie som vil gi meir og breiare data. Studien vil ta for seg bygningar der det er krav om ulike grader av bevaring. Den vil liggje føre ved utgangen av 2019. Vi ventar at det vil gi oss eit betre verktøy for heilskaplege klimaanalysar av alt frå energi- bruk til arealeffektivitet.

Å ta vare på og skjøtte dei gamle kulturlandskapa er viktige for artsmangfaldet.

I dag er breidda stor og verkemidla i kulturminnearbeidet mange. I eit samfunn der endringstempoet er høgare enn nokon gong, blir det stilt store krav til at forvaltninga skal vere tydeleg og føreseieleg. Dette gjeld særleg i og omkring dei store byane. Samstundes kan nye miljøutfordringar verke direkte inn på korleis samfunnet vernar dei kulturhistoriske verdiane sine.

Miljøutfordringar i nord – og polarområda

Klimaendringar og auka menneskeleg aktivitet gir miljøutfordringar i Arktis og Antarktis. Polarområda i nord og sør har ei nøkkelrolle i det globale klimaet, og issmelting i Arktis og Antarktis er avgjerande for havnivået i framtida.

Rapporten «Climate in Svalbard 2100» bereknar klimaendringane på Svalbard fram mot år 2100, for å gi eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing. Rapporten viser at årstemperatur og årsnedbør vil auke kraftig. Det vil bli fleire hendin-

gar med kraftig nedbør, oppvarming av permafrosten og auka førekomst av skred. Klimaendringane fører med seg utfordringar for arealplanlegginga i lokalsamfunna. Det gjeld auka fare for flaum og skred og skadar på bygg på grunn av mindre permafrost og opptining av grunnen.

Ein særskilt effekt av klimaendringane dei siste åra er mindre fjordis på vestkysten av Svalbard. Fjordområde med beskyttande breffrontar som framleis har stabil fjordis vinterstid, slik som Van Mijenfjorden, blir difor stadig viktigare for isavhengige arter som ringsel og isbjørn. Samstundes blir desse områda meir attraktive for mellom anna reiselivet. Meir isbjørn i Van Mijenfjorden har også medført auka ferdsel av folk som forstyrar dyrelivet der.

Klimaendringane i polarområda har gjort det lettare for framande arter å finne fotfeste der. Fleire nye arter kjem på naturleg vis med havstraumane og kan etablere seg som følgje av varmare hav og generelt varmare klima. Andre arter blir introduserte gjennom menneskeleg aktivitet. Framande artar er ein trussel mot det naturlege, arktiske artsmangfaldet.

Klimaendringane kan påverke økosystema også i Sørishavet. Ei utvikling mot varmare og ferskare vatn og gradvis flytting av frontsystem sør-over vil kunne føre til endringar for nøkkelarter, slik som kril, som igjen påverkar livsgrunlaget for pingvinar og andre marine pattedyr.

Marin forsøpling og mikroplast i havet og på strendene rundt Svalbard er identifisert som eit aukande problem. Mellom anna kan det føre til alvorlege skader på dyr. Mindre is og villare vør gir òg større erosjon på strendene, og kulturminna som ligg nært sjøen, står i fare for å rase i havet.

Klima- og miljøutfordringane må løysast både nasjonalt og internasjonalt

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på føre var-prinsippet og forvaltaransvaret. FN's berekraftsmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei er universelle og gjeld for alle land, også Noreg. Klimautfordringane kan berre løysast gjennom globalt samarbeid, men Noreg må òg redusere eigne utslepp. Alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å samordne og utvikle regjeringas klima- og miljøpolitikk, og arbeider for klima- og miljøvennlege

løysingar i alle samfunnssektorar. Sektorane har òg ansvar for å sikre at kunnskap om eigen påverknad på klima og miljø, og kunnskap om moglege løysingar og tiltak, blir ivareteke i forskning, overvaking og anna kunnskapsproduksjon.

I forvaltninga for eit berekraftig samfunn som tek vare på naturkapitalen står følgjande prinsipp sentralt:

- Klima- og miljøpolitikken skal vere basert på kunnskap. Å hente inn kunnskap frå kjelder som forskning, overvaking, kartlegging og kunnskapssamanstillingar står sentralt. Bidrag frå internasjonale kunnskapsprosessar som FN sitt klimapanel (IPCC) og Naturpanelet (IPBES) er viktig.
- Føre var-prinsippet, som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet og kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten.
- Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.
- Forureinar betaler-prinsippet inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, skal dekkje kostnadene ved at forureining blir påført samfunnet. Dette er prinsippet for ei rekke miljøavgifter, til dømes CO₂-avgifta. Etter forureiningslova har den som forureinar òg ansvaret for å rydde opp. Tilsvarande har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare skal berast av tiltakshavar. Kulturminnelova har føresegn om at tiltakshavar skal betale kostnader ved arkeologiske undersøkingar av automatisk freda kulturminne. Svalbardmiljølova har òg slike føresegner.

Internasjonalt samarbeid er avgjerande for å løyse dei globale klima- og miljøutfordringane.

Klima- og miljødepartementet deltek aktivt i ei rekke internasjonale prosessar, og nyttar fleire verkemiddel for å påverke den globale miljøtilstanden. Departementet arbeider både bilateralt, regionalt og internasjonalt. Gjennom internasjonale forhandlingar medverkar Noreg til at landa i verda set felles målsetjingar for å for eksempel redusere produksjon og bruk av miljøgifter (Stockholmkonvensjonen og Minimatikonvensjonen), betre naturmangfaldet (FN's konvensjon om biologisk mangfald) og redusere klimagassar (Kli-

makonvensjonen). Internasjonale avtaler får òg konsekvensar nasjonalt. Til dømes dannar berekraftmåla og Parisavtala viktige rammer for Noregs nasjonale og internasjonale klima- og miljøarbeid.

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk og ein viktig samarbeidspart for Noreg. Ein stor del av EUs miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følgje av EØS-avtala, blant anna regelverk på område som avfall, kjemikaliar, industriutslipp, luftkvalitet og vassforvaltning. Noreg deltek fullt ut i EUs klimavotesystem. Noreg og EU arbeider no for ei felles oppfyljing av klimamåla for 2030.

Dei globale miljøutfordringane må òg sjåast i samanheng med internasjonal handel, investeringar og finanssektoren. Klima- og miljødeparte-

mentet arbeider for at bilaterale, regionale og multilaterale handels- og investeringsavtaler vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn.

Departementet nyttar og bilaterale samarbeid for å styrke miljøforvaltinga i utviklingsland og bidra til at dei tar på seg forpliktingar. Gjennom Klima- og skoginitiativet samarbeider departementet med dei største regnskoglanda i verda om å reduserer og reversere tap av tropisk skog.

For meir informasjon om internasjonalt klima- og miljøarbeid, sjå programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid mm, 12.20 Klima, naturmangfald og forureining, 12.60 Nord og polarområda, 12.70 Internasjonalt klimaarbeid og Del III Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker.

2 Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken

Klima- og miljøpolitikken er delt opp i seks resultatområde. Resultatområda er etablerte for å vise heilskapen i Klima- og miljødepartementets politikkområde, og for å gjere synleg at klima og miljø er eit ansvar for heile samfunnet.

På kvart resultatområde er det tilhøyrande nasjonale mål som speglar kva Noreg vil oppnå på området. Klima- og miljødepartementet fastsett årleg eit sett med indikatorar for alle dei nasjonale måla. Mål og indikatorar går fram av Miljøstatus.no

Under følgjer ei nærare omtale av resultatområda og dei nasjonale måla.

2.1 Naturmangfald

Nasjonale mål:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

Naturmangfaldet er grunnlaget for menneska sitt liv på jorda. Vel fungerande økosystem er ein føresetnad for stabilitet, velferd og vekst. Naturen reinsar vatn og luft, resirkulerer næringsstoff, bind jordsmonn, produserer mat, dempar flaumar, lagrar karbon, beskyttar mot erosjon og syter for pollinering av planter. Naturen medverkar òg til verdiskaping og arbeidsplassar og opplevingar. Ein mangfaldig natur gir meir robuste økosystem som er betre i stand til å tilpasse seg endringar i naturen, blant anna klimaendringane.

Gjennom dei siste tiåra er det globale naturmangfaldet vesentleg redusert. Situasjonen i Noreg er meir positiv, men her òg finst det utfordringar. Naturindeksen for Noreg (sjå omtale i

Boks 2.1 Naturindeksen for Noreg

Naturindeksen for Noreg 2015 er basert på 301 indikatorar og viser tilstand og utviklingstrendar for naturmangfaldet i dei store økosystema havbotn, opne vassmassar i havet, kystvatn – botn og kystvatn – vassmassane, elvar og innsjøar, våtmark, skog, fjell og kulturbetinga naturtypar i ope landskap. Dei fleste forskingsinstitusjonar som arbeider med naturovervaking er involverte i arbeidet, og i alt var 85 ekspertar involvert i oppdatering av Naturindeks for Noreg 2015. Ny naturindeks vil bli presentert i 2020. For meir informasjon om Naturindeks for Noreg 2015 sjå www.naturindeks.no.

boks 2.1) viser at det er utfordringar i fleire hovudøkosystem, blant anna i våtmark i lågareliggjande og kystnære strøk, i havområda ved Svalbard, i Nordsjøen og i Skagerrak og i ope lågland (kulturbetinga naturtypar) i Sør-Noreg. Regjeringa har som ei oppfølging av naturmangfaldmeldinga sett i gang arbeid med å klargjere kva som er å rekne som god tilstand i dei ulike økosystema og å fastsetje forvaltingsmål.

For å hindre at arter og naturtypar i norsk natur blir utrydda, må vi ha spesiell merksemd på dei artene og naturtypane som er truga. Dette er arter og naturtypar der det er ekstremt høg eller høg risiko for at dei kan forsvinne frå norsk natur. Ei truga art eller naturtype er definert som ei art eller ein naturtype i ein av kategoriane kritisk truga, sterkt truga eller sårbar på Norsk raudliste for arter 2015 eller Norsk raudliste for naturtypar 2018. Tabell 2.1 gir ei oversikt over truga arter og naturtypar i dei ulike hovudøkosystema.

Tabell 2.1 Talet på truga arter og naturtypar i hovudøkosystema

Hovudøkosystema i Noreg	Talet på truga arter ¹	Talet på truga naturtypar ²
Hav og kystvatn	41	6
Elvar og innsjøar	147	4
Våtmark	183	8
Skog	1 122	10
Fjell	87	3
Kulturlandskap og ope lågland	1 187	14
Polare område (Svalbard)	55	8

1 Tala er i utgangspunktet basert på Norsk raudliste for arter frå 2015, men er litt endra fordi inndelinga av økosystema er endra som følgje av naturmangfaldmeldinga.

2 Tala er frå Norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

Dei områda som er verna etter naturmangfaldlova utgjer ein viktig del av den norske naturen, og det er ei prioritert oppgåve å oppretthalde tilstanden i desse områda ved god forvaltning. Om lag 17 pst. av fastlands-Noreg er no verna som nasjonalparkar, naturreservat eller landskapsvernområde. Om lag 80 pst. av det verna arealet på fastlandet blir forvalta av nasjonalpark- og verneområdestyra som består av representantar frå kommunar og fylkeskommunar, desse har tilknytning til verneområdet, i tillegg til representantar oppnemnde av Sametinget der det er aktuelt.

Om lag 75 pst. av nasjonalparkane, 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata ligg i fjellet. Om lag 35 pst. av arealet over 900 meter over havet er verna. Det finst naturtypar i fjellet som treng betre vern, men i hovudsak reknar ein målet om representativt vern av fjellet som oppnådd. Ved utgangen av 2018 var 4,8 pst. av skogen, under dette 3,46 pst. av den produktive skogen, verna mot hogst. Det er eit mål å verne 10 pst. av skogarealet. Produktiv skog har som hovudregel det største naturmangfaldet, så det blir arbeidd vidare for å verne slik skog. I 2016 var 15,7 pst. av våtmark, 13,6 pst. av elvar og innsjøar og 12,1 pst. av områda i ope lågland, under dette kulturlandskapet, verna. Nye tal for desse tre hovudøkosystema blir presenterte i løpet av 2019. Sjølv om omfanget av verna areal gir relativt god dekning for desse tre hovudøkosystema, er det framleis behov for å verne fleire naturtypar. Om lag 3,1 pst. av hav og kystvatn innafor 12 nautiske mil (territorialfarvatnet) er verna. Her er det langt igjen før målet om representativt vern er oppnådd.

2.2 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål:

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.
- Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Dei nasjonale måla er forankra i Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*.

Regjeringa vil leggje fram ei melding om kulturminnepolitikken for Stortinget våren 2020, der forslag til nye mål vil bli nærare omtalt og forankra.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige delar av samfunnet sitt kollektive minne. Historiske bygningar, bymiljø, landskap og arkeologiske spor er kjelder til historia om samfunnet si utvikling, om enkeltmennesket sitt liv og om korleis menneska har brukt og innretta seg etter naturen og samfunnet gjennom tidene. Kulturminnepolitikken skal forvalte dei kulturhistoriske verdiane som eit kulturelt og miljøvist ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer verdiar som gir stader særpreg og eigenart, og er ein ressurs i utvikling av gode lokalsamfunn og gode næringar. Døme viser at lokalsamfunn som tek i bruk kulturarven, skaper ei rekkje moglegheiter for befolk-

ninga. Kulturarv kan vere eit konkurransefortrinn ved val av bustad, ved etablering av verksemder og ved utvikling av reiseliv. Kulturarv kan òg medverke til å skape attraktive miljø for utviklinga av ulike kultur- og tradisjonsprodukt innanfor til dømes handverkstradisjonar, kunsthandverk og lokale matvarer.

Kunnskapsløftet for kulturminnefeltet vart i hovudsak fullført i 2017 med unntak av delprosjektet *Kulturminner i kommunene* som blir ført vidare. Mange kommunar har oppdatert oversikt over eigne verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Om lag 375 kommunar har no vedteke eller er i gang med å utarbeide kulturminneplan. Gjennom arbeidet med lokale kulturminneplaner vil fleire kommunar få betre kunnskap, og tapet av verneverdige kulturminne og -miljø kan reduserast.

Kulturminnefondet er den viktigaste verkemiddelordninga for eigarar av verneverdige kulturminne. Tilskot frå Kulturminnefondet er eit effektivt bidrag til arbeidet med å betre rammevilkåra for private eigarar av kulturminne og til å stimulere til privat verneinnsats. Kulturminnefondet har i 2018 fordelt 109,1 mill. kroner til 672 tiltak, som medverkar til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidige opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Dei enkelte kulturminna og samansette kulturmiljø medverkar sterkt til lokalt særpreg og attraktivitet. Riksantikvarens bystrategi 2017–2020 er eit verktøy for arbeidet med forvaltning av historiske bymiljø. Bystrategien har ein eigen handlingsplan som blir oppdatert jamleg. Strategien legg vekt på at vern og gjenbruk eller ny bruk av eldre bygningar og bystruktur er viktige ledd i det grønne skiftet.

Innan 2030 skal utsleppskutta i Noreg vere gjennomførte. Det betyr at vi må prioritere tiltak som reduserer utslepp så raskt som mogleg. Det ikkje sikkert at det i alle tilfelle er den beste løysinga å velje nybygg når gevinsten først kjem langt inn i framtida (om 50 år). Korleis vi handterer eksisterande bygningsmasse vil derfor vere ein viktig del av løysinga for å nå utsleppsmåla vi har i 2030.

2.3 Friluftsliv

Nasjonale mål:

- Friluftslivet sin posisjon skal bli teken vare på og utvikla vidare gjennom ivaretaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av

viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.

- Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga og interessa for å ta vare på naturverdiar. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar, og av at friluftsliv som regel ikkje har noko konkurranseelement. Spesielt viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurte arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Friluftslivet har ei sterk stilling i Noreg. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og eit nært forhold til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitte og ein integrert del av mange nordmenn sitt liv.

Undersøkingar viser at, forutan å få trim og bli i betre fysisk form, er det først og fremst fred og ro, naturoppleving og det å komme ut i frisk luft folk ønskjer når dei er på tur. Ifølgje SSB sine levekårsundersøkingar deltek meir enn 90 pst. av den norske befolkninga i friluftslivsaktivitet. I gjennomsnitt driv nordmenn med ein eller fleire friluftslivsaktivitetar meir enn 100 gonger i året. Foturar er mest utbreidde, deretter følgjer bading utandørs.

Befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Befolkninga har likevel ein unik nærleik til grøntområde i høve til andre land vi kan samanlikne oss med. Samstundes er tilgangen til grøntområde avgrensa i dei store byane, der berre halvparten av befolkninga har trygg tilgang til leike- og rekreasjonsareal.

Den lovfesta retten i friluftslova til å kunne ferdest fritt og opphalde seg i naturen (allemannsretten) og at ferdsel og opphald i naturen er gratis, er ein viktig føresetnad for at friluftsliv er svært utbreidd i Noreg. Allemannsretten si sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Stadig fleire flytter til byar og tettstader, og då får naturen i og ved slike område ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar.

2.4 Forureining

Nasjonale mål:

- Forureining skal ikkje skade helse og miljø.
- Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stanst.

Boks 2.2 Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar

Forureining skal ikkje skade helse og miljø:

Forureining i denne samanhengen er å forstå som utslepp av stoff som kan gi skade på helse og/eller miljø, jf. definisjonar i forureiningslova. Det nasjonale målet dekkjer potensielt helse- og miljøskadelege forureiningar, òg ved akutt forureining, der handtering og verkemiddelbruk i hovudsak er basert på risikovurderingar. Målet inneber at risiko for skade skal minimerast. Målet omfattar utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikaliar, langtransportert luftforureining og radioaktive stoff. Målet omfattar den delen av nullutsleppsmålet for petroleumsverksemd som gjeld oljekomponentar som ikkje er miljøfarlege, og tilsette kjemikaliar som ikkje har ibuande miljøfarlege eigenskapar, og naturleg førekommande radioaktive stoff.

Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast:

Nokre typar forureiningar eller stoff kan ha så alvorlege konsekvensar at dei i hovudsak blir handterte og regulerte etter sine ibuande eigenskapar. Utslepp av slike helse- og miljøfarlege stoff skal kontinuerleg reduserast med intensjon om å stanse utsleppa. Det langsiktige målet er å oppnå konsentrasjonar i miljøet nær bakgrunnsnivå for naturleg førekommande stoff og nær null for menneskeskapte stoff. For dei prioriterte miljøgiftene i den spesifikke prioritetslista, for tida 66 stoff, skal bruk og utslepp reduserast vesentleg med sikte på å stanse utslepp innan 2020. Målet omfattar òg nullutsleppsmålet for naturleg førekommande og tilsette miljøfarlege stoff frå operasjonelle utslepp frå petroleumsverksemd, nokre radioaktive stoff, farleg avfall og radioaktivt avfall.

- Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting.
- Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:
 - Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³
 - Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³
 - Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³
- Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i høve til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i høve til 2005.

Alle har rett til eit miljø som trygger helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir teken vare på.

Trass i nivået for enkelte miljøgifter er på vegen og industriutsleppa er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land, er det likevel behov for ein særleg innsats framover både nasjonalt og ikkje minst internasjonalt for å stanse bruk og utslepp av dei prioriterte miljøgiftene (www.miljostatus.no/prioritetslista).

Mange miljøgifter er forbode, både i Noreg og andre land, og industriutsleppa er vesentleg reduserte. Det er difor lågare nivå av dei gamle miljø-

giftene – som PCB og DDT – i til dømes fisk og skaldyr, enn for 20–30 år sidan.

Samtidig finn vi stadig nye miljøgifter, som bromerte flammehemmarar og fluorerte sambindingar (PFASer) i norsk natur. Noko skuldast lokale utslepp, men ein god del kjem også langveges frå, med luft- og havstraumar frå andre land. Produkta vi omgir oss med er også ei viktig kjelde. For desse kjeldene er arbeidet under EØS-avtala og globale avtaler særleg viktig.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø, og vere ei kjelde til spreing av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Arbeidet med forureina grunn i Noreg har gått føre seg i fleire tiår. I overkant av 2000 grunnforureiningssaker er avslutta, og oppryddingstiltak er gjennomført på store og alvorlege grunnforureiningslokalitetar. Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn følgjer føringane i handlingsplanen om forureina sediment frå 2006. Av dei 17 høgast prioriterte områda for opprydding av forureina sjøbotn er 7 ferdig eller nær ferdig rydda.

Nivået på radioaktiv forureining er generelt lågt. Nedfallet frå ulykka i Tsjernobyl i 1986 er framleis ei viktig kjelde til radioaktivitet i norsk natur.

For petroleumsverksemda er det eit mål at utslepp til sjø av dei mest miljøfarlege tilsette kjemikaliene skal stansast og at utslepp av naturleg

førekommende prioriterte miljøgifter skal stan-
sast eller minimerast. Når det gjeld olje og andre
stoff, er målet ingen utslepp eller minimering av
utslepp som kan gi skade, jf. Meld. St. 35 (2016–
2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Nors-
kehavet*. Dette nullutsleppsmålet gjeld for heile
den norske sokkelen. For olje og naturleg føre-
kommende stoff i produsert vatn er det framleis
behov for tiltak for å nå målet.

Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og
anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok
nasjonal behandlingsskapasitet. I dag blir nær alt
farleg avfall gjenvunne eller levert til godkjent
behandling. Innsats for å redusere helse- og miljø-
skadelege stoff i produkt medverkar òg til å redu-
sere miljøproblema når slike produkt blir til avfall.

Det er eit nasjonalt mål at veksten i mengda
avfall skal vere vesentleg lågare enn den økono-
miske veksten, og at ressursane i avfallet utnyttast
best mogleg gjennom materialgjenvinning og
energiutnytting. Brutto nasjonalprodukt auka
med 2 pst. frå 2016 til 2017, mens avfallsmeng-
dene auka med 3 pst. Det nasjonale målet er difor
ikkje nådd. Det er vidare eit mål at 80 pst. av avfal-
let skal sikrast god ressursutnytting gjennom
materialgjenvinning og energiutnytting. I 2017
vert 70 pst. av avfallet material- eller energigjen-
vunne. Det er den lågaste delen på 12 år og målet
for gjenvinning er dermed heller ikkje nådd.

Regjeringa har som ambisjon at havområde og
ferskvatn ikkje skal tilføres plastavfall og mikro-
plast. I Noreg er det forbod mot å forsøple. Inter-
nasjonalt er det etter forslag frå Noreg òg semje
om å stanse all tilførsel av plastavfall og mikro-
plast til havet på sikt. Avfallsførebygging og god
handtering av avfall er avgjerande for å førebyggje
marin forsøpling. Ei rekkje nye tiltak for å redu-
sere tilførselene av plast og mikroplast er sett i verk
i Noreg, og fleire er under utgreiing og førebuing.
Opprydding må òg prioriterast i kystnære område
der det kan gjennomførast effektivt og med meto-
dar som ikkje gir annan miljøskade.

Gjennom Montrealprotokollen forpliktar med-
lemslanda seg til å fase ut bruk av gassar som er
skadelege for ozonlaget. Bruken av stoffa er på
verdsbasis redusert med over 98 pst., og overva-
kingsresultat viser no at ozonlaget er i ferd med å
bli tjukkare. Noreg oppfyller forpliktingane i Mon-
trealprotokollen.

Internasjonale avtaler har redusert tilførselene
av langtransportert luftforureining sidan 1980.
Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem
i store delar av Noreg fleire tiår framover utan
ytterlegare utsleppsreduksjonar. Nasjonalt har
Noreg redusert sine utslepp av svoveldioksid,

nitrogenoksid og flyktige organiske sambindingar
i tråd med dei internasjonale forpliktingane i Gøte-
borgprotokollen og i EØS-avtala. For utslepp av
ammoniakk må verkemiddelbruken forsterkast
for å overhalde forpliktingane i dei internasjonale
avtalene.

For lokal luftkvalitet blei dei nasjonale måla frå
1. januar 2017 endra i tråd med tilrådinga frå Mil-
jødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstitut-
tet og Helsedirektoratet i rapport M-129 «Grense-
verdier og nasjonale målforslag til langsiktige hel-
sebaserte nasjonale mål og reviderte grensever-
dier for lokal luftkvalitet». Både for nitrogendiok-
sid (NO₂) og svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) er det
tillegg til nasjonale mål, fastsett juridisk bindande
grenseverdier i forureiningsforskrifta.

Året 2018 var første gong alle kommunar heldt
seg innanfor det nasjonale målet og grensever-
dien for NO₂. Oslo var akkurat på grenseverdien
på 40 mikrogram per kubikkmeter luft, men braut
den ikkje.

For svevestøv vart den juridisk bindande gren-
severdien i forureiningsforskrifta stramma inn frå
1. januar 2016, og ei ytterlegare skjerpning er under
utgreiing. Svevestøvnivåa har hatt ein nedgåande
trend i fleire byar. Nivåa varierer likevel frå år til
år og grenseverdien blir framleis overskriden i
enkelte byar, enkelte år.

Fleire kommunar har begynt å måle luftkvali-
tet dei siste åra, og nokre stader viser det seg å
vere for høge støvnivå, som i Elverum og Hamar.
Dei to kommunane overskreid i 2018 døgn grense-
verdien for svevestøv (PM₁₀) for første gong,
begge med 33 døgn over 50 mikrogram per
kubikkmeter luft, der forureiningsforskrifta tillèt
30 døgn over 50 mikrogram per kubikkmeter luft.
Det nasjonale målet for PM₁₀ på 20 mikrogram
per kubikkmeter luft i årsmiddel vart overskride i
seks byområde (Drammen, Oslo, Hamar, Kristi-
ansand, Lillehammer og Lørenskog). Det var
ingen overskridingar av grenseverdien for PM_{2,5} i
2018, men ni byområde (Bærum, Fredrikstad,
Halden, Lørenskog, Rana, Moss, Oslo, Sarpsborg
og Stavanger) overskreid det nasjonale målet på 8
mikrogram per kubikkmeter luft i årsmiddel.

Talet på støyplaga personar blant dei som var
utsette for høg utandørs støy ved bustaden i 1999
er redusert med 9 pst. mellom 1999 og 2014. I
denne utrekninga er det ikkje teke omsyn til
befolkningsvekst eller tilflytting til område som er
plaga av støy. Generelt vil trafikkvekst og befolk-
ningsvekst i område påverka av støy føre til fleire
støyutsette, noko som forklarar kvifor vi samtidig
opplever ein generell auke i talet på nordmenn
som er utsette for støy. Vegtrafikk er den desidert

viktigaste kjelda til støyplager i Noreg i dag, og står for over 80 pst. av den utrekna støypлага. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. Utviklinga viser at det kan bli vanskeleg å nå det fastsette målet for støy i 2020.

2.5 Klima

Nasjonale mål:

- Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.
- Noreg har på vilkår teke på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.
- Noreg skal vere klimanøytralt i 2030.
- Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050.
- Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.
- Politisk mål om at samfunnet skal førebust på og tilpassast til klimaendringane.

Resultatområdet Klima omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar,

internasjonal klimafinansiering og klimatilpassing.

Dei nasjonale måla for klima er forankra gjennom Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012) – *Norsk klimapolitikk*), og Stortingets behandling av stortingsmelding om ny utsleppsforplikting for 2030 (Innst. 211 S (2014–2015) til Meld. St. 13 (2014–2015) – *Nye utslippsforpliktelser for 2030 – en felles løsning med EU*), samtykkeproposisjonen om felles oppfylging med EU av utsleppsmålet for 2030 (Prop. 94 S (2018–2019)), stortingsmelding om klimatilpassing i Noreg (Meld. St. 33 (2012–2013)), av proposisjon om samtykke til ratifikasjonen av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016) til Prop. 115 S (2015–2016)) og Lov om klimamål (klimalova) av 16. juni 2017.

Noregs mål for 2020 blir følgt opp under Kyotoprotokollen, mens 40-prosentsmålet for 2030 er meldt inn til FN som Noregs bidrag under Parisavtala og lovfesta i klimalova. Målet om at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050 er også lovfesta i klimalova.


I Statistisk sentralbyrås foreløpige utsleppsrekneskap var Noreg sine utslepp i 2018 på 52,9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, om lag 0,4 millionar tonn høgare enn året før (sjå tabell 2.2).

Boks 2.3 Ambisjonen for innanlandske utsleppskutt mot 2020


I klimaforliket frå 2008 vart det lagt til grunn at det kunne vere realistisk å ha eit mål om å redusere dei innanlandske klimagassutsleppa med 15–17 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, samanlikna med referansebanen slik den vart presentert i Nasjonalbudsjettet 2007, når nettoopptak i skog vart inkludert med 3 millionar tonn CO₂ i ein norsk utsleppsrekneskap for 2020. Dette vart i samband med behandlinga av energimeldinga (Innst. 401 S (2015–2016)) operasjonalisert og det står at dei innanlandske utsleppa ikkje skal overstige 45–47 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Ambisjonen er basert på utsleppsrekneskapen frå 2007. For å ta omsyn til blant anna endringar i retningslinjene for utsleppsbereknningar er rekneskapen teknisk justert slik at intervallet er endra til 46–48 millionar tonn. Dette inkluderer ikkje skog. Eventuelle bidrag frå opptak i skog ville komme i tillegg og auke ambisjonsnivået utover dette. Med Kyotoprotokollens bokføringsreglar får Noreg nytte ein avgrensa del av opptaket i skogen til å oppfylle utsleppsforpliktinga for 2020. Utslepp frå avskoging m.m. gjer at

vi samla sett ikkje ventar at sektoren vil medverke til å oppfylle utsleppsforpliktinga for 2020.

Ambisjonen om nasjonale utsleppsreduksjonar i 2020 i klimaforliket frå 2008 var basert på SFTs tiltaksanalysar (no Miljødirektoratet), eksisterande verkemiddelbruk, og dei sektorvise klimahandlingsplanane. Det vart samstundes presisert at dei sektorvise måla var baserte på anslag og at dei ville måtte revurderast dersom endringar i framtidige prognosar, kostnader, teknologiutvikling eller andre vesentleg endra føresetnader skulle tilseie det. I både klimaforliket frå 2008 og 2012 vart det peikt på at uvisse er stor når det gjeld den økonomiske og teknologiske utviklinga og når det gjeld effekten av verkemiddel. I klimaforliket frå 2012 vart det understreka at teknologiutviklinga, kostnadene ved klimatiltak, folkeveksten, den økonomiske veksten og utsleppsutviklinga innanfor petroleumssektoren ville ha betydning for når ambisjonen blir nådd. Om utsleppa utvikler seg i tråd siste framskriving ligg vi an til at utsleppa er høgare enn ambisjonen.



Figur 2.1 Utslepp tonn CO₂-ekvivalentar per person



Figur 2.2 Utslepp av klimagassar pr. BNP

Utsleppsintensitetane er berekna etter definisjonane i nasjonalrekneskapan, dvs. at utslepp til luft frå all norsk økonomisk aktivitet er medrekna. For rapportering til Kyotoprotokollen og andre internasjonale rapporteringar for utslepp til luft er det nytta ein geografisk definisjon av Noreg, og utsleppstala er i hovudsak fordelte etter kjelder (prosessutslepp og utslepp frå stasjonær og mobil forbrenning), uavhengig av kva slag næringar som genererer aktivitetane. For hushalda er produksjon erstatta med konsum.

Klimagassutsleppa nådde ein topp i 2007 med 56,8 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, men har sidan blitt redusert noko. Dette trass i at Noreg har hatt ein vesentleg vekst i folketalet og økonomien.

Petroleumssektoren er den største utsleppskjelda i Noreg, tett følgt av industri og vegtrafikk. Sjå nærare i tabell 2.2, og omtale i klimalovrapporteringa i del IV.

Tabell 2.2 Utslepp av klimagassar, millionar tonn CO₂-ekvivalentar (foreløpige tal for 2018)

	Mill. tonn 2018	Endring i pst.			
		Sidan 1990	2007–2018	2015–2018	2017–2018
Utslepp frå norsk territorium	52,9	3,4	-7,1	-2,7	0,4
Av dette:					
Olje- og gassutvinning	14,5	75,6	-5,8	-4,6	-1,4
Industri og bergverk	12,1	-38,7	-16,6	1,7	0,2
Vegtrafikk	9,0	25,8	-8,0	-9,3	2,8
Luftfart, sjøfart, fiske, motorreiskap m.m.	7,5	29,0	-3,1	-1,4	6,4
Jordbruk	4,5	-4,3	2,5	1,1	-0,1
Energiforsyning	1,8	325,4	84,3	3,1	-5,1
Oppvarming i andre næringar og hushald	0,8	-68,2	-52,1	-8,8	-20,7
Andre kjelder	2,9	6,7	7,7	0,8	0,0

Tala omfattar ikkje utanriks sjø- og luftfart.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Under Kyotoprotokollen har Noreg teke på seg ei utsleppsforpliktning som inneber at Noreg skal syte for at dei årlege utsleppa av klimagassar i perioden 2013–2020 i gjennomsnitt er 16 pst. lågare enn Noregs utslepp i 1990. Kyotoprotokollen etablerer på denne måten eit utsleppsbudsjett for perioden 2013–2020 som er i tråd med 2020-målet om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar i 2020 tilsvarende 30 pst. av norske 1990-utslepp.

Klimaforliket frå 2008 gir ein ambisjon for kor stor del av 2020-målet som skal oppfyllest gjennom innanlandske utsleppsreduksjonar. Ambisjonen er å redusere dei innanlandske utsleppa i 2020 frå eit berekna nivå på 60,6 millionar tonn og ned til 46–48 millionar tonn.

Den globale klimaavtala som vart vedteken i Paris i desember 2015 legg grunnlaget for norsk klimapolitikk. Regjeringa ratifiserte Parisavtala i juni 2016, i tråd med Stortingets samtykke (Prop. 115 S (2015–2016)). På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Sjå del I, Oppfølging av oppmodningsvedtak, for meir informasjon.

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn forpliktingar på bestemte vilkår på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslepp

innan 2030 samanlikna med 1990. Regjeringa vil oppfylle målet for 2030 i samarbeid med EU. Regjeringa vil at Noregs ikkje-kvotepfiktige utslepp skal reduserast med minst 45 pst. samanlikna med 2005. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planleggjar for dette. Om strengt nødvendig kan fleksibiliteten i EUs rammeverk nyttas. Regjeringa skal leggje fram ein plan for korleis målet for 2030 skal nåast i samarbeid med EU, når ei avtale med EU er på plass. Stortinget gav 17. juni 2019 sin tilslutning til avtala om felles oppfylling av utsleppsmålet for 2030, gjennom samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rettsakter som inngår i felles oppfylling av utsleppsmålet for 2030. Avgjerda i EØS-komiteen ventast fatta i løpet av hausten 2019. For ei nærare omtale av 2030-måla og felles oppfylling, sjå klimalovrapporteringa i del IV.

Regjeringa vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag til Parisavtala for perioden 2021–2030, og komme tilbake til Stortinget med dette i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

For 2050 er målet at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn. Med lågut-sleppssamfunn er meint eit samfunn der klimagassutsleppa, ut frå beste vitskaplege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er redusert for å mot-

verke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtala.

Lov om klimamål (klimalova) lovfester klimamåla for 2030 og 2050. Regjeringa rapporterer om arbeidet med å nå klimamåla for 2030 og 2050 i rapporteringa etter klimalova, sjå del IV i budsjettproposisjonen.

I tillegg til den nasjonale innsatsen medverkar Noreg til globale utsleppsreduksjonar gjennom mellom anna innsats for bevaring av tropisk skog i utviklingsland. Innsatsen skjer gjennom Klima- og skoginitiativet, som er ein del av norsk offentleg bistand. Klima- og skoginitiativet er eit resultat av klimaforliket i 2008, og vart ført vidare i forliket i 2012. Gjennom Meld. St. 24 (2016–2017) er det vedteke at initiativet skal førast vidare på eit høgt nivå fram til 2030. Klima- og skoginitiativet har som mål å nå kostnadseffektive, tidlege og målbare utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av tropisk skog, og å medverka til utvikling i skoglanda. Satsinga har inngått partnerskap med ei rekkje sentrale skogland konsentrert rundt verdas tre store regnskogbasseng: Amazonas, Kongobassenget/Sentral-Afrika og Indonesia.

For å utløyse ytterlegare klimainnsats internasjonalt prioriterer Noreg i tillegg samarbeid om utsleppsreduksjonar gjennom kvotekjøp og utvikling av nye marknadsmekanismar, og tiltak mot kortliva klimaføreiningar.

Klima- og skoginitiativet og anna internasjonal innsats er nærare omtalt i del II, programkategori 12.70.

Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane. Klimaet endrar seg allereie, og endringane vil påverke både natur og samfunn. Klimaframskrivingar presenterte i rapporten *Klima i Norge 2100 og Climate in Svalbard 2100*, gir oppdatert kunnskap om korleis klimaendringane kan bli i Noreg i åra framover. Framskrivningane i rapporten har teke utgangspunkt i ulike utsleppsscenario, og viser at vi med ein framhalden rask auke i klimagassutsleppa mellom anna må vente ein markant auke i temperaturen, og at styrtregnepisodane kjem oftare og kraftigare. Tilsvarande kan regnflaumane førekomme hyppigare og større. På grunn av stigande havnivå vil òg fleire område knytt til fastlands-Noreg som ikkje er utsette for overfløyming ved stormflod i dag, kunne bli utsette for dette i framtida. På Svalbard vil permafrosten bli varmare over heile øya, og dei øvste metrane vil tine i kystområda. Rapportane viser òg at med reduserte klimagassutslepp vil klimaendringane bli betydeleg mindre, sjølv om ein på Svalbard allereie har hatt ei kraftig oppvarming. Det er gitt

ei utfyllande omtale av status på klimatilpassingsarbeidet i del IV.

2.6 Polarområda

Nasjonale mål:

- Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet takast vare på tilnærma upåverka av lokal aktivitet
- Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning
- Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal redusert

Noreg har eit særskilt ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard, og eit av hovudmåla for norsk svalbardpolitikk er å ta vare på den særlege villmarksnaturen på Svalbard. Dei spesielle miljømåla for Svalbard går fram av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, jfr. Innst. 88 S (2016–2017). På Svalbard er no 65 pst. av landområdet og 87 pst. av territorialfarvatnet freda som naturreservat og nasjonalparker. Samstundes har områda ein verdifull kulturarv og stor verdi som kjelde til kunnskap og naturoppleving. Dyrelivet er i utgangspunktet freda, og fleire arter har hatt ein kraftig vekst etter tidlegare for sterk utnytting. Nokre av pattedyr- og fugleartene har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå.

Mindre is og villare vèr gir større erosjon på strendene, og kulturminna som ligg nært sjøen, står i fare for å rase i havet. For kulturminne med særleg høg kulturhistorisk og/eller opplevingsverdi vil det vere aktuelt å setje i gang førebyggjande tiltak for å motverke røteskadar eller erosjon. Målet er sikring av dei kulturminna med høgast prioritet i Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023. For enkelte særleg verdifulle kulturminne som står i fare for å gå tapt, er det aktuelt å utføre dokumentasjon eller arkeologisk naudutgraving.

Noreg er medlem av Arktisk råd og medverkar til ei sirkumpolar, heilskapleg tilnærming for å handtere miljøutfordringane gjennom aktiv deltaking i Arktisk råd og rådets arbeidsgrupper.

Arktis råd utarbeider omfattande vitenskapelig baserte vurderingar av klimaendringane og utviklinga av miljøtilstanden i Arktis. Dette arbeidet gir viktige bidrag til kunnskapen som ligg til grunn for internasjonale avtaler som gjeld forureining og klima. Under Arktisk råd blir det òg for-

handla fram avtaler mellom dei arktiske landa, mellom anna om oljevern og samarbeid om forskning i Arktis.

Noreg og Russland har felles ansvar for forvaltning av miljø, arter og naturressursar i Barentshavet og grenseområda. Eit breitt og effektivt miljøvernssamarbeid med Russland, tufta på gjensidig interesse, står sentralt. Overvaking av miljøtilstanden i grenseområdet og påverknadsarbeid for å få redusert utsleppa frå russisk industri nær grensa står sentralt for å nå det nasjonale målet. Etter initiativ frå Noreg er òg marin forsøpling og mikroplast no sett på dagsordenen i det norsk-russiske miljøssamarbeidet.

Barentssamarbeidet er viktig for å styrkje grenseoverskridande kontakt og problemløysing og for å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen.

I Antarktis har Noreg som part til Antarktistraktaten òg forplikta seg til eit omfattande vern av miljøet. Antarktistraktaten og Miljøprotokollen peikar ut Antarktis til eit verneområde vigsla til fred og vitskap. I Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, er det slått fast at Noreg framleis vil vere ein pådrivar for å verne om miljøet i Antarktis og tryggje dette området som eit referanseområde for forskning i samanheng med den viktige stillinga som dette området har når det gjeld globale klima- og miljøendringar. Marine verneområde er viktige områdebaserte tiltak, m.a. for å ta vare på og sikre berekraftig bruk av marine ressursar og økosystem.

Det siste tiåret er det gjennomført ei rekkje miljøtiltak i tråd med miljøprotokollen, og Antarktis står i dag fram som eit av dei siste store urørte naturområda i verda.

3 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2020

Forslaget til budsjett for Klima- og miljødepartementet har ei utgiftsramme på 15 490,620 mill. kroner i 2020 mot 14 244,521 mill. kroner i 2019. Dette er ein netto auke på 1 246,099 mill. kroner, eller 8,7 pst. frå saldert budsjett 2019.

Utgiftene under Klima- og miljødepartementet åleine gir ikkje eit fullstendig uttrykk for regjeringas samla politiske prioriteringar av klima og miljø. Klima- og miljøpolitikken blir i stor grad ført ved hjelp av skattar, avgifter og regulering.

Regjeringa vil føre ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltansvaret og føre var-prinsippet. Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet og omstille seg slik at vi oppfyller klimaforpliktingane våre. Tiltak for å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til klimaendringane er ei av hovudprioriteringane for regjeringa. Viktige klimapolitiske satsingar ligg òg under andre departement sine budsjett.

Regjeringa vil ta vare på naturen og økosystema våre. Arbeidet med å sikre god tilstand i økosystema, hindre tap av arter og naturtypar og sikre eit representativt utval av natur for kommande generasjonar held fram i 2020.

Grøn skipsfart er ein viktig del av arbeidet for å innfri klimaforpliktingane våre, og eit satsingsområde i regjeringas klimapolitikk. Regjeringa vil halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og stimulere til utvikling av null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøykategoriar. I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å styrke innsatsen innan grøn skipsfart med tilsaman 100 mill. kroner til auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband og grøn flåtefornyelse av lasteskip.

Regjeringa legg opp til å styrkje Nullutsleppsfondet for næringstransporten med 50 mill. kroner i 2020. Styrkinga av Nullutsleppsfondet vil setje Enova i stand til å trappe opp satsinga på nullutsleppsteknologi i næringstransporten og medverke til ytterlegare reduserte utslepp frå veg- og sjøtransport.

Meteorologisk institutt må ha eit observasjonsnettverk som dekkjer Noreg, våre havområde og Svalbard tilstrekkeleg godt til å utarbeide vêrvarsel av høg kvalitet og studere klimaet. For å sikre ei forsvarleg forvaltning og fornying av observasjonsnettverket foreslås løyvinga til Meteorologisk institutt styrkt med 12 mill. kroner.

Klima- og miljødepartementet styrkte sekretariatet sitt arbeid for å understøtte forhandlingsmøte og gjennomføring av avgjerder under klimakonvensjonen og Parisavtala med 10 mill. kroner i fjorårets budsjett. Desse midlane foreslås førte vidare i 2020. Dette kjem i tillegg til at Utanriksdepartementet vil føre vidare si eksisterande støtte til sekretariatet.

Det er foreslått å styrkje det internasjonale arbeidet for å redusere utslepp av kortlevde klimaforureningar, som metan, sot og HFK med 4 mill. kroner. Desse gassane og partiklane har kort levetid i atmosfæren. Reduksjon vil både gi rask klimaeffekt og betre luft og helse. Stønaden vil hovudsakleg gå til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC), men òg til FN's klimapanel (IPCCs metodearbeid).

Regjeringa foreslår å føre vidare arbeidet med marin forsøpling, blant anna for å styrkje Noregs internasjonale leiarrolle i dette arbeidet. Tilskotsordninga til opprydding av marint avfall og til førebyggjande arbeid foreslås òg videreført. Det grunnleggjande arbeidet med forvaltning av nasjonalt regelverk og løyvingar til tiltak for å motverke forureiningar blir ført vidare.

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på forskning for omstilling til lågutsleppssamfunnet, teknologiutvikling for det grønne skiftet og vellykka klimatilpassing med 35 mill. kroner til Noregs forskingsråd. Nye rapportar frå Naturpanelet og FN's klimapanel viser at klimautfordringane og tapet av naturmangfald må sjåast i samanheng. Klima- og miljøutfordringane er komplekse og tverrfaglege. For å ta gode heilskaplege avgjersler treng vi òg meir kunnskap om koplingane mellom dei ulike fagområda, sjå nærare omtale under kap. 1410, post 51.

Regjeringa foreslår vidareføring av midlar til forskning som skal nyttast til kunnskapsoppbygging om marine økosystem og reint hav, under dette gjennomføring av pilotprosjekt for å betre tilstanden i kystmiljøet.

Hovudinnretninga for arbeidet med vern og berekraftig bruk av naturen ligg i vidare oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, og Stortingets behandling av meldinga. Tiltak for naturmangfold og friluftsliv foreslås styrkt med om lag 76 mill. kroner i 2020. Dei viktigaste tiltaka blir omtalt nedanfor.

Forvaltning og berekraftig bruk av verneområda foreslås styrkt. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til tiltak i verneområda med omlag 11 mill. kroner. Løyvinga til nye verneområdeforvaltarar foreslås auka med 2 mill. kroner, og løyvinga til nye besøkssenter for natur foreslås auka med 2 mill. kroner.

Arbeidet med å gjennomføre tiltaka i vassforvaltingsplanane er prioriterte, og oppfølging av prioriterte restaureringstiltak i vassforvaltningsplanane foreslås styrkt med 19 mill. kroner. Det foreslås lagt inn 5 mill. kroner til styrkt oppsyn for å hindre ulovleg fiske etter anadrom laksefisk.

Arbeidet med å følgje opp tilrådingar om tiltak for å ta vare på ei rekkje kritisk og sterkt truga ansvarsarter og truga naturtypar vil bli prioritert, og løyvinga til tiltak for å ta vare på truga natur foreslås auka med 18 mill. kroner i 2020. Dette vil mellom anna dekkje tenestekjøp for å ta vare på truga arter og naturtypar. Slike tiltak kan til dømes vere aktiv skjøtsel, restaurering, biotopforbeholdende tiltak og fjerning av framande skadelege organismar.

Løyvinga til tiltak og verdiskaping knytt til villrein foreslås auka med 8,5 mill. kroner.

Regjeringa prioriterer god framdrift i arbeidet med å verne 10 pst. av skogen, og løyvinga foreslås styrkt med 10 mill. kroner i 2020.

Midlar til arbeidet med å betre kunnskapen om naturmangfaldet gjennom kartlegging og overvaking blir ført vidare på om lag same nivå som i 2019. Eit godt kunnskapsgrunnlag er viktig i arbeidet med ei økosystembasert forvaltning.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å sikre og vidareutvikle friluftslivet gjennom bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde, og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. Oppfølging av Handlingsplan for friluftsliv vil bli prioritert. Det blir gjeve betydelege tilskot til friluftsliv frå spelemidlane, som er administrerte av Kulturdepartementet, til både aktivitet og anlegg. Spelemidlane vil derfor òg vere viktige når det gjeld oppfølging av Handlingsplan for friluftsliv. Mid-

lane til utvikling av grøntområde i områdesatsingane i Oslo foreslås styrkt med 3 mill. kroner. Ordninga med Nasjonale turiststigar vil bli utvikla vidare med sikte på å betre tryggleiken, og medverke til at opplevings- og naturverdiar blir tekne vare på.

Regjeringa foreslår å sette av 2 mill. kroner til tiltak for ei betre og meir heilskapleg forvaltning av fjellområda.

Kulturarven representerer både vår felles historie og store økonomiske og kulturelle verdiar, og medverkar til identitet og fellesskapsfølelse. Regjeringa vil leggje fram ei ny kulturminnemelding for Stortinget våren 2020, der nye nasjonale mål på kulturminnefeltet skal forankrast. Oppfølging av regionreforma vil vere ei hovudprioritering i 2020.

I 2020 foreslår regjeringa å styrkje kulturminnefondet med 10 mill. kroner, slik at fleire private eigarar kan få tilskot til å setje i stand verneverdige eigeidommar.

I perioden 2017–2021 er Noreg valt inn som medlem av Unescos verdsarvkomité. Klima- og miljødepartementet vil i denne perioden fokusere særskilt på det internasjonale ansvaret for verdsarvkonvensjonen. Noreg vil gjere ein særleg innsats for å sikre god forvaltning i land med små ressursar, å sikre ein god balanse på verdsarvlista og å arbeide for å betre den økonomiske situasjonen.

Samstundes held det nasjonale arbeidet fram for å styrkje lokal kunnskap og lokal forvaltning. Arbeidet med gjennomføringa av prioritetsplanen for verdsarvsentere (2017–2026) ved dei norske verdsarvområda er viktig her.

Internasjonal kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen er eit anna innsatsområde som er prioritert innanfor verdsarvpolitikken. Klima- og miljødepartementet har inngått ei seksårig programsamarbeidsavtale (2016–2021) med International Union for Conservation of Nature (IUCN) og The International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property (ICCROM) med dette som mål.

Som ledd i norsk medlemskap i verdsarvkomiteen er det foreslått at satsinga som vart etablert i bistandsbudsjettet frå 2019 blir ført vidare i 2020. Formålet med satsinga er å styrkje forvaltninga og trygginga av verdsarven globalt med særleg satsing på Afrika.

I perioden 2011–2017 har Klima- og miljødepartementet i samarbeid med Riksantikvaren og Sameitinget gjennomført eit registreringsprosjekt. Styrkinga til samisk bygningsvern, som låg inne i budsjettet for 2018 og 2019, foreslås ført vidare i 2020 med ei øyremerking på inntil 6 mill. kroner.

Kulturminne er ein viktig del av regjeringas bymiljøpolitikk og i Meld. St. 18 (2016–2017) Berekraftige byar og sterke distrikt, er det vektlagt at kulturminne og kulturmiljø er ein viktig ressurs i byutviklinga. Dette er langsiktige perspektiv som kjem til uttrykk blant anna gjennom dei halvårlege politiske møta i forumet Grøn Byutvikling, som er etablert for dei største byane. Riksantikvarens Bystrategi 2017–2020 med handlingsplan vil bli revidert. Bystrategien er eit av dei viktige verkøya.

I tråd med regjeringas og Stortingets føringar for Klima- og skoginitiativet er det inngått avtaler som heilt eller delvis omfattar betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, og samtidig støttar berekraftig utvikling i skoglanda. I 2020 legg regjeringa opp til at Noreg betaler for om lag 20 mill. tonn CO₂ i utsleppsreduksjonar i Colombia, Ecuador, Gabon og Indonesia, og potensielt òg i Peru. I 2020 vil Klima- og skoginitiativet halde fram med å satse på berekraftig utvikling i partnarlanda, og å auke privat næringsliv sin innsats for redusert avskoging. I 2019 blei det satt av 200 mill. kroner til innkjøp og bruk av høgoppløyslege satellittbilde. Løyvinga videreførast i 2020.

Det blir foreslått å løyve 290 mill. kroner til kjøp av klimakvotar i 2020 til betaling for kvotar og andre utsleppsreduksjonar som blir leverte i 2020.

Å utvikle kunnskap og forståing av korleis miljø i Arktis og Antarktis vert påverka av klimaendringar, havforsuring, forureining og auka aktivitet er ein sær viktig del av både det nasjonale og det internasjonale samarbeidet i nord- og polarområda og det internasjonale klimaarbeidet. I tråd med svalbardmeldinga la Regjeringa i 2018 fram

ein overordna strategi for forskning og utdanning på Svalbard, og i 2019 ein eigen forskingsstrategi for Ny-Ålesund. Regjeringa foreslår å styrke Kings Bay AS med 12 mill. kroner til oppgraderingar og investeringar i bygningsmasse og infrastruktur i Ny Ålesund.

I 2020 skal arbeidet med marine verneområde i Sørishavet først vidare etter det omfattande toktet til Sørishavet i Antarktis i 2019. Regjeringa foreslår å styrkje Norsk Polarinstituttts forskning, overvaking og kartlegging i Antarktis med 5 mill. kroner, og 4,3 mill. kroner til forskingsstasjonen Troll.

Effektivisering m.m.

Regjeringa vil byggje sin politikk på effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. Som i næringslivet er det òg i offentlig forvaltning eit potensial for å bli meir effektiv. Regjeringa har derfor innført ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, og føreset at alle statlege verksemdar gjennomfører tiltak for å bli meir effektive. Reforma vil gi insentiv til meir effektiv statleg drift og skapar handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Verksemdene har òg godt høve til å planleggje og gjennomføre tiltak for å effektivisere drifta når reforma er eit årleg krav. Delar av gevinsten frå mindre byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir overførde til fellesskapet i dei årlege budsjetta. Den årlege overføringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Klima- og miljødepartementet inneber dette reduksjonar på om lag 19,1 mill. kroner på driftspostane.

4 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet

For å nå dei nasjonale klima- og miljømåla må alle sektorar i samfunnet medverke. Regjeringa fører ein brei klima- og miljøpolitikk som omfattar verkemiddel på resultatområda omtalt i kapittel 2 og verkemiddel innanfor andre departement sine ansvarsområde.

Dette kapittelet samanfattar heilskapen i regjeringas klima- og miljøinnsats, under dette klima- og miljørelevante satsingar i andre departement, og ei omtale av regjeringas prioriteringar innanfor klima.

Miljøpolitikk er ikkje først og fremst løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdiar for forureining. Samtidig er statsbudsjettet eit viktig og betydeleg verkemiddel for å nå miljømåla.

4.1 Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet omfattar innsats på heile miljøområdet, det vil seie innsats for å ta vare på naturmangfaldet og kulturminne- og kulturmiljø, medverke til auka friluftsliv, redusere forureining og dempe klimaendringar og negative effektar av klimaendringane.

Samla sett er styrkinga av budsjettet på om lag 1,9 mrd. kroner fordelt på fleire departement. I tillegg kjem regjeringa sine prioriteringar på Klima- og miljødepartementets budsjett på 309 mill. kroner.

For ei samla omtale av dei ulike departementas klima- og miljøpolitikk, sjå kapittel 8 i inneverande proposisjon. Alle departementa har òg ei eiga klima- og miljøomtale i sine respektive proposisjonar.

Tabell 4.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2020 under Klima- og miljødepartementet

Tiltak	(i 1 000 kroner)
Grøn skipsfart – oppfølging av regjeringas handlingsplan	100 000
Styrke Nullutsleppsfondet for næringstransport	50 000
Tiltak for naturmangfald og friluftsliv	76 000
Forskning for omstilling til lågutssleppssamfunnet, teknologiutvikling for det grønne skiftet og vellykka klimatilpassing	35 000
Forskning, overvaking og kartlegging i Antarktis	9 300
Sikre stabil drift av observasjonsnettet til Meteorologisk institutt	12 000
Styrke Norsk kulturminnefond	10 000
Norsk Industriarbeidermuseum – sikrings- og formidlingsbygg over tungtvannskjelleren på Vemork (delt mellom KUD og KLD)	5 000
Styrka infrastruktur i Ny-Ålesund	12 000

Tabell 4.2 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2020 med tydeleg klima- og miljøgevinst på andre departement sine område

Tiltak	(i 1 000 kroner)	
	Departement	Utgifter
Det grønne klimafondet	UD	300 000
Klimatilpassing, forebygging og kamp mot svolt (inkl. 50 mill. kroner til hav)	UD	100 000
Tilpasningsfondet	UD	50 000
Hav og klima	UD	50 000
Barentsrådet/ miljøsamarbeid	UD	4 000
Polarforskning	KD	15 000
Vikingtidsmuseet	KD	35 000
Polarsyssel – utvida sesong	JD	5 000
Nysnø risikokapital og ordinær kapitaltilførsel	NFD	200 000
Innsats mot marin forsøpling	NFD	5 000
Forskning – klimatilpassa og lønnsam matproduksjon	LMD	15 000
Senter for oljevern og marint miljø – oljevernforskning	SD	3 000
Tilskot for godsoverføring frå veg til jernbane	SD	88 000 ¹
Tilskot til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk i dei store byane	SD	300 000 ²
Oppstart av prosjektet Kleverud-Sørli IC Dovrebanen	SD	190 000
Oppstart deelektrifisering Trønder- og Meråkerbanen	SD	100 000
Betre togtilbod: Ombygging av sittevogner til vogner med liggestolar	SD	50 000
Betre togtilbod: Innfasing av ni nye tog	SD	110 000 ³
Betre togtilbod: Fleire togavgangar, betre nettdekning, takst- og billettsamarbeid m.m.	SD	50 000
Forskning Pilot T	SD	14 000
Industriaktørane sitt vidare arbeid og planlegging av fullskala CO ₂ -handtering i Noreg	OED	215 000 ⁴

¹ Ny satsing frå 2020

² Ny satsing frå 2020

³ Under posten for kjøp av persontransport med tog er det i alt nye satsingar for 210 mill. kroner (110 mill. kroner til innfasing av ni nye tog, 50 mill. kroner til ombygging av sittevogner til vogner med liggestolar, 50 mill. kroner til forbetring av togtilbod i form av betre nettdekning, fleire togavgangar mv.)

⁴ Total løyve på posten

4.2 Regjeringas prioriteringar innanfor klima

Klima er eit hovudsatsingsområde for regjeringa. Regjeringa vil føre ein ambisiøs klimapolitikk som kuttar utslepp, styrkjer Noregs konkurransekraft og skaper grøn vekst og nye grønne jobbar. Klima- og miljødepartementet har det overordna og sek-

torovergripande ansvaret for nasjonal og internasjonal klimapolitikk, medrekna klimaforhandlingane i FN. I tillegg til eigne verkemiddel, har departementet ei rolle som samordnar overfor sektordepartementa og andre aktørar.

Regjeringa vil føre ein offensiv politikk for å medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi. Regjeringas hovudverkemiddel i klimapolitikken

er å delta i EU sitt klimakvotesystem og CO₂-avgifta. I Granavolden-plattformen blei det varsla at CO₂-avgifta skal aukast 5 pst. årleg fram til 2025. Regjeringa foreslår at auken startar i 2020.

I Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU* blei utslippsmåla for 2030 lagt fram og det går fram at regjeringa vil arbeide for ei avtale om felles oppfylging av 2030-målet med EU. I meldinga blei det òg peikt ut fem prioriterte innsatsområde i arbeidet med klimapolitikken framover. Desse er: reduserte utslepp i transportsektoren, utvikling av lågutsleppsteknologi i industrien og rein produksjonsteknologi, CO₂-handtering, styrkje Noregs rolle som leverandør av fornybar energi og miljøvennleg skipsfart. I tillegg tek regjeringa i bruk ei rekke andre virkemiddel for å kutte klimagassutsleppa, slik som ei ambisiøs satsing på miljøvennleg transport og kollektivtrafikk, samt ulike støtteprogram i regi av Enova.

Offentleg sektor skal ta i bruk miljø- og klimavennlege løysningar

Regjeringa vil leggje til rette for at offentleg sektor som kunde medverkar til å ta i bruk og utvikle nye miljø- og klimavennlege teknologiar, produkt og løysingar. Som varsla i Meld. St. 22 (2018–2019) *Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser*, vil regjeringa utarbeide ein handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon. Fleire ordningar medverkar til å leggje til rette for grønne og innovative anskaffingar, bl.a. midlar til Difi til kompetanse og rettleiing om grønne innkjøp og til Leverandørutviklingsprogrammet. Innovasjon Noreg, Norges forskingsråd og Enova har òg ordningar som kan medverke til å stimulere grønne innovative innkjøp i offentleg sektor.

Kommunane er sentrale for å nå måla i ikkje-kvotepiktig sektor. Regjeringa medverkar til kommunane sitt arbeid gjennom blant anna å tilby rettleiing til klima- og energiplanlegging, støtteordninga Klimasats og klimagasstatistikk og verktøy for å berekne effekten av lokale klimatiltak.

Langsiktig satsing på kollektivtransport og nullutsleppskøyretøy

Regjeringa prioriterer kollektivtrafikk og jernbane høgt. Over budsjettet er det blant anna sett av midlar til bymiljø- og byvekstavtaler, bygging og vidare planlegging av InterCity og tiltak som skal stimulere til overføring frå gods til veg og bane. Blant viktige jernbanesatsingar som vil medverke

til å nå nullvekstmålet er ruteomlegging som fører til auka frekvens på lokaltoga på Austlandet (omtalt som R2027). Desse prosjekta inngår i NTP 2018–2029.

I NTP 2018–2029 har regjeringa fastsett nye, ambisiøse mål for å fase inn nullutsleppskøyretøy, blant anna at nye personbilar og lette varebilar frå 2025 skal vere nullutsleppskøyretøy. I Granavolden-plattformen set regjeringa ein ambisjon om å redusere utsleppa frå transport med 50 pst. innan 2030, samanlikna med 2005. Analysar viser at vi ikkje når ambisiøse utsleppsreduksjonar innan vegtransporten utan insentiv. Regjeringa sine alle-reie vedtekne verkemiddel er venta å gi vesentleg bidrag til å nå måltala. Auka teknologisk mogning i kjøretøysegmenta slik at nullutsleppskøyretøy blir konkurransedyktige med fossile løysingar ligg til grunn for måltala.

I Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* varsla regjeringa at den vil medverke til oppfylging av måltala for nullutsleppskøyretøy ved blant anna å byggje vidare på dagens verkemiddel, ha ein føreseieleg og langsiktig politikk for fordelar for nullutsleppstransport, der verkemidla blir tilpassa marknadsutviklinga, og leggje til rette for at det alltid skal løne seg å velje bilar med nullutslepp. I Granavolden-plattformen er det varsla at regjeringa fører vidare skattefordelane for elbil når det gjeld eingongsavgift og meirverdiavgift i heile perioden for å nå 2025-måla.

For andre fordelar for nullutsleppsbilar som parkering, ferjetransport og bompengar, er det no lagt opp til at dette blir avgjort lokalt, men innanfor nasjonale retningslinjer om at nullutsleppskøyretøy ikkje skal ha meir enn halvparten av takstane til konvensjonelle køyretøy.

Regjeringa legg opp til å styrkje Nullutslepps-fondet for næringstransporten med 50 mill. kroner i 2020. Enova vil dermed over dei to åra 2019 og 2020 ha over 1 mrd. kroner til disposisjon for satsinga. Styrkinga av Nullutsleppsfondet vil setje Enova i stand til å trappe opp satsinga på nullutsleppsteknologi i næringstransporten og medverke til ytterlegare reduserte utslepp frå veg- og sjøtransport. I løpet av dei første tre vekene ordninga var open, gav Enova tilsegn om støtte på til saman 68,6 mill. kroner til 2 500 elektriske varebilar.

Avansert biodrivstoff og biogass

Frå 1. januar 2020 aukar omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtransport til 20 pst. og delkravet for avansert biodrivstoff aukar til 4 pst. Delkravet

om avansert biodrivstoff styrkjer den globale klimaeffekten av omsetjingskravet og kan medverke til utvikling av verdikjeda for andregenerasjons biodrivstoff. Dei siste åra har mengda biodrivstoff auka, og omsetjinga nådde ein topp i 2017 med 659 millionar liter biodrivstoff. 317 millionar liter av dette var palmeolje. I 2018 gjekk mengda biodrivstoff ned til 497 millionar liter, og 93 millionar liter av dette var palmeolje. Nesten 40 pst. av biodrivstoffet i 2018 var avansert biodrivstoff. For luftfart er det frå 1. januar 2020 eit omsetjingskrav for avansert biodrivstoff på 0,5 pst.

Regjeringa har vedteke å utarbeide ein handlingsplan for utbygging av biogass i Noreg. Handlingsplanen skal medverke til å gjere biogassen si rolle i lågutsleppssamfunnet meir føreseieleg.

Regjeringa satsar på grøn skipsfart

Omlegging til bruk av null- og lågutsleppsløysingar innanfor skipsfarten er viktig for å nå nasjonale klimamål. Grøn skipsfart kan samtidig gi betydelege næringseffektar i form av arbeidsplassar og auka omsetjing for norske verft, teneste- og utstyrsleverandørar. Eksport av norsk, klimavennleg maritim teknologi er ytterlegare aktualisert gjennom den nullutsleppsvisjonen for internasjonal skipsfart som vart vedteken i FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) i 2018.

Regjeringa la i juni 2019 fram ein handlingsplan for grøn skipsfart. Handlingsplanen skal medverke til å realisere regjeringas ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030, og å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøyskategoriar.

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å styrkje innsatsen for å introdusere null- og lågutsleppsløysingar i skipsfarten med 100 mill. kroner til henholdsvis auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband og grøn flåtefornyelse av lasteskip.

Fullskala CO₂-handtering og fangst av CO₂

Regjeringas CO₂-handteringsstrategi og Granavolden-plattformen slår fast ein ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO₂-handtering i Noreg gitt at dette gir teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv. Ifølgje FNs klimapanel vil CO₂-fangst og lagring vere nødvendig for å nå Parisavtalas mål. Regjeringa arbeider langs fleire spor for å følgje opp vår strategi for CO₂-handtering. Det inkluderer mellom anna teknologisenteret ved Mongstad (TCM), løyvingar til forskingsprogrammet CLIMIT, og prosjektet for

fullskala CO₂-handtering i Noreg. Hovudmålet for eit nytt norsk fullskalaprojekt er å medverke til teknologiutvikling og kostnadsreduksjonar, slik at CO₂-handtering kan bli eit effektivt klimatiltak globalt.

Norcem, som er eigd av det tyske sementselskapet Heidelberg, studerer fangst av CO₂ frå prosessutslepp ved sin sementfabrikk i Porsgrunn, Brevik, og Fortum Oslo Varme studerer fangst av CO₂ frå energigjenvinningsanlegget på Klemetsrud i Oslo. Equinor, Shell og Total samarbeider om arbeidet med transport og lagring, og planlegg eit landanlegg og lager med overkapasitet som vil kunne ta imot volum ut over dei som er omfatta i prosjektet. Lager- og transportløysinga kan relativt enkelt skalerast ytterlegare opp. Prosjektet arbeider no med forprosjektering før ei investeringsavgjerd kan fattast i 2020–2021.

Auka satsing på forskning og utvikling

Regjeringa styrkjer samhandlinga mellom næringslivet, forvaltinga og forskinga innan lågutsleppsindustri og har oppretta eit strategiforum; Prosess21. Hovudoppgåva for Prosess21 er å gi strategiske råd og tilrådingar om korleis Noreg best kan få til ei utvikling i retning av minimale utslepp frå prosessindustrien i 2050 og samtidig leggje til rette for at verksemdar i prosessindustrien har berekraftig vekst i denne perioden. Prosess 21 vil levere sin rapport til regjeringa innan 1. mai 2021.

Regjeringa har auka rammene for Miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg betydeleg dei siste åra. Den foreslåtte løyvinga til Miljøteknologiordninga er 565,5 mill. kroner for 2020.

Nysnø Klimainvesteringar AS vart oppretta i 2017 som eit nytt statleg eigd investeringselskap. Selskapet skal medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar. I statsbudsjettet for 2020 er det foreslått å løyve 700 mill. kroner i investeringskapital til selskapet. Dette er ein auke på 200 mill. kroner frå 2019. For nærare omtale sjå Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon kap. 950 post 52 og post 90.

Regjeringa vil intensivere forskingsinnsatsen for omstilling til lågutsleppssamfunnet og prioritere utvikling av teknologi og løysingar for det grøne skiftet. Regjeringa styrkjer satsinga på forskning for omstilling til lågutsleppssamfunnet, teknologiutvikling for det grøne skiftet og vellykka klimatilpassing med 35 mill. kroner til Noregs forskningsråd over Klima og miljødepartementets budsjett. I 2019 hadde forskingsinnsatsen for å fremje lågutsleppsløysingar under Klima- og mil-

jødepartementet ei ramme på 91,5 mill. kroner og har særleg fokus på ikkje-kvotepiktige utsleppssektorar, der transport og jordbruk er dei største. Regjeringa foreslår å styrkje forskning for klimatilpassa og lønnsam matproduksjon med 15 mill. kroner over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet.

Regjeringa har etablert ei heilskapleg satsing for å synleggjere norske, grønne løysingar for auka eksport og for å trekkje internasjonale investorar til Noreg. Innovasjon Noreg fikk i 2018 i oppdrag å etablere eit samarbeid med privat næringsliv med dette som mål. I 2018 blei det utvikla eit digitalt utstillingsvindaug The Explorer som skal brukast til å gjere synleg norske grønne løysingar for den internasjonale marknaden. I mai 2019 ble The Explorer lansert internasjonalt. Arbeidet blir ført vidare i 2020 med ei løyving på 10,5 mill. kroner under Klima- og miljødepartementets budsjett. Sjå nærare omtale under kap. 1400 post 50.

I 2015 starta regjeringa ei pilotordning for skogplanting på nye areal som klimatiltak. Ordninga er no avslutta, og ein sluttrapport vart levert våren 2019. Regjeringa arbeider med å gjennomgå erfaringane frå denne ordninga.

Internasjonalt utviklingsarbeid blir styrkt

Regjeringa sin politikk nasjonalt må sjåast i samanheng med Noregs internasjonale forpliktingar og satsingar. Dette er omtalt i del II, under programkategori 12.20 og 12.70. Klima- og skoginitiativet er Noregs største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimavotar og utvikling av nye marknadsmekanisar regjeringa sitt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utvi-

klingsland. I 2020 foreslår regjeringa å føre vidare auken av løyvinga til Klima- og skoginitiativet med 200 mill. kroner, til eit nivå på 3,18 mrd. kroner. Reduserte utslepp frå tropisk skog er ein del av klimaavtala som vart vedteken i Paris i 2015. Avtala legg òg vekt på betaling for resultat som skoglanda oppnår. Gjennom det norske Klima- og skoginitiativet samarbeider vi med verdas største regnskogsland – Brasil, Colombia, Peru, Kongo og Indonesia – og har medverka til ei rekkje viktige resultat i form av utsleppsreduksjonar og berekraftig utvikling. I behandlinga av Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* slutta Stortinget seg til regjeringas forslag om at Klima- og skoginitiativet skal førast vidare på eit høgt nivå fram til 2030.

Det blir foreslått å løyve 290 mill. kroner til betaling for FN-godkjende klimavotar i 2020.

Klima, miljø og hav er blant regjeringas hovudsatsingsområde for internasjonalt utviklingsarbeid, og innsatsen blir styrkt i 2020. Norsk innsats innan klima og miljø skal i hovudsak gå til finansiering av utsleppsreduksjonar og klimatilpassingsiltak, inkludert kapasitetsbygging og teknologisamarbeid i utviklingsland. Det grønne klimafondet er hovudkanalen for norsk multilateral klimafinansiering. Noreg vil doble bidraget til fondet frå 400 mill. kroner årleg til 800 mill. kroner årleg for perioden 2020 – 2023. Regjeringa vil òg prioritere støtte til utviklingsland sin innsats for å beskytte biomangfaldet, verdsarven, grøn skipsfart og innsats mot miljøgifter.

Ei nærare skildring av verkemiddel og satsingar på andre departement sine område finst i del III kapittel 8. Omtale av klimaeffekt av budsjettet finst i klimalovrapporteringa i del IV.

5 Oversiktstabellar

5.1 Merknader til budsjettframlegget

utgiftssida og 9 297,606 mill. kroner på inntekts-
sida.

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Klima- og miljødepartementet på 15 490,62 mill. kroner på

5.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1400	Klima- og miljødepartementet	602 031	664 582	664 655	0,0
1410	Kunnskap om klima og miljø	799 724	956 710	1 022 671	6,9
1411	Artsdatabanken	77 961	69 793	69 375	-0,6
1412	Meteorologiformål	450 949	486 448	485 762	-0,1
	Sum kategori 12.10	1 930 665	2 177 533	2 242 463	3,0

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1420	Miljødirektoratet	4 091 444	4 249 127	5 267 322	24,0
1422	Miljøvennleg skipsfart	11 832	12 557	33 894	169,9
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	17 276	27 040	28 518	5,5
1424	MAREANO	52 298			
1425	Fisketiltak	14 817	16 796	17 244	2,7
1428	Enova SF	2 745 807	3 164 450	3 184 450	0,6
	Sum kategori 12.20	6 933 474	7 469 970	8 531 428	14,2

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1429	Riksantikvaren	681 400	697 428	679 566	-2,6
1432	Norsk kulturminnefond	112 170	116 320	126 362	8,6
	Sum kategori 12.30	793 570	813 748	805 928	-1,0

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1471	Norsk Polarinstitut	329 537	320 128	328 119	2,5
1472	Svalbard miljøvernfond	19 905	19 658	20 658	5,1
1473	Kings Bay AS	50 892	30 270	34 893	15,3
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	51 703	52 823	52 703	-0,2
	Sum kategori 12.60	452 037	422 879	436 373	3,2

Utgifter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1481	Klimakvotar	135 813	179 809	293 312	63,1
1482	Internasjonale klima- og utviklings-tiltak	2 964 018	3 180 582	3 181 116	0,0
	Sum kategori 12.70	3 099 831	3 360 391	3 474 428	3,4

5.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
4400	Klima- og miljødepartementet	2 106	2 258	31 020	1 273,8
4411	Artsdatabanken	17 061	417	428	2,6
	Sum kategori 12.10	19 167	2 675	31 448	1 075,6

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
4420	Miljødirektoratet	151 720	137 107	150 813	10,0
4423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø			1 000	
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	713 347	689 000	709 460	3,0
	Sum kategori 12.20	865 067	826 107	861 273	4,3

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
4429	Riksantikvaren	6 143	5 951	6 141	3,2
	Sum kategori 12.30	6 143	5 951	6 141	3,2

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
4471	Norsk Polarinstitutt	101 726	87 272	89 615	2,7
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	20 648	19 670	20 670	5,1
	Sum kategori 12.60	122 374	106 942	110 285	3,1

Inntekter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
4481	Sal av klimakvotar		7 181 722	8 288 459	15,4
	Sum kategori 12.70		7 181 722	8 288 459	15,4

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–01	Driftsutgifter	1 515 342	1 538 885	1 562 847	1,6
11–25	Varer og tenester	1 386 310	1 495 050	1 688 150	12,9
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	646 991	602 009	611 559	1,6
50–59	Overføringer til andre stats- rekneskaper	3 689 116	4 150 269	4 258 998	2,6
60–69	Overføringer til kommunar	240 710	310 100	295 154	-4,8
70–89	Overføringer til private	5 731 108	6 148 208	7 073 912	15,1
Sum under departementet		13 209 577	14 244 521	15 490 620	8,7

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–29	Sal av varer og tenester m.v.	278 756	7 414 727	8 567 476	15,5
50–91	Skattar, avgifter og andre overføringer	733 995	708 670	730 130	3,0
Sum under departementet		1 012 751	8 123 397	9 297 606	14,5

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overføres»

***Under Klima- og miljødepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49*

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2019	Forslag 2020
1400	74	Tilskot til AMAP		5 002
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak	15 385	101 328
1410	23	MAREANO	15 484	45 577
1411	21	Spesielle driftsutgifter	4 226	7 122
1411	70	Tilskot til arter og naturtypar		29 666
1420	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd	6 421	149 260
1420	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	59 770	187 832
1420	69	Oppryddingstiltak	61 800	74 962
1420	70	Tilskot til vassmiljøtiltak	11 004	40 792
1420	71	Marin forsøpling	597	70 290

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2019	Forslag 2020
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak	5 602	80 426
1420	78	Friluftformål	18 239	183 891
1420	79	Oppryddingstiltak	100	450
1420	81	Naturarv og kulturlandskap	660	66 311
1420	82	Tilskot til truga arter og naturtypar	1 971	45 355
1420	83	Tilskot til tiltak mot framande arter		4 000
1420	85	Naturinformasjonssenter	3 581	75 413
1425	70	Tilskot til fiskeformål	218	17 145
1429	22	Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning	28 254	30 371
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	10 313	33 164
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	7 347	159 015
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	16	58 045
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	23 299	57 575
1429	74	Tilskot til fartøyvern	264	63 926
1429	75	Tilskot til fartøyvernsenter	429	15 949
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde	2 210	8 232
1429	79	Tilskot til verdsarven	11 548	63 690
1471	21	Spesielle driftsutgifter		83 238
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		23 891
1474	70	Tilskot til private mottakarar	43	28 812
1481	01	Driftsutgifter	5 351	3 002
1481	22	Kvotekjøp, generell ordning	85 074	290 000
1481	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser		310
1482	73	Klima- og skogsatsinga	51 256	3 081 543

6 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gjort greie for oppfølging av oppmodingsvedtak under Klima- og miljødepartementet. Tabell 6.1 og påfølgjande utdjupande tekst inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2018–2019 og alle vedtak frå tidlegare stortingssesjonar der rapporteringa ikkje vart avslutta i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), samt dei vedtaka som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) meinte ikkje var kvittert ut.

I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande beskrive under det aktuelle programområdet i proposisjonen. Det vil i desse tilfella vere ei tilvising til denne teksten.

I tabell 6.1 er det oppgitt kor vidt departementet planlegg at rapporteringa på oppmodingsvedtaket no er avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i neste års budsjettproposisjon. Rapportering på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortinget som til dømes proposisjon,

stortingsmelding, utgreiing el., vil normalt bli avslutta først når saka er lagt fram for Stortinget.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa er avslutta, vil det i en del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan til dømes gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å ta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område. Då vil oppfølginga kunne strekkje seg over mange år. Stortinget vil i desse tilfella haldast orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument. Klima- og miljødepartementet viser til at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) har understreka at det i enkelte tilfelle er nødvendig å fremje forslag om at oppmodingsvedtaket blir oppheva før rapporteringa kan avsluttast. Departementet har i tråd med dette fremja eit slikt forslag. Det vises til forslagsdelen i denne proposisjonen.

Tabell 6.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2018–2019	24	Vassforvaltingsplanane	Ja
2018–2019	93	Samane si deltaking i konsultasjon knytt til Tana-avtala	Ja
2018–2019	332	Oppfølging av evalueringa av nasjonale laksevasdrag og laksefjorlar	Ja
2018–2019	383	Erstatningsreglane for tap av beitedyr til rovvilt	Nei
2018–2019	386	Meir effektiv lisensjakt på jerv	Ja
2017–2018	204	Stortingsmelding om kulturminnefeltet	Nei
2017–2018	205	Nasjonale mål på kulturminnefeltet	Nei
2017–2018	389	Sikre at CO ₂ -fondets verkemiddelapparat også omfattar Kystruta	Ja
2017–2018	480	Nasjonale mål for avfallsførebygging, materialgjenvinning og gjenbruk	Nei
2017–2018	481	Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar	Nei
2017–2018	482	Utleige av avfallskonteinrar frå godkjente avfallsselskap	Nei

Tabell 6.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2017–2018	483	Bruk av husdyrgjødsel i produksjonen av biogass basert på matavfall	Ja
2017–2018	484	Krav til behandling av kloakkslam	Ja
2017–2018	485	Krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall	Nei
2017–2018	486	Avfall frå offentlege tenester og andre som produserer avfall som liknar hushaldsavfall	Nei
2017–2018	487	Reinsing av flygeoske	Nei
2017–2018	489	Matkastelov	Nei
2017–2018	490	Fosforgjenvinning	Nei
2017–2018	491	Oppsamling av gummigranulat frå eksisterande og nye kunstgrasbaner	Nei
2017–2018	492	Revidert strategi mot marin plastforsøpling og spreing av mikroplast	Nei
2017–2018	493	Nasjonal strategi for ein sirkulær økonomi	Nei
2017–2018	496	EØS-mål for gjenvinning av avfall frå bygg- og anleggsnæringa	Nei
2017–2018	497	Plan for å avgrense mengda farleg avfall	Ja
2017–2018	498	Arbeide for å utfase unødvendig bruk av eingongsartiklar av plast	Nei
2017–2018	502	Pålegg om utsortering og materialgjenvinning av plast- og matavfall	Nei
2017–2018	503	Handlingsplan for kretsløpsøkonomi	Nei
2017–2018	575	Heilskapleg plan for Oslofjorden	Nei
2017–2018	661	Utgreie strengare krav til svartvass- og gråvassutslepp frå cruiseskip	Nei
2017–2018	664	Utvikle vidare programmet for grøn skipsfart	Ja
2017–2018	667	Handlingsplan for utbygging av biogass i Noreg	Ja
2017–2018	668	Bransjenorm for biogass	Ja
2017–2018	671	Kutt i klimagassutslepp – sektorvise ambisjonar	Nei
2017–2018	672	Implementere krav og reguleringar til utslepp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjorðar m.m.	Nei
2017–2018	674	Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar	Nei
2017–2018	758	Biogass i drivstoffhierarkiet	Ja
2017–2018	764	Dekningsplikta når gardbrukarar blir pålagt undersøkingar	Nei
2017–2018	815	Oppmjukingar i forskriftene til lov om motorferdsel i utmark	Nei

Tabell 6.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2016–2017	19	Omsetningskrav for bruk av berekraftig drivstoff i skipsfart	Nei
2016–2017	21	Verkemiddel for utvikling av fleire låg- og nullutslepps-løysingar for skip	Ja
2016–2017	108, punkt 7	CO ₂ -nøytralt syntetisk drivstoff	Ja
2016–2017	108, punkt 8	E10 som ny bransjestandard for bensin	Nei
2016–2017	309	Ordning for å sikre at importerte bilar er omfatta av dei lovpålagte returordningane	Ja
2016–2017	529	Gratis levering av marint avfall	Nei
2016–2017	530	Endring av forureiningslova, gebyr for forsøpling	Ja
2016–2017	591	Fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv	Nei
2016–2017	722	Plan for vedlikehaldsetterslepet på kulturminne	Nei
2016–2017	750	Bransjeavtale eller liknande, om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt	Ja
2016–2017	751	Verkemiddel for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff	Ja
2016–2017	753	Forbod mot palmeolje i offentleg kjøp	Ja
2016–2017	907	Leggje fram heilskapleg nasjonal plan for marine verneområde	Nei
2016–2017	909	Leggje fram fagleg oppdatert avgrensing av heile iskantsona inkludert «Vesterisen»	Nei
2016–2017	910	Eventuell ny definisjon av iskanten i revideringen av forvaltningsplanen for Barentshavet-Lofoten	Nei
2016–2017	914	Forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk	Nei
2016–2017	961	Tilrettelegging for mottak av husdyrgjødsel	Ja
2016–2017	1105	Fossilfrie anleggsprosjekt	Nei
2015–2016	57	Tiltak for auka bruk av låg- og nullutslepps-teknologi i nærskipfarten	Ja
2015–2016	668	Leggje fram plan for marine verneområde	Nei
2015–2016	669	Klargjering av kva som er god tilstand og kva areal som er å rekne som forringa økosystem	Nei
2015–2016	670	Kvalitetsnormer for økosystem som del av utviklinga av nye forvaltningsmål	Nei
2015–2016	674	Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfugl	Nei
2015–2016	677	Kvalitetsnorm for villrein	Nei

Tabell 6.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2015–2016	679	Framandartslista og raudliste for arter og naturtypar	Ja
2015–2016	681	Forbod mot mikroplast i kroppsspleieprodukt	Nei
2015–2016	772	Lik jakttid i og utanfor ulvesona	Ja
2015–2016	895	Parisavtala – Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030	Ja
2015–2016	897	Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030	Nei

Stortingssesjon 2018–2019

Vassforvaltingsplanane

Vedtak nr. 24, 15. november 2018

«Stortinget ber regjeringa sørge for at vannforvaltningsplanane fortsatt er regionale planer etter plan- og bygningsloven, og at planprosessene skal følge bestemmelsene i plan- og bygningsloven.»

Vedtaket vart fatta ved behandling av Prop. 93 L (2017–2018), jf. Innst. 34 L (2018–2019) *Endringer i naturmangfoldloven*, Lovvedtak 8 (2018–2019).

Vedtaket er følgt opp i den nyleg reviderte vassforskrifta. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Samane si deltaking i konsultasjon knytt til Tana-avtala

Vedtak nr. 93, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå anbefalingene i årsmeldinga for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med hvordan anbefalingene er fulgt opp.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Dokument 6 (2017–2018), jf. Innst. 78 S (2018–2019), *Årsmelding for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter*.

I del II, side 163 i denne budsjettproposisjonen er det gjort greie for korleis tilrådingane i *Årsmelding for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter* er følgde opp. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Oppfølging av evalueringa av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar

Vedtak nr. 332, 18. desember 2018

«Stortinget ber regjeringa på egnet måte orientere Stortinget om det vidare arbeidet med oppfølginga av evalueringa av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder.»

Vedtaket vart fatta ved behandling av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 9 S (2018–2019).

Klima- og miljødepartementet vil i første omgang utarbeide rettleingsmateriell og retningslinjer mynta på ulike forvaltingsorgan, og i samarbeid med andre aktuelle departement setje i gang arbeid med ei ny forskrift etter lakse- og innlandsfisklova § 7a, jf. omtale i Prop. 1 S (2018–2019) s. 272. Stortinget vil bli halde orientert om den vidare oppfølginga av evalueringa gjennom omtale av det aktuelle politikkområdet i komande budsjettproposisjonar. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Erstatningsreglene ved tap av beitedyr til rovvilt

Vedtak nr. 383, 31. januar 2019

«Stortinget ber regjeringa foreta en vurdering av erstatningsordningene for tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordningen (FKT) og rapportere til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket vart fatta ved behandling av Dokument 8:239 S (2017–2018) Representantforslag om erstatningsreglene ved tap av beitedyr til rovvilt, Innst. 140 S (2018–2019).

Regjeringa er i gang med oppfølginga av dette vedtaket.

Meir effektiv lisensjakt på jerv
Vedtak nr. 386, 31. januar 2019

«Stortinget ber regjeringa sende på alminneleg høyring eit forslag om å gjere forsøksordningane med fastmontert kunstig lys ved åtejakt og kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbåts permanente ved endring av forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst.»

Vedtaket vart fatta ved behandling av Dokument 8:2 S (2018–2019) Representantforslag om meir effektiv jakt på jerv, Innst. 141 S (2018–2019).

Forslag om å gjere fastmontert, kunstig lys ved åtejakt på jerv og kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbåts permanente vart sendt på høyring 6. juni 2019. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Stortingssesjon 2017–2018

Stortingsmelding om kulturminnefeltet

Vedtak nr. 204, 12. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen legge fram en stortingsmelding om kulturminnefeltet.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 14 S (2017–2018).

I samsvar med Jeløya-erklæringa og Stortingets oppmodingsvedtak har regjeringa, i juni 2018, vedtatt å legge fram melding til Stortinget om kulturminnefeltet. Regjeringa tek sikte på å leggje fram meldinga våren 2020.

Nasjonale mål på kulturminnefeltet

Vedtak nr. 205, 12. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen vente med å realitetsbehandle endrede nasjonale mål til stortingsmeldingen om kulturminnefeltet er behandlet.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 14 S (2017–2018).

I samsvar med Jeløya-erklæringa og Stortingets oppmodingsvedtak har regjeringa, i juni 2018, vedtatt å legge fram melding til Stortinget om kulturminnefeltet. Forslag til nye nasjonale mål blir lagt fram som ein del av den nye stortingsmeldinga. Regjeringa tek sikte på å leggje fram meldinga våren 2020.

Sikre at CO₂-fondets verkemiddelapparat også omfattar Kystruta

Vedtak nr. 389, 20. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen sikre at CO₂-fondets verkemiddelapparat er bredt nok til også å omfatte Kystruten.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Dokument 8:73 S (2017–2018), jf. Innst. 95 S (2017–2018).

Enova er gitt i oppdrag å administrere eit Nullutsleppsfond for næringstransport. Fondet skal støtte auka marknadsintroduksjon og -vekst for batteri-, hydrogen- og biogassløyserar både på land og på sjø. Fondet er breitt nok til å omfatte Kystruta. Over dei to åra 2019 og 2020 blir det stilt 1 mrd. kroner til disposisjon for Nullutsleppsfondet. Frå 2021 legg departementet opp til at styringa av Nullutsleppsfondet blir omfatta av Enovas ordinære styringsavtale for neste avtaleperiode. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Nasjonale mål for avfallsførebygging, materialgjenvinning og gjenbruk

Vedtak nr. 480, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen sette nasjonale mål for avfallsførebygging, materialgjenvinning og gjenbruk i tråd med EUs sirkulære økonomipakke.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi, jf. tilrådinga i innstillinga romartal I.

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å greie ut gjennomføringa av krava som er sett til materialgjenvinning i EUs avfallsregelverk og å vurdere eit nasjonalt mål for materialgjenvinning. Når det gjeld avfallsførebygging og gjenbruk er det ikkje sett noko mål om det i EUs sirkulære økonomipakke. Det er store metodiske utfordringar å kvantifisere mål for avfallsførebygging og gjenbruk. Det blir arbeidd med å utvikle indikatorar for avfallsførebygging på matavfallområdet og i påvente av dette arbeidet er det føremålstenleg å vente med arbeid med mål og indikatorar for førebygging på andre område. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar

Vedtak nr. 481, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen gi kommunene ansvar for å legge til rette for gjenbruk gjennom kommunenes gjenbruksstasjoner.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal II.

Det er vurdert at kommunane allereie har dette ansvaret, sjølv om det ikkje går uttrykkeleg fram av forureiningslova, og at dette kan dekkjast over avfallsgebyret, jf Prop. 1 S (2018–2019). Energi og miljøkomiteen tok regjeringas vurdering til orientering og bad om ei orientering om kor vidt kommunane følgjer opp dette ansvaret, jf. Innst. 9 S (2018–2019). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei orientering om kor vidt kommunane følgjer opp.

Utleie av avfallskonteinrar frå godkjente avfalls-selskap

Vedtak nr. 482, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen gi kommunene anledning til selv å bestemme om de ønsker samtykke ved utleie av avfallskonteinere fra godkjente avfallsselskaper.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal III.

Departementet arbeider med saka. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bruk av husdyrgjødsel i produksjonen av biogass basert på matavfall

Vedtak nr. 483, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen om at ved bygging av nye industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall, skal det gjeres en utredning av om det er hensiktsmessig å ta inn husdyrgjødsel i produksjonen.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal IV. Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet s 48.

Vedtaket må vurderast i samanheng med vedtak nr. 961, 16. juni 2017, *«Tilrettelegging for mot-tak av husdyrgjødsel.»*

Enova orienterer om at det ved vurdering av økonomisk støtte til verksemder som vil etablere nye produksjonsanlegg for biogass eller utvide eksisterande anlegg, alltid blir utført omfattande analysar. Ei vurdering av ulike substrat inngår i desse analysane. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Krav til behandling av kloakkslam

Vedtak nr. 484, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan man kan stille krav om at alt kloakkslam skal behandles fortrinnsvis gjennom produksjon av biogass og biogjødsel eller kompost.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal V. Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet s 48.

Miljødirektoratet har i notat av 27. september 2019 utgreidd klimanytten av kloakkslam. I notatet omtaler Miljødirektoratet dei krava og føringane vi i dag har til handtering av avløpsslam og for ferdig behandla slam, og kva som er status for utnytting av avløpsslammet. Miljødirektoratet finn at dagens praksis allereie er i samsvar med intensjonen i oppmodingsvedtaket.

Gjennom ein kombinasjon av eksisterande krav, føringar og overordna målsettingar, leveras avløpsslam («kloakkslam») i all hovudsak i dag til behandling enten til biogass- eller komposteringsanlegg. Over 80 pst. av alt avløpsslam som blir reinsa ut ved avløpsanlegga i Noreg blir allereie disponerte som jordbetring i jordbruket og i grøn-tareal,

Vurderinga til Miljødirektoratet er derfor at å stilla ytterlegare krav til at slam blir behandla gjennom produksjon av biogass og biogjødsel eller kompost, ikkje er nødvendig. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall

Vedtak nr. 485, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen stille krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall fra husholdninger og lignende avfall fra næringslivet.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal VI.

Miljødirektoratet har utgreidd krav til utsortering og materialgjenvinning av matavfall og plastavfall og kome med forslag til ei forskrift for å regulera dette. Saka ligg til behandling i departementet. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Avfall frå offentlege tenester og andre som produserer avfall som liknar hushaldsavfall

Vedtak nr. 486, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge til rette for at alt avfall fra offentlige tjenester og andre som produserer avfall som likner husholdningsavfall, skal ha de samme kravene til materialgjenvinning i norsk regelverk som husholdningsavfall.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal VII.

Miljødirektoratet har utgreidd krav til utsortering og materialgjenvinning av matavfall og plastavfall og kome med forslag til ei forskrift for å regulera dette. Saka ligg til behandling i departementet. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Reinsing av flygeoske

Vedtak nr. 487, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede påbud om rensing av flyveoske og komme til Stortinget med dette på egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XI.

Regjeringa har våren 2019 nedsett eit ekspertutval som skal sjå på høve til reduksjon av farleg avfall og framtidig behandling. Dei skal blant anna vurdere høve til auka ressursutnytting av farleg avfall ved bruk av ny/alternativ teknologi og nye løysingar. Utvalet skal ferdigstille sitt arbeid i november 2019. Vidare oppfølging av oppmødingsvedtak nr. 487 må sjåast i samanheng med utvalet sine konklusjonar. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Matkastelov

Vedtak nr. 489, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til en matkastelov som omfatter næringsmiddelindustrien og matvarebransjen. Loven bør omfatte påbud om å donere all spiselig overskuddsmat til veldedige formål og sekundært til dyrefôr, samt påbud om å offentliggjøre nøkkeltall knyttet til matsvinn og reduksjon av matsvinn.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XV.

Departementet har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å utarbeide eit forslag til ei matkastelov, med frist til utgangen av 2019. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Fosforgjenvinning

Vedtak nr. 490, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede virkemidler og tiltak for å legge til rette for fosforgjenvinning i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XVI.

Departementet arbeider med saka. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Oppsamling av gummigranulat frå eksisterande og nye kunstgrasbaner

Vedtak nr. 491, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen innføre et regelverk som sikrer at effektivt utstyr for oppsamling av gummigranulat fra eksisterende og nye kunst-

gressbaner tas i bruk med virkning fra 1. januar 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXIII.

Klima- og miljødepartementet tek sikte på å innføre reglar om etablering og drift av kunstgrasbaner. Miljødirektoratet har utarbeidd eit forslag til forskrift, som no er på offentleg høyring med frist i oktober 2019. Departementet vil følgje opp dette etter høyringa. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Revidert strategi mot marin plastforsøpling og spreiring av mikroplast

Vedtak nr. 492, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen revidere strategi mot marin plastforsøpling og spredning av mikroplast innen 2020.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXIV.

Ei revidering vil omfatte både nye tiltak og tiltak som er i gang. Departementet har satt i gang dette arbeidet slik at revidert strategi mot marin forsøpling og spreiring av mikroplast ligg føre innan 2020. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Nasjonal strategi for ein sirkulær økonomi

Vedtak nr. 493, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en nasjonal strategi for en sirkulær økonomi.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXVII.

Vedtaket må sjåast i samanheng med vedtak nr. 503 av 12. april 2018, *Handlingsplan for kretsøkonomi*. Regjeringa arbeider med ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

EØS-mål for gjenvinning av avfall frå bygg- og anleggsnæringa

Vedtak nr. 496, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere om vi når EØS-mål for gjenvinning av avfall fra bygg- og anleggsnæringen i 2020, og ev. utrede nødvendige virkemidler, herunder vurdere en skjerping av kravene til byggavfall i teknisk forskrift.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*.

Departementet arbeider med saka. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Plan for å avgrense mengda farleg avfall

Vedtak nr. 497, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for å begrense mengden farlig avfall.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*.

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide en plan for å avgrense mengda farleg avfall.

Oppdraget er levert i juni 2019. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Arbeide for å fase ut unødvendig bruk av eingongsartiklar av plast

Vedtak nr. 498, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen arbeide for å utfase unødvendig bruk av engangsartikler av plast.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*.

EU har vedteke direktiv om å redusere miljøkonsekvensar av enkelte plastprodukt. Direktivet stiller ulike krav til ulike produktgrupper. Landa skal innføre omsetningsforbod mot enkelte eingongsartiklar. Miljødirektoratet fekk i juni 2019 oppdrag å komme med forslag til gjennomføring av forbod for desse eingongsartiklane. Klima- og miljødepartementet har òg sett ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå næringslivet, arbeidsta-

kar- og miljøorganisasjonar for eit meir forpliktande samarbeid for å redusere bruk av unødvendige eingongsartiklar av plast for produkt der direktivet ikkje krev forbod. Arbeidsgruppa skal levere rapport innan 1. mars 2020. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Pålegg om utsortering og materialgjenvinning av plast- og matavfall

Vedtak nr. 502, 2. april 2018

«Stortinget ber regjeringen pålegge kommuner og næringsaktører utsortering og materialgjenvinning av plast- og matavfall i tråd med anbefalingene fra Miljødirektoratet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentant Une Aina Bastholm om eit løft for norsk sirkulærøkonomi gjennom gjenvinning av avfall for næringsaktørar og kommunar, jf. Dok. 8:31 S (2017–2018) og Innst. 129 S (2017–2018).

Miljødirektoratet har utgreidd krav til utsortering og materialgjenvinning av matavfall og plastavfall og komme med forslag til ei forskrift for å regulere dette. Saka ligg til behandling i departementet. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Handlingsplan for kretsløpsøkonomi

Vedtak nr. 503, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen lage en forpliktende handlingsplan for kretsløpsøkonomi med mindre ressursløsning i alle deler av samfunnet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentant Une Aina Bastholm om eit løft for norsk sirkulærøkonomi gjennom gjenvinning av avfall for næringsaktørar og kommunar, jf. Dok. 8:31 S (2017–2018) og Innst. 129 S (2017–2018).

Vedtaket må sjåast i samanheng med vedtak nr. 493 av 12. april 2018, *Nasjonal strategi for ei sirkulær økonomi*. Regjeringa arbeider med ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Heilskapleg plan for Oslofjorden

Vedtak nr. 575, 5. april 2018

«Stortinget ber regjeringen legge fram helhetlig plan for Oslofjorden – med mål om at fjorden

skal oppnå god miljøtilstand, restaurere viktige naturverdier, fremme et aktivt friluftsliv og ivareta det biologiske mangfoldet i fjorden.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Ola Elvestuen, Carl-Erik Grimstad og Abid Q. Raja om ein heilskapleg forvaltningsplan for Oslofjorden, jf. Dok. 8:51 S (2017–2018) og Innst. 203 S (2017–2018).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Ein tek sikte på at arbeidet med heilskapleg plan for Oslofjorden blir fullført i 2020. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Utgreie strengare krav til svartvass- og gråvassutslepp frå cruiseskip

Vedtak nr. 661, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede strengere krav til svartvanns- og gråvannsutslipp fra cruiseskip.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslepp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018), jf. tilrådinga i innstillinga romartal VIII.

Sjøfartsdirektoratet arbeider med sikte på å innføre strengare krav til utslepp av kloakk frå skip langs kysten. Sjøfartsdirektoratet har òg i oppdrag å utgreie om utsleppkrava som er innførte til skip i verdsarvfjordane, inkludert krava til utslepp av gråvatn og kloakk, kan innførast i andre fjordar. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Utvikle vidare programmet for grøn skipsfart

Vedtak nr. 664, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen videreutvikle programmet for grønn skipsfart til å omfatte nullutslipps- og hybridkonsepter for ulike fartøykategorier innen 2030.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslepp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018), jf. tilrådinga i innstillinga romartal XI.

Regjeringa har sett ein ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og la våren 2019 fram ein eigen handlingsplan for grøn skipsfart med tiltak for å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar innan dei ulike fartøykategoriene. Sjå òg oppmodingsvedtak nr. 21, 18. oktober 2016 *Verkemiddel for utvikling av fleire låg- og nullutsleppsløysingar for skip* og nr. 57, 1. desember 2015, *Tiltak for auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi i nærskipfarten*. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Handlingsplan for utbygging av biogass i Noreg

Vedtak nr. 667, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere en handlingsplan for utbygging av biogass i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, jf. Innst. 253 S (2017–2018). Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet s 47.

Klima- og miljødepartementet har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut aktuelle verkemiddel for utbygging av produksjon og infrastruktur og for auka etterspørsel etter biogass. Direktoratet vil utarbeide eit kunnskapsgrunnlag med analysar av tilbod og etterspørsel, og dessutan ei verkemiddelvurdering. Vidare vil rapporten drøfte biogassen si rolle i nullutsleppssamfunnet 2050, med 2030 som milepæl, særleg sett opp mot Granavoldens mål om 50 pst. reduksjon i utsleppa frå transportsektoren innan 2030. Kunnskapsgrunnlaget er venta ferdigstilt i løpet av 2019.

Regjeringa har vurdert behovet for ein handlingsplan for utbygging av biogass i Noreg og komme fram til at ein slik handlingsplan vil kunne bidra til å gjere biogassens rolle i lågutsleppssamfunnet meir føreseieleg. Regjeringa har derfor vedteke å utarbeide ein slik handlingsplan, med grunnlag i kunnskapsgrunnlaget frå Miljødirekto-

ratet. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Bransjenorm for biogass

Vedtak nr. 668, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til et samarbeid med biogassbransjen om å etablere en bransjenorm for biogass for å dokumentere klimanytten av norsk biogass og til bruk for Miljødirektoratet i rapporteringen av biodrivstoff.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, jf. Innst. 253 S (2017–2018). Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet s. 52.

Klima- og miljødepartementet gav Miljødirektoratet i oppdrag å gå i dialog med bransjen om utvikling og oppfølging av ei bransjenorm, med formål om å tydeleggjere berekrafta i norsk biogass basert på ei transparent og akseptert berekning av reell klimanytte. Bransjen sette i gang eit prosjekt for å utarbeide og implementere ei norm. Ein første versjon av bransjenorma vart lansert den 13. juni 2019. Miljødirektoratet vil på sikt vurdere om denne norma kan nyttast i rapporteringa av biodrivstoff. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Kutt i klimagassutslepp – sektorvise ambisjonar

Vedtak nr. 671, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem sektorvise ambisjoner for kutt i klimagassutslippene i ikke-kvotepliktig sektor.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, jf. Innst. 253 S (2017–2018).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte i løpet av 2020.

Implementere krav og reguleringar til utslepp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjordar m.m.

Vedtak nr. 672, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen

skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

Regjeringa er i gang med å redusere utslappa av klimagassar og lokal luftforureining frå skipstrafikk i norske fjordar. 1. mars 2019 innførte Sjøfartsdirektoratet som eit første steg strengare utslppskrav til skip i verdsarvfjordane. Vidare greier no Sjøfartsdirektoratet ut ei utviding av krava i verdsarvfjordane til skip i andre norske fjordar samt at dei greier ut konsekvensane av vedtaket frå Stortinget om nullutslipp for turistskip- og ferjar i verdsarvfjordane seinast innan 2026. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar

Vedtak nr. 674, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa snarest mulig utrede et nasjonalt forbud mot salg av heliumballonger, og komme tilbake til Stortinget på egnede måte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

Miljødirektoratet har vurdert ulike verkemiddel for å redusere miljøkonsekvensane av ein-gongsartiklar av plast, og Klima- og miljødepartementet har sett ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå næringslivet, arbeidstakar- og miljøorganisasjonar for å komme med forslag til tiltak for å

redusere miljøkonsekvensar av unødvendige ein-gongsartiklar av plast. Når departementet får tilrådinga frå arbeidsgruppa, vil departementet vurdere vidare behov for utgreiing av eit nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Biogass i drivstoffhierarkiet

Vedtak nr. 758, 24. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa klargjøre drivstoffhierarkiet slik at biogassbilers klimanytte fremstilles på riktig måte. Stortinget ber regjeringa på egnede måte komme tilbake til Stortinget med denne klargjøringa.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Dokument 8:153 S (2017–2018), jf. Innst. 287 S (2017–2018). Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet s. 53.

Klima- og miljødepartementet ga i tildelingsbrev 2019 Miljødirektoratet i oppdrag å gjennomgå drivstoffhierarkiet og klargjere dette. I notat av 26. august 2019 gjer Miljødirektoratet greie for bakgrunnen for drivstoffhierarkiet og vidareutviklinga av drivstoffhierarkiet til drivstoffmatrisa med eit høgare detaljnivå. Miljødirektoratet gjer vidare greie for plasseringa av dei ulike teknologiane i drivstoffmatrisa, basert på innkjøps- og miljøfaglige vurderingar. Den generelle tilrådinga er å redusere transport, og dermed drivstoffbehovet. Deretter tilrår Miljødirektoratet å prioritere elektrifisering av transportsektoren. Biogass bør prioriterast over flytande biodrivstoff. Fossilt drivstoff bør unngåast.

Utvikling av matrisen er eit pågåande samarbeid mellom Difi og Miljødirektoratet. I det vidare utviklingsarbeidet er det ein ambisjon om i større grad å ta omsyn til konkurranseforholda mellom dei ulike teknologialternativa. Regjeringa ser oppmodningsvedtaket som følgd opp.

Dekningsplikta når gardbrukarar blir pålagt undersøkingar

Vedtak nr. 764, 28. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med stortingsmeldinga om kulturminnefeltet foreta en gjennomgang av dekningsplikten når gårdbrukere blir pålagt undersøkelser etter kulturminneloven §§ 9 og 10, og vurdere å innlemme «utvidelser og nybygg av driftsbygninger på alminne-

lige gårdsbruk» i bestemmelsen for «mindre, private tiltak».

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Steinar Reiten og Olaug V. Bollestad om gjennomgang av grenseoppgangen mellom «mindre» og «større» tiltak i kulturminnelova §§ 9 og 10 (Innst. 306 S (2017–2018)). I dette forslaget blei det fremja følgjande:

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dekningsplikten når gårdbrukere blir pålagt undersøkelser etter kulturminneloven §§ 9 og 10, og sørge for at utvidelser og nybygg av driftsbygninger på alminnelige gårdsbruk faller inn under bestemmelser for 'mindre, private tiltak'. Gjennomgangen legges frem for Stortinget på egnet måte.»

Regjeringa vil komme tilbake i samband med ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken, med ein gjennomgang av dekningsplikta i kulturminnelova i samband med arkeologiske undersøkingar. Det vil i stortingsmeldinga òg bli vurdert å innlemme «utvidelser og nybygg av driftsbygninger på alminnelige gårdsbruk».

Oppmjuking i forskriftene til lov om motorferdsel i utmark

Vedtak nr. 815, 1. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen foreta oppmykninger i forskriftene til lov om motorferdsel i utmark som gjør det mulig for kommunene å gi dispensasjoner for bruk av elmotor med begrenset effekt på vann under 2 kvadratkilometer. Dispensasjon bør bare kunne gis etter at kommunene har vurdert om det er forsvarlig ut fra hensynet til vannet som levested for viltarter og fugler, herunder særskilt legge vekt på hensynet til hekkeområder.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Dok 8:77 S (2017–2018), jf. Innst. 325 S (2017–2018). Det er teke sikte på at endringar i regelverket blir sende på høyring innan utgangen av 2018.

Vedtaket krev ei endring av motorferdsellova. Høyringsnotat er utarbeidd, men høyringa er noko forseinka. Dette skuldast at saka er slått saman med andre endringar i same lovverk. Høyringa er venta sett i gang i løpet av hausten (2019). Stortingssesjon (2016–2017)

Stortingssesjon 2016–2017

Omsetningskrav for bruk av berekraftig drivstoff i skipsfart

Vedtak nr. 19, 18. oktober 2016

«Stortinget ber regjeringen foreslå et omsetningskrav for bruk av bærekraftig biodrivstoff i drivstoffet for skipsfarten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Pål Farstad, Abid Q. Raja, Iselin Nybø, Terje Breivik og Sveinung Rotevatn, jf. Dok. 8:71 S (2015–16) og Innst. 22 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen.

Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utarbeida et teknisk kunnskapsgrunnlag for å greie ut høve til og konsekvensar av innføring av eit omsetningskrav for berekraftig biodrivstoff i skipsfart. Det er behov for å sjå biodrivstoff i skipsfart i samanheng med behov for biodrivstoff i andre sektorar som vegtrafikk og luftfart. Regjeringa vil derfor i etterkant av Klimakur 2030 vurdere å be direktorata utarbeide eit høyringsnotat og utkast til forskrift om omsetningskrav for biodrivstoff i skipsfart. Regjeringa vil på eigna måte komme tilbake til Stortinget.

Verkemiddel for utvikling av fleire låg- og nullutsløppsløysingar for skip

Vedtak nr. 21, 18. oktober 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med virkemidler som kan stimulere til å øke ordremengden og bidra til utvikling av flere lav- og nullutslippsløsninger for skip, og om hvordan dette vil bidra til å nå målsettingen for 2030 om å redusere klimagassutslippene med minst 40 pst.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Pål Farstad, Abid Q. Raja, Iselin Nybø, Terje Breivik og Sveinung Rotevatn, jf. Dok. 8:71 S (2015–16) og Innst. 22 S (2015–2016).

Oppfølginga er tidlegare omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet. Oppfølginga av vedtaket må vidare sjåast i samanheng med oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 57, 1. desember 2015, og oppmodingsvedtak nr. 664, 3. mai 2018.

Ulike støtteordningar og bruk av miljøkrav i offentlege anskaffingar har medverka til auka ordremengd og utvikling av fleire låg- og nullutsløppsløysingar i ferjesektoren. Regjeringa har sett ein ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og la våren 2019 fram ein eigen handlingsplan for grøn skipsfart med tiltak for å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar innanfor dei ulike fartøykategoriane.

Regjeringa si oppfølging av vedtaket er vidare omtalt i KLDs Prop. 1 S (2019–2020) del II, programkategori 12.20, side 164-165. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff

Vedtak nr. 108, punkt 7, 5. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen utrede klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er hensiktsmessig med endringer som kan være nødvendig for å sikre teknologinøytral markeds- og virkemiddelbehandling for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlige alternativer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2016–2017), Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) og Innst. 2 S (2015–2016) om nasjonalbudsjettet 2016 og forslaget til statsbudsjett for 2016.

Klima- og miljødepartementet bad Miljødirektoratet om å utgreie klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er føremålstenleg med endringar som kan vere naudsynte for å sikre teknologinøytral marknads- og verkemiddelhandtering for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlege alternativ.

For å vurdere klimapotensialet ved CO₂-nøytralt drivstoff er vurderinga at det er føremålstenleg å ta omsyn til den vidare regelverksutforminga i EU på dette området då det ikkje ligg føre endelege føringar på korleis klimapotensialet skal reknast ut.

Regjeringa vurderer det som lite føremålstenleg på noverande tidspunkt å gjere endringar i dei eksisterande verkemidla. Dette som følge av at syntetisk drivstoff per i dag ikkje er kommersielt tilgjengeleg og i ein tidleg fase der andre delar av verkemiddelapparatet, som Enova og innovasjon Noreg, er vurderte som meir eigna. Politikktutforming vil òg bli påverka av kor vidt det reviderte fornybardirektivet (2018/2001) blir vurdert som EØS-relevant. Vurdering av dette ligg hos Olje- og

energidepartementet. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

E10 som ny bransjestandard for bensin

Vedtak nr. 108, punkt 8, 5. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2018 innføre E10 som en bransjestandard for bensin. Regjeringen bes komme tilbake i statsbudsjettet for 2018 med en konkret plan for arbeidet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2016–2017), Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) og Innst. 2 S (2015–2016) om nasjonalbudsjettet 2016 og forslaget til statsbudsjett for 2016.

Regjeringa presenterte ein konkret plan for korleis den ser for seg å innføre E10 som ny bransjestandard for bensin i Prop. 1 S (2017–2018) s. 145–146. Energi- og miljøkomiteen har i Innst. 9 S (2017–2018) ikkje kommentert dette. Vidare oppfølging er til vurdering i regjeringa.

Ordning for å sikre at importerte bilar er omfatta av dei lovpålagte returoordningane

Vedtak nr. 309, 17. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen utrede en ordning for å sikre at alle som importerer biler til landet, omfattes av de lovpålagte returoordningene og bidrar til finansieringen av disse.»

Dokumenta som ligg til grunn er Prop. 1 LS (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Innst. 3 S (2016–2017) om skatter, avgifter og toll 2017.

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å vurdere kva som er føremålstenlege tiltak for å sikre at alle køyretøy som blir importerte til landet blir omfatta av forskrifta om produsentansvar. Oppdraget er levert september 2019. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Gratis levering av marint avfall

Vedtak nr. 529, 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen særskilt belyse hvordan gratis levering av marint avfall bør organiseres, og komme tilbake til dette på egnet måte.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 213 S

(2016–2017), jf. Dok. 8:31 S (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal I.

Miljødirektoratet har utgreidd ei ordning for å gjere det gratis å levere eigarlaust, marint avfall i hamn for fiskarar og andre, basert på erfaringane frå prosjektet «Fishing for litter». Departementet vurderer no Miljødirektoratet sine forslag. I dette arbeidet må det ses hen til EUs reviderte skipsavfallsdirektiv. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Endring av forureiningslova, gebyr for forsøpling

Vedtak nr. 530, 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme en sak om endring av forurensningsloven, slik at kommunene får hjemmel til å ilegge overtredelsesgebyrer i forsøplingsaker.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Dok. 8:31 S (2016–2017), jf. Innst. 213 S (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal III.

Stortinget vedtok 11. juni 2019 endringar i forureiningslova om blant anna innføring av gebyr for brot på lova. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv

Vedtak nr. 591, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen foreta en faglig gjennomgang av den norske delbestanden av ulv.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Prop. 63 L (2016–2017), jf. Innst. 257 S (2016–2017), jf. *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*, jf. innstillinga romartal III.

Den faglege gjennomgangen er delt i to fasar. Del ein er ei gjennomgang av tidlegare utgreiingar og ulike omgrep i omtale av ulvebestanden, og Miljødirektoratet vil levere på denne delen i desember 2019. Del to, som vil vere ein ny fagleg gjennomgang, vil bli levert sommaren 2020. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Plan for vedlikehaldsetterslepet på kulturminne

Vedtak nr. 722, 30. mai 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge frem en plan for Stortinget for hvordan vedlikeholdsetterslepet på kulturminner i Norge kan tas igjen.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 19 (2016–2017), Innst. 324 S (2016–2017), *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*.

Plan for å løyse vedlikehaldsetterslepet på kulturminne blir presentert i ei eiga melding til Stortinget. Regjeringa tek sikte på å leggje fram meldinga våren 2020. Forslag til nye nasjonale mål blir lagt fram som ein del av meldinga.

Bransjeavtale eller liknande, om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt

Vedtak nr. 750, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen undersøke om de nylige løfter fra bensinbransjen og positive uttalelser fra de største bensinstasjonskjedene kan videreutvikles til en bransjeavtale eller liknende, om at alt salg av biodrivstoff skal være palmeoljefritt og ha høyere klimaeffekt enn EUs minstekrav.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Heikki Holmås, Karin Andersen og Torgeir Knag Fylkesnes, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017) og Innst. 133 S (2016–2017).

Regjeringa står fast ved at det er undersøkt om løfter frå bensinbransjen og positive uttaler frå dei største bensinstasjonskjedene kan utviklast vidare til ei bransjeavtale eller liknande, om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt og ha høgare klimaeffekt enn EUs minstekrav. I Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2018–2019) gjorde regjeringa greie for at det på grunn av våre internasjonale forpliktingar ikkje er rom for at norske myndigheiter tek initiativ til ei slik bransjeavtale. Det blei vidare vist til at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom møte med bransjen. Sjå del II programkategori 12.20 for meir detaljert omtale. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Verkemiddel for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff

Vedtak nr. 751, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere handlingsrommet for ulike virkemidler, herunder avgifter og regelverk, for å fremme bruk av avansert bærekraftig biodrivstoff, og komme tilbake til Stortinget i egnet form.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Heikki Holmås, Karin Andersen og Torgeir Knag Fylkesnes, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017) og Innst. 133 S (2016–2017).

Regjeringa står fast ved at den har vurdert handlingsrommet for ulike verkemiddel, under dette avgifter og regelverk, for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff. I Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2018–2019) kom regjeringa tilbake til Stortinget med informasjon om arbeidet for å kartlegge tilgangen på avansert biodrivstoff, med siktemål om å auke delkravet til slikt biodrivstoff i framtida. Det vart òg vist til regjeringas vidare arbeid med spørsmålet om å innføre vegbruksavgift på biodrivstoff utanfor omsetningskravet fram mot 2020-budsjettet, samt en beskriving av prosessen knytt til å innføre eit omsetningskrav i luftfart. Sjå del II programkategori 12.20, for meir detaljert omtale. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbod mot palmeolje i offentleg kjøp

Vedtak nr. 753, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa gjennom forskrift til lov om offentlige anskaffelser stille krav om at det ikke skal benyttes biodrivstoff basert på palmeolje eller biprodukter av palmeolje. Forskriftsendringen skal tre i kraft så snart som mulig.»

Stortinget fatta vedtaket i samband med behandling av Dok. 8:69 S (2016–2017) om å sikre at det ikkje blir selt palmeoljebasert biodrivstoff i Noreg, jf. Innst. 331 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, og laust forslag nr. 5 fremja frå salen.

I Prop. 1 S (2018–2019) gjorde regjeringa greie for dei juridiske vanskane knytt til innføring av eit forbod. Regjeringa gjorde òg greie for at den hadde bedt Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) om å utarbeide faglege råd og rettleiing til offentlege oppdragsgivarar, i tråd med Difis ståande rettleiingsoppdrag på området grøne anskaffingar. Dette arbeidet er no ferdigstilt.

Regjeringa står ved si vurdering av at det ville ha vore problematisk å innføre eit forbod mot palmeolje og det er tvil om eit forbod i tråd med oppmodingsvedtaket vil vere lovleg etter EØS-avtala og WTO-avtalene. Sjå del II programkategori 12.20, for meir detaljert omtale. Basert på dette, vil regjeringa foreslå følgjande opphevingsvedtak:

Vedtak nr. 753, 2. juni 2017 blir oppheva.

Leggje fram heilskapleg nasjonal plan for marine verneområde

Vedtak nr. 907, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa om å følge opp arbeidet med en helhetlig nasjonal plan for marine verneområder og prioritere områdene som er definert som særlig verdifulle og sårbare (SVO) i dette arbeidet. Stortinget ber regjeringa legge fram en egen sak om dette senest i 2020.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 35 (2016–2017), jf. Innst. 455 S (2016–2017), om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, innstillinga si tilråding romartal I.

Klima- og miljødepartementet har sett i gang arbeidet med å utarbeide ein plan for det vidare arbeidet med marint vern. Sjå òg omtale av oppfølging av Stortingets vedtak nr. 668, 23. mai 2016. Regjeringa tar sikte på å komme tilbake til Stortinget på eigna måte i 2020.

Leggje fram fagleg oppdatert avgrensing av heile iskantsona inkludert «Vesterisen»

Vedtak nr. 909, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med revideringen av forvaltningsplanen for Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten legge frem en faglig oppdatert avgrensing av hele iskantsonen inkludert «Vesterisen», basert på best tilgjengelig vitenskapelig kunnskap. I påvente av dette videreføres definisjonen av dette området og rammene for aktivitet som ble fastsatt i den i dag gjeldende forvaltningsplan for Norskehavet (St.meld. nr. 37 (2008–2009)).»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 35 (2016–2017), jf. Innst. 455 S (2016–2017), om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, innstillinga si tilråding romartal IV.

Neste oppdatering av iskanten som eit særskilt verdifullt og sårbart område vil skje i samband med revideringa av forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten i 2020, med bakgrunn i oppdatert fagleg grunnlag frå Fagleg forum. Oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp ved at arbeidet omfattar heile iskantsona inkludert Vesterisen.

Eventuell ny definisjon av iskanten i revidering av forvaltningsplan for Barentshavet-Lofoten

Vedtak nr. 910, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at en eventuell ny definisjon av iskanten skal skje med utgangspunkt i en helhetlig revidering av forvaltningsplanen for Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 35 (2016–2017), jf. Innst. 455 S (2016–2017), om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, innstillinga si tilråding romartal V.

Neste oppdatering av iskanten som eit særskilt verdifullt og sårbart område vil skje i samband med revideringa av forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten i 2020, med bakgrunn i oppdatert fagleg grunnlag frå Fagleg forum.

Forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk

Vedtak nr. 914, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene fra overvannsutvalget (NOU 2015: 6), og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag til tiltak og virkemidler for overvassproblematikk, inkludert en vurdering av en egen sektorlov for vann- og avløp.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Dok. 8:78 S (2016–2017), jf. Innst. 436 S (2016–2017), jf. innstillinga si tilråding romartal I.

Overvassutvalet foreslo ein pakke av verkemiddel som må sjåast i samanheng og som til saman vil medverke til å oppnå måla om å forebygge skade på busetnad, infrastruktur, helse og miljø. Regjeringa arbeider med å gjennomgå tilrådingane frå utvalet, og lovendringane utgreiast. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tilrettelegging for mottak av husdyrgjødsel

Vedtak nr. 961, 16. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen om at det ved bygging av industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall også legges til rette for mottak av husdyrgjødsel.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 141 S (2016–2017) og Innst. 445 S (2016–2017) om endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppfølging 2017 m.m.). Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet, s. 151 og Meld. St. 7 (2017–2018).

Enova gir økonomisk støtte til investeringar i produksjonsanlegg for biogass. Ved vurdering av økonomisk støtte til verksemder som vil etablere nye produksjonsanlegg for biogass eller utvide eksisterande anlegg, blir det alltid utført omfattande analysar. Ei vurdering av ulike substrat dei industrielle anlegga skal leggje til rette for å ta imot, inngår i desse analysane.

Regjeringa viser til at det allereie i dag blir lagt til rette for mottak av husdyrgjødsel ved bygging av industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall, der dette er føremålstenleg. Sjå del II programkategori 12.20, for meir detaljert omtale. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Fossilfrie anleggsprosjekt

Vedtak nr. 1105, 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan fossilfrie anleggsprosjekter eventuelt kan gjennomføres og hva konsekvensen av dette vil være.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2016–2017), og Innst. 401 S (2016–2017) om revidert nasjonalbudsjett 2017.

Klima- og miljødepartementet har i 2019 sendt på høring forslag om endring av forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar. Forbodet blir foreslått utvida slik at òg bruk av mineralolje til byggvarme, dvs. mellombels oppvarming og tørking av bygningar under oppføring og rehabilitering, blir omfatta av forbodet.

Vidare oppfølging av vedtak 1105 av 21. juni 2017 må sjåast i samanheng med arbeidet knytt til oppmodingsvedtak nr. 108, punkt 16 (2016–2017), om å utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggeplassar/anleggs plassar innan transportsektoren. Regjeringa arbeider med ein handlingsplan, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er ferdig. Sjå del II programkategori 12.20, for meir detaljert omtale.

Stortingssesjon (2015–2016)

Tiltak for auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi i nærskipfarten

Vedtak nr. 57, 1. desember 2015

«Stortinget ber regjeringen legge fram forslag til tiltak for økt bruk av lav- og nullutslippsteknologi i nærskipfarten, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Dok. 8:126 S (2014–2015), jf. Innst. 78 S (2015–2016), innstillinga si tilråding romartal VI.

Oppfølginga er tidlegare omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Klima- og miljødepartementet. Oppfølginga av vedtaket må vidare sjåast i samanheng med oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 21, 18. oktober 2016, og oppmodingsvedtak nr. 664, 3. mai 2018. For å stimulere til auka bruk av låg- og nullutsleppsløysingar i skipsfartens bygging av nye, grønne skip har regjeringa etablert støtteordningar for utvikling av låg- og nullutsleppsløysingar i innanriks skipsfart og kondemnering av gamle, forureinande skip.

Regjeringa har sett ein ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og la våren 2019 fram ein eigen handlingsplan for grøn skipsfart med tiltak for å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar innanfor dei ulike fartøykategoriane.

For å leggje til rette for auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi i nærskipfarten vil regjeringa ta initiativ til ein dialog med relevante næringsaktørar for å drøfte ei mogleg intensjonsavtale om miljøvennleg flåtefornying for lasteskip. Som eit ledd i dette arbeidet vil regjeringa gjennomføre ei vurdering av handlingsrommet for miljøvennleg flåtefornying innanfor dei eksisterande verkemidla i GIEK, Eksportkreditt Noreg og Innovasjon Noreg.

Regjeringa foreslår i budsjettet for 2020 å styrke arbeidet med grøn flåtefornying av lasteskip.

Lasteskip er eit segment som er avhengig av samarbeid mellom mange ulike aktørar. Reiarlag, vareeigarar og offentlege aktørar må samarbeide for å auke etterspørselen etter grønne transportløyningar. Regjeringa vil invitere næringa til eit samarbeid om å utvikle desse løysingane. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Leggje fram plan for marine verneområde

Vedtak nr. 668, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for marine verneområder og komme tilbake til Stortinget med en sak om dette.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 14 (2015–2016), jf. Innst. 294 S (2015–2016) om *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal II.

Regjeringas oppfølging av Stortingets vedtak er omtalt i Meld. St. 35 (2016–2017) Oppdatering av forvaltingsplanen for Norskehavet, side 82:

«Det er sett i gang arbeid med ein plan for det vidare arbeidet med marine verneområde. Det vil som del av planen for det vidare arbeidet med marine verneområde bli gjennomført ei evaluering av status for arbeidet med vern og beskyttelse av marine område, og identifisering av vidare behov for vern og beskyttelse med bakgrunn i nasjonale og internasjonale mål. Dette vil inngå i grunnlaget for det vidare arbeidet med marint vern i territorialfarvatnet og bevaring av marine område utanfor territorialgrensen. Det vil i forvaltninga av havområda fortløpande bli vurdert på grunnlag av tilgjengeleg kunnskap om det er behov for nye tiltak for å bevare marine naturverdiar.»

Regjeringa tek sikte på å komme tilbake til Stortinget på eigna måte i 2020.

Klargjering av kva som er god tilstand og kva areal som er å rekne som forringa økosystem

Vedtak nr. 669, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen klargjøre hva som er god tilstand og hvilke arealer som er å regne som forringede økosystemer, og trappe opp arbeidet med å bedre tilstanden i økosystemene, med sikte på at 15 pst. av de forringede økosystemene skal være restaurert innen 2025.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 14 (2015–2016), jf. Innst. 294 S (2015–2016), om *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, innstillingas romartal III.

Klima- og miljødepartementet oppretta i 2016 *Ekspertrådet for økologisk tilstand*. Rådets tilrådingar kom i 2017, og ulike fagmiljø har gjennomført naudsynt vidareutvikling og utprøving av fagsys-

temet. Det skal etter planen vere klart til bruk frå og med 2020. Tilstand i økosystema kan då vurderast, og også kva som er sett på som forringa økosystem, og omfanget av dette. Klima- og miljødepartementet vil på dette grunnlaget prioritere aktuelle restaureringstiltak med sikte at 15 pst. av dei forringa økosystema er restaurerte innan 2025. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Kvalitetsnormer for økosystem som del av utviklinga av nye forvaltningsmål

Vedtak nr. 670, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen vurdere kvalitetsnormer for økosystemer som en del av utviklingen av nye forvaltningsmål.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 14 (2015–2016), jf. Innst. 294 S (2015–2016), om *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillingas romartal IV.

Forvaltningsmåla vil vere baserte på vurdering av tilstanden i økosystema, forvaltningsvise vurderingar og avvegingar og samfunnsøkonomiske vurderingar. Klima- og miljødepartementet vurderer også ulike konsept for heilskapelege forvaltningsplaner som ein del av dette arbeidet. Samtidig blir det vurdert om, og eventuelt på kva måte, forvaltningsmåla bør fastsetjast som kvalitetsnormer etter naturmangfaldlova §13. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.»

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. Innst. 294 S (2015–2016), innstillinga romartal IX.

Ei direktoratsgruppe leia av Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit utkast til handlingsplan for sjøfugl. Grappa skal utarbeide ein samla prioritert tiltaksplan for å betre situasjonen for sjøfugl. Den endelege handlingsplanen skal

etter planen leggjast fram i løpet av 2020. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Kvalitetsnorm for villrein

Vedtak nr. 677, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en kvalitetsnorm for villrein, og vurdere kvalitetsnorm for flere utvalgte arter.»

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. Innst. 294 S (2015–2016), jf. innstillinga romartal XIII.

Miljødirektoratet har levert eit faggrunnlag og forslag til miljøkvalitetsnorm for villrein som etter planen skal sendast på høyring hausten 2019. Klima- og miljødepartementet tek sikte på å ha ein miljøkvalitetsnorm på plass i løpet av 2020.

Miljødirektoratet har levert ei fagleg vurdering av høvet til å kunne utvikle miljøkvalitetsnormer for fleire haustbare småviltarter – lirype, fjellrype, hare, bever og skogshøns. Klima- og miljødepartementet vurderer om det bør utviklast miljøkvalitetsnormer for nokre av desse artene. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Framandartslista og raudliste for arter og naturtypar

Vedtak nr. 679, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen sørge for at svartelisten over fremmede skadelige organismer og rødlistene over truede arter og naturtyper oppdateres fortløpende slik at alle artsgrupper og naturtyper gjennomgås hvert femte år.»

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. Innst. 294 S (2015–2016,) jf. innstillinga romartal XV.

Stortinget har fatta vedtak om at dei tre listene Norsk raudliste for arter, Norsk raudliste for naturtypar og Framandartslista skal bli gjennomgått kvart femte år. Regjeringa meiner det er meir føremålstenleg med ein revisjon av listene kvart sjette år, det vil seie to år mellom lansering av kvar nye liste. Dette vil samtidig flate ut arbeidsbelastninga i Artsdatabanken, som utarbeider dei tre listene. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbod mot mikroplast i kroppsspleieprodukt

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen om fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppsspleieprodukter.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. Innst. 282 S (2015–2016), innstilling si tilråding romartal I.

EU sitt kjemikaliebyrå (ECHA) har utarbeidd eit forslag til restriksjon mot mikroplast i blant anna kroppsspleieprodukt. Forslaget har vore på høyring og Miljødirektoratet har sendt ei uttale til ECHA. Norske miljømyndigheiter vil aktivt følgje arbeidet etter høyring. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Lik jakttid i og utanfor ulvesona

Vedtak nr. 772, 6. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen vurdere å tillate lik jakttid i og utenfor ulvesonen.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Meld. St. 21 (2015–2016), jf. Innst. 330 S (2015–2016), jf. *Ulv i norsk natur*, innstillinga romartal V.

Regjeringa vedtok i mars 2019 å endre lisensfelleringsperioden for lisensfelling av ulv utanfor ulvesona frå perioden 1. oktober til 31. mars til perioden 1. desember til 31. mai. Lisensfelleringsperioden for ulv innanfor ulvesona er uendra, og gjeld frå 1. januar til 15. februar. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Parisavtala – Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030

Vedtak nr. 895, 14. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen legge frem en sak til Stortinget om Norges endelige nasjonalt fastsatte bidrag for perioden 2021–2030 så raskt som mulig etter at forhandlingene med EU om felles oppfyllelse er avsluttet, og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Prop. 115 S (2015–2016), jf. Innst. 407 S (2015–2016) om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala.

Regjeringa varsla Prop. 1 S (2016–2017) side 55, at ein vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030, og

komme tilbake Stortinget om dette så raskt som mogleg og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

Regjeringa omtalte i RNB 2019 regjeringas endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2020–2030. Regjeringa vil at Noreg skal forsterke sitt klimamål under Parisavtala. Noregs forsterka mål for 2030 skal gjennomførast i samarbeid med EU. Regjeringa vil arbeide for at EUs samla ambisjonsnivå aukar til 55 pst. kutt i 2030 samanlikna med 1990, og melde inn eit forsterka norsk klimamål i tråd med EUs ambisjonar. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med forslag til Noregs endeleg fastsette bidrag under Parisavtala dersom EU ikkje hevar sitt mål. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030

Vedtak nr. 897, 14. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at Norge skal sørge for klimareduksjoner tilsvarende norske utslipp fra og med 1. januar 2030, og at klimanøytralitet kan oppnås gjennom EUs kvotemarked, internasjonalt samarbeid om utslippsreduksjoner, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid.»

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Prop. 115 S (2015–2016), jf. Innst. 407 S (2015–2016), om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala.

I Meld. St. 41 (2016–2017) er det vist til at Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei omtale om oppfølginga av klimanøytralitetsmålet på eit eigna tidspunkt etter at regelverket rundt EUs innsatsfordelingsforordning er klart. Innsatsfordelinga vart vedteken i EU i mai 2018, men regelverket sine konsekvensar for Noreg avheng av eit utkast til avtale om felles oppfyllelse som framleis er til vurdering i EU. Regjeringa vil, i lys av rammene for denne avtala, komme tilbake til Stortinget med ei heilskapleg omtale om oppfølging av klimanøytralitetsmålet. Internasjonale marknadsmekanismar vil vere viktige for å oppfylle klimanøytralitetsmålet. Høve til kvotekjøp under Kyotoprotokollen blir truleg avslutta i 2020, som er det siste året i den andre skyldnadsperioden. I Parisavtala er det lagt opp til vidare marknadsbasert samarbeid, blant anna gjennom ein ny FN-styrt marknadsmekanisme som kan erstatte dei prosjektbaserte mekanismene under Kyotoprotokollen. Noreg arbeider aktivt for å få på plass ein slik ny mekanisme. Noreg støttar blant anna Verdsbankens fondsinitiativ *Transfor-*

mative Carbon Asset Facility (TCAF) som utviklar pilot-program. Kor omfattande marknaden for samarbeid om utsleppsreduksjonar vil bli under Parisavtala er uvisst. Det inneber uvisse både om

omfang og pris for utsleppsreduksjonar som kan oppnåast ved slikt samarbeid. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Del II

Klima- og miljødepartementets budsjett for 2020

7 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til å sikre ein kunnskapsbasert forvaltning, under dette kartlegging, overvaking og forskning på klima- og miljøområdet, og anna arbeid knytt til miljødata. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for etatane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Internasjonalt arbeid

Omtale av Noregs internasjonale arbeid med klima og miljø finst òg under dei ulike resultatområda og dei andre programkategoriane. Omtalen i dette kapitlet gjeld berre internasjonalt arbeid som går på tvers av resultatområda.

Multilateralt klima- og miljosamarbeid

Mange FN-organ er viktige aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. Noreg er ein viktig bidragsytar til organisasjonane og programma som har miljø som kjerneoppgåve. Noreg gir dessutan tilleggsmidlar for å styrkje arbeidet med miljø- og klimaspørsmål og har fortløpande dialog med institusjonane om integrering av miljøomsyn i verksemda deira. Noreg vil i 2020 framleis leggje vekt på å følgje opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FNs miljøprogram. Noreg ved klima- og miljøministeren er valt som president for FNs femte miljøforsamling som finn stad i februar 2021. Det vil vere ein prioritet i 2020 å leggje til rette for at presidentskapet blir gjennomført på ein god måte og at høvet blir utnytta til å styrkje FNs miljøprogram. Frå norsk side vil vi framleis ha spesiell merksemd på områda marin forsøpling og mikroplast og ta aktivt del i å utvikle nye verke-

middel og sterkare globale forpliktingar for å redusere marin forsøpling. Vi vil òg leggje vekt på arbeidet med ein handlingsplan mot marin plastforsøpling under FNs sjøfartsorganisasjon IMO og følgje opp Baselkonvensjonens arbeid med endringar i det internasjonale regelverket for plastavfall. Klima, naturmangfald og marin forsøpling er anerkjent som miljøutfordringar som krev auka globalt respons. I løpet av 2019 har rapportar frå Klimapanelet, Naturpanelet og den sjette globale miljøstatusrapporten frå FNs miljøprogram (GEO-6) dokumentert at det er behov for ei opptrapping av miljøinnsatsen. Noreg vil halde fram arbeidet med å utvikle FNs miljøprogram's normative rolle og sikre eit tettare samarbeid med andre FN-organ. Noreg er òg ein sentral bidragsytar til FNs program for å redusere utslepp gjennom avskoging og skogdegradering i utviklingsland (UN-REDD), og til fleire Verdsbankfond som finansierer investeringar for å redusere utslepp frå skog i utviklingsland, til dømes FEPP Karbonfond og BioCarbon-fondet. Sjå omtale av Klima- og skoginitiativet under programkategori 12.70.

FNs universelle berekraftsmål skapar forventningar om at både land og internasjonale organisasjonar skal betre integreringa av dei tre dimensjonane av berekraft (økonomiske, sosiale og miljøvise omsyn) på ei rekkje samfunnsområde. Måla kan såleis gi draghjelp til det globale grøne skiftet, og fremje heilskapleg tenking over «silotilnærming». Noreg har oppnådd mykje, men er òg utfordra av ein del av måla. Oppgåva med årleg å følgje opp gjennomføringa av berekraftsmåla er lagt til FNs høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF), og kvart fjerde år skal verdas leiarar få ei særskilt oversikt over framdrifta og område som krev større innsats. I 2019 vart Global Sustainable Development Report lagt fram. Sjå omtale av berekraftsmåla under del III, kap.8.4.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) omfattar bevaring og berekraftig bruk av det bio-

logiske mangfaldet, og rettferdig fordeling av utbytte frå bruk av genetiske ressursar. I oktober 2020 skal det vedtakast eit nytt globalt rammeverk under partsmøtet i Kunming, Kina. Det nye rammeverket vil erstatte dei 20 Aichimåla som vart vedtekne i 2010. Aichimåla er godt integrerte i Agenda 2030 og berekraftsmåla, og det bør sikrast ein tett kopling mellom berekraftsmåla og andre eksisterande mål for biologisk mangfald i utviklinga av nytt strategisk rammeverk.

Noreg vil fram mot 2020 delta aktivt i forhandlingane for å sikre eit ambisiøst og effektivt nytt globalt rammeverk under CBD. Noreg ønskjer ei utvikling av konvensjonen innan berekraftig bruk og økosystembaserte tilnærmingar til klimautfordringa, og større vekt på å integrere omsyn til biologisk mangfald i andre sektorar. Dette er alle sentrale punkt for gjennomføring av FNs berekraftsmål.

Den globale miljøfasiliteten (GEF) finansierer tiltak som skal medverke til å betre det globale miljøet. GEF er no inne i sin sjuande fireårsperiode. GEF-7 strekkjer seg frå 01.07.18 til 30.06.22 og ca. 4 milliardar USD skal fordelast til formål under dei globale miljøkonvensjonane (klima, biodiversitet, forørkning, kjemikaliar og kvikksølv). Noreg har gitt tilsegn på 520 mill. kroner til GEF-7 over Utanriksdepartementets budsjett.

En stadig større del av GEFs portefølje er knytt til store, integrerte program (skogforvaltning, arealbruk, matproduksjon, sirkulærøkonomi mv). Her ser ein på tvers av miljøtema og ønskjer å handtere dei såkalla drivarane bak global miljøforringing. Investeringsbehovet er mange gonger større enn GEF-midlane, og det er viktig å bruke desse midlane til å skape størst mogleg spreings-effekt. GEF opererer i dag med gode tal for samfinansiering med andre aktørar, for arbeidsprogrammet vedteke på styremøtet i juni 2019 reknar ein med 8 dollar for kvar GEF-dollar investert.

Påfyllingsforhandlingar for GEF-7 gav ein auke i innsatsen mot marin forsøpling og betre koplingar til eksisterande klima- og skogsatsingar inkl. REDD+. Ein har òg fått på plass betre mekanismar for å sikre resultat av GEF-programma over tid, slik at oppnådde miljøeffektar blir meir varige. Alt dette står sentralt i den norske oppfølginga gjennom halvårige styremøte.

Noreg deltek i Group on Earth Observation (GEO) som er eit internasjonalt samarbeid for jordobservasjon og samordning av miljødata. Formålet med samarbeidet er å styrkje tilgangen til miljødata for avgjerdestakarar over heile verda for å sikre god miljø- og ressursforvaltning og krisehandtering. GEO er pådrivar for ein fri og open

datapolitikk og det er lagt stor vekt på kapasitetsbygging for å sikre tilgang til data for utviklingsland. Det er etablert fleire flaggskip og initiativ på ulike satsingsområde, bl.a. hav, biodiversitet og landbruk. Sjå nærare omtale av flaggskipet Global Forest Observation Initiative under programkategori 12.70.

For omtale av Noregs hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet, sjå programkategori 12.20 og 12.70.

Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet er eit alvorleg og aukande problem, med store negative konsekvensar for naturmangfald og klima. Naturpanelet la nyleg fram ein rapport som mellom anna viser at ein av åtte millionar arter i verda er truga av utrydding. Miljøkriminalitet er ein av årsakene til at arter er truga, og vi må difor gjere meir for å kjempe mot slik kriminalitet. I mange tilfelle er miljøkriminalitet òg knytt til annan organisert kriminalitet. Det utgjer da ein trugsel mot global tryggleik og fattigdomsnekjemping.

Regjeringa har difor starta arbeidet med ei stortingsmelding om miljøkriminalitet. Stortingsmeldinga vil presentere regjeringa sin politikk for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet, både nasjonalt og internasjonalt. Meldinga skal òg beskrive kva som kjenneteiknar dei ulike formane for miljøkriminalitet, kva utfordringar som gjer seg gjeldande, og korleis utviklinga på området er. Eit viktig føremål med stortingsmeldinga er vidare å skape auka merksemd om miljøkriminalitet, og medverke til auka kunnskap, forståing og engasjement.

Medverknad i EU-samarbeidet og effektiv gjennomføring av EØS-rettsakter

Klima- og miljødepartementet har som mål å medverke til ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk i EU. EU har ein klar pådrivarrolle i det internasjonale klima- og miljøsamrådet, og ein stor del av EUs klima- og miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følgje av EØS-avtala. KLD har over tid arbeidd for å påverke innhaldet i den nye kommisjonens arbeidsprogram i tråd med norske interesser på område som klima, avfall, plast og marin forsøpling, og kjemikaliar. Påtroppande kommisjonspresident von der Leyen har varsla ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk mens valet til nytt Europaparlamentet gav stor framgang for partigrupper med klar miljøprofil.

Påverknadsarbeidet overfor EU skjer gjennom å delta i Kommisjonens ekspertgrupper og komitear, politiske møte med Kommisjonen og Europaparlamentet, andre innspel til sentrale aktørar i EU, og gjennom å delta i ambisiøse «vennegrupper» som REACH UP-gruppa på kjemikalieområdet, som no òg omfattar plast og Green Growth Group (GGG) på klimaområdet og gjennom nordisk samarbeid. Noreg har ein nasjonal ekspert i DG Climate Action i Europakommisjonen. Nordisk samarbeid er òg viktig for å påverke utvikling av EUs regelverk og andre internasjonale prosessar. Etter initiativ frå Noreg er Hav og Klima et nytt satsingsområde for det nordisk samarbeid. Målsetjinga for dette samarbeidet er å skape ei «tydeleg nordisk stemme» på dei internasjonale havkonferansane og konvensjonsmøta som vil finne stad dei næraste åra.

Noreg er medlem i Det europeiske miljøbyrået (EEA) og deltek i arbeidet i Det europeiske kjemikaliebyrået (ECHA). Miljøbyråa er ei viktig informasjonskjelde for alle som er med å utforme, vedta, setje i verk og evaluere miljøpolitikk. Gjennom EØS-avtala er Noreg medlem av EUs jordobservasjonsprogram Copernicus, som etablerer omfattande satellittovervaking av miljø globalt, regionalt og nasjonalt, ikkje minst i havområda og i Arktis.

Enkelte sentrale miljøpolitiske område er ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, landbruk og fiskeri, men Noreg og EU er tett bundne saman gjennom EUs indre marknad på alle område. Nye forslag og omlegging i EUs politikk får stor verknad for norsk politikk. Kvart år blir ei rekkje rettsakter innlemma i EØS-avtala og gjennomførde i norsk regelverk for miljø- og klimapolitikken.

Ved å delta gjennom heile prosessen sikrar departementet ein grundig gjennomgang og vurdering av forslag til nye EU-rettsakter og moglege konsekvensar av gjennomføring før regelverket eventuelt blir teke inn i EØS-avtala og gjennomført i norsk rett.

EØS-midlane medverkar til sosial og økonomisk utjamning i Europa og til gjennomføringa av EUs rettsakter i mottakarlanda. Dei er òg ein del av miljøforvaltninga sitt EU/EØS-arbeid. Klima-, miljø- og kulturarvprogramma inkludert dei bilaterale fonda under EØS-midlane stimulerer til godt bilateralt fagleg samarbeid med mottakarlanda. Klima, energi, miljø og lågutsleppsutvikling er eitt av tre prioriterte hovudområde i inneverande periode som vil gå fram til og med 2024. Det vil gi nye og gode høve til å stimulere landa til tidleg oppfølging av EUs rettsakter og til å stimulere

landa til oppfølging av internasjonale avtaler innan klima, miljø og biodiversitet.

Klima og miljø i handels- og investeringsvernavtaler

Andre handels- og investeringsvernavtaler enn EØS-avtala påverkar òg kva som blir produsert og selt og korleis ein gjer det, og dermed òg klima- og miljøverknadene av handel. Dei påverkar òg kva tiltak som kan setjast i verk av omsyn til klima og miljø. I motsetning til EØS-avtala inneheld dei ikkje felles klima- og miljøregelverk. Det er derfor naudsynt å syte for at dei vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn. Behovet for å arbeide for å styrkje samstemmighet mellom handel og miljø aukar, mellom anna når det gjeld samanhengen mellom handel og skogforvaltning. Derfor arbeider Klima- og miljødepartementet for at slike avtaler får eigne kapittel om handel og berekraftig utvikling, senkar toll på klima- og miljøvennlige varer og gir rom for støtte, avgifter og reguleringar som gjer det enklare og billegare å produsere, forbruke og transportere med mindre ressursar og utslepp. Den amerikanske administrasjonen har endra prioriteringane for USAs handelspolitikk. Det internasjonale handelssystemet vert sett under press. Utvikling av slike avtaler skjer no i aukande grad utanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO). Departementet følgjer derfor både forhandlingane mellom Noreg og Kina, forhandlingar gjennom den europeiske frihandelsorganisasjonen EFTA òg utviklinga i samarbeidet om handel og investeringar mellom EU og andre sentrale land. EU er blant dei som har komme lengst i arbeidet med avtaler som støttar opp om klima- og miljøomsyn.

Klima- og miljøsamorbeid med utviklingsland

Samarbeid med økonomiar i framvekst og utviklingsland er òg ein viktig pilar i Noregs internasjonale klima- og miljøarbeid. Med bilaterale samarbeidsavtaler og støtte til internasjonale initiativ skal Noreg medverke til ei grøn utvikling gjennom oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Regjeringas største internasjonale initiativ innan klima- og miljø er Klima- og skoginitiativet. Sjå nærare omtale av dette under programkategori 12.70. Klima- og miljødepartementet har også særskilte avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i dei store utviklingslanda Kina, India og Sør-Afrika. Desse landa har stor betydning for den globale miljøtilstanden og er heilt sentrale i

internasjonalt miljøsam arbeid og i utvikling av globale miljøavtaler. I Kina, Sør-Afrika og India har Klima- og miljødepartementet medverka til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot det enkelte land si evne til å gjennomføre internasjonale forpliktingar under miljøkonvensjonane.

Prosjekta er hovudsakleg forvaltningssamarbeid. Miljødirektoratet er ein viktig partnar på norsk side. Finansiering skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett. I tillegg vert det nytta midlar over Klima- og miljødepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. Klima- og miljødepartementet samarbeider med Sør-Afrikas miljødepartement om å betre forståinga for digitale gensekvensar (digital sequencing information- DSI) og kapasitetsbygging i Afrika knytt til dette. Miljødirektoratet er i dialog med Sør-Afrika om utarbeidinga av avfallssystem, med sikte på å redusere tilførselen av marin forsøpling. Tidlegare har Miljødirektoratet medverka til utvikling av utsleppsrekneskap i Sør-Afrika. I Kina har Miljødirektoratet sidan 2012 vore ein sentral partnar for å utvikle Kinas kvotemarknad. Prosjektet held fram i ein ny fase. I 2019 er det starta opp nye prosjekt med Kina om miljøgifter og marin forsøpling. Miljødirektoratet er òg i gang med eit pilotprosjekt om biomangfald og klima som vil medverke til implementeringa av konvensjon om biologisk mangfald (CBD). Kina skal arrangere partsmøtet under konvensjonen i 2020. Noreg gir òg støtte til og deltek med ekspertar i høgnivårådet China Council for International Cooperation on Environment and Development (CCICED). Rådet er oppretta av, og gir tilrådingar til, den kinesiske toppleiinga. I tillegg til å sjå på

og gi råd omkring Kinas nasjonale utfordringar, har høgnivårådet fått eit større fokus på Kinas rolle internasjonalt, mellom anna Kinas utlandsinvesteringar gjennom landets nye silkeveginitiativ. I India utgjer klimagassutslepp frå kuldemedium ei betydeleg, og aukande, klimautfordring. Noreg støttar arbeid som kan medverke til raskare innføring av meir miljøvennlege kuldemedium. Gjennom det bilaterale samarbeidet støttar Noreg bruk av meir miljøvennleg brensel i sementproduksjon. Marin forsøpling og havforvaltning er også i aukande grad ein del av det bilaterale miljø-samarbeidet med India.

På oppdrag frå Utanriksdepartementet/Norad og Verdsbanken er Meteorologisk institutt engasjert i kapasitetsbygging innan vêrvarsling og klimaarbeid i blant anna Bangladesh, Myanmar, Vietnam og på Sri Lanka. Formålet er å byggje opp dei meteorologiske institusjonane i landa slik at dei blir sett i stand til å varsle farleg vær og handtere klimaendringar. Eit nytt og spanande prosjekt i Afrika er å byggje værtenester etter modell frå Yr, med opne data. Prosjektet er òg ein del av FN si satsing på digitale fellesgode.

I tillegg til å støtte opp om norsk utanrikspolitikk oppfyller òg Meteorologisk institutt ei generell oppmoding frå WMO om at i-land bistår i u-land når det gjeld utvikling av meteorologi.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2020 er på 2 242,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 3 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2019.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1400	Klima- og miljødepartementet	602 031	664 582	664 655	0,0
1410	Kunnskap om klima og miljø	799 724	956 710	1 022 671	6,9
1411	Artsdatabanken	77 961	69 793	69 375	-0,6
1412	Meteorologiformål	450 949	486 448	485 762	-0,1
	Sum kategori 12.10	1 930 665	2 177 533	2 242 463	3,0

Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	285 901	291 084	293 006
21	Spesielle driftsutgifter	67 641	109 008	102 724
50	Heilskapleg profilering, grønne løysingar	10 000	10 239	10 514
51	Den naturlege skulesekken		9 904	10 169
62	Den naturlege skulesekken	3 409		
70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	57 737	52 541	52 541
71	Internasjonale organisasjonar	83 155	88 053	89 371
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 345	4 871	5 002
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	89 843	98 882	101 328
	Sum kap. 1400	602 031	664 582	664 655

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Klima- og miljødepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld løn til fast tilsette i departementet. Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IKT-utgifter dei største. Det er rammeoverført 3,1 mill. kroner til KMD til kap. 510 post 01 for levering av fellestenester frå DSS til departementet.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 4400 post 02.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Løn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøforvaltningas ansvarsområde.

Klima- og miljøpolitikken står overfor store utfordringar, og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Klima- og miljødepartementet har nok ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere klima- og miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

Løyvinga på posten er redusert med 6,2 mill. kroner. I budsjettet for 2020 er det rammeoverført 3,0 mill. kroner til Utanriksdepartementets budsjett knytt til det internasjonale høgnivåpanelet for berekraftig havøkonomi. Anna reduksjon på posten skuldast at midlar er omdisponerte til andre postar fordi tidsavgrensa prosjekt er avslutta. Av midlar løyvd i 2019 til arbeid med marin forsøpling er 4,5 mill. kroner overført til kap. 1400 post 76 som tilskot til GRID Arendals internasjonale arbeid. Det er også flytt 0,2 mill. kroner til kap. 1400 post 76. Midlane er knytte til Den europeiske standardiseringsorganisasjonens (CEN) arbeid. Arbeidet med handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvenlege offentlege innkjøp og grøn innovasjon vert styrkt med 5 mill. kroner til rettleiing og kompetanseutvikling i Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Det er sett av 2 mill. kroner til å hente inn kunnskap som skal danne grunnlag for ei meir berekraftig forvaltning av fjellområda.

Andre styrkingar under posten 2 mill. kroner til førebuing av FNs 5. miljøforsamling i 2021, og 2 mill. kroner til Kunnskapsløftet.

Rapport 2018

I 2018 blei midlane på posten nytta til tiltak knytte til alle resultatområda, hovudsakeleg innan klima, forureining og naturmangfald.

Post 50 Heilskapleg profilering, grønne løysingar

Posten blei oppretta i 2018 for å fremje heilskapleg profilering av norske grønne løysingar. Formålet er auka eksport og å trekkje internasjonale investorar til Noreg. Satsinga skal medverke til å fremje fleire gode gründarar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, som samtidig skal medverke til berekraftig utvikling og overgang til lågutsleppsamfunnet.

Det grønne skiftet byr på både utfordringar og moglegheiter for næringslivet. På fleire område har Noreg gode føresetnader til å ta ei leiarrolle i teknologiutvikling og løysingar for det grønne skiftet. Dette gjeld blant anna prosessindustrien og elektrifiseringa av transportsektoren. Noreg er allereie verdsleiande på utvikling av teknologi for elektrifisering av maritim transport. Berekraftig havbruk er eit anna mogleg vekstområde. Bioøkonomi, sirkulærøkonomi og smarte bygg og byar er andre moglegheitsområde. Regjeringa ønskjer å gi ekstra drahjelp til næringslivet som leverer grønne løysingar og som har moglegheiter på internasjonale marknader.

Satsinga skal sjåast i samanheng med Innovasjon Noreg sitt arbeid med profilering for å medverke til auka internasjonalisering. Innovasjon Noreg skal leggje til rette for eit samarbeid med privat næringsliv som skal inviterast til å delta i både utforming og vidare finansiering av satsinga. I juni 2019 blei utstillingsvindaugget for norske berekraftig grønne løysingar «The Explorer» lansert internasjonalt. Arbeidet med å undersøke moglege partnerskapsmodellar med næringslivet for å finansiere vidareutvikling og drift av satsinga er starta opp.

Det er foreslått ei løyving på 10,514 mill. kroner for 2020.

Rapportering 2018

I 2018 blei utstillingsvindaugget «the Explorer» utvikla i samarbeid med næringslivet. Arbeid med

å gjere utstillingsvindaugget kjent og å medverke til at bedrifter tek det i bruk blei også starta opp.

Post 51 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til alle resultatområda bortsett frå Polarområda.

Den naturlege skulesekken (DNS) er eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Tiltaket er leia av Miljødirektoratet og Utdanningsdirektoratet, mens gjennomføringa skjer gjennom Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret) ved Universitetet i Oslo.

Av løyvinga er 3,4 mill. kroner øyremerkte tilskot til skular. Dei resterande midlane skal nyttast til administrasjon og rettleiing, og til kjøp av tenester hos eksterne aktørar som samarbeider med DNS-skular. Innrettinga av tilskotsdelen av midlane er som følgjer:

Mål

Målet er å medverke til at elevane får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og klima- og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og eksterne aktørar som til dømes frivillige miljø- og friluftsansjonar. Den støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande pedagogisk prinsipp er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I *Den naturlege skulesekken* er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sentralt.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda, og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd. Den naturlege skulesekken skal medverke til å utnytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena og bruk av ulike lokale, regionale og nasjonale ressursar, i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Tildelingskriterium

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og femne om 2 eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag, og skulane blir bedne om å samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle elevane og lærarane si nyfikkne, kunnskapen deira om natur og samfunn, og medvit om berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande arbeidsmåtar skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo. Undervisningsopplegga blir vurderte for publisering på nettstaden www.naturesekken.no slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå Naturfagsenteret.

Rapport 2018

Posten var ny i 2019, og det er derfor ikkje rapportering for 2018. Mykje av midlane til skulesekken vart i 2018 nytta over post 62. Sjå rapportering under denne.

Post 62 Den naturlege skulesekken

Posten er lagt ned, og midlane flytta til ny post 51.

Rapport 2018

I 2018 fekk 113 skular midlar til utvikling av undervisningsopplegg i skuleåret 2018/19. Totalt har 648 skular gjennomført skuleprosjekt i *Den*

naturlege skulesekken i perioden 2009–2017/2018. Skulane som deltek får pedagogisk rettleiing gjennom regionale nettverk ved høgskular og Naturfagsenteret. Naturfagsenteret arrangerer årleg ein nasjonal konferanse for deltakarskulane i februar. Konferansen samlar kvart år 3–400 lærarar, skuleleiarar, lærarutdannarar og eksterne aktørar.

I tillegg er det totalt 11 regionkontaktar som arrangerer to nettverksmøte årleg i 7 regionar, med til saman 14 regionale samlingar rundt om i landet. Det er òg oppretta 8 lærarnettverk i regionane.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljøaker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for landsdekkjande frivillige organisasjonar og allmennyttige stiftelsar av nasjonal tyding, med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltinga sitt ansvarsområde.

Tildelingskriterium

Fordeling av tilskot er berekna etter forskrifta, der 77 pst. av løyvd beløp på posten går til frivillige miljøorganisasjonar, medan 23 pst. går til allmennyttige miljøstiftelsar. For dei frivillige organisasjonane vert tilskota berekna etter kriterium som er beskrive i forskrifta. For dei allmennyttige miljøstiftelsane og samanslutningane av organisasjonar er tilskota berekna med grunnlag i løyvinga dei fekk førre året.

Tabell 7.1 Fordeling av tilskot

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2018	Løyving 2019	Forslag 2020
<i>Miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforeining	6 657 000	6 416 000	6 658 000
Forbundet Kysten	4 668 000	4 500 000	4 563 000
Fortidsminneforeininga ¹	4 702 703	4 238 000	3 877 000
Framtida i våre hender	4 639 003	4 472 000	4 700 000
Noregs Jeger- og Fiskarforbund ²	10 086 002	4 859 000	4 895 000
Noregs naturvernforbund	6 858 000	7 582 000	7 637 000
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 683 000	1 683 000	1 541 000
Kulturvernforbundet	1 683 000	1 683 000	1 541 000
Regnskogfondet	1 683 000	1 683 000	1 541 000
<i>Barn- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	4 097 000	4 530 000	5 131 000
Miljøagentane	2 845 000	2 742 000	2 996 000
<i>Miljøstiftelsar</i>			
Miljøstiftelsen Bellona	2 095 000	2 095 000	1 917 000
Norsk kulturarv	1 150 000	1 150 000	1 052 000
WWF Noreg	3 083 000	3 083 000	2 822 000
Zero	1 368 000	1 368 000	1 252 000
Norsk klimastiftelse	457 000	457 000	418 000
Sum	57 736 708	52 541 000	52 541 000

¹ 334 700 kroner av rekneskap 2018 under Fortidsminneforeininga gjeld tilskot frå 2017 som blei utbetalt først i 2018.

² 4 861 000 kroner av løyvinga til Noregs Jeger- og Fiskarforbund vart rammeoverført i 2019, som følgje av overføring av ansvaret for haustbart vilt frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging av bruk av midlar skjer blant anna ved kontroll og vurdering av søknad, årsrapport og årsrekneskap, innsend av tilskotsmottakar.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Samla er posten auka med 1,3 mill. kroner. Det er ein generell auke av fleire kontingentar og ein priskompensasjon på posten. Det er omdisponert 1,5 mill. kroner til post 76 i samband med arbeidet med IPCCs 6. hovudrapport.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følgje av at Noreg har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat får bidrag:

- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Interimssekretariat for konvensjonen om vern av våtmarker (Ramsar-konvensjonen)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonn-konvensjonen)
- Vassfuglavgift under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossavtala under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavtala under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Protokoll om genmodifiserte organismar (Cartagena-protokollen)
- Nagoya-protokollen under konvensjon om biologiske mangfald om tilgang til genressursar og ein rettferdig og likeverdig fordeling av fordelar som følgjer av bruken av slike ressursar.
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Protokoll som skal redusere utslepp av skadelege klimagassar (Kyoto-protokollen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtala (oljeforureining)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP-konvensjonen)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Konvensjonen om persistente organiske sambindingar (Stockholm-konvensjonen)
- Konvensjonen om notifikasjon og førehandssamtak ved eksport av kjemikalier (Rotterdam-konvensjonen)
- Konvensjonen om kvikksølv (Minamata-konvensjonen)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Oppfølging av REACH-regelverket på kjemikalier
- Konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til klage- og domstolsprøving på miljøområdet (Århuskonvensjonen)
- Protokoll om forureina utslepp og utsleppsregister under Århus-konvensjonen (PRTR)
- Espoo-konvensjonen om grenseoverskridande miljøkonsekvensutgreiingar
- Kontingent til Verdsarvfondet

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane, avtaler, konvensjonar, og sekretariata skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i partsmøte, generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga er retta mot resultatområde Polarområda.

Mål

Målet med løyvinga er å sikre kunnskap om miljø-situasjonen i Arktis gjennom programmet for arktisk miljøovervaking, Arctic Monitoring and Assessment Programme (AMAP). AMAP er ei arbeidsgruppe under Arktisk råd som skal kartleggje nivå og effektar av forureining og klimaendringar på arktiske økosystem. Noreg, som vertsland for AMAP-sekretariatet, har påteke seg ei internasjonal forplikting for å ivareta drifta av arbeidsgruppa. Stiftelsen Sekretariatet til den arktiske miljøovervåkings- og vurderingsprogrammet AMAP vart oppretta av Klima- og miljødepartementet for dette formål.

Oppfølging og kontroll

Klima- og miljødepartementet nemner opp styret og får årsrapportar, rekneskap og revisjonsberetningar.

Rapport 2018

2018 var eit år med stor aktivitet for AMAP-sekretariatet, med omløkalisering frå Oslo til Tromsø og tilsetjing av ny dagleg leiar. Frå april 2018 er AMAP-sekretariatet samlokalisert med Arktisk råds sekretariat i det nye Framsenteret i Tromsø. Flyttinga har ført med seg auka kostnader i form av auka husleige og reisekostnader, og har lagt beslag på betydeleg kapasitet i 2018. Samstundes har sekretariatet lagt ned stor innsats for å følgje opp oppdrag frå Arktisk råd knytt til overvaking, vurderingar og samanstilling av informasjon om miljøtilstand og klimaendringar i Arktis. Sentrale oppgåver i 2018 var oppdatering av status for klimaendringane i Arktisk, vurdering av havforsuring i arktiske farvatn og vurdering av biologiske effektar av miljøgifter på dyrelivet i Arktis. AMAPs arbeid er viktige bidrag for å dokumentere tilstanden for det arktiske miljøet, som grunnlag for tilrådingar om tiltak og som innspel til Stockholmkonvensjonen, Minamatakonvensjonen og FN's klimapanel.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Tilskotsordninga skal medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter for naturmangfald, klima og forureiningar, og nasjonale mål innafor alle resultatområda. Tilskotsordninga skal òg medverke til å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Posten er delt mellom alle resultatområde, jf. omtale under.

Posten er auka med 2,5 mill. kroner i høve til 2019, og utgjør 101,3 mill. kroner i 2020. Til posten er det flytta 0,2 mill. kroner frå post 21, til støtte for CENs standardiseringsarbeid. Det er òg flytta 4,5 mill. kroner frå kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter, til GRID Arendals internasjonale arbeid med marin forsøpling. Det er vidare flytta 3 mill. kroner til posten frå kap. 1410 post 22 Miljøkartlegging til Sabima si drift av kartleggingskoordinatorar og gjennomføring av kartleggingar i Artsobservasjonar. I tillegg er det flytta 1,5 mill. kroner frå kap. 1400, post 71 Internasjonale kontingentar til Miljødirektoratets arbeid med rapporter i tilknytning til FN's klimapanel 6. hovudsyklus. Det er òg flytta 4 mill. kroner til tiltak mot framande, skadelege organismar frå posten til ny post 83 under kap. 1420.

Naturmangfald og friluftsliv

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på naturmangfald- og friluftslivsområdet.

Mål

Posten skal medverke til at Noreg oppfyller sine nasjonale og internasjonale plikter innan naturmangfald- og friluftsområdet.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområda naturmangfald og friluftsliv.

I 2020 blir det innanfor naturmangfaldområdet foreslått å gi tilskot til:

- FN-organet Grid Arendal (4,5 mill. kroner)
- SABIMA (3 mill. kroner), til drift av kartleggingskoordinatorar og gjennomføring av kartlegging i Artsobservasjonar
- Norsk institutt for vassforskning (NIVA), (0,45 mill. kroner)
- Norsk deltaking i Naturpanelets ekspertgrupper (2,2 mill. kroner)
- Stiftelsen Norsk Naturarv (0,75 mill. kroner)
- Friluftsrådas Landsforbund (2,8 mill. kroner), til å drifte og leie prosjektet som skal kartleggje og systematisk vidareutvikle suksessrike aktivitetstiltak innanfor friluftsliv for barn og unge i ferie og fritid. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak. Arbeidet skjer i samarbeid med Miljødirektoratet og dei sentrale friluftslivsorganisasjonane.
- Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samsfunnsplanlegging (SEVS), (0,2 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Rapport 2018

På dei øyremarka midlane til tiltak mot framande organismar kom det inn i alt 76 søknader på til saman 17,5 mill. kroner i 2018. Det blei tildelt midlar til 25 ulike prosjekt.

På det internasjonale området er det gitt driftsstøtte til GRID-Arendal, ForUM for miljø og utvikling. Støtta til GRID-Arendal er eit generelt basis-tilskot til drifta, og utgjør knapt 10 pst. av GRID-

Arendals samla inntekter. GRID-Arendal hovudformål er å støtte FN's miljøprogram sitt arbeid gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon og er ein viktig aktør i den globale innsatsen for å redusere marin forsøpling og i å styrke kunnskapen om blå skog og blått karbon.

0,45 mill. kroner vart utbetalt til NIVA, knytt til det internasjonale arbeidet i samband med European Topic Center for Water.

Kulturminne og kulturmiljø

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturminneområdet, jf. resultat-område Kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Alle midlane på posten blir gitt til øyremerkte formål og disponerte til oppfølging av etablerte samarbeidsavtaler og målretta utviklingstiltak.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde Kulturminne og kulturmiljø.

I 2020 blir det foreslått innanfor kulturminneområdet å gi tilskot til:

- Verdsarv-Unesco (4,3 mill. kroner)

Noregs internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen vart ført vidare frå hausten 2016, som ei 6-årig samarbeidsavtale mellom Klima- og miljødepartementet og Unescos rådgivande organ IUCN og ICCROM. Samarbeidet er organisert som eit program-samarbeid – «World Heritage Leadership – A new capacity building programme of ICCROM and IUCN» – og byggjer vidare på pilotsamarbeidet som vart gjennomført i 2015/2016.
- Verdsarvsenter (13 mill. kroner)

Dei fem autoriserte verdsarvsentra ved Vestnorsk fjordlandskap, Geiranger, Vegaøyan Verdsarv, Bergkunsten i Alta, Alta museum, Røros bergstad og Circumferensen, og industri-arva Rjukan – Notodden, får på bakgrunn av autorisasjonsordninga som er fastsett av Klima- og miljødepartementet etter gitte krav til drift og innhald i sentra årlege driftstilskot. Den totale ramma for ordninga utgjer i 2020 13 mill. kroner. Frå og med 2019 vart ordninga styrkt med 1,5 mill. kroner, med sikte på autorisasjon og driftsstøtte til verdsarvsenter ved Urnes. Ordninga er bygd opp etter tilsvarande modell

som gjeld for besøkssenter for naturinformasjon.

- Foreininga Freda (0,2 mill. kroner)

Foreininga Freda vart etablert i 2006 som ein landsdekkjande interesseorganisasjon for private eigarar av hus og eigedom freda etter Kulturminnelova.
- Bygg og Bevar (3,8 mill. kroner)

Bygg- og bevar er ein nettportal mellom det offentlege, næringslivet og dei private eigarane. Tilskot går til Byggenæringens landsforbund (BNL). Bygg og Bevar er ei kommunikasjonsplattform for kunnskap og kompetanse på freda og verneverdige bygningar, ein sentral møteplass for eigarar av kulturhistoriske eigedommar og kvalifisert handverkskompetanse.
- Arbeid med brearkeologisk sikringsarbeid i Oppland (0,5 mill. kroner)

Brearkeologisk sikringsarbeid i Oppland fylkeskommune. Midlane til dette formålet går til sikring av dei kulturhistoriske verdiane som kan gå tapt ved at funn som kjem fram ved smelting av snøfonner og isbrear blir utsette for nedbryting. Den globale oppvarminga fører til at isen i høg fjellsområda gradvis smeltar. Frå 2011 har eit brearkeologisk sikringsprogram, under leiing av Kulturarveininga ved Oppland fylkeskommune, berga arkeologiske funn frå isen. Det brearkeologiske sikringsprogrammet i Oppland har sidan 2006 samla inn meir enn 2000 funn frå 50 funnstader, noko som utgjer meir enn halvparten av funna globalt, og meir enn 85 pst. nasjonalt. Dei arkeologiske funna frå isen gir eit sjeldan blick inn i ei fortidsverd. Nasjonale og internasjonale klimaaktørar samarbeider rundt koplinga mellom funna og klima i fortid og notid.
- Kulturminnedagen (0,4 mill. kroner)

Noregs Kulturvernforbund er ein paraplyorganisasjon for frivillige organisasjonar som arbeider innanfor områda historie og kulturminnevern. Noregs Kulturvernforbund har koordineringsansvaret for den årlege markeringa av Kulturminnedagen og tilskotet går til dette formålet.
- Etter- og vidareutdanning (EVU) (1,5 mill. kroner)

Noregs teknisk naturvitenskaplege universitet (NTNU) bachelorprogrammet i Tradisjonelt Bygghåndverk. Tilskotet skal medverke til å sikre tilgang på kvalifiserte handverkarar som kan setje i stand den freda bygningsmassen.
- Fortidsminneforeininga (5 mill. kroner)

Fortidsminneforeininga er landets eldste kulturvernorganisasjon, stifta i 1844 og har som mål å sikre verneverdige bygnings- og kulturmiljø. Foreininga er ein stor eigedomsforvaltar. Foreininga eig eigedommar rundt omkring i landet, blant dei åtte stavkyrkjer, Steinvikholm festning, to mellomalderloft, to gardar på Røros og lystgarden Vøienvolden i Oslo. Dei fleste av eigedommane er opne for publikum, og foreininga driv ei form for museumsverksemd. Foreininga får 5 mill. kroner øyremerkte museumsdrift.

- Overføring av statens eigedommar på Røros (8,2 mill. kroner)

Forvaltninga av statens eigedommar, som vart kjøpt i 1980 etter kopparverket på Røros, vart frå 2018 overført til Statsbygg. Dette skal sikre at byggverka blir i samsvar med myndighetskrav, at staten etterlever forplikingane etter verdsarvkonvensjonen og at vidare bruk og bevaring av eigedommane er i tråd med fredingsformålet. Bygningsvernseteret ved Rørosmuseet i Musea i Sør-Trøndelag as (MiST) skal utføre antikvarisk istandsetjing og vedlikehald på eigedommane, som ledd i museet si forskning, dokumentasjon og formidling av bergverksverksemda. Tilskotet skal dekkje dei årlege forvaltingskostnadane.

- Norges Verdensarv (1 mill. kroner)

Norges Verdensarv er ein organisasjon om tek vare på interessene til dei åtte norske verdsarvområda. I dag er alle dei 20 kommunane med verdsarv medlemmar og sju av dei åtte fylkeskommunane som er involverte.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2018

Følgjande tiltak fekk tilskot i 2018: Den internasjonale verdsarv, kapasitets- og kompetansebyggingsaktivitetar i regi av Unescos rådgivande organ IUCN og ICCROM som oppfølging av Noregs internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen, og de fem autoriserte verdsarv-sentene (Vega, Vestnorsk fjordlandskap, Alta, Røros og Circumferensen og Industrieren Rjukan-Notodden). I tillegg fekk følgjande tiltak tilskot i 2018: Foreininga Freda, Etter- og vidareutdanning (EVU), Bygg og Bevar, Klimapark 2469, Fortidsminneforeininga og Kulturminnedagen.

Forureining

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på forureiningsområdet

Mål

Posten skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan forureiningar.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde forureining.

I 2020 blir det føreslått å gi tilskot til:

- Matvett AS til arbeidet med reduksjon av matsvinn og for deira medverknad til oppfølging av avfallsstrategien (0,8 mill. kroner)
- Norsk Institutt for Luftforskning (NILU) (3,321 mill. kroner). NILU gikk i 2019 frå å vere deltakar i «European Topic Centre on Air Pollution and Climate Change Mitigation» under The European Environment Agency (EEA) til å leie eit nytt «European Topic Centre on Air pollution, Transport, Noise and Industrial pollution» (ETC/ATNI). NILU er òg deltakar i «European Topic Centre on Climate Mitigation and Energy» (ETC/CME)
- Meteorologiske institutt (0,3 mill. kroner)
- Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (0,2 mill. kroner)
- Sekretariat for avtala om vern av isbjørn (0,27 mill. kroner)
- GRID Arendals arbeid med marin forsøpling (4,5 millioner) kroner)
- Tilskot til NHO – til nasjonalt program for leverandørutvikling for klimasmarte offentlege anskaffingar (0,25 mill. kroner).

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2018

Det er gitt støtte til Matvett AS med å kartleggje og redusere matsvinn som ei oppfølging av

avfallsstrategien og betalt kontingent til NHO for at Klima- og miljødepartementet skal medverke til leverandørutviklingsprogrammet.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Klima- og miljødepartementet har gitt støtte til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Vidare er det gitt tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor departementets resultatområde. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining og Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Tilskotet for 2018 er nytta til å vidareutvikle EMEP-modellen som vert nytta til å analysere spreining, konsentrasjonar og avsetjingar av luftforureiningar. Slike modellanalysar vert nytta som grunnlag for forhandlingar om internasjonale avtaler om reduksjon i utslepp av luftforureiningar, til dømes *Gøteborgprotokollen*. Norsk institutt for luftforskning (NILU) arbeider som European Topic Centre on Air Pollution and Climate Change Mitigation under The European Environment Agency (EEA). Instituttet er vald ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere delar av kostnadane som Topic Centre nasjonalt. Tilskotet frå Klima- og miljødepartementet dekkjer delar av kostnadene ved NILU sitt arbeid for EEA. Arbeidet Meteorologisk institutt og NILU utfører for EMEP og EEA utgjør òg viktig grunnlag for utvikling av lovgiving i EU på desse fagområda.

Noregs forskingsråd har fått eit ekstra tilskot til samarbeid med EU om strålevernforskning. Bidraget til EUs strålevernprogram sikrar norske forskarar tilgang på midlar og eit felles europeisk forskingsmiljø med fokus på verknaden av radioaktiv forureining av miljøet og grunnlag for å etablere rammeverk for vern av miljøet. Programmet fører saman nøkkelaktørar innan radioøkologisk forskning i Europa og har stor meirverdi for norske aktørar og den kunnskapsbaserte statsforvaltninga. Det er i 2018 utbetalt til saman 2 mill. kroner til dette formålet frå KLD.

Midlane til internasjonale tiltak på miljøgifter vart i 2018 utbetalt til dei internasjonale konvensjonane på kjemikalier.

Klima

Klimaområdet er delt inn i to underområde, nasjonalt og internasjonalt.

Nasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det nasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan klima og nasjonale mål innanfor dette resultatområdet.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde klima.

I 2020 blir det føreslått innanfor det nasjonale klimaområdet å gi tilskot til:

- Reisestøtte i samband med internasjonale klima- og miljømøte (0,35 mill. kroner)
- FNs klimapanel (IPCC) 6. hovudsyklus (7,5 mill. kroner)
- Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) (0,5 mill. kroner)
- ForUM for Utvikling og Miljø (0,45 mill. kroner)
- Støtte for CENs standardiseringsarbeid (0,2 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2018

Innovasjon Noreg (IN) har forvalta pilotordninga for biogass. Ordninga vart evaluert av Vista Analyse hausten 2018. Vista Analyse konkluderer med at formålet kan dekkjast av andre eksisterande tilskotsordningar. Med grunnlag i konklusjonane frå evalueringa, har Klima- og miljødepartementet bestemt å leggje ned ordninga. I revidert nasjonalbudsjett 2019, vart dei ubrukne midlane

overførte frå pilotordninga til bioøkonomiordninga under Innovasjon Noreg.

Det vart gitt tilskot til Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) på 0,5 mill. kroner. Midlane har mellom anna blitt brukt til å støtte etableringa av nye nabolagsnettverk som arbeider med lokale berekraftsløysingar.

ForUMs verksemd i 2018 var i tråd med deira handlingsplan og omfatta sentrale saksområde for Klima- og miljødepartementet, blant anna FN-toppmøte om biologisk mangfald (CBD), klimaforhandlingane (UNFCCC) og Oslo Tropical Forest Forum. ForUMs aktivitet på områda medverka til å setje fokus på saksfelt som er sentrale for Klima- og miljødepartementet, og medverka til koordinerte innspel frå sivilsamfunn. I 2018 gav Klima- og miljødepartementet 0,45 mill. kroner i driftsstøtte til ForUM

Det vart gitt reisestønad til ulike norske ideelle organisasjonar for deltaking i møte mellom anna i dei internasjonale klimaforhandlingane. Noreg har støtta arbeidet med rapportar i tilknytning til FN's klimapanel 6. hovudsyklus, mellom anna gjennom støtte til norske forskarar som medverkar i arbeidet med rapportane.

Internasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det internasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal styrkje arbeidet og internasjonale prosessar på klimaområdet som er viktige for Noreg, og få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor klimaområdet der styrkt internasjonalt samarbeid er heilt naudsynt for å møte klimautfordringa og oppnå det langsiktige temperaturmålet.

I 2020 blir det føreslått innanfor det internasjonale klimaområdet å gi tilskot til:

- Climate and Clean Air Coalition, (CCAC) (9,0 mill. kroner). Noregs bidrag til Koalisjonen for klima og rein luft sitt Trust Fund under UNEP for arbeidet med å redusere utslepp med klimaeffekt på kort sikt og negative helseeffektar.

- Internasjonalt klimaarbeid som understøttar utvikling av forpliktande internasjonalt samarbeid under Parisavtala (8,0 mill. kroner). (Støtte til konferansar, møte, seminar, tilskot til internasjonale organisasjonar osv.).

Vidare skal midlane nyttast til:

- Klimasekretariatets arbeid med å støtte gjennomføring av Parisavtala og Klimakonvensjonen (10,0 mill. kroner). Dette blir gitt i fullmakt til UD som saman med midlar over UD's eige budsjett utbetaler samla støtte til sekretariatet for Klimakonvensjonen.
- FN's klimapanel 4,0 mill. kroner (1,0 mill. kroner er øyremerkte til IPCCs arbeid metodeutvikling for kortlevde klimadrivarar (SLCF)).

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2018

Klima- og miljødepartementet gav i 2018 støtte på 8 mill. kroner til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC) sitt arbeid med å redusere utslepp med klimaeffekt på kort sikt, hovudsakleg metan, hydrofluorkarbonar og svart karbon. Innsatsen er retta mot kunnskapsutvikling og tiltak i sektorar som blant anna avfall, olje- og gass, tungtrafikk og landbruk.

Det vart gitt støtte til internasjonale prosessar for å styrkje internasjonalt klimasamarbeid. Klima- og miljødepartementet har bl.a. prioritert prosessar som støttar opp om gjennomføring og regelverksutvikling under Parisavtala og har gitt støtte til arbeid under OECD, Cartagena-dialogen for samarbeid mellom progressive land, samarbeid mellom møteleiarane i regelverksutviklinga, den uformelle forhandlingsdialogen under C2ES, arbeid under Høgambisjonskoalisjonen og å støtte involvering frå ungdom i klimaforhandlingane. Det vart òg gitt støtte/tilskot til ymse møte i samband med internasjonalt klimaarbeid der Klima- og miljødepartementet har ei sentral rolle.

Det vart utbetalt 6 mill. kroner til CIBIT (Capacity-Building Initiative for Transparency Fund) til arbeidet med kapasitetsbygging for deltaking og rapportering i Parisavtala.

Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Ymse inntekter	83	441	455
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	2 023	1 817	30 565
	Sum kap. 4400	2 106	2 258	31 020

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfældige inntekter. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 30,575 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN), Konvensjon om internasjonal handel med truede arter, FN's klimasekretariat, FN's rammekonvensjon om klimaendringar, Montrealprotokollen og FN's miljøprogram, som alle er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Miljøovervaking	270 750	277 297	268 937
22	Miljøkartlegging		100 579	122 208
23	MAREANO, <i>kan overførast</i>		44 386	45 577
50	Basisløyvingar under Noregs forskningsråd til miljøforskningsinstitutta	186 837	191 294	200 961
51	Forskningsprogram under Noregs forskningsråd	275 959	293 105	334 753
53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 737	6 897	7 083
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	54 441	38 007	38 007
72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	5 000	5 145	5 145
	Sum kap. 1410	799 724	956 710	1 022 671

Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø omfattar midlar til å utvikle eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag på tvers av resultatområda. Dette omfattar mellom anna miljøovervaking, miljøkartlegging, under dette arbeidet med det økologiske grunnkartet, basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta, forskningsprogram i Noregs forskningsråd, og andre tilskot til miljøforsk-

ingsinstitutta. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda.

Klima- og miljøpolitikken skal vere kunnskapsbasert. I Klima- og miljødepartementets kunnskapsstrategi 2017–2020 er det beskrevet både sektoransvaret og det sektorovergripande arbeidet for å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning. Kartlegging er definert som å hente inn stadfesta

informasjon. Overvaking er definert som langsiktig og jamleg å hente inn informasjon etter ein fastsett metodikk. Overvakingsdata er ofte stadfesta, men ikkje alltid. Grunnleggjande geografisk informasjon som plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for ein effektiv klima- og miljøpolitikk.

Kunnskap om klima og miljø er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde. For å kunne ta omsyn til viktige miljøverdiar er det naudsynt å ha stadfesta informasjon om arter, naturtypar, kulturminne og landskap og andre høve som kan ha innverknad på miljøverdiane.

For å få kunnskap om korleis miljøtilstanden utviklar seg treng vi tidsseriar med overvakingsdata samla over lang tid. Vi treng òg overvaking av klimaendringar, forureiningar og andre viktige faktorar som har påverknad på miljøet.

Forskning er naudsynt for å sikre best moglege metodar for innsamling av overvakingsdata. Kompetansen i forskingsmiljøa er òg sentral når overvakingsresultat skal tolkast. Miljøforvaltninga skal sikre bruk av ny teknologi og kostnadseffektive løysingar i kartlegging- og overvaksingsarbeidet. Der det er relevant og føremålstenleg skal anskaffingar vere «teknologinøytrale» og basert på ytings- og funksjonsspesifikasjonar.

I oktober 2018 la regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen inneheld tiårige mål og prioriteringar og tre opptrappingsplanar for perioden 2019–2022. For nærare omtale av regjeringas forslag til oppfølging av langtidsplanen i 2020 og den samla FoU-innsatsen, sjå del III, kap. 5, i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet. I tillegg gir dokumentet Klima- og miljødepartementets prioriterte forskingsbehov (2016–2021) informasjon om særskilte behov på klima- og miljøområdet.

Kunnskapsdepartementet har saman med fleire departement, under dette Klima- og miljødepartementet, sett i gang eit arbeid med å vurdere instituttsektorens rolle i forskings- og innovasjonssystemet. Norske forskingsinstitutt har ein unik posisjon som bindeledd mellom academia og kundar, og sektoren er sentral for innovasjon og grønt skifte. Instituttprosjektet skal leggje grunnlaget for ein heilskapleg instituttpolitikk. Prosjektet gjennomgår dei sentrale tema i dagens politikk og foreslår nokre justeringar og nye element.

Alle postane under kap. 1410, unnateke postane 70 og 72, har fått priskompensasjon.

Post 21 Miljøovervaking

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten er samla sett redusert med om lag 8,3 mill. kroner. Det er flytta 21,93 mill. kroner frå posten til post 22 under kap. 1410 for å samle alle midlane til kartlegging på ein post. Ved ein feil blei dette ikkje gjennomført i 2019-budsjettet. Det er lagt inn 9,6 mill. kroner frå postane 21 og 22 under kap. 1420 for å samle overvaksingsmidlane på denne posten. I tillegg er posten auka med 1 mill. kroner til Forskningsrådets arbeid med EUs strålevernforskning. Løyvinga til dette arbeidet er no til saman 2 mill. kroner. Posten dekkjer utgifter til å hente inn miljødata knytt til overvaking av tilstand, påverknader og effektar av desse på naturmiljøet og kulturminne. Posten inneheld òg midlar til infrastruktur for miljødata, under dette etablering av og drift av ulike databasar. Oversikt over status og utvikling for indikatorar for dei nasjonale klima- og miljømåla, som mellom anna byggjer på data som er skaffa fram med midlar frå denne posten, går fram av Miljøstatus.no.

Miljøovervaking gir grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden. Noreg deltek òg i ei rekkje internasjonale overvaksingsprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. Overvaksingsprogramma må derfor gå over fleire år for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for tiltak og politikkutvikling for å nå nasjonale mål.

Naturovervakinga omfattar overvaking av status og utvikling for arter og naturtypar, under dette mellom anna sjøfuglprogrammet SEAPOPOP (inkludert SEATRACK), bestandsovervaking av rovvilt, og overvaking av tareskog. Overvaking av påverknader og effektar omfattar mellom anna overvaking av forureiningar og farlege kjemikalier, og effektar av klimaendringar. Nokre midlar går òg til overvaking av kulturminne og kulturmiljø.

Rapport 2018

Midlane på posten gjekk i 2018 til ei rekkje ulike overvaksingsprogram, som er langsiktige og som

dekkjer ulike miljøtema som naturmangfald, klima, forureining og miljøgifter, og kulturminne. Overvakinga vert koordinert av direktorata, og resultatane vert rapporterte til departementet. Lange tidsseriar og data frå miljøovervakinga inngår i nasjonale miljøindikatorar og vert formidla på Miljøstatus.no og direktorata sine nettsider. Resultat frå overvakinga vert òg publiserte gjennom fagrapportar som blir gitt ut av direktorata og dei institutta og forskingsmiljøa som gjennomfører overvakinga. Miljødirektoratet koordinerer overvaking som gjeld natur, klima og forureining. Dette omfattar overvaking av luft, terrestrisk miljø, ferskvatn og kystvatn. Polarinstituttet koordinerer polarovervaking, og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik koordinerer overvaking knytt til radioaktivitet. Riksantikvaren koordinerer overvaking av kulturminne og kulturmiljø.

Relevante overvakingsdata frå naturovervaking inngår i produksjonen av Naturindeks for Noreg, som er ein hovudindikator for det nasjonale målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Overvakingsdata vert oppdaterte kvart år, mens ei samla oppdatering av heile naturindeksen skjer kvart femte år. Overvakingsdata frå naturovervakinga er òg grunnlag for indikatorsystemet knytt til fagsystem for fastsetting av økologisk tilstand.

Post 22 Miljøkartlegging

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda. Posten dekkjer utgifter til å hente inn stadfesta (koordinatbestemt) miljøinformasjon frå kartlegging, det vil seie alle typar av eingongsinnhenting av stadfesta informasjon. Arbeid med naturkartlegging og etablering av det økologiske grunnkartet utgjer ein stor del av midlane på posten. Det blir òg nytta midlar frå posten til å byggje opp digital infrastruktur for innsamling og formidling av stadfesta økologiske data og til Artsdatabanken sitt arbeid med å gjere grunnkartet tilgjengeleg for samfunnet. Metoden som er nytta i naturkartlegginga byggjer på inndelings- og beskrivingsystemet Natur i Noreg (NiN). Det økologiske grunnkartet omfattar ei samling av kartdata med stadfesta informasjon om blant anna naturtypar, arter og landskapstypar. Summen av desse kartdata vil saman gi eit økologisk grunnkart for Noreg, og gi grunnlag for ei kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

Data frå miljøkartlegging er, likeeins med data frå miljøovervaking, ein viktig del av grunnlaget for Miljøstatus.no.

Posten er samla sett auka med om lag 21,6 mill. kroner. Det er flytta om lag 21,9 mill. kroner til posten frå post 21, jf. omtale under post 21. Det er flytta 3 mill. kroner frå posten til kap 1400 post 76 til SABIMA si drift av kartleggingskoordinatorar og gjennomføring av kartlegging i Artsobservasjonar.

Rapport 2018

Posten var ny i 2019, og det er difor ikkje rapportering for 2018.

Post 23 MAREANO, kan overførast

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten dekkjer Klima- og miljødepartementets del av utgiftene til MAREANO-programmet. MAREANO-programmet kartlegg havbotnen i norske havområde, gjennom systematisk innsamling av data om djupn og om havbotnen sin geologi, landskap, naturmangfald og forureining. Føremålet med kartlegginga er å medverke til ein kunnskapsbasert forvaltning av dei havbaserte næringane og dei marine økosystema. MAREANO-programmet set ein ny standard for kunnskap om havbotnen, og har vekt internasjonal merksemd. Det vurderast å opne opp for at MAREANO-programmet fra 2021 også gjennomfører noko kartlegging inn mot kysten.

Rapport 2018

Posten var ny i 2019. Sjå tekst under kap. 1424 for rapport på bruken av løyvinga til MAREANO i 2018.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten er samla sett auka med om lag 9,6 mill. kroner. Det er rammeoverført 4,5 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets kap. 920, post 50 «Basisløyvingar til dei teknisk-industrielle institutta». Saka er at den delen av basisløyvinga til dei teknisk-industrielle institutta som gjekk til miljøforskning ved to av institutta som går inn i NORCE, IRIS og Norut, er overført til fordelingsarena for miljøinstitutta.

Posten dekkjer no grunnløyvinga til fordelingsarena for miljøinstitutta. Midlane som tidlegare gjekk til strategiske instituttløyvingar blir no

tildelte som ein del av grunnløyvinga til institutta. Dette gjeld også midlane som tidlegare gjekk til strategiske instituttløyvingar ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

Frå og med 2018 blei 10 pst. av grunnløyvinga omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular, internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center), Transportøkonomisk institutt (TØI) og delar av forskingskonsernet NORCE. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøforvaltinga, og skal innanfor sine område tilfredsstillere samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Noregs forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskringsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltningas kunnskapsbehov.

Rapport 2018

Midlane på posten vart nytta til å dekkje grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

Post 51 Forskingsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innanfor alle resultatområde. Midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

Mål for miljøforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøar-

beid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvalting og samfunnsplanlegging. Miljøforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltingsoppgåver, for avgjerder i politikktutforming og som grunnlag for internasjonalt miljø samarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaendringar og klimaomstilling, under dette forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Forskringsinnsatsen for å nå mål om omstilling til eit lågutslepps samfunn, med særleg fokus på utvikling av løysingar i ikkje kvotepliktige utsleppssektorar, hadde i 2019 ei ramme på 91,5 mill. kroner.

Regjeringa styrkjer satsinga på forskning for omstilling til lågutslepps samfunnet, teknologiutvikling for det grøne skiftet og vellykka klimatilpassing med 35 mill. kroner til Noregs forskingsråd. Dei nye rapportane frå FN's naturpanel og IPCC spesialrapport om landareal viser at klimautfordringane og tap av naturmangfald må sjåast i samanheng. Klima- og miljøutfordringane er komplekse og tverrfaglege. For å ta gode heilskaplege avgjerder treng vi meir kunnskap om koplingane mellom dei ulike fagområda.

Posten er samla sett auka med om lag 41,6 mill. kroner. Det er rammeoverført 0,6 mill. kroner til finansiering av eit havsekretariat i Noregs forskingsråd, over kap. 285 post 55 under Kunnskapsdepartementet. Eit slikt havsekretariat finansiert over rådets verksemdsbudsjett skal gi strategiske råd og tilrådingar om forskning og utvikling retta mot berekraftig bruk og forvalting av havet og delta i ulike nasjonale og internasjonale prosessar.

Oppfølging og kontroll

Departementet får årsrapportar frå Noregs forskingsråd. Rapportane er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøforvaltinga valde inn i porteføljestyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå regjeringas forskingspolitiske mål. Regjeringa har fastsatt fem mål for Forskringsrådet. Måla er:

- auka vitenskapelig kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit vel fungerande forskningssystem

- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styringsystem for departementa si styring av Forskingsrådet. Samla resultat av verksemda til Noregs forskingsråd i 2018 er omtalt i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Rapport 2018

I 2018 vart løyvinga nytta til finansiering av forskingsprogramma Miljøforsk, Marinforsk, Klimaforsk, Energix, Bedre helse, Polarforskningsprogrammet og Program for romforskning.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Posten er auka med 0,2 mill. kroner i høve til 2019.

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA). IIASA er eit internasjonalt forskingsinstitutt som mellom anna medverkar med analysar til arbeidet med internasjonale miljøavtaler. Instituttet medverkar til internasjonale forhandlingar om klima og luftforureiningar med sin kompetanse innanfor scenarioutvikling, integrert vurdering av langsiktig policy for utsleppsreduksjonar på tvers av land og utvikling av strategiar for å redusere effektane av klimaendringar. Bidrag frå instituttet utgjer eit nausynt grunnlag for dei internasjonale forhandlingane om reduksjon av sur nedbør og andre konsekvensar av luftforureiningar. Instituttet spelar òg ei sentral rolle som rådgivar i EUs arbeid med klima og luftforureiningar.

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd, som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Mål

Målet er å syte for at Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning

(NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (Cicero) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ ved behov, til informasjons- og databasetenester overfor forvaltninga, under dette vedlikehald av relevante nasjonale databasar, og driftsstilskot til ulike forskingsstasjonar.

Det ligg òg inne 4,7 mill. kroner i driftsstøtte til Forskingssenter for miljø og samfunn (CIENS) som har ansvar for å drifte Miljøprøvebanken.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2018

I 2018 vart løyvinga mellom anna nytta til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ, databasetenester, oppretthalde algesamling som nasjonal referansesamling, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av ville laksebestandar, nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, driftsstøtte for målestasjonane på Zeppelinfjellet og Trollhaugen i polarområda, referanselaboratorium for målingar av luftforureining og atmosfærisk korrosjon, vidareutvikling og drift av Miljøprøvebanken og til vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Posten er ført vidare med same løyving som i 2019.

Mål

Løyvinga skal støtte utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at instituttet drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring, med Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapport og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med instituttet for å drøfte prioriteringar.

Rapport 2018

I 2018 blei løyvinga nytta til fagleg rådgiving til miljøforvaltinga, mellom anna i form av rapportar til Miljødirektoratet i samband med GMO-høyringar, rådgiving om genmodifiserte vaksinar, og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurdering av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem, og samfunnsvitskaplege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Kap. 1411 Artsdatabanken

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	30 549	32 020	32 587
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	17 956	8 883	7 122
70	Tilskot til arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	29 456	28 890	29 666
Sum kap. 1411		77 961	69 793	69 375

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank om naturmangfald i Noreg. Artsdatabanken si viktigaste oppgåve er å gjere oppdatert kunnskap om naturtypar, arter og populasjonar lett tilgjengeleg for samfunnet. Mellom anna lagar Artsdatabanken raudliste for arter, raudliste for naturtypar, dei gjer risikovurderingar for framande arter i Noreg, utviklar type- og beskrivingsystem for natur (Natur i Noreg), og har viktige oppgåver i arbeidet med å etablere det økologiske grunnkartet.

Artsdatabanken er ein fagleg uavhengig og bruttobudsjettert etat med eige styre. Det faglege sjølvstendet, og styret sitt ansvar og oppgåver, er nedfelt i Artsdatabanken sitt mandat og instruks.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene for Artsdatabanken. Om lag tre fjerdedelar av løyvinga gjeld løn til dei tilsette. Resten av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av

IT-anlegget, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til mellom anna Artsdatabankens kjøp av tenester til Artsprosjektet, arbeid med raudlister, risikovurderingar av framande organismar, arbeidet med Artsobservasjonar og arbeid med Global Biodiversity Information Facility (GBIF) som gjer data om naturmangfald fritt tilgjengelege på internett.

Posten er redusert med 2 mill. kroner som i 2019 vart lagt inn som eit eingongsbeløp til ny datainfrastruktur.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 4411 post 02.

Rapport 2018

I 2018 vart løyvinga nytta til ferdigstilling og publisering av ny Framandliste for Noreg, og med

omfattande oppfølging av resultatene i etterkant. Midlar har òg vore nytta til ferdigstilling og publisering av ny Raudliste for naturtypar, og til drift av Artsprosjektet. Midlar har vidare vore nytta til tenestekjøp og investeringar knytt til nye kontorlokale, systemutvikling av Artskart og Artsobservasjonar, og administrative støttefunksjonar som ny bruttofinansiert verksemd. Overførte midlar frå 2017 har vore nytta til kunnskapsoppbygging innan økologisk grunnkart.

Post 70 Tilskot til arter og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Posten dekkjer tilskot til kunnskapsoppbygging om arter og naturtypar i Noreg.

Mål

Tilskotsordninga skal styrkje kunnskapen om mangfaldet av arter i Noreg til beste for allmenta, forvaltning og forskning slik at vi i framtida er betre rusta til å forvalte naturmangfaldet.

Kriterium for måloppnåing

Det skal leggjast særleg vekt på kartlegging og dokumentasjon av dårleg kjende arter og artsgrupper i Artsprosjektet. Tilskotsordninga kan òg nyttast til å byggje kunnskap om naturvariasjon basert på Natur i Noreg (NiN), styrkje kompetansebygging innan naturmangfald og styrkje formidling av arter og naturtypar i Noreg. Tilskot kan vidare nyttast til å fremje brukarstøtte og kvalitetssikring av Artsfunn i Artsobservasjonar, og til å medverke til at data om arter og naturtypar blir tatt i bruk.

Kap. 4411 Artsdatabanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Ymse inntekter	17 061	417	428
	Sum kap. 4411	17 061	417	428

Post 02 Ymse inntekter

På posten er det ført ymse inntekter, primært inntekter frå eksterne oppdragsgivarar. Dei tilsva-

Tildelingskriterium

Midlane til Artsprosjektet er særleg retta mot vitenskapelege institusjonar. For andre føremål kan institusjonar, stiftingar, føretak og frivillige organisasjonar også få tilskot

Oppfølging og kontroll

Alle tilskotsmottakarar leverer rapportar som syner den kunnskapsproduksjon som tilskotet har finansiert, samt reviderte rekneskap frå gjennomførte prosjekt. Det vert stilt krav om open data-delning og bruk av opne lisensar for data-delning og gjenbruk.

Rapport 2018

Størstedelen av midlane vart nytta som tilskot til kartlegging og dokumentasjon av dårleg kjende arter og artsgrupper i Artsprosjektet. I 2018 har Artsprosjektet kome med mykje ny kunnskap om dårleg kjende arter. Frå 2009 til 2018 er det funne nærare 3000 nye arter for Noreg. Av desse er om lag 350 av dei nye artene frå kartleggingsprosjekt som blei avslutta i 2018. DNA-strekkoding i NorBOL-nettverket har løfta kunnskapsgrunnlaget om norske arter vesentleg. Forskarskulen i biosystematikk (ForBio) har styrkt og vidareutvikla kompetansen og kapasiteten i dei taxonomiske fagmiljøa i Noreg.

Artsobservasjonar er framleis ein stor suksess. Den har passert 20 millionar observasjonar, og er den største enkeltdatabasen for arter i Noreg. Artsdatabanken har i 2018 lagt stor vekt på arbeidet med kvalitetssikring av artsfunna, og har nytta midlar frå posten til dette.

rande utgiftene er budsjetterte under kap. 1411 post 21.

Kap. 1411 post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1412 Meteorologiformål

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Meteorologisk institutt	302 389	313 882	339 635
70	Internasjonale samarbeidsprosjekt	148 560	172 566	146 127
	Sum kap. 1412	450 949	486 448	485 762

Ansvaret for Meteorologisk institutt vart flytt frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet med verknad frå 1. januar 2018.

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt (MET) står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Meteorologisk institutt sitt arbeid med å overvake og varsle vær, er ein kritisk samfunnsfunksjon.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Meteorologisk institutt er blant dei fremste kunnskapsmiljøa i Noreg på klimaendringar. Instituttet har ei viktig rolle i å førebu Noreg på eit endra klima, blant anna gjennom leiinga av Klimaservicesenteret (KSS). Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

MET må ha eit observasjonsnettverk som dekkjer Noreg, våre havområde og Svalbard tilstrekkeleg godt til å utarbeide vêrvarsel av høg kvalitet og studere klimaet. METs observasjonsnettverk inkluderer automatiske og manuelle målestasjonar, referansestasjonar for klima, stasjonar i Arktis og vêrradarar. Observasjonsnettverk til instituttet er monaleg utvida dei siste 10 åra og krev betydelege middel til drift, vedlikehald og fornying. For å sikre ei forsvarleg forvaltning og fornying av observasjonsutstyret til Meteorologisk institutt er det foreslått å auke løyvinga til kap. 1412 post 50 med 12 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å overføre ansvaret for å forvalte eigedommane til Meteorologisk institutt

på Blindern i Oslo til Statsbygg frå og med 1. januar 2020. Bygningsmassen består av blant anna hovudbygg frå 1940, eit midlertidig avlastningsbygg frå 1981 og datahall med teknisk infrastruktur, kantine og møterom frå 2011. Eigedommane blir med dette innlemma i statens husleigeordning. Bygningar og eigedom er taksert til 158 mill. kroner. Dette gir eit årlig kapitalelement i husleiga på 6,8 mill. kroner. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Meteorologisk institutt med 6,8 mill. kroner, tilsvarende kapitalkostnadene i husleiga, i tråd med praksis frå tidlegare forvaltningsoverføringar.

Meteorologisk institutt fekk midlar frå medfinansieringsordninga administrert av DIFI for å effektivisere innsamlinga av observasjonar og forvaltning av klimadata. Gevinstrealiseringsplanen viser ein netto nytteverknad for Meteorologisk institutt på 2,9 mill. kroner frå 2020. I tråd med ordninga skal minst 50 pst. av dei årlege innsparingane som oppstår internt i verksemda realisert ved reduksjon av budsjettramma. Klima- og miljødepartementet foreslår derfor ein reduksjon av budsjettramma på kap. 1412 post 50 med 1,45 mill. kroner.

Ut over dette er posten prisjustert med 9,9 mill. kroner. Samla løyving på posten for 2020 er 339,6 mill. kroner.

Mål

Meteorologisk institutt overvaker og varslar vêret med høg kvalitet og regularitet og bereknar klimaet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og befolkninga kan sikre liv og verdiar og verne miljøet.

Meteorologisk institutt driv forskning og utvikling på alle sine fagområde så instituttet kan yte tenester i verdsklasse.

Rapport for 2018

For 2018 er kvaliteten på varsla for nedbør og temperatur betre enn åra før. For temperatur kjem auka kvalitet av at MET har utvikla og innført metodar for å inkludere private observasjonar i vêrvarslingsproduksjonen, mens endringane for nedbør best kan forklarast med det spesielle vêret i 2018. Kvaliteten for vind er omtrent som åra før. Varselkvaliteten aukar for kvar treårsperiode. Modellresultata for hav og kyst er betra ved hjelp av gode inngangsdata frå numerisk vêrvarsling, og gir no betre varsel. Radarar som måler overflatastraum langs kysten gir betre straumvarsel, og betrar dermed beredskapen for oljesøl, søk og redning og drivande gjenstandar. Instituttet varsla om ekstreme vêrforhold fire gonger i 2018.

Nye farevarsel vart introduserte i 2018, med ei fargemarkering som viser kor alvorleg vêret er venta å bli. NVE nyttar det same systemet. Noreg har med dette fått ei felles og standardisert farevarsling som er enklare å forstå for dei som brukar varsla.

Samarbeidet mellom dei meteorologiske institutta i Noreg, Sverige og Finland om operasjonell numerisk vêrvarsling (MetCoOp) fungerer svært godt, og det vert arbeidd med ei ytterlegare utviding av konsortiet. Samarbeidet effektiviserer produksjonen av varsel, gir betre beredskap og ein monaleg stordriftsfordel innanfor tungrekning.

MET har ein eigen vêrvarslingsmodell for Arktis og deltek i ei rekkje forskingsprosjekt med Arktis i fokus. To viktige prosjekt er Arven etter Nansen der hovedfokus er framtidens Barentshav og Copernicus si marineteneste der MET saman med NERSC og HI har ansvar for Arktis. 2018 starta MET prosjektet Arktis2030 der målet er å styrkje beredskap for miljø og tryggleik rundt Svalbard. Vidare starta arbeidet med å oppgradere MET sine automatstasjonar på Svalbard som del av SIOS. I 2018 fekk MET dessutan tilslag på nye EU-prosjekt innanfor Horisont 2020 der målet er å betre framtidige satellittbaserte tenester for Arktis.

Kostnadane til teknisk infrastruktur og vedlikehald av observasjonsnett auka gradvis, og utgjer ei utfordring for instituttet sin økonomi. Også kostnadane til tungrekning aukar. Instituttet må difor prioritere hardt mellom dei ulike driftsoppgåvene og investeringsbehova.

Instituttet har ei viktig rolle i arbeidet med tryggleik og beredskap, og deltar jamleg i øvingar med Forsvaret og andre etatar der vêr og klima spelar ei rolle. I 2018 var MET ein av deltakarane i

Trident Juncture og leverte tenester til både Forsvaret og dei andre aktørane innanfor Totalforsvaret. Instituttet testar dessutan utsleppsmodellane sine hyppig og vil kunne varsle farlege utslepp til luft og hav i løpet av 30 minutt, så lenge staden for utsleppa er kjent.

I samarbeid med Statens Vegvesen, Miljødirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet, blei varsling av luftkvalitet to dagar fram i tid for alle stadar i Noreg lansert i november 2018. Tenesta «Luftkvalitet i Norge» vart opna for alle i januar 2019. På klimasida avslutta MET arbeidet med klimaprofilar for alle fylke i Noreg med å ferdigstille ein klimarapport for Svalbard. Rapporten vil leggje grunnlag for samfunnet si tilpassing til eit endra klima.

Yr nådde 10 millionar unike brukarar i veke 32 i 2018 og er for åttande året på rad den vêrtenesta flest nordmenn har tillit til, ifølgje Ipsos si omnibusundersøking.

For 13. år på rad blei MET kåra til den statsetaten i Noreg som har best omdømme blant publikum.

Post 70 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT) Eventuelle overskot av kontingentinnbetalingar til EUMETSAT blir overførte til eit fond, Working Capital FUND (WCF). Fondet er heimla i EUMETSATs statuttar og består av akkumulert budsjettoverskot
- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET og ECOMET er dei største samarbeidsnettverka)
- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)

Noreg er medlem i EUMETSAT, ECMWF og WMO gjennom å ha tiltredd internasjonale konvensjonar. Budsjettvedtak i dei styrande organa er dermed forpliktande for Noreg. Det prosentvise bidraget frå eit land til budsjettet er proporsjonalt med bruttonasjonalinntekta i landet. Når det gjeld dei andre internasjonale organisasjonane, er det Meteorologisk institutt (MET) som er medlem.

Storleiken på løyvinga på posten er òg avhengig av svingingar i valutakursane og aktivitetsni-

vået i dei ulike organisasjonane. Mesteparten av utgiftene er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Det nye polarbanesatellittprogrammet (EPS-SG) har ført til ein auke i bidraget frå Noreg til EUMETSAT dei seinare åra, med ein topp i 2018. JASON-programmet under EUMETSAT medverkar òg til å halde utgiftene til EUMETSAT på om lag same nivå.

Klima- og miljødepartementet foreslår ei løyving på 146,1 mill. kroner.

Mål

Målet med løyvinga er å medverke til å dra nytte av utvikling og betring av meteorologiske tenester gjennom internasjonalt samarbeid.

Rapport 2018

EUMETSAT er den største og viktigaste samarbeidsorganisasjonen, og i 2018 var bidraget frå Noreg på 128 mill. kroner. EUMETSAT driftar ei rekkje ulike satellittar for meteorologiske data. Særleg polarbanesatellittane er viktige for varslinga av vêret i Noreg. Eit nytt polarbanesatellittprogram (EPS-SG) blei starta i 2015. Første nye satellitt i dette programmet skal ifølgje planen sendast opp i tredje kvartal 2022, og den andre satellitten eit år seinare. Viktig er òg det geostasjonære satellittprogrammet METEOSAT, som no førebur tredje generasjons satellittar (MTG). Det har vore nokre forseinkingar i programmet, og første nye satellitt i dette programmet skal ifølgje planen skytast opp i 2021.

Satellittprogrammet JASON, som overvaker verdshava, skal førast vidare. For Noreg er dette særskilt viktig for forskinga på og overvakinga av klimaet, i tillegg til at data frå satellittane blir nytta i modellar for varsling av straum, havtemperatur, havis med meir. Data frå dei meteorologiske satellittane har i dei seinare åra ført til ei monaleg kvalitetsforbetring av vêrvarslinga. ECMWF kan til dømes vise til ei klar betring i prognosekvaliteten på grunn av data frå satellittane.

Noreg er eitt av 22 medlemsland i det europeiske reknesenteret ECMWF. I tillegg har tolv land status som samarbeidsland, og dermed tilgang til produkt frå ECMWF. ECMWF har dei beste globale tidøgnsvarsla i verda og er leiande på utvikling av numeriske berekningsmodellar for vêrvarsling. ECMWF har òg ei sentral rolle i det europeiske Copernicus-samarbeidet. I 2018 var bidraget frå Noreg på 12 mill. kroner. I 2017 blei det avgjort å flytte datasenteret til ECMWF frå Reading i England til Bologna i Italia. Det er for å få tilstrekkelig straumkapasitet til dei nye tungreknemaskinane som skal skaffast i 2019–2020.

EUMETNET er eit nettverk mellom dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa for å nytte ressursane mest mogleg effektivt. EUMETNET driv felles program innanfor det europeiske meteorologiske observasjonssystemet. For å nå måla sine, er MET heilt avhengig av europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta. I 2018 var bidraget frå Noreg på 1,7 mill. kroner.

EUMETNET, saman med EUMETSAT og ECMWF, spelar ei viktig strategisk rolle som overbygning for den meteorologiske infrastrukturen i Europa, og som kontaktpunkt overfor EU når det gjeld meteorologi.

ECOMET syter for at observasjonane og dei numeriske prognosane frå dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa er tilgjengelege for private kommersielle aktørar, og for at den kommersielle aktiviteten i dei nasjonale meteorologiske institutta oppfyller konkurranselovgivinga.

FN-organisasjonen WMO syter for global utveksling av meteorologiske observasjonar i nær sanntid mellom dei 190 medlemslanda. Vitenskaplege nyvinningar innanfor varsling av vêr blir òg i stor grad gjorde tilgjengelege for alle verdas meteorologiske institutt gjennom WMO. WMO har mellom anna ei satsing spesielt retta mot å utnytte sesongvarsling og klimaprognosar betre i u-land som er sårbare for tørke og flaum (Global Framework for Climate Services). Tilskotet frå Noreg til WMO i 2018 var på 4,6 mill. kroner.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld resultatområde Naturmangfold, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Programkategorien omfattar verksemda til Miljødirektoratet, Enova og noko av verksemda til Sjøfartsdirektoratet og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik.

Oppfølginga av dei tre nasjonale måla for naturmangfold skjer i hovudsak med utgangspunkt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold*. Regjeringa vil arbeide for å nå ambisjonane i Aichi-måla og følgje opp naturmangfoldmeldinga i tråd med Stortingets innstilling. Prioriterte tiltak i 2020 er å føre vidare satsinga på å betre kunnskapen om arter og økosystem, auke arealet av verna skog og marine verneområde, samt vidare utvikling av ei økosystembasert forvaltning. Arbeidet med å ta vare på truga natur og verdiane i verneområda blir styrkt i 2020. Arbeidet med å gjennomføre restaureringstiltak som er prioriterte i vassforvaltningsplanane blir trappa opp. Tiltak og verdiskaping knytt til villrein, under dette etablering av kvalitetsnorm for villrein, blir styrkt. Arbeidet med å etablere eit nytt globalt rammeverk for bevaring av naturmangfold vil bli høgt prioritert. Andre viktige prioriteringar i 2020 er styrkt oppsyn for å hindre ulovleg fiske etter anadrom laksefisk, rovviltarbeide, utarbeiding av ein plan for å oppfylle kvalitetsnorma for villaks, gjennomføring av tiltaksplan for pollinerande insekt, under dette ei styrkt overvaking av insekt, tiltaksplan mot framande arter og suppleringsvern.

Regjeringa er oppteken av å ta vare på Noregs sterke tradisjonar for friluftsliv, med utgangspunkt i allemannsretten til fri ferdsel i utmark. Arbeidet med å følgje opp handlingsplanen for friluftsliv vil halde fram i 2020, i nært samarbeid med friluftslivsorganisasjonane. Stortingsmeldinga og handlingsplanen utgjer saman grunnlaget for statens arbeid med friluftsliv.

For å motverke og redusere forureining blir det grunnleggjande og langsiktige arbeidet med forvaltning av nasjonalt regelverk, internasjonale avtaler og løyvingar til tiltak vidareført. Regjeringa legg vekt på å arbeide for å redusere spreieing av miljøgifter. Noreg har ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om dette. Arbeidet med å førebyggje og rydde opp i marin forsøpling og redusere spreieing av mikroplast nasjonalt og internasjonalt har høg prioritet. Internasjonalt vil Noreg halde fram med si leiarrolle for å få på plass sterkare globale forpliktingar, samstundes som arbeidet med nasjonale tiltak held fram.

Klima er ei av regjeringa sine hovudprioriteringar. For å redusere utsleppa og omstille Noreg til eit lågutsleppsamfunn i tråd med klimalova forsterkar regjeringa stadig verkemiddelbruken. Av særleg prioriterte tiltak i 2020 er auke av CO₂-avgifta, styrkinga av Nullutsleppsfondet gjennom Enova og satsinga på grøn skipsfart. Ei styrking av Nullutsleppsfondet vil setje Enova i stand til å trappe opp satsinga på nullutsleppsteknologi i næringstransporten og medverke til ytterligare reduserte utslepp frå veg- og sjøtransport. Styrkinga på grøn skipsfart går til tiltak for auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband, og arbeidet med grøn flåtefornyng av lasteskip.

Resultatområde

Tabell 7.2 Resultatområde under programkategori 12.20

Resultatområde	Nasjonale mål
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> – Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. – Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast. – Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> – Friluftslivets posisjon skal sikrast og utviklast vidare gjennom å ta vare på allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. – Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> – Forureining skal ikkje skade helse og miljø. – Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast. – Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting. – Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft: <ul style="list-style-type: none"> – Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³ – Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³ – Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³
Klima	<ul style="list-style-type: none"> – Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på per- – Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. – Noreg har på vilkår teke på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. – Noreg skal vere klimanøytralt i 2030. – Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppsamfunn i 2050. – Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling. – Politisk mål om at samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald

Kunnskap om natur

I 2020 vil ein kartportal for Økologisk grunnkart bli realisert. Dette er ei oppfølging av Stortingets handsaming av naturmangfaldmeldinga. Det økologiske grunnkartet vil vere samansett av ulike kartlag, som saman blant anna gir kunnskap om kor typar av natur finnast. Det økologiske grunnkartet skal vere eit felles verktøy på tvers av sektorane, som gir grunnlag for meir heilskapleg forvaltning, og dermed betre avgjerdsprosessar.

Stortinget har fatta vedtak om at dei tre listene Norsk raudliste for arter, Norsk raudliste for naturtypar og Framandartslista skal bli gjennom-

gått kvart femte år. Regjeringa meiner det er meir føremålstenleg med ein revisjon av listene kvart sjette år, det vil seie to år mellom lansering av kvar nye liste. Dette vil samtidig flate ut arbeidsbelastninga i Artsdatabanken, som utarbeider dei tre listene.

Ny Naturindeks for Noreg vil bli presentert i 2020. Naturindeksen gir ei oversikt over utviklinga for naturmangfaldet i økosystema. Den blir berekna på grunnlag av bestandsutviklinga hos over 300 arter eller grupper av arter, og gir oppdatert kunnskap til arbeidet for å ta vare på naturmangfald i Noreg.

I 2020 vil det også bli arbeidd vidare med utvikling av kunnskapsgrunnlaget for ei overordna, økosystembasert forvaltning.

Heilskapleg vassforvaltning

Arbeidet med å styrkje norsk vassforvaltning etter vassforskrifta, som gjennomfører EUs vassdirektiv i norsk rett, vil halde fram. Dei heilskaplege og sektorovergripande vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram for perioden 2016–2021 er eit viktig verktøy for å nå måla om godt vassmiljø i ferskvatn, kystvatn og grunnvatn i Noreg.

Planane skal oppdaterast kvart sjette år fram til 2033. Regjeringa vedtok våren 2019 nye nasjonale føringar for vassforvaltninga. Som følgje av dette vil vassregionmyndigheitene i 2020 gjennomføre høyring av forslag til oppdaterte planar og tiltaksprogram, som skal vere i tråd med dei nasjonale føringane. Føringane dekkjer dei fleste viktige påverknadene på vassmiljøet.

Gjennomføring av miljøforberande og beskyttande tiltak skal føre til at Noreg når måla på vassforvaltingsområdet. Planane og miljømåla skal leggjast til grunn for sektorane si gjennomføring av tiltak innafor eige ansvarsområde. Å nå målet om godt vassmiljø i heile landet krev at alle partar medverkar i arbeidet med oppdateringa av planar og tiltaksprogram, og at ansvarlege sektormyndigheiter gjennomfører tiltak for å nå måla i gjeldande og oppdaterte planar. Ein føresetnad for gode resultat, er betring av kunnskapen om tilstanden i, og påverknadene på, vassførekomstane. Regjeringa vil i 2020 halde fram med overvakinga av vassførekomstane i Noreg.

Heilskapleg forvaltning av havområda

Å ta vare på eit godt havmiljø er i kjernen av regjeringa sitt arbeid med og satsing på hav, nasjonalt og internasjonalt. Verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet. Nasjonalt er dei heilskaplege forvaltningsplanane regjeringas verktøy for å samordne berekraftig bruk og bevaring av dei marine økosystema i dei norske havområda. Målet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystem i havområda, og samtidig halde ved lag struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Regjeringa vil i 2020 leggje fram ei melding til Stortinget om revidering av forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten. Samtidig vil òg forvaltningsplanane for Norskehavet og for Nordsjøen–Ska-gerrak bli oppdaterte. Arbeidet vil bli basert på det faglege grunnlaget som Faglege forum leverte våren 2019.

Klimaendringar og havforsuring er av dei største utfordringane vi står overfor i forvaltninga av havmiljøet i tida framover. For å skaffe naudsynt kunnskap om effektane av forsuring på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema, vil den langsiktige overvakinga bli halden ved lag og vidareutvikla. Det er òg sett i gang eit arbeid for å utvikle kunnskapen om havet si rolle i klimasystemet, og om klimaet sin påverknad på dei marine økosystema og grunnlaget for dei marine næringane.

Kartleggingsprogrammet for havbotn, MARE-ANO, og overvåkingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har gitt monaleg ny kunnskap om marin natur, og begge programma vil bli førte vidare i 2020. SEATRACK er ein modul i SEAPOP som på kort tid gir svært mykje ny kunnskap som har mykje å seie for forvaltninga av sjøfugl. Mange sjøfuglbestandar har vist ein dramatisk nedgang. Regjeringa skal utarbeide ein handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar. Ei direktoratsgruppe leia av Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit utkast til handlingsplan som mellom anna skal omfatte ein samla prioritert tiltaksplan for å betre situasjonen for sjøfugl. Endeleg handlingsplan vil liggje føre i løpet av 2020.

Regjeringa vil halde fram med oppbygging av kunnskap om økosystema i havet. Det er kunnskapsbehov mellom anna knytt til endringar slik som nedgang i sjøfuglbestandar og sukkertareskog, korleis klimaendringar og havforsuring påverkar økosystema, om samanhengar i dei marine økosystema, og om tilførsler og spreing av miljøgifter. Det er òg behov for forskning knytt til forvaltningstiltak for å styrkje naturlege bestandar og auke potensialet for hausting, slik som marine verneområde og bevaringsområde for hummar og kysttorsk.

Heilskapleg plan for Oslofjorden

Stortinget har i oppmodingsvedtak nr. 575 (2017–2018) bedt regjeringa leggje fram ein heilskapleg plan for Oslofjorden «med mål om at fjorden skal oppnå god miljøtilstand, restaurere viktige naturverdier, fremme et aktivt friluftsliv og ivareta det biologiske mangfoldet i fjorden». Klima- og miljødepartementet har som mål at arbeidet med planen blir fullført i 2020.

Tiltak mot framande arter

I 2020 vil regjeringa gjennomføre tiltak i samsvar med *Tiltaksplan for bekjempelse av skadelige fremmede organismer* (2019–2024). Planen er utarbeidd av miljøforvaltninga saman med fleire sek-

torar som samferdsel, landbruk, forsvar og kommunal sektor. Planen vil medverke til meir målretta og kostnadseffektive tiltak. Arter som alleie er etablert i norsk natur, skal i større grad prioriterast for tiltak, til dømes ved å fjerne små eller nye populasjonar som vil kunne spreie seg mykje. Det skal òg gjennomførast tiltak knytt til innførselsveggar og tidleg oppdaging av slike arter.

Tiltaksplanen syner at det framleis er naudsynt med meir kunnskap om økologisk risiko og korleis ein skal handtere risiko i eit kost-nytte perspektiv for å fjerne eller nedkjempe framande skadelege arter. Samstundes kan ny teknologi spare samfunnet for kostnader ved å gjere det enklare å tidleg oppdage framande skadelege arter. Det vil difor i 2020 bli tildelt midlar til den vidare utviklinga av metoden miljø-DNA.

Handlingsplan mot den framande viltarten villsvin har som mål at det skal vere minst mogleg villsvin i Noreg, og spreidd ut over eit minst mogleg geografisk område. Det er eit nært samarbeid med landbruksforvaltninga om handlingsplanen. I tråd med handlingsplanen mot mårhund og samarbeid med våre naboland vil arbeidet med å hindre at mårhund kjem inn i Noreg og etablerer seg, halde fram. Arbeidet med å fjerne mink frå sårbare område som sjøfuglreservat held fram i 2020.

Handlingsplanen mot stillehavssøsters frå 2016 stadfestar at det er behov for auka kunnskap om arta, og om kor den kan spreie seg i Noreg. På bakgrunn av ny kunnskap om risiko for spreieing av arta på Vestlandet vil det i 2020 bli prioritert å fjerne førekomstane som er vurderte å vere kjelde til vidare spreieing på Vestlandet.

Bruk av utanlandske treslag til skogbruksformål er regulert i eiga forskrift. Regjeringa har fått utgreidd konsekvensane av eit mogleg forbod mot bruk av utanlandske treslag med betydeleg risiko for norsk natur, som til dømes sitkagran. Departementet vil i 2020 ta stilling til kva tiltak som skal setjast i verk for å redusere bruken av sitkagran og andre treslag med høg eller svært høg økologisk risiko.

Reguleringa av genmodifiserte organismar (GMO)

I samsvar med føringar frå Stortinget vil regjeringa vidareføre ein restriktiv politikk på GMO-området. Dei siste åra er det utvikla mange nye metodar for genmodifisering. Nokre modifiserte organismar kan difor vere i ein gråsone med omsyn til om dei er omfatta av genteknologilova. Internasjonalt er det dessutan ein debatt om korleis organismar som er laga med nye teknikkar skal regulereast. Regjeringa ønskjer ei regulering

som stimulerer forskning og vidare utvikling, samstundes som helse, miljø og andre samfunnsinteresser blir sikra i samsvar med vilkåra i genteknologilova og Stortingets føringar. Konkret vil Regjeringa foreslå endringar i genteknologilova for genmodifiserte legemiddel. Dette er naudsynt ut frå ein etablert praksis for denne produktgruppa i EØS-området. Regjeringa vil òg vurdere om all regulering av genmodifiserte organismar skal utgreiast nærare. Regjeringa vil dessutan vurdere om det bør gjerast endringar i måten uavhengig forskning på genteknologifeltet blir finansiert.

Tiltak for å ta vare på truga arter og naturtypar

Målet er at ingen arter og naturtypar blir utrydda, og at utviklinga for truga og nær truga arter og naturtypar skal bli betre. Det er mange verkemiddel i bruk. Naturmangfaldmeldinga trekkjer opp prinsipp for verkemiddelbruken for truga natur.

Eit viktig verkemiddel for å ta vare på truga natur er vern av naturområde. Nær halvparten av alle truga arter og mange truga naturtypar finst i skog. Med eit treffsikkert skogvern kan vi ta vare på mange truga arter og naturtypar i skog.

Det lever også mange truga arter i kulturlandskapet. Miljødirektoratet gir tilskot til viktige tiltak som skjøtsel og beiting i område med mange arter og til nedkjemping av framande skadelege arter. Slike tiltak må sjåast i samanheng med jordbrukssektorens miljøprogram, som medverkar til å ta vare på slåtteeinger, kystlynghei og andre naturtypar med rikt artsmangfald i kulturlandskapet.

Miljødirektoratet har, saman med andre direktorat, vurdert korleis Noreg best kan ta vare på ei rekkje kritisk og sterkt truga ansvarsarter og truga naturtypar. Direktoratet sine tilrådingar omfattar blant anna forslag om nye utvalde naturtypar, prioriterte arter, områdevern, bruk av sektorane sine eigne verkemiddel og bruk av tilskot og driftsmiddel for til dømes skjøtsel, restaurering og fjerning av framande skadelege arter. Desse tilrådingane er vurderte som dei mest effektive verkemidla for dei artene og naturtypene som er vurderte. Arbeidet med å følgje opp forslaga vil halde fram i 2020.

Rovviltforvaltning

Regjeringa fører ei forvaltning av rovviltet som er i samsvar med Bernkonvensjonen, naturmangfaldlova, rovviltforlika frå 2004 og 2011 og andre føringar frå Stortinget. Regjeringa vil sikre levedyktige bestandar av dei fem rovviltartane jerv, ulv, bjørn,

gaupe og kongeørn. Samstundes skal tap av beitedyr til rovvilt holdast på eit lågast mogeleg nivå.

Regjeringa vil halde fram med arbeidet med å sikre ei tydelegare soneforvaltning som skil rovdyr og beitedyr i tid og rom. Regjeringa meiner det er behov for å føre ei kunnskapsbasert forvaltning av rovvilt, som mellom anna gir kunnskap for å kunne føre ei forsvarleg og presis forvaltning av små rovdyrbestandar.

Regjeringa vil effektivisere skadefelling av rovdyr ytterlegare, og søkje å finne langsiktige løysingar for vidare reduksjon av tap av beitedyr til rovvilt. Rovviltforvaltninga skal ha høg beredskap og tett oppfølging med beitenæringa og aktuelle kommunar, slik at vi så langt det er mogleg sikrar at uttak av rovvilt med skadepotensial blir gjennomført i prioriterte beiteområde.

Samspelet med dei lokale fellingslaga skal vidareførast og styrkjast for å sikre god lokal forankring av fellinga. Det er viktig at fellingsmetodane er humane og at fellingslaga hentar erfaring frå rettleiing for gjennomføring av fellingsoppdrag.

Regjeringa vil halde fram med dialog med rovviltnemndene. Nemndene skal følgje opp regjeringa si føring om ei tydelegare soneinndeling mellom prioriterte beiteområde og prioriterte rovviltområde i sine regionale forvaltingsplanar, jf. prinsippet om den todelte målsetjinga.

Regjeringa vil følgje opp den faglege gjennomgangen av den norske delbestanden av ulv.

Det skal i 2020 gjennomførast ei vurdering av tilskotsordninga til førebyggjande tiltak mot rovviltskadar og konfliktdempande tiltak (FKT-ordninga) der ein vurderer om føremålet med ordninga kan realiserast i større grad. Regjeringa vil òg gjennomføre ei vurdering av erstatningsordningane for tamrein og husdyr. Regjeringa vil etter planen setje i gang eit prosjekt for å sjå om ein kan auke bruken av beiteareal nær gardar i tapsutsette prioriterte område for jerv.

Regjeringa har sendt på alminneleg høyring forslag om endringar i den regionale rovviltforvaltninga. Desse endringane vil styrkje føresetnadene og presisjonen i rovviltforvaltninga og auke rovvilt-nemndene sitt handlingsrom og ansvar. Regjeringa foreslår mellom anna å endre talet på rovviltregionar frå dagens åtte til fire eller fem. Ved ei inndeling i fire regionar foreslår regjeringa følgjande inndeling: 1) Region Nord – Troms og Finnmark, 2) Region Midt-Noreg – Nordland og Trøndelag, 3) Region Vestlandet – Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland og 4) Region Austlandet – Innlandet, Oslo, Viken, Vestfold og Telemark og Agder. Med fem regionar foreslår regjeringa: 1)

Region Nord – Troms og Finnmark, 2) Region Midt-Noreg – Nordland og Trøndelag, 3) Region Vestlandet – Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland, 4) Region Austlandet – Innlandet, Oslo og Viken og 5) Region Sørlandet – Vestfold og Telemark og Agder. Regjeringa foreslår òg felles bestandsmål høvesvis nord og sør for Trondheimsfjorden og Stjørdalselva/Tevla, der det samstundes vert foreslått å flytte tre ynglingar av gaupe frå bestandsmålet i nord til bestandsmålet i sør.

I same høyring har regjeringa foreslått at Landbruksdirektoratet får rett til å kome med ei uttale til rovviltnemndene sine forvaltingsplanar. Det er òg foreslått endring av fellingsmetodar under lisensfelling av jerv, der det er foreslått at det blir opna for bruk av fastmontert kunstig lys under åtejakt og bruk av kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbås under lisensfelling av jerv, jf. Innst. 141 S (2018–2019). Regjeringa vil ikkje gi ei generell opning for bruk av laus, på drevet halsande hundar ved felling av bjørn og ulv. Det er òg sendt på høyring forslag om at kommunar skal få rettsleg klageinteresse i saker som gjeld kvotar for felling av rovvilt i rovviltforskrifta. For å auke sannsynet for å auke bestanden av brunbjørn opp mot bestandsmålet, vil regjeringa leggje føringar om at område med kjent førekomst av binner må prioriterast til bjørn inntil det nasjonale bestandsmålet er nådd.

Villrein

Stortinget har bedt regjeringa leggje fram ei kvalitetsnorm for villrein. Ei slik norm vil etter planen vere ferdig i 2020. Formålet med norma er å medverke til at villrein og dei ulike villreinområda blir forvalta på ein slik måte at internasjonale forpliktingar blir haldne, og at nasjonale mål om å ta vare på levedyktige bestandar innanfor villreinens naturlege utbreiingsområde blir nådd. Det er i 2020 òg sett av midlar til systematisk kartlegging og overvaking av villreinområda som vil leggje grunnlaget for dei første klassifiseringane etter kvalitetsnorma.

Klima- og miljødepartementet skal halde fram arbeidet med å følgje opp dei regionale villreinplanane i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa vil i 2020 halde fram kampen mot skrantesjuka på villrein. I Nordfjella sone 1 er villreinbestanden teken ut som eit ledd i kampen mot sjukdomen, og regjeringa skal sikre at det ikkje kjem inn ny villrein i området under brakkleg-

gingsperioden. Regjeringa vil halde fram det gode samarbeidet med lokale myndigheiter.

Forvaltning av vill laksefisk

Arbeidet med ein tiltaksplan for å oppfylle kvalitetsnorma for villaks vil halde fram i 2020. Tiltak innanfor alle sektorar som påverkar laksefiskstammene vil bli vurderte. Førebuingar til ny hovudregulering i fisket vil bli gjennomført med sikte på at nye reguleringar er innførte frå og med sesongen 2021.

Kalking av vassdrag som er ramma av forsureing vil halde fram, og tiltaka mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli ført vidare i tråd med faglege tilrådingar. Etter planen skal ein i 2020 fullføre arbeidet med å etablere ein genbank for lakse- og sjøaurestammene frå Hardanger.

Arbeidet med å gjennomføre avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget, vil halde fram. Samarbeidet med Russland om forvaltning av laksestammene i Finnmark og i Murmanskregionen, vil byggje på samarbeidsavtala som blei etablert i 2015.

For å følgje opp evalueringa av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar, vil det bli utarbeidd rettleiingsmaterieil til bruk for forvaltninga. Arbeidet med ei ny forskrift etter lakse- og innlandfisklova § 7a, for å medverke til at regelverket på området blir mest mogleg føreseieleg, einskapleg og forståeleg for brukarane, blir også ført vidare.

Det er venta at arbeidet med ein strategi for bevaring og utvikling av bestandane av storaure i Noreg vil bli fullført i 2020.

Gjennom arbeidet til det nye nasjonale villaks-senteret vil formidlinga av kunnskap om laksefisk bli styrkt.

Innsatsen mot ulovleg fiske etter anadrom laksefisk vil bli styrkt.

Skogvern

Regjeringa arbeider for å ta vare på truga arter og naturtypar, og sikre eit representativt utval av norsk natur. Skogvern er eit viktig virkemiddel i dette arbeidet, både fordi eit stort tal truga arter og naturtypar finst i skog og fordi eksisterande skogvernområde ikkje dekkjer eit representativt utval av norsk skognatur. Regjeringa vil verne 10 pst. av skogen gjennom frivillig vern av privateigd skog og vern av offentleg eigde skogareal, jf. Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Målet vil vere langsiktig.

Takten i skogvernet har auka betydeleg dei siste åra. Løyvingane til skogvern var frå 2002 til

2012 mellom 100 og 200 mill. kroner årleg, men har frå 2013 auka og har sidan 2017 vore på godt over 400 mill. kroner årleg. Pr. oktober 2019 er om lag 4,9 pst. av det totale skogarealet og 3,7 pst. av det produktive skogarealet verna. I 2020 er det planlagt vern av ei rekkje skogområde, både ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog.

Arbeidet med frivillig vern av privateigd skog er ein suksess, som òg i 2020 er venta å føre til vern av viktige skogareal. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å følgje opp Stortingets oppmødingsvedtak om å gjennomgå Statskog SFs skogeigedommar med sikte på vern av aktuelle areal. Betydelege areal eigd av Statskog SF kan venteleg fremjast for vern i 2020. Miljødirektoratet vil følgje opp Statskogs sal av eigedommar ved å bruke kjøpsretten på areal som er viktige for vern eller makeskifte. Ti års erfaring viser at frivillig skogvern på statsallmenning i liten grad fører fram. Tiltak for å betre framdrifta i arbeidet vil bli vurdert, slik at viktige område kan vernast.

For å sikre eit kostnadseffektivt skogvern med høg faglege kvalitet blir kartlegginga intensivert med sikte på å finne ut kor dei viktigaste skogareala for naturmangfald er. Miljødirektoratets arbeid med systematisk kartlegging av prioriterte skogtypar vil i 2020 i hovudsak omfatte kartlegging av ulike typar fuktskogar.

Det vil i 2020 bli arbeidd med å konkretisere korleis skogvernet kan gjennomførast slik at det får minst mogeleg konsekvens for avverkinga og det grønne skiftet.

Supplerande verneplanar

Regjeringa vil sikre eit representativt utval av norsk natur. Eksisterande verneområde er ikkje fullt ut representative, og dei tek ikkje vare på truga natur i tilstrekkeleg grad. Det er store manglar i skogvernet og i marint vern. Vern i desse to kategoriane vil framleis gå i eigne prosessar. Arbeidet med dei supplerande verneplanane er ei oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016). Miljødirektoratet har etter innspel frå fylkesmennene laga ei oversikt over 275 område på til saman 584 km² som kan medverke til å dekkje manglane i dei verneområda vi har i dag. Miljødirektoratet har òg peika på område som kan vere aktuelle som nasjonalparker. Klima- og miljødepartementet vil gjennomføre ei overordna samfunnsøkonomisk vurdering før ein avgjer det samla nasjonale omfanget av eit supplerande vern, og før ein avgjer i kva for område ein skal starte konkrete verneplanprosessar i medhald av naturmangfald-

lova. Når dei konkrete verneplanprosessane startar vil ein gjere konkrete vurderingar og avvegingar mellom naturfaglege verneverdiar og andre samfunnsinteresser.

Sikring av verdiane i verneområda

Verneområda skal sikre langsiktig bevaring av viktig natur og er ein viktig del av regjeringas arbeid for å nå dei nasjonale måla. Regjeringa la i 2019 fram ein handlingsplan for styrkt forvaltning av verneområda. Skjøtsel er det viktigaste verkemiddelet i kampen mot dei vanligaste truslane mot verneverdiane: gjengroing og framande arter. Regjeringa prioriterer skjøtsel og tilrettelegging i verneområda, og midlane til dette blir auka i 2020.

Skjøtsels- og forvaltningsplanar er viktige verkemiddel for å ta vare på verneverdiane og medverkar til at arbeidet med tiltak i verneområde blir målretta og kostnadseffektivt. Det er sett av midlar som skal medverke til at dei fleste nasjonalparkar og Ramsar-område i løpet av 2020 får ein forvaltningsplan. Miljødirektoratet vil halde fram arbeidet med å forenkle og effektivisere arbeidet med forvaltningsplanar, mellom anna gjennom digitale løysingar for forvaltningsplanar. Det vil i 2020 bli tilsett ein eigen forvaltar i Gutulia nasjonalpark, og Statens Naturoppsyn i Lofoten skal styrkjast med ei stilling.

Gjennom oppfølging av «Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene» frå 2019 legg regjeringa til rette for at det gjennom besøksstrategiar kan planleggast for auka besøk i nasjonalparkar og andre store verneområde der naturen toler det. All informasjon om og profilering av nasjonalparkar og andre verneområde skal ha høg kvalitet, mellom anna ved å følgje kriteria for merkevara Norges nasjonalparkar og vere i tråd med verneområdets besøksstrategi. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å utvikle besøkscenter til viktige formidlarar av norsk natur og medverke til at sentra blir gode møteplassar for samarbeid mellom frivillige organisasjonar, næringsliv og offentlig forvaltning.

Marine verneområde

Marint vern skal medverke til at eit utval av representative, særigne, sårbare eller truga marine naturtypar og naturverdiar blir tekne vare på for framtida. I arbeidet med marine verneområde går det føre seg verneprosessar i ulike stadium for 21 av dei 36 områda som blei foreslått som marine verneområde i 2004. Av dei 36 områda er dei to områda Iverryggen og Røstrevet ikkje aktuelle for

vern etter naturmangfaldlova fordi dei ligg utanfor territorialgrensa. Utanfor territorialgrensa kan område berre beskyttast etter fiskerimyndighetene sine verkemiddel. I 2020 vil det bli arbeidd vidare med etablering av nye marine verneområde. Det er lagt vekt på gode verneprosessar lokalt. Regjeringa arbeider med å følgje opp Stortingets vedtak om at det seinast i 2020 skal fremjast ei eiga sak om ein heilskapleg nasjonal plan for marine verneområde. Behov for nye tiltak eller verkemiddel vil bli vurdert i samheng med den nye planen.

Kulturlandskap

Talet på område som inngår i ordninga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» er meir enn dobla frå 22 område i 2016 til 46 i løpet av 2020. Ordninga blei etablert for å ta vare på kulturlandskap med stort naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø. Som eit ledd i kommunereforma blir forvaltning ordninga for utvalde kulturlandskap i jordbruket frå 1. januar 2020 overført frå fylkesmannen til kommunane. Det vil då bli teke i bruk eit nytt fagsystem for behandling av søknader og utbetaling av tilskot.

I 2020 blir budsjettet til utvalde kulturlandskap auka over jordbruksavtala med 4,5 mill. kroner begrunna med at talet på område skal auke. Sekretariatet for ordninga som har representantar frå Riksantikvaren, Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet, skal leggje fram forslag til oppfølging av ordninga i 2020.

Pollinerande insekt

Insektdød, spesielt blant pollinerande insekt, har dei siste åra blitt ei stor utfordring. Det blei sett i gang eit prøveprosjekt for overvaking av insekt i 2019. Dette vil vere grunnlaget for å starte opp eit større overvakingssystem for insekt frå 2020.

Tilskot til tiltak for ville pollinerande insekt blir ført vidare i 2020. Tiltak som kan få tilskot må vere i samsvar med den tverrsektorielle tiltaksplanen for pollinerande insekt som etter planen skal ferdigstillast tidleg i 2020. Andre sektorverkemiddel for pollinerande insekt som jordbrukets miljøprogram skal sjåast i samheng for å følgje opp tiltaksplanen.

Noreg er tilslutta FN's pollinatorinitiativ «Coalition of the willing on pollinators». Her står utvikling av kunnskap og auka kompetanse om pollinatorar sentralt. Hausten 2020 skal FN's konvensjon om biologisk mangfald vedta nye globale mål for naturen. Konvensjonen har i fleire år arbeidd med

å synleggjere verdien av pollinatorar for økosystem og naturmangfald. Insektdød og tiltak for å ta vare på pollinatorar er eit viktig tema som Noreg vil følgje opp i forhandlingane.

Internasjonalt samarbeid for å ta vare på naturmangfaldet

Hausten 2020 skal det vedtakast eit nytt globalt rammeverk for bevaring av naturen, på partmøte for Konvensjonen om biologisk mangfald. Dei formelle forhandlingane om innhaldet i rammeverket er i gang, og Noreg deltek aktivt. Ein viktig prioritet for Noreg er å få på plass ein ny mekanisme som sikrar gjennomføring. Eit prinsipp om gradvis opptrapping av innsats, jamleg rapportering og transparens i landa sine nasjonale strategiar er viktige element. Det nye rammeverket må leggje til grunn ei heilskapleg forståing der bevaring av biologisk mangfald blir sett i samanheng med reduksjon, og tilpassing til klimaendringar. Det nye rammeverket vil erstatte dei noverande Aichi-måla. Naturpanelets globale rapport om naturen sin tilstand danner, saman med Klimapanelets 1,5 graders-rapport og spesial rapport om klimaendringar og landareal, eit heilt sentralt kunnskapsgrunnlag for det nye rammeverket.

Frå 2017–2021 er Noreg valt inn i Verdsarvkomiteen som er ansvarleg for den internasjonale gjennomføringa av FN sin konvensjon for vern av verdas kultur- og naturarv. Konvensjonen medverkar til å styrkje gjennomføring av berekraftsmåla.

Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet veks med 5–7 pst. årleg, noko som er tre gonger meir enn veksten i den globale økonomien. Regjeringa har starta arbeidet med ei stortingsmelding om miljøkriminalitet. Noreg ønskjer global merksemd på at miljøkriminalitet er ei grenseoverskridande og alvorleg form for organisert kriminalitet som medverkar til tap av naturmangfald og klimagassutslepp, røvar statar for naturressursar og skatteinntekter, og gjer det vanskeleg å nå dei globale berekraftsmåla. Miljøkriminalitet handlar om meir enn berre ulovleg hogst og ulovleg handel med ville arter – også olje, mineralar og kulturminne blir omfatta av slik kriminalitet, i tillegg til forureining og forsøpling. Noreg vil arbeide for å styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar som FN's miljøprogram, FN's kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC) og INTERPOL.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for friluftsliv

Sikring, ivaretaking og tilrettelegging av friluftslivsområde

Stigane og turvegane er dei viktigaste anlegga i friluftslivet. Regjeringa starta i 2019 eit nytt fleirårig prosjekt med mål å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstigar i kommunane. Miljødirektoratet leier prosjektet, i nært samarbeid med fylkeskommunane. Det konkrete arbeidet skjer i kommunane, i samarbeid med lokale organisasjonar. Kompetansenettverk, erfaringsdeling og stimuleringsmidlar er sentrale verkemiddel. Eit viktig mål med tiltaket er at den enklaste og vanlegaste forma for friluftsliv, vandring i grøntområde og naturomgivnader, blir endå lettare tilgjengeleg for alle grupper i befolkninga. I 2020 vil igangsettning av arbeid med ein plan for friluftslivets ferdsselsårer i kommunane ha høg prioritet.

Arbeidet med å sikre attraktive friluftslivsområde vil halde fram i 2020, der friluftslivsområde i nærmiljøet og friluftsområde som kan nyttast av mange vil bli prioriterte. Landfaste område i strandsona og område langs vassdrag med lett tilgjenge har også høg prioritet. Gjennom statleg sikring kan område bli tilrettelagde for høg bruk, samtidig som opplevingsverdiar og naturverdiar blir bevarte. I tillegg inneber sikringa eit vern mot nedbygging og anna forringing av områda.

Regjeringa vil i 2020 halde fram med å utarbeide tiltaksplanar og forvaltingsplanar for dei eigedommane som staten eig på dei statleg sikra friluftslivsområda som er freda i medhald av Landsverneplanen for statens kulturhistoriske eigedommar. Arbeidet med å setje i stand dei ti eigedommane med freda bygningsmasse som Miljødirektoratet eig, starta opp i 2017 og er planlagt avslutta i løpet av 2020. Fylkeskommunane skal frå 1. januar 2020 ta over alle fylkesmannen sine oppgåver når det gjeld statleg sikring av friluftslivsområde og ein del av Miljødirektoratets oppgåver når det gjeld forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde. Fylkesmannens oppgåver for Skjergardstenesta skal òg overførast til fylkeskommunane frå same dato. I 2020 vil Miljødirektoratet prioritere bistand til fylkeskommunane i dette arbeidet. Regjeringa vil utvikle vidare prosjektet «Historiske vandreruter» i regi av Riksantikvaren og Den Norske Turistforeining. I 2020 vil det bli opna tre nye Historiske vandreruter. Historiske vandreruter er eit samarbeid mellom Den Norske Turistforeining (DNT) og Riksantikvaren, og har som mål å auke kjennskap til og bruk av

gamle ferdselsruter med kulturhistoriske og friluftslivsmessige kvalitetar. Regjeringa vil i 2020 føre vidare arbeidet med å vurdere nye einingar av skjergardstenesta i område som i dag ikkje har skjergardsteneste. Dette vil skje i nært samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og eventuelle friluftsråd i desse områda, som òg er venta å medverke økonomisk.

Regjeringa samarbeider med Oslo kommune om tre ulike områdesatsingar i Oslo. Dette er Grovuddalssatsinga og satsing i Oslo Sør og i Oslo Indre Aust. Regjeringa vil styrkje statens innsats når det gjeld tilrettelegging av parkar og blågrøne område for rekreasjon og naturoppleving i desse områda av Oslo.

Regjeringa vil i 2020 utvikle vidare ordninga «Nasjonale turiststigar», og har som mål å autorisere fleire stigar som Nasjonal turiststig i løpet av året. Frå og med 2020 vil det bli gitt eit årleg grunntilskot på 300 000 kroner til dei stigane som er autoriserte.

Regjeringa er oppteken av at utbygging av hytter skjer på ein berekraftig måte, og er i gang med å hente inn meir kunnskap om omfang og konsekvensar av bygging av hytter i dei sentrale fjellområda i Sør-Noreg, og prognoser for framtidig utbygging i desse fjellområda i åra framover. Denne kunnskapen skal blant anna danne grunnlag for vurdering av om det skal lagast statlege planretningslinjer for delar av fjellområda.

Oppfølging av evalueringa av ordninga statleg sikring av friluftslivsområde

I Handlingsplan for friluftsliv frå 2018 varsla regjeringa at den vil gjere ein gjennomgang av ordninga statleg sikring av friluftslivsområde. Dette for å vurdere om statleg sikring av friluftslivsområde framleis er ein føremålstenleg måte for staten til å medverke til å ta vare på, og utvikle, friluftslivsområde. Ordninga blei oppretta i 1958, og var dermed 60 år gamal i 2018. Klima- og miljødepartementet sette på denne bakgrunn ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunar, fylkeskommunar, friluftsråd og ein representant for friluftsansjonane til å vurdere saka. På bakgrunn av arbeidet og utgreiingane som blei gjennomførte, har Klima- og miljødepartementet konkludert med at ordninga statleg sikring av friluftslivsområde er godt innretta og medverkar til å ta vare på viktige friluftslivsområde, særleg i nærmiljøet. Det blir derfor ikkje gjennomført endringar i ordninga eller i forvaltninga av dei sikra områda no, ut over dei endringane i forvaltningsansvar som skjer i samanheng med regionreforma.

Motivering til friluftsliv

I arbeidet med å stimulere til friluftsliv vil regjeringa prioritere barn, unge, personar som er lite fysisk aktive og personar med innvandrarbakgrunn. Dette inneber blant anna at regjeringa gjennom aktuelle tilskotsordningar, områdesatsingar og andre prosjekt og satsingar vil medverke til å utvikle tiltak som kan rekruttere desse gruppene til friluftsliv.

Barn og unge deltek framleis mykje i friluftsliv, men vi kan ikkje lenger ta for gitt at dei fleste får erfaring med friluftsliv gjennom familien. Prosjektet i regi av Friluftsrådas Landsforbund om å finne ut kva slags friluftslivstiltak som verkar best for barn og unge i ferie og fritid, kartleggje desse og vidareutvikle og optimalisere dei, vil bli ført vidare i 2020. Regjeringa ønskjer meir kunnskap om friluftsliv i barnehage, skulefritidsordning og skule. Eit prosjekt i regi av Norsk Friluftsliv som skal kartleggje og vidareutvikle eit utval eksisterande, suksessrike satsingar innafor natur/friluftsliv retta mot barn og unge i barnehage, skulefritidsordning og skole vil bli ført vidare i 2020.

Allemannsretten

Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å informere om allemannsretten, under dette både om dei rettane som allemannsretten gir, men òg om plikta til varsam og omsynsfull ferdsel. Dette vil blant anna skje gjennom det elektroniske undervisningsopplegget om allemannsretten i Salaby og undervisningsopplegget «Smak på naturen», som er utvikla av Miljødirektoratet og er retta mot barnehagebarn frå 4 års alder og skulebarn opp til 4. klasse.

Befolkninga si kjennskap til allemannsretten og kva dei ulike rettane og pliktene inneber, er eit sentralt grunnlag for friluftslivet. Regjeringa vil i 2020 etablere eit opplegg for å dokumentere kva befolkninga veit om allemannsretten. Dette vil òg medverke til å gi svar på i kva grad dei ulike informasjonstiltaka verkar. Regjeringa tek i 2020 sikte på å fremje forslag om å modernisere friluftslovas føresegner om ferdsle i utmark, slik at det ikkje er tvil om at nye, ikkje-motoriserte ferdselsformer er omfatta av ferdselsretten.

Motorferdsle i utmark

Den fortløpande evalueringa av lovendringa våren 2015 som opna for at kommunane kan fastsetje snøskuterløyper for rekreasjonskøyring, vil halde fram til og med 2020. Sluttrapport frå evalueringa

kjem i desember 2020. Gjennom evalueringa vil ein innhente kunnskap om effekten av lovendringa. Kunnskapen kan nyttast i den vidare utviklinga av regelverket om motorferdsle. Slik kunnskap vil òg gi innsikt som kommunane kan nytte når dei skal planleggje for nye løyper.

I 2018 vart seks kommunar valde ut til eit forsøk der kommunane har fått mynde til å fastsetje løyper for catskiing. Dette gjeld kommunane Jølster, Eid, Stryn, Surnadal, Vang og Oppdal. Forsøket skal evaluerast etter fire år. Evalueringa vil bli ferdig i tide til at ei eventuell permanent ordning kan tre i kraft før forsøksordninga går ut.

Omfanget av ulovleg motorferdsle er framleis for høgt. Den forsterka innsatsen frå naturoppsynet knytt til kontroll av lovleg og avdekking av ulovleg motorferdsle vil derfor bli ført vidare.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for forureining

Forureining som skjer til vatn, jordsmonn, luft og vegetasjon har ofte alvorlege følgjer for helse og miljø. Regjeringa er særleg oppteken av å redusere spreining av miljøgifter, og hindre at miljøgifter blir samla opp i næringskjeda. Dei viktigaste verkemidla er forureiningslova og produktkontrolllova.

Forureiningslova skal medverke til å verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining, og til å redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Formålet er å sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Lova byggjer blant anna på prinsippet om at forureinar betalar og prinsippet om føre var, og set eit generelt forbod mot forureinande utslepp. Verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utsleppsøyve. I slike løyve vert det sett vilkår for utsleppa.

Produktkontrolllova skal førebyggje at produkt og forbrukartenester gir helseskade eller miljøforstyrning, under dette gjennom å fremje effektiv bruk av energi i produkt. Lova inneheld blant anna ei plikt om aktsemd for alle som har å gjere med produkt som kan medføre helseskade eller miljøforstyrning, og ei plikt for at ei verksemd må vurdere sin kjemikaliebruk og nytte mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Til både forureiningslova og produktkontrolllova er det fastsett ei rekkje krav i forskrifter. Tilsyn blir nytta for å avdekkje eventuelle brot på regelverket. Miljøstyresmaktene gjennomfører risikobasert tilsyn ved at dei prioriterer område der påverknad eller risiko for påverknad av miljøet

er størst, og der det er stor risiko for brot på miljøregelverket. I tilfelle der dei finn brot på regelverket, vil miljøstyresmaktene gi sanksjonar av ulike slag. Det er mellom anna no opna for at miljøstyresmaktene kan nytte gebyr ved brot på reglane. Strafferamma på alvorlege brot er òg heva frå 1. juli 2019, for å styrkje kamp mot miljøkriminalitet.

Andre viktige verkemiddel i forureiningspolitikken er regelverk som er forvalta av andre styresmakter, avgifter som reflekterer dei samfunnsøkonomiske kostnadane ved utsleppa og som stimulerer til reduserte forureiningar, tilskot over statsbudsjettet og kunnskap om utslepp, spreining og effektar av forureiningar.

Forureiningar kryssar landegrenser. Eit ambisiøst EU/EØS-regelverk og internasjonale avtaler der landa tek på seg å redusere sine utslepp er difor viktige for å redusere forureiningar som skader miljøet og menneske si helse.

Kjemikalier

Kjemikaliepolitikken skal redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. Føre var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker. Kjemikalier som er rekna for å utgjere eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø, blir sette på den norske prioritetslista³ for miljøgifter – som for tida omfattar 66 stoff. Regjeringa arbeider for å redusere spreining av miljøgifter. Prioritetslista spesifiserer kva stoff som skal reduserast vesentleg med sikte på å stanse utsleppa innan 2020, og gir føringar om at nasjonalt og internasjonalt arbeid med desse stoffa skal prioriterast. Utsleppa av miljøgiftene på lista blir reduserte gjennom streng regulering både nasjonalt og internasjonalt av produkt, gjennom tiltak for opprydding av forureining, og gjennom krav til industriutslepp og avfallshandtering. Ein viktig del av arbeidet vidare er å følgje opp prioritetslista nasjonalt og internasjonalt, og å identifisere fleire miljøgifter som skal omfattast av prioritetslista. I arbeidet med nye prioriterte miljøgifter blir det vurdert ikkje berre enkeltstoff, det er òg lagt vekt på å vurdere grupper av stoff med like eller nærliggjande eigenskapar og som potensielt kan takast i bruk som erstatningar for kvarandre. På den måten kan ein unngå til dømes uheldige erstatningar med like farlege, nesten like stoff.

³ For oversikt over stoffa og stoffgruppene på prioritetslista og status for utslepp og utsleppsreduksjonar, sjå <http://www.miljostatus.no/prioritetslisten>, og vidare lenker derifrå.

Boks 7.1 Tre nye stoff/stoffgrupper til prioritetslista for miljøgifter

PFHxA er nytta som erstatning for langkjeda PFAS (per- og polyfluorerte alkylstoff) etter at det vart innført restriksjonar på desse. *PFHxA*-relaterte stoff gir smuss- og vassavstøtande eigenskapar.

PFHxA er svært mobilt og løyser seg i vatn, og er målt i elvar, sjøvatn og i drikkevatt. Etelege delar av avlingar som frukt og grønnsaker er òg ei mogleg kjelde for eksponering av menneske. Når stoffet først er hamna i miljøet vil det ikkje bli brote ned, og utslepp over tid vil kunne hope seg opp, blant anna i drikkevatt. Erfaring tilseier òg at ei akkumulering av slike stoff i (delar av) miljøet gjer at effekten på helse og miljø blir uføreseieleg. Det er derfor heller ikkje mogleg å etablere eit nivå for bruk og utslepp av *PFHxA* som kan seiast å vere utan risiko for skade på helse og miljø på lang sikt.

PFHxA er påvist i låge nivå i blodet hos menneske mange stadar i verda. Høgare verdiar er påviste i samband med forureining av drikkevasskjelder i Europa. Eksponering for *PFHxA* kan gi effektar på reproduksjon

HFPO-DA er ein nyare type PFAS som er brukt i blant anna kablar og ein type belegg som kan ha mange bruksområde, t.d. sleppbelegg i kokekar.

HFPO-DA er ikkje vist å kunne brytast ned under naturlege miljøvilkår. Stoffet er svært mobilt og løyseleg i vatn, det er funne i drikkevatt, elvar og sjøvatn. Stoffet kan langtransport

terast og er funne langt frå utsléppskjeldene. Når stoffet først er hamna i miljøet vil det ikkje ble brote ned, og utslepp over tid vil medføre auka nivå i delar av miljøet, blant anna i overflatevatn og drikkevatt. Stoffet er òg funne i fisk og i frukt og grønnsaker. Desse utgjer, i tillegg til drikkevatt, kjelder til eksponering av menneske.

Det er ikkje mogleg å etablere eit nivå for bruk og utslepp av *HPFO-DA* som kan seiast å vere utan risiko for skade på helse og miljø på lang sikt. *HFPO-DA* er funne i blodet hos arbeidstakarar og menneske som bur i nærleiken av produksjonsanlegg. Det er av spesiell bekymring at stoffet kan overførast til fosteret.

3-BC har i hovudsak blitt brukt som UV-filter i solkrem og i anna kosmetikk. I EU er det semje om at *3-BC* har hormonforstyrrende eigenskapar i miljøet. Stoffet er ikkje lenger tillate brukt i kosmetikk.

Frå celleforsøk er det vist at *3-BC* påverkar østrogenaktivitet. *3-BC* kan påverke mobiliteten til sædceller og føre til redusert fertilitet hos fisk. Då *3-BC* har hormonforstyrrende eigenskapar, kan det føre til irreversible og langvarige skadeeffektar i populasjonar. Det er vanskeleg å fastsetje eit sikkert nivå for *3-BC* i miljøet, då sjølv ei kortvarig eksponering i følsame periodar i organismar si utvikling kan medføre livsvarige skadeeffektar.

Dei tre stoffa/stoffgruppene *PFHxA* og deira salt; *HFPO-DA* inkludert ammoniumsaltet (*GenX*), andre salt og syrehalider; og *3-BC*, er vurderte å oppfylle kriteria for prioritetslista, og desse stoffa blir no inkluderte i lista – sjå nærare omtale i boks 7.1.

Miljøskadelege kjemikaliar blir transporterte over lange strekningar med luft- og havstraumar, gjennom handel med produkt og gjennom avfallsstraumar. Både nasjonalt og internasjonalt arbeid er svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Regjeringa meiner derfor det er viktig at Noreg følgjer opp internasjonale avtaler om spreining av miljøgifter som til dømes Stockholmkonvensjonen om persistente organiske stoff og Minamatakonvensjonen om kvikksølv. Nasjonalt er forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter sen-

trale verkemiddel. Etter produktkontrolllova er det blant anna fastsett eit omfattande forskriftsverk om helse- og miljøskadelege kjemikaliar som er i stadig endring og utvikling. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU. Noreg medverkar aktivt i arbeidet for å styrkje og gjennomføre EU sitt regelverk på kjemikalieområdet.

EU har eit omfattande regelverk for registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikaliar (*REACH*-regelverket), og for klassifisering og merking av helse- og miljøfarlege stoff. Vidare utvikling av desse regelverka er svært viktig i kjemikaliepolitikken.

Noreg har òg felles reglar med EU om produkt med biocid som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar. Noreg gir godkjenning til biocidprodukt for den norske marknaden.

Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency) er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for EUs kjemikaliearbeid.

Noreg arbeider aktivt for globale tiltak for å redusere forureining og sikre meir forsvarleg handtering av kjemikalier og avfall, til dømes under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av avfall, Rotterdamkonvensjonen om handel med farlege kjemikalier, Minamatakonvensjonen om kvikksølv, og miljøgiftprotokollane under FN's økonomiske kommisjon for Europa. Noreg arbeider kontinuerleg for global regulering av fleire stoff under Stockholmkonvensjonen. Noreg deltek også i forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for miljøforsvarleg handtering av kjemikalier og avfall for tida etter 2020.

Kunnskap gjennom forskning, kartlegging av potensielt skadelege stoff i produkt, avfall og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtaler, fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjer alvorlege problem.

Mål om nullutslepp frå petroleumsvirksemda

Det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at nullutsleppsmålet for petroleumsvirksemda blir nådd, særleg for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn. Alle operatørane har gjennomført nye risikovurderingar og felte med høgast miljørisiko har fått pålegg om ytterlegare tiltaksvurderingar med sikte på å minske miljørisikoen.

Gamal forureining i grunn og sjøbotn

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø, og vere ei kjelde til spreining av helse- og miljøskadelege kjemikalier. Arbeidet med forureina grunn i Noreg har gått føre seg i fleire tiår. I overkant av 2000 grunnforureinings saker er avslutta, og oppryddingstiltak er gjennomførte på store og alvorlege grunnforu-

reininglokalitetar, i hovudsak etter pålegg av forureiningslova retta mot ansvarleg forureinar eller grunneigar.

Nye forureina lokalitetar blir kjende når industri blir lagt ned og arealbruken endra. Vi får òg stadig ny kunnskap om miljøgifter og bransjar, som gjer at det blir avdekt fleire område med forureina grunn. Arbeidet med forureina grunn held derfor fram. Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn følgjer føringane i handlingsplanen om forureina sediment frå 2006 (jf. St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø*). Arbeidet med å rydde opp er godt i gang i fleire område. Av dei 17 høgast prioriterte områda for opprydding av forureina sjøbotn er 7 ferdig eller nær ferdig rydda. Det er rydda opp i Oslo, Trondheim, Tromsø, Harstad og Sandefjord. Arendal og Kristiansand er nær ferdig rydda. I tillegg er delområder i Bergen (Puddefjorden) og Listerfjordane (Farsund og Flekkefjord) ferdig rydda. Horten er planlagt ferdigstilt i 2020. Utover dei 17 prioriterte områda blir det arbeid med undersøkingar og tiltak ved ei rekkje industrifjordar, skipsverft og i store hamner. Tiltak for å rydde opp i sjøbotn er fremja gjennom fylkesvise tiltaksplanar og prioritering av område som skal ryddast opp. Miljødirektoratet og fylkesmennene arbeider med å syte for at områda blir kartlagde og for at det blir rydda opp der det er naudsynt.

I hovudsak er det prinsippet om at forureinar betaler som skal leggjast til grunn, og bruk av pålegg etter forureiningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre naudsynt opprydding av forureina grunn og sjøbotn. Statlege styresmakter medverkar med finansiering der dette er aktuelt og naudsynt i samanhengar der den ansvarlege av ulike årsaker ikkje kan identifiserast, ikkje kan stå for ei god opprydding eller der det vil vere urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene, jf. omtale av tildelingskriterium for oppryddingspostane kap. 1420, post 39, 69 og 79. Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande. I fleire år har hovudvekta av arbeidet på dei prioriterte områda med forureina sjøbotn vore tiltak i innleiande fasar med undersøkingar, pilotprosjekt og liknande. Arbeidet er no komme over i ein fase der fleire område i åra framover vert klare for tildekking og mudring og deponering av forureina sjøbotn. Desse tiltaka er dei mest kostnads-krevjande i arbeidet. Det må prioriterast mellom dei ulike områda i den vidare gjennomføringa av opprydding.

Farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Farleg avfall på avvege kan føre til at miljøgifter blir spreidde og hopar seg opp i naturen. Farleg avfall kan heller ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar. Det overordna målet for farleg avfall er at det blir samla inn og får ei trygg behandling. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Auka materialgjenvinning av farleg avfall som kan skje utan vidare spreining av miljøskadelege stoff er i tråd med intensjonen om sirkulær økonomi, og norsk avfallspolitikk.

Farleg avfall oppstår i landbasert industri, i petroleumsindustri og bergverksdrift, i hus-halda, og ved avfallsforbrenning. I 2017 oppstod det ifølgje SSB 1,53 mill. tonn farleg avfall i Noreg. Dette er ein auke på nærare 4 prosent i forhold til året før, og ein auke på 90 prosent i forhold til 2003. Auken kan dels forklarast med auka aktivitet i industrien, dels med at meir avfall frå petroleumsindustrien til havs har blitt ført til land. I tillegg har strengare regelverk både i EU og i Noreg ført til at fleire avfallstypar er klassifiserte som farleg avfall. Det blir òg produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljøfarlege stoff. For å medverke til å førebyggje farleg avfall er det viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt.

Dagens deponi for uorganisk farlig avfall på Langøya vil vere fullt innan få år. Det er viktig at Noreg held ved lag ein nasjonal behandlingsskapasitet for farleg avfall i samsvar med dei internasjonale pliktene som følgjer av Basel-konvensjonen og EUs avfallsdirektiv.

I samsvar med regjeringsplattforma, og som svar på oppdrag frå KLD, la Miljødirektoratet i juni 2019 fram vurderingar av høva til å redusere mengda farleg avfall som blir generert, og høva til å auke materialgjenvinning av slikt avfall.

Våren 2019 nedsette regjeringa også eit ekspertutval om farleg avfall som skal vurdere både korleis mengda farleg avfall kan reduserast og korleis framtidig behandlingsskapasitet kan sikrast. Utvalet skal vurdere høva til auka ressursutnytting av farleg avfall blant anna som følgje av bruk av ny teknologi. I tillegg skal det vurdere mengdene farleg avfall som vil trenge ei deponiløysing både på kort og lang sikt, og korleis

framtidig deponikapasitet kan sikrast. Utvalet skal ferdigstille sitt arbeid i november 2019.

Tidlegare har forsøk på å etablere eit nytt deponi for farleg avfall i Brevik i Porsgrunn kommune blitt stoppa av kommunen. Klima- og miljødepartementet vart i 2017 oppnemnt som ansvarleg myndigheit for å fastsetje planprogram for eit mogleg deponi i Brevik, og i 2018 ferdigstilte forslagsstillar NOAH ei konsekvensutgreiing av tiltaket. I Nesset kommune er det òg utarbeidd ei konsekvensutgreiing av eit mogleg deponi for farleg avfall på Raudsand, og våren 2019 vedtok kommunen reguleringsplanen med innsigelse.

Det er foreløpig ikkje teke noko avgjerd om det er behov for vidare statleg involvering for å få på plass ny kapasitet for behandling og deponering av farleg avfall.

Sirkulær økonomi og avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av ressursane i avfallet ved at ressursane i avfallet blir haldne i krinsløp lengst mogleg, og kjem til nytte som råvarer for nye produkt.

Å redusere mengda avfall som går til sluttbehandling samstundes som vi utnyttar ressursane i avfallet betre er sentralt i ein sirkulær økonomi. Regjeringa arbeider med ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi. Denne skal fanne breitt og omfattar ei rekkje departement med ulike verkemiddel. Klima- og miljødepartementet skal òg lage ein handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvenlege anskaffingar og grøn innovasjon.

Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lukkast med å førebyggje avfall. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvennleg teknologi medverka til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall. Dei store grepa i avfallspolitikken er difor ikkje lengre knytte til utsleppa frå sluttbehandling av avfall, men til å redusere avfallsmengdene, auke ombruk av produkt og auke materialgjenvinninga. På den måten reduserer vi utslepp frå uttak av ressursar og frå produksjon og transport av nye produkt.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel: forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av

desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljøvis god balanse mellom det som blir gjenvunne som material og det som blir energiutnytta eller deponert. Fleire verkemiddel skal stimulere til materialgjenvinning eller energiutnytting, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall. Det er etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar, mellom anna for elektrisk og elektronisk avfall, batteri, bilvrak, PCB-haldige isolerglassruter og emballasjeavfall. Desse retursystema skal medverka til høg gjenvinningsgrad, samtidig som miljøgifter i avfallet blir sikra ei forsvarleg behandling. Departementet vurderer verkemidla fortløpande.

Regjeringas stortingsmelding om avfallspolitikk og sirkulær økonomi Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*, og Stortinget si behandling av denne, vil bli følgt opp vidare. I meldinga er vektlagt førebygging, auka ombruk og materialgjenvinning av avfall.

EU vedtok våren 2018 nytt avfallsregelverk. Endringane medfører mellom anna betydeleg meir ambisiøse mål om materialgjenvinning for kommunalt avfall, dvs. avfall frå hushalda og liknande avfall frå næringslivet, og av emballasjeavfall. For kommunalt avfall er det krav om 55 pst. materialgjenvinning innan 2025, 60 pst. innan 2030 og 65 pst. innan 2035. For emballasjeavfall er det ulike delkrav om materialgjenvinning for dei ulike materialsлага for 2025 og 2030. For all emballasje er det eit samla krav om 35 pst. materialgjenvinning i 2025 og 70 pst. i 2030.

Samstundes har Noreg, gjennom gjeldande EU/EØS-regelverk, krav om 50 pst. materialgjenvinning av kommunalt avfall, og 70 pst. materialgjenvinning av bygg- og anleggsavfall innan 2020. Klima- og miljødepartementet ser no på verkemiddel for å nå desse måla.

Ei heilt sentral prioritering har vore å førebygje matsvinn. Fem departement med Klima- og miljødepartementet som koordinerande departement inngjekk i 2017 ei avtale med matbransjen, representert ved alle dei store bransjeorganisasjonane. Målet for samarbeidet er å halvere matsvinn innan 2030, jf. òg FN's berekraftsmål på området. Avtalen er open for at ein skilte verksemder òg kan slutte seg til, og det er i dag ei rekkje enkeltverksemder som er med i avtala.

Marin forsøpling og mikroplast

Marin forsøpling og tilførsel av mikroplast til havet er ei av dei mest alvorlege globale miljøutfordringane. Dette er ei omfattande og kompleks

problemstilling som krev tiltak på mange område, både nasjonalt og internasjonalt. Regjeringa har ei brei tilnærming til å redusere marin forsøpling og mikroplast.

Dette er nærare beskrive i regjeringas *Strategi mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast* (plaststrategi) som inngår i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*. Strategien er utarbeidd på bakgrunn av Miljødirektoratet sine vurderingar av kjelder og tiltak, og omfattar tiltak nasjonalt og internasjonalt mot høvesvis marin forsøpling og spreining av mikroplast. Desse vurderingane blir no oppdaterte i lys av ny kunnskap på området. Plaststrategien omfattar òg nordisk og EUs arbeid på området, inkludert norske og nordiske synspunkt inn i EUs arbeid. Endeleg er det gjort greie for viktige internasjonale initiativ.

EUs strategi for plast i ein sirkulær økonomi inneheld ei rekkje forslag til tiltak for å redusere miljøkonsekvensar av plast og mikroplast som er relevante og viktige, òg for Noreg. Noreg arbeider aktivt mot EU i dei aktuelle prosessane og følgjer opp EU sitt arbeid nasjonalt.

Engasjementet mot marin forsøpling har auka sterkt i alle delar av samfunnet. Blant anna har talet deltakarar i Hald Noreg Reint sin strandryddekampanje auka betrakteleg dei seinare åra. Hald Noreg Reint har ei avgjerande rolle i å koordinere det frivillige ryddearbeidet og medverkar med rettleiing og informasjon. Dei styrkjer òg samarbeidet på marin forsøpling nasjonalt og internasjonalt gjennom å samle relevante aktørar på området.

I Noreg er det særleg plastavfall frå fiskeri- og oppdrettsnæringa og avfall frå forbrukarar som er dei største kjeldene til marin forsøpling, i tillegg til bygg- og anleggsavfall, avfall frå skipsfart og langtransportert avfall.

I St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet* vart status for marin forsøpling og mikroplast for alle norske havområde beskriven for første gong. Status er no oppdatert i eit spesialtema om marin forsøpling og mikroplast i *Status for miljøet i Norskehavet*, rapport frå Overvakingsgruppa 2019.

Eingongsartiklar av plast er ei kjelde til marin forsøpling i Noreg og regjeringa arbeider for å redusere bruken av desse. Miljødirektoratet har kartlagt omsetning og forsøpling av slike artiklar i 2019. Noreg skal raskt følgje opp EU sitt direktiv om miljøkonsekvensane av eingongsartiklar av plast og fiskeriestyr. Miljødirektoratet har mellom anna fått i oppdrag å utarbeide forslag til forbod mot ein skilte eingongsartiklar av plast, dei same som vert forbodne gjennom EU sitt direktiv.

Departementet har samstundes starta eit samarbeid med næringslivet for å redusere miljøkonsekvensar av eingongsartiklar av plast som ikkje skal bli forbodne. Departementet har sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå næringslivet, arbeidstakar- og miljøorganisasjonar som skal vurdere tiltak for å redusere miljøkonsekvensar av eingongsartiklar av plast, inkludert tiltak som kan inngå i ei avtale mellom myndigheitene og næringslivet. Gruppa skal gi sine samla tilrådingar innan 1. mars 2020.

Regjeringa har sett i gang og vil i 2020 følgje opp pågåande utgreiingar av eit mogleg forslag til produsentansvar for høvesvis fiskerinæringa og oppdrettsnæringa, og vurderer òg andre tiltak for å redusere utslepp av plast frå desse næringane. I tillegg vert det vurdert å innføre eit system som skal sikre at fiskarar og andre kan levere avfall dei har teke opp frå havet (marint avfall) i hamn utan meirkostnad. Denne ordninga skal avløyse pilotprosjektet «Fishing for Litter». Mellombels vil ordninga «Fishing for litter» bli utvida med to nye hamnar. Noreg vil følgje opp og gjennomføre EUs nyleg reviderte skipsavfallsdirektiv. Miljødirektoratet samarbeider med Fiskeridirektoratet og Sjøfartsdirektoratet om å samanstille ny kunnskap om plastavfall og mikroplast frå sjøbaserte kjelder, blant anna frå fórrøyr.

Nedbryting av plastavfall i havet er ei stor kjelde til mikroplast. Derfor er tiltak for å redusere marin forsøpling eit viktig bidrag til å redusere tilførsla av mikroplast til det marine miljøet. I tillegg medverkar fleire landbaserte og sjøbaserte kjelder til utslepp av mikroplast. I Noreg er mellom anna dekkslitasje, kunstgrasbaner, maling og tekstilar identifiserte som viktige kjelder til spreiding av mikroplast.

Det er sendt på høyring eit forslag om forskrift om drift og utforming av kunstgrasbaner, som vil kunne redusere utsleppa av mikroplast frå kunstgrasbaner med over 90 prosent. Miljødirektoratet har vidare foreslått verkemiddel for å redusere miljøkonsekvensar av mikroplastutslepp frå bildekk, som er til vurdering i departementet.

Når økodesigndirektivet vert revidert, vil tekniske moglegheter og krav til reinsing av mikroplast frå vask av tekstilar bli vurderte. Her har Noreg gått føre med forslag om dette.

EUs kjemikaliebyrå har utarbeidd eit restriksjonsforslag under kjemikalierregelverket REACH om tilsett mikroplast i produkt slik som til dømes kroppspeieprodukt og vaskemiddel. Noreg har aktivt medverka i EUs prosess på dette området.

Ei regulering av mikroplast på EU-nivå vil òg gjelde for Noreg gjennom EØS-avtala.

Regjeringa har teke fleire grep for å styrkje og samordne opprydding av marin forsøpling. Desse vil bli førte vidare i 2020. Miljødirektoratet har etablert og leiar eit samarbeidsforum mellom dei etablerte som arbeider med opprydding av marint avfall.

Det er eit mål at Senter for oljevern og marint miljø skal utviklast til eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter. Senteret skal arbeide for å fremje kunnskap, kostnadseffektive og miljøvennlige teknologiar og metodar for arbeidet med oljevern og marin plastforsøpling. Senteret utviklar no, i samarbeid med Hald Noreg Reint, blant anna nasjonale ryddekart som skal medverke til meir koordinert og kunnskapsbasert opprydding i heile landet. Fylkesmennene har fått i oppgåve å koordinere samarbeidet om opprydding av marin forsøpling der relevante statlege aktørar medverkar i samarbeid med kommunar, interkommunale selskap, og privat- og frivillig sektor. Senteret skal i dialog med fylkesmennene gjennomføre pilotprosjekt for regionalt koordinerte ryddeaksjonar der mellom anna potensialet for større bruk av tilgjengelege statlege ressursar skal belysast.

Miljødirektoratet si tilskotsordning inneber at det blir delt ut midlar til ei rekkje tiltak til opprydding og førebygging av marin forsøpling.

Ei grunnleggjande føring er at tilskot berre vert gitt til kostnader for opprydding av avfall utan kjend eigar.

Noreg er initiativtakar og globalt leiande i arbeidet i FNs miljøforsamling (UNEA) mot marin forsøpling og mikroplast. I 2017 fekk Noreg tilslutning til eit vedtak som blant anna inneheld ein nullvisjon mot vidare tilførsler til havet. Vi fekk òg tilslutning til å opprette ei ekspertgruppe som mellom anna skal sjå på høvet til sterkare globale forpliktingar mot marin forsøpling og spreiding av mikroplast. På FNs miljøforsamling sitt møte i mars 2019 vart det vedteke å styrkje arbeidet mot marin forsøpling ytterlegare, gjennom blant anna vidareføring av ekspertgruppa og styrking av forskning og kunnskapsgrunnlaget. Noreg vil i 2020 følgje opp arbeidet tett og framleis vere pådrivar i prosessen om dette under FNs miljøforsamling fram mot neste møte i 2021. Blant anna har dei nordiske miljøministrane vedteke ei erklæring der dei oppfordrar til at det blir utvikla ein ny global avtale, og oppmodar andre land om støtte. Ein nordisk rapport om moglege element i ei avtale skal utarbeidast.

Vi vil òg ha høgt trykk på å styrkje tiltaka gjennom oppfølging av handlingsplanen mot marin forsøpling og spreiding av mikroplast under FNs sjøfartsorganisasjon. Blant anna gjer vi dette gjen-

nom å opprette eit bistandsprosjekt for dette saman med IMO og FAO.

Noreg vil òg styrke arbeidet med plastavfall under Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av avfall. På partsmøtet til Baselkonvensjonen i 2019 vart partane etter forslag frå Noreg samde om strengare kontroll med grensekryssande handel med plastavfall og eit partnerskap mellom styresmakter, næringsliv og miljøorganisasjonar for betre behandling av plastavfall. Ei positiv følgje av det er òg at det vert lettare å bygge opp ein attvinningsindustri for plast i Europa, og gjennom det styrke den sirkulære økonomien. Styrking av det regionale havmiljøsam arbeidet og det arktiske samarbeidet mot marin forsøpling er òg viktig for Noreg.

Noreg vil òg prioritere det nyleg starta samarbeidet med Russland om marin forsøpling og mikroplast i Barentshavet. Samarbeid med andre utvalde land, både bilateralt og gjennom multilaterale og regionale fora, vil stå sentralt. Gjennom regjeringas bistandsprogram mot marin forsøpling og mikroplast er det prioritert tiltak i store utsleppsland.

Radioaktiv forureining

Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nært knytt til aktiviteten i ulike sektorar. Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarslarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer òg av konsentrering av naturleg førekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass, og ved framstilling av radioaktive stoff.

Radioaktiv forureining av norske land- og havområde skjer vidare frå internasjonale kjelder, slike som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Framtidige ulykker knytte til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland, vil kunne ha store konsekvensar for Noreg. I 2020 vil det bli arbeid vidare med å vurdere og leggje til rette for lagrings- og deponikapasitet for radioaktivt avfall. Det er særleg fokus på deponiløysingar på lang sikt og løysingar for det brukte atombrenselet og anna avfall frå forskingsreaktorane i Halden og på Kjeller. Dette er òg relevant knytt til avvikling av forsøksreaktorane. Direktoratet for strålevern og

atomtryggleik har gjennomgått regelverket på området og utviklar rettleiar om avfallsklassifisering ved overflatekontaminering. Dette er særleg relevant ved rivingsarbeid for å avgrense mengda radioaktivt avfall som må handterast. Eit heilskapleg fagleg grunnlag for revidering av forvaltingsplanen for Barentshavet – Lofoten og oppdatering av forvaltningsplanane for Norskehavet og Nordsjøen – Skagerrak blei ferdigstilt frå Fagleg forum våren 2019. Risiko for og overvaking av radioaktiv forureining i havområda er ein viktig del av det arbeidet.

Langtransportert luftforureining

Det internasjonale arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er framleis viktig for å redusere tilførsler av sur nedbør og andre forureiningar til Noreg. Arbeidet skjer innanfor ramma av UNECE-konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureiningar som vart vedteken i 1979. Landa som deltek i samarbeidet under denne konvensjonen har i Gøteborgprotokollen av 1999 teke på seg talfesta forpliktingar om å redusere sine årlege utslepp av svovel (SO₂), nitrogenoksidar (NO_x), flyktige organiske sambindingar unntekte metan (nmVOC) og ammoniakk (NH₃) for 2010 og åra deretter.

Partane vedtok 4. mai 2012 ei endring til Gøteborgprotokollen. Den viktigaste delen av endringa er at partane tok på seg nye forpliktingar om å redusere sine årlege utslepp av luftforureiningar. Endringa inneber at det er teke eit nytt steg i det internasjonale samarbeidet om å redusere langtransportert luftforureining som skader menneskes helse, økosystem, avlingar og materialar.

Dei nye pliktene er uttrykte som ein prosentvis reduksjon av dei årlege utsleppa, samanlikna med utsleppa i 2005, gjeldande for 2020 og åra deretter. Det er fastsett nye plikter for dei fire nemnde stoffa og for små helseskadelege partiklar (PM_{2,5}). For partar som godkjenner endringa av 4. mai 2012, gjeld pliktene om årlege utslepp i den opphavlege protokollen av 1999 berre til og med 2019. Ved forhandlingane i 2012 om nye plikter, tok Noreg på seg å gjennomføre følgjande utsleppsreduksjonar frå 2005: SO₂: 10 %, NO_x: 23 %, nmVOC: 40 %, ammoniakk: 8 % og PM_{2,5}: 30 %. Regjeringa førebur no at Noreg skal godkjenne endringa til Gøteborgprotokollen av 4. mai 2012.

Noreg reduserte utsleppa av svovel med 37 % frå 2005 til 2017, medan utsleppa av NO_x vart reduserte med 25 %. Noreg overheld med det den nye plikta for utslepp av svovel med god margin.

For NO_x overheld Noreg forpliktinga med mindre marginar, men trenden er at desse utsleppa vil minske dei kommande åra.

For nmVOC hadde Noreg til 2017 redusert utsleppa med 37,4 % frå 2005. Det står att å redusere 2,6 %. Trenden er at utsleppa av nmVOC framleis vil minske, men Miljødirektoratet har peika på ulike faktorar som kan påverke utviklinga.

Utsleppa av ammoniakk gjekk ned med 2,2 % frå 2005 til 2017, og må minske ytterlegare for at Noreg skal overhalde forpliktinga om å redusere dei årlege utslepp med 8 % frå nivået i 2005. Landbruks- og miljøstyresmaktene samarbeider no om å vurdere tiltak og verkemiddel for ytterlegare reduksjon av ammoniakksleppa.

For partiklar (PM_{2,5}) var utsleppa i 2017 reduserte med 28,7 % frå 2005. Det står att å redusere 1,3 %. Miljødirektoratet si utsleppsframskriving indikerer at Noreg vil overhalde den nye plikta frå 2020. For 2020 og dei næraste åra er det likevel risiko for at utsleppa i einskilde år kan overskride plikta, dersom ein kald vinter gir unormalt høgt forbruk av ved.

Arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er basert på omfattande kunnskap gjennom overvaking, forskning og analysar av utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar, og strategiar for å redusere utslepp i tråd med felles miljømål på tvers av landa i Europa. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for vassforskning* medverkar i vesentleg grad til kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*.

Det er viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til Gøteborgprotokollen. Noreg medverkar til finansiering av kapasitetsbygging for å setje desse landa i stand til å ratifisere og implementere protokollen. Arbeidet skjer i regi av FNs Økonomiske kommisjon for Europa (UNECE).

Globalt er luftforureining sett på som ein av dei største miljørelaterte truslane mot folks helse. Helseeffektane av luftforureining medfører betydelege samfunnsøkonomiske kostnader i form av bl.a. for tidleg død, behandlingkostnader og sjukefråvær. Noreg tek del i fleire internasjonale samarbeidsfora som har som oppgåve å betre kunnskapen om effektane luftforureiningar har på menneske si helse, overføring til andre regionar av erfaringar frå arbeidet under UNECEs Luftkonvensjon, og bistand til å utgreie og gjennomføre tiltaksstrategiar for å redusere luftforureiningane.

Regjeringa arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. I lågutsleppsområdet for svovel i Nordsjøen har det sidan 1. januar 2015 vore stilt svært strenge krav til mengde svovel i bunkersoljen. Høgste lovlege grense i dette området er no 0,1 % svovel. Krava i sjøområda utanfor lågutsleppsområdet (Nordsjøen) blir frå 1. januar 2020 stramma inn til maksimalt 0,5 % svovel i bunkersoljen. IMO vedtok i juli 2017 å etablere eit lågutsleppsområde for NO_x (NECA) i Nordsjøen og Austersjøen. Dette inneber at skip som seglar i desse havområda og som er bygde etter 1.1.2021 må innfri strengare krav til utslepp av NO_x.

Lokal luftforureining

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for å nå måla om lokal luftkvalitet, og ei pådrivarrolle mot andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining.

Noreg er blant dei landa i Europa som har lågast risiko for tidleg død som følgje av lokal luftforureining. Dårleg luftkvalitet fører likevel til alvorlege helseplager for befolkninga.

Trenden for nivåa av nitrogendioksid (NO₂) går generelt ned, og i 2018 hadde Noreg for første gong ingen brot på grenseverdien for NO₂. Svevestøvnivåa (PM₁₀ og PM_{2,5}) er òg blitt lågare dei siste 20 åra, men dei blir i stor grad påverka av meteorologiske forhold som varierer frå år til år. I tillegg er den lokale luftkvaliteten òg påverka av variasjon i lokale utslepp, langtransportert luftforureining, og av kva slag tiltak som blir sette i verk av kommunane frå år til år.

Det er likevel eit stykke igjen til vi når dei nasjonale måla for svevestøv. Det nasjonale målet for PM₁₀ vart i 2018 overskride i seks byområde (Oslo, Hamar, Drammen, Kristiansand, Lillehammer og Lørenskog). Det nasjonale målet for PM_{2,5} vart overskride i fire byområde (Oslo, Bærum, Sarpsborg, Halden, Lillehammer, Rana, Moss, Stavanger og Fredrikstad).

Det nasjonale målet for lokal luftkvalitet blei endra frå 1. januar 2017 i tråd med tilrådinga frå Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet i rapport M-129 «Grenseverdier og nasjonale mål – Forslag til langsiktige helsebaserte nasjonale mål og reviderte grenseverdier for lokal luftkvalitet» og samsvarer no med Miljødirektoratet og Folkehelseinstituttets luftkvalitetskriterium.

Forureiningsforskrifta kapittel 7 er det sentrale verkemiddelet for lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdier for konsentrasjonar av ei rekkje stoff i luft. Grenseverdiene for svevestøv vart skjerpa frå 1. januar 2016, i tråd med tilråding frå Miljødirektoratet med fleire frå 2014 og ei ytterlegare skjerping er under utgreiing. Forureiningsforskrifta stiller òg krav til målingar, utrekningar, utgreiingar av tiltak og rapportering. Forskriftskrava har utspring i EUs luftkvalitetsdirektiv, som er teke inn i EØS-avtala.

Noreg vart dømt i EFTA-domstolen hausten 2015 for brot på luftkvalitetsdirektivet for perioden 2009–2017, ved (i) overskridingar av grenseverdiene for NO₂ og PM₁₀, og (ii) ved at det ikkje var utarbeidd tilstrekkelege tiltaksutgreiingar i aktuelle kommunar/soner.

Dei siste åra har det vore viktig å utvide verkøykassa til kommunar og anleggseigarar, slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med overskridingar av grenseverdiene i forureiningsforskrifta.

For å leggje til rette for ytterlegare tiltak som betrar luftkvaliteten, har regjeringa sett i gang ei rekkje arbeid. Mellom anna er det lagt til rette for at kommunar som ønskjer det kan opprette lågut-sleppssoner, gjennom ei sentral forskrift for lågut-sleppssoner for bilar. Yrkestransportlova er endra slik at det er opna for at løyvestyresmakta kan stille miljøkrav for drosjer og det er lagt til rette for å differensiere bompengesatsane på bakgrunn av miljøeigenskapar. Det har blitt etablert eit nasjonalt berekningsverktøy for 14 byar for lokal luftkvalitet og 30. februar 2019 kom varslingsstenesta Luftkvalitet i Noreg, som varslar luftkvalitet to dagar fram i tid til bruk for befolkning og kommune. Tenesta er unik i europeisk skala og visar varslings av lokal luftkvalitet for heile Noreg. Vidare blir det utvikla fagbrukarteneste der behova til fagbrukarar og saksbehandlarar i forvaltninga er i fokus. Denne tenesta skal gi støtte til kommunane sitt arbeid med å setje inn treffsikre langsiktige tiltak for betra luftkvalitet.

Støy

Regjeringa vil arbeide for å redusere støyplager gjennom å følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktingar. Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for støy og ei koordinerande rolle overfor andre departement og etatar for å få gjen-

nomført tiltak som kan redusere støyplager. Dei ulike sektordepartementa har hovudansvaret for å sikre at støyplaga blir redusert innanfor sin samsfunnssektor, og å medverke til at det nasjonale målet for støy kan bli nådd.

Talet på støyplaga personar blant dei som var utsette for høg støy ved bustaden i 1999 er redusert med 9 pst. mellom 1999 og 2014. I denne utrekninga er det ikkje teke omsyn til folkevekst eller tilflytting til område som er plaga av støy. Generelt vil trafikkvekst og folkevekst i område påverka av støy føre til fleire støyutsette, noko som forklarar kvifor vi samtidig opplever ein generell auke i talet på nordmenn som er utsette for støy. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. Utviklinga viser at det kan bli vanskelig å nå det fastsette målet om at talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. frå 2005 til 2020, og det trengst fleire tiltak.

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav om at anleggseigarar gjennomfører støyreduserande tiltak ved/på bustader der innandørs støy overstig 42 dB. EUs rammedirektiv for støy er òg teke inn i forureiningsforskrifta, og i tråd med dette skal anleggseigarar og dei største bykommunane kartleggje støy og utarbeide handlingsplanar for å redusere støy.

Ei rekkje tiltak er fastsette i ein nasjonal handlingsplan mot støy. Samferdselsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Klima- og miljødepartementet har gitt sine etatar i oppdrag å greie ut ein ny måleindikator for støy som har fokus på søvnforstyring, og å tilråde dei mest kostnadseffektive tiltaka i prioritert rekkjefølgje, for å redusere støy. Etatane skal òg vurdere effekten av tiltaka. Utgreiinga skal vere ferdig innan hausten 2019.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er eit viktig, og kostnadseffektivt, verkemiddel for å førebyggje støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje (T-1442/2016) for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for klima

Regjeringa fører ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltaransvaret og føre var-prinsippet. Regjeringa legg vekt på å styrkje Noregs konkurransekraft, skape grøn vekst og nye grønne arbeidsplassar. Det er naudsynt med ei omstilling til eit moderne, berekraftig lågut-slepps-samfunn. Noreg har høg kompetanse, teknologi og tilgang på kapital som gjer det mogleg å med-

verke betydeleg til denne omstillinga. Klimakonvensjonen og Parisavtala legg grunnlaget for norsk klimapolitikk. For informasjon om internasjonalt klimaarbeid, inkludert Parisavtala, sjå Programkategori 12.70 (Internasjonalt klimaarbeid).

Vi vil oppfylle vårt mål om 30 pst. utsleppsreduksjon i 2020 samanlikna med 1990 gjennom vår forplikting under Kyotoprotokollen om å redusere utsleppa i gjennomsnitt 16 pst. i 2013–2020.

Målet om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 skal følgjast opp gjennom ei avtale om felles oppfylling med EU. Regjeringa vil følge målet om at Noreg skal vere klimanøytralt i 2030 og medverke til at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Sjå nærare omtale av oppfølging av klimamåla for 2030 og 2050, og klimatilpassing i del IV.

Regjeringa vel verkemiddel ut frå kriteriet om at forureinar skal betale og at klimamåla skal bli nådd til lågast mogleg kostnad og med størst mogleg tryggleik, og vil halde fram arbeidet med grønt skatteskitte. Dei viktigaste verkemidla i norsk klimapolitikk er CO₂-avgifta og EUs kvotesystem, som set ein pris på utslepp av klimagassar. Om lag 80 pst. av dei samla norske utsleppa er omfatta av desse verkemidla. Regjeringa vil innføre flat CO₂-avgift for alle sektorar og trappe denne opp fem prosent årleg fram til 2025. Miljødirektoratet har ansvaret for kvotesystemet og den norske kvoterekneskapen under Kyoto-protokollen. Nærare detaljar om CO₂-avgifta står i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter og avgifter 2019* frå Finansdepartementet.

I tillegg er andre verkemiddel viktige for å redusere klimagassutslepp, mellom anna direkte regulering, standardar, avtaler og tilskot til utsleppsreducerande tiltak. Klimagassutsleppa er mellom anna regulert i forureiningslova, plan- og bygningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har mellom anna som mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal fremje kompakte byar og tettstader og leggje til rette for klima- og miljøvennleg transport.

Regjeringa vil støtte utvikling og spreing av nullutsleppsløysingar og medverke til å skape marknader for nullutsleppsteknologi. Enova er eit viktig verkemiddel og skal gjennom å medverke til varige marknadsendringar bidra til reduserte klimagassutslepp og styrkt forsyningstryggleik for energi, og teknologiutvikling som på lengre sikt òg medverkar til reduserte klimagassutslepp. Regjeringa vil føre vidare Enovas høve til å støtte omstilling til lågutsleppsteknologi i alle sektorar. Miljødirektoratet forvaltar ei tilskotsordning, Kli-

masats, til kommunar og fylkeskommunar for å redusere utslepp av klimagassar og medverke til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Noregs forskingsråd har ei rekkje verkemiddel som medverkar til omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Ein stor del av innsatsen er innretta for å utvikle ny lågutsleppsteknologi, og Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Siva har både breie og tematiske ordningar som medverkar til å støtte opp om utvikling av klimateknologi.

Det er sett ambisiøse måltal for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren. For at Noreg skal nå desse måla må bruken av null- og lågutsleppsløysingar i næringstransporten auke betydeleg. Dette føreset tilgang på teknologisk modne løysingar i tilstrekkeleg omfang som kan takast i bruk i ulike delar av transportsektoren. Noreg er både avhengig av den globale utviklinga av kostnadseffektive null- og lågutsleppsteknologiar og eit raskt, storskala skifte til bruk av null- og lågutsleppstransport i Noreg. Norsk næringsliv har derfor ei viktig rolle i å ettersørje og ta i bruk låg- og nullutsleppsteknologiar i transportsektoren etter kvart som dei blir tilgjengelege.

Myndigheitene må støtte opp om og stille til disposisjon midlar for å gjennomføre omstillinga av transporten i næringslivet. Klima- og miljødepartementet har, saman med næringslivet, hatt ein prosess med drøftingar om eit CO₂-fond for næringstransport og tilhøyrande miljøavtale, jf. Stortingets vedtak 108, punkt 1 i samband med Nasjonalbudsjettet 2017 og vedtak 1110 i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2017. Drøftingane har gått føre seg mellom Klima- og miljødepartementet og næringslivet ved NHO og fleire av dei transportrelaterte næringsorganisasjonane. Regjeringa har signalisert at det ikkje er aktuelt å gi redusert CO₂-avgift for verksemder tilslutta eit eventuelt CO₂-fond. NHO og næringsorganisasjonane har valt å ikkje gå vidare med drøftingane om ei miljøavtale og eit løyvingfinansiert CO₂-fond.

Enova er gitt i oppdrag å administrere eit Nullutsleppsfond for næringstransport som skal støtte auka marknadsintroduksjon og -vekst i bruk av batteri-, hydrogen- og biogassløysingar både på land og på sjø. Slike løysingar er venta etter kvart å bli konkurransedyktige utan støtte og Enova skal derfor utforme verkemiddel med sikte på å oppnå varige marknadsendringar.

Nullutsleppsfondet, med ei ramme på over 1 mrd. kroner fram til 2020, vart lansert på næringslivets klimakonferanse 24. juni 2019 og vil medverke til reduserte utslepp i ikkje-kvotepiktig sektor, og omstilling av tungtransporten, på ein måte

som supplerer Enovas eksisterande satsing godt. Enovas eksisterande satsingar på fylle- og ladeinfrastruktur for nullutsleppstransport held fram under ramma av den eksisterande styringsavtala. Det same gjer Enovas eksisterande satsingar på ny teknologi i transport. Enova vil koordinere satsingane opp mot kvarandre, slik at dei til saman utgjer ein heilskap og medverkar til mest mogleg kostnadseffektiv omstilling. Frå 2021 legg departementet opp til at styringa av Nullutsleppsfondet blir omfatta av Enovas ordinære styringsavtale for neste avtaleperiode.

Regjeringa la i juni 2019 fram ein handlingsplan for grøn skipsfart. Handlingsplanen skal medverke til å realisere regjeringas ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030, og å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøyskategoriar.

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å styrkje innsatsen for å introdusere null- og lågutsleppsløysingar i skipsfarten med 100 mill. kroner til henholdsvis auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband og grøn flåtefornyng av lasteskip.

Biodrivstoff er viktig for å redusere utsleppa frå vegtrafikken. I Granavolden var det semje om at «Regjeringa vil utarbeide et helhetlig forslag til virkemidler og avgifter i biodrivstoffpolitikken for å utelukke biodrivstoff med høy avskogingsrisiko både innenfor og utenfor omsetningskravet, og legge dette frem i forbindelse med statsbudsjettet for 2020».

Å forby biodrivstoff med høy avskogingsrisiko er handelsrettsleg, handelspolitisk og utanrikspolitisk utfordrande. Regjeringa vil derfor ikkje innføre forbod mot biodrivstoff med høy avskogingsrisiko. Regjeringa vil i staden at framtidig auke i omsetningskrava for vegtrafikk og luftfart i hovudsak skal skje ved å auke krava for avansert biodrivstoff. Avansert biodrivstoff er framstilt av avfall og restar og aukar i utgangspunktet ikkje presset på tropisk avskoging. Det eksisterer eit delkrav om at minst 2,25 pst. av alt drivstoff i sal skal vere avansert biodrivstoff i 2019. Dette kravet aukar til 4 pst. i 2020. Eit eige omsetningskrav for 0,5 pst. avansert biodrivstoff til luftfart trer i kraft frå 1. januar 2020.

I mai 2019 vedtok EU ei delegert forordning (2019/807) under det reviderte fornybardirektivet (2018/2001). Den delegerte forordninga tek utgangspunkt i kva slag råstoff som globalt har trengt inn på areal med høgt karbonlager, slik som tropiske skogar. Forordninga inneheld blant anna kriterium for å definere kva typar råstoff som inneber høy risiko for indirekte arealbruk-

sendringar. Kommisjonen vil vurdere alle relevante aspekt knytte til den tekniske rapporten som ligg til grunn for forordning fram mot 30. juni 2021, og gjere eventuelle justeringar i innhaldet i forordninga ved behov. Regjeringa følgjer arbeidet i EU, og vil vurdere å leggje EUs kriterium for skillet mellom råstoff med låg og høy risiko for indirekte arealbruksendringar til grunn for norske omsetningskrav. Regjeringas endelege vurdering vil avvente EUs vurdering og gjennomføring av kriteria. Regjeringas vurdering vil òg omfatte utanriks- og handelspolitiske konsekvensar og forholdet til våre folkerettslege skyldnader.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utvikla ein rettleiar for innkjøparar av drivstoff. Den vil bistå ambisiøse innkjøparar i å velje drivstoff med god klimanytte og låg risiko for indirekte arealbruksendringar, inkludert avskoging. Miljødirektoratet publiserer på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet frå 2019 meir detaljert informasjon om råstoffet og opphavlandet til biodrivstoffet i sal. Denne informasjonen kan hjelpe forbrukarane med å velje biodrivstoff med best klimanytte.

Klima- og miljødepartementet viser elles til omtale i Finansdepartementet sin Prop. 1 S om innføring av vegbruksavgift på biodrivstoff og oppfølging av Stortinget sitt oppmodingsvedtak nr. 86 (2018–2019)

Klimatilpassing

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette for regjeringas heilskapelege arbeid med klimatilpassing. Miljødirektoratet har sidan 2014 vore den fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i dette arbeidet og koordinerer det heilskapelege klimatilpassingsarbeidet. Midlane til klimatilpassing på Klima- og miljødepartementets budsjett blir føreslått førte vidare frå 2019 til 2020 under Miljødirektoratet. I tillegg er det sett av 6,4 mill. kroner til ei tilskotsordning for kommunar. Sjå nærare omtale av arbeidet med klimatilpassing under del IV.

Felles oppfylging av klimamål for 2030

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn forpliktingar på visse vilkår på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for ei felles oppfylging av desse utslippsmåla for 2030. Ei slik avtale mellom Noreg og EU vil innebære at Noreg vil medverke til gjennomføring av

utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Noreg vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette skal fordelast mellom landa gjennom bindande utsleppsmål. Ei avtale med EU vil innebere at Noreg vil få eit nasjonalt utsleppsmål for ikkje-kvotepiktig sektor på linje med samanliknbare EU-land. EUs regelverk for korleis opptak og utslepp frå skog- og arealbrukssektoren skal reknast inn mot utsleppsmålet (LULUCF-forordninga), vil òg vere relevant for Noreg i ei avtale med EU om felles oppfyljing av klimamål for 2030. Stortinget har gitt si tilslutning til eit framforhandla utkast til avtale om felles oppfyljing av utsleppsmålet for 2030 saman med EU, jf. Prop. 94 S (2018–2019)

om samtykke til deltaking i ein avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rettsakter som inngår i felles oppfyljing av utsleppsmålet for 2030. Avgjerda i EØS-komiteen ventast fatta i løpet av hausten 2019. Sjå nærare omtale av felles oppfyljing av klimamål med EU i del IV, klimalovrapporteringa.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på om lag 8,5 mrd. kroner i 2020. Tabellen under syner at dette er ein auke på 14,2 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2019.

Budsjettmidlar til arbeidet med å betre kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging og forskning er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1420	Miljødirektoratet	4 091 444	4 249 127	5 267 322	24,0
1422	Miljøvennleg skipsfart	11 832	12 557	33 894	169,9
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	17 276	27 040	28 518	5,5
1424	MAREANO	52 298			
1425	Fisketiltak	14 817	16 796	17 244	2,7
1428	Enova SF	2 745 807	3 164 450	3 184 450	0,6
	Sum kategori 12.20	6 933 474	7 469 970	8 531 428	14,2

Kap. 1420 Miljødirektoratet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	689 373	694 287	712 534
21	Spesielle driftsutgifter	257 221	263 078	306 097
22	Statlege vassmiljøtiltak	279 072	235 574	242 770
23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	153 776	135 608	149 260
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	23 126	30 167	30 167
31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	71 559	81 419	89 419

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	664	1 450	
33	Statlege tileigningar, nytt landbasert vern, <i>kan overførast</i>	875	6 200	
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	30 323	2 053	2 053
35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	478 407	444 612	454 612
36	Statlege tileigningar, marint vern, <i>kan overførast</i>			6 200
37	Skogplanting, <i>kan overførast</i>	16 172		
38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overførast</i>	17 742	23 625	16 625
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	8 123	12 483	12 483
61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	90 838	208 230	187 832
63	Returordning for kasserte fritidsbåtar	520	20 000	2 000
64	Skrantesjueprøver frå fallvilt	431	1 748	1 200
65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	19 880	20 560	20 560
69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	105 625	50 962	74 962
70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	52 636	30 292	40 792
71	Marin forsøpling, <i>kan overførast</i>	66 272	70 290	70 290
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	134 572	136 978	141 361
73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	70 269	80 426	80 426
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	469 249	538 167	1 472 500
75	Utbetaling for vrakpant og tilskot til kjøretøy og fritidsbåtar, <i>overslagsløyving</i>	534 473	640 992	586 176
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	142 486	137 464	170 659
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	14 405	15 416	15 416
78	Friluftsførmål, <i>kan overførast</i>	180 508	179 891	183 891
79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	413	450	450
81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	60 175	67 011	66 311

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overførast</i>	51 452	45 355	45 355
83	Tilskot til tiltak mot framande arter, <i>kan overførast</i>			4 000
84	Internasjonalt samarbeid	4 552	5 308	5 508
85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	66 255	69 031	75 413
Sum kap. 1420		4 091 444	4 249 127	5 267 322

Midlane under budsjettkapitlet er retta mot alle resultatområde med unntak for resultatområda Kulturminne og kulturmiljø, og Polarområda.

Alle driftspostane (post 01, 21, 22 og 23) og tilskotspostane 71, 72, 74, 75, 76 og 85 har fått pris-kompensasjon. På driftspostane (01, 21, 22 og 23) er det teke ut midlar i samband med avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Klima- og miljødepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan klima, naturforvaltning, forureining og friluftsliv. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, hindre forureining og leggje til rette for friluftsliv. Dette betyr mellom anna å leggje til rette for å ta vare på naturen, berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljømåla gir hovudramma for arbeidet i Miljødirektoratet. Etaten sine funksjonar er å skaffe og formidle miljøinformasjon, utøve forvaltingsmynd, styre og rettleie regionalt og kommunalt nivå, gi faglege råd og delta i internasjonalt miljøarbeid.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal klima- og miljøpolitikk og å få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med tiltaksanalysar for reduksjon i klimagassutslepp, utvikling og rapportering av klimagassrekneskapa til FN, utvikling og rapportering av klimagassrekneskapa for kommunar, utsleppsreduksjon og omstilling til lågutslepps-samfunnet i kommunar og fylkeskommunar, overvaking av klimaendringar og verknader av klimaendringar på naturmangfald. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til

utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FNs klimapanel og koordinerer alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing, og Miljødirektoratet er departementets fagetat på dette området. Direktoratet bistår departementet i oppfølging av stortingsmeldinga om klimatilpassing, medverkar til at regjeringas arbeid på området blir følgt opp av forvaltinga og i samfunnet, og støttar departementet i det internasjonale arbeidet med klimatilpassing, under dette i klimaforhandlingane.

På naturforvaltningsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning der økosystema har god tilstand og leverer økosystemtenester, etablering og forvaltning av verneområde og forvaltning av truga arter og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte arter og utvalde naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovvilt, vassforvaltning, heilskapleg havforvaltning, marin naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk og villrein. Miljødirektoratet er òg fagetat for viltarter, både haustbart og ikkje-haustbart vilt. For haustbart vilt blir området styrt frå Landbruks- og matdepartementet etter at dette ansvaret på departementsnivå blei flytta dit i 2018. På same måte som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjonen om biologisk mangfald. Direktoratet er Noregs nasjonale kontaktpunkt for det internasjonale naturpanelet (IPBES), og koordinerer alle prosessar knytt til Naturpanelet sitt arbeid. Ei teknisk støtteining for kapasitetsbygging er etablert i Miljødirektoratet.

Etaten medverkar vidare til at omsynet til langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til

grunn ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ein del av Miljødirektoratet og har med heimel i lov om statleg naturoppsyn ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden, oppsyn med at reglane i miljølovgivinga blir følgde, og avdekkje og førebygge miljøkriminalitet. Statens naturoppsyn er òg kompetansemiljø for gjennomføring av skjøtsels- og tilretteleggings-tiltak i verneområda.

Tilrettelegging for friluftsliv, motivering av befolkninga til å utøve friluftsliv og sikring og forvaltning av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver for Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet samordnar det sektorovergripande arbeidet på forureiningsområdet, og samarbeider med sektorane om faktagrunnlag, analysar og vidareutvikling av tiltak og verkemiddel. Viktige oppgåver på forureiningsområdet er arbeidet med å redusere marin forsøpling og mikroplast, redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre forureining i vassdrag og langs kysten, førebyggje og hindre oljeforureining, redusere luftforureiningar og å auke ressursutnyttinga og redusere miljøproblem frå avfall. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid på desse områda. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobasert tilsyn.

Miljødirektoratet har rolla som nasjonalt samordningsorgan for miljødata og har ansvar for å samle miljødata på tvers av sektorer til miljøstatus.no. Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg, og formidlar dette til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og ålmanta mellom anna gjennom Miljøstatus.no.

Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernnavdelingane hos fylkesmannen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten dekkjer løns- og driftsutgifter til verksemda ved Miljødirektoratet sine to hovudkontor i Trondheim og Oslo, og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten løn til faste og mellomtids tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon, formidling og drift av miljøinformasjonssystem og ulike nettstader. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjonsordninga og klimasatsordninga. For ei vidare utgreiing om kva slags føremål løyvinga går til, viser vi til omtala under «Mil-

jødirektoratets rolle og oppgåver» over. Utgifter knytte til oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog, er dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01.

Posten er samla sett auka med om lag 18 mill. kroner. Til å dekkje kostnadane ved lønsoppgjøret i staten i 2019 er det lagt inn om lag 12 mill. kroner.

Det er lagt inn 2 mill. kroner til verneområdeforvaltar i Gutulia nasjonalpark og ny stilling i Statens naturoppsyn Lofoten. Det er vidare lagt inn 5 mill. kroner til Statens naturoppsyn til styrkt oppsyn for å hindre ulovleg fiske etter anadrom laksefisk. Det er òg lagt inn 2 mill. kroner for å administrere satstinga på grøn skipsfart.

Miljødirektoratet har fått hovudansvaret for IT-drifta for fleire etatar under Klima- og miljødepartementet, og det er lagt inn 4,1 mill. kroner til dette.

Det er rammeoverført 6 mill. kroner frå posten til kap. 525 Fylkesmannsembeta til seks nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar. Det er likeins rammeoverført 1 mill. kroner frå posten til kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar knytt til regionreforma.

Inntekter frå jeger- og fellingsavgifter over kap. 5576 post 72 under Landbruks- og matdepartementet finansierer 3,281 mill. kroner av kap. 1420 post 01. Desse midlane skal dekkje Miljødirektoratet sine utgifter knytt til forvaltning av tilskotsordningar finansiert av Viltfondet under kap. 1140 post 71.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 4420 post 01.

Rapport 2018

Av rekneskapsførte utgifter i 2018 vart knapt 72 pst. nytta til løn. Resten gjekk til husleige, energi, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten finansierer tiltaksretta forvaltingsoppgåver innan resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten finansierer fleire av direktoratet sine oppgåver innan klima. Dette gjeld til dømes arbeid knytt til FN's klimapanel (IPCC), utvikling og drift av utsleppsrekneskapskapen for klimagassar og langtransportert luftforureining, utgreiing for å støtte etatens arbeid med tiltak mot klimagassutslepp og kortlevde klimadrivarar, restaurering

av våtmark, utvikling av verktøy for lokal klima- og energiplanlegging og utvikling av verktøy for å rekne ut lokal luftkvalitet. Posten dekkjer òg finansiering av ulike oppgåver innan klimatilpassing og klimasatsordninga, støtte til KlimaserVICESENTERET, og andre tiltak for auka kunnskap og kompetanse.

Posten dekkjer kostnadene med prosess for gjennomføring av verneplanar som er vedtekne av Stortinget. Dette gjeld skogvern og supplerande vern der direktoratet finansierer noko av fylkesmannens arbeid, og delar av arbeidet med marint vern der etaten finansierer utgreiing av kunnskapsgrunnlaget og fylkesmannens arbeid. Utgifter til å hente inn kunnskap og arbeidet til lokale partar knytt til lokalt initierte nasjonalparkforslag blir òg finansierte frå denne posten. I tillegg dekkjer posten fylkesmennene og nasjonalparkstyra sitt arbeid med utarbeiding av forvaltingsplanar, kostnader til nasjonalparkstyre og tilsynsutval, og innføringa av merkevarer- og besøksstrategi for nasjonalparkane og andre verneområde.

Ein del av tenestekjøp av oppsynsoppgåver som Statens naturoppsyn gjer hos Fjellstyra blir dekte over posten. Miljødirektoratet vil som i tidlegare år kjøpe slike tenester etter behov og tilgjengeleg budsjettamme.

Posten dekkjer òg ymse utgifter knytt til nasjonal koordinering av Skjergardstenesta, samt utgifter knytt til arbeidet med prosjektet friluftslivets ferdselsårer.

I samband med forvaltning av rovvilt dekkjer posten drift av dei regionale rovviltneemndene og sekretariata. Posten dekkjer òg midlar til tenestekjøp og forskingsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltneemndene.

Posten dekkjer utarbeiding og oppfølging av avgjerdsgrunnlag og handlingsplanar for truga arter og naturtypar. Midlane vert òg nytta til tenestekjøp av kompetanse knytt til identifisering, søk og gjennomføring av tiltak for å ta vare på truga arter og naturtypar. Slike tiltak kan til dømes vere aktiv skjøtsel, restaurering, biotopforbetrande tiltak og fjerning av framande skadelege organismar. Dette høyrer nært saman med arbeidet med å følgje opp tilrådingar om tiltak for å ta vare på ei rekkje kritisk og sterkt truga ansvarsarter og truga naturtypar. Etablering av eit nasjonalt overvåkingsprogram for insekt, inkludert pollinerande insekt, blir dekt av posten. Posten dekkjer vidare tenestekjøp knytt til Naturindeks for Noreg. Tilskot til tiltak for truga arter og naturtypar gis elles over post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar.

Fagsystem for nasjonal styring og rapportering, og oppfølging av forpliktingar i internasjo-

nale konvensjonar, som Bernkonvensjonen og Ramsarkonvensjonen, blir òg dekte av posten.

Posten finansierer utvikling og drift av handlingsplanar mot framande arter. Avtala med Vitenskapskomiteen for mat og miljø om risikovurderingar knytte til framande organismar, genmodifiserte organismar, CITES og mikroorganismar vert òg dekt over posten.

Posten blir brukt til kjøp av spisskompetanse for å vurdere helse- og miljøfare ved stoff som Noreg foreslår for reguleringar i EU og globalt. Den blir òg brukt til å få fram betre kunnskap om ulike kjelder til spreiiing av miljøgifter, som eit ledd i å nå dei nasjonale måla på miljøgiftområdet, og til å sikre eit brukarvennleg elektronisk system for deklarerings av kjemikalier til Produktregisteret.

På avfallsområdet dekkjer posten utgifter til utgreiingar, og til å utvikle og drifte refusjonssystemet for spillolje. Vidare dekkjer posten utgifter direktoratet eventuelt får ved å måtte fjerne eigarlaus farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu, farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte eller andre typar avfall der det er naudsynt å fjerne avfallet raskt, til dømes som følgje av luktproblem, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Posten er samla sett auka med om lag 43 mill. kroner.

Arbeidet med tiltak for å ta vare på truga natur er styrkt med 18 mill. kroner, og midlar til tiltak og etablering av kvalitetsnorm for villrein er auka med 5,5 mill. kroner. Det er flytta 2 mill. kroner til posten frå post 38 Restaurering av myr og anna våtmark for å styrkje kapasiteten for gjennomføring av «Plan for restaurering av myr og våtmark». Det er vidare flytta om lag 3,6 mill. kroner frå kap. 1400 post 21 og om lag 1,4 mill. kroner frå post 32 Statlege tileiingar, fylkesvise verneplanar til kap. 1420 post 21 som skal nyttast til prioriterte tiltak innafor naturmangfaldområdet. Posten er òg styrkt med 1 mill. kroner for å administrere satsinga på grøn skipsfart.

Rapport 2018

Midlane på posten blei i 2018 nytta til tiltak knytte til forvaltning av nasjonalparkar og andre verneområde, kamp mot framande arter, forvaltning av truga arter og utvalde naturtypar og rovvilt, utvikling av fagsystem for økologisk tilstand, vidareutvikling av Naturindeks for Noreg og arbeid knytt til klima og forureining.

Ein del av midlane er òg nytta til kjøp av naturoppsynstjenester. Vel ein tredel av løyvinga på posten vart fordelt vidare til fylkesmennene til bruk i dei einskilde fylka.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
22.1	Kalking	70 794	82 054	83 464
22.2	Anadrome laksefisk	123 087	107 930	105 257
22.3	Generell vassforvaltning	85 191	45 590	54 049
	Sum post 22	279 072	235 574	242 770

Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, under dette midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til same føremål blir dekte over post 70.

Posten er samla sett auka med om lag 7 mill. kroner.

Underpost 1 dekkjer kjøp av kalkingstenester.

Underpost 2 dekkjer tiltak, forskning og utvikling knytt til forvaltning av anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* og bevaring i genbank. Det er flytta 4 mill. kroner til bestandsovervaking av villaks frå underposten til kap. 1410 post 21 Miljøovervaking, og omlag 2 mill. kroner er flytta frå underposten til kap. 1420 post 21.

Underpost 3 dekkjer midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna arbeid med generell vassforvaltning. Underposten skal framleis dekkje tiltak knytt til storaure og krypsiv. Frå denne posten blir det òg fordelt midlar til vassregionstyresmaktene og arbeidet i vassområda. Underposten er gjennom omdisponeringar auka med 7 mill. kroner til restaureringstiltak som er prioritert i vassforvaltningsplanane.

Rapport 2018

Miljødirektoratet og fylkesmannen brukte 279 mill. kroner til ulike statlege vassmiljøtiltak i 2018. Om lag 25 pst. av midlane har vore nytta til kalking av vassdrag. Om lag 44 pst. har vore nytta til forvaltning av, og tiltak for å ta vare på, anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Om lag 31 pst. av midlane er nytta til generell vassforvaltning.

Kalking

Tilførsla av sur nedbør er sterkt redusert sidan toppnivåa på 1980-talet, men den positive utviklinga flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 8 pst. av arealet i Noreg skadd av forsuring, og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogenforbindelsar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen.

Totalt blir 23 lakseførande elvar i Noreg kalka. I dei elvane der laksen har gått tapt grunna sur nedbør, er det etablert nye laksestammer. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 40–60 tonn (12–15 pst. av all laks fanga i norske elvar). Rapportar om kalkavslutning i lokale prosjekt blir følgde opp. Oppfølging av *Plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016–2021* starta i 2016. I tillegg til den vanlege drifta vart det mot slutten av året gjennomført ein nasjonal kartlegging av forsuringssituasjonen i Noreg. Dette som ei førebuing til rullering av handlingsplanen for kalking.

Anadrom laksefisk

I Driva er det gjennomført nødvendige tilpassingar av fiskesperra, og fisketrapp og fangsthus er ferdigstilt. Oppflytting av sjøaure haldt fram. Førebuing av tiltak mot lakseparasitten i Drammenregionen blei gjennomført etter planen. Genbankarbeidet er framleis omfattande som følgje av at historisk mange bestander er teke vare på, og er under reetablering i påvente av eller etter nedkjempingstiltak mot *Gyrodactylus salaris*. Innsamling og mellombels oppbevaring av laksefiskbestander i Hardanger er følgd opp i tråd med føresetnadene, og byggeprosessen med sikte på ny genbank blei starta. Løyvinga er òg brukt til arbeid

det med å følge opp ny avtale om forvaltning av Tanavassdraget. Innsatsen på bestandsovervaking av villaks var stabil, og eit opplegg for særskilt overvaking på sjøaure blei vidareutvikla.

Generell vassforvaltning

Gjennom overvakinga i mellom anna fjordar og kystvatn, blei kunnskapsgrunnlaget for vassforvaltninga og utviklinga av klassifiseringssystemet for ferskvatn og kystvatn høgt prioritert. Det blei delt ut midlar til vassområda. Førebuing av høyring av planprogram og utfordringar for vassmiljøet blei prioritert i det regionale vassarbeidet. Vedtekne regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram blei følgt opp og rapportert i tråd med krava i vassforskrifta

Løyvinga er òg brukt til kunnskapsoppdatering knytt til storauretiltak og tiltak og innhenting av kunnskap knytt til krypsiv.

Post 23 Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, kan overførast

Løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet har ved gebyrfinansiert verksemd og til utgifter ved oppdrag finansierte frå andre instansar. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining og Klima. Posten er samla sett auka med om lag 13,6 mill. kroner, mellom anna grunna auka inntekter på kap. 4420, post 04, frå sertifisering av F-gassar (7,5 mill. kroner) og konsesjonsbehandling (2,3 mill. kroner).

Direktoratet utfører med heimel i fleire forskrifter oppgåver som er gebyrfinansierte i samsvar med prinsippet om at forureinar betaler. Utgiftene til desse oppgåvene er budsjetterte til 49,4 mill. kroner, mens inntektene er 50,9 mill. kroner. Sjå nærare forklaring under kap. 4420 post 04 der inntektene blir førte.

På same vis utfører fylkesmennene oppgåver i samband med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. gebyrinntekter under kap. 4420 post 06 anslått til 35,9 mill. kroner. Inntektene blir tilbakeførte til fylkesmennene.

Til utgiftene ved kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemdar er det i samsvar med EUs reglar knytt gebyr som er førte under kap. 4420 post 07, anslått til 8,3 mill. kroner.

Omfanget av arbeid knytt til gebyrrelatert verksemd på naturforvaltingsområdet er venta til om lag 0,6 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4420 post 08.

Posten dekkjer òg utgifter anslått til 43,8 mill. kroner ved internasjonale oppdrag som direktora-

tet får refunderte over kap. 4420 post 09, hovudsakleg frå andre statsinstansar.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 04, 06, 08 og 09, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2018

Om lag 31 mill. kroner av midlane vart i 2018 nytta av fylkesmennene, i hovudsak knytt til gebyrfinansierte tiltak på forureiningsområdet. Utgifter til internasjonal verksemd var om lag 50 mill. kroner. Ein vesentleg del av desse vart nytta til løn og direkte kostnader. Resten av midlane vart nytta til løn og driftskostnader knytt til dei ulike gebyrordningane.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten er retta mot resultatområde Friluftsliv. Midlane blir nytta til statleg sikring av nye friluftslivsområde, anten ved offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale med grunneigar).

Kommunane og dei interkommunale friluftsråda kan søkje Miljødirektoratet om økonomisk medverknad til sikring av viktige friluftslivsområde. Miljødirektoratet kan òg i samarbeid med kommunane overta friluftslivsareal frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i si verksemd. I tillegg kan kommunale friluftsområde vederlagsfritt bli omgjort til statleg sikra friluftslivsområde, dersom områda tilfredsstillar kriteria for statleg sikring. Slike område blir tinglyste som statleg sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg nyttast til grunnleggjande istandsetjingstiltak i samband med at nye område blir sikra, til dømes oppføring av toalettbygningar eller opparbeiding av tilkomst. Midlane på posten kan òg nyttast til istandsetting av statleg eigde bygningar på dei sikra områda, under dette utarbeiding av forvaltningsplanar og istandsetjing av freda og verna bygningar på sikra område.

For friluftsområde med nasjonal og regional bruk kan staten medverke med inntil 100 pst. av kostnadane, for område med i hovudsak lokal bruk med inntil 50 pst. av kostnadane. Prioriterte område i sikringsarbeidet er friluftsområde i og ved store befolkningskonsentrasjonar, under dette område i nærmiljøet, landfaste område i kystsona med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, og sentrale område ved innlandsvassdrag.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak frå dette er bygningar som

anten skal rivast eller nyttast i friluftslivssamanheng i området.

Frå og med 2019 skal ikkje staten lenger bli eigar av nye område som blir sikra. Unnateke frå dette er friluftslivsareal som blir overteke frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i si verksemd, og som med dette blir statleg sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg dekkje utgifter knytte til dei sikra områda, som for eksempel grenseoppgangar, frådelingar og tinglysingar. Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført, og at statens vilkår er oppfylte.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2018

Det vart sikra 25 nye friluftslivsområde gjennom statleg medverknad med midlar frå post 30 i 2018. Om lag 70 pst. av områda kan definerast som nær-område til der folk bur. Områda som vart sikra i 2018 ligg i 11 ulike fylke. Dei siste åra er det i langt større grad enn tidlegare blitt sikra friluftslivsområde i nærleiken av bustadområde. Desse områda har jamt over høgare sikringskostnader enn område utanfor bustadområda. Det er både kommunar og interkommunale friluftsråd som har initiert desse sikringsprosessane, og som vil stå for vidare drift og tilsyn i områda framover.

I tillegg til gjennomført sikring, søkte kommunar og friluftsråd om statleg medverknad til å sikre nye område, og 48 nye område vart innvilga i 2018. Kommunane og friluftsråda arbeider no med å få gjennomført sikringa av desse områda, og med tilrettelegging av areala.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i verneområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verneområda, og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane blir òg nytta til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker, og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og

andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten blir òg nytta til båtinvesteringar for Statens naturoppsyn. Grunna alder og slitasje har Statens naturoppsyn behov for utskifting og fornying av båtar for å tilfredsstille krav til eiga sikkerheit og stabil drift. Til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) er det behov for ei bestillingsfullmakt under posten på 5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Posten skal òg nyttast til å dekkje Klima- og miljødepartementet sin del av kostnadene til fjerning av Einøvlingdammen i Dovrefjell og Sundalsfjella nasjonalpark. Nasjonalparken vart utvida i 2018, og i samband med vernevedtaket vart det bestemt at Einøvlingdammen skal fjernast. Anlegget er ikkje omfatta av Forsvaret og Forsvarsbygg sitt restaureringsprosjekt for det tidlegare skytefeltet på Hjerkin. Det vert lagt opp til førebuarbeid i 2019, og fjerning av sjølvedammen i 2020.

Posten er auka med 8 mill. kroner som skal nyttast til skjøtsel og andre tiltak for styrkt forvaltning av verneområda. Det ligg 3 mill. kroner til treårig prosjekt for uttak av framande treslag i verneområde under kap 1420 post 21.

Rapport 2018

Midlane er brukt til tiltak og investeringar for å ta vare på og halde ved lag verneverdiane i verneområde over heile landet. Mange hundre slike tiltak blir gjennomførte kvart år. Tiltaka er prioriterte først og fremst i verneområde der verneverdiane er truga. Rydding og slått i areal som er i ferd med å gro att grunna endra arealbruk og uttak av framande arter som sitkagran, rynkerose og mink er eksempel på tiltak som er gjennomførte.

Skjøtsel er aldri eingongstiltak, og tiltaka må alltid følgjast opp. I Sølendet og Tågdalen naturreservat i Trøndelag og Møre og Romsdal er myrslått gjennomført gjennom mange år, og tiltaksmidlar blir her nytta årleg til skjøtselsarbeidet som følgjer planen for området. Slått i kulturlandskap i Utladalen landskapsvernområde kan òg stå som eit døme på årleg skjøtsel av kulturmark i verneområda.

Kampen mot framande arter i verneområda held fram, og blant dei konkrete tiltaka som blei gjennomførte i 2018, kan nemnast hogst av sitkagran i Blindheimsvik og Ullasundet dyrefredingsområde i Møre og Romsdal. Rynkerose er fjerna i mange verneområde i fleire fylke. I Hjelmsøya

naturreservat i Finnmark ble det i 2018 tatt ut 57 mink, og det blir årleg arbeidd med uttak av mink i mange sjøfuglreservat.

I fleire verneområde er planta gran ein trussel for verneverdiane. Blant desse er Junkerdalsura naturreservat der ein i 2017 starta arbeidet med å fjerne eit større granfelt som fortrengrer naturleg førekommande arter. Prosjektet er fleirårig.

Tilretteleggings- og informasjonstiltak er òg prioriterte i 2018, og har omfatta mellom anna opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur. Av større tilretteleggingstiltak i nasjonalparkane kan nemnast utbygging av to startpunkt i Rondane nasjonalpark ved Høvingen. I Rondane er midlane også nytta til utbetring og tilrettelegging av erodert sti ved Bjørnholla turisthytte. Utkikkspunktet ved Storfossen i Homla naturreservat i Trøndelag var eit anna viktig tiltak.

I Flekkefjord landskapsvernområde har jettegytene ved Brufjell vorte populære turmål. Ettersom delar av ruta går i dels farleg terreng har forvaltinga sikra nedstiging til jettegrytene, og lagt til rette i form av toalett og med stigforbetring.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til gjennomføringa av planen for vern av fylkesvise, tematiske verneplanar slik det er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur*. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane.

Posten er redusert med 1,45 mill. kroner i høve til venta utbetalingar i 2020.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på 1,3 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak V. Fullmakta skal gå til å gi dekning for utgifter til Tyri-fjorden som vart vedteken verna i juni 2018, men der det tek tid før erstatningane blir utbetalte.

Rapport 2018

I 2018 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til grensemerking for verneområde i Sogn og Fjordane. Utgifter i samband med kompensasjon for endra grenser i Åkersvika naturreservat er òg førebels postert her, men utgiftene til dette skal refunderast frå vegprosjektet.

Post 33 Statlege tileigningar, nytt landbasert vern, kan overførast

Det blir føreslått å dele opp den opphavelige posten Statlege tileigningar, nytt vern i følgjande to postar:

- Post 33 Statlege tileigningar, nytt landbasert vern
- Post 36 Statlege tileigningar, marint vern

Teksten under gjeld ny post 33 Statlege tileigningar, landbasert nytt vern.

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og omfattar alt nytt landbasert vern som ikkje er skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nytt landbasert vern utover det som er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur* og St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Posten skal òg dekkje utgifter til gjennomføringa av supplerande vern, jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*.

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av vernevedtaka, inkludert registrering og vurdering av verneverdiar.

Utviding av Saltfjellet/Svartisen nasjonalpark m.v. er planlagt gjennomført i 2019. Utgiftene i samband med vernet vil i hovudsak kome etter 2020.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt under posten på 1,2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2018

I 2018 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til erstatningar, omkostningar og grensemerking i nasjonalparkane Raet og Jomfruland.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge* i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Posten dekkjer òg tilsvarende utgifter for Fulufjellet og Færder nasjonalparkar som er resultat av regionale/lokale verneinitiativ. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtaler. Nokre få saker går til rettsleg skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen. Det er ikkje gjennomført vern av nye nasjonalparkar i 2019 eller planlagt vern av nye nasjonalparkar under 34-posten i 2020.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på posten på 16,6 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2018

Oppgjer har vore utbetalt fortløpande ettersom tilboda vert aksepterte av grunneigarar og rettshavarar gjennom minnelege avtaler, eventuelt etter nye forhandlingar. Rettsleg skjønn har vore naudsynt i få saker, nasjonalparkplanen sett under eitt, men for ein del saker vil det vere naudsynt med skjønn for å få avslutta sakene. Hovudtyngda av utbetalingar i 2018 er knytt til erstatningsoppgjeret for landskapsvernområda Brattefjell-Vindeggen og Frafjordheiane og Rondane nasjonalpark.

Post 35 Statlege tileigningar, skogvern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova og markalova, jf. erstatningsreglane i lovene. Erstatningar blir

fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova og markalova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltingsplanar når dette er naudsynt for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Posten er auka med 10 mill. kroner.

For å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak om vern av skog på Statskog SFs areal og sikre god framdrift i skogvernet er det behov for ei bestillingsfullmakt på 351 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2018

Overførte midlar frå 2017 og løyvinga for 2018 er brukt i arbeidet for å nå det nasjonale målet om at eit representativt utval av naturtypar i skog skal vernast for kommande generasjonar. Hovudtyngda av utbetalingane er knytt til erstatningar i samband med frivillig vern av skog, der omlag 341 mill. kroner er utbetalt i erstatningar og vederlag. Det er utbetalt omlag 5 mill. kroner til kjøp av eigedommar frå Statskog. Det er òg utbetalt omlag 66 mill. kroner i erstatning for vern på Statskog SF sin grunn.

Post 36 Statlege tileigningar, marint vern (ny), kan overførast

Posten er knytt til resultatområde naturmangfald, og omfattar marint vern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av marint vern som omtalt i St.meld. nr. 43 (1998–1999) *Vern og bruk i kystsona*, St. Meld. nr. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, St. Meld. nr. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehave*.

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i

samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av vernevedtaka, inkludert registrering og vurdering av verneverdiar. Posten dekkjer òg utgifter til konsekvensutgreiing.

Vernevedtak for områda Innervisten, Nordfjorden, Karlsøyvær, Kaldvåg fjorden og Innhavet, Ytre Karlsøy, Rossfjordstraumen, Rystraumen, Ytre Hardangerfjorden, Lurefjorden og Lindåsosane, Krossfjorden, Børgin, og Skarnsundet er planlagt hausten 2019. Utgiftene for vern av områda vil truleg komme til utbetaling i 2020. Vernevedtak for Rauerfjorden, Dalsfjorden, Stad, Giske, Grandefjæra og LoppHAVet er planlagt i 2020. For desse områda er utgiftene venta å komme etter 2020. Vernevedtak for områda Griphølen, Remmen og Transekt frå Andfjorden er planlagt i 2021.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på posten på 2,8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2018

Posten er ny frå 2020.

Post 37 Skogplanting, kan overførast

Ordninga for skogplanting er avslutta og sluttrapport vart overlevert til Klima- og miljødepartementet våren 2019. Det er ikkje løyvd midlar på posten i 2019.

Rapport 2018

Pilotordninga for skogplanting starta i 2015 og har hatt ei årleg finansiering på 15 mill. kroner i 3 år. Dei første åra var det fokus på utarbeiding av rettleiingsmateriale for planting i pilotfasen, kartlegging av areal for planting og å setje planter i produksjon. Dei første plantefelta vart realisert i 2016. I 2017 var det fokus på planting i pilotfylka, og frå sentralt hald blei det prioritert å etablere rutinar for saksbehandling i pilotfylka, og å planleggje intern og ekstern evaluering av ordninga. I 2018 blei pilotordninga avslutta i pilotfylka. Alle fylka leverte sluttrapport frå pilotfasen, og dei siste trea blei planta ut hausten 2018. Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet har arbeidd med å følgje opp pilotfylka i avslutningsfasen. Sluttrapportering og evaluering av ordninga vart levert til Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet våren 2019. Departementa

arbeider med å gjennomgå erfaringane frå pilotfasen.

Post 38 Restaurering av myr og anna våtmark, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Klima og Naturmangfald. Posten skal dekkje utgifter til tiltak for å restaurere myr og anna våtmark, planlegging og oppfølging av desse tiltaka. Posten kan nyttast til restaurering både inne i og utanom verneområde. Posten kan òg nyttast til ei incentivordning for å få til frivillige avtaler for restaurering av myr og våtmark på privat grunn utanfor verneområde.

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet samarbeider om restaurering av myr og anna våtmark i perioden 2016–2020 etter ein plan dei to direktorata utarbeidde i 2016. Arbeidet er retta inn slik at det medverkar til å oppfylle regjeringa si målsetjing om reduserte klimagassutslepp, tilpassing til klimaendringane og betring i økologisk tilstand. Døme på tiltak kan vere tetting av grøfter i myr og større restaureringstiltak som remeandring av elveløp. Kostnadseffektive tiltak skal prioriterast, og restaurering skal skje etter avtale med grunneigarar og rettshavarar.

Posten er samla sett redusert med 7 mill. kroner. For å styrkje kapasiteten hos fylkesmannen og i Statens naturoppsyn for gjennomføring av aktuelle prosjekt er det flytta 2 mill. kroner frå posten til post 21 under kap. 1420, jf. rapport frå 2018 under.

Restaurering av myr har mellom anna til føremål å redusere klimagassutslepp frå drenerte myrar. Tetting av grøfter fører grunnvatnet tilbake til sitt naturlege nivå og hindrar at myra sitt torvlag med høgt innhald av karbon blir ytterlegare nedbrote. Slik restaurering er ifølgje FNs klimapanel eit kostnadseffektivt tiltak for å redusere klimagassutsleppa i jordbrukssektoren på global skala. Restaurering av myr og anna våtmark kan vere eit tiltak for klimatilpassing då intakte våtmarker mellom anna kan dempe flaumtoppar. Restaurering vil òg betre den økologiske tilstanden i myr og anna våtmark, og betre og auke tilgangen på leveområde for ei rekkje truga arter.

I «Plan for restaurering av våtmark» frå 2016 er det sagt at ein skal gjennomføre ei utgreiing av incentivordning for å lettare få til avtaler om restaurering på privat grunn. Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet vil leggje fram eit forslag til ei slik ordning i løpet av hausten 2019.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt under posten på 3,1 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2018

Fylkesmannen i Oslo og Akershus og Fylkesmannen i Hedmark, i tillegg til Statens naturoppsyn, vart i 2018 styrkt, slik at ein vart rigga til å prosjektere og drifte mange restaureringsprosjekt under implementeringa av *Plan for restaurering av våtmark i Norge (2016–2020)*. Ei rammeavtale for entreprenørar i Austlandsregionen har fungert godt. Kurs og seminar for å heve kompetansen om restaurering av myr vart gjennomført for entreprenørar, Statens naturoppsyn og fylkesmannen. Fleire fylkesmenn har trass i dette meldt frå om at dei ikkje har naudsynt kapasitet for planlegging og gjennomføring av restaureringsprosjekt.

Restaureringsplanen er under implementering, og det vart i 2018 gjennomført restaureringstiltak i til saman 20 myrar. Døme på verneområde der det blei restaurert myr i 2018 er Åholmen naturreservat i Nordland, Finnemarka naturreservat i Buskerud og Sætremyrane naturreservat i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld tildeling av midlar til restaurering av anna våtmark enn myr, kan nemnast forprosjektering i Haukåsmyrane i Hordaland der det er planar om remeandring av elveløp. I Kjelle i Akershus er det planlagt endring av bekkeløp med mål om å forseinke vatnet i vassdraget. Prosjektering av større restaureringsarbeid i anna våtmark tek mykje tid og går over fleire år. Midlar til både forprosjekt og gjennomføring av tiltak vert tildelt over denne budsjettposten, slik at det kvart år i planperioden kan gjennomførast restaureringstiltak i myr og anna våtmark.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Posten er knytt til resultatområde Forureining. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Opprydding i forureina sjøbotn gjeld i hovudsak oppfølging av 17 prioriterte område.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen, til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv inn-

sats i oppryddingsarbeid og til anna kunnskapsoppbygging.

Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn for arbeidet med oppryddinga og ligg til grunn for alle tre postane. Så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltinga dekkjer hele eller delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak, som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltinga er den ansvarlege fordi den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten kan forskottere oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant
- Der miljøforvaltinga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling
- Der det er naudsynt for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene

Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Ettersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det naudsynt å kunne inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak. Ut frå behovet blir det fremja forslag om ei slik fullmakt på 31 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Rapport 2018

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2018 er samla under post 79.

Post 61 Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, kan overførast

Posten er knytt til resultatområde Klima.

Løyvinga på posten for 2020 er samla sett på 187,8 mill. kroner, og omfattar dei to tilskotsordningane Klimasats (ordning for tilskot til kommunale klimatiltak for å kutte utslepp av klimagassar) og tilskot til klimatilpassingstiltak i kommunane.

Under Klimasats-ordninga ligg òg ei førebels og øyremerka satsing på utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar. Løyvinga må sjåast i samanheng med tilsegnfullmakta på posten.

Klimasatsordninga strekkjer seg over fleire år, og for 2020 vert det fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 424,6 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI. Som følgje av utsette utbetalningar er posten mellombels redusert med 77,4 mill. kroner som kjem til utbetaling i seinare år (mot tilsvarende auke av tilsegnfullmakta). Vidare er posten redusert med 20 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2019. Til klimatilpassingstiltak i kommunane vidareførast ei løyving på 6,4 mill. kroner. Ein vil derfor kunne gi tilskot gjennom Klimasatsordninga på 181,8 mill. kroner. I tillegg er det sett av 2 mill. kroner til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01, jf. oppmodingsvedtak nr. 84 av 3. desember 2015 og 3 mill. kroner under kap. 1420 post 21 til kjøp av tenester for å spreie kunnskap og erfaring frå prosjektet jf. Innstilling 2 S (2017–2018).

I revidert nasjonalbudsjett 2019 vart det sett av 25 mill. kroner til ei førebels ordning under Klimasats, øyremerka til utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar. Regjeringa foreslår at den førebelse ordninga vert utvida og styrkt med 80 mill. kroner for 2020. Formålet er å utløyse auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband. Dette er oppfølging av regjeringas handlingsplan for grøn skipsfart. Av desse midla er det sett av 2 mill. kroner til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 og 1 mill. kroner under kap. 1420 post 21.

Når den pågåande evalueringa av Klimasats er gjennomført, vil regjeringa vurdere om ordninga sitt føremål eventuelt kan takast vare på innanfor Enovas mandat.

Klimatiltak (Klimasats)

Boks 7.2 Kort om ordninga:

- Klimasatsprosjekta utgjer ein stor kunnskapsbank. Formidling av erfaringar gjennom rettleiing, webinar og samlingar er ein sentral del av Klimasats.
- Kommunane har sendt meir enn 1580 søknader om Klimasats-midlar i perioden 2016–2019. Søknadene er politisk forankra og set klima på dagsorden i kommune-Noreg.
- Samla søkjesum er over 1,6 mrd. kroner.
- 951 ulike prosjekt har fått tilsegn om til saman 628 mill. kroner.
- Mange prosjekt involverer fleire kommunar og fylkeskommunar.
- Nokre prosjekt gir utsleppskutt straks, andre tiltak initierer ei langsiktig omstilling til lågutsleppssamfunnet.
- Stor breidde i tiltak, og mange klimatiltak blir prøvde ut, ofte i dialog med næringslivet.
- Meir enn 279 kommunar er engasjerte i interkommunale nettverk. Interkommunalt samarbeid er viktig i omstillinga til lågutsleppssamfunnet.

Mål

Formålet er å fremje klimatiltak i kommunar og fylkeskommunar ved å støtte prosjekt som bidreg til reduserte utslepp av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Den øyremerka førebelse ordninga for klimavenlege hurtigbåtar har som formål å auke bruken av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband.

Kriterium for måloppnåing

Midlane skal gå til dei beste prosjekta for klimagassreduksjon og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Midlane skal fortrinnsvis utløyse tiltak, men delar av midlane kan gå til planlegging og utgreiing av tiltak. Dei kan òg gå til nettverksbygging og erfaringsdeling. Midlane i den øyremerka ordninga for klimavenlege hurtigbåtar skal gå til tiltak som legg til rette for å auke bruken av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til 5 ulike formål: Klimavennleg areal- og transportplanlegging, klimavennleg transportgjennomføring av tiltak, klimagassreducerande tiltak i andre sektorar, forprosjekt for klimagassreducerande tiltak og interkommunale nettverk for kompetanseheving og deling av erfaring. Vidare er det ei eiga førebels ordning der det kan søkjast om midlar som skal bidra til auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar for fylkeskommunale hurtigbåtsamband. Detaljerte kriterium finst på www.miljodirektoratet.no/klimasats.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskot-smottakarane leverer sluttrapport med resultat, dokumentasjon og bekrefta rekneskap. Dei ulike prosjekta har individuelle rapporteringskrav og fristar slik at ein får føremålstenleg rapportering. Endringar i prosjektet blir melde inn undervegs.

Boks 7.3 Kort om førebels satsing for utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar

Utsleppa per passasjerkilometer for hurtigbåtane er høge. Samla utslepp frå hurtigbåtar var omlag 150 000 tonn CO₂ i 2016. Samstundes er teknologiske løysingar for å redusere utsleppa betydeleg, tilgjengelege og under utvikling.

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for drift av dei omlag 100 hurtigbåtsambanda langs kysten. Utviklinga av null- og lågutsleppsløysingar vil vere avhengig av kva krav fylkeskommunane stiller i anboda.

Det blei løyvd 25 mill. kroner til ei øyremerka førebels ordning for utviklinga av klimavennelege hurtigbåtar under Klimasats i samband med revidert nasjonalbudsjett 2019. Regjeringa foreslår at det i 2020 vert sett av 80 mill. kroner til å styrke den førebelse ordninga under Klimasats.

Ved å støtte fylkeskommunane slik at dei i større grad kan krevje nye klimavennelege løysingar for deira hurtigbåtanbod, ønskjer regjeringa å stimulere til auka bruk av null- og lågutsleppsteknologi for hurtigbåtar og bidra til at desse kjem i drift.

Langvarige prosjekt har krav om årleg delrapport. Enkelte prosjekt har òg krav om etterrapportering, der dei skal gjere greie for erfaringane når tiltaket har hatt noko verknadstid.

Tilskotsbeløpet blir utbetalt i etterkant av utgifter som har påløpt, og for langvarige prosjekt er det delutbetalingar på grunnlag av rekneskap.

Rapport 2018

I 2018 fekk Miljødirektoratet 355 søknader frå 150 kommunar og fylkeskommunar, om til saman 318 millionar kroner. 125 kommunar og om lag 250 prosjekt fekk støtte. Mobilitetspunkt med sykkel- og elbilparkering, ombruk av steinmassar og byggeomaterialar, mindre matsvinn på sjukeheimar og skular, elektriske varebilar og drosjer, og klimavennelege bygg og byggjeplassar var noko av det som fekk Klimasatspengar i 2018.

Den øyremerka førebelse ordninga for fylkeskommunale hurtigbåtsamband starta opp i 2019 (RNB). Denne ordninga vil bli rapportert på i Statsbudsjettet for 2021.

Klimatilpassing

Mål

Tilskotsordninga skal fremme arbeidet med klimatilpassing i kommunar og fylkeskommunar ved å bidra til å auke kunnskap om korelis klimaendringane råkar dei, og kva tiltakt som må iverksetjast for å måle klimaendringane. Dette omfattar kunnskap om korleis klimaendringane kan verke inn på kommunane/fylkeskommunane sine ansvarsområde, og/eller utgreiingar om kva slag tiltak kommunane må setje i verk for å møte klimaendringane.

Denne ordninga er avgrensa slik at overlapp med NVE sitt tilskott til flaum- og skredførebygging og miljøtiltak langs vassdrag blir unngått.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på tiltak som gjer samfunnet betre rusta mot klimaendringane.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kunnskapsoppbygging og til utgreiing av konkrete tilpassingstiltak. Midlane kan ikkje brukast til gjennomføring av fysiske klimatilpassingstiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging av tilskot til klimatilpassing skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer blant anna gjennom dokumentasjon i sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2018

Det vart løyvd 6,4 mill. kroner til tilskotsordninga for klimatilpassingstiltak i 2018 og 19 kommunar og fylkeskommunar fekk tilskot til arbeidet med klimatilpassing. Meir nedbør og meir ekstreme nedbørshendingar er ei utfordring for mange kommunar. Handtering av flaum, overvatn, og havnivåstigning, er det dei alle fleste har fått stønad til i 2018. I tillegg blei det gitt støtte til klimatilpassingsstrategiar og til klimatilpassing og kulturminne.

Post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar, kan overførast

Posten gir tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar. Tilskot til private behandlingsanlegg og til kommunale og interkommunale verksemdar som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt blir utbetalt frå post 75. Ordninga rettar seg mot resultatområde Forureining. Posten er redusert med 18 mill. kroner frå 2019.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å stimulere båteigarar til å levere kasserte båtar til godkjend returplass slik at fritidsbåten kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av tilskot for kostnader ved behandling ved ein kommunal eller interkommunal behandlingssjans.

Frå 1. oktober 2017 vert det utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det vert utbetalt eit beløp per kg båt som blir levert inn til behandlingssystemet for å dekkje kostnadane kommunane har ved å behandle båtvraka.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotsordninga skal medverke til å auke innlevering av fritidsbåtar som skal vrakast slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte og ikkje blir etterlatt i naturen, ulovleg senka eller brent.

Tildelingskriterium

Tilskot til behandling av kasserte fritidsbåtar blir utbetalt til behandlingsanlegg av Miljødirektoratet. Tilskotet i kroner per båt er basert på kostnadene ved å behandle fritidsbåtane. Tilskot til private behandlingsanlegg og kommunale og interkommunale verksemdar organisert som sjølvstendige rettssubjekt blir utbetalte frå post 75.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet kontrollerer dokumentasjon frå behandlingsanlegget i samband med at kasserte fritidsbåtar blir behandla.

Rapport 2018

Ordninga vart vedteken i statsbudsjettet for 2017 og blei verksam frå 1. oktober 2017. I 2018 blei det levert totalt ca. 9.100 kasserte fritidsbåtar over både post 63 og post 75. Samla utbetaling til kommunale anlegg var om lag 520.000 kroner i 2018.

Post 64 Skrantesjukesprøver frå fallvilt

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde Naturmangfald. Skrantesjuka er ein prionsjukdom som er dødeleg for hjortedyr. Det er påvist to typar av skrantesjuka i Noreg. I Nordfjella sone 1 er det påvist ein smittsam type av skrantesjuka. For å auke kunnskapen om utbreiinga av denne typa av skrantesjuka er det viktig å teste all villrein felt under jakt, og ta prøver frå jakt på elg og hjort i område nær Nordfjella villreinområde. Ein annan type skrantesjuka, kalla atypisk skrantesjuka, er funnen hos tre elgar i Trøndelag, ein elg i Buskerud og ein hjort i Møre og Romsdal. For å auke kunnskapen om atypisk skrantesjuka skal det gjennomførast målretta kartlegging i dei områda der denne typen er funnen. I tillegg skal elg og hjort i et tilfeldig utval av kommunar testast.

Skrantesjuka kan bli påvist i prøver frå hjerne og lymfeknutar. Dette krev tilgang til døde dyr og relativt ferske prøvar. Tilgangen til døde hjortevilt, og høve til å ta ut hjernep prøvar er størst i samband med jakt. I tillegg skal fallvilt av alle arter av hjortevilt bli testa for skrantesjuka i alle kommunar og villreinområde i Noreg. Kommunen sitt ettersøkspersonell er den gruppa som er mest i kontakt med fallvilt, og det er derfor ofte føremålstenleg at dei tek ut naudsynte prøvar. Kommunen skal alltid registrere fallvilt i Miljødirektoratet sin database Hjorteviltregisteret, under dette om skrantesjukesprøve er teken. Kommunens prø-

vetaking av fallvilt kan føre til ekstra utgifter. Posten er oppretta for å dekkje utgifter kommunar har i samband med kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt.

Målsetjinga med tilskotsordninga er kartlegging av mogleg spreiding av skrantesjuka.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til auka kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt.

Tildelingskriterium

Det er oppretta ein eigen modul i Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter, der kommunar kan søkje om tilskot i etterkant av den årlege rapporteringsfristen for fallvilt. Søknadssenteret hentar automatisk det talet skrantesjukaepøver som kommunen har registrert frå fallvilt i Hjorteviltregisteret. Det blir gitt ein fast sats per registrert prøve, og summen blir utbetalt som tilskot til kommunane.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll blir gjennomført av Miljødirektoratet gjennom Elektronisk søknadssenter.

Rapport 2018

Rapportering av fallvilt følger jaktåret (1. april–31. mars), og for jaktåret 2017/2018 søkte til saman 79 kommunar/samkommunar om tilskot for 1217 prøvar til ein samla sum på 0,43 mill. kroner. Det var litt færre kommunar som søkte enn førre år, men det er søkt om kompensasjon for fleire innsende prøvar. Det blir arbeidd fortløpande for å få inn fleire prøvar frå fallvilt.

Post 65 Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til konfliktdeмпing i kommunar med ulverevir.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til konfliktdeмпing.

Tildelingskriterium

Ordninga gjeld for kommunar innanfor fylka Hedmark, Akershus og Østfold som har eitt eller fleire ulverevir per 1. juni. Tilskotet blir fordelt likt på kommunane.

Kommunane skal disponere tilskotet vidare på tiltak som medverkar til å oppfylle formålet med forskrifta. Kommunane skal sjølve avgjere kva konfliktreducerande tiltak som skal finansierast.

Kommunen står fritt til å disponere tilskotet og velje tiltak, under dette å tilgodesjå aktuelle næringsinteresser, organisasjonar eller privatpersonar. Bruken av tilskotet skal vere relatert til den særlege belastninga av å ha eit ulverevir i kommunen.

Oppfølging og kontroll

Kommunar som blir tildelte tilskot, skal innan 1. mai rapportere til Miljødirektoratet om korleis tilskotet er brukt og i kva grad bruken har medverka til å nå målet for ordninga. Miljødirektoratet vurderer tilskotsordninga årleg.

Rapport 2018

Totalt 14 kommunar søkte om tilskot i 2018. Av desse blei 14 kommunar tildelt 1,42 mill. kroner kvar, til saman 19,88 mill. kroner.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste område som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor naudsynte for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Posten er auka med 24 mill. kroner i høve til 2019. Dette skuldast større løyvingar til oppryddinga i Horten i 2020 enn ved oppstart i 2019. Fullmakta er berekna til 31 mill. kroner som i hovudsak også vil gå til oppryddinga i Horten hamn.

Elles vil den samla løyvinga på postane 39, 69 og 79 gå til vidareføring og gjennomføring av alle-

reie vedtekne oppryddingstiltak, inkludert tiltak der det har blitt gitt finansieringstilsegn frå miljømyndigheitene, og til ei rekkje mindre tiltak særleg innanfor forureina sjøbotn.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslipp av helse- og miljøskadelege stoff skal stansas.»

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi, og der fleire aktørar er med på å finansiere tiltaket. Kommunen må normalt òg sjølv medverke med midlar. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2018

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2018 er samla under post 79.

Post 70 Tilskot til vassmiljøtiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70.1	Kalking	18 849	3 767	3 767
70.2	Anadrom laksefisk	15 807	14 957	13 457
70.3	Generell vassforvaltning	17 980	11 568	23 568
	Sum post 70	52 636	30 292	40 792

Tilskotsordningane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same vis som post 22 er delt inn i midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk og heilskapleg vassforvaltning, er post 70 delt inn etter tilskotsordningar for dei same føremåla.

Posten er samla sett auka med 10,5 mill. kroner.

Kalking

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å redusere dei negative effektane av sur nedbør på naturmangfaldet i vassdrag.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalkingsverksemda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til kjøp, transport og spreieing av kalk, til informasjon om effektar av tiltak som er gjennomført, og til rettleiing om kalking i vassdrag. Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden, og der det kan påvisast eller er sannsynleg at skadar på naturmangfaldet skuldast forsureing. I område der tolegrensa ikkje lenger er overskriden, men der tidlegare forsureing har ført til at det opphavlege mangfaldet er borte, kan det bli gitt tilskot til å setje i stand opphavleg naturm-

angfald. Det blir ikkje gitt tilskot til naturleg sure lokalitetar. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fisket i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering eller arbeidsinnsats.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2018

Det meste av midlane under ordninga vart i 2018 brukt til kalking av innsjøar og bekkar, hovudsakleg i Agder. Det vart òg gitt tilskot til Voss klekkeri og informasjonstiltak, mellom anna bladet «pH-status».

Anadrom laksefisk

Ordninga er redusert med 1,5 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for bevaring og forvaltning av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er å medverke til å nå måla for viltlevande anadrom laksefisk.

Tildelingskriterium

Det kan givast tilskot til tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye, under dette bevarings- og kultiveringstiltak og til anvend FoU-verksemnd og overvaking som grunnlag for mellom anna lokal forvaltning av lakse- og sjøaurebestandar. Det kan òg givast tilskot til tiltak for å betre tilgangen til og moglegheta for fiske for allmenta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgt opp for å sikre at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2018

Midlane vart i 2018 nytta til overvaking av bestandssituasjonen for laks og sjøaure, forskning og utvikling innan arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, forvaltning av Tanavassdraget og informasjons- og kunnskapsformidlingstiltak. I tillegg er det gitt tilskot til tiltak i regi av organisasjonar og planlegging av det internasjonale lakseåret. Samla har dette medverka til betre forvaltning og styrkt kunnskapsgrunnlag knytt til anadrom laksefisk.

Generell vassforvaltning

Ordninga er auka med 12 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til god økologisk og kjemisk tilstand i vatn, jf. vassforskrifta.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Lokal involvering vil òg vere eit viktig kriterium. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta og dei regionale vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma.

Tildelingskriterium

Tilskot kan givast til vassområde med særskilte utfordringar til tiltak der målet er god økologisk og/eller kjemisk tilstand i vatn, til tilrettelegging, organisering og informasjon knytt til arbeidet i vassområde og vassregionar, og til utgreiingar og andre tenestekjøp knytte til særskilte utfordringar i vassområda.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Tiltak for betring av vassmiljøet lokalt, både konkrete tiltak og kartlegging av utfordringar blei prioriterte. Det vart gitt tilskot til tiltak over heile landet.

Det vart òg gitt tilskot til organisasjonar som har medverka i vassforvaltingsarbeidet. Samla har dette medverka til betre vassforvaltning, styrkt kunnskapsgrunnlag og betre vassmiljø lokalt.

Post 71 Marin forsøpling, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Forureining og er delt opp i to tilskotsordningar.

Tilskot til Salt Lofoten for arbeid med Fishing for Litter

Fishing for litter er ei ordning der eigarlaust marint avfall frå fiskeflåten kan leverast vederlagsfritt. I dag gjeld dette ni hamner i Noreg. I 2019 vart det utbetalt ca. 1,9 mill. kroner til Salt Lofoten for arbeidet med denne ordninga. Klima- og miljødepartementet foreslår å utvide ordninga slik at ytterlegare to hamner blir omfatta. Ordninga vil då omfatte elleve hamner og vil bli utvida til ca. 2,4 mill. kroner i 2020. Midlar til dette blir tekne frå den ordinære løyvinga på 71-posten.

Tilskot til marin forsøpling

Mål

Ordninga skal gå til tiltak for å redusere marin forsøpling gjennom å dekkje utgifter knytte til opprydding av marint avfall og til førebyggjande arbeid. Høg merksemd skal vere på strandsona og rydding av marint avfall på sjøbotnen. Prinsippet om at forureinar betaler skal liggje til grunn for arbeidet. Opprydding der det finst ein ansvarleg for avfallet er ikkje omfatta av ordninga. I slike tilfelle kan styresmaktene gi pålegg om opprydding, og utgiftene skal dekkjast av ansvarleg forureinar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at midlane er knytte opp mot det nasjonale målet om «Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting».

Tildelingskriterium

Det er utarbeidd ei forskrift med kriterium for bruken av ordninga. Denne tredde i kraft 1. januar 2019.

Følgjande kriterium skal tilleggjast vekt ved vurdering av tiltak:

- Oppryddingstiltak som er retta mot lite tilgjengelege område som truleg ikkje vil bli rydda av andre, eller stader der forsøplinga medfører svært stor skade for natur og miljø
- Førebyggjande tiltak med ein målretta plan for å engasjere og involvere spesifikke sektorar eller næringar, for eksempel gjennom distribusjon av informasjons- og undervisningsmateriell
- Prosjekt som samlar aktørar, mange deltakarar og dekkjer større geografiske område
- Søkjarar med spesiell kompetanse innanfor det omsøkte tiltaket
- Tiltak som sikrar ein effektiv bruk av midlane med godt dokumenterte utgiftspostar
- Tiltak som medverkar med eigenfinansiering eller medfinansiering frå andre kjelder
- Tiltak som inneheld konkrete og realistiske/gjennomførlege planar for gjennomføring av prosjektet

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlane skjer mellom anna gjennom sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2018

Det vart i 2018 utbetalt 69 mill. kroner til 73 ulike søknader (totalt 163 søknader). Om lag 61 mill. kroner gjekk til rydding av strender, havbotn og førebyggjande arbeid. Om lag 2,7 mill. kroner gjekk til vidareføring av dei to pilotprosjekta om miljøvennleg vedlikehald av fritidsbåtar og om lag 1,9 mill. kroner gjekk til prøveordninga Fishing For Litter. Om lag 3–5 mill. kroner gjekk til ulike prosjekt for å hente inn kunnskap.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
72.1	Erstatning for husdyr	44 031	65 696	55 798
72.2	Erstatning for tamrein	90 540	71 282	85 563
	Sum post 72	134 572	136 978	141 361

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepne eller skada av rovvilt. Erstatningane kan variere frå år til år, blant anna på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving.

Ut frå prinsippet om realistisk budsjettering er 12 mill. kroner av løyvinga på underpost 1 Erstatning for husdyr flytta til underpost 2 Erstatning for tamrein. Posten er samla sett auka med om lag 4 mill. kroner.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 30. mai 2014 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjon av rovviltskadane, som blir gjennomført av Statens naturoppsyn, er viktig grunnlag for erstatning. Bestandsregistreringa er òg betra dei siste åra gjennom felles metodikk mellom Noreg og

Sverige, betra moglegheit for publikum til å melde inn rovviltobservasjonar og auka ressursar for Statens naturoppsyn.

Rapport 2018

Erstatningsoppgjæret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldane reglar. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå let det til å vere ein god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje ein tilsvarande samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beitegrunnlaget o.a.

Post 73 Tilskot til rovvilttiltak, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, under dette godtgjering til lokale fellingslag og tilskot til Noregs Jeger- og Fiskarforbund for rovvilttiltak som ei oppfølging av rovviltforliket av 2011. Innafor posten er det sett av 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbrukseigedommen. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn.

Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdepning med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikter i forhold til førekomst av rovvilt i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdepande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikter.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013, mens føresegna som omhandlar omstillingstiltak vart fastsett i 2015. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdepande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber blant anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til naudsynte driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltingsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdepande tiltak normalt prioriterast slik at det blir fokusert på besetningar

som ikkje medverkar til auka tal på beitedyr i rovviltprioriterte område. På same måte skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt. I 2018 vart det fastsett satsar for heimebeite med sau i beitesesongen og for tidlegare sanking.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

Rapport 2018

I 2018 vart det behandla i alt 436 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 233 søknader om tiltak for å dempe konflikter kring rovvilt. Det kom inn 136 søknader om akutte tiltak, og det vart gjennomført omstillings-tiltak for fire bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltskade i besetningane over fleire år. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade/tap av sau, sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjon i tapsomfanget kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekomst og prioritering av tiltak. Det er ikkje gjennomført evaluering av ordninga basert på enkelttiltak.

Brukarar sender søknad elektronisk, og alle rapportar kan sendast inn på same vis. Dette fører til betre oversikt over oppnådde resultat og brukarane si vurdering av måloppnåinga ved dei einskilde tiltaka. Resultata vert publiserte på ei nettside slik at alle kan ta del i vurderingane.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er knytt til resultatområde Klima. Det årlege støttebeløpet avheng mellom anna av utviklinga i kvoteprisen og blir utbetalt etterskotsvis året etter støtteåret. Dette inneber at det for støtteåret 2019 må løyvast pengar for utbetalingar i samband med statsbudsjettet for 2020. Basert på gjeldande overslag er posten auka med 934,3 mill. kroner frå saldert budsjett 2019 til 1 472,5 mill. kroner i 2020. Auken skuldast hovudsak anna endring i kvotepris, og at departementet har endra Miljødirektoratets vedtak om grunnlag for CO₂-kompensasjon for perioden 2013–2020 for Norske

Skog Saugbrugs, noko som inneber at denne verksemda vil få auka utbetalingar for støtteåra 2019, 2020 og 2021.

Mål

Målet med ordninga er å kompensere norsk industri for auka kraftprisar som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Kompensasjonen skal redusere faren for karbonlekkasje og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga er basert på EU-kommisjonen sine retningslinjer som opnar for statsstøtte til utvalte industrisektorar som er vurderte til å vere særleg utsette for karbonlekkasje. Den norske ordninga vart godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan ESA i september 2013.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga reduserer faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemdar i alle 15 sektorar som i høve til EUs retningslinjer har moglegheit for støtte. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling.

Ordninga gjeld ikkje for langsiktige kraftavtaler inngått før 2005. Vidare skal industrien sin eigen kraftproduksjon komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet, som i behandling av søknadane kontrollerer om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det blir årleg rapportert om bruken av midlar til EFTA sitt overvakingsorgan ESA og til Stortinget i samband med budsjettet.

Rapport for støtteåret 2018

Fristen for å rapportere mellom anna produksjonstal og elektrisitetsforbruk for 2018 var 1. mars 2019. Basert på innrapporterte tal for 2018 har Miljødirektoratet i 2019 utbetalt 512,86 mill. kroner for støtteåret 2018.

Post 75 Utbetaling for vrakpant, og tilskot til køyretøy og fritidsbåtar, *overslagsløyving*

Ordninga rettar seg mot resultatområde Forureining. Tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar ligg under post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar. Posten er nedjustert med 54,8 mill. kroner.

Mål

Målet med vrakpantordninga for køyretøy er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte køyretøy.

Vrakpantordninga vart frå og med 1. januar 2018 utvida til å gjelde nye køyretøygrupper, som tidligare ikkje var omfatta av ordninga, under dette mopedar, lette og tunge motorsyklar, lastebilar, bubilar og campingvogner. For desse køyretøygruppene vert panten utbetalt som eit tilskot til behandlingsanlegget der eigaren får ein fastsett del av beløpet for å levere køyretøyet til vraking hos ein godkjend biloppsamlar medan ein del av beløpet går til behandlingsanlegget for å dekkje dei kostnadene anlegget har med å miljøsanere vraket. Ordninga vart vedteken av Stortinget under behandlinga av statsbudsjettet 2017. Det har vore naudsynt å utgreie ei rekkje problemstillingar for å få eit godt system på plass, og ordninga vert sett i verk frå 1. januar 2018.

I budsjettet for 2017 vart det vedteke eit ekstra tilskot på 13 000 kroner til varebileigarar som vrakar sin gamle varebil med diesel- eller bensinmotor, og samstundes kjøper ein ny nullutslepps-varebil. Det har òg vore naudsynt å utgreie ei rekkje problemstillingar, blant anna utvikling av datasystem for å administrere utbetalingane. Systemet kom difor på plass først i slutten av april i 2018. Ettersom regjeringa har oppretta eit Nullutsleppsfond for næringstransport administrert av Enova som støtte for næringslivet sine køyretøy og fartøy, foreslår regjeringa at ordninga under Miljødirektoratet blir avslutta.

I statsbudsjettet for 2017 vart det òg vedteke ei tilskotsordning for å stimulere til innlevering av kasserte fritidsbåtar. Frå 1. oktober 2017 blei det utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det blir utbetalt eit beløp på 1 000 kroner

per båt til båteigaren. Samstundes vert det utbetalt eit tilskot til verksemda som handterer båtane. Dette beløpet er eit tilskot per kg båt som blir handtert, og skal dekkje kostnadene med miljøsanering av båten, handtering, gjenvinning av det som er aktuelt å gjenvinne og å levere avfallet frå båten til eit anlegg for avfallsbehandling. I dei tilfella båten blir handtert av eit kommunalt anlegg blir handteringstilskotet betalt ut over post 63.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotsordninga skal medverke til auka innlevering av køyretøy og fritidsbåtar som skal vrakast slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten for køyretøy blir utbetalt av Skatteetaten på vegne av Miljødirektoratet mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinær vrakpant for 2018 er 3 000 kroner. Vrakpant til dei nye køyretøygruppene og tilskot til handteringsanlegg for desse gruppene blir òg utbetalt av Skatteetaten. Tilskot til utskifting av varebilar blir utbetalt av Miljødirektoratet.

Tilskot til båteigar og tilskot til handtering av kasserte fritidsbåtar blir utbetalt av Miljødirektoratet. Tilskot til kommunale anlegg for handtering av fritidsbåtar blir utbetalt frå post 63.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at det kasserte køyretøyet har rett til vrakpant eller tilskot blir vrakmeldinga for køyretøy kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. For varebilar og fritidsbåtar blir dokumentasjon frå behandlingsanlegget sjekka av Miljødirektoratet. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Rapport 2018

I 2018 vart det samla inn i overkant av 141 200 bilvrak, som er ein liten nedgang frå året før. Talet på vrak svingar frå år til år, men har vore relativt stabilt dei siste åra, frå 149 000 i 2014 til 136 000 i 2016 og 143 000 i 2017. Det var samla inn 1 719 lastebilar i klasse N2, 899 lastebilar i klasse N3, 4 748 mopedar og motorsyklar, 5 779 campingvogner og 262 bubilar i 2018. Ordninga var ikkje verksam i 2017.

Det har vore liten tilgang på elvarebilar i 2018, derfor blei ordninga med eit ekstra tilskot på 13 000 kroner til varebileigarar som vrakar sin gamle varebil med diesel- eller bensinmotor, og samstundes kjøper ein ny nullutsleppsvarobil lite nytta. Frå ordninga ble oppretta i mai 2018 og til august 2019 er det selt 179 elvarebilar støtta av Miljødirektoratet.

Det vart utbetalt tilskot til om lag 9 100 båteigarar i 2018, dvs. om lag 9,1 mill. kroner. Det er ved utgangen av 2018 etablert 44 handteringsanlegg for kasserte fritidsbåtar. Det er utbetalt om lag 16,6 mill. kroner til behandling av kasserte fritidsbåtar. Det var først i 2018 at denne delen av ordninga ble fullt ut verksam. Miljødirektoratet har fått utført ei ekstern evaluering av ordninga. Den konkluderer med at ordninga i det store og heile fungerer i tråd med intensjonane, men peiker på nokre høve til forbetringar. Dei fleste av desse er administrative, og Miljødirektoratet vil vurdere desse. Evalueringa peiker òg på at tilskotsordninga bør utvides til å omfatte aluminiumsbåtar og andre båtar med kjøll og ballast av metall, då metallverdien har vore overvurdert. Departementet er samd i dette, og endringa vert utvida. Kostnaden er neglisjerbar, men det får ordninga til å fungere betre. Evalueringa peiker òg på at mangelen på eit register over fritidsbåtane gjer det vanskeleg å føre kontroll med at det faktisk er båteigar som leverer båten. Det har vore eksempel på misbruk.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområda Forureining og Klima. Posten er auka med 33,2 mill. kroner.

Til forventa auke i refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) er posten i tillegg styrkt med 22,5 mill. kroner i RNB 2019. Auken skuldast anslag om fleire leverte tankar til destruksjon. Samla er det til refusjon av avgift på hyderofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) budsjettert med om lag 100 mill. kroner og til refusjonar for spillolje er det budsjettert med om lag 70 mill. kroner i 2020.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er,

med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte opp mot førehandstilsegna.

Refusjonssatsen vert fastsett årleg av Miljødirektoratet med utgangspunkt i nivået på smørjeoljeavgifta.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet brukar ein tredjepart til å kvalitetssikre og kontrollera søknadane om refusjon. Miljødirektoratet gjennomfører tilsyn ved nokre refusjonsanlegg kvart år. Ved kontroll av mottaksanlegga dei siste åra, er det konstatert einskilde brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Rapport 2018

Innsamlingsgraden for spillolje (med og utan rett til refusjon) har vore stabil dei siste åra og er berekna til i underkant av 90 pst. I 2018 vart det totalt samla inn i underkant av 25 000 m³ olje som har krav på refusjon, om lag det same som året før. Det vart i 2018 utbetalt om lag 63,2 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,53 kroner pr. liter.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkarbon (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmepumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til luft av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Parisavtala. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlige kulde-medium og mindre bruk av dei HFK/PFK-gassane som har høgast klimaverknad (globalt oppvarmingspotensiale), stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for refusjonsordninga er aktørar som har avfallsgass eller kassert utstyr som inneheld HFK- eller PFK-gass.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er levert og forsvarleg destruert.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3. Mengd HFK/PFK som blir samla inn og sendt til destruksjon varierer mykje frå år til år. Grunnen er spesielt at hos den største aktøren som nyttar ordninga blir gassen innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir den sendt til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir sendt til destruksjon utløyser, med dagens avgiftssats, om lag 14–19 mill. kroner i

refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Rapport 2018

I 2018 vart fem tankar med gass leverte til destruksjon med eit samla refusjonsbeløp på om lag 79,1 mill. kroner. Utbetaling av refusjonar har auka betydeleg dei siste åra fordi avgiftssatsen har auka og som eit resultat av at meir gass, særlig av dei med høg avgiftssats, har blitt samla inn og destruert

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, då PFK-gassar er svært lite brukte i Noreg. Ressursbruken under ordninga var i 2018 retta mot dei nasjonale måla under resultatområde Klima.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.

Posten er tredelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima. Til ordninga for frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet er det sett av 5,1 mill. kroner, til ordninga for miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon er det sett av 3,8 mill. kroner og til ordninga for naturfaglege organisasjonar er det lagt inn 6,5 mill. kroner.

Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett blant anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til:

- Norsk vassforeining
- Norsk foreining mot støv
- Tilskot til LOOP
- Foreininga Hald Noreg Reint
- Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja

Det er i 2020 rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som i 2018. Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot. Det blir fortløpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2018

Midlane er brukte til grunnstøtte til drift, opplæringstiltak og informasjonstiltak og førebyggjande arbeid generelt i dei ulike organisasjonane.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Standardar for miljøleing, produkt og tenester og miljømerking er viktige verktøy i ein førebyggjande miljøpolitikk. Standardisering inneber utarbeiding av krav og spesifikasjonar for varer, tenester, prosessar og verksemder. Miljømerking skal gi informasjon til og bevisstgjering av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder om miljøvennlege val. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagte krav, og bidrar til redusert bruk av prioritetslistestoff. Merkeordningane er nærare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon. Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking og Standard Noreg. Tilskot til Omatt – Bransjeforeningen for ideelle Gjenbruksaktører, vidareførast.

Kriterium for måloppnåing

Klima- og miljødepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med verkemiddel som fremjar prioriterte miljø- og berekraftsmål. Innan standardiseringsarbeidet er det viktig

med arbeid knytt til europeiske og internasjonale standardar som er særleg relevante for miljøleing og klima- og miljøomsyn i produkt og tenester. For miljømerking er det sentralt med utvikling av miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggjast vekt på å utvikle og vidareutvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på organisasjonane sine resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjektilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2018

Midlane til Stiftelsen Miljømerking er brukte til å auke kunnskapen om, kjennskapen til og aksepten av miljømerkinga si betydning.

Midlane til Standard Noreg er brukt til arbeid knytt til europeiske og internasjonale standardar som er særleg relevante for miljøleing og klima- og miljøomsyn i produkt og tenester.

Naturfaglege organisasjonar

Mål

Ordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innanfor naturområdet for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt

aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreininga Våre Rovdyr
- Norsk Biologforeining
- Norsk Botanisk Foreining
- Norsk Entomologisk Foreining
- Norsk Ornitologisk Foreining
- Noregs Sopp- og nyttevekstforbund
- Norsk Zoologisk Foreining

For 2020 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2019.

Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgd opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2018

Midlane vart nytta til grunnstøtte til drift, informasjonsverksemd og prosjekt i dei ulike organisasjonane.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Friluftsliv.

Posten er samla sett auka med 4 mill. kroner. Det er behov for ei tilsegnsmakt på 3 mill. kroner til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjergardstenesta, jf. forslag til vedtak VI.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtala under.

Friluftslivsaktivitet

Tilskot til friluftslivsaktivitet har ei ramme på 51,5 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftsansjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til enkelt materiell og utstyr når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Det blir ikkje gitt midlar til kostnadskrevjande utstyr, utstyrssentralar eller til supplering av utstyrslager. Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuelle målgrupper.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.

Personar som er lite fysisk aktive, barn, unge og barnefamiliar og personar med nedsett funksjonsevne er prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Totalt vart det i 2018 gitt 52,5 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 26,25 mill. kroner direkte frå Miljødirektoratet, mens lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 26,25 mill. kroner frå fylkeskommunane. Totalt kom det inn 865 søknader om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var på 110 mill. kroner.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjons-

evne og etniske minoritetar i Noreg, og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminne. Døme på tiltak som fekk tilskot frå Miljødirektoratet er Friluftsrådas Landsforbund sine prosjekt «Læring i friluft» og «Friluftsliv og folkehelse – tiltak for lite aktive», og Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Friluftslivets veke». Det er òg gitt tilskot til Noregs sopp- og nyttevekstforbund til «Soppens dag», til Norsk Botanisk foreining sitt arrangement «Villblomstens dag», til Noregs Naturvernforbund sitt prosjekt «Opplev naturen – livsgrunlaget vårt» og til Noregs Bedriftsidrettsforbund sitt aktivitetstilbod «Ti på Topp».

Friluftslivsaktivitet for personar med innvandrabakgrunn

Ordninga har ei ramme på 10 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for personar med innvandrabakgrunn, og gjennom dette medverke til å auke integreringa av personar med innvandrabakgrunn i befolkninga elles.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftsansjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til enkelt utstyr og materiell når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Det blir ikkje gitt midlar til kostnadskrevjande utstyr, utstyrssentralar eller til supplering av utstyrslager.

Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Tiltak som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege.
- Tiltak som fører til auka integrering av personar med innvandrabakgrunn i befolkninga elles.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.

- Tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuell målgruppe.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.

Barn, unge og barnefamiliar er prioriterte i ordninga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp med tanke på at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar. Det vart gjennomført ei ekstern evaluering av ordninga i 2018. Resultatet var i hovudsak positivt. Miljødirektoratet har gjennomført nokre endringar og justeringar som følgje av evalueringa.

Rapport 2018

Ordninga hadde ei ramme på 10 mill. kroner i 2018. Totalt var det 24 søkjarar som til saman søkte om 19,6 mill. kroner. 17 lag og organisasjonar vart til saman tildelte tilskot.

Tiltaka omfatta tilbod om turar og aktivitetar, men òg inkluderingstiltak og opplæring av personar med innvandrarbakgrunn til å bli leiarar i lag og organisasjonar. Leiarar med innvandrarbakgrunn er viktige for vidare rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn.

Døme på tiltak er Wild X sitt ungdomsprosjekt «Wild X aktivitetsprogram» med opplæring og tilbod om turar knytte til jakt, fiske og anna friluftsliv, Friluftsrådas Landsforbund sitt prosjekt «Friluftsliv for innvandrarar», Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Kulturelt mangfald og integrering i friluftslivet», Den norske Turistforeining sitt prosjekt «Inkludering i DNT», Raudekrossen sitt prosjekt «Til topps nasjonalt og lokalt» og Skiforeininga sitt tiltak «Friluftsglede for alle».

Driftsstøtte til friluftslivsorganisasjonar

Ordninga har ei ramme på 35,62 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmenta sine interesser for deltaking i friluftsliv gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreiningar.

Friluftsrådas Landsforbund (FL) er paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. (Det er 29 interkommunale friluftsråd, der 28 er tilslutta FL). Det er sett av 15,55 mill. kroner i administrasjonsstøtte til FL og dei interkommunale friluftsråda. Det er eit mål at flest mogleg kommunar er med i eit interkommunalt friluftsråd.

Norsk Friluftsliv er paraplyorganisasjon for 17 friluftslivsorganisasjonar med til saman over 950 000 medlemmar. Det er sett av 5,07 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Norsk Friluftsliv.

FL, Norsk Friluftsliv og Samarbeidsrådet for naturvern (SRN) har etablert fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). Til FNF er det sett av 12 mill. kroner i administrasjonsstøtte.

Organisasjonen Wild X tilbyr friluftslivsaktivitetar med personar med innvandrarbakgrunn i alderen 12–25 som hovudmålgruppe. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Wild X.

Tjukkasgjengen driv med lågterskel tilbod innanfor friluftsliv og fysisk aktivitet, der personar som er lite fysisk aktive er hovudmålgruppa. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Tjukkasgjengen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp ved at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar, og gjennom eit årleg kontaktmøte med kvar organisasjon.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege kontaktmøte med FL, friluftsråd som ikkje er knytt til FL, Norsk Friluftsliv, FNF, Wild X og Tjukkasgjengen.

Rapport 2018

Totalt vart det i 2018 tildelt 14,55 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd. Midlane er nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FLs engasjement geografisk. Det er stor interesse for interkommunalt samarbeid om friluftsråd, og i 2018 var det 29 interkommunale friluftsråd med over 250 medlemskommunar. Friluftsråda femner slik vel 75 pst. av befolkninga i heile landet.

Det blei i 2018 inngått avtale med grunneigarar om 43 km med nye turstigar, skiløyper og turveggar, og friluftsråda har saman med medlemskommunane arbeidd med sikring av 13 nye friluftsområde. Det er tilrettelagt 38 km med nye turstigar, og friluftsråda har vore pådrivarar og koordinatarar i arbeid med å skilte og merke ytterlegare 483 km.

Friluftsråda har hatt opne turar med 21 500 deltakarar, tiltak for barn og ungdom med 15 800 deltakarar og tiltak for personar med minoritetsbakgrunn med 11 500 deltakarar. I tillegg har mange vore med på turar der friluftsråda har vore medarrangørar. Friluftsråda har framleis stor innsats retta mot friluftsliv og bruk av naturen i læringsarbeidet i barnehage og skule, og engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på arealgrunnlaget for friluftsliv gjennom verdikartlegging av friluftsområde, deltaking i dei fylkesvise Forum for natur og friluftsliv og gjennom uttale i ulike arealsaker.

Friluftsråda forvaltar 566 offentleg eigde friluftsområde med omfattande oppgåver knytte til m.a. skjøtsel, vask av toalett og bosshandtering, og forvaltar over 2 600 km turstiar, 155 km turveggar og 336 km skiløyper.

Norsk Friluftsliv vart tildelt 4,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte. Norsk Friluftsliv får dessutan aktivitets- og prosjektmidlar frå Miljødirektoratet for vidare tildeling til sentralledda i Norsk Friluftsliv sine medlemsorganisasjonar. Arbeidet omfattar i stor grad påverknads- og informasjonsarbeid overfor offentlege styresmakter og andre organisasjonar, med sikte på å skape best mogleg vilkår for friluftslivet.

Forum for Natur og friluftsliv (FNF) vart i 2018 tildelt 11 mill. kroner i administrasjonsstøtte via sekretariatet med sentral leining av organisasjonen. Arbeidsgivaransvaret er no plassert sentralt for alle tilsette. Alle fylke har ein eigen FNF-koordinator, og litt over halvparten av fylka har koordinatarar i 80–100 pst. stilling. FNF-koordinatorane gjer eit betydeleg og viktig arbeid for natur- og friluftinteressene i dei enkelte fylka.

Wild X fekk i 2018 utbetalt 1,4 mill. kroner i driftsstøtte. Organisasjonen er under stadig utvikling, med blant anna oppretting av lokallag i fleire fylke.

Tjukkasgjengen fekk i 2018 utbetalt 1,5 mill. kroner i driftsstøtte. Organisasjonen arbeider særleg med å støtte lokale «Chapter».

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Ordninga har ei ramme på 34 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftslivsområde og i område verna som friluftslivsområde etter markalova, slik at områda blir tilgjengelege og attraktive.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftslivsområde.

Tildelingskriterium

Det blir tildelt tilskot til tilrettelegging som har eitt eller fleire av følgjande mål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Ta vare på kvalitetane for oppleving i området og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning av plante- og dyrelivet, kulturminne og kulturmiljø.

Tilskot kan berre bli gitt der tiltaket inngår i ein gjeldande og godkjent forvaltingsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. For område verna som friluftslivsområde etter markalova er det eit vilkår at tiltaka er i tråd med verneforskrift og eventuell forvaltingsplan for området.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Budsjett for 2018 var 44 mill. kroner, som vart tildelt fylkeskommunane for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. Fordelinga vart utført på grunnlag av omfanget av statleg sikra friluftslivsområde, og om det låg føre forvaltingsplanar for friluftslivsområda som dokumenterer behov for tiltaksmidlar. I gjennomsnitt vart fylka i 2018 tildelt 2,32 mill. kroner. Eit fylke blei

tildelt 6,2 mill. kroner, mens det fylket som fekk minst blei tildelt 250 000 kroner. I alt fekk 8 fylke tildelt meir enn 3 mill. kroner.

Totalt mottok fylkeskommunane 276 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 79,3 mill. kroner. Tiltaka var totalt kostnadsberekna til 145 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med eigne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2018 gitt statleg støtte til 236 tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging slik at fleire grupper av befolkninga får høve til å nytte områda. Dei fleste tilretteleggingstiltaka stimulerer til aktivitet, som til dømes etablering og merking av turvegar og stigar.

Eksempel på tiltak som fekk statleg støtte i Østfold fylke i 2018 er oppgraderingar i Sandvika friluftslivsområde i Sarpsborg kommune, og nytt toalett i Suteran/Røsæggstranda friluftslivsområde i Rakkestad kommune.

I Akershus fekk Nesodden kommune støtte til tiltak i Steilene friluftslivsområde, og Bærum kommune fekk midlar til toalett på Rolfstangen. I Oslo fekk Bymiljøetaten støtte til skjøtselstiltak i tre ulike friluftslivsområde. I Hedmark fekk Ringsaker kommune midlar til Mjøsparken friluftslivsområde, og i Oppland fekk Søndre Land kommune støtte til utbetringstiltak i Ilodden friluftslivsområde. I Buskerud fylke fekk Øvre Eiker kommune støtte til ei bru og tilkomst til Nedre Sandøra, og Hemsedal kommune fekk støtte til ny bru over Hemsil og til Bruøyne friluftslivsområde. I Vestfold fylke er det gitt tilskot til fleire padleleiltak. Færder kommune har fått midlar til fleire tiltak i Skogro friluftslivsområde, og Larvik kommune har fått støtte til toalett og ymse tiltak på Ølbergholmen. I Telemark har Drangedal kommune fått midlar til toalett og andre tiltak i Neslevann friluftslivsområde. I Aust-Agder fekk Slåttholmen i Lillesand støtte til tilrettelegging og skjøtsel, Risør kommune midlar til Karolina friluftslivsområde og Vegårdshei kommune midlar til bade- og fiskeplass i Vaskarplassen friluftslivsområde. I Vest-Agder fylke fekk Kristiansand kommune store tilskot til ymse tiltak i friluftslivsområda Hamresanden og Fidjekilen, og Farsund kommune midlar til rasteplass i Fuglevika friluftslivsområde. I Rogaland fekk Ryfylke Friluftsråd midlar til ymse skjøtselstiltak på Rossøy og Laadervik, og Sandnes kommune fekk midlar til erosjonstiltak og restaurering av stigar i området Dalnuten-Revhølen. I Hordaland fekk særleg Bergen og Omland Friluftsråd støtte til fleire formål, mel-

lom anna nytt toalett i Helleneset friluftslivsområde, ei oppgradering av ein badepoll i Sandholna og til turveg og kai til Geitvika friluftslivsområde. I Sogn og Fjordane fekk Vågsøy kommune midlar til skjøtsel og ymse tiltak i Moldøen friluftslivsområde. I Møre og Romsdal fekk mellom anna Sunnmøre friluftsråd midlar til ny bru og ymse tiltak ved Skjelkaelva og Kristiansund kommune fekk tilskot til tiltak i Kolvika friluftslivsområde. I Trøndelag fekk Ørland kommune midlar til tiltak på Bruholmen friluftslivsområde, og Stjørdal kommune støtte til tiltak i Storvika friluftslivsområde. Nordland fylkeskommune løyvde midlar til tiltak i Stia friluftslivsområde i Meløy kommune, til ny kai på Bjørnøy fyr og eit stort tilskot til Vestvågøy kommune til omfattande tiltak i Klokkekarvika friluftslivsområde. I Troms fylke fekk Midt-Troms friluftsråd støtte til utvikling av Ersfjordstranda friluftslivsområde. I Finnmark fylke fekk Hammerfest kommune tilskot til tiltak i Storvannet friluftslivsområde.

Skjergardstenesta

Ordninga har ei ramme på 35 mill. kroner.

Mål

Ordninga gir statlege budsjettmidlar til drift av skjergardstenesta, under dette kjøp og større reparasjonar av båtar knytte til tenesta og Skjergardstenesta sitt arbeid med tiltak mot marin for- søpling.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg blant anna vurdert ut frå talet friluftslivsområde som er drifta i dei enkelte driftsområda, kor mange dagsverk dei enkelte driftsområda har brukt til fjerning av marin for- søpling og talet dagar dei enkelte driftsområda har brukt til bistand til Statens naturoppsyn.

Tildelingskriterium

Under framgår fordelinga til dei ulike driftsområda i 2020. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane i dei aktuelle nye regionane.

Miljødirektoratet kan i samband med overføring konkretisere vilkår og føresetnader knytte til dei statlege driftstilskota.

Tabell 7.3 Fordeling til driftsområde i skjergardstenesta

Driftsområde som midlane blir fordelt til	(i 1 000 kr)
Ytre Oslofjord Øst (Viken fylkeskommune)	2 955
Indre Oslofjord (Viken fylkeskommune)	3 055
Ytre Oslofjord Vest (Vestfold og Telemark fylkeskommune)	3 190
Telemark (Vestfold og Telemark fylkeskommune)	3 240
Aust-Agder (Agder fylkeskommune)	3 120
Vest-Agder (Agder fylkeskommune)	3 990
Vestkystparken (Vestland fylkeskommune)	4 160
Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylkeskommune)	1 350
Sum	25 060

I 2017 blei det øyremerkd 5 mill. kroner til utviding av skjergardstenesta med nye einingar nord for dagens verkeområde. I 2018 vart det oppretta eit nytt driftsområde i Møre og Romsdal, der midlane i 2018 og 2019 blei fordelte direkte frå Miljødirektoratet. Frå og med 2020 inngår tildelinga til dette driftsområdet i ordinær tildeling til driftsområda. Det er førebels ikkje etablert andre nye einingar, slik at dei resterende midlane som er øyremerkte til dette vil bli fordelte seinare.

Vidare er 5 mill. kroner av løyvinga øyremerkd til arbeidet med fjerning av marint søppel. Midlane til dette vert fordelte til dei einingane i Skjergardstenesta som melder inn planar og ønskje om å få øyremerkte midlar til fjerning av marint søppel. Tildelinga vert samordna med dei ordinære tilskotsmidlane til tiltak mot marin forsøpling.

Andre midlar på posten er øyremerkte båtinvesteringar og diverse kurs, opplæring mv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkesmannen og skjergardstenesta i dei tre regionområda, og skal rapporterast i samband med søknader om tilskot kommande år.

Rapport 2018

Skjergardstenesta oppnådde i 2018 gode resultat i alle driftseiningar. Det vart teke i bruk to nye

arbeidsbåtar i Kragerø kommune og i Lillesand kommune. Som ei oppfølging av evalueringa av Skjergardstenesta vart det i 2018 gjennomført ytterlegare tiltak for å utvikle skjergardstenesta vidare. Mellom anna er det gjennomført fleire tiltak på kompetansesida, tiltak for oppfølging av nye forskrifter for bygging av mindre lasteskip, og tiltak for å styrkje styrings- og rapporteringsrutinane.

Andre friluftslivstilskot

Det er sett av 6 mill. kroner til Miljødirektoratets ferdsselsåreprosjekt, som har som mål å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdsselsårer for friluftsliv i kommunane. Ei prioritert oppgåve i 2020 vil vere å medverke til at kommunane utarbeider ein plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Det er sett av 1,2 mill. kroner til Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Integrering gjennom friluftsliv». Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1,2 mill. kroner til prosjektet «Friluftsliv for personar med funksjonsnedsetjing» i regi av Den Norske Turistforeining. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 5 mill. kroner til utvikling av blågrøn infrastruktur i områdesatsingane i Oslo. Dette omfattar Groruddalssatsinga, områdesatsing i Oslo Sør og områdesatsing i Oslo Indre Aust. Områdesatsingane er eit samarbeid mellom Oslo kommune og staten.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til Skiforeininga sitt prosjekt «Norske Skispor», som formidlar kompetanse nasjonalt til alle aktuelle aktørar inna-

for etablering av skiløyper, med vekt på etablering av skispor under krevjande snøforhold, som for eksempel lite snø. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 2,2 mill. kroner til Norsk Friluftsliv sitt prosjekt med mål om å fremje friluftsliv i skulen. Prosjektet omfattar blant anna drift og vidareutvikling av «Forum for friluftsliv i skolen». 1,0 mill. kroner av løyvinga er øyremerkte oppfølging av det igangsette prosjektet med mål å vidareutvikle eit utval eksisterande, suksessrike satsingar innfor natur/friluftsliv retta mot barn og unge i pedagogiske institusjonar som barnehage, skulefritidsordning og skule. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1,17 mill. kroner til Den Norske Turistforeining, for å drifte og vidareutvikle prosjektet «Historiske Vandrerruter.» «Historiske Vandrerruter» har som mål å auke bruken av gamle ferdselsruter med kulturhistoriske og friluftslivsmessige kvalitetar. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Sjå under kap 1400 post 76 for omtale av Friluftsrådas Landsforbund sitt prosjekt om vidareutvikling av aktivitetstiltak innanfor friluftsliv for barn og unge i ferie og fritid.

Rapport 2018

Godt tilgjenge til attraktive friluftslivsområde føreset at kommunane har kjennskap til kvar dei viktigaste friluftslivsområda er. Prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde vart sett i gang i 2014, og skal medverke til slik kjennskap. Fylkeskommunane har ei sentral rolle i prosjektet, og skal mellom anna setje i gang og gjennomføre regionale prosjekt for å stimulere kommunane til kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98 2013: «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder». Prosjektet er i rute, og i 2018 blei det fordelt 46,4 mill. kroner i tilskot til fylkeskommunane. Ved utgangen av 2018 var alle fylke involverte i arbeidet. 191 kommunar hadde ferdigstilt sitt arbeid og 167 kommunar var godt i gang med arbeidet.

Miljødirektoratet har delteke på møte i programstyre nærmiljø i Groruddalsatsinga, og har utbetalt prosjektmidlane for dette prosjektet til Oslo kommune. Det er rapportert for tildelte midlar gjennom den samla rapporteringa for programstyret sitt arbeid.

Midlar løyvd til dei tre prosjekta i regi av Norsk Friluftsliv (2 prosjekt) og Den Norske Turistforeining er stilt til disposisjon for dei to

organisasjonane, og dei har rapportert til Miljødirektoratet.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Utgiftene på posten må sjåast i samheng med midlar til same føremål under postane 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste områda som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor naudsynte for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunale og interkommunale selskap/verksemder, private verksemder og privatpersonar har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansas».

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt. Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn ved vurdering av om det skal givast tilskot. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 69.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2018

Det blir her rapportert samla for oppryddingsarbeidet finansierte frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn går framover. Fram til no er undersøkingar gjennomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstil-

taka starta eller blitt gjennomførte. Av dei viktigaste gjennomførte tiltaka i 2018 var ferdigstilling av arbeidet med å rydde opp sjøbotnen i Puddefjorden i Bergen, Sandefjordsfjorden og Farsund i Lister. Arbeidet held òg fram for opprydding i forureina grunn der det er behov, blant anna arbeid i samband med nedlagte Killingdal gruve, forbe-tringar på grunnforureiningsdatabasen, revideringa av rettleiar om forureina grunn og undersøkingar av forureining med perfluorerte stoff i Tyrifjorden.

Post 81 Naturarv og kulturlandskap, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og Friluftsliv.

Desse sju ordningane får tilskot frå posten: Forvaltningstiltak i verdsarvområde (11,5 mill. kroner), tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket (21,8 mill. kroner), tiltak i kulturlandskapsområde registrert som verdifulle kulturlandskap (1,1 mill. kroner), tiltak for ville pollinerande insekt (3 mill. kroner), verdiskaping basert på naturarven (9 mill. kroner), Villreinfjella som verdiskapar (8 mill. kroner) og Nasjonale turiststigar (12 mill. kroner).

Posten er samla sett redusert med 0,7 mill. kroner.

Forvaltningstiltak i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og områda sine forvaltingsplanar.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyan som vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i 2004, og Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftelsane Vegaøyan Verdsarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Posten dekkjer òg tilskot til Forei-

ninga Noregs verdsarv til gjennomføring av arrangementet Verdsarvforum.

Midlane må sjåast i samanheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til Verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Oppfølging av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftingar på staden som tar imot tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sett i forvaltingsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2018 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap. Desse omfattar blant anna forvaltingsplanlegging, strategiarbeid, nettverksbygging, lokal involvering og organisering av samarbeid. Det er fokus på samarbeid og medfinansiering med andre aktørar i gjennomføring av tiltak. Forplikingane knytte til formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og utvikla vidare gjennom tiltak retta mot barn, unge og besøkande. Initiativ med målsetjing å utvikle betre besøkshandtering, redusert forureining og miljøsertifisering er sette i gang eller førte vidare.

Tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket

Frå 2018 omfattar ordninga berre midlar til oppfølging av den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Talet på område i ordninga skal jamfør plan auke frå 41 ved utgangen av 2018 til 46 i løpet av 2020 innanfor gjeldande budsjett.

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap som inngår i den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltinga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Tildelingskriterium

Eit nasjonalt sekretariat leia av Landbruksdirektoratet, saman med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer forvaltinga av områda i samarbeid med fylka. Fylka har ansvaret for administrasjon, tilskotsforvalting og prioritering av tiltak i samråd med områdeutval i dei enkelte områda. Midlane blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltingsplanar. Frå og med 2020 skal kommunane overta ansvaret for å forvalte ordninga. Ein ny forskrift om tilskot i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap vil trå i kraft 1.1.2020. Det betyr at det blir ein ny modell for forvaltning av ordninga, kor kommunar, fylkesmenn og regional kulturminneforvaltning får nye roller og ansvar.

Oppfølging og kontroll

Det er Landbruksdirektoratet som fordeler og følger opp tildelinga av midlar. Sekretariatet rapporterer tilbake til departementa gjennom årlege rapportar. Kontrollen av tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Midlane til utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei spleiseordning med landbruket. I 2018 auka dei samla løyvingane til arbeidet med utvalde kulturlandskap til 29,8 mill. kroner.

Midlane til utvalde kulturlandskap blir fordelte på tiltak innafor planlegging/prosess, kulturminne, naturmangfald og landskapsskjøtsel, overvaking/dokumentasjon, formidling og andre tiltak (næringsutvikling, seterdrift, turstiar m.m.). Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren lager årleg ein rapport om bruken av midlane til utvalde kulturlandskap som òg inneheld status i dei einskilde områda og fordelinga av midlar på ulike formål.

Tiltak i kulturlandskapsområde registrert som verdifulle kulturlandskap

Mål

Målet med ordninga er å sikre berekraftig forvalting av norske kulturlandskap som inngår i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om tiltaka sikrar naturmangfaldet i kulturlandskapsområde med store naturverdiar.

Tildelingskriterium

Det er utvikla eit eige sett med kriteriar for tildeling. Blant søknader som gjeld tilskot til tiltak i prioriterte kulturlandskapsområde, vil dei som er forankra i ei skjøtsels- eller tiltaksplan, bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp på at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Det vart innvilga 30 søknader i 2018, hovudsakeleg til tiltak for å hindre attgroing, gjennomføre skjøtsel i biologisk viktige areal og gjennomføre andre tiltak for å ta vare på naturverdiar i knytte til verdifulle kulturlandskap.

Tiltak for ville pollinerande insekt

Mål

Målet med ordninga er å medverke til å sikre eller å betre leveområda for ville, pollinerande insekt.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut i frå om tiltaka sikrar gode leveområde for ville, pollinerande insekt.

Tildelingskriterium

Søknader som gjeld areal med førekomst av mange arter eller arter på raudlista vil bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Mottakar av tilskot blir følgt opp på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

2,5 mill. kroner blei fordelt til ulike tiltak i felt, samt kunnskaps- og informasjonstiltak. Tiltaka var spreia over fleire fylke, men med hovudtyngda i Sør- Noreg.

Verdiskaping naturarv

Ordninga er redusert med 4,2 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at verneverdiane i verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping som har ein langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Kommunar, regionråd, frivillige organisasjonar, verksemder, grunneigarar, naturinformasjonssentre, tilsynsutval og verneområdestyrer kan få tilskot til tiltak for kanalisering av ferdse, tiltak for utvikling av besøksforvaltning av nasjonalparker, naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemder, tiltak for å betre samarbeidet mellom naturforvaltning, næring og lokalsamfunn, og ulike typar av informasjon og leiing av prosjekt som fell inn under desse tiltaka.

Tilskot kan også bli gitt til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker i regi av nasjonalparkkommunar godkjent etter nye kriterium, nasjonalparklandsbyar og nasjonalparksenter. Det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats.

Foreininga «Norges nasjonalparkkommuner» blir tildelt eit grunntilskot på 0,5 mill. kroner frå posten. Regionalparkane ved foreininga Norske

parker blir som følge av budsjettforliket hausten 2018 tildelt 5 mill. kroner. Midlane skal gå til drift og utvikling av dei to organisasjonane

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fort-løpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende projektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Rapport 2018

Tilskot har mellom anna dekt prosjekt innafor fugleturisme, besøkstrategiar for mykje brukte turstigar, og tilrettelegging av stigar og sykkelstigar. I 2018 fekk følgjande støtte til verdiskaping: Lierne nasjonalparksenter, Halti nasjonalparksenter, Stiftelsen Nordland nasjonalparksenter, Besøksenter rovdyr Namsskogan, Joma Næringspark AS, Randsfjordmuseet AS, Lister friluftsråde, Noregs nasjonalparkkommunar og nasjonalparklandsbyar, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nordveggen AS, Stavanger turistforeining, Hindsæter Fjellhotell AS, Biovegen i byen (ein organisasjon i Trondheim), Skogsættring velforeining, Hardanger Breføring, Tinn kommune, Bodø kommune, Stryn kommune, Målselv kommune, Sunndal næringssselskap, Røyrvik auto, Rødøy stå og Den norske turistforeining.

Villrein fjellet som verdiskapar

Ordninga er auka med 3 mill. kroner.

Mål

Målet er å stimulere til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda, særleg retta inn mot ulike delar av reiselivet. Ordninga skal medverke til god gjennomføring av dei regionale planane for villreinområda, og til å utvikle og spreie kunnskap om villreinen og villrein fjellet til ulike målgrupper.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at dei nasjonale villreinområda blir del av ei brei verdiskaping der villrein, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til eit hovudprosjekt i samsvarende med den fastsette programplanen. Hovudprosjekta skal omfatte fleire ulike delprosjekt og tiltak, og må vere knytt til eit geografisk område eller eit tema innafor dei 61 kommunane som er omfatta av dei nasjonale villreinområda. Det er utvikla eit eige sett med søknadskriterium, der det mellom anna blir lagt vekt på god samanheng med handlingsprogramma knytt til dei regionale planane. Det blir òg lagt vekt på at hovudprosjekta skal ha geografisk spreining og dekkje ulike tema og problemstillingar knytt til dei ulike nasjonale villreinområda. Prosjekta skal femne både miljøvis, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping. Det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats i form av arbeid eller andre økonomiske midlar.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og dei prosjekta som får tilskot, og gjennom at fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta. Kontroll skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende projektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap. Norsk villreinsenter har ei viktig rolle i fagleg oppfølging og rådgiving for prosjekta, og arrangerer òg årlege nettverkssamlingar for alle prosjekta i samarbeid med Miljødirektoratet.

Rapport 2018

Følgjande hovudprosjekt fekk tilskot i 2018: Kunnskap om villrein og villrein fjellet (Verneområdestyret for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane), Villrein fjellet Rondane som verdiskapar (Oppland fylkeskommune), Villreinløypa (Gudbrandsdalsmusea/Lesja kommune), Dovrefjellaksen – samarbeid om formidling (Trøndelag fylkeskommune), Forollhogna – det heile fjellet (Forollhogna nasjonalparkstyre). I tillegg fekk forprosjektet «Velkomen til villrein fjellet» (Buskerud fylkeskommune/Nore og Uvdal kommune) tilskot. Alle prosjekta er knytt opp mot dei regionale planane for nasjonale villreinområde, og dei har ført til brei mobilisering til samarbeid mellom ulike aktørar lokalt og regionalt. Prosjekta har også ført til at det er etablert gode koplingar til arbeidet med besøksstrategiar for verneområda. Det er oppretta eigne temasider for prosjekta på Norsk villreinsenter sin nettstad villrein.no.

Nasjonale turiststigar

Nokre av midlane under ordninga kan brukast av Miljødirektoratet under post 21, til prosjektutvikling og prosjektstyring.

Ordninga er auka med 0,5 mill. kroner.

Mål

Nasjonale turiststigar er definert som område med stor opplevingsverdi og attraksjonskraft, og er eit utval av stigar og turmål som gjennom heilskapleg besøksforvaltning toler eit høgt tal besøkande utan at natur- og kulturverdiar blir forringa, og der opplevinga for dei besøkande er viktig. Tilstrøyinga fører til stor slitasje på stigane og naturen rundt, utfordringar med søppel/avfall, behov for informasjon både før og under besøket, og utfordringar med tryggleiken til dei besøkande. Målet for ordninga er å utvikle eit avgrensa tal Nasjonale turiststigar, slik at tryggleik, opplevingsverdiar, informasjon og naturverdiar blir tekne vare på.

Ordninga skal ikkje leggje til rette for meir utbygging og tiltak enn det som er naudsynt, og alle tiltak skal vere innanfor rammene av allemannsretten og norsk friluftslivstradisjon. Eventuelle byggje- og anleggstiltak skal vere tilpassa landskapet, ha minst mogleg omfang og ta omsyn til området sine natur- og opplevingskvalitetar.

God lokal forankring av arbeidet og langsiktig planlegging gjennom heilskapleg besøksforvaltning som skal munne ut i ein besøksstrategi er eit krav for å bli autorisert som Nasjonal turiststig. Det kan autoriserast inntil 15 Nasjonale turiststigar, og det er berre stigar med ekstraordinært stort besøk og der internasjonale turistar utgjer ein stor del, som kan bli autoriserte. Berre stigar der noverande situasjon og framtidige planar i stigen sitt nærrområde tek omsyn til naturmangfald, friluftsliv, tryggleik og landskapskvalitetar kan bli autoriserte.

Stigar som er autoriserte som Nasjonal turiststi blir prioriterte ved tildeling av midlar frå ordninga, men å vere autorisert er ikkje eit krav for å få midlar frå ordninga. Stigar som er autoriserte vil i tillegg få eit årleg grunntilskot på 300 000 kroner, slik at desse stigane får ei føreseieleg forvaltning. Grunntilskotet blir utbetalt frå og med året etter autorisering, og kan berre nyttast til tiltak som gir rett til midlar i tilskotsordninga. Dei autoriserte stigane kan i tillegg søkje om midlar i den ordinære søknadsprosessen.

I 2020 vil følgjande autoriserte stigar få grunntilskot:

– Fosseråsa i Geiranger

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet medverkar til færre ulykker og utrykkingar frå hjelpe-mannskap i samband med ferdsel på stigane, redusert slitasje og om tilskotet medverkar til å oppretthalde naturverdiar og miljøverdiar på og i tilknytning til stigane. I tillegg vil det bli lagt vekt på ordninga sitt bidrag til brei lokal verdiskaping.

Tildelingskriterium

Destinasjonsselskap, kommunar, kommunale eller interkommunale føretak, stiftelsar, frivillige organisasjonar og verneområdestyre kan søkje på ordninga. Søknader med synleggjort breie samarbeidsrelasjonar mellom reiseliv, frivillige, kommune og forvaltning vil bli prioriterte.

Tilskot blir gitt til prosjekt som omhandlar turstigar med store opplevingskvalitetar der internasjonale turister utgjer ein stor del av dei besøkande.

Det skal liggje føre ei prosjektbeskriving for stigen/området det blir søkt om tilskot til, og som søknaden skal byggje på. Prosjektbeskrivinga skal vise omfang av besøk på den aktuelle stigen, beskrive kva som er utfordringane for det aktuelle området og ein plan der ein syner kva tiltak som kan kome desse utfordringane i møte. Stigen sin betydning for lokalt reiseliv skal òg inngå i prosjektbeskrivinga.

Alle fysiske tiltak som får tilskot skal i utgangspunktet vere opne for ålmenta. Alle bygge- og anleggstiltak skal vere tilpassa landskapet og området natur- og opplevingskvalitetar.

Tildelte midlar skal i utgangspunktet brukast til tiltak på og i tilknytning til stigane. Det kan òg bli gitt tilskot til enkelte andre tiltak, som for eksempel informasjonstiltak og planleggingstiltak, og forprosjekt og prosjektleiing knytt til besøksforvaltning som førebuing til å søkje om autorisasjon. Det blir ikkje gitt tilskot til drift knytt til stigområda.

Det blir berre gitt tilskot til søkjarar som medverkar med minst 50 prosent eigeninnsats (økonomiske midlar eller arbeidsinnsats som kan dokumenterast).

Prioriterte tiltak:

- Tilrettelegging og merking av stig
- Sikringsbuer og andre beredskapstiltak
- Tilrettelegging av tilkomstsoner
- Toalett/sanitaeranlegg
- Sjøpelhandtering
- Prosjektleiing og planlegging knytt til besøksforvaltning
- Informasjonstiltak, under dette også fjellvaktteneste, stigpatruljar og vertsskap ved til dømes stigens startområde.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Det kom inn 35 søknader i 2018, og 14 søkarar fordelt på 7 fylke fekk tildelt midlar. Mange stigar er rusta opp med mellom anna drenering av vatn og steinlegging. Ulike sikrings- og beredskapstiltak, under dette fjellvaktordning, blei finanserte. Viktige informasjonstiltak blei gjennomført og enkelte startpunkt blei tilrettelagt med mellom anna parkering. I Lofoten blei det gjennomført forarbeid som grunnlag for å velje ut den stigen det skal arbeidast vidare med, og i Lysefjorden blei Refså kai oppgradert. Følgjande fekk tilskot i 2018: Skogshorn i Hemsedal, Segla på Senja, Kjerag og Preikestolen i Lysefjorden, Reinebringen i Lofoten, Lofoten Friluftsråd, Oppstemten i Bergen, Dronningruta i Vesterålen, Trolltunga i Odda, Romsdalseggen i Rauma, Engabreen i Meløy, Besseggen i Vågå og Fossesien i Geiranger.

Post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
82.1	Tilskotordning – truga arter	19 998	16 577	16 577
82.2	Tilskotordning – truga naturtypar	31 454	28 778	28 778
	Sum post 82	51 452	45 355	45 355

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten er delt i to underpostar, ein for truga arter og ein for truga naturtypar. Underposten for truga arter omfattar mellom anna tilskot til prioriterte arter og deira økologiske funksjonsområde, og arter som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for arter 2015. Tiltak for bevaring av hubro er òg inkludert i posten med fokus på tiltak mot elektrokusjon. Underposten for truga naturtypar omfattar tilskot til tiltak for utvalde naturtypar og naturtypar som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2018.

Truga arter

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på truga plante- og dyrearter, under dette arter som er valt ut som prioriterte arter. Ordninga inkluderer òg økologiske funksjonsområde for prioriterte arter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til truga arter. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, biotopforbevaring, restaurering, aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som er naudsynte for å ta vare på eller rette opp økologiske funksjonsområde for truga og prioriterte arter, gjerding, naudsynt utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og tiltak for hindre at hubro dør som følgje av at dei brukar straumstolpar som sitjeplass.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2018

Det kom inn 255 søknadar til tilskotsordninga for truga og prioriterte arter. Det vart søkt om 25,2 mill. kroner, og totalt tildelte Miljødirektoratet og fylkesmannen om lag 20 mill. kroner til slike søknader. Midlane er gitt til konkrete tiltak som til dømes skjøtsel av lokalitetar, styrking av bestandar og informasjon. Av dette er om lag 2,4 mill. kroner gitt til 10 tiltak for hubro for å unngå at arta dør som følgje av elektrokusjon. Dei ulike nettselskapa nyttar i tillegg eigne midlar på dei same strekningane.

Truga naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å ta vare på utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova kap. VI og truga naturtypar, jf. definisjon av truga naturtypar i Norsk raudliste for naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå målsetjingane for å ta vare på naturtypar i dei enkelte handlingsplanane, under dette tal på lokalitetar som blir tekne vare på og talet på tiltak knytt til førekomst av truga og utvalde naturtypar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til skjøtsel og vedlikehald, tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av land-

bruksføretak, gjerding, kartlegging og overvaking knytt til tiltak, utarbeiding av skjøtsels- eller tiltaksplan, nødvendig utstyr til tiltak og informasjon om naturtypene.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane rapporterer korleis midlane blir nytta, gjennomførte tiltak og resultat. Kontrollen går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar frå tilskotsmottakar til fylkesmannen.

Rapport 2018

Det kom inn 1050 søknader, mot om lag 960 i 2017 og 860 i 2016. Talet på søknader har dei siste åra auka med om lag 100 i snitt. Det kom inn søknader for tiltak i 16 ulike naturtypar. Talet på søknader er framleis størst innfor naturtypene slåttemark (695 søknader), kystlynghei (153 søknader) og hole eiker (89 søknader). Om lag 900 søknader omfatta skjøtsel og vedlikehald. I tillegg kom det inn søknader om tilskot til gjerding, informasjonstiltak, kartlegging og overvaking knytt til tiltak, tilpassa drift på areal som inngår i drifta av landbruksføretak og innkjøp av utstyr til skjøtsel.

Det vart søkt om 48,3 mill. kroner til tiltak for å ta vare på truga og utvalde naturtypar. Miljødirektoratet tildelte totalt om lag 31 mill. kroner til fylkesmannen for vidare tildeling, og tildelte om lag 0,6 mill. kroner til informasjonstiltak med nasjonalt fokus.

Handlingsplanar for naturtypar legg det faglege grunnlaget og dei overordna rammene for ein stor del av tiltaka som blir gjennomførte med støtte frå tilskotsordninga for truga og utvalde naturtypar. Talet på skjøtselsplanar som er utarbeidde for enkeltområde stiger jamt. Det gjer òg talet på langsiktige avtalar med grunneigarar om skjøtsel. Dette er eit viktig verkemiddel for å motivere grunneigarar til å søkje tilskot og drive skjøtsel. Det er flest skjøtselsplanar og avtalar for slåttemark og kystlynghei.

Post 83 Tilskot til tiltak mot framande arter (ny), kan overførast

Posten er ny, og det er lagt inn 4 mill. kroner på posten, som er flytta frå kap. 1400 post 76.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å hindre negativ påverknad på naturmangfaldet frå framande, skadelege arter.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om tiltaka som får støtte frå posten medverkar til at trusselen frå framande, skadelege organismar blir mindre.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til tiltak for nedkjemping av framande, skadelege organismar, informasjonstiltak og kartlegging og overvaking knytt til konkrete tiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane rapporterer korleis midlane blir nytta, gjennomførte tiltak og resultat. Kontrollen går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar frå tilskotsmottakar.

Rapport 2018

Posten er ny. Sjå rapport 2018 under kap 1400 post 76 for rapport på bruk av midlane.

Post 84 Internasjonalt samarbeid

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda Naturmangfald og Forureining, men òg til Friluftsliv, Klima og Polarområda.

Posten er auka med 0,2 mill. kroner knytt til auka bidrag til Det internasjonale ressurspanelet.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, klima, og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i

rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og anna miljøforvalting får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Naturpanelet (Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services, IPBES)
- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den europeiske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)
- Working Group on Harmonization of regulatory oversight in Biotechnology (WGHROB) under Biosafety-programmet til OECD
- Konvensjon om langtransportert luftforureining (LRTAP-konvensjonen), kjerneoppgåver som ikkje blir omfatta av bidraget til EMEP-protokollen
- Common Forum on Contaminated Land
- The European Union Network for the Implementation and International Transaction Log (IIL)
- Enforcement of Environmental Law (IMPEL)
- Organization of Economic co-operation and Development (OECD)
- Det internasjonale Ressurspanelet (The international Resource Panel)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern, North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO) og naturpanelet (IPBES). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler, og kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder mellom anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder mellom anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Rapport 2018

Midlane dekte i 2018 medlemskontingenten i dei internasjonale organisasjonane som er lista under «Tildelingskriterium» over..

Post 85 Naturinformasjonssenter, kan overførast

Midlane er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Besøksenter for natur skal vere dei fremste kvalitetsformidlarane av kunnskap om nasjonalparker, villrein, våtmark, rovvilt, fugl og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge.

Posten er samla sett auka med om lag 6,3 mill. kroner.

Det vil bli etablert tre nye besøkssentre knytt til Lofotodden (1 mill. kroner), Jomfruland (1 mill. kroner) og Raet (1 mill. kroner) nasjonalparker, med sikte på seinare autorisering. I tillegg er det lagt inn nye midlar til besøkssenter for rovdyr i Hedmark (1,5 mill. kroner) og driftstilskot til Atlanterhavsparken i Ålesund (1,029 mill. kroner).

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til drift, utvikling og etablering av naturinformasjonssenter/besøkssenter natur.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentra viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Tildelingskriterium

Autoriserte besøkssenter natur kan søkje om eit årleg grunntilskot til aktivitet knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, naturrettleiing m.m. Grunntilskotet blir for 2020 på 1,062 mill. kroner pr. senter. Autoriserte senter kan i tillegg søkje kompetansetilskot til oppgåver som nøytrale kunnskapsformidlarar/kompetansesenter. Både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (for eksempel museum og stiftelsar) og senter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak.

Naturrettleiing vil si formidling av kunnskap om naturen og samanhengar i naturen, i den hensikt å styrke innsikt, respekt, engasjement og omsorg for natur- og kulturmiljøet. Naturrettleiing utføres av ein person, naturrettleiaren, som i hovudsak gir deltakarane direkte opplevingar ute i naturen. Mottakarar av tilskot til naturrettleiing er Norsk villreinsenter (Hjerkinn og Skinnarbu), besøkssentra for rovdyr i Flå og Namsskogan og besøkssenter Nordland, Færder og Hardangervidda-(Skinnarbu) og musea i Akershus avd. Fetsund lenser (Nordre Øyeren).

Tabell 7.4 Type senter

Tema for senter	(i 1 000 kr)
Besøkssenter nasjonalpark og forvaltingsknutepunkt	32 974
Norsk villreinsenter	8 546
Besøkssenter våtmark	7 120
Besøkssenter rovdyr	8 106
Naturrettleiing	6 763
Villakssenteret	7 583
Runde Miljøsentra	3 292
Atlantehavsparken	1 029
Sum	75 413

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer årsmelding, revidert rekneskap, budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentra rapporterer tal på besøkande, aktivitetar og naturrettleiing, sal av logoprodukt, resultat frå brukarundersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret, og på andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, blant anna ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Runde Miljøsentra, Atlantehavsparken i Ålesund og det nasjonale villakssenteret må rapportere bruken av midlane på same måte som dei autoriserte sentra.

Rapport 2018

Det vart gitt grunntilskot til 15 autoriserte besøkssenter nasjonalpark. Det vart etter søknad gitt tilskot til fornying av utstillingar og informasjonstiltak, og til opparbeiding og tilrettelegging av forvaltingsknutepunkt. Tre autoriserte besøkssenter rovdyr og seks autoriserte besøkssenter våtmark fekk òg tilskot. Det vart også gitt tilskot til Stiftelsen Norsk villreinsenter som har ei utvida rolle som informasjons- og kompetansesenter, og har driftseiningar på Hjerkinn og Skinnarbu, under dette besøkssenter villrein på Hjerkinn. I tillegg er det gitt tilskot til ein møteplass for samarbeid om villaksen i Tanavassdraget og til planlegging av det internasjonale lakseåret.

Følgjande senter fekk tilskot i 2018: Norsk Villreinsenter, Kunnskapssenter for laks og vassmiljø, besøkssenter rovdyr; Bardu, Flå og Namsskogan, besøkssenter nasjonalpark; Øvre-Pasvik, Stabbursdalen, Reisa, Lierne, Femundsmarka, Folgefonna, Færder, Ytre Hvaler, Jostedalsbreen – Oppstryn, Jotunheimen, og besøkssenter nasjonalparkane i Nordland, Norsk Tindesenter, Ånderdalen nasjonalparkstyre, Musea i Sør-Trøndelag – avd. Røros, Musea i Akershus – avd. Fetsund lenser, Volland Gard – Kvikne nasjonalpark, Fjordmuseet på Storsteinnes – Midt-Troms museum, Dokkadelta våtmarkssenter, besøkssenter våtmark Ilene, besøkssenter våtmark Jæren, besøkssenter våtmark Oslo, besøkssenter våtmark Lista, Trondheimsfjorden våtmarkssenter, besøkssenter våtmark Ørland, RamSalten våtmarkssenter og Runde miljøsentra.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	4 657	7 373	7 571
04	Gebyr, forureiningsområdet	46 355	41 141	52 045
06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvern- avdelingar	30 580	35 869	36 832
07	Gebyr, kvotesystemet	8 674	8 270	8 492
08	Gebyr, naturforvaltningsområde	73	638	655
09	Internasjonale oppdrag	61 381	43 816	45 218
Sum kap. 4420		151 720	137 107	150 813

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter

På posten er det budsjettert med enkelte ulike oppdragsinntekter og leigeinntekter som direktoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og sitt konferansesenter i Oslo. Oppdragsinntektene er hovudsakleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir òg ført ymse inntekter, frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet.

Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå dei som får utfërda eit sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluorerte klimagassar (produktforskrifta, Kapittel 6a). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna dokumenterte kvalifikasjonar for teknisk personell og bedrifter som utfører arbeid på utstyr med nokre av desse gassane. Den praktiske gjennomføringa av sertifiseringsordninga blir i dag utført av Isovator AS (HFK i kuldeanlegg mv.) og Incert AB (SF₆ i

høgspenbrytarar). EU vedtok 16. april 2014 ei revidert forordning som utvidar sertifiseringsordninga til òg å gjelde personell som handterer kjølebilar/-tilhengarar og GIS-anlegg. Den reviderte forordninga er implementert i Noreg gjennom produktforskrifta kap. 6a og trådte i kraft 14. desember 2018.

- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forureiningsforskrifta
- gebyr for tilsyn og kontroll med importører og produsentar av kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av deklareringsforskrifta
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kostnader ved drift og utvikling av systemet inkludert kjøp av tenester
- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. EE-registeret vart i 2019 erstatta av Produsentansvar, som er det nye registeret for EE-produkt og EE-avfall. Alle som importerer og produserer elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar å vere medlem av eit godkjent returselskap. Returselskapa finansierer drifta og utviklinga av dette registeret gjennom eit gebyr som avheng av deira marknadsdel
- gebyr for eksport og import av avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepliktig avfall må innhente samtykke til dette. Gebyret er basert på Miljødirektoratet sin timebruk og timekost-

nad til behandling av søknadar om eksport og import av avfall

gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidaktive stoff og biocidprodukt

I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel

I høve til 2019 er posten auka med 10,9 mill. kroner.

Tabell 7.5 Budsjettet for 2020 fordeler seg på dei ulike gebyrordningane som følgjer:

Gebyrordning	Budsjett inntekt 2020 (tal i tusen kroner)
Sertifisering for fluorerte klimagassar	10 125
Konsesjonsbehandling etter forureiningsforskrifta	8 225
Tilsyn etter forureiningslova	9 325
Kvotetilsyn	345
Tilsyn med kjemikaliar	5 525
Deklarasjon av farleg avfall	5 525
Drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret)	2 625
Eksport og import av avfall	6 725
Godkjenning av biocid og biocidprodukt	3 625
Totalt kap. 4420 post 04	52 045

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingar

Posten omfattar inntekter til Fylkesmannen frå gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og tilsyn. Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemder som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 39 i forureiningsforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved utarbeiding av løyve til kvotepliktige utslepp finansierast av gebyr.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i kvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved

godkjenning av utsleppsrapportar finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Miljødirektoratet har òg ansvaret for å drifte det elektroniske kvoteregisteret.

Det er samla lagt inn 0,2 mill. kroner som følgje av prisjustering og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Post 08 Gebyr, naturforvaltingsområde

Inntektene på denne posten skal dekkje utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltingsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Det er merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilkjem Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret blir ført vidare på same nivå som i tidligare år, det vil seie 450 kroner. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1420 post 23.

Miljødirektoratet krev refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltingsvilkår i vasskraftskonsesjonar. Gebyret er heimla i vass-

dragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57–58 og den enkelte konsesjon.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten kjem frå andre statsinstansar og frå internasjonale organisasjonar, og

skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 23 til internasjonalt miljøsam arbeid og bistandsarbeid, for eksempel institusjonsbygging i samarbeidsland.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Spesielle driftsutgifter	5 425	5 557	7 706
60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	6 407		
70	Tilskot til private, <i>kan nyttast under post 21</i>		7 000	26 188
	Sum kap. 1422	11 832	12 557	33 894

Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i klimapolitikken og i regjeringas maritime strategi. Bruk av meir klima- og miljøvennleg drivstoff og energieffektive skip er nøkkelfaktorar i å redusere utsleppa frå skipsfarten. Noreg er i dag leiande i utvikling og bruk av blant anna gassdrivne skip og batteridrivne ferjer – eit fortrinn som kan utnyttast og utviklast vidare.

Regjeringa har i den maritime strategien identifisert fleire grep for å medverke til å redusere utsleppa frå skipsfarten. For å utløyse potensialet for utsleppsreduksjonar frå skipsfarten må både styresmakter og næringa investere, og regjeringa vil derfor òg leggje opp til ei styrking av Sjøfartsdirektoratets kompetanse på nye klima- og miljøvennlege løysingar for skipsfarten, med mål om ein effektiv prosess for myndighetsbehandling av skip som blir bygde med ny klima- og miljøvennleg teknologi. Sjøfartsdirektoratet skal òg auke merksemda på tiltak mot marin forsøpling frå internasjonal og nasjonal skipsfart.

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Klima- og miljødepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar blant anna utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utfer-

ding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FNs sjøfartsorganisasjon (IMO), EU, Nordsjøsamarbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei klima- og miljøvennleg transportform. Direktoratet skal òg medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten er samla sett auka med omlag 2 mill. kroner. Det er lagt inn nye midlar til utgreiinger knytta til arbeidet med å redusera utslepp frå skipsfarten, herunder vurdere strengare krav til utslipp frå skip i norske fjordar. Det er òg lagt inn 1 mill. kroner til å administrere ny satsing under kap. 1422 post 70 med grøn flåtefornying av lasteskip. I tillegg er det lagt inn ein priskompensasjon på posten.

Posten medverkar til å dekkje løn til fast og mellombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klima-

gassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreining av framande arter i ballastvatn. Posten dekkjer òg midlar knytte til utgreiningar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Rapport 2018

Midlane til Sjøfartsdirektoratet har blant anna gått til nasjonalt og internasjonalt arbeid med å redusere klimagassutslepp frå skipsfarten, redusere eller hindre forureining til luft og sjø, førebyggje spreining av framande organismar, opphogging av skip, arbeid med forvaltingsplanar for havområda og eit eige arbeid med å sjå nærare på miljøbelastninga frå cruisetrafikk i norske fjordar.

Post 70 Tilskot til private, kan nyttast under post 21

7,1 mill. kroner er løyvd til Statens del i det offentleg-private samarbeidet Grønt skipsfartsprogram. Desse skal i hovudsak brukast til å utvikle grønne løysingar for fleire fartøykategoriar. Posten er i 2020 òg styrkt med 19 mill. kroner til arbeid for å realisere grøn flåtefornying av lasteskip. Løyvinga skal gå til konkrete prosjekt gjennom Grønt skipsfartsprogram som støtter opp under bruk av null- og lågutsleppsløysingar i lasteskip, og som fremmer grønne marknader for sjøtransport.

Rapport 2018

Posten med løyving til Grønt kystfartsprogram er ny i 2019.

Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	17 276	27 040	28 518
	Sum kap. 1423	17 276	27 040	28 518

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultat-område Forureining og er auka med priskompensasjon på posten og 1 mill. kroner for arbeidet med innkreving av gebyr for tillatelse etter forureiningslova. Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4423 post 01. Løyvinga kan overskriddast dersom det er tilsvarende meirinntekt under denne posten, jf. forslag til vedtak II. Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) er Klima- og miljødepartementets direktorat på området radioaktiv forureining i det ytre miljø og er forureiningsmyndigheit etter forureiningslova. Direktoratet si fremste oppgåve er å utøve forvaltningsmynde, skaffe fram informasjon og kunnskap, og gi faglege råd. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar med heimel i forureiningslova.

Verksemder som er omfatta av DSA sitt forvaltningsmynde er mellom anna petroleumsvirksomheit, sjukehus og forsking, avfallsdeponi, forskingsreaktorane i Halden og på Kjeller og noko prosess- og mineralindustri.

Ved atomanlegga i Halden og på Kjeller er reaktorane no stengt. Dekommisjonering er venta å gå føre seg over fleire tiår, og vil krevje betydeleg innsats både frå operatør og frå DSA som forvaltnings- og tilsynsmyndigheit.

I 2020 skal DSA utarbeide eit forslag til ein nasjonal strategi for radioaktivt avfall, og halde fram arbeidet med å identifisere potensielle utfordringar med handtering av radioaktivt avfall og å sikre tilstrekkeleg deponikapasitet. Dette er særleg knytt til handtering av avfall frå ei framtidig dekkommisjonering av forskingsreaktorane, inkludert løysingar for det brukte brenselet frå reaktorane og etablering av nytt lager for radioaktivt avfall.

DSA har ansvar for å støtte og gi råd i oppfølging av departementets beredskapsansvar. Truslevurderingar og scenario for akutt forureining i samband med hendingar ved sjøtransport av radioaktivt avfall, brukt brensel, og atomdrivne fartøy har vore eit viktig satsingsområde i 2019 som vil bli følgt opp vidare. DSA har òg ansvar for fagleg utgreivingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet,

i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. DSA deltek òg i arbeidet med forvaltingsplanane for norske havområde.

Overvaking av radioaktiv forureining skal gi oppdatert informasjon om miljøtilstanden, og medverke til å oppdage eventuelle nye utslepp. Vidare skal overvakinga medverke til kunnskap om tilførsler og langtidsutvikling av forureininga. Det nasjonale overvakingssystemet for marint miljø er sentralt i vurderingane av måloppnåing i OSPAR.

Arbeidet med å medverke til at utslepp av radioaktive stoff blir unngått eller minimert frå dei ulike kjeldene er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfylgging av OSPARs mål, formidling og beredskap.

DSA leier arbeidet i radioaktivitetskomiteen til Oslo-Paris-kommisjonen (OSPAR), i tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norsk-russiske miljøvernkommissjonen. Overvakinga av tilstanden og potensielle utslepp frå den sokne ubåten Komsomolets skal styrkjast.

Etter invitasjon frå regjeringa gjennomførte Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) i 2019 ein heilskapleg gjennomgang av norsk forvaltning på strålevern- og atomtryggleiksområdet. Tiltrådingane frå IAEAs team vil bli følgde opp i 2020 og framover, og ein revisjon vil finne stad om to til fire år.

Posten dekkjer utgifter som Direktoratet for strålevern og atomtryggleik har til løn og godtgjersle for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til etaten si samla utgreiings- og rådgivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Rapport 2018

I 2018 prioriterte DSA tilsynsverksemd. DSA deltok i tilsynsetatane sin fellesaksjon. Aksjonen medverka til auka samarbeid mellom tilsynsetatane. I tillegg til fellesaksjonen gjennomførte DSA 110 tilsyn. Dette var hovudsakleg dokumenttilsyn, men òg stadlege tilsyn vart gjennomførde.

Som ein del av forvaltninga av forureiningslova vart det i 2018 gitt 30 løyve. Av desse var 15 nye løyve, mens 15 var endringar i eksisterande løyve.

DSA har følgd opp pålegg gitt til IFE om å syte for auka lagringskapasitet og forsvarleg lagring av brukt brensel. Arbeidet har ikkje ønska framdrift og vil krevje ytterlegare oppfølging.

I sjette tilsynsmøte under Felleskonvensjonen våren 2018 blei det peika på fleire utfordringar, mellom anna tilstanden til lagra for brukt brensel og å sikre tilstrekkeleg lagringskapasitet og vidareutvikle nasjonal strategi for handtering av brukt brensel og radioaktivt avfall.

Noregs forvaltning etter forureiningslova av industriar med avfall og utslepp av stoff med menneskeleg forhøgd radioaktivitet vart identifisert som «area of good performance».

DSA følgjer opp tilrådingane frå Felleskonvensjonen i det vidare arbeidet med dekkommissjonering av dei nukleære anlegga i Noreg og oppbevaring av norsk radioaktivt avfall, mellom anna gjennom kravstilling til operatør.

I arbeidet knytt til framtidige avfallstraumar og behandlingsbehov for radioaktivt avfall har oppfølging av utbetring av dei mellombelse lagringsforholda og utviding av lagringskapasiteten for IFEs brukte brensel vore prioritert. Vidare har DSA følgd arbeid med ulike konseptvalutgreiingar (KVU/KS).

DSA deltek i dei ulike arbeidsgruppene for forvaltningsplaner, der Barentshavet har vore prioritert i perioden. Det faglege grunnlaget er venta å vere ferdig i 2019.

DSA har gitt innspel til Forskningsrådet om faglege prioriteringar og finansiering av norsk deltaking i Euratom-programmet. DSA deltek i Senteret for framifrå forskning (CERAD) og i Nordisk Kjernetryggleiksforskning (NKS). DSA arrangerte i mai den internasjonale konferansen «Radioactivity in the Arctic» der det vart lagt fram resultat av undersøkingar omkring potensielle radioaktive kjelder, radioaktiv forureining og kunnskap om konsekvensar av radioaktivitet på menneske og miljø.

DSA har òg delteke i OSPAR-arbeidet. I 2018 er det kartlagt kor vidt ein klarer å oppfylle krava fram mot 2020 og arbeidet fram mot ny strategi for neste tiår er starta opp. DSA arrangerte ekspertgruppemøte under den norsk-russiske miljøvernkommissjonen i Oslo i 2018. Det var semje om å vidareutvikle det faglege samarbeidet innanfor miljøovervaking, spesielt kvalitetssikring av måleresultat. Som del av det nasjonale miljøovervakingssystemet vart det på Havforskningsinstituttets årlege tokt i Barentshavet gjennomført prøvetaking i Barentshavet og ved ubåten *Komsomolets*. Den årlege prøvetakinga langs kysten ved faste kyststasjonar, i utvalde fjordar og i Skagerrak vart òg gjennomført. DSA har vidareført samarbeidet med UiO, NINA og NTNU om overvaking av radioaktivitet i limnisk og terrestrisk miljø. Lange og svært viktige tidsseriar frå 1986 er

ivaretekne med innsamling av jord, planter, dyr og ferskvassfisk ved faste overvåkingsområde. DSA har medverka med miljødata til miljøstatus.no, og eit felles resultatarkiv for radioaktivitetsdata er under utvikling.

DSA, i samarbeid med NILU, overvakar naturleg UV frå sola med ni stasjonar rundt i landet.

Data frå 1996 til og med 2017 er nå offentleggjort på GitHub. DSA har investert i eit nytt instrument som blir installert på Østerås med tanke på vidareføring av målenettverket. Det nye instrumentet er forbetra og vil gi data som er særleg relevante i klimasamanheng.

Kap. 4423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Gebyr, radioaktiv forureining			1 000
	Sum kap. 4423			1 000

Posten dekkjer inntekter som Direktoratet for strålevern og atomtryggleik har frå inntekter i samband med gebyr forankra i Forureiningslova §52a, forskrift om avgrensa utslepp kapittel 39.

Kap. 1423 post 01 kan overskridast tilsvarende eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1424 MAREANO

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	52 298		
	Sum kap. 1424	52 298		

Budsjettkapitelet og post 21 er lagt ned i 2019-budsjettet og midlane flytta til ny post 23 MAREANO under kap. 1410.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten er lagt ned og løyvinga flytta til kap. 1410 post 23.

Rapport 2018

MAREANO-programmet prioriterte i 2018 innsamling av djupnedata aust i Barentshavet, Svalbard (sokkelkant, Rijpfjorden, Kongsfjorden og Kvitøyrenna) og på sokkelen i Norskehavet. I 2018 var det lite sjøis, og det var derfor mogleg å sjømåle alle områda nord for Svalbard. Til saman vart det innsamla djupnedata frå 18 684 km². Innsamling av geologi-, biologi- og kjemidata vart

gjennomført i både djupe og grunne område i Kongsfjorden og Rijpfjorden. Dette var første gong MAREANO-programmet kartlegg geologi, biologi og kjemi i grunne område, og kartlegginga er gjennomført med høgare prøvetettleik enn i dei djupe områda. Til saman vart det samla inn geologi-, biologi- og kjemi-data frå 1 089 km². Grunna mangel på fartøy til geologi-, biologi- og kjemi-tokt, så vart delar av løyvinga overført til innsamling av djupnedata.

MAREANO har blant anna produsert nye djupe- og terrengkart, geologiske og biologiske kart som inkluderer botntypar, landskap, naturtype- og biotopkart, sårbare biotopar, marint søpel, trålspor, produktivitets- og artsdata (www.mareano.no). Rapportering av resultat skjer gjennom www.mareano.no og Noreg digitalt (www.geonorge.no). Nokre av karta har blitt tilgjengeleg om bord på fiskefartøy.

Kap. 1425 Fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Spesielle driftsutgifter	584	100	99
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	14 233	16 696	17 145
	Sum kap. 1425	14 817	16 796	17 244

Kap. 1425 Fisketiltak omfattar utgifter til fisketiltak og delar av fiskeforvaltinga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområde Naturmangfald, men involverer òg resultatområde Friluftsliv gjennom tilrettelegging for fiske.

Samla sett er løyvinga under kap. 1425 auka med om lag 0,5 mill. kroner. Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgift på fiske, som saman med utgifter til forvalting av ordninga under kap. 1420 post 01 og kap. 1410 post 50 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet post 72 Fiskaravgifter.

For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1410, 1425, 1420, 5578 og inntektene til fondet, viser vi til omtale under kap. 5578.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet er basert på driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå den same målsetjinga.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til drift av betalingstenesta for fiskaravgiftene, informasjonstiltak og faglege prosjekt og oppdrag.

Rapport 2018

Løyvinga er nytta til drift av betalingstenesta for fiskaravgift og faglege prosjekt og oppdrag som gir eit betre kunnskapsunderlag for forvalting av anadrom laksefisk.

Post 70 Fiskeformål, kan overføres

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk og leggje til rette for og motivere til fiske etter anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga medverkar til å nå målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Tiltak som kan få tilskot er tiltak knytte til informasjon om og forvalting av villaks, sjøaure og sjørøye, under dette kultiveringstiltak, driftsplanlegging, praktisk nytta forskning og overvaking. Det kan vidare bli gitt tilskot til tiltak som betrar tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta og tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsyns- kontroll av rapportane og rekneskapane.

Rapport 2018

I 2018 har det vore eit sentralt mål å gi tilskot til tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon og forvaltning av anadrom laksefisk. Det er òg ytt tilskot til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske. Det er vidare gitt tilskot til anvend forskning og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av fylkesmennene for å støtte tiltak som informasjon,

anvend forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanlegging. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye, og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Kap. 1428 Enova SF

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Overføring til Klima- og energifondet	2 745 807	3 164 450	3 184 450
	Sum kap. 1428	2 745 807	3 164 450	3 184 450

Statsføretaket Enova er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar. Enova er lokalisert i Trondheim og hadde om lag 73 årsverk i 2018.

Enovas oppgåver er nærare beskrivne i ei styringsavtale mellom departementet og Enova om forvaltninga av midlane frå Klima- og energifondet. Avtala legg rammer for Enovas verksemd, set mål for aktiviteten og stiller krav til rapportering. Avtala skal sikre at midlane frå fondet blir forvalta i samsvar med dei måla og føresetnadene som ligg til grunn for Stortingets vedtakinga av fondet og andre rammer som gjeld for bruken av fondet sine midlar.

I Meld. St. 25 (2015–2016) om energipolitikken mot 2030 vart Enovas rolle gjennomgått og perspektiv for den vidare utviklinga av føretaket lagt fram. Stortinget slutta seg til at dei overordna måla for Enova skal vere reduserte klimagassutslepp, styrkt forsyningstryggleik for energi og utvikling av klima- og miljøteknologi, og at Enova framleis skal ha stor fagleg fridom til å utvikle verkemiddel og tildele enkeltprosjekt, jf. Innst. 401 S (2015–2016).

Styringsavtala gir Enova langsiktige økonomiske rammer og stor fagleg fridom. Styringsmodellen gir Enova høve til å utnytte dei ressursane som er stilte til rådvelde effektivt.

Mål for Enova

Inneverande fireårige avtale mellom departementet og Enova om forvaltninga av midlane frå Klima- og energifondet har vend Enova sitt fokus mot klima og innovasjon. Det har mellom anna betydd ei styrkt satsing på å redusere utslepp i transportsektoren og andre ikkje-kvotepfiktige næringar og innovative løysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet.

Enova og Klima- og energifondet sitt formål er å medverke til reduserte klimagassutslepp og styrkt forsyningstryggleik for energi, og teknologitviking som på lengre sikt òg medverkar til reduserte klimagassutslepp.

I tillegg til formålet, er det fastsett delmål i styringsavtala om at Enova skal fremje:

1. Reduserte klimagassutslepp som medverkar til å oppfylle Noregs klimaforplikting for 2030.
2. Auka innovasjon innan energi- og klimateknologi tilpassa omstillinga til lågutsleppssamfunnet.
3. Styrkt forsyningstryggleik gjennom fleksibel og effektiv effekt- og energibruk.

Enova skal etablere verkemiddel med sikte på å oppnå varige marknadsendingar. I lågutsleppssamfunnet må det vere slik at dei miljøvennlege og klimavennlege løysingane blir føretrekte utan støtte. Enova skal prioritere innsatsen der høvet til å påverke utviklinga er størst og mot teknologiar

og løysingar som er tilpassa lågutsleppssamfunnet.

Enova skal fremje reduserte klimagassutslepp som medverkar til å oppfylle Noregs klimaforplikting for 2030. Det er likevel viktig at teknologien og løysingane som blir støtta er tilpassa lågutsleppssamfunnet. På denne måten medverkar marknadsendringa Enova søkjer å oppnå til omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Transport står for over halvparten av ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp. Enova har derfor mykje merksemd retta mot teknologiar og løysingar som kan redusere transportutslepp. På land støttar Enova tiltak som drivstoffinfrastruktur, produksjon av biogass og innkjøp av tyngre yrskeskjøretøy med nullutslepp. På sjø støttar Enova tiltak som medverkar til ein grønare maritim sektor med lågare utslepp, mellom anna batterihibridisering, infrastruktur for landstraum og innovative energi- og klimavennlege løysingar. Regjeringa vil følgje opp områdegjennomgangen av klimarettat verkemiddel ved mellom anna å spisse Enova som klimaverkemiddel i neste avtaleperiode, som startar 1. januar 2021.

Regjeringa vil styrkje satsinga på reduserte klimagassutslepp frå ikkje-kvotepliktig sektor. Som gjort greie for under «Politikk for å nå dei nasjonale måla for klima» har regjeringa derfor gjennom eit tillegg til avtalen med Enova gitt Enova i oppdrag å administrere eit Nullutsleppsfond for næringstransport som skal støtte auka marknadsintroduksjon og -vekst for batteri-, hydrogen- og biogassløysingar både på land og på sjø. Dette vil medverke til reduserte utslepp i ikkje-kvotepliktig sektor, og omstilling av næringstransport, på ein måte som supplerer Enovas eksisterande satsing godt. Enovas eksisterande satsingar på fyll- og ladeinfrastruktur for nullutsleppstransport held fram under ramma av den eksisterande styringsavtala. Det same gjer Enovas eksisterande satsingar på ny teknologi i transport. Enova vil koordinere satsingane opp mot kvarandre, slik at dei til saman utgjer ein heilskap og medverkar til mest mogleg kostnadseffektiv omstilling. Over dei to åra 2019 og 2020 stilles det over 1 mrd. kroner til disposisjon for Nullutsleppsfondet. Frå 2021 legg departementet opp til at styringa av Nullutsleppsfondet blir omfatta av Enovas ordinære styringsavtale for neste avtaleperiode. I løpet av dei første to vekene etter oppstart av ordninga gav Enova tilsegn om støtte på til saman 68,6 mill. kroner til 2 331 elektriske varebilar.

Utvikling av ny energi- og klimateknologi er essensielt for å få til den naudsynte omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Gjennom rådgiving og

finansiell støtte reduserer Enova aktørane sin risiko og aukar takten på utvikling og testing av innovative, meir klimavennlege og energieffektive teknologiar. Med dette er Enova med på å leggje grunnlaget for eit meir energieffektivt og klimavennleg næringsliv i framtida. Målet med teknologiprojekta er å hauste erfaringar som medverkar til kompetanseutvikling, innovasjon og spreiding av teknologi både nasjonalt og internasjonalt.

Enova skal fremje styrkt forsyningstryggleik gjennom fleksibel og effektiv effekt- og energibruk. Eit robust, effektivt og fleksibelt energisystem er ein føresetnad for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Tiltak som medverkar til å avgrense belastninga på straumnettet er viktig for å sikre at omstillinga til lågutsleppssamfunnet ikkje trekkjer med seg store kostnader i energisektoren og unødvendige naturinngrep. Slike tiltak kan mellom anna innebere reduksjon av spisslast gjennom for eksempel betre isolerte bygg, auka fleksibilitet mellom energiberarar i form av for eksempel fjernvarme, meir fleksibilitet i elektrisitetsbruken i for eksempel fjernstyring av apparat, betre nettplanlegging gjennom meir informasjon om forbruk og betre integrerte områdeløysingar med element av dei føregåande. I arbeidet med ny styringsavtale med Enova vil regjeringa vurdere om dagens målstruktur er føremålstenleg, under dette Enovas arbeid med forsyningstryggleik.

I tillegg til formålet, delmåla og andre rammer i avtala er det utarbeidd fire målindikatorar som undervegs i avtaleperioden skal gi indikasjon på Enovas måloppnåing. Målindikatorane utgjer eitt av fleire grunnlag for styringsdialogen mellom departementet og Enova. Hittil i avtaleperioden har Enova oppnådd betre resultat enn venta på målindikatoren for klima, og Enova ligg an til å overoppfylle denne før 2020. I tilleggssavtala om opprettinga av eit Nullutsleppsfond er målindikatoren justert opp frå 0,75 til 1 million tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er i hovudsak på bakgrunn av prosjektilgangen hittil i perioden, men det tek òg omsyn til dei nye midlane til Nullutsleppsfondet.

Styringsavtala stiller òg opp særlege vilkår på enkelte område, som Enova skal følgje opp gjennom sine program. Enova skal:

- medverke til utvikling av drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri land- og sjøtransport, under dette elektrisitet og hydrogen.
- tilby ei ordning for offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for elbil. Støtta skal ikkje gjelde for privatpersonar.
- tilby ei rettsbasert ordning for enøk-tiltak i hushald. Ordninga skal vere knytt til skatte-

systemet slik at brukarar òg kan velje å få utbetalt støtta som en del av det årlege skatteoppgjeret. Enova skal årleg stille til disposisjon minimum 250 mill. kroner til denne ordninga.

- ha eit landsdekkjande tilbod av informasjons- og rådgivingstenester.
- ta vare på drifta og utviklinga av energimerkeordninga og ordninga for energivurdering av tekniske anlegg.

Som varsla i fjordårets budsjett har departementet mjuka opp ordlyden i det andre særlege vilkåret ved å fjerne ordet rettsbasert, slik at det ikkje legg avgrensingar for korleis Enova kan utvikle treffsikre verkemiddel for å medverke til utbygging av offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur. Dette vart gjennomført ved eit sidebrev til avtala. Enova kan no definere geografiske område, strekningar og/eller knutepunkt der etablering av hurtigladarar vil vere utløysande for ein vidare vekst både i kjøp og bruk av elbil og den kommersielle lademarknaden. Ei slik ordning vil kunne byggje vidare på dei erfaringane Enova har frå dei streknings- og konkurransebaserte utlysningane for hurtigladarar og den konkurransebaserte ordninga for etablering av landstraumanlegg i norske hamner. Enova vil i 2019 og 2020 utlyse konkurransar om områdeutbygging av offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur i utvalte område der det framleis er behov for offentleg støtte. Første utlysing var for Nord-Troms og Finnmark og hadde søknadsfrist 7. juni.

Resultatrapport 2018

I 2018 rekneskapsførte Enova eit administrasjonstilskot på 155 mill. kroner. Enova hadde eit positivt årsresultat på om lag 3,5 mill. kroner, som vart overført til annan eigenkapital. Annan eigenkapital var om lag 25,7 mill. kroner per 31. desember 2018.

Enova og Klima- og energifondets formål er å medverke til reduserte klimagassutslepp og styrkt forsyningstryggleik for energi, samt teknologiutvikling som på lengre sikt òg medverkar til reduserte klimagassutslepp. I styringsavtala har Enova tre delmål som presiserer formålet nærare:

- a. Reduserte klimagassutslepp som medverkar til å oppfylle Noregs klimaforplikting for 2030

Enova skal prioritere prosjekt som gir reduserte klimagassutslepp. Transport står for over halvparten av ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp. Enova har derfor mykje merksemd retta mot teknologiar og løysingar som kan redu-

sere transportutslepp. Til saman gav Enova tilsegn om tilskot på over 800 mill. kroner til prosjekt i transportsektoren i 2018. Satsinga er breitt innretta mot både gods- og persontransport på land og til sjøs. Enova støttar blant anna utbygging av ladeinfrastruktur og landstraum, produksjon av biogass og utvikling av ny transportrelatert energi- og klimateknologi.

- b. Auka innovasjon innan energi- og klimateknologi tilpassa omstillinga til lågutsleppssamfunnet.

Enova skal prioritere innsatsen der høva til å påverke utviklinga er størst, og mot teknologiar og løysingar som er tilpassa lågutsleppssamfunnet. Målet med teknologiprojekta er å hauste erfaringar som medverkar til kompetanseutvikling, innovasjon og spreining av teknologi både nasjonalt og internasjonalt. I 2018 gav Enova tilsegn om støtte på om lag 520 mill. kroner til teknologiprojekt. Blant anna støtta Enova elektrisk smelteovn for steinullproduksjon, hydrogenbussar, dype geotermiske energibrønner og system for auka utnytting av fleksibilitet i distribusjonsnettet. I verkemiddelutforminga legg Enova til rette for global spreining og påfølgjande utsleppsreduksjonar også utanfor Noreg. Gjennom rådgiving og finansiell støtte reduserer Enova aktørane sin risiko og aukar takten på energiomlegginga mot meir klimavennlege, energieffektive og konkurransedyktige sektorar.

- c. Styrkt forsyningstryggleik gjennom fleksibel og effektiv effekt- og energibruk.

Enova skal stimulere til auka innovasjonstakt og ei utvikling som underbyggjer og forsterkar forsyningstryggleiken. Svært mange klimatiltak inneber bruk av elektrisitet i staden for fossile energiberarar, og eit robust, effektivt og fleksibelt energisystem er ein føresetnad for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Tiltak som medverkar til å avgrense belastninga på nettet er viktige for å sikre at omstillinga til lågutsleppssamfunnet ikkje trekkjer med seg store kostnader i energisektoren og unødvendige naturinngrep. Enova støttar opp under ei utvikling som blant anna inneber reduksjon av spisslast gjennom for eksempel betre isolerte bygg, auka fleksibilitet mellom energiberarar i form av for eksempel fjernvarme, meir fleksibilitet i elektrisitetsbruken i form av for eksempel fjernstyring av apparat, betre nettplanlegging gjennom meir informasjon om forbruk og betre integrerte områdeløysingar med element av dei føregåande.

Styringsavtala stiller òg opp særlege vilkår på enkelte område, som Enova skal følgje opp gjennom sine program. Enova skal:

- medverke til utvikling av drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri land- og sjøtransport, under dette elektrisitet og hydrogen.
- tilby ei rettsbasert ordning for offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for elbil. Støtta skal ikkje gjelde for privatpersonar.
- tilby ei rettsbasert ordning for enøktiltak i hushald. Ordninga skal vere knytt til skattesystemet slik at brukarar også kan velje å få utbetalt støtta som ein del av det årlege skatteoppgjeret. Enova skal årleg stille til disposisjon minimum 250 mill. kroner til denne ordninga.
- ha eit landsdekkjande tilbod av informasjons- og rådgivingstenester.
- ta vare på drifta og utviklinga av energimerkeordninga og ordninga for energivurdering av tekniske anlegg.

Enova har brei aktivitet retta mot drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri land- og sjøtransport og tildele i 2018 om lag 350 mill. kroner i støtte til slike prosjekt. Enova støttar hurtigladeinfrastruktur for elbiler, landstraum til skip, hydrogeninfrastruktur, nødvendig infrastruktur i samband med støtte til innkjøp av tyngre nullutslepps- og biogasskøyretøy og infrastruktur for kommunal og fylkeskommunal kollektivtransport. Denne støtta skal byggje opp under ei marknadsdriven utbygging av infrastruktur og medverke til å skape varig marknadsendring.

Den rettsbaserte ordninga for enøktiltak i hushald, Enovatilskotet, viser god framgang med 15 474 støtta prosjekt i 2018. Utbetalingane er auka frå 165 mill. kroner i 2017 til 275 mill. kroner i 2018. Enova utformar ordninga med sikte på å kunne utbetale om lag 250 mill. kroner i året i tilskot til private hushald. På Enovas nettsider kan ein fortløpande følgje med på statistikk for Enovatilskotet.

Sjølv om mykje av læringa er knytt til førebuing og gjennomføring av prosjekt, har Enova òg ei brei satsing på informasjon og rådgiving. Samla er dette med på å medverke til auka kunnskap i samfunnet om høva til å ta i bruk energieffektive og klimavennlege løysingar. «Enova svarer» er ei nasjonal svarteneste for hushald og profesjonelle aktørar. Svartenesta svara på nesten 80 000 førespurnader i 2018.

Kontraktsfesta resultat i 2018

Enova gav i 2018 tilsegner om støtte på 2,1 mrd. kroner. Desse prosjekta er venta å utløyse i underkant av 7 mrd. kroner frå marknaden. Dette vil gi ei samla investering på om lag 9 mrd. kroner i prosjekt vedtekne i 2018.

I tillegg til andre rammer i avtala er det utarbeidd fire målindikatorar som undervegs i avtaleperioden skal gi indikasjon på Enovas måloppnåing og utgjere eitt av fleire grunnlag for styringsdialogen mellom departementet og Enova. For avtaleperioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020 er det lagt til grunn at følgjande nivå indikerer god måloppnåing:

- klimaresultat tilsvarande 0,75 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i ikkje-kvotepiktig sektor
- energieresultat tilsvarande 4 TWh
- effektresultat tilsvarande 400 MW
- innovasjonsresultat tilsvarande utløyst innovasjonskapital på 4 mrd. kroner

I 2018 gav Enova tilsegner til prosjekt med kontraktsfesta klimaresultat på 0,24 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, energieresultat på 1,6 TWh, effektresultat på 123 MW og innovasjonsresultat på 1,2 mrd. kroner i privat innovasjonskapital. Enova gav tilsegner om tilskot til om lag 1 000 små og store prosjekt og over 14 000 energitiltak i hushalda.

Kontraktsfesta resultat er venta årleg resultat frå prosjekt som har fått tilsegn om støtte. Støtta blir utbetalt etter kvart som støttemottakar kan dokumentere framdrift i prosjektet.

Tabell 7.6 Klima- og energifondets resultat og disponeringar i 2018, korrigert for kanselleringar

Område	Disponerte midlar (mill. kroner)	Klimaresultat (kg/tonn CO ₂ - ekv.)	Energiresultat (GWh/år)	Effektresultat (MW)	Innovasjonsresultat (mill. kroner)
Industri	407	41	423	28	412
Transport	817	179	696	4	460
Energisystemet	160	3	117	55	60
Bygg og eigedom	444	11	237	36	264
Bustad og forbrukar	275	9	87		
Internasjonalt	4				
Rådgiving og kommunikasjon	45				
Eksterne analysar og utviklingstiltak	20				
Administrasjon	155				
Sum disponerte midlar og resultat	2 326				

Enova gav 431 mill. kroner i støtte til 191 industriprosjekt, som utgjorde 19 pst. av totalt tildelt støtte i 2018. Industriprosjekta medverkar sterkt med resultat på alle målindikatorane. Sektoren er nest største bidragsytar på innovasjons-, klima- og energiresultat.

Enova gav 817 mill. kroner i støtte til 203 prosjekt innanfor transportsektoren, som utgjorde i underkant av 40 pst. av totalt tildelt støtte i 2018. Transport er den sektoren som har størst potensial for å gjennomføre klimatiltak utanfor kvotepliktig sektor. Transportprosjekta utgjorde mesteparten av klimaresultatata i 2018, men medverka òg med ein stor del av resultatata innanfor energi og innovasjon.

Prosjekt som vidareutviklar energisystemet tok imot 160 mill. kroner i støtte, som utgjorde 8 pst. av totalt tildelt støtte i 2018. Av dei 34 prosjekta som fekk støtte, var 26 fjernvarmeprosjekt. Denne sektoren medverkar med dei største effektresultata i Enovas portefølje, og er den sektoren som medverkar mest reindyrka til styrking av forsyningstryggleiken.

Bygg og eigedom er den sektoren der Enova har støtta flest prosjekta i 2018, totalt 556 prosjekt, og der støtte til varmesentralar utgjorde 201 av desse. Til saman fekk bygg og eigedom 444 mill. kroner i støtte, noko som utgjorde 21 pst. av totalt tildelt støtte i 2018. Prosjekta er kvar for seg små, men totalt medverkar denne sektoren spesielt godt på forsyningstryggleik og noko på innovasjon.

Bustad og forbrukar er ein viktig sektor for å skape eit breitt engasjement og fokus på gjennomføring av energi- og klimatiltak. Den er òg viktig sett i eit energisystemperspektiv for å utvikle samspillet mellom energisystem, transport og bygg. Sektoren er kjenneteikna av mange små prosjekt. Denne sektoren medverkar med både energi- og klimaresultat. Den viktigaste satsinga her er Enovatilskotet, som utgjorde om lag 13 pst. av totalt tildelt støtte i 2018.

Samla resultatrapport for avtaleperioden 2012–2016

Avtaleperioden vart i 2015 utvida med eitt år for å ta inn nye føringar for satsinga på miljøvennleg transport og ei rettsbasert ordning for enøktiltak i hushalda. Resultatmålet vart samtidig auka til 7 TWh innan utgangen av 2016.

Korrigert for kanselleringar kontraktsfesta Enova energi- og klimaresultat tilsvarande 9,2 TWh for perioden 2012–2016, og oppfylte dermed resultatmålet med god margin.

Tabell 7.9 gir ei oversikt over disponerte midlar, kontraktsfesta energiresultat, forventata resultat frå igangsette anlegg, sluttreporterte energiresultat og realiserte energiresultat per satsingsområde for perioden 2012–2016. Tabellen viser at 96 prosent av energiresultatet er knytt til prosjekt som er sette i gang, sluttreporterte eller realiserte.

Tabell 7.7 Disponerte midlar, kontraktsfesta energiresultat, prosjekt under gjennomføring og sluttrapportert energiresultat etter marknadsområde (2012–2016)¹

Område	Disponert (mill. kr)	Kontraktsfesta GWh/år	Igangsett GWh/år	Sluttrapportert GWh/år ²	Realisert GWh/år ³
Fornybar varme	1 346	1 195	580	473	150
Fornybar kraft	50	20	5	14	1
Industri	4 326	4 876	840	3 920	217
Transport	1 048	821	236	396	–
Anlegg	154	135	22	108	1
Yrkesbygg	2 201	1 788	373	1 000	124
Bustad	501	206	130	66	0
Sum	9 626	9 040	2 186	5 977	493
Av dette ny teknologi	3 405	772	289	231	1

¹ Alle talla er korrigererte for kansellerte prosjekt.

² Når eit prosjekt er sluttrapportert inneber det at anlegget er ferdig bygt, men ikkje henta ut realisert resultat per utgangen av 2018.

³ Sluttrapporterte prosjekt blir følgde opp med måling og verifisering av resultatata tre år etter at sluttrapporten er levert.

Post 50 Overføring til Klima- og energifondet

Løyvinga omfattar samla overføringar til Klima- og energifondet inkludert inntekter frå påslag på nettariffen, jf. kap. 5578, post 73.

Det er foreslått ei løyving på 3 184, 45 mill. kroner og ei fullmakt til å gi tilsegn på inntil 400 mill. kroner utover gitt løyving, jf. forslag til vedtak VI. Inntektene frå påslaget på nettariffen utgjer 690 mill. kroner.

Tildelings- og oppfølgingskriterium

Enova har fullmakt til å utforme verkemiddel i samsvar med rammene i styringsavtala med departementet, oppdragsbrev, føresegner og statlege regelverk. Midlane frå Klima- og energifondet skal forvaltast på ein slik måte at måla blir nådd og pålagte oppgåver utført mest mogleg kostnadseffektivt. Verkemidla som blir nytta skal utformast for å utløyse tiltak som elles ikkje ville ha blitt realiserte og skal ta sikte på å oppnå varige marknadsendingar. Enovas verkemiddel skal ikkje intervensere i allereie vel fungerande marknader.

Enovas tildeling av midlar frå Klima- og energifondet skal skje etter objektive og transparente kriterium. Kriterium for kvart enkelt verkemiddel eller ordning skal publiserast.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) er ansvarleg for å overvake at norske styresmakter overheld EØS-avtalas reglar om offentleg støtte. Enovas notifisering av støtteordningane under Klima- og energifondet er godkjent av ESA fram til 2022. Notifisering av Klima- og energifondet til ESA føreset at Enova nyttar lån på vilkår som verke-middel for store demonstrasjonsprosjekt. Der-som eit demonstrasjonsprosjekt er vellykka, beheld mottakar verdien av teknologien. Ved å gi lån på vilkår unngår ein å overkompensere indus-trien. Det er lagt opp til at Enova kan gi tilsegn om inntil 60 pst. av godkjente kostnader i lån. Renter på lån skal ikkje vere lågare enn marknadsrentene i tråd med ESAs retningslinjer. I tilfelle der tekno-logien lykkast, skal lån frå Enova nedbetalast når den teknologiske risikoen i prosjektet er avklart.

Venteleg vil ikkje alle demonstrasjonsprosjekt oppnå ønskt resultat og enkelte lån på vilkår må gjerast om til tilskot som følgje av at teknologiar ikkje lykkast. Det er derfor føreslått at Enova får fullmakt til å gjere om lån på vilkår til tilskot etter forhandsdefinerte og føreseielege vilkår, jf. for-slag til vedtak XII.

Søknader om lån skal behandlast etter dei same kriteria og rutineane som i dag gjeld for tilskot. Søknad om tilskot eller lån skal innehalde informasjon som angir korleis tiltaket vil under-byggje relevante delmål og tilfredsstille dei krava som er stilt til resultatrapportering. Enovas utly-singar under kvart enkelt verkemiddel skal spesi-

Boks 7.4 Eksempel på prosjekt støtta i 2018

Ny energi- og klimateknologi i industrien: Rockwool Group fikk i 2018 101,5 mill. kroner i støtte til ein ny generasjon smelteovn basert på elektrisitet. Dette vil kutte klimagassutsleppa frå produksjonen med over 80 pst., eller om lag 32 000 tonn CO₂-ekvivalentar frå 2021. Den nye teknologien reduserer avfall frå steinullproduksjonen med 90–95 pst. og gjer fabrikkjen i stand til å handtere og resirkulere steinull frå byggeplassar som medverkar til sirkulærøkonomien i Noreg. Globalt har Rockwool utslepp på 1,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og dette pilotprosjektet er eit ledd i å redusere desse.

Ny energi- og klimateknologi i maritim sektor: Havila Kystruten fekk i 2018 88 mill. kroner i støtte fordelt på fire nye skip, for å gjere fartøya så energieffektive som mogleg. For at ein nullutslppssegel Bergen-Kirkenes ein gong skal bli oppnåeleg, er det heilt avgjerande med energieffektive fartøy, og at så mykje som mogleg av energien som blir brukt både blir gjenvunnen og utnytta på nytt. Satsinga på energieffektiv drift opnar opp for innovative løysingar som ikkje har vore utprøvde i bransjen tidlegare. Uavhengig av om framdriftssystema for skip er basert på batteri, hydrogen eller ein kombinasjon av energiberarar må fartøya vere energieffektive.

Fornybar varme: Moelven Industrier fekk i 2018 66 mill. kroner i støtte til klimavennleg pel-

letsproduksjon. Moelven byggjer ein ny pelletsfabrikk og eit nytt bioenergianlegg på Sokna utanfor Hønefoss. Satsinga tek i bruk banebrytande løysingar, der energi og flisprodukt frå Moelvens sagbruk i regionen blir brukt til pelletsproduksjon. Når fabrikkjen står ferdig tidleg i 2020 vil den syte for at pelletsproduksjonen i Noreg blir fordobla. Moelven reknar med at fabrikkjen vil gi 8–10 nye arbeidsplassar, og investeringa har ei totalramme på 270 mill. kroner.

Fleksibilitet i energisystemet: Med Troms Kraft Nett i spissen har eit konsortium bestående av ti ulike aktørar fått 0,9 mill. kroner i støtte til ei konseptutgreiing som skal greie ut alternativ til nettforsterking. Lokalsamfunna Senjahopen og Husøy på Senja er sårbare for nettutfall og har i utgangspunktet stort behov for forsterking av straumnettet. Prosjektet består av regionalt nettselskap, spesialist på energilagring i kraftnett, programvareleverandør, og spesialist på kraftmarknad og solstraumproduksjon. Prosjektet vurderer høve til ein lokal fleksibilitetsmarknad, lokalt produsert sol- og vindenergi, og flytting og styring av last. Spesielt industribedriftene er aktuelle for effektstyring, men også bustader og næringskunder inngår i prosjektet. På sikt kan prosjektet gi viktige erfaringar i kva som kan gjerast for å finne optimal utbyggingsstrategi for nett i grisgrendte strøk.

fisere ytterlegare kva opplysningar som er påkravd knytt til det enkelte program, ordning eller verkemiddel.

Styringsavtala pålegg Enova å sikre at dei ikkje unødig forstyrrar dei marknadene dei rører ved med sine verkemiddel, men heller rettar opp marknadssvikt og byggjer ned barrierar. Enova

skal nytte tredjepartsvurderingar framfor å byggje opp særleg kredittvurderingskompetanse.

Tilsegn om tilskot, lån og andre forplikingar må haldast innanfor disponibel ramme og fullmakter for Klima- og energifondet. Midlar frå tilbakebetalte eller refinansierte lån skal resirkulerast i fondet.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
72	Fiskaravgifter	17 540	19 000	19 460
73	Påslag på nettatariffen til Klima- og energifondet	695 807	670 000	690 000
	Sum kap. 5578	713 347	689 000	709 460

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Nærare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrome laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med fastståande reiskap i sjøen. Det er innført visse unntak, blant anna for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrome laksefisk. Ordninga

med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltinga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember, og vart sist justerte i 2019. For 2020 gjer regjeringa ikkje framlegg om å endre avgiftene. Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag i 2020 blir 272 kroner for enkeltpersonar, mens familieavgifta blir 434 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Personavgifta for fiske med fastståande reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli blir på 679 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli blir 412 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettet med ein kapitalstrøm i Statens fiskefond som vist i tabellen nedanfor.

Tabell 7.8 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2020

	(i 1 000 kr)
Saldo pr. 31.12.18 ¹ :	4 684
Budsjettert innbetalt i 2019 ² :	18 071
Budsjettert refusjon i 2019 (utbetalingar frå fondet):	-19 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.19:	3 755
Budsjettert innbetalt i 2020 ³ :	17 289
Budsjettert refusjon i 2020 (utbetalingar frå fondet):	-19 460
Budsjettert saldo pr. 31.12.20	1 584

¹ Saldo pr. 31.12.2018 inkluderer 1 mill. kroner som ved ein feil ikkje vart utbetalt frå fondet og inn på kap. 5578 post 72 for rekneskapsåret 2018 var avslutta.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner

³ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 21 og 70) og kap. 1420 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 (post 50).

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 7.9 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2020

	(i 1 000 kr)
Formål	
Prosjekt, utgreiingar (kap. 1425.21)	99
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	25
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	17 145
Sum under kap. 1425:	17 269
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 208
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50):	983
Totalsum	19 460

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, frårekna naudsynte driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Post 73 Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet

Omsetningskonsesjonærar som tarifferer for uttak av elektrisk energi skal i samband med fakturering leggje eit påslag på tariffen til alle sluttbrukarar på alle nettnivå.

For hushaldsbruk skal påslaget utgjere 1 øre/kWh. For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget utgjere 800 kroner/år per målepunkt-ID.

Bidraget omsetningskonsesjonærar skal betale til Klima- og energifondet er 1 øre/kWh multiplisert med den energimengda som er fakturert hushaldsbruk, og summen av påslag per målepunkt-ID som er fakturert andre sluttbrukarar enn hushald, i gjeldande termin. Enova står for innkrevjing og oppfølging av påslaget mot nettselskapa som blir innbetalt til Klima- og energifondet.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Samane si deltaking i konsultasjon knytt til Tana-avtala

Vedtak nr. 93, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene i årsmeldingen for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med hvordan anbefalingene er fulgt opp.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Dokument 6 (2017–2018), jf. Innst. 78 S (2018–2019), *Årsmelding for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter*.

Klima- og miljødepartementet viser til at Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar (NIM) fremja i si årsmelding for 2017 (Dokument 6 (2017–2018)) følgjande tilråding vedrørande Tana-avtala mellom Noreg og Finland:

«Samenes reelle deltaking og mulighet til effektiv innvirkning må sikres bedre i denne typen prosesser. En lovfesting av konsultasjonsplikten vil kunne bidra til økt kjennskap til, og respekt for, menneskerettslige krav til konsultasjoner.»

Klima- og miljødepartementet rapporterer, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, følgjande:

Staten har ei folkerettsleg plikt til å konsultere med samane i saker som vil kunne berøre samiske interesser direkte. I dag er plikta gjennomført i norsk rett gjennom Prosedyrer for konsultasjonar mellom statlege myndigheter og Sameetinget, frå 2005. Regjeringa fremja hausten 2018 Prop. 116 L (2017–2018) *Endringer i sameloven*

mv. (konsultasjoner). Dei føreslåtte lovreglane om konsultasjonar byggjer på folkerettens reglar og dagens konsultasjonsprosedyrar.

Kommunal- og forvaltningskomiteens fleirtal innstilte på at lovforslaget måtte sendast på høyring (Innst. 253 L (2018–2019) *Endringer i sameloven mv.*). I tillegg bad komiteen om at utkast til rettleiar om konsultasjonar for kommunar og fylkeskommunar skulle sendast på høyring samtidig. Stortinget fatta 9. mai 2019 oppmodingsvedtak i tråd med komiteens innstilling (vedtak nr. 508 (2018–2019)). Stortinget vedtok å sende saka tilbake til regjeringa, og oppmoda regjeringa om å sende forslag til endringar i samelova, jf. Prop. 116 L (2017–2018) *Endringer i sameloven mv. (konsultasjoner)*, ut på høyring før saka vart fremja for Stortinget til ny behandling. Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider no med konsultasjonsrettleiaren, slik at den kan sendast på høyring saman med forslaget til endringar i samelova. Det er teke sikte på at både proposisjonen og utkastet til rettleiar blir sendt på høyring hausten 2019.

Når det gjeld prosessen med framforhandling og inngåing av Tanaavtala, er det Klima- og miljødepartementet sitt syn at det vart lagt stor vekt på å involvere lokale rettshavarar og Sametinget på ein tilfredsstillande måte. Vidare viser ein til at det i Tanalova § 6 (3) er lovfesta at utarbeidinga av forskrifter og forhandlingar med Finland om fisket i Tanavassdraget skal skje i samråd med Tanavassdraget si fiskeforvaltning og Sametinget. Det er òg lagt stor vekt på lokal medverknad i det pågåande arbeidet med gjennomføring av avtala.

Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Verkemiddel for utvikling av fleire låg- og nullutsleppsløysingar for skip

Vedtak nr. 21, 18. oktober 2016

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget på egnet måte med virkemidler som kan stimulere til å øke ordremengden og bidra til utvikling av flere lav- og nullutslippsløsningar for skip, og om hvordan dette vil bidra til å nå målsettingen for 2030 om å redusere klimagassutslippene med minst 40 pst.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Pål Farstad, Abid Q. Raja, Iselin Nybø, Terje Breivik og Sveinung Rotevatn, jf. Dok. 8:71 S (2015–16) og Innst. 22 S (2015–2016).

Oppfølginga er tidlegare omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet. Oppfølginga av vedtaket må vidare sjåast i samanheng med oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 57, 1. desember 2015, og oppmodingsvedtak nr. 664, 3. mai 2018.

Ulike støtteordningar og bruk av miljøkrav i offentlege anskaffingar har medverka til auka ordremengd og utvikling av fleire låg- og nullutsleppsløysingar i ferjesektoren. Regjeringa har sett ein ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og la våren 2019 fram ein eigen handlingsplan for grøn skipsfart med tiltak for å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar innanfor dei ulike fartøykategoriane.

I Revidert nasjonalbudsjett 2019 blei det løyvd 25 mill. kroner til ei mellombels satsing innanfor ordninga Klimasats i Miljødirektoratet for å støtte fylkeskommunar som ønskjer å satse på klimavennlige hurtigbåtar. I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å styrke innsatsen innan grøn skipsfart med til saman 100 mill. kroner til tiltak for auka bruk av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband og arbeidet med grøn flåtefornying av lasteskip. Ved framtidige revisjonar av kostnadsnøkane i inntektssystemet for fylkeskommunane, vil regjeringa ta omsyn til kostnadsauke som følgjer av at fylkeskommunane har stilt krav om låg- og nullutsleppsløysingar for ferje- og hurtigbåtsamband.

Regjeringa vil å ta initiativ til ein dialog med relevante næringsaktørar for å drøfte ei mogleg intensjonsavtale om miljøvennleg flåtefornying for lasteskip. Ei intensjonsavtale skal basere seg på eksisterande hovudverkemiddel. Lasteskip er eit segment som er avhengig av samarbeid mellom mange ulike aktørar. Reiarlag, vareeigarar og offentlege aktørar må samarbeide for å auke etterspørselen etter grøne transportløyser. Regjeringa vil invitere næringa til eit samarbeid om å utvikle desse løysingane.

Offshorefartøya står for i storleiksorden 23 pst. av utsleppa frå innanriks skipsfart. Næringa har sjølv starta arbeidet med å fase inn grøn teknologi. Regjeringa vil vurdere å innføre krav om null- og lågutsleppsløysingar for nye driftsfartøy i samband med petroleumproduksjon for å auke innfasinga utover det som blir utløyst av CO₂-avgifta og eksisterande støtteordningar. Regjeringa vil òg vurdere krav om innføring av null- og lågutsleppsløysingar for servicefartøy i havbruksnæringa.

I tillegg til tiltaka som er fremja i handlingsplanen for grøn skipsfart er det allereie innført ei rekke verkemiddel som medverkar til å stimulere

utvikling av, og etterspørsel etter, fleire låg- og nullutsleppsløysingar for skip. Enova, Innovasjon Noreg, Norges Forskningsråd og NO_x-fondet støttar utvikling av ny teknologi og utbygging av nødvendig infrastruktur. CO₂-avgift, redusert elavgift og miljødifferensierte hamnevederlag gjer dei grøne løysingane meir lønnsame.

Sida 2015 har Enova tildelt over 1,6 mrd. kroner til skipsprosjekt der 1,5 mrd. kroner har omfatta fartøy med batteri og ladeanlegg for låg- eller nullutsleppsfartøy som nyttar batteriteknologi. Enova har støtta fartøy og prosjekt i dei fleste segmenta av maritim transport. I tillegg har Enova medverka til ei konkurransebasert utbygging av landstraum i norske hamner med om lag 500 mill. kroner innanfor den same perioden.

Saman med dei verkemidla som allereie eksisterer vil dei tiltaka som er annonserte i handlingsplanen for grøn skipsfart medverke til å auke ordremengda av låg- og nullutsleppsløysingar for skip ved norske verft.

Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Bransjeavtale eller liknande, om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt

Vedtak nr. 750, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen undersøke om de nylige løfter fra bensinbransjen og positive uttalelser fra de største bensinstasjonskjedene kan videreutvikles til en bransjeavtale eller liknende, om at alt salg av biodrivstoff skal være palmeoljefritt og ha høyere klimaeffekt enn EUs minstekrav.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Heikki Holmås, Karin Andersen og Torgeir Knag Fylkesnes, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017) og Innst. 133 S (2016–2017). I Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2018–2019) gjorde regjeringa greie for at det på grunn av våre internasjonale forpliktingar ikkje er rom for at norske myndigheiter tek initiativ til ei slik bransjeavtale. Det blei vidare vist til at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom møte med bransjen.

Kontroll- og konstitusjonskomiteens Innst. 291 S (2018–2019) viser til energi- og miljøkomiteen si vurdering av regjeringas oppfølging av vedtaket (svarbrev av 27. mars 2019). Fleirtalet i energi- og miljøkomiteen merker seg at regjeringa vurderer at oppmodingsvedtak nr. 750 ikkje lar seg følgje opp. Fleirtalet meiner regjeringa tolkar regelver-

ket svært strengt når dei meiner dei ikkje har heimel til å undersøke om løfter og uttaler frå bransjen kan utviklast vidare til ei bransjeavtale. Fleirtalet meiner dette aukar behovet for at regjeringa følgjer opp vedtak nr. 751 og nr. 753 frå 2. juni 2017. Basert på dette meiner kontroll- og konstitusjonskomiteen at oppmodingsvedtaket ikkje er følgt opp.

Regjeringa står fast ved at det er undersøkt om løfter frå bensinbransjen og positive uttaler frå dei største bensinstasjonskjedene kan utviklast vidare til ei bransjeavtale eller liknande, om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt og ha høgare klimaeffekt enn EUs minstekrav. Innanfor rammene av Noregs EØS- og WTO-forpliktingar, vurderte regjeringa det som at det ville vere å bevege seg inn i ei juridisk gråson dersom Klima- og miljødepartementet skulle ha teke initiativ til at det blir etablert ei bransjeavtale (jmf. Omtale av oppmodingsvedtak nr. 753, 2. juni 2017). Klima og miljødepartementet gav Advokatfirmaet Thommesen AS i oppdrag til å utgreie Stortingets oppmodingsvedtak om å avgrense biodrivstoff med palmeolje i offentlege anskaffingar kan gjennomførast i tråd med Noregs forpliktingar etter EØS-avtala, WTO-avtalene og våre andre handelsavtaler. Utgreiinga stadfester at det er tvil om eit forbod i tråd med oppmodingsvedtaket vil vere lovleg etter EØS-avtala og WTO-avtala. Den stadfester også at vi må vente reaksjonar blant anna frå statar med økonomiske interesser i saka og prosessar som reiser tvil om tiltaket er lovleg.

Salet av palmeolje gjekk ned frå 317 millioner liter i 2017 til 93 millioner liter i 2018. Regjeringa ønskjer å opplyse om at sida Prop. 1 S (2018–2019) vart lagt fram, har Klima og miljødepartementet gitt Miljødirektoratet i oppgåve å publisere meir detaljert informasjon om råstoffet og opphavslendet til biodrivstoffet som er i sal frå og med 2019. Denne informasjonen kan hjelpe forbrukarane med å velje biodrivstoff med best klimanytte.

Regjeringa ser med bakgrunn i dette på oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Verkemiddel for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff

Vedtak nr. 751, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere handlingsrommet for ulike virkemidler, herunder avgifter og regelverk, for å fremme bruk av avansert bærekraftig biodrivstoff, og komme tilbake til Stortinget i egnet form.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Heikki Holmås, Karin Andersen og Torgeir Knag Fylkesnes, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017) og Innst. 133 S (2016–2017).

Klima- og miljødepartementet tolkar vedtaket som at regjeringa skal vurdere handlingsrommet for ulike verkemiddel som let seg gjennomføre i norsk avgiftssystem og regelverk. Departementet tolkar det ikkje som eit vedtak for å finne nye verkemiddel. Basert på denne tolkinga gjorde departementet greie for handlingsrommet for ulike verkemiddel i Prop. 1 S (2018–2019).

Kontroll- og konstitusjonskomiteens Innst. 291 S (2018–2019) viser til energi- og miljøkomiteen vurdering av regjeringas oppfølging av vedtaket (svarbrev av 27. mars 2019). Fleirtalet i energi- og miljøkomiteen minte om at sidan vedtak nr. 751 vart gjort, er det ikkje komme forslag frå regjeringa om nye verkemiddel som kan endre situasjonen. Basert på dette meiner kontroll- og konstitusjonskomiteen at oppmodingsvedtaket ikkje er følgt opp.

Regjeringa står fast ved at den har vurdert handlingsrommet for ulike verkemiddel, under dette avgifter og regelverk, for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff. I Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2018–2019) kom regjeringa tilbake til Stortinget med informasjon om arbeidet for å kartlegge tilgangen på avansert biodrivstoff, med siktemål om å auke delkravet til slikt biodrivstoff i framtida. Det vart òg vist til regjeringas vidare arbeid med spørsmålet om å innføre vegbruksavgift på biodrivstoff utanfor omsetningskravet fram mot 2020-budsjettet, samt en beskriving av prosessen knytt til å innføre et omsetningskrav i luftfart. Slik sett har regjeringa følgt opp oppmodingsvedtaket ved å komme tilbake til Stortinget med en vurdering av handlingsrommet for ulike verkemiddel for å fremme avansert biodrivstoff.

Sjølv om regjeringa meiner at oppmodingsvedtaket vart følgt opp i fjor, har det i etterkant komme regelverksendringar som er relevante for dette oppmodingsvedtaket. For eksempel vart omsetningskravet for 0,5 pst. avansert biodrivstoff i luftfart forskriftsfesta 2. mai 2019. Kravet vil gjelde frå og med 1. januar 2020. Regjeringa viser dessutan til oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak nr 86 i Innst. 2 S (2018–2019) om at «*Stortinget ber regjeringen utforme et helhetlig forslag til virkemidler og avgifter i biodrivstoffpolitikken for å utelukke biodrivstoff med høy avskogingsrisiko (...).*» I Finansdepartementets Prop. 1 S (2019–2020) er dette oppmodingsvedtaket omtalt.

Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbod mot palmeolje i offentlig kjøp

Vedtak nr. 753, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen gjennom forskrift til lov om offentlige anskaffelser stille krav om at det ikke skal benyttes biodrivstoff basert på palmeolje eller biprodukter av palmeolje. Forskriftsendringen skal tre i kraft så snart som mulig.»

Stortinget fatta vedtaket i samband med behandling av Dok. 8:69 S (2016–2017) om å sikre at det ikkje blir selt palmeoljebasert biodrivstoff i Noreg, jf. Innst. 331 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, og laust forslag nr. 5 fremja frå salen.

I Prop. 1 S (2018–2019) gjorde regjeringa greie for dei juridiske vanskaner knytt til innføring av eit forbod. Regjeringa gjorde òg greie for at den hadde bedt Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) om å utarbeide faglege råd og rettleiing til offentlege oppdragsgivarar, i tråd med Difis ståande rettleiingsoppdrag på området grøne anskaffingar. Dette arbeidet er no ferdigstilt. Regjeringa så oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Kontroll- og konstitusjonskomiteens Innst. 291 S (2018–2019) viser til energi- og miljøkomiteen vurdering av regjeringas oppfølging av vedtaket (svarbrev av 27. mars 2019). I merknaden frå komiteen heiter det blant anna at «*Flertallet forstår det slik at man har lov å forby det offentlige å kjøpe inn palmeolje, så lenge man kan dokumentere at dette fører til større klimagassutslipp enn andre typer biodrivstoff. Den siste tiden har det kommet en rekke rapporter som gir et vitenskapelig grunnlag for å vise at palmeolje gir høyere utslipp enn andre biodrivstoff.*» Dei ser ikkje oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Regjeringa står ved si vurdering av at det ville ha vore problematisk å innføre eit forbod mot palmeolje og det er tvil om eit forbod i tråd med oppmodingsvedtaket vil vere lovleg etter EØS-avtala og WTO-avtalene. Som gjort greie for i Prop. 1 S (2018–2019) vil vi frå statar med økonomiske interesser i saka også måtte vente reaksjonar og prosessar som reiser tvil om tiltaket er lovleg. I tråd med dei handelspolitiske føringane i Meld. St. 29 (2014–2015) om globalisering og handel er regjeringa oppteken av å både overhalde våre internasjonale forpliktingar, å gjennomføre ein effektiv miljø- og klimapolitikk og å ta vare på andre norske interesser. Forslaget om å innføre

forbod førte til reaksjonar som viste at det kan gi utfordringar for norsk eksportinteresser som er avhengige av eit opent, føreseieleg og regelstyrt handelsregime. Det vil ikkje tene verken klima eller norske interesser elles å innføre eit tiltak som har ein usikker klimaeffekt, som dessutan mest truleg vil bli utfordra og som det er tvil om vi vil kunne oppretthalde.

I mai i år vedtok EU-Parlamentet og Rådet nokre kriterium for å skilje mellom råstoff med høg og låg risiko for indirekte arealbruksendringar. Palmeolje er kategorisert som råstoff med høg risiko for indirekte arealbruksendringar. Regjeringa vil vurdere å legge kriteria til grunn for norske omsetningskrav etter at EU har vurdert og implementert kriteria (30. juni 2021). Sjå meir omtale i Del II, Programkategori 12.20 Klima, naturmangfald og forureining og punkt om politikk for å nå dei nasjonale måla for klima.

Basert på dette, vil regjeringa foreslå følgjande opphevingsvedtak:

Vedtaket nr. 753, 2. juni 2017 blir oppheva.

Tilrettelegging for mottak av husdyrgjødsel

Vedtaket nr. 961, 16. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen om at det ved bygging av industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall også legges til rette for mottak av husdyrgjødsel.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 141 S (2016–2017) og Innst. 445 S (2016–2017) om endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2017 m.m.).

Oppfølginga er omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet, s. 151 og Meld. St. 7 (2017–2018). Miljødirektoratet har i tråd med tildelingsbrevet for 2017 greidd ut tiltak og eventuelt nye verkemiddel for biogass og biogjødsel. Vedtaket må vurderast i samanheng med vedtak nr. 483, 12. april 2018. Komiteen har i Innst. 9 S (2017–2018) og Innst. 275 S (2017–2018) ikkje kommentert departementets oppfølging av vedtak nr. 961, 16. juni 2017.

Biogass blir produsert når mikroorganismar bryt ned organisk materiale utan tilgang på oksygen. Biogass består hovudsakleg av metan (CH₄) og karbondioksid (CO₂), og forbrenning av biogass vil frigjere energi og varme, og omdanne metan til karbondioksid.

Biogass har høg klimanytte og medverkar til avfallshandtering, resirkulering av næringsstoff og lokal verdiskaping. Produksjon av biogass basert på husdyrgjødsel medverkar til å redusere utsleppa frå jordbrukssektoren. Bruk av biogass kan medverke til å redusere klimagassutsleppa frå fossil forbrenning i den sektoren der gassen blir brukt. Restane frå biogassproduksjonen kan brukast til å bearbeide jord og til å erstatte mineralgjødsel.

Våtorganisk avfall, kloakkslam, husdyrgjødsel og fiskeavfall er døme på råstoff til biogass som til dels ikkje er utnytta i Noreg. For å utnytte mest mogleg av råstoffet sitt gasspotensiale, er det viktig med eit gunstig forhold mellom dei ulike råvarene som går inn i biogassproduksjonen. Husdyrgjødsel har samanlikna med andre råstoff, som for eksempel matavfall, eit relativt lågt energiinnhald.

For at biogass skal kunne skalerast opp og bli meir kommersielt, er det behov for å styrkje konkurransekrafta til biogass, samanlikna med fossile alternativ. Etter kvart som etterspørselen og bruken av biogass aukar, vil fleire former for råstoff kunne bli konkurransedyktige. Ein generell auke i etterspørselen etter biogass, vil medverke til at fleire ulike råvarer blir utnytta som substrat i biogassproduksjon, under dette også meir husdyrgjødsel. Derfor kan det vere nyttig at ein ved bygging av industrielle anlegg også legg til rette for mottak av husdyrgjødsel.

Industrielle anlegg for produksjon av biogass er avhengig av økonomisk støtte. Enova gir økonomisk støtte til investeringar i produksjonsanlegg for biogass. Ved vurdering av økonomisk støtte til verksemdar som vil etablere nye produksjonsanlegg for biogass eller utvide eksisterande anlegg, blir det alltid utført omfattande analysar. Ei vurdering av ulike substrat dei industrielle anlegga skal leggje til rette for å ta imot, inngår i desse analysane.

Regjeringa viser til at det allereie i dag blir lagt til rette for mottak av husdyrgjødsel ved bygging av industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall, der dette er føremålstenleg. Regjeringa ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Fossilfrie anleggsprosjekt

Vedtaket nr. 1105, 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan fossilfrie anleggsprosjekter eventuelt kan gjennomføres og hva konsekvensen av dette vil være.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2016–2017), og Innst. 401 S (2016–2017) om revidert nasjonalbudsjett 2017.

Vedtaket er sett i samanheng med oppmødingsvedtak 108 nr. 16 (2016–2017) om å utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggjeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren, som er under behandling i Samferdselsdepartementet. Vedtaket er òg sett i samanheng med oppfølginga av regjeringa vil-punkt i Meld. St. 41 (2016–2017) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid om å utgreie høvet til å redusere bruken av mineralolje til oppvarming og bygningstørke ved byggje- og anleggsplassar. Oppfølging av vedtaket er omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet, s. 151. Der går det fram at regjeringa er i gang med å greie ut høvet til reduksjon av bruk av mineralolje til oppvarming og bygningstørke ved byggje- og anleggsplassar. Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet greidd ut bruken av mineralolje til oppvarming og byggtørk på byggje- og anleggsplassar.

Klima- og miljødepartementet har i 2019 sendt på høring forslag om endring av forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar. Forbodet blir foreslått utvida slik at òg bruk av mineralolje til byggvarme, dvs. mellombels oppvarming og tørking av bygningar under oppføring og rehabilitering, blir omfatta av forbodet.

Vidare oppfølging av vedtak 1105 av 21. juni 2017 må sjåast i samanheng med arbeidet knytt til oppmødingsvedtak 108 nr. 16 (2016–2017), om å utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggjeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren. Regjeringa arbeider med ein handlingsplan, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er ferdig.

CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff

Vedtak nr. 108, punkt 7, 5. desember 2016

«Stortinget ber regjeringa utrede klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er hensiktsmessig med endringer som kan være nødvendig for å sikre teknologinøytral markeds- og verkemiddelbehandling for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlige alternativer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2016–2017), Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) og Innst. 2 S

(2015–2016) *om nasjonalbudsjettet 2016 og forslaget til statsbudsjett for 2016.*

Klima- og miljødepartementet bad Miljødirektoratet om å utgreie klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er føremålstenleg med endringar som kan vere naudsynte for å sikre teknologinøytral marknads- og verkemiddelhandtering for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlege alternativ.

Syntetisk drivstoff er ein samlenemning for drivstoff framstilt frå syntesegass. Syntetisk drivstoff kan ha både fossilt og fornybart opphav, avhengig av kva syntesegassen er laga av. For at syntetisk drivstoff skal sjåast på som CO₂-nøytralt må drivstoffet ikkje medverke til auka utslepp av fossilt CO₂.

Det går fram av revidert Fornybardirektiv (2018/2001) at fornybare drivstoff av ikkje-biologisk opphav (syntetiske drivstoff) bør inkluderast i EU-landa sitt mål om 14 pst. fornybar energi i transportsektoren innan 2030. Det krev at det syntetiske drivstoffet medverkar til ein utsleppsreduksjon på minimum 70 pst. samanlikna med bruk av drivstoff med fossilt opphav. Kva slag metodikk og kva som skal inngå i utrekningane av utsleppsreduksjonar for fornybare syntetiske drivstoff er ikkje endeleg fastsett, og vil bli lagt fram av EU-kommisjonen seinast desember 2021 (*Delegated act on methodology*).

For å vurdere klimapotensialet ved CO₂-nøytralt drivstoff er vurderinga at det er føremålstenleg å ta omsyn til den vidare regelverksutforminga i EU på dette området då det ikkje ligg føre endelege føringar på korleis klimapotensialet skal reknast ut. Dersom revidert Fornybardirektivet (2018/2001) blir vurdert som EØS-relevant og implementert i det norske lovverket vil Noreg måtte følgje retningslinjene for syntetiske drivstoff som går fram av det reviderte direktivet, og metodikken for utsleppsberäkningar. Vurdering av det reviderte fornybardirektivet (2018/2001) ligg hos Olje- og energidepartementet.

Miljødirektoratet har i 2019 fått utarbeidd og levert ein rapport frå Chalmers Industriteknikk som handlar om status for teknologi og politikktutforming for syntetiske drivstoff. Syntetiske drivstoff er foreløpig i ein tidleg utviklingsfase og ikkje kommersielt tilgjengeleg i Noreg. Det er planar om å etablere produksjonsfasilitetar i Noreg.

Det finst etablerte verkemiddel som støttar produksjon av hydrogen, ein viktig innsatsfaktor for å produsere fornybare syntetiske drivstoff. Hydrogen produsert ved elektrolyse er støtta ved at det er gitt fritak for elavgift for den elektrisite-

ten som blir nytta i produksjonsprosessen (*Forskrift om særavgifter §3-12-13 Avgiftsfritak for kraft som levers til bestemte formål*).

Det er òg ei rekkje tilskotsordningar som støttar teknologiutvikling og prosjekt i tidlegfase, blant anna gjennom Enova som gir støtte til teknologiutvikling og demoanlegg som medverkar til reduserte klimagassutslepp. Enova har tidlegare gitt støtte til Norske Quantafuel som etter planen skal produsere syntetisk drivstoff frå resirkulert plast.

Med dagens regelverk for avgifter for mineralolje vil produksjon av syntetiske drivstoff bli avgiftsbelagt på lik linje med fossilt drivstoff. Gjennom implementeringa av ILUC-direktivet i det

norske lovverket vart det på dåverande tidspunkt vedteke at syntetiske drivstoff ikkje skulle innlemast i omsetningskravet for biodrivstoff.

Regjeringa vurderer det som lite føremålstenleg på noverande tidspunkt å gjere endringar i dei eksisterande verkemidla. Dette som følge av at syntetisk drivstoff per i dag ikkje er kommersielt tilgjengeleg og i ein tidleg fase der andre delar av verkemiddelapparatet, som Enova og innovasjon Noreg, er vurderte som meir eigna. Politikktutforming vil òg bli påverka av kor vidt det reviderte fornybardirektivet (2018/2001) blir vurdert som EØS-relevant. Vurdering av dette ligg hos Olje- og energidepartementet. Regjeringa ser oppmødingsvedtaket som følgt opp.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Hovudinnhald og prioriteringar

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde *Kulturminne og kulturmiljø*, og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*. Målsetjinga er å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det er òg eit mål at eit utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde skal ha varig vern ved freding innan 2020. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til å føre vidare arbeidet med verdiskaping knytt til kulturminne og kulturmiljø. Løyvinga til Kulturminnefondet er samla auka med 10 mill. kroner (inkludert prisjustering på 3,7 mill. kroner) i 2020. I tillegg er styrkinga til samisk bygningsvern frå 2018 og 2019 ført vidare.

Regionreforma vil få stor konsekvens for korleis kulturminneforvaltinga arbeider i framtida. Fleire førstelinjeoppgåver som i dag blir løyste av Riksantikvaren, skal etter 2020 løysast av den regionale kulturminneforvaltinga.

Både Riksantikvaren og regionane må ha rette verkemiddel, fagkompetanse og kapasitet for å handtere oppgåvene godt. Riksantikvaren må bidra til at regionane kan få kompetanse som set dei i stand til å løyse desse oppgåvene. Det er derfor viktig å vidareutvikle Riksantikvaren som eit sterkt og fagleg kompetent fagdirektorat. Regionane må stå rusta til å utføre god kulturminneforvalting, noko som òg inneber at eigarar og forvaltarar av kulturminne, og tiltakshavarar får lik behandling uavhengig av lokalisering. Det er særleg viktig at tilskotshandteringa gir ei kostnadseffektiv og oversiktleg forvalting.

Både samfunnet og den offentlege forvaltinga er i endring. Riksantikvaren sin overordna strategi tek utgangspunkt i endringar som gir kulturminnefeltet både utfordringar og nye moglegheiter.

Strategien gir retning for direktoratets arbeid fram til 2021.

Klimaendringane gir nye utfordringar også for arbeidet med kulturminne. Den globale oppvarminga fører til at isen i høg fjellsområda gradvis smeltar og kan dermed føre til at arkeologiske spor og gjenstandar som kjem fram blir utsette for nedbryting. Auka nedbør og ekstremvær gir utfordringar for ivaretaking av kulturminne, kulturmiljø og landskap, med mellom anna auka nedbryting av kulturminne, meir råte i bygningar, erosjon og ras som kan gi skade på så vel kulturminne som landskap.

I ein tid då byar og tettstader veks er det viktig å ta vare på kulturminne og kulturmiljø som gir byane særpreg og attraktivitet. Samtidig er sirkulær økonomi ved gjenbruk av bygningar og bygningsdelar òg godt miljøvern.

Endra rammevilkår og regionreform set mange av premissane for omstilling hos Riksantikvaren. Det er teke grep som gjer at direktoratet medverkar til å definere korleis ein best kan møte morgondagen.

NB!-registeret omfattar viktige kulturmiljø i byar og tettstader, og KULA-registeret (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) omfattar viktige kulturhistoriske landskap. Riksantikvaren vil med desse registera gi ei god oversikt over kva kulturmiljø og landskap som har vesentleg nasjonal interesse. Dette vil medverke til tidleg avklaring av interessene til kulturminneforvaltinga, og til at arealforvaltinga blir meir føreseieleg. Riksantikvaren vil òg halde fram med å ha tett og god dialog med kommunar, fylkeskommunar og utbyggjarar. Erfaringane viser at dette ofte medverkar til gode løysingar og gir resultat ved at stadig færre saker endar med motsegn.

Dei ti bevaringsprogramma, med tilskot, kompetansebygging og rettleiing, er dei viktigaste verkemidla for å nå dei nasjonale måla på kulturminneområdet. Likevel er fleire av bevaringsprogramma prega av eit stort og aukande etterslep. Det vart derfor sett i gang eit arbeid i 2016 med å reorientere bevaringsprogramma. Korleis dette arbeidet skal bli ført vidare etter 2020 vil inngå i den nye storingsmeldinga på kulturminnefeltet.

Dei nasjonale måla på kulturminneområdet har ei sterk objekt- og tilstandsorientering. Nye nasjonale mål på kulturminnefeltet vil inngå i ny stortingsmelding. Intensjonen er at dei nye nasjonale måla i sterkare grad skal leggje vekt på kulturarven som samfunnsressurs og samfunnsnytte-

perspektivet. I tillegg vil det sjølvstøtt framleis vere like viktig å sikre arbeidet med istandsetjing, vedlikehald og høg fagleg standard på det antikvariske arbeidet, og i sikre kjeldeverdien i kulturminna. Dette vil til ei kvar tid vere kjerneoppgåver innanfor kulturminneforvaltinga.

Resultatområde

Tabell 7.10 Resultatområde under programkategori 12.30

Resultatområdet	Nasjonale mål
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> – Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. – Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. – Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020. – Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø

Regjeringa prioriterer høgt å leggje til rette for vern gjennom bruk. Ei forvaltning prega av partnarskap mellom styresmakter, private eigarar og andre aktuelle aktørar, og å sikre gode rammevilkår for verdiskaping, opplevingar og kunnskap med utgangspunkt i kulturhistoriske verdier er viktig.

Gode fagdatabasar og styringsdata som gir kunnskap om og oversikt over kulturhistoriske verdier – kor dei er og kva slag tilstand dei er i – er avgjerande for å kunne bruke verkemiddel riktig og å setje inn tiltak der dei trengst mest og verkar best.

I Meld. St. 18 (2016–2017) *Bærekraftige byer og sterke distrikt*, er det vektlagt at kulturminne og kulturmiljø skal vere ein viktig ressurs i byutviklinga. Fortettinga i enkelte byar og pressområde er massiv, og mange område vil på få år bli endra radikalt. Andre byar og bymiljø er prega av handelslekkasje og tomme forretningar. Store endringar i busetjingsmønstrer med sterk befolkningsvekst i og omkring byane, medfører òg auka press på areal og bygningar i byane og fører til at areal og bygningar går ut av bruk andre stader. Samtidig er kulturminne og kulturmiljø ein viktig ressurs i byutviklinga. Mange historiske stader og enkeltbygningar er trekkplaster for turistar, og utgjer ofte ein ressurs òg for andre næringar. Kulturminne er ein viktig del av regjeringas bymiljøpolitikk. Riksantikvaren har utarbeidd ein bystrategi for forvaltning av kulturminne og kultur-

miljø i byar. Bystrategien inneheld strategiske føringar og tilrådingar. Føremålet er å medverke til kvalitet i byutviklinga, bevaring og vidareutvikling av historiske bymiljø, til beste for innbyggjarane, næringsliv og tilreisande. Strategien vil fremja ei byutvikling som i større grad fører vidare stadeigen og lokal byggeskikk, og i mindre grad fremjar kontrasterande busetnad som svekkjer opplevinga av historiske bymiljø. Samtidig signaliserer strategien at ei løysingsorientert forvaltning må kunne diskutere eit breitt spekter av verkemiddel, tilpassa formålet med vern. Bystrategien peiker på at kulturarven er ein sentral ressurs og ein viktig del av det grøne skiftet i byane. Det blir framleis arbeid med revisjon av handlingsplanen som skal medverke til at mål og strategiar i Bystrategien blir sette i verk.

Klima- og miljødepartementet er òg, saman med Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, involvert i eit 3-årig nordisk bymiljøprosjekt, «Attraktive byer». Prosjektet vart etablert i 2017 under den norske formannskapsperioden i Nordisk Ministerråd. Kulturminne og bymiljøpolitikk inngår òg som eitt blant fleire miljøpolitiske område som vil bli tekne opp i «Grøn byutvikling – dialogforum med dei største byane» som Klima- og miljødepartementet har etablert i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa er oppteken av å synleggjere og dokumentere kulturarven sin samfunnsnytte, både knytt til konkrete prosjekt og tema, men òg å kunne sjå endringar og trendar over tid. Riksantikvaren arbeidar systematisk med å hente inn

kunnskap om kulturarven si posisjon og verdi i samfunnet. I hovudsak peikar dei fleste studiane på at kulturminne har påverka på verdiskaping i både små og store lokalsamfunn. Samstundes viser kostnadsberekningane i samband med kulturmiljøfredingar at kostnadene, både for private og for det offentlege er marginale. Riksantikvaren har delteke i eit arbeid med å utvikle eit felles europeisk rammeverk for eit satellittrekningsnett for kulturminnefeltet (måler kulturminnesektorens betydning for norsk økonomi), som skal vere ferdig i løpet av 2019. EU har påteke seg å finansiere eit større oppfølgingsprosjekt der Noreg deltek med ein representant i prosjektet. Dei tek førebels sikte på å ferdigstille dette prosjektet ultimo 2021.

Godt samarbeid mellom forvaltning og frivillige vil medverke til auka bruk og betre vern av kulturminne. Riksantikvarens strategi for frivillig arbeid er revidert og gjeld no frå 2018 til 2021. Strategien for samarbeid med frivillige organisasjonar skal medverke til å utnytte mulegheitene som ligg i felles innsats, faglege diskusjonar og kompetansedeling.

Innsatsen i dei ti tematiske bevaringsprogramma er avgjerande for at ein skal kunne setje i stand og halde ved like prioriterte kulturminne av høg nasjonal verdi. Bevaringsprogrammet for istandsetjing av freda hus i privat eige er særleg prioritert. Det er likevel naudsynt å gjere tydelege prioriteringar i bruk av dei økonomiske midlane. I stavkyrkjeprogrammet vart istandsetjinga av dei 28 stavkyrkjene slutført i 2015. Fortløpande vedlikehald og oppgradering av brannslökkingsanlegg og andre sikringstiltak vil vere prioriterte tiltak framover. Tilskotsordninga til brannsikring av steinkyrkjer frå mellomalderen som vart etablert i 2018, er også ei viktig verkemiddel for å sikre vår kulturarv frå mellomalderen.

Kunnskapsløftet og vidare arbeid med digitale tenester

Som ei viktig satsing sidan 2011 har Kunnskapsløftet vore Riksantikvarens viktigaste arbeid for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga. Satsinga inkluderer digitalisering av arkiv og å gjere data tilgjengeleg, samt utvikling av heilskaplege, digitale saksbehandlingssystem.

Arbeidet gjennomført i Kunnskapsløftet vert no vidareført i fleire prosjekt, der det største er KF2020 som digitaliserer prosessar frå brukar til forvaltning, med involverte aktørar frå regionforvaltninga, musea og Riksantikvaren. Målet er å få felles prosessar i kulturminneforvaltninga der søkjar og saksbehandlar kan nytte digitale verktøy for gjennomføring av tilskot- og søknadspro-

sessar. Dette vil sikre likebehandling, standardisering, forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar på tvers av forvaltningsnivåa, noko som blir særskilt viktig i klargjeringa til gjennomføringa av regionreforma (jf. regionenes større ansvar frå 1. januar 2020). Digitaliseringa av saksbehandling og tilskotsforvaltning i kulturminneforvaltninga er intensivt, og i 2019 vil fleire pilotar og ordningar bli tekne i bruk i fylka, med sikte på ordinær drift i alle fylke i løpet av 2020.

Arbeidet med å få digitalisert saksarkiva (inkl. saksarkiva til dei fire distriktskontora) er ferdigstilt. No er fokuset endra til å sjå på korleis Riksantikvaren kan gjere materialet enklare tilgjengeleg for dei ulike brukargruppene med spesiell fokus på gode søketenester.

I 2019 moderniserer Riksantikvaren internett- og publikumstenesta Kulturminnesøk til å bli endå betre retta mot behova brukarane har. Det blir enklare å finne den informasjonen brukaren ønsker på våre nettsider og desse to tenestene skal bli oppfatta som ei saumlaus teneste for brukaren.

Ei viktig langsiktig satsing som starta opp i 2019 er utviklinga av Kulturminneregisteret. Kulturminneregisteret vil gjere sentrale data om norske kulturminne tilgjengelege for regional og lokal forvaltning, eigarar av kulturminne og publikum. Kulturminneregisteret vil stille saman informasjon frå fleire relevante kjelder for kulturminnedata, og sikre den faglege dialogen med andre sektorar. Dette er særleg viktig for å effektivisere forvaltninga, og syte for at ein òg står godt rusta til å ta gode avgjerder om kulturminne og kulturmiljø på lokal og regionalt plan.

Prosjektet *Registrering av automatisk fredete samiske bygningar* var ein del av kunnskapsløftet. I samarbeid med Sametinget og KLD har Riksantikvaren arbeidd for ei god, føreseieleg og eigarorientert forvaltning av desse kulturminna. Bevaringsprogrammet for samiske bygningar tek utgangspunkt i resultatane frå dette registreringsprosjektet. Om lag 900 bygningar er registrerte som automatisk freda. Dei mest verdifulle vil bli prioriterte i bevaringsprogrammet for samiske kulturminne. Prosjektet vart formelt avslutta i 2017. Etterarbeid har gått føre seg i 2018 og i 2019. Prosjektet har gitt kulturminneforvaltninga ny kunnskap om samisk bygningsarv, og har stort potensial for forskning i åra som kjem.

I KiK-satsinga (Kulturminne i Kommunane) har Riksantikvaren arbeidd for auke kulturminnekompetanse på kommunalt nivå. 90 % av kommunane har no kulturminneplan under arbeid eller har vedteke plan. Også regionalforvaltninga har

teke aktivt del i arbeidet gjennom ulike kompetansemodellar; der det er inngått samarbeid med kommunar, frivillige, museum og andre.

Erfaringane er formidla gjennom ulike kanalar. Det er gjennomført kurs, samlingar, oppretta nettsider og nytta sosiale medium i arbeidet. Riksantikvaren har i tillegg utarbeidd og vedteke ein strategi for arbeidet sitt med kulturminne i kommunane. I strategien er det gitt tilrådingar til kommunane og det vert stilt forventningar til fylkeskommunane. I tillegg har Riksantikvaren summert opp si vidareføring av arbeidet i seks strategiar.

I KIK-satsinga vart det i åra 2014–16 gitt tilskot til byantikvarstillingar i 11 kommunar og etablert nettverk for «gamle» og nye byantikvarar som møtest to gonger årleg. Det er 17 kommunar som har byantikvar og alle er med i nettverket.

Dette nettverket er prioritert høgt både av deltakarane og Riksantikvaren, og er ein viktig læringsarena.

Verdsarv

Som oppfølging av Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fofeste – Kulturminnepolitikken* har Klima- og miljødepartementet sett i gang ei mangeårig satsing for oppfølging av verdsarvkonvensjonen med sikte på å auke kunnskapen om verdsarvkonvensjonen og styrkje den lokale forankringa.

Forvaltninga av dei norske verdsarvområda inneber forpliktingar for alle sektorar. Noreg som statspart til verdsarvkonvensjonen, har høge ambisjonar for forvaltning av verdsarvområda, og har som mål at områda skal utviklast til fyrtårn for god kulturminneforvaltning. Riksantikvaren arbeider saman med Miljødirektoratet for å betra forvaltning av verdsarvområda, blant anna gjennom forvaltingsplanar og betre lokal organisering. I 2018 har alle dei norske verdsarvområda etablerte verdsarvråd, og halvparten av forvaltingsplanane er oppdaterte. Arbeidet med å revidere forvaltingsplanane for Urnes Stavkyrkje og Røros Bergstad og Cirkumferensen held fram. Riksantikvaren, i samarbeid med verdsarvstadane, regional og lokal forvaltning mm, arbeidar med konkretisering av dei faktiske verdsarvverdiane. Desse heng tett saman med oppdraget om å utvikle indikatorar for verdsarven og arbeidet med revidering av forvaltingsplanar og etablering av buffersoner der dei manglar. God forvaltning av verdsarvområda avheng òg av betre samordning mellom dei sektorane som påverkar utviklinga i områda. Samordninga mellom aktuelle departe-

ment og direktorat som er nedfelt i verdsarvpolitikken, er viktig føresetnad i arbeidet. Som ledd i dette arbeidet vart det i løpet av 2018 etablert eit eige tverrdepartementalt verdsarvforum. Formålet med forumet er å bevisstgjere dei involverte departementa på dei forpliktingane som følgjer av verdsarvkonvensjonen, slik at dei ulike myndighetene er best mogleg koordinert i forvaltninga av verdsarvområda. Departementa sitt verdsarvforum er leia av Klima- og miljødepartementet og det er lagt opp til halvårlege møte.

Oppfølging av autorisasjonsordninga for verdsarvsenter og utvikling av dei fem autoriserte verdsarvsentra i Alta, på Vega, i Geiranger, i Røros bergstad og Cirkumferensen og på Rjukan-Notodden er prioritert. I 2019 vart det løyvd ekstra midlar med sikte på etablering og autorisasjon av verdsarvsenter for verdsarven Urnes stavkyrkje. Det førebunde arbeidet er i gang.

Internasjonalt er kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen eit viktig innsatsområde. Noreg medverkar i dette arbeidet gjennom ei satsing ved ei seksårig avtale (2016–2021) med International Union for Conservation of Nature, IUCN og International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property, ICCROM om programsamarbeidet «World Heritage Leadership – a new capacity building programme of ICCROM and IUCN». Frå 2017–2021 er Noreg valt inn i Verdsarvkomiteen som er ansvarleg for den internasjonale gjennomføringa av *Konvensjonen for verdens kultur- og naturarv*. Det inneber auka internasjonalt engasjement og innsats. Noreg skal medverke til å implementere konvensjonen globalt og bidra til å styrkje det faglege grunnlaget for komiteen sitt arbeid.

Noreg arbeider for at verdsarvlista skal bli meir representativ og balansert, både tematisk og geografisk. Som ledd i dette vart 30 mill. kroner frå Utanriksdepartementets budsjett i 2019 brukt til å styrkje verdsarvarbeidet i Afrika med særleg vekt på naturområde. Målet er betre forvaltning av verdsarvområde, «friskmelding» av område på lista over verdsarv i fare, og gode nominasjonar av nye område.

Samarbeid med andre land

Forholdet til Europa er strategisk viktig, og Noreg deltek på ei rekkje arenaer for å fremje Noregs interesser på kulturminnefeltet. I regjeringas strategi for samarbeidet med EU 2018–2021, Noreg i Europa, er det framheva at europapolitikken skal vere aktiv, og den skal utformast og gjennomførast på ein måte som gir størst mogleg gjennom-

slag for norske interesser og for våre visjonar for Europa. Kulturminnefeltet er påverka av EU innan ei rekkje område. Gjennom EØS-avtala tek Noreg inn EU-direktiv som påverkar vår kulturminneforvaltning. I tillegg har EU såkalla «soft law»-tiltak, som for eksempel det europeiske kulturarvåret og retningsgivande dokument. Den kanskje viktigaste trenden innan EUs kulturminnepolitikk er «mainstreaming». Kulturarv skal adresserast innan sektorar som miljø, forskning og innovasjon, utdanning og tollsamarbeid. EU har òg utarbeidd felles retningslinjer for kvalitet i restaurering av kulturminne.

Regjeringas strategi framhevar vidare EØS-midlane som vårt viktigaste finansielle verkemiddel i europapolitikken. I rolla som programpartner samarbeider Riksantikvaren tett med Estland, Litauen, Polen, Portugal, Romania, Slovakia og Tsjekkia i kultur- og kulturarvprogramma. Riksantikvaren har òg gått inn i prosjektsamarbeid av strategisk betydning om byutvikling og jamleg vedlikehald av historiske bygningar. EØS-midlane legg til rette for at norsk kulturminnesektor har høve til å tileigne seg ny kunnskap ved å diskutere felles utfordringar med europeiske kollegaer. Blant felte der norsk kulturminnesektor kan dra nytte av erfaringar i andre delar av Europa, er ny/utvida bruk av kyrkjebygningar, kulturarvens samfunnsnytte, tradisjonshandverk og kulturminneforvaltning. EØS-midlane er også ein dørøpnar til nye nettverk og ein viktig kanal for politisk dialog om kulturminna sin betydning i Europa.

Vidare har Riksantikvaren eit langvarig kulturminnesamarbeid med Russland under det norsk-russiske miljøvernssamarbeidet. Dagens samarbeid tek utgangspunkt i at det under den andre verdskrigen vart bygt til saman 50 leirar i Nordland for sovjetiske, polske og jugoslaviske krigsfangar som vart sette til å byggje ut Nordlandsbanen. Prosjektet skal kartleggje, dokumentere og formidle kunnskap om utvalte fangeleirar.

Gjennom prosjekt i Georgia medverkar Riksantikvaren til å byggje kapasitet innan landets kulturminneforvaltning. Samarbeidet handlar blant anna om berekraftig restaurering og deling av kulturminnedata.

Bevaringsprogramma

I omtala av kulturminne og arbeidet med dei ti bevaringsprogramma i statsbudsjettet for 2017 vart det med utgangspunkt i dei fire gjeldande nasjonale miljømåla på kulturminnefeltet lagt opp til ein gjennomgang av bevaringsprogramma for å vurdere moglege justeringar i måten arbeidet

skjer på innanfor det enkelte programmet. Dette «som følgje av at fleire av dei nasjonale måla synast vanskelege å nå innan 2020». Det har vore høg aktivitet og gode resultat i dei ti bevaringsprogramma i 2018. Det har lenge vore klart at målet om ordinært vedlikehaldsnivå for programma i løpet av 2020 vanskeleg kan bli nådd, med eit unntak; stavkyrkjeprogrammet, der bygningsmessig istandsetjing vart ferdig i 2015. Brannsikringa av stavkyrkjene kan ikkje fullføres innan 2020, fordi sikringsnivået er oppjustert. Utfordringane med omsyn til etterslep er størst innanfor programmet for freda kulturminne i privat eige. Nye nasjonale mål vil inngå i ny stortingsmelding.

Uavhengig av denne prosessen har arbeidet som har vore organisert gjennom dei 10 bevaringsprogramma utgjort den viktigaste satsinga i arbeidet med å nå dei nasjonale måla. Det arbeidet som har vore gjort i bevaringsprogramma vil framleis vere både viktige innsatsområde og verk-tøy i arbeidet med å nå nasjonale mål for kulturminnepolitikken. Korleis dette arbeidet skal føres vidare etter 2020 vil inngå i den nye stortingsmeldinga på kulturminnefeltet.

Kulturminnepolitikken og ambisjonsnivået i dei nasjonale miljømåla har vore behandla i Stortinget ved fleire høve dei siste 20 åra.

I 2018 reiste Riksantikvaren ni motsegner til regulerings- og kommuneplanar. Det er i løpet av året brukt betydelege ressursar på å finne gode løysingar saman med fylke, kommunar og utbyggjarar, slik at ein unngår motsegn. Dette er døme på god og effektiv kulturminneforvaltning.

Forenkla saksbehandling i saker som gjeld statlege eigedommar, gjer òg forvaltinga meir effektiv. Stadig fleire saker blir løyste gjennom ein samarbeidsmodell der vedtak blir fatta i møte mellom partane.

Fredingsstrategien fram mot 2020 gir ti prioriterte tema for nye fredingar, slik at fredingslista skal bli meir representativ, både tematisk og geografisk. Betre framdrift i fredingssakene er òg eit viktig tema i strategien. Tala viser at det er langt betre framdrift i fredingssakene no enn på fleire tiår. Det vart vedteke freding i til saman 43 saker i 2018, og 35 nye fredingssaker er starta opp i tråd med fredingsstrategien.

Satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* er ei tilskotsordning der jordbrukslandskap med store kulturhistoriske og biologiske verdiar blir forvalta etter særskilte vilkår, og gjennom samarbeid mellom eigarar og styresmakter. I 2018 har arbeidet vore prega av utviding av ordninga, etter budsjettauke i Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet dei siste åra.

Kort om dei enkelte bevaringsprogramma – status, utfordringar og kva er oppnådd

1. Freda bygningar i privat eige.

Omfattar ca. 3400 objekt. 33 pst. av bygningane har ordinært vedlikehaldsbehov, 28 pst. har moderat behov og 12 pst. har behov for omfattande utbetringar. 27 pst. har ukjent tilstandsgrad. Det er om lag uendra samanlikna med tala for 2017. Frå og med 2017 går alle tilstandsgrader som er eldre enn 10 år over til ukjent tilstand. Dette forklarar for ein del at auken i talet på utførte tilstandsregistreringar ikkje gir utslag i endring av tilstandsgrad samla sett. Riksantikvaren vil saman med fylka halde fram med satsinga på auka tilstandsregistrering i 2019.

2. Fartøy.

254 verna og freda fartøy inngår i programmet i dag. Desse fordeler seg som det går fram av tabellen under. Det er ei utfordring med etterslep som følgje av høg forverringsgrad for fartøya, og manglande tilskot til å dekkje akutte og meir langsiktige behov.

Tabell 7.11 Fartøy i bevaringsprogrammet

Status	Antall
Freda	14
Mellombels freda	1
Pågåande fredings saker	6
Status som verna skip	233
SUM	254

3. Samiske bygningar.

Det samiske bygningsregistreringsprosjektet for automatisk freda samiske bygningar vart sett i gang i 2011 og formelt avslutta i 2017. Som oppfølging av registreringsprosjektet vart den flytande fredingsgrensa endra til ei fast fredingsgrense i kulturminnelova og inneber at samiske kulturminne frå 1917 eller eldre er automatisk freda.

Ein del etterarbeid etter registreringsprosjektet stod att og har halde fram inn i 2019. Sametinget og Riksantikvaren reknar med at det totale talet på automatisk freda samiske bygningar vil bli ein stad mellom 900 og 950 når arbeidet er ferdigstilt.

Bevaringsprogrammet byggjer på registreringsprosjektet (del av tidlegare Kunnskapsløftet), som fastset kva slag bygningar som skal inngå i bevaringsprogrammet.

Når bygningane er ferdig registrerte og prioriterte, er det ønskeleg å kanalisere istandsetjingsmidlar til bygningar med ein kombinasjon av høg kulturminneverdi og middels eller låg tilstandsgrad.

I samarbeid mellom Riksantikvaren, Klima- og miljødepartementet og Sametinget vart det utarbeidd forvaltningsprinsipp for dei samiske bygningane. Desse vart vedtekne i Sametinget. I 2018 har Sametinget gjort etterarbeid knytt til prosjektet, med øyremerkte midlar over Riksantikvarens 21-post.

4. Mellomalderruinar.

Totalt er det registrert 87 lokalitetar med til saman 122 ruinar. Alle desse er automatisk freda etter kulturminnelova, men bevaringsprogrammet er avgrensa til å omfatte 58 av det 87 lokalitetane. Dei fleste konserveringsprosjekta er pågåande arbeid som vil halde fram i fleire år framover. I 2018 vart det arbeidd på 14 ruinar. 25 av ruinane er ferdig konserverte.

5. Verdsarv.

Noreg har 8⁴ verdsarvområde på Unescos verdsarvliste, der eitt er ført inn på naturkriterium. Dei ulike verdsarvområda er av svært ulik karakter og omfang og med variasjon i den tekniske tilstanden. Nokre av verdsarvområda inneheld objekt som fagleg fell inn under andre program som stavkyrkjer og freda bygningar, fartøyvern og Bark og Berg. For å nå måla om beste praksis for bevaring av verdsarven er ein avhengig av dei andre bevaringsprogramma, både for fagutviklinga som skjer i dei andre programma og for å sjå tilskotsordningane i samanheng. Status er at dei fleste stadene har manglar knytte til forvalting og administrasjon. Den uttalte ambisjonen er at dei norske verdsarvstadene skal vere fyrstårn innan kultur- og naturforvalting i Noreg. Dette handlar om at dei skal ha best mogleg tilstand, formelt vern og forvalting. Forvalting inkluderer i denne samanhengen blant anna oppdatert forvaltingsplan, buffersoner, verdsarvkoordinatorfunksjon, verdsarvråd, overvaking mm. Utfordringar knytt til dette programmet er derfor meir samansett enn for dei andre programma, og alternativ innretning på arbeidet med dette innsatsområdet vil bli vurdert.

6. Utvalde arkeologiske kulturminne.

⁴ Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje, Røros bergstad og Circumferensen, Bergkunsten i Alta, Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap, Struves meridianboge og Industriarven Rjukan – Notodden.

Meir enn 100 000 objekt er lagt inn i Riksantikvarens fagdatabase, Askeladden. Ein svært liten del av desse ligg inne i programmet, ca. 450 (omfattar eit større tal lokalitetar). Det er jamn progresjon i programmet og det er i 2018 registrert 455 lokalitetar i Askeladden med ordinært vedlikehaldsnivå som inngår i programmet.

7. Bergkunst.

Her er det totalt registrert ca. 2000 lokalitetar som alle er automatisk freda etter kulturminnelova og som alle ligg inne i bevaringsprogrammet. Innanfor programmet er det så langt registrert 461 lokalitetar i Askeladden med ordinært vedlikehaldsnivå og progresjonen er sett på som god.

8. Teknisk/industrielle kulturminne.

15 anlegg er definert som nasjonalt prioriterte anlegg og alle desse inngår i programmet. 11 av desse anlegga er rekna som sette i stand. Gjennom tilskotsposten som er knytt til dette bevaringsprogrammet medverkar Riksantikvaren til at fleire anlegg nærmar seg eit normalt vedlikehaldsnivå, men behova ved fleire av anlegga er framleis store. I tillegg har enkelte anlegg, som tidlegare har fått status som ferdigstilt, fått skadar som medfører at dei likevel har behov for tilskot til istandsetjing. Hovudbildet er at med unntak av tre anlegg – Odda, Rjukanbanen og Haldenkanalen – ligg det an til at 2020-målet kan bli nådd.

9. Stavkyrkjer.

Det er totalt 28 stavkyrkjer som alle er automatisk freda og inngår i programmet. Istandsetjinga av stavkyrkjene i regi av Stavkyrkjeprogrammet vart avslutta i 2015, med noko mindre arbeid i 2016 og 2017. På grunn av klimaendringane, med større fare for ekstremvêr, er det gjennomført risikovurderingar ved alle stavkyrkjene. Desse er innarbeidde i vedlikehaldsplanar og følgt opp med synfaring og vurdering av avbøtande tiltak i felt.

10. Brannsikring tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

Bevaringsprogrammet har som mål å halde brannsikringa av stavkyrkjene ved like på eit høgt nivå. Samtidig skal rettleiing og tilskot bidra til brannsikring av rundt 180 tette trehusmiljø med gammal verneverdig trehusbusetnad. I 2018 har Riksantikvaren prioritert tilskot

til tette trehusområde der brannvesenet sin innsatstid er særleg lang, som for eksempel fiskevær og uthamner som Lyngør og Svinør. 18 av 28 stavkyrkjer har fått tilskot og gjennomført større tiltak i 2018. Tryggleiken blir halden på eit generelt høgt nivå ved årleg service av teknisk anlegg i alle dei 28 stavkyrkjene.

Bevaringsprogramma og tilpassinga til nye nasjonale mål:

Arbeidet med forvaltninga av kulturminne organisert i dei 10 bevaringsprogramma kan beskrivast som ei arbeidsform med hovudformål å oppnå ei systematisk heving av bevaringstilstanden til ulike kulturminnekategoriar. I tillegg ligg det òg eit viktig element av fagleg utvikling og kunnskapsoppbygging i bevaringsprogramma.

Programma har tydelege mål formulert i relasjon til 2020-årstalet. I arbeidet med nye nasjonale mål er tanken at ein skal frigjera seg frå konkrete årstalsmål. Det er derfor naturleg at også det vidare arbeidet med bevaringsprogramma blir tilpassa denne endringa.

Bygg og Bevar

Prosjektet Bygg og Bevar har gått føre seg sidan 2009, og er eit samarbeid med Byggenæringas landsforeining. Nettportalen er ein god arena for samarbeid mellom det offentlege og dei private eigarane av freda og verneverdige bygningar. Portalen gir blant anna informasjon om handverkarar med riktig kompetanse, produkt- og bransjeinformasjon om materiale og restaurering og riktig energirehabilitering utan at kulturhistoriske verdiar går tapt. Nettportalen er eit viktig bidrag for å betre rammevilkåra for dei private eigarane. I samarbeid med Byggenæringas landsforeining er dette arbeidet ført vidare i ein ny programfase over fem år (2016–2020).

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2020 på 805,9 mill. kroner på utgiftsida. Dette er ein nedgang på 7,8 mill. kroner eller 1 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2019.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1429	Riksantikvaren	681 400	697 428	679 566	-2,6
1432	Norsk kulturminnefond	112 170	116 320	126 362	8,6
	Sum kategori 12.30	793 570	813 748	805 928	-1,0

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	147 736	148 540	149 268
21	Spesielle driftsutgifter	39 201	37 719	31 731
22	Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning, <i>kan overføres</i>	23 682	24 708	30 371
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 516		
60	Kulturminnearbeid i kommunane	13 600	8 600	8 600
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overføres</i>	43 489	56 864	33 164
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	153 692	159 015	159 015
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overføres</i>	63 435	58 045	58 045
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overføres</i>	45 989	57 575	57 575
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overføres</i>	61 917	63 226	63 926
75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overføres</i>	15 547	16 214	15 949
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminne- område, <i>kan overføres</i>	9 224	8 232	8 232
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overføres</i>	60 372	58 690	63 690
	Sum kap. 1429	681 400	697 428	679 566

Rolle og oppgaver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Klima- og miljødepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kul-

turminneforvaltning. Innsats og verkemiddel har i dei siste åra vore særleg knytt til gjennomføring av dei ti bevaringsprogramma for nasjonalt viktige kulturminne, til prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga og til verdiskaping på kulturminneområdet. Riksantikvaren skal i partnerskap med eigarane og næringslivet stimulere til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet

har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøver mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet fylkeskommunane, Sametinget, forvaltingsmusea og Sysselmannen på Svalbard utfører som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimulerings tiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Hovuddelen av løyvinga dekkjer løn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IKT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreiingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter

knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429, post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2018

Størsteparten av midlane er lønnskostnader som utgjer ca. 56 pst. av dei samla driftsutgiftene.

Driftskostnadene har vore reduserte over tid som følge av effektivisering av drift, reduksjon i arealleige, bortfall av driftsoppgåver, redusert innkjøp, m.m.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Post 21 dekkjer prosjektmidlar til fagleg samarbeid med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne posten. Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltingsansvar for.

Riksantikvaren kan lyse ut forskings- og utviklingsmidlar innanfor denne potten, og bestiller utgreiingar blant anna på klima- og energifeltet.

Rapport 2018

I 2018 vart 39,2 mill. kroner nytta innan post 21.

Aktivitet	
Lønn, reise og kompetansmidlar tilknytt prosjekt	7 315
Husleige til Kongsvoll fjellstove	2 730
Kjøp av tenester ¹	29 156
Sum	39 201

¹ Digitalisering, Kunnskapsløftet, Sametingets registreringar av automatisk freda samiske bygningar, konsulentar, forskings- og utviklingsmidlar m.m.

Riksantikvaren utarbeidde i 2015 *Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen*. Fredningsstrategien viser innanfor kva tema Riksantikvaren i dag manglar freda bygg eller anlegg, det vere seg eksempelvis nasjonale minoritetar, handel eller rekreasjon, fritid og folkehelse. Nye fredings saker skal vere innanfor dei prioriterte tema, og startast opp i eit avgrensa omfang. Fredings-

strategien angir òg korleis kulturminneforvaltninga skal arbeide effektivt og på lag med eigar i nye fredingssaker. *Fredningsstrategien fram mot 2020* angir ti prioriterte tema for nye fredingar, slik at fredingslista vår skal bli meir representativ, både tematisk og geografisk. Betre framdrift i fredingssakene er òg eit viktig tema i strategien. Tala viser at Riksantikvaren har langt betre framdrift i fred-

ingssakene no enn på fleire tiår. Det vart vedteke freding i til saman 43 saker i 2018, og 35 nye fredingssaker er starta opp i tråd med fredingsstrategien. Målrettinga av fredingsarbeidet etter dei føringane som vart lagt i fredingsstrategien gir effektar. Stadig fleire eldre fredingssaker blir slutførte, og nye fredingssaker starta opp i medhald av strategien. Talet pågåande fredingssaker er i ferd med å komme ned på eit meir handterbart nivå for både fylkeskommunane og Riksantikvaren. Dette gjer at nye fredingssaker blir behandla raskare og betre, noko som er til fordel òg for eigarane.

Med forankring i *Fredningsstrategi mot 2020* er det brukt midlar til fleire prosjekt med mål om å finne fram til eit representativt utval kulturminne blant minoritetane. Mellom anna er det dei siste åra utført to ulike analysar for å identifisere potensielle områder for kvenske/norsk-finske kulturminne. Dette gjeld for områda Vestsiden av Lyngenfjorden og indre del av Storfjord, og for områda Målselv og Lenvik i Troms. Funna i desse områda blir no inngåande kartlagde gjennom prosjektet. Arbeidet held fram i 2019 og 2020. Delprosjektet for kulturminne etter den skogfinske minoriteten blir avrunda i 2019.

Forprosjekt for kulturmiljøfreding av Heningsvær vart gjennomført i 2018. Arbeidet er vidareført som prosjekt, og i 2019 er oppstart av freding sett i gang. Organiseringa av kulturmiljøfredinga er lagt opp for å svare ut funna og følger tilrådingane i evalueringsrapporten av dei freda kulturmiljøa i Noreg som vart utført i 2017.

I 2018 vart det i prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar freda 19 eigedommar knytte til landsverneplan for Kulturdepartementet og Statsbygg.

I 2018 har Riksantikvaren køyrt 4 program på miljøovervaking:

- Status for verneverdige kulturminne i utvalde kommunar
- Status for tap og skade på automatisk freda kulturminne i utvalde kommunar
- Kulturlag i utvalde mellomalderbyar
- Klimaeffektar på freda bygg

I tillegg er det gjennomført utgreiingar knytt til bruk av ny teknologi i overvaking av kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Post 22 Bevaringsoppgåver, kan overførast

Tunge nasjonale bevaringsoppgåver er det i visse tilfelle verken føremålstenleg eller mogleg å gjen-

nomføre ved å dele ut tilskot til lokale prosjekteigarar. I desse tilfella må Riksantikvaren fungere som prosjekteigar. Sidan dette er prosjekt som i dei fleste tilfella går over fleire år, og det ikkje alltid let seg gjere å anslå det eksakte utbetalingsbehovet kvart enkelt år, er midlane plassert på post 22, der dei kan overførast. Dette gjeld fleire store prosjekt, som brannsikring av stavkyrkjer og grunnvassmåling under Bryggen i Bergen, som er avhengig av fleirårige avtaler med leverandørar.

Riksantikvaren har i 2018 arbeidd aktivt med å etablere eit formidlingsopplegg for Klemenskirkeruinen i Søndre gate i Trondheim. Bygget vart ferdigstilt og formidlingskjellaren opna våren 2019. Økonomiske midlar løyvd over statsbudsjettet er blitt nytta til å finansiere utgravinga, etablere formidlingsrommet i kjellaren og kjøpe eigdommen av Angell Næringsbygg AS.

Rapport 2018

Det har vore god progresjon i utbetringa av brannsikringsanlegg på stavkyrkjene.

Andre område der midlar frå post 22 blir nytta er ruinkonservering, konservering av kyrkje-kunst og profane mellomalderbygningar.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Regjeringa og Sametinget vart samde om at det frå 2019-budsjettet blei etablert ei budsjettordning der overføringane til Sametinget over statsbudsjettet i utgangspunktet blir samla på ein budsjettpost under Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett.

Rapport 2018

Sametinget rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for denne posten.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Det blir gitt tilskot til kommunar som ønskjer å setje i gang, nyleg har sett i gang eller vil rullere eksisterande kulturminneplan. Tilskot blir òg gitt til kompetansemodellar som styrkjer arbeidet lokalt og regionalt. Dette gjeld samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar, museum, Sametinget og frivillige. Òg særskilte satsingar i kommunane kan komme inn under tilskotsposten; døme her i 2019 er Murbyen Oslo (2 mill. kroner).

Rapport 2018

- 43 kommunar fekk tilskot (100 000 kroner) i 2018 til å utarbeide eller rullere kulturminneplan
- Det vart gitt tilskot til kompetansemodellar i kommunar og fylkeskommunar, til dømes til samarbeid mellom fleire kommunar som nyttar felles kompetanse for å lage kulturminneplan eller samarbeid mellom kommunar og museum.
- Rettleiing for kommunane vart oppdatert og forbetra i fleire kanalar.
- Utviklingsnett vart arrangert for kommunane m.a. om byggesak og kulturminnedata⁵.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Posten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak og når særlege grunnar ligg føre.

Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK).

Posten dekkjer òg tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Posten er òg nytta til finnarløn.

Posten blei mellombels styrkt i 2019 med 19 mill. kroner til Klemenskyrkja.

Mål

Medverke til forvaltning av og ivaretaking av kunnskapen om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne i bevaringsprogrammet for bergkunst og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne.

Tiltak retta mot sikring av kunnskap om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa for tilskotet er tredelt:

Ei målgruppe er private tiltakshavarar. Staten dekkjer som hovudregel utgiftene til registreringar og utgravingar av arkeologiske kulturminne i samband med mindre private tiltak og dersom det ligg føre særlege grunnar, jf. kulturminnelova § 10.

Ei anna målgruppe er forvaltarar av arkeologiske kulturminne. Tilskota blir i hovudsak nytta til oppfølging av dei to bevaringsprogramma utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunst. Midlane blir tildelte etter søknad til Riksantikvaren.

Midlane nyttast og til naudsynt fagleg assistanse til fylkeskommunane og Sametinget i forvaltningssaker. Midlane dekkjer naudsynt fagleg assistanse frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU). Midlane skal vidare nyttast til å dekkje utgifter til naudsynte undersøkingar for å sikre det vitskapelege kjeldematerialet og til anna arbeid for å sikre kulturminnet på staden, til hjelp i kulturminnekriminalitetssaker og ved dei arkeologiske forvaltingsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea.

Posten dekkjer òg finnarløn fastsett etter skjønning av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal kontrollere at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av utgifter til registreringar og utgravingar. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltingsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskotterte midlar og etter framlagt sluttrekneskap.

Forvaltarar av arkeologiske kulturminne leverer sluttrapportar på utført arkeologisk arbeid til Riksantikvaren som kontrollerer at arbeidet er utført i samsvar med dei aktuelle vilkåra. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Forvaltingsinstitusjonar rapporterer om bruk av tildelte midlar.

Rapport 2018

Det er utført tiltak innan dokumentasjon, skjøtsel og sikring av bergkunstlokalitetar over heile landet i regi av Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) i 2018. Arbeidet er utført av fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske forvaltingsmusea, ofte i samarbeid med lokale krefter. Gjennom tilskot i 2018 er det sett i verk nye tiltak

⁵ Utviklingsnett er Riksantikvarens seminarrekke med aktuelle tema for kommunar og lokale aktørar.

innan skjøtsel og tilrettelegging på 154 bergkunst-lokalitetar, og det går føre seg arbeid med mange prosjekt som er vidareførte frå tidlegare år.

Det er òg utført metodeutvikling innan dokumentasjon og formidling, og nettverkstiltak slik

som dokumentasjonsseminar og prosjektleiar-samling.

Totalt er det gitt 7,3 mill. kroner i tilskot til nye tiltak innanfor BERG i 2018, og det blei utbetalt 5,5 mill. kroner (post 70). Resten av tiltaka held fram i 2019.

Tabell 7.12 Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Bergkunst i Askeladden	Tal lokalitetar	Kommentar
Bergkunstlokalitetar totalt	2 017	Status pr. 29.03.19 for automatisk freda lokalitetar
Enkeltminne bergkunst totalt	3 028	Status pr. 29.03.19 for automatisk freda lokalitetar
Nye skjøtselstiltak i 2017	154	Tilskot 2018
Nye tilretteleggingstiltak i 2017	33	Tilskot 2018
Nye dokumentasjonstiltak i 2017	37	Tilskot 2018
Tilfredsstillande bevarings/ vedlikehaldsnivå	461	Rapportert totalt i programmet
Tilrettelagt for publikum med tilfredsstillande bevarings-/ vedlikehaldsnivå	91	Rapportert totalt i programmet

I løpet av 2018 er det gjennomført skjøtsel og tilrettelegging for publikum i regi av Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) over heile landet, noko som omfattar 103 lokalitetar i Askeladden.

Eit BARK-prosjekt (tilretteleggingsobjekt) omfattar i dei fleste tilfelle ei gruppe kulturminne som utgjer ein samanheng. Fleire lokalitetar i Askeladden kan derfor inngå i eit prosjekt i BARK. I 2018 vart det sett i gang skjøtels- og tilretteleggingstiltak i 32 slike BARK-prosjekt. Parallelt går det føre seg arbeid med ei rekkje prosjekt

som er sette i gang frå tidlegare år. Arbeidet blir utført av fylkeskommunar og Sametinget i samarbeid med kommunane og andre lokale krefter. Så langt i programmet er 98 slike tilretteleggingsprosjekt fullførte.

Nettverkstiltak er viktig for å nå måla i programmet og det blei gjennomført eit skjøtelsseminar for fylkeskommunane og Sametinget i 2018.

Totalt vart det gitt 2,6 mill. kroner i tilskot til tiltak innanfor BARK i 2018, og det blei utbetalt 1,9 mill. kroner (post 70). Andre tiltak held fram i 2019.

Tabell 7.13 Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)

Skjøtsel og tilretteleggingstiltak	BARK prosjekt og kommunar	Kommentar
Nye tiltak	32 (103 lokalitetar)	Tilskot 2018
Fullførte prosjekt totalt	98	I perioden 2012–2018
Kommunar der det er utført eller går føre seg BARK-tiltak	160 kommunar	I perioden 2012–2018
Tilfredsstillande bevarings/ vedlikehaldsnivå	455	Rapportert totalt i programmet
Tilrettelagt for publikum med tilfredsstillande bevarings-/ vedlikehaldsnivå	431	Rapportert totalt i programmet

Det er gjennomført ei rekkje arkeologiske undersøkingar i 2018 knytt til ordninga der staten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar i samband med mindre, private tiltak, og dersom det ligg føre særlege grunnar, mellom anna 5,6 mill. kroner for utgraving av ein steinalderlokalitet i samband med bygging av ein einestad på Austevoll i Hordaland. I samband med dei arkeologiske undersøkingane på Avaldsnes er det gitt

2,5 mill. kroner til sikring av ruinar frå mellomalderen.

Midlar frå posten er i 2018 blant anna òg brukt til å dekkje arkeologiske etterundersøkingar av gravfunn som har vore ukyndig gravd fram av private metalldetektoristar, forundersøking for å kartleggje skadeomfang etter tagging i heller frå steinalder i Møre og Romsdal, og sikring av ei samisk urgrav i Nordland.

Tabell 7.14 Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2018

Tiltak	Tal på saker	Tilskot (i 1 000 kr)	Merknader
Mindre private tiltak. Direkte tilskot frå RA	29	11 716	Midlane blir betalte ut til den institusjonen som gjennomfører utgravinga
Mindre, private tiltak. Tilskot til fylka i samband med prøveprosjekt med delegert mynde.		1 086	
Særlege grunnar. Direkte tilskot frå RA	14	12 266	
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitskapleg kjeldemateriale		7 494	
Andre prioriterte myndigheitsoppgåver ved dei arkeologiske forvaltingsmusea		1 000	
Saksbehandling ved sjøfartsmusea		6 550	
Finnarløn	0	0	
Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)		7 303	Sjå ovanfor
Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)		2 922	Sjå ovanfor
Sum		50 337	

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, kan overførast

Midlane på posten går i hovudsak til bevaringsprogrammet freda bygningar i privat eige. Kulturmiljø, kystkultur og kulturlandskap får òg tilskot frå posten.

Mål

Freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot freda bygningar og anlegg i privat eige.
- Tiltak retta mot freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.
- Tiltak retta mot freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot

skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, i samsvar med fredingsføremålet. Tilskot blir også gitt til eigarar med tyngande vedlikehalds- og istandsetjingsansvar. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. I arbeidet med kystkulturen skal det i særleg grad leggjast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.

Ei anna viktig målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til dei ti freda kulturmiljøa, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelestiltak som er forankra i forvaltings- og skjøtelsesplanar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til fylkeskommunen/Sametinget som skal sjå til at arbeidet er utført i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen/Sametinget skal rapportere til Riksantikvaren.

Når det gjeld den siste målgruppa og tilskot til dei ni freda kulturmiljøa og til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, skal tilskotsmottakaren levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som skal sjå til at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen/Sametinget.

I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Rapport 2018

I 2018 vart det brukt 152 mill. kroner i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Hovuddelen av posten blei fordelt til fylkeskommunar som vil setje i gang eit utval prioriterte prosjekt. På den måten vil midlane blir meir konsentrerte, slik at fleire prosjekt blir avslutta, og effekten av den offentlege innsatsen blir tydelegare. I alt vart det i 2018 gitt tilskot frå fylkeskommunane og Riksantikvaren til om lag 370 søkjarar som eig

hus i bevaringsprogrammet. I 2017 vart det innført at tilstandsregistreringar eldre enn 10 år skulle sjåast på som ukjent tilstand (TG 9). Det har ført til at heile 27,3 pst. av den freda bygningsmassen i privat eige har ukjent tilstand. I tillegg er det mange registreringar som tek til å bli gamle og derfor usikre. I 2017 vart det frå Riksantikvarens side oppretta ei tilskotsordning på 2 mill. kroner, der fylka kunne søkje om støtte til oppdatering av tilstandsregistreringar som hadde ukjent tilstand eller ei tilstandsregistrering som var eldre enn sju år. Ordninga vart ført vidare i 2018, og det vart utført nye registreringar på ca. 575 bygningar. Enkelte fylke nytta dette høvet godt, mens responsen frå andre var dårlegare. Riksantikvarens mål er at ukjent tilstandsgrad skal reduserast til maks 3 pst. i løpet av sommaren 2019. For å få til dette er tilskotsordninga for tilstandsregistreringar auka til 5 mill. kroner i 2018. 2,2 mill. kroner blei overført til Sametinget for sikring og istandsetjing av eit mindre utval samiske bygningar. Frå heile registreringsperioden kom talet på registrerte bygningar opp i ca. 1100 i 2017, mens ca. 900 av desse er registrerte som automatisk freda og inngår i bevaringsprogrammet. Til no er 468 av dei samiske bygningane registrerte i Askeladden.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, kan overførast

Mål

Formålet er å ivareta tekniske og industrielle kulturminne som viser Noregs utvikling som industrinasjon.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne, men òg brukarar og samfunnet elles.

Gjennom bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne har Stortinget prioritert 15 anlegg som representerer delar av Noregs industrihistorie. Målet med bevaringsprogrammet er å setje i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegga. Med dette er meint normalt vedlikehaldsnivå innanfor eit definnert omfang. Av dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet har 11 anlegg status som «ferdigstilt». Med ferdigstilt er meint at anlegget er sett i stand til eit normalt vedlikehaldsnivå.

Ferdigstilt må i denne samanhengen ikkje forståast som «ferdig» eller «sluttført». Tekniske og industrielle kulturminne vil òg etter at dei har oppnådd eit normalt vedlikehaldsnivå ha behov for tilskot til fortløpande vedlikehald og istandsetjing.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotet skal medverke til å sikre, og halde ved lag eller betre tilstandsgraden for tekniske og industrielle kulturminne.

Måloppnåing i bevaringsprogrammet

Anlegga skal vere sette i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå med minimum tilstandsgrad 2 i eksteriør.

Interiør/maskinpark skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå der dette er vurdert som ein del av anlegget sitt omfang. Dette må ikkje forvekslast med drift eller produksjon, men inngår som ein del av det fortløpande vedlikehaldet av anlegga.

Anlegga er sjølve ansvarlege for å oppdatere objekta sin tilstandsgrad gjennom årleg revisjon av verksemdsplanen.

Verksemdsplan

Verksemdsplanar tek for seg anlegga sine behov for sikring, istandsetjing, og vedlikehald. Planane blir oppdaterte årleg, og skal gi forvaltinga og anlegga ei felles forståing av behov fram mot måloppnåing.

Som ein del av grunnlaget for å kunne vurdere måloppnåinga i bevaringsprogrammet skal Riksantikvaren ha kunnskap om kva anlegg som har gjennomført risikovurdering knytt opp mot brann, klima/miljø/naturskadar. Dette skal gå fram av verksemdsplanane.

Tildelingskriterium

Ikkjestatlege eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne kan søkje om tilskot. Frist for innsending av søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2020 er 1. november 2019.

Riksantikvaren fordeler midlane på posten etter søknad til konkrete tiltak innanfor sikring, istandsetjing og vedlikehald av tekniske og industrielle kulturminne. Anlegga i bevaringsprogrammet skal prioriterast. Det kan og bli løyvd midlar til andre anlegg som representerer og dokumenterer Noregs tekniske og industrielle historie. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere andre oppgåver og tiltak.

Sektorprinsippet skal liggje til grunn, og det skal følgjeleg ikkje givast tilskot til kulturminne i statleg eige. Det skal heller ikkje givast tilskot til museal drift og/eller verksemd.

Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren prioritere:

- Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare fall, og tiltak som er naudsynte for å fullføre pågåande arbeid med istandsetjing og vedlikehald som er sett i gang med tilskot frå Riksantikvaren.
- Tilskot til forvalting, drift og vedlikehald av anlegga i bevaringsprogrammet
- Tiltak som i første omgang sikrar måloppnåing i bevaringsprogrammet, og deretter for heile tilskotsposten
- Tiltak knytt til bevaring gjennom dokumentasjon
- Tiltak som inneber mogleighetsstudiar
- Tiltak som inneber kulturminne- og tilstandsregistrering av objekt utanfor bevaringsprogrammet.

Vidare må Riksantikvaren:

- Vurdere realismen i prosjektet si praktiske og økonomiske gjennomføring
- Leggje vekt på om prosjektet har andre økonomiske bidragsytarar, og eigaren si eigenfinansiering og -innsats

Tiltak det blir gitt tilskot til skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Forvalting, drift og vedlikehald

Til anlegga i bevaringsprogrammet skal det prioriterast tilskot til forvalting, drift og vedlikehald (FDV). Tilskot til FDV skal medverke til å oppretthalde anlegga sine kompetanse og betre anlegga sin tilstandsgrad. Innanfor rammene av dette kan tilskotet dekkje kostnader som er naudsynte for at bygg, eksisterande tekniske system og installasjonar skal fungere.

FDV-stillingar som får tilskot til løn frå Riksantikvaren skal primært følgje opp vedlikehald og istandsetjing av dei objekta som inngår i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram. Berre ein mindre del av tilskotet til løn kan nyttast til eigenadministrasjon.

Desse postane skal ikkje prioriterast ved tilskot:

- Trygding
- Telefon/internett
- Husleige
- Kommunale skattar, avgifter og renovasjon
- Snørydding, klipping av gras og anna ordinær utomhus skjøtsel

- Oppvarming i publikumsareal utover frostsikring
- Vakthald
- Museal verksemd og formidling
- Drivstoff, drift og vedlikehald av bilar og større verktoy, der det ikkje er avtalt særskilt med Riksantikvaren
- Nye stillingar, unntaket er der det er kompetanseoverføring/lærlingar/leigd hjelp

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som ser til at arbeida er utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Særskilt oppfølging i 2018 og 2019

Bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne vart oppretta for å medverke til å nå dei nasjonale måla. Frå 2020 trer den nye regionreforma i kraft. Som ein del av denne skal etter planen tilskotsforvaltinga for post 72 overførast til dei nye regionane. På bakgrunn av dette skal Riksantikvaren gjennomføre ei evaluering av tilskotsordninga for bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.

Anlegga i bevaringsprogrammet er i hovudsak organiserte som museum og fleire av desse får støtte til museumsverksemda frå Kulturdepartementet. Riksantikvaren skal, etter initiativ frå Klima- og miljødepartementet, gå i dialog med Kulturdepartementet for å definere og gjere tyde-

leg grensegangen og ansvarsforholda mellom dei to departementa sine tilskotsordningar. Ein viser til den gjeldande samarbeidsavtala som bl.a. er omtalt i St.prp. nr. 1 (1996–97). Dette vil både vere viktig som ein del av evalueringa av dagens tilskotsordning, men òg som ei førebuing før overføring av ansvar til regionane frå 2020.

Rapport 2018

I 2018 omfatta bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne 15 prioriterte anlegg. Det vart gitt 59,464 mill. kroner til istandsetjing, forvaltning, drift og vedlikehald av dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet tekniske og industrielle kulturminne. Mesteparten av tilskot til FDV gjekk til tilskot til lønn for å sikre kompetansen på anlegga.

Tilskotsfordelinga til bevaringsprogrammet har fram til i dag hatt ein positiv effekt for å nå målsetjinga om normalt vedlikehaldsnivå.

I 2018 hadde 11 av 15 anlegg status som ferdigstilt. Samtidig er det tydeleg at behova ved fleire av anlegga er langt større enn det som kan dekkjast ved ei rein framskriving av tilskotsposten, under dette Rjukan-banen, Odda smelteverk og Haldenkanalen.

For å styrkje kompetansen innan forvaltning, drift og vedlikehald, og medverke til nettverksbygging, samarbeid og auka kunnskap omkring denne typen kulturminne, arrangerer Riksantikvaren eit årleg fagseminar for dei prioriterte anlegga. Fagseminaret blir arrangert i samarbeid med anlegga i bevaringsprogrammet og fylkeskommunane. Det er ei målsetjing at dette forumet blir ført vidare og utvikla.

I 2018 vart Riksantikvaren sitt fagseminar gjennomført på Fetsund Lenser og Haldenkanalen, og i 2019 vart seminaret halde i samarbeid med Follidal gruver.

Tabell 7.15 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2018

Anlegg	Inn- skrive	Status	Tilskot overført frå 2016 til 2017	Tilskot (istandsetjing)	FDV
Odda smelteverk	2013	Ikkje sett i stand	11 570	7 298 770	1 004 003
Tyssedal kraftverk	1997	Sett i stand			1 350 500
Sjølingstad Uldvarefabrik	1997	Sett i stand	86 370	125 000	3 284 044
Salhus Tricotagefabrik	1997	Sett i stand		998 922	3 081 000
Bredalsholmen Dokk	2015	Ikkje sett i stand	52 221	1 870 252	1 351 151
Kistefos Træsliberi	2002	Sett i stand	30000	625 821	1 492 562
Spillum Dampsag og Høvleri	1997	Sett i stand			3 136 088
Atlungstad Brenneri	2013	Sett i stand			1 901 578
Neptun Sildoljefabrik	1997	Sett i stand		90 000	1 874 000
Rjukanbanen	2011	Ikkje sett i stand		8 240 673	2 813 755
Haldenkanalen	2013	Ikkje sett i stand		4 539 296	1 636 643
Næs jernverksmuseum	1997	Sett i stand	23 386	314 600	1 421 391
Folldal gruver	2002	Sett i stand		904 679	3 288 500
Klevfos Cellulose- og Papirfabrik	1997	Sett i stand	102 246	806 581	1 218 866
Fetsund Lenser	1997	Sett i stand	15 000	1 029 000	3 553 042
Andre tilskotsmottakarar frå posten					
Gamle Vossebanen					1 700 000
Blindheim Kalkovn					100 000 ¹
Skaland Grafittverk					300 000
Tjørnvåg Spekkeri					460 000 ¹
Gloster Gladiator					478 750 ¹
Bergen kringkaster					60 000
Sagflaten klebersteinsbrudd					5000
SKA 205 nr 2 Skiftetraktor					90 000
Nes Gardssag					279 096
Sulitjelma gruver					232 980 ¹
Indre Offerdal sagbruk					1 000 000
Thamshavnbanen					81 400 ¹

¹ Midlar overførte frå statsbudsjettet i 2017 til 2018

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, kan overførast

Tilskotsordninga er knytt til dei fire bevaringsprogramma restaurering av stavkyrkjer, konservering av mellomalderruinar, istandsetjing av freda bygningar i privat eige, og brannsikring av stavkyrkjer og tette trehusmiljø. Frå 2018 er det òg oppretta ei tilskotsordning for brannsikring av mellomalderkyrkjer i stein.

Mål

Restaurering av dei 28 stavkyrkjene blei ferdigstilt i 2015 slik at dei no har oppnådd eit ordinært vedlikehaldsnivå. Sidan 2016 er fortløpande vedlikehald og tjørebreieing av stavkyrkjene bli prioritert. Prioriterte ruinar og profane bygningar frå mellomalderen skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Bevaringsprogrammet for brannsikring har som mål at branntilløp og brann i stavkyrkjer, og brannspreieing mellom hus i tette trehusmiljø, skal unngåast.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot stavkyrkjer, profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen, og opplysningar om tilstandane til desse kulturminna.
- Brannsikringstiltak i stavkyrkjer og tette trehusmiljø.
- Eventuell brann eller branntilløp i stavkyrkjer og om tilfelle av brannspreieing mellom hus i tette trehusmiljø.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen og eigarar av utvalde tette trehusmiljø. Midlane skal gå til vern, sikring og beredskapsarbeid. Dette inkluderer brannsikringstiltak, vedlikehaldsprogram for stavkyrkjene og sikring av verdifull kyrkjekunst i desse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalderbygningar og mellomalderruinar. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi når det gjeld brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Istandsetjingstiltak skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak på særleg viktige prosjekt.

I medhald av St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal 45 av ruinane, inkludert dei 12–15 største anlegga, takast vare på. Vidare skal ruinar som engasjerer lokalmiljøet prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren. Rapporten må òg innehalde ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Rapport 2018

Gjennom bevaringsprogrammet for ruinar er det i 2018 utført konserveringsarbeid på 14 ruinanlegg. Blant dei største anlegga er Steinvikholm og Tautra i Nord-Trøndelag, Holla kyrkjeruin i Telemark og Selje kloster og helgenanlegg i Sogn og Fjordane. I tillegg til konservering blir det arbeid med forskings- og utviklingsoppgåver (FoU), skjøtsel, informasjon og formidling samt kompetanseutvikling. Overordna for FoU-oppgåvene er supplering og forbetring av datagrunnlaget i kulturminnedatabasen Askeladden. Undersøking av ruinområda med geofysiske metodar (georadar) og oppmåling er derfor viktige oppgåver. Arbeidet går godt, men fleire av ruinane har meir omfattande konserveringsbehov enn først antatt. Det blir lagt stor vekt på å leggje grunnlaget for god forvaltning og skjøtsel etter at bevaringsprogrammet er over. Kompetanseutvikling og målretta bruk av denne kompetansen er sentralt.

Stavkyrkjeprogrammet vart formelt avslutta i 2015, men det er noko etterarbeid, for å sikre god vidare forvaltning av denne unike bygningsgruppa. I 2017 vart vedlikehaldsplanane for kyrkjene ferdigstilte. På bakgrunn av klimaendringane, med større fare for ekstremvær, er det gjennomført risikovurderingar for stavkyrkjene som er innarbeidde i vedlikehaldsplanar og følgt opp med synfaring og vurdering av avbøtande tiltak i felt.

Tilskot til hus frå mellomalderen blir òg tildelt frå denne posten. Arbeida spenner frå større utbetringar av lafteverk til tradisjonell taktekking og refundamentering. 244 mellomalderbygningar inngår i Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. For desse er Riksantikvaren forvaltingsansvarleg.

Tilstandsfordelinga for mellomalderbygningane er ved utgangen av 2018 at 29 pst. er i god stand, 33 pst. har moderate istandsetjingsbehov og 7 pst. treng omfattande istandsetjing. For 30 pst av bygningane er det meir enn 10 år sidan siste tilstandsregistrering og dei er dermed overført til kategorien ukjent tilstand.

Til brannsikring av stavkyrkjene vart det i 2018 fordelt 26,6 mill. kroner frå postane 73 og 22.

18 av 28 stavkyrkjer har fått tilskot og gjennomført større tiltak i 2018.

Fleire sikkerheitstiltak medverkar til at brannsikringa av stavkyrkjene er halde på eit høgt nivå. Sikringssystema blir kontrollerte og haldne ved like regelmessig. Storkontroll av sprinklaranlegg er gjort suksessivt i 2016–2018. Områdesikring og bygningssikring er andre tiltak.

Sikkerheitsnivået er sett noko høgare enn tidlegare. Organisatoriske/tekniske tiltak står att før sikkerheitsnivået er i kategori tilfredsstillande.

Riksantikvaren har i 2018 hatt samordningsmøte der politi, brannvesen, teknisk etat og eigarar har diskutert ansvar og roller ved hendingar. I tillegg har Riksantikvaren fått utført testar av brannsløkking med fjernstyrte robotar, og det er gitt tilskot til fullskalatestar av ulike typar sløkke-teknologi.

For å sikre verdifulle tette trehusmiljø inngår Riksantikvarens tilskotsordning som ei delfinansiering av tekniske brannsikringstiltak for å redusere risikoen for større områdebrannar/bybrannar.

Det er fordelt ca. 9,2 mill. kroner til brannsikring av tette trehusmiljø i 2018. Tilskota har i hovudsak gått til tekniske sikringstiltak som alarm- og sløkkeanlegg, f.eks. loft- og fasadesprinklar og utvendige brannslangar. Det er frå 2016 også gitt tilskot til utarbeiding av brannsikringsplanar, då slike planar er ein føresetnad for brannsikringsarbeidet vidare.

Riksantikvaren har også i 2018 prioritert tilskot til tette trehusområde der brannvesenet si innsatstid er særleg lang, for eksempel fiskeværer Å og uthamnene Lyngør og Svinør som ligg på øyar langt frå brannvesen. Det er òg tildelt tilskot til den tette trehusbusetnaden i verdsarvstadene Rjukan og Røros.

Det er gitt tilskot til brannsikring av mellomalderkyrkjer i stein på til saman 10 mill. kroner i 2018. For mange kyrkjer skal det installerast automatiske sløkkeanlegg. Tilskotsordninga føreset kommunal eigenandel og krev planlegging og skånsam installasjon og det er derfor lagt opp til ein toårsprosess frå tilsegn til ferdig montasje.

Post 74 Tilskot til fartøyvern, kan overførast

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for fartøy.

Bevaringsprogrammet for fartøy har som mål å sikre at fartøy som er freda og eit representativt utval fartøy som har avtale med Riksantikvaren om vern har eit normalt vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målet med ordninga:

Målet med tilskotsordninga er å sikre, setje i stand og ta vare på freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvarens sine antikvariske retningslinjer. I denne samanhengen skal «sikre» forståast som å sikre mot tap og «ta vare på» som å haldast i operativ stand.

Kriterium for måloppnåing

- At fartøy blir sikra mot tap
- At fartøy blir haldne i operativ stand
- At fartøy oppnår forbetra tilstandsgrad
- At fartøy beheld sertifikata

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale mellom Riksantikvaren og fartøyeigar om status som verna skip.

Frist for innsending av søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2020 er 1. november 2019.

Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings-, istandsetjings og vedlikehaldsarbeid. Riksantikvaren kan på eige initiativ prioritere og initiere oppgåver og tiltak. Eit grunn-tilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern blir tildelt frå denne posten, etter søknad frå foreininga.

Tilskot til tiltak innan sikring, istandsetjing og ivaretaking skal tildelast etter ei vurdering av følgjande:

- Fartøyeigar sin frivillige innsats, og realismen i den praktiske og økonomiske gjennomføringa av prosjektet det er søkt om.
- Fartøyet sin verneverdi og representativitet
- Om fartøyet har kjent tilstandsgrad, om det føreligg det ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport, eventuelt restaureringsplanen. Det må føreligge naudsynt dokumentasjon til at prosjektet kan ta tilstrekkelege antikvariske omsyn for tiltaka det søkjast tilskot til.
- Fartøyeigar sitt bidrag til formidling av fartøyet

- Andre bidragsytarar, lokalt, regionalt og nasjonalt
- Risikoen for lågare tilstandsgrad, eventuelt tap av fartøyet

Tiltak det blir gjeve tilskot til skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av vedlikehalds- og istandsetjingstiltak, skal Riksantikvaren prioritere fartøy med kjent tilstand, restaureringsplan og ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar skal levere sluttrapport på utført arbeid som det er gitt tilskot til. Rapporten skal òg omfatte ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjeve i tilskotsbrev. Riksantikvaren skal kontrollere at arbeida blir utførte i samsvar med vilkåra som er sette i tilskotsbrev. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Rapport 2018

Mål

Bevaringsprogrammet for fartøy har som mål at eit representativt utval fartøy som er freda eller har avtale om vern med Riksantikvaren skal ha et normalt vedlikehaldsnivå innan 2020. Ein tilstand av normalt vedlikehaldsbehov må ikkje forvekslast med at arbeidet er slutført. Eit fartøy som er ferdig restaurert vil ha en situasjon av «normalt vedlikehald» i frå tre til syv år. Dette strekast under i Prop. 1 S (2012–2013).

Status og resultat

I 2018 har Riksantikvaren prioritert ytterlegare:

1. Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sette i gang med tilskot frå Riksantikvaren
2. Vidareføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av Riksantikvaren
3. Freda fartøy
4. Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar
5. Fartøy med stor frivillig innsats

Ved utgangen av 2018 var det 254 fartøy på verne-lista. Av desse er 15 (14 + 1 mellombels) freda. I 2018 er det gitt tilskot til 50 fartøy, 8 SAVOS-fylke/kommunar og 2 ikkje-fartøy på til saman kr. 62 181 00,- (Tilskotsposten + overførte midlar). SAVOS-fylka/kommunar i 2018 er; Vest-Agder, Hordaland, Møre og Romsdal, Trøndelag, Rogaland, Sogn og Fjordane, Oppland og Bremanger kommune. Ikkje-fartøya som har motteke tilskot er Norsk Foreining for Fartøyvern og FDV Rjukanbanen.

Post 75 Tilskot til fartøyvernssenter, kan overførast

Midlane frå post 75 skal gå til fellestenester ved fartøyvernssentra i Noreg. Fartøyvernssentra får, etter søknad, midlar til fellestenester over post 75. Frist for søknad om tilskot frå post 75 frå statsbudsjettet 2020 er 1. oktober 2019. Tilskot frå posten skal prioriterast og fordelast av Riksantikvaren etter vurdering av fartøyvernssentra sine søknader og fartøyvernets behov. Søknadene skal innehalde framlegg til budsjett og disponering av tid og kostnader knytt til gjennomføring av oppgåver innan fellestenestene, samt eventuelle investeringar i anlegg og utstyr. Det er ikkje eit krav at midlane blir fordelte likt mellom dei tre sentra.

Målet for ordninga

Fartøyvernet i Noreg følgjer prinsippet om vern gjennom bruk. Dette medfører at fartøya må halddast operative, slik at dei i størst mogleg grad kan vere tilgjengelege for publikum.

Føremålet med dei tre fartøyvernssentra er at kunnskap knytt til handverk innan istandsetjing og vedlikehald av fartøy blir bevart i eit langsiktig perspektiv. Dette skal skje gjennom utøving av fellestenester. Kunnskapen dei vinn skal dokumenterast og mellom anna gjerast tilgjengeleg for forvaltninga, fartøyeigarar, andre verft/båtbyggjeri og andre aktørar i fartøyvernet. Tilskot frå post 75 skal sikre at dei tre fartøyvernssentra kan utføre fellestenester uavhengig av økonomiske konjunkturar i samfunnet.

Riksantikvaren gjennomførte og leverte i 2018 ei evaluering av ordninga med fartøyvernssentra og denne tilskotsposten. I medhald av Nasjonal verneplan for fartøy 2010–2017, og evalueringa har Riksantikvaren, saman med fartøyvernssentre, revidert fellestenestane. Revisjon av fellestenestene blei slutført før fartøyvernssentra sin søknadsfrist for 2019.

Riksantikvaren har også sett i gang tiltak for å følge opp dei andre tilrådde tiltaka etter evalueringa og vidarefører dette arbeidet fortløpande.

Kriteria for måloppnåing

- At kunnskap om fartøy, handverk og teknikkar som er naudsynt for å setje i stand og vedlikehalde fartøy blir systematisk samla inn, dokumentert og sikra i eit lengre perspektiv
- At innsamling og dokumentasjon av kunnskapen held naudsynt kvalitet, slik at den vert eit godt grunnlag for framtidig istandsetjing av fartøy, ivaretaking av handverk og forskning.
- At kunnskapen som fartøyvernsentra vinn, blir gjort tilgjengeleg og stilt til rådvelde for fartøyeigarar, forvaltninga, verft, båtbyggeri og andre aktørar i fartøyvernet.

Tildelingskriterium

Tilskot frå post 75 skal givast til løn til fartøyvern-konsulentar ved fartøyvernsentra. Ein mindre del av tilskota kan givast til investeringar i anlegg som er naudsynt for utføring av fellestenestene.

Riksantikvaren gir tilskot på grunnlag av søknader frå sentra med prioriterte og konkrete oppgåver og tiltak, samt fartøyvernets behov. Desse er baserte på følgjande prioriteringar, og dei nye fellestenestene som vart utarbeida av Riksantikvaren, i dialog med fartøyvernsentra, før søknadsfrist for 2019:

- Oppfølging av tilrådingar frå Riksantikvaren si evaluering av fartøyvernsentra. Riksantikvaren er ansvarleg for å sikre prioritering av og framdrift i oppfølginga av desse punkta.
- Sikre og heve kvaliteten på arbeid utført innan fellestenestene, med særleg fokus på sikring av handverk i eit lengre perspektiv, og dokumentasjon som teknikk.
- Dokumentasjon av fartøy, utbetningsarbeid og handverksprosessar.
- Utføre ei kost-nyttevurdering av ordninga med delelager.
- Med bakgrunn i ein heilskapleg plan, gjere kunnskapen ved fartøyvernsentra tilgjengeleg for andre.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at tiltak vert gjennomførte i tråd med føremålet med tilskotet skal Riksantikvaren sjå til at fartøyvernsentra rapporterer slik det går fram av tilskotsbrev. Oppfølging på staden og i kvartalsvise samarbeidsfora med fartøyvernsentra er

viktig. Kontrollen i høve til fartøyvernsentra som tilskotsmottakarar skjer i samsvar med økonomireglementet, generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmeldinga frå fartøyvernsentra.

Rapport 2018

I 2018 er 15,8 mill. kroner over post 75 fordelt til dei tre fartøyvernsentra Nordnorsk Fartøyvern-senter og Båtmuseum i Gratangen (4,1 mill. kroner), Hardanger fartøyvern-senter i Nordheim-sund (5,6 mill. kroner) og Bredalsholmen Dokk og fartøyvern-senter (6,1 mill. kroner).

Tilskota frå post 75 har finansiert stillingar knytte til løysing av oppgåver under fellestenestene, under dette dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjing av fartøy som Riksantikvaren gjev tilskot til. Tilskota har vidare medverke til generell rådgjeving, opplæring og kompetansebygging ved sentra og ovanfor fartøyeigarar. Fartøyvernsentra har i tillegg motteke og utført oppdrag som t.d. produksjon og publisering av faktaark, synfaringar, og teknisk-historisk dokumentasjon av fartøy på vegner av Riksantikvaren.

Riksantikvaren ferdigstilte og leverte evalueringa av tilskotspost 75 og ordninga medfartøyvern-senter i mai 2018. Riksantikvaren har i siste halvdel av 2018 arbeidd med oppfølging av tilrådde tiltak som eit resultat av evalueringa, samt utarbeiding av nye fellestenester.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Mål

Kulturminne og kulturmiljø skal takast i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional utvikling og som samstundes siktar mot ei koordinert og langsiktig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Samhandling med aktørar og verkemiddel som støttar opp om dette vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren som òg omfattar ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte til-

skotsbrev. Riksantikvaren har jamleg oppfølgingsdialog med prosjekta med sikte på rådgiving, fagleg bistand, dokumentasjon av prosjekta og eventuelle tilretteleggingstiltak frå nasjonalt nivå.

Rapport 2018

I 2018 er det gitt tilskot til 24 større og mindre prosjekt som tek i bruk kulturminne, kulturmiljø og landskap som ressurs i samfunnsutviklinga.

Prosjekta medverkar til at kulturminne og kulturmiljø blir tatt i bruk som ressurs for reiseliv og næringsutvikling, bo- og livskvalitet, friluftsliv, folkehelse, utdanning og kultur. På næringssida er prosjekta særleg relatert til attraksjonsutvikling, tilrettelegging av fellesgode og nettverkssamarbeid mellom næringsaktørar og offentlege myndigheiter.

Involvering av innbyggjarar og aktørar som til vanleg ikkje har noko direkte ansvar for kulturminne, skapar engasjement, entusiasme og positiv innstilling til å ta vare på kulturminna. Prosjektarbeidet gir innsikt i betydninga av kulturarv, mobiliserer ressursar og gir kulturminneforvaltinga auka oppslutning og legitimitet.

Post 77 og verdiskapingsprosjekta supplerer andre verkemiddel slik som freding etter kulturminnelova, bevaring etter plan- og bygningslova, tilskot til istandsetjing og vedlikehald mv. Ved tilskotsbehandlinga er det lagt vekt på utvikle samarbeid og nettverk på tvers av sektorar for å sikre gode resultat på fleire samfunnsområde og i tillegg understreke samfunnet sitt felles ansvar for kulturarv. I tråd med Stortingets føresetnader, vart det gitt, som i 2017, 0,5 mill. kroner i tilskot til bruk av Solobservatoriet som kompetansesenter. Nokre av prosjekta er større regionale fellessatsingar koordinert av fylkeskommunane, som t.d. uthamnsprosjektet langs Agderkysten, program for kulturarvopplevingar i Buskerud, partnerskap mellom Akershus fylkeskommune og kommunar basert på lensehistoria i Nordre Øyeren. Næring har vore tema i fleire prosjekt, først og fremst knytt til samarbeid om produktutvikling mellom næringsaktørar og med kulturminneforvalting om tilrettelegging. Eit prosjekt koordinert av Norsk Kulturarv har gått ut på å kartleggje barrierar som kompliserer næringsverksemd i kulturminne. Andre prosjekt er retta mot by- og tettstadutvikling knytt til stadskvalitet og lokalsamfunnsutvikling, mellom anna i Molde, Trondheim og Vardø. Det er òg starta opp eit prosjekt i regi av Museene i Akershus om korleis kulturarvsfeltet kan nyttast i arbeidet med å motverke utanforskap.

Tilskot til verdiskaping i 2018:

Tiltak/område	Tilskot (i 1 000 kr)
Solobservatoriet	500
Regionale samarbeidsprosjekt	5 000
Andre prosjekt	3 724
Sum	9 224

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overførast

Norsk Industriarbeidarmuseum på Rjukan i Telemark vil etablere eit sikrings- og formidlingsbygg over restane av Norsk Hydros hydrogenfabrikk på Vemork. Anlegget vart brukt av tyskarane under 2. verdskrigen til å produsere tungtvatn til bruk i utviklinga av atombomber, men det vart sprengt av norske sabotørar i 1943. Desse hendingane skal gjerast synlege gjennom ei industriarkeologisk utgraving av tungtvasskjellaren. Regjeringa føreslår å medverke med til saman 22 mill. kroner delt mellom KUD og KLD, der kvart departement medverkar med 11 mill. kroner kvar, fordelt med 5 mill. kroner i 2020 og 6 mill. kroner i 2021. Totalbudsjettet er på 60 mill. kroner. På Kulturdepartementets budsjett er 5 mill. kroner innarbeidd i ramma under kap. 322 Bygg og offentlege rom, post 70 Nasjonale kulturbygg.

Mål

Områda på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot verdsarvområde i Noreg.

Tildelingskriterium

Målgruppa er områda i Noreg som er innskrivne eller under nominasjon til Unescos verdsarvliste. Noreg har pr. i dag åtte verdsarvområde. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av desse områda.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll

av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Miljødirektoratet har eigne tilskotsmidlar og har tilsvarande oppfølging.

Rapport 2018

I 2018 vart det frå post 79 brukt 63,345 mill. kroner på verdsarv. Dette kom i tillegg til at det er brukt midlar til verdsarv frå andre postar. Vidare fekk organisasjonen Noregs verdsarv òg midlar frå post 79 til oppfølging av arbeidet med basisutstillinga (Verdsarvsenteret) og som tilskot til planlegging og gjennomføring av Verdsarvforum.

Tabell 7.16 Tilskot til verdsarvområda i 2018 frå post 79

Verdsarvområda	Tilskot (i 1 000 kr)
Bryggen i Bergen	15 100
Røros bergstad og Circumferensen	15 000
Bergkunsten i Alta	4 000 ¹
Vegaøyen	2 000 ²
Vestnorsk fjordlandskap	3 000
Urnes stavkyrkje, omgivnader	1 595
Struves meridianboge	1 200
Rjukan-Notodden industriarv	21 450
Sum	63 345

¹ Ikkje inkludert tilskot frå post 22 på 665 000 kroner.

² Ikkje inkludert tilskot på 4,1 frå Miljødirektoratet.

Kap. 4429 Riksantikvaren

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Refusjonar og ymse inntekter	2 013	2 637	2 721
09	Internasjonale oppdrag	4 130	3 314	3 420
	Sum kap. 4429	6 143	5 951	6 141

Post 02 Refusjonar og ymse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt og driftsvederlag frå Kongsvoll fjellstove. Meirinntekter under pos-

ten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	112 170	116 320	126 362
	Sum kap. 1432	112 170	116 320	126 362

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond er eit forvaltingsorgan med særskilte fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Kulturminnefondet har i hovudsak ansvaret for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Løyvinga til Kulturminnefondet er samla auka med 10 mill. kroner (inkludert prisjustering på 3,7 mill. kroner).

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige kulturminne og kulturmiljø og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Gjennom målretta og systematisk oppfølging legg Kulturminnefondet vekt på «vern gjennom bruk», då dette er den beste forvaltninga av kulturminna. Prosjekta medverkar til utvikling av lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Satsing på kulturminne som ressurs medverkar til positiv utvikling av byar og stader. Kulturminnefondet er ikkje næringsutviklar, men skal leggje til rette for at andre aktørar kan drive næringsutvikling i tilknytning til kulturminna.

Den siste brukarundersøkinga viser at 83 prosent av alle søkjarane er tilfredse med kontakten med kulturminnefondet, og meiner den faglege oppfølginga av prosjekta som kulturminnefondet tilbyr er svært viktig. Fire av fem prosjekt som har fått tilsegn om midlar ville ikkje vorte realiserte utan støtta frå fondet. Ein kan etter dette grovt sett rekna med at 4000 prosjekt over heile landet neppe hadde blitt sette i stand utan støtta frå kulturminnefondet.

Tilskot frå Kulturminnefondet løyser ut stor privat innsats i bevaringsarbeidet. I eit gjennomsnittleg prosjekt kjem 28 prosent av midlane frå staten gjennom Kulturminnefondet. 72 prosent av det som skal til for å setje kulturminnet i stand, kjem frå eigaren sjølv i form av eigne midlar eller eigen innsats i prosjektet. Menon Economics har i evalueringa «Kulturminnefondets samfunnsnytte» funne at for kvar krone som vert løyvd frå Kulturminnefondet vert det brukt 3,5 kroner på istandsetjing av kulturminnet. Dei dokumenterer samstundes at dei fleste kulturminna som vert sett i stand ofte får ein ny bruk og at det dermed vert etablert

både verdiskaping og næringsverksemd som ei følge av istandsetting av kulturminne.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Kulturminnefondet skal vere eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota blir i hovudsak tildelte istandsetjings- og sikringsprosjekt. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet er prioriterte. Dette gjelder òg prosjekt som gir synergieffektar, og som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats. Samarbeid med eigarane av kulturminne og kulturmiljø er den viktigaste strategien for kulturminnefondets arbeid.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på staden for å sikre at tiltaka er gjennomførte etter anti-kvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Midlane frå Kulturminnefondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane frå Riksantikvaren.

Rapport 2018

Det vart brukt 19,4 mill. kroner til drift av Kulturminnefondet i 2018. Driftskostnaden pr. søknad går ned. Det vart gitt tilsegner på til saman inntil 109,1 mill. kroner, fordelt på 672 søknader.

Det kom inn 1384 søknader innan fristen 1. november 2017. Kulturminnefondet behandla 249 søknader om strakstiltak og 30 til fag- og handverksseminar fortløpande gjennom året. Samla søknadssum frå private eigarar av verneverdige kulturminne er på 344 mill. kroner. Det har aldri vore større interesse for å søkje Kulturminnefondet om støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitutt, Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Løyvingane vil gå til forvaltninga av miljøet på Svalbard, miljösam arbeidet under Arktisk råd, til miljøforvaltninga i Antarktis, til forskning og miljøovervaking og til drift av vår polare forskingsinfrastruktur i både nord og sør.

Regjeringa har som eitt av dei overordna måla for svalbardpolitikken å ta vare på den særlege villmarksnaturen på Svalbard. Dei spesifikke miljømåla for Svalbard går fram av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. Der er det m.a. slått fast at innanfor dei rammene traktats- og suverenitetsmessige omsyn set, skal miljøomsyn vege tyngst ved konflikt mellom miljøvern og andre interesser. Raske klimaendringar er ei betydeleg og aukande utfordring for miljøvernet og lokalsamfunna på Svalbard. Miljøvernarbeidet på Svalbard må sjå til at lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor.

Hovudprioriteringane for miljøvernarbeidet på Svalbard i 2020 er arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda, inkludert arbeid med besøksforvaltning både i og utanfor verneområda og å følgje opp det omfattande og komplekse arbeidet med opprydding etter koldrifta i Lunckefjell og Svea.

Forskning og høgare utdanning er eit av dei viktigaste satsingsområda for norsk aktivitet og nærver på Svalbard. I tråd med svalbardmeldinga er det lagt fram ein overordna strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard, og ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund vart lagt fram i 2019. Norsk Polarinstitutt tek vare på det norske vertskapet og har ansvaret for å implementere og følgje opp forskingsstrategien for Ny-Ålesund i dialog med Forskningsrådet og relevante departement og aktørar.

Noregs forskingsinnsats i Antarktis er viktig for vern og forvaltning av miljøet der, og samstun-

des viktig for det internasjonale klimaarbeidet. Noreg skal medverke gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis både i havet og på land, og til den internasjonale kunnskapsutviklinga om Antarktis og dermed for globale klimaproblemstillingar. Norsk Polarinstitutt skal vidareføre oppgåva med å styrkje kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med marine verneområde i Antarktis. Data vart innhenta under det omfattande toktet til Antarktis 2018/2019. Norsk Polarinstitutt skal òg styrke si forskning elles i Antarktis.

Innanfor Arktisk råd vil spesielt prioriterte tema for Noreg vere klimaendringar, tiltak mot utslepp av kortlevde klimaforureiningar, bevaring av arktisk biodiversitet, heilskapleg havforvaltning, marin forsøpling, tiltak mot forureining og miljøovervaking i Arktis.

Miljøvernssamarbeidet med Russland vil bli ført vidare innanfor Den norske-russiske miljøvernkommissjonen og Barents-samarbeidet. Bilateralt er samarbeidet om forvaltning av miljøet i Barentshavet og grenseområda prioritert. Innan havmiljø-samarbeidet er samarbeid om økosystembasert forvaltning av Barentshavet den viktigaste saka. Eit samarbeid med Russland om kartlegging og reduksjon av marin forsøpling i Barentshavet blei starta i 2019. Dette samarbeidet vil òg vere sentralt framover. I grenseområda vil miljøovervaking framleis vere viktig på grunn av dei høge utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola. Innan Barents-samarbeidet er bevaring av naturmangfaldet, forvaltning av grensevassdrag og samarbeid om klimaspørsmål sentrale oppgåver, i tillegg til løysinga av dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen.

Framsenteret i Tromsø omfattar i dag 21 norske institusjonar, og det er full fagleg aktivitet som gir fortløpande resultat på alle dei seks tematiske satsingsområda, kalla «flaggskip». Framsenteret har oppnådd nasjonal og internasjonal status som kompetansemiljø, og er òg attraktivt for lokalisering av nasjonale initiativ og for internasjonale sekretariat som Noreg har ansvaret for, blant anna Sekretariatet for Arktisk råd. Frå 2018 er også

sekretariatet for Arktisk råds arbeidsgruppe Arctic Monitoring and Assessment Programme blitt relokalisert frå Oslo til Framsenteret i Tromsø. I 2018 vart nybygg til Framsenteret teke

i bruk. Dette har gitt Framsenteret ei utviding med 195 nye arbeidsplassar pluss laboratorium og spesialrom.

Resultatområde

Tabell 7.17 Resultatområde under programkategori 12.60.

Resultatområdet	Nasjonale mål
Polarområda	<ul style="list-style-type: none"> – Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet. – Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning. – Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast.

Politikk og verkemiddel for å nå dei nasjonale måla på polarområda

Svalbard

Miljøvernarbeidet på Svalbard skal i 2020 ha fokus på å beskytte villmarksområda på Svalbard med naturverdiar og kulturminne i ein situasjon med raske endringar i klimaet, auka ferdsel og turisme. Forvaltninga vil sjå til at ferdsel og anna lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor. Samstundes vil forvaltninga av Svalbards natur- og kulturminne ta omsyn til at samfunna og miljøet på Svalbard er i endring slik at nødvendig omstilling kan skje i samsvar med dei måla som er sette i Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard.

Raske klimaendringar og eit aukande reiseliv er store utfordringar for miljøvernet og lokalsamfunna på Svalbard. Rapporten «Climate in Svalbard 2100» bereknar klimaendringane på Svalbard fram mot år 2100, for å gi eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing. Rapporten viser at årstemperatur og årsnedbør vil auke kraftig. Det vil bli fleire hendingar med kraftig nedbør, oppvarming av permafrosten og auka førekomst av skred.

Klimaendringane gjer kulturminna meir utsette enn tidlegare på grunn av auka erosjon, auka fare for flaum og skred og fordi grunnen tiner. Mindre permafrost inneber at mange bygg får skadar. Auka ferdsel er òg ei utfordring for kulturminna.

Ein særskilt effekt av klimaendringane dei siste åra er mindre fjordis på vestkysten av Svalbard. Fjordområde med beskyttande brefrontar som framleis har stabil fjordis vinterstid, slik som Van Mijenfjorden, blir difor stadig viktigare for

arter som er avhengige av is, slike som ringsel og isbjørn. Samstundes blir desse områda meir attraktive for m.a. reiselivet. Fleire isbjørn i Van Mijenfjorden har òg medført auka ferdsel av folk som forstyrrar dyrelivet der.

I lokalsamfunna på Svalbard er grunnforureining ei utfordring. Samstundes påverkar lokale utslepp miljøet i større grad enn det ein har trudd tidlegare.

Marin forsøpling og mikroplast i havet og på strendene rundt Svalbard er identifisert som eit aukande problem. Mellom anna kan det føre til alvorlege skadar på dyr.

Hovudprioriteringane for miljøvernarbeidet på Svalbard i 2020 er framleis å følgje opp det omfattande og komplekse arbeidet med opprydding etter koldrifta i Lunckefjell og Svea. Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS har utarbeidd planar for dette.

Verneområda på Svalbard dekkjer omlag 65 pst. av landarealet, og forvaltningsplanane er eit verktøy for å balansere bruks- og verneinteressene slik at ein tek vare på verneverdiane og aukar forståinga for Svalbard sine unike miljøkvalitetar. Samstundes skal dei medverke til lokal verdiskaping og gode opplevingar for dei tilreisande. Arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda er difor prioritert. Kulturminne som er godt skildra i forvaltningsplanane vil oppnå eit betre vern enn kulturminne utanfor verneområda. Forvaltningsplan for Nordvest-Spitsbergen, Forlandet og Sør-Spitsbergen nasjonalparkar blei ferdigstilt i 2019, og Sysselmannen meldte start av arbeidet med forvaltningsplan for Isfjordområdet og start av arbeidet med verneplan for Van Mijenfjorden og Adventdalen.

Framande arter er ein miljøtrussel også på Svalbard. Fleire nye arter kjem på naturleg vis med havstraumane og kan etablere seg som følge av varmare hav og generelt varmare klima. Andre arter blir introduserte gjennom menneskeleg aktivitet. Handlingsplanen for framande arter skal følgjast vidare opp.

Arbeid knytt til forureining, avløp og avfall både på regelverksida og ved konkret tiltak i felt vil bli følgt opp.

Naturverdiar og kulturminne som ligg nær lokalsamfunna er viktige for reiselivet og lokalbefolkninga og må sikrast. Nokre kulturminne er solide tekniske konstruksjonar etter gruveverksemd, mens andre er skjøre og lause gjenstandar og leivningar som er utsette for ulovleg trakk og plukk.

Miljøforvaltinga vil halde fram arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet, m.a. gjennom oppfølging av strategiar som er utarbeidde. Eksempel på dette er handlingsplanen mot framande arter og handlingplan for raudlista arter i Colesdalen.

Klimaendringane fører til auka fare for flaum og skred. Ei viktig oppgåve framover blir difor å sjå til at areal- og samfunnsplanlegging tek omsyn til klimaendringane og til natur- og kulturminne innanfor planområdet.

Antarktis

Klimaendringar er eit viktig punkt på dagsordenen i samarbeidet under traktaten. Noreg skal gjennom vår forskingsverksemd medverke til auka kunnskap om klimaendringane, og samtidig til den internasjonale kunnskapsutviklinga om Antarktis og globale problemstillingar knytte til polarområda. Noreg har leia arbeidet med oppfølging av Antarktis-traktatsystemets klimahandlingsplan.

Sikring og istandsetjing av kulturminna er utfordrande i Antarktis. Noreg har vore ein pådriver for å få på plass retningslinjer for vurderinga av kva som er kulturminne, og retningslinjer for å vurdere bevaringstiltak for kulturminne i Antarktis. Slike retningslinjer vart vedtekne av partane under Antarktistraktaten i mai 2018. Bevaringstiltak blir gjennomførde i medhald av fagleg grunnleggitt og avgrensa prioriteringsliste.

Noreg arbeider aktivt gjennom samarbeidet under Antarktistraktaten og konvensjonen for bevaring av marine levende ressursar i Antarktis for ei økosystembasert, heilskapleg forvaltning av miljøet i havet i traktatområdet. Områdebaserte tiltak, slik som marine verneområde, er eit viktig

element i norsk og internasjonalt arbeid for å ta vare på og sikre berekraftig bruk av marine ressursar og økosystem. Noreg deltok aktivt i prosessen for å vedteke det marine verneområdet i Ross-havet, og vil halde fram å delta aktivt i arbeidet med å få på plass eit nettverk av marine verneområde i heile konvensjonsområdet.

Norsk Polarinstittutt har ei nøkkelrolle i norsk antarktisadministrasjon, både som nasjonal operatør og som styresmakt etter forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. Norsk Polarinstittutt har òg som viktig oppgåve å skaffe fram forskingsbasert kunnskap som medverkar til at Noreg på best mogleg måte oppfyller sine forpliktingar som traktatpart. Mellom anna på grunn av klimaendringane og arbeidet med marine verneområde i Antarktis, er denne oppgåva svært viktig.

Partane under Antarktistraktaten vart på det konsultative møte i Praha 2019 samde om å avgrense utslepp av mikroplast i Antarktis, og oppmode til auka forskning og overvaking av plast i Antarktis. Vidare vart dei alvorlege konsekvensane av global oppvarming diskutert, og partane peika på at dette krev handling. Partane er òg samde om systematisk samarbeid om sjøkartlegging av havbotnen i Antarktis som eit bidrag til auka sjøtryggleik i desse farvatna. Turismen aukar i Antarktis, og partane peikte på behovet for kunnskap om effektane av turismen og vidare utvikling av retningslinjer for besøkande. Noreg bidrog også til å setje den aukande flytrafikken i Antarktis på dagsorden, og det er semje om å vurdere nye reguleringar av flytrafikk av omsyn til miljø og tryggleik.

Noreg deltek òg aktivt i arbeidet med nye marine verneområde i Antarktis. Norsk Polarinstittutt gjennomførte sørsommaren 2018/2019 eit omfattande tokt til Antarktis med det nye forskingsfartøyet «Kronprins Haakon» med hovudformål å styrkje kunnskapsgrunnlaget for dette arbeidet.

Arktisk råd

Regionalt samarbeid er avgjerande for å handtere utfordringane i Arktis. Noreg vil framleis arbeide for at Arktisk råd skal vere den sentrale møteplassen for det regionale klima- og miljøsamrådet. Noreg vil halde fram med å spele ei aktiv rolle i Arktisk råd og i rådet sine arbeidsgrupper, der samarbeid om klima og miljø står sentralt. Arktisk råd har ei viktig rolle i å setje saman og vurdere vitenskapleg kunnskap om klimaendringane og miljøet i Arktis. Dette er viktig som grunnlag for samarbeid om forvaltning av miljøet i Arktis, og for

internasjonale avtaler som gjeld forureining og klima. Rådet har konkrete samarbeidsprosjekt som gjeld bevaring av naturmangfaldet og det marine miljøet i Arktis, og tiltak for å redusere kjelder til forureining. Tiltak for å redusere klimaendringane er det viktigaste vi kan gjere for å ta vare på det arktiske miljøet. Arktisk råd vedtok i 2017 eit kollektivt reduksjonsmål for svart karbon (sot), og landa skal rapportere resultat til ministermøtet kvart anna år. Rådet arbeider òg med å styrkje samarbeidet mellom dei arktiske landa om å ta vare på dei arktiske havområda. I 2019 starta arbeidet med å utvikle ei regional handlingsplan mot marin forsøpling i Arktis. Noreg er ein pådriver i rådet sitt arbeid for å redusere utslepp av svart karbon, styrkje havsamarbeidet, og med å dokumentere effektane av klimaendringar på økosystema i Arktis. Vurderingar av klimaendringar og forureining i Arktis, bevaring av biologisk mangfald og heilskapleg forvaltning av det marine miljøet vil fortsatt stå sentralt for Noregs arbeid i Arktisk råd i 2019. Noreg vil medverke aktivt i Arktisk råds arbeid med prosjekt og oppfølgingsplanar på desse områda, og leggje til rette for at kunnskap og tilrådingar som blir skaffa fram blir tekne i bruk og implementerte i forvaltninga.

Miljøvernssamarbeidet med Russland

Samarbeidet innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommisjonen og miljøvernssamarbeidet i Barentsregionen vert ført vidare.

I Den norsk-russiske miljøvernkommisjonen er utviklinga av eit konsept for ein forvaltingsplan for russisk side av Barentshavet høgt prioritert. Eit samordna norsk-russisk program med overvaking av felles sårbare og truga arter og presentasjon av felles resultat i miljødataportalen Barentsportal, er viktige element i samarbeidet. Samarbeid med Russland om kartlegging og reduksjon av marin forsøpling i Barentshavet, som starta i 2019, er òg blitt ei høgt prioritert oppgåve i det norsk-russiske miljøvernssamarbeidet.

Noreg vil arbeide for å få redusert utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola inntil problemet er løyst. Miljøovervaking i grenseområda og god miljøinformasjon til lokalbefolkninga har ein sentral plass i det bilaterale samarbeidet.

I miljøarbeidsgruppa under Barentsrådet står samarbeid om grensekryssande vassressursar og naturmangfaldet i regionen sentralt. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, dei såkalla *hot spots*, som er beskrivne i Arktisk råds miljøovervakingsspro-

gram og det nordiske miljøfinansieringsselskapet (NEFCO) si *hot spot*-liste frå 2003. Miljøfinansiering frå NEFCO er eit viktig verkemiddel.

Forskning og miljøovervaking i nord- og polarområda

Situasjonen i polarområda gir nye kunnskapsutfordringar knytte til miljø og klima. Å utvikle kunnskap og forståing av korleis miljø i Arktis og Antarktis vert påverka av klimaendringar, havforsuring, forureining og auka aktivitet er derfor ein sær viktig del av både det nasjonale arbeidet og det internasjonale samarbeidet i nord- og polarområda. Grunnlaget for Noregs bidrag til dette samarbeidet er den nasjonale satsinga på kunnskap om klima og miljø.

Sentrale verkemiddel med omsyn til polar kunnskapsproduksjon er Norsk Polarinstittutt, Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning og vår infrastruktur for polarforskning.

Det blir arbeidd med å betre parameter for miljøovervaking av kulturminna.

Svalbard er ei sær viktig plattform for forskning i – og for internasjonalt samarbeid om – naturvitskapleg forskning i Arktis. Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard, regjeringas strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard og Forskingsstrategien for Ny-Ålesund set rammene for den vidare utviklinga av Ny-Ålesund. Norsk Polarinstittutt har fått ansvar for å implementere og følgje opp forskingsstrategien for Ny-Ålesund i dialog med Forskingsrådet og relevante departement og aktørar.

Strategien skal òg sikre at dei unike, men avgrensa goda som forskingsverksemda i Ny-Ålesund byr på, blir nytta meir effektivt og ein skal leggje betre til rette for auka grad av samarbeid. Det blei difor løyvd 20,5 mill. kroner i 2017 over Klima- og miljødepartementets budsjett til oppføring av eit nytt, felles bygg i Ny-Ålesund, og bygget vert teke i bruk i 2019. Vidare er det løyvd midlar til å setje i stand service- og administrasjonsbygget i Ny-Ålesund.

Den faglege satsinga i Framsenteret vil bli ført vidare.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2020 er på 436,4 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 13,5 mill. kroner, eller 3,2 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2019. Dette skuldast tekniske endringar og at 12 mill. kroner er foreslått løyvd til Kings Bay AS, og 9,3 mill. kroner til Polarinstittuttets Antarktisarbeid.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1471	Norsk Polarinstitutt	329 537	320 128	328 119	2,5
1472	Svalbards miljøvernfond	19 905	19 658	20 658	5,1
1473	Kings Bay AS	50 892	30 270	34 893	15,3
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	51 703	52 823	52 703	-0,2
Sum kategori 12.60		452 037	422 879	436 373	3,2

Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	245 066	242 376	244 359
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	83 974	77 243	83 238
50	Stipend	497	509	522
Sum kap. 1471		329 537	320 128	328 119

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstitutt:

Norsk Polarinstitutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og politikk for Bouvetøya*, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for Miljødirektoratet og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse på område der miljøforvaltninga har eit direkte forvaltningsansvar i nord- og polarområda eller har ei heilt sentral pådrivarrolle både nasjonalt og i internasjonale prosessar. Det omfattar klimaprosessar og klimaendringar og effektane av desse på naturen og viltforvaltning, område- og habitatvern, og miljøgift/forureiingsproblematikk
- forvalte og formidle forskings- og miljødata frå polarområda

- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følge opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- medverke til at forvaltningas kunnskapsbehov blir teke hand om
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan det bilaterale norsk-russiske miljøsamarbeidet
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- delta i Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av norske havområde
- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø

- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane og universitet
- formidle utovervend informasjon om polarområda i alle relevante kanalar
- vere vertskap og ha ansvaret for å setje i verk forskingsstrategien for Ny-Ålesund

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitutt har til løn og godtgjersler for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og fartøy, og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd. Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2018

Polarinstituttet har i 2018 brukt om lag 38 pst. av løyvinga si til løns- og driftsutgifter knytte til administrasjon, kommunikasjon, drifta til bygningar på Svalbard og i Tromsø, drift av forskingsfartøyet Kronprins Haakon og andre felleskostnader. Resterande 62 pst. er løn og andre utgifter knytte til forskingsavdelinga, miljø- og kartavdelinga og i ICE (Senter for is, klima og økosystem). Av forbruket på denne posten korresponderer omlag 76 mill. kroner med inntekter på kap. 4471. Dette er nesten alt saman knytt til ekstern finansiering av forskingsaktivitet frå mellom anna Forskingsrådet og EU.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde Polarområda. Posten er styrkt med 5 mill. kroner til forskning i Antarktis, 4,3 mill. kroner til Troll-stasjonen og priskompensasjon. Mens det er ein nedgang pga. avbyråkratiseringsreforma og at 3,5 mill. kroner som vart gitt til Antarktis-ekspedisjon i 2019 er tekne bort.

Posten dekkjer utgifter til vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det

internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs forskning i Antarktis medverkar til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda. Regjeringa foreslår å styrke Norsk Polarinstitutt's forskning i Antarktis med 5 mill. kroner i 2020.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat. Dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2018

Av midlane på denne posten vart ca. 85 pst. brukt til løn for dei som arbeider på Troll-stasjonen og drift av bygningar i Antarktis, fartøyleige, helikopterleige og andre logistikkutgifter. Resterande del av løyvinga, ca. 15 pst. går til forskning. Av forbruket på denne posten korresponderer om lag 25,6 mill. kroner med inntekter på kap. 4471.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Forureining, Klima og Polarområda.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innanfor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrautgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforsking som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Rapport 2018

Av 36 søknader vart 28 finansierte med totalt 1,8 mill. kroner. Av dette var 0,5 mill. kroner midlar frå Norsk Polarinstittutt.

Dei viktigaste norske institusjonane som fekk støtte var Noregs Arktiske Universitetet (3), Universitetsstudia på Svalbard (11), Noregs Teknisk Naturvitskapelege Universitet (3) og Norsk Polarinstittutt (5).

Kap. 4471 Norsk Polarinstittutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Sals- og utleigeinntekter	4 974	11 272	11 575
03	Inntekter frå ymse tenesteyting	71 150	62 123	63 790
21	Inntekter, Antarktis	25 602	13 877	14 250
	Sum kap. 4471	101 726	87 272	89 615

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarende eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstittutt har for andre land og verksemder knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Overføringar til Svalbards miljøvernfond	19 905	19 658	20 658
	Sum kap. 1472	19 905	19 658	20 658

Både inntekt- og utgiftsposten til Svalbards miljøvernfond er oppjustert med 1 mill. kroner. Det er fleire besøkande til Svalbard, og det er særleg ein

auke i besøkande med fly, jf. også omtale under kap. 5578 post 70.

Svalbards miljøvernfond er oppretta med heimel i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005. Fondet starta si verksemd i 2007 og er eit økonomisk verkemiddel i miljøvernarbeidet på Svalbard. Fondet gjev tilskot til tiltak for å beskytte naturmiljø og kulturminne på øygruppa, i samsvar med svalbardmiljølova § 98 og fondet sine vedtekter. Midlane i fondet skal medverke til å sikre Svalbards særleine villmarksnatur og kulturminne som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping.

Inntektene til fondet er sette saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for løysing av kort for jakt, fangst eller fiske i samband med hausting og avgift ved jegerprøveeksamen. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå fondet. Styret for fondet blir utnemnt av departementet og er fondet sitt øvste organ, medan sekretariatet er lagt til

Sysselemanden som har ansvar for den daglege leinga og drifta av miljøvernfondet si verksemd.

Kvart år tildeler fondet no 10–25 mill. kroner til miljøvernprosjekt etter søknad frå organisasjonar, verksemdar og privatpersonar. Erfaringa viser at Svalbard miljøvernfond medverkar gjennom tildelingane til eit gradvis skifte til miljøvennleg samfunns- og næringsutvikling på Svalbard.

Rapport for 2018:

I 2018 vart det gitt 66 tilsegner til ulike prosjekt på til saman 24,4 mill. kr. Informasjon om desse prosjekta finst på heimesida til fondet: <http://www.sysselemanden.no/Svalbards-miljovvernfond/>. Sidan fondet blei operativt i 2007 og til og med hausten 2018, er det gitt støtte til over 640 prosjekt med ein samla sum på 153 mill. kroner.

Post 50 Overføringer til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	20 648	19 670	20 670
	Sum kap. 5578	20 648	19 670	20 670

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med

sal av jakt- og fiskekort m.m. Posten aukar med 1 mill. kroner fordi talet på besøkande til Svalbard aukar, hovudsakleg fordi det er fleire besøkande med fly.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1473 Kings Bay AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Tilskot	50 892	30 270	34 893
	Sum kap. 1473	50 892	30 270	34 893

Midlane under denne posten er retta mot resultat-område Polarområda. Tilskotet skal gå til investeringar og drift i Kings Bay AS og naudsynte utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS. Posten viser ein auke fordi 12 mill. kroner er plussa på til det generelle tilskotet til drift og investeringar i Ny-Ålesund, mens det samstundes er teke ut 8 mill. kroner som vart løyvd i 2019 til ferdigstilling av service- og administrasjonsbygget i Ny-Ålesund.

Kings Bay AS eig og har ansvaret for drift og utvikling av eigedommen, bygningsmassen og infrastrukturen i Ny-Ålesund på Svalbard. Selskapet yter tenester til forskning og vitenskapleg verksemd, og tilbyr mellom anna innkvartering, matservering, kjøp og organisering av flytransport, sjøvertstenester, beredskap, verkstadtenester og vatn og elektrisitetsforsyning. Selskapet har fleirårige kontraktar med forskingsinstitusjonar frå til saman 10 land. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forskning. Rundt 20 institusjonar har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund. Selskapet yter også tenester ved dagsanløp av turistskip og andre fartøy i sommarsesongen

Staten eig alle aksjane i Kings Bay AS. Selskapet er avhengig av tilskot over statsbudsjettet for å utføre dei samfunnsoppgåvene som det er pålagt. Tilskotet skal dekkje investeringar, eventuelt driftsunderskot i Kings Bay AS og naudsynte utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS. Det er krav om at drifta til Kings Bay AS skal gå i balanse og at Ny-Ålesund skal vere ein grøn forskingsstasjon.

I mai 2018 la regjeringa fram ein strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard. Strategien legg vekt på at forskinga i Ny-Ålesund konsekvent utnyttar plassen sin særegenheit som eit reint, naturvitskapeleg laboratorium. Vidare fastset strategien at utvikling og forvaltning av bygningsmasse, infrastruktur og tenestetilbod i Ny-Ålesund skal byggje opp under prioriterte, heilskaplege satsingar. Noregs forskingsråd la i mai 2019 fram ein eigen forskingsstrategi for Ny-Ålesund. Strategien har klare forventningar til forskarane om kvalitet, samarbeid, transparens, deling av data og resultat. Vidare peiker strategien på utviklingsmoglegheiter som eit integrert overvakingprogram, vidareutvikling av flaggskipspro-

gramma og ein gapanalyse for ny forskingsinfrastruktur. Norsk Polarinstitutt har ansvaret for å implementere og følgje opp forskingsstrategien i Ny-Ålesund, og Kings Bay AS skal syte for at deira tenester legg til rette best mogleg for forskinga og overvakinga i Ny-Ålesund.

For å følgje opp regjeringas mål med Ny-Ålesund som fastsett i Svalbardmeldinga og implementere forskingsstrategien, er det nødvendig å styrkje Kings Bay AS for å setje selskapet i stand til å drifte og forvalte staden i tråd med desse måla. Samtidig medfører også klimaendringane nye utfordringar for infrastrukturen og bygningsmassen i Ny-Ålesund. For at Kings Bay AS skal tilby ein god og driftssikker forskingsstasjon er det foreslått å styrkje drifts- og investeringstilskotet med 12 mill. kroner i budsjettet for 2020 for å sikre nødvendige oppgraderingar og investeringar i bygningsmasse og annan infrastruktur.

Rapport 2018

Kings Bay AS har lagt til rette for forskingsaktivitet i Ny-Ålesund på ein økonomisk rasjonell måte med fokus på minst mogleg miljøpåverknad av selskapet si verksemd og forskingsaktivitetane som skjer i Ny-Ålesund. Forskingsaktiviteten er avgjerande for selskapet sine inntekter, og i 2018 var talet forskardøgn på 13 339, noko som er ein reduksjon på 909 forskardøgn frå 2017. Selskapet har i 2018 fullført arbeida med eit nytt felles forskingsbygg. Bygget vart opna i april 2019. Forskingsbygget skal vere eit felles terrestrisk laboratorium, og delar av bygningen med overnattings- og kontorkapasitet er leigde ut til National Institute of Polar Research frå Japan.

Kings Bay AS har store utfordringar med setningsskadar på bygningsmassen som følgje av klimaendringar og tining av permafrosten. Det er gjort vurderingar av ulike tiltak og alternativ for sikring og istandsetjing av Servicebygget, og det er løyvd til saman 37 mill. kroner til sikring og istandsetjing av Servicebygget i perioden 2017–2019 og arbeida starter hausten 2019. Utfordringar med bygningsmassen er krevjande økonomisk for selskapet, og årsresultatet viser eit underskot for selskapet på 1,4 mill. kroner.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	25 299	24 011	23 891
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	26 404	28 812	28 812
	Sum kap. 1474	51 703	52 823	52 703

Midlane under dette kapitlet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø og om miljøkonsekvensar av ny næringsverksemd i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei ressursane som finst der, på ein endå betre måte, og sikre at ny næringsverksemd på dette området skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunnsplanlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Aktiviteten er delt inn i seks faglege satsingsområde (flaggskip). Dei er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstitutt
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskningsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Havforskningsinstituttet
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk institutt for luftforskning
- miljøkonsekvensar av næringsverksemd i nord (MIKON), leiar: Norsk institutt for naturforskning

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 70**Mål**

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål å gjennomføre forvaltingsrelevante klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskingssamarbeid. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå

klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- Skaffe fram og publisere ny kunnskap av framifrå kvalitet
- Bidra til etablering av forskarutdanning og mastergradutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgere utdanning på klima og miljø
- Etablert fagleg forskingssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshol» og gi nasjonal meirverdi
- Etablert gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt, og samarbeid med dei andre FoU-miljøa i landsdelen.
- Fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse
- Formidle forskingsresultat til brukarane, som til dømes forvaltninga, næringslivet, skuleverket, andre relevante brukarar og eit breitt publikum

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, og vere kvalitetssikra av Noregs Forskningsråd. I tillegg må dei vere tverrfaglege i størst mogleg grad.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda (Flaggskipisleiarane) er pålagt saman med dei andre deltakarane i flaggskipa å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnarane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling, oppfølging og kontroll er dei same. Sjå elles omtalen under post 50 ovanfor. Posten dekkjer òg driftstilskot til Framsenteret AS.

Rapport 2018

Framsenteret har vore involvert i betydeleg nasjonal og internasjonal forskingsaktivitet i 2018. Forskingsmiddel frå flaggskipa har finansiert 96 forskingsprosjekt, og det vart produsert over 100 publiseringar i internasjonale tidsskrift. I tillegg vart forskingsresultat publiserte i Framsenterets eigen rapportserie og formidla på Framsenterets nettside og gjennom ei rekkje kanalar som inkluderer sosiale media og «Dialog dager», framsyningar, dei nasjonale forskingsdagane og stands ved

ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar for eksempel som Arctic Circle in Island. Årets utgåve av Fram Forum vart produsert og utgitt engelskspråkleg i papirform og i elektronisk utgåve med global distribusjon. Forskarar frå Framsenteret har òg presentert si forskning på ei lang rekkje nasjonale og internasjonale fagkonferansar og arbeidsseminar. Forskinga i Framsenteret har òg vore kommunisert til ei rekkje besøk frå ulike land og ambassarar, forskingsinstitusjonar, statlege organ, utdanningsinstitusjonar og media.

Norges Forskringsråd har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet evaluert Framsenteret opp i mot dei overordna måla for senteret fastsett av regjeringa. Evalueringskomiteen gir ei svært positiv vurdering av senteret som eit forskingsstrategisk tiltak som langt på veg har oppnådd desse måla, og av den faglege produksjonen, men har òg ei rekkje tilrådingar, særleg om den organisatoriske strukturen og leiinga.

Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.70 gjeld resultatområde Klima. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet med kjøp og sal av kvotar og departementet sitt arbeid med Klima- og skoginitiativet.

Klimautfordringa kan berre løysast gjennom eit globalt samarbeid. Noreg skal vere ein pådriver i det internasjonale klimaarbeidet. Klima- og skoginitiativet er Noreg si største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar vårt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland. Andre hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet – Parisavtala, klimafinansiering, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensle, utslepp frå internasjonal transport, og kortlevde klimaforureiningar – er også omtalt i dette kapitlet. Budsjettmidlar knytte til Parisavtala og kortlevde klimaforureiningar er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m. Mykje av det internasjonale klimaarbeidet omtalt i dette kapitlet er finansiert over Utanriksdepartementets budsjett.

Parisavtala

Parisavtala under FNs klimakonvensjon tok til å gjelde 4. november 2016 då tilstrekkeleg mange land hadde ratifisert avtala. Den var eit vendepunkt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet, og representerer, saman med klimakonvensjonen, eit solid rammeverk for framtidig global klimainnsats. 186 land har ratifisert avtala. USA har på den andre sida signalisert at dei vil melde seg ut av Parisavtala.

Det overordna formålet med Parisavtala er å styrkje den globale innsatsen mot klimaendringane. Målet er å avgrense den globale temperaturauken til godt under 2 grader samanlikna med førindustrielt nivå, og å søkje å avgrense oppvarminga til 1,5 grader. Landa si evne til å handtere skadeverknadene av klimaendringane skal styrkjast. Avtala har føresegner om støtte til utviklingsland for omstilling til lågutsleppsutvikling. Det er òg oppgitt som eit formål at finansstraumar

skal bli meir i samsvar med ei klimarobust lågutsleppsutvikling.

Med Parisavtala tek alle statar på seg å utarbeide, melde inn, halde ved lag og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag (Nationally Determined Contributions), og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå sine nasjonalt fastsette bidrag. Det er stor forskjell i korleis landa har utforma sine innspel. FNs klimasekretariat sine utrekningar viser likevel at dei nasjonalt fastsette bidraga som no ligg til grunn for Parisavtala er langt unna den utviklingsbana som er i tråd med temperaturmålet i avtala. Det er derfor stort behov for å auke ambisjonane over tid gjennom den fastlagte 5-årige ambisjonssyklusen. Mange av dei nasjonalt fastsette bidraga er dessutan uklare, noko som viser at betre rettleiing for korleis mål skal utformast og følgjast opp er naudsynt.

Under klimatoppmøtet i Katowice i Polen i desember 2018 vart arbeidet med å gi Parisavtala eit utfyllande regelverk avslutta. Regelverket har fleire funksjonar. Parisavtala byggjer på at det er landa sjølve som fastset sine nasjonale bidrag, og i Katowice vart det blant anna semje om retningslinjer for kva slag informasjon som skal følgje med bidraga. Det vart òg semje om korleis landa sine bidrag skal målast, rekneskapsførast og rapporterast. Det nye regelverket er felles for alle land. Det utfyllande regelverket vil medverke til å styrkje avtala ved å gjere det lettare å samanlikne landa sine bidrag, summere bidraga og måle framgang.

Det er foreløpig ikkje semje om regelverket for marknadssamarbeid, dvs. samarbeid der land kan kjøpe og selje utsleppsreduksjonar. Usemja gjeld blant anna korleis Parisavtalas føresegner om at utsleppsreduksjonar som ikkje skal teljast dobbelt skal handterast i den nye FN-mekanismen. Før det blir semje om det utfyllande regelverket for marknadssamarbeid vil det ikkje vere mogleg for land å samarbeide under den felles FN-mekanismen.

Dialogen om ambisjonar, den såkalla *Talanoa-dialogen* som heldt på i 2018 vart avslutta i Katowice med ein variert gjennomgang av høva til å auke innsats og ambisjonar under Parisavtala. Land er no oppmoda til å ta dette i

betraktning når dei vurderer sine mål og sin innsats for nye og oppdaterte mål som skal meldast inn i 2020.

Klimafinansiering

Noreg har vore eit føregangsland i å innrette klimafinansieringa på ein langsiktig og føreseieleg måte. Særleg gjeld dette Klima- og skoginitiativet (sjå eigen tekst etter tabell 7.20). Norsk klimafinansiering, utover Klima- og skoginitiativet og kjøp av klimakvotar, blir betalt over Utanriksdepartementets budsjett. KLD omtalar likevel klimafinansiering breitt i denne budsjettproposisjonen for å gi en samla framstilling.

Det grønne klimafondet er hovudkanalen for klimafinansiering under klimakonvensjonen. Regjeringa har annonsert at bidraget til Det grønne klimafondet skal aukast frå 400 til 800 mill. kroner årleg for perioden 2020–2023. Av auken på 400 mill. kroner vil 300 mill. kroner gå over Utanriksdepartementet sitt budsjett og 100 mill. kroner blir dekt over KLD og budsjettet til Klima- og skoginitiativet. Diskusjonane om den første formelle påfyllinga til fondet er i gang, og det er teke sikte på å bli ferdig med forhandlingane i 2019.

Norsk støtte til klimatiltak i utviklingsland er svært viktig for ei effektiv gjennomføring av Parisavtala. I Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* har regjeringa signalisert at den vil auke nivået på klimafinansieringa. Fornybar energi vil ha ein sentral plass i den norske innsatsen og regjeringa foreslår ei løyving på 887 mill. kroner til fornybar energi i 2020. Regjeringa vil auke innsatsen for klimatilpassing, førebygging og kamp mot svolt og gjere dette til eit hovudelement i norsk utviklingsarbeid. I 2020 blir støtta til dette arbeidet foreslått med 500 mill. kroner. Av dette går 200 mill. til klima- og havpostane, og 100 mill. kroner til mattryggleik. Det grønne klimafondet har eit mål om at halvparten av finansieringen skal gå til klimatilpassing. 200 mill. av Noregs auka bidrag på 400 mill. kroner vil såleis gå til tilpassingstiltak.

Norsk klimafinansiering skal framover innrettast slik at den medverkar til transformativ tiltak med verifiserbar klimaeffekt. Vårt sterke engasjement for resultatbasert finansiering blir særleg følgt opp gjennom Klima- og skoginitiativet, statens kvotekjøpsprogram og i eit pilotprogram under Verdsbanken, Transformative Carbon Asset Facility. Gjennomføring av Parisavtala og støtte til utviklingsland sitt arbeid og innmelde klimaplanar (NDC) vil vere ei viktig føring for innretninga av klimafinansieringa framover.

Parisavtalas artikkel 2.1 c slår fast at finansieringsstraumar må gjerast konsistente med ei utvikling med låge utslepp av klimagassar og klimarobustheit. Dette understrekar betydninga av å bruke offentlege midlar og verktøy slik at private investeringar dreier seg i retning av lågutsleppsløysingar og -teknologi. Norfund er til dømes eit viktig verkemiddel i denne samanhengen. Stortinget har stilt krav om at 50 pst. av tilførte midlar til Norfund skal nyttast til investeringar i fornybar energi. Å mobilisere private investeringar til privat klimafinansiering er også eit viktig mål for Det grønne klimafondet, som har ein eigen fasilitet for privat sektor.

Under klimatoppmøtet i desember 2018 vart det semje om eit nytt system for måling og rapportering av klimafinansiering til utviklingsland. Rapporteringsrettleiinga på dette området er ein integrert del av det styrka målings- og rapporteringssystemet under Parisavtala. Systemet gir partane høve til å presentere informasjon om si klimafinansiering på ein open og detaljert måte. Det gir tydelegare reglar for teljing av multilateral klimafinansiering, med rettleiing for å unngå dobbeltteljing med andre land. Det nye systemet omfattar òg regelverk for å telje private midlar som er utløyste av offentleg støtte. Partsmøtet vedtok òg eit regelverk for Parisavtalas artikkel 9.5, som handlar om kommunikasjonen om klimafinansiering. Vedtaket forpliktar industrilanda til annakvart år å levere kvantitativ og kvalitativ informasjon om si framtidige klimafinansiering.

Klima- og miljødepartementet har bilaterale miljøsamarbeid med Kina, India og Sør-Afrika, og støttar internasjonale initiativ for grøn økonomi i utviklingsland. I tillegg støttar Noreg klimatiltak og lågutsleppsutvikling i EU-landa med svakast økonomi gjennom EØS-midlane. 5 mrd. kroner er sett av over UD's budsjett til klima-, energi og miljøsamarbeid med mottakarlanda i perioden 2014–2021. For meir informasjon, sjå programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt samarbeid m.m.

Internasjonale karbonmarknader, prising av utslepp og utfasing av subsidiar til fossile brensle

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet for å setje ein pris på CO₂, og for utvikling av effektive, fungerande internasjonale karbonmarknader.

I sine innmeldingar til FN's klimakonvensjon av nasjonale mål (NDC) er det mange land som opplyser at dei har sett, eller vurderer å setje, ein pris på utslepp av klimagassar. Felles for dei fleste av dei landa som har ein pris på utslepp er prisar

som er for låge til å fremje teknologisk utvikling og omstilling. Ein ny og meir ambisjøs klimapolitikk globalt vil krevje høgare prisar.

Parisavtala har etablert ei ramme for marknadsbasert samarbeid mellom land etter 2020. Noreg arbeider aktivt gjennom klimaforhandlingane for å sikre ei god innretning av marknadsbasert samarbeid under Parisavtala, samtidig som ein gjennom deltaking i Transformative Carbon Asset Facility (TCAF) tek del i arbeidet med å utvikle pilotar for å teste ut nye former for marknadsbasert samarbeid innanfor ramma av Parisavtala.

Bruk av ulike former for marknadsmekanismer har både ført til store utsleppsreduksjonar og investeringar i mange utviklingsland. Den grøne utviklingsmekanismen (CDM), som ligg til grunn for statens kvotekjøpsprogram, har ifølgje berekningar gjort av FNs Klimasekretariat (UNFCCC) så langt ført til omlag 2 milliard tonn CO₂-ekvivalentar i verifiserte reduserte utslepp. Dei faktiske reduksjonane av utslepp er av UNFCCC utrekna til å bli om lag fire gonger så høge fram til 2020. I tillegg har utviklingsland sin bruk av fleksible mekanismer ført til store investeringar i desse landa, og vist korleis ein kan gjennomføre tiltak som ikkje berre reduserer utslepp av drivhusgassar, men også har stor utviklingseffekt, til dømes gjennom redusert lokal forureining, og tilgang på fornybar energi.

Regjeringa arbeider òg for utfasing av subsidiar på fossilt brensel. Globalt har det dei seinare åra blitt brukt opp til 500 mrd. US dollar årleg på subsidiar for lågare brenselprisar til forbrukar. Beløpet varierer med oljeprisen og er no noko lågare, men samtidig ser ein etterkvart også effektar av at viktige land – som Mexico, Indonesia og India – har gjennomført subsidiereform. Utfasing av fossile subsidiar er eit viktig tiltak land kan gjennomføre for å bidra til at utsleppa av drivhusgassar går ned.

Det er ein aukande tendens til at land i ulike verdsdelar set i gang reformarbeid for fossilsubsidiar. Dette har i stor grad skjedd i ein periode med låge prisar på fossil energi. Ei viktig utfordring er å halde reformarbeidet oppe i periodar med aukande prisar. Noreg støttar difor mellom anna utgreiingsarbeid gjennom Nordisk Ministerråd, der ein ser på høva i konkrete sektorar i enkelte utviklingsland, for eksempel for å få til såkalla «swaps», der innsparte subsidiar blir reinvesterte i energieffektivitet og fornybar produksjon. Noreg arbeider òg for å fase ut fossile subsidiar gjennom andre kanalar, slike som Vennegruppa for reform av fossile subsidiar saman med dei andre nordiske

landa og Costa Rica, Etiopia, New Zealand og Sveits.

Bruk av fleksible mekanismer

Gjennom Kyotoprotokollens system og i Parisavtala er det opna for fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Dette har gjort det mogeleg for Noreg å ta på seg større forpliktingar, og dermed større globale reduksjonar, enn ein kunne utan ei slik ordning. Ein viser til Innst. 60 S (2013–2014) der ein samla komité (Energi- og miljøkomiteen) skriv følgjande: «Komiteen vil peke på at det gjennom Kyotoprotokollens system åpnes for en fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Komiteen viser til at dette kan gjøre det mulig for Norge å ta på seg større forpliktelser og bidra til større globale reduksjoner».

Ved ratifikasjon av endringar i Kyoto-protokollen har Noreg forplikta seg til å redusere dei årlege klimagassutsleppa i perioden 2013–2020 med 16 pst. i gjennomsnitt, jamført med Noregs utslepp i 1990. Reduksjonane i klimagassutslepp vil i hovudsak komme gjennom nasjonale tiltak, medrekna den norske deltakinga i det europeiske kvotesystemet, EU-ETS, som omfattar rundt halvparten av alle norske klimagassutslepp. Kvotar frå prosjekt i utviklingsland skal sikre at Noreg fullt ut oppfyller sine plikter under Kyoto-protokollen. For ei nærare omtale av kvotesystemet, og av samanhengen mellom dette og statens behov for kvotar frå utviklingsland, viser ein til boks 7.3 i Prop. 1 S (2016–2017) Klima- og miljødepartementet for 2017.

Det blir lagt vekt på at statens kvotekjøp skal gjere ein skilnad. Ein kjøper derfor berre kvotar frå prosjekt som er i ferd med å innstille på grunn av manglande inntekter frå kvotesal eller som alle-reie har innstilt, og frå nye prosjekt. Klima- og miljødepartementet har inngått kontraktar med forventta levering av om lag 47 millionar kvotar. I tillegg har ein overført 3 millionar kvotar som ikkje vart nytta i den første Kyotoperioden (2008–2012).

I Parisavtala er det opna for at land kan samarbeide om gjennomføring av tiltak for å redusere utslepp av globale klimagassar. Slikt samarbeid opnar for at enkeltland aukar ambisjonane sine og kan såleis bli viktig for å realisere målet om å halde den globale oppvarminga godt under 2 grader, og å prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grad. Arbeidet med å utvikle reglar og prosedyrar vil ta tid. Gjennom kvotekjøpsprogrammet arbeider

der Klima- og miljødepartementet med å vidareutvikle dagens kvotesystem med sikte på å prøve ut ordningar som er tilpassa den nye klimaavtala for perioden etter 2020. Klima- og miljødepartementet deltek i Transformative Carbon Asset Facility (TCAF) som blei lansert i tilknytning til klimakonferansen i Paris og erklært operativt i mars 2017. Fondet skal utvikle pilotar for samarbeidsformer tilpassa ein ny mekanisme under Parisavtala.

Formålet med fondet er å medverke til varig omlegging i utviklingsland gjennom program som støttar utvikling av lågutsleppsløysingar for sektorar i eit land. Bruk av økonomiske verkemiddel, mellom anna prising av utslepp av klimagassar, kan til dømes vere eit sentralt element i ei slik omlegging. Fondet kan medverke til at utviklingslanda aukar sine ambisjonar. I innmeldingar til FNs klimasekretariat før klimakonferansen i Paris indikerte fleire utviklingsland eit klart høgare ambisjonsnivå om dei får internasjonal støtte til å gjennomføre tiltak. Samarbeidsprogram, til dømes program gjennom TCAF, kan bli viktige verkemiddel for slike tiltak. Gjennom Parisavtala har alle land forplikta seg til å vurdere sine mål kvart femte år med sikte på å heve ambisjonane. Samarbeid mellom land om gjennomføring av tiltak kan bli avgjerande for nivået på ambisjonane.

TCAF skal levere målbare resultat i form av verifiserte utsleppsreduksjonar som deltakarane i fondet eventuelt kan bruke som bidrag til å nå nasjonale mål (NDC). Fondet vil vere resultatbasert, betaling for utsleppsreduksjonane vil som hovudregel først skje når resultat er dokumentert. Arbeidet med slike omfattande program er krevjande og kan ta lang tid. Det er dermed uvisst når, og i kva grad, TCAF vil føre til reduserte utslepp av klimagassar.

Utsleppsreduksjonar ein kjøper gjennom marknadbasert samarbeid under Parisavtala krev avtale med vertslanda om korleis slike

utsleppsreduksjonar skal bokførast for å sikre at verknadene av eit tiltak ikkje blir dobbeltrekna.

I samsvar med Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, arbeider regjeringa for å inngå ei avtale med EU der Noreg og EU-land samarbeider om å redusere klimagassutsleppa med 40 pst. Denne reduksjonen skal takast innanfor EØS, utan å rekne med effekten av eventuelle tiltak i land utanfor EØS-området. Stortinget gav sitt samtykke til å inngå avtala med EU i juni 2019. Avtala er no til behandling i EU og skal så til behandling i EØS-komiteen.

Utslepp frå internasjonal transport

Noreg arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) og FNs organisasjon for sivil luftfart (ICAO) med å utvikle regelverk for å redusere klimagassutsleppa frå internasjonal transport. I oktober 2016 vedtok generalforsamlinga i FNs luftfartsorganisasjon (ICAO) å innføre eit marknadbasert verkemiddel for å bidra til at vidare vekst i internasjonal luftfart etter 2020 ikkje aukar netto CO₂-utslepp, såkalla karbonnøytral vekst. På engelsk kallast dette verkemiddelet «Carbon Offsetting Reduction Scheme for International Aviation» (CORSIA). ICAO har vedteke utfyllande føresegner i seinare rådsmøte, blant anna i juni 2018, november 2018 og mars 2019. Noreg er blant over 80 land, inkludert 43 andre europeiske land, som så langt har meldt at vi ønskjer å delta i den frivillige fasen 2021–2026 for ICAO CORSIA. Andre fase, som er obligatorisk for dei fleste land, er frå 2027–2035. To norske luftfartøysoperatørar vil vere omfatta av ICAO CORSIA. ICAO CORSIA vart gjennomført i norsk rett i 2019 gjennom endringar i klimakvotelova og klimakvoteforskrifta, jf. Prop. 109 L (2018–2019).

Tabell 7.18 Nasjonalt mål under programkategori 12.70

Resultatområde	Nasjonale mål
Klima	Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.

Klima- og skoginitiativet

Klima- og skoginitiativet har i ti år hatt mål om å (1) medverke til at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel for reduserte utslepp frå skog (REDD+); (2) medverke til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i

utslepp av klimagassar; og (3) medverke til å ta vare på naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon. Det første målet vart i stor grad nådd gjennom at avskoging er ein sentral del av klimaavtala som vart vedteken i Paris i 2015. Uavhengige evalueringar har vist at initiativet har

medverka til utvikling i riktig retning også på dei andre måla.

Sjølv om Parisavtala i 2015 var eit gjennombrøt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet er ikkje det totale ambisjonsnivået i avtala tilstrekkeleg, og ein global storskala betalingsstruktur er ikkje utvikla. Klima- og skoginitiativet har derfor utvida innsatsen gradvis gjennom dei første ti åra, til også å inkludere globale drivkrefter bak avskoging direkte. I lys av dette foreslår regjeringa nokre justeringar i måla og strategien til Klima- og skoginitiativet.

Justerte mål og strategi

Innhaldet i dei tidegare måla for initiativet blir behalde, men blir samla i eit nytt overordna hovudmål: Å medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog bidrar til eit stabilt klima, bevart naturmangfald og berekraftig utvikling. Under hovudmålet er det to delmål: (i) å bidra til berekraftig skog- og arealforvaltning i utviklingsland og (ii) å medverke til redusert press på tropiske skogareal frå globale marknader.

Delmål (i) blir målt på nasjonalt- eller delstatsnivå i prioriterte land, mens delmål (ii) blir målt både i særskilte geografiar og globalt. Noreg, gjennom Klima- og skoginitiativet, vil sjølvstilt ikkje aleine kunne oppnå desse globale måla. Gjennom målretta og strategisk innsats skal initiativet medverke til at verda når måla. Innsats som mest effektivt medverkar til kostnadseffektive og målbare utsleppsreduksjonar er prioriterte.

FNs klimapanel har vist at å oppnå måla i Parisavtala føreset ein stans i avskoging nesten umiddelbart, og ei enorm påskoging dei neste 10 åra og fram til 2050. Stans i avskoging er eitt av FNs berekraftsmål, og det er ein føresetnad for å nå ei rekkje andre berekraftsmål – bl.a. knytt til svolt, vasstilgang og fattigdom. Også eitt av dei seks globale skogmåla i FNs strategiske plan for skog er å reversere verdas skogtap gjennom berekraftig skogbruk, vern, restaurering av skog mm. Gitt kor rask og omfattande omvelting som må til for å reversere skogtapet, må nye aktørar med i kampen mot avskoging. Å byggje global oppslutning er prioritert i innsatsen og er eit premiss for å nå begge måla til Klima- og skoginitiativet.

Delmål 1: Å bidra til berekraftig skog- og arealforvaltning i utviklingsland

Berekraftig arealforvaltning inneber at eit land har ein ambisiøs klima- og skogpolitikk som blir underbygd av skogvennlege arealplanar på tvers

av sektorar, sikrar landrettar til urfolk og lokalsamfunn, og blir støtta opp om av den overordna økonomiske politikken. Dette gjer det mogleg å halde ved lag eller auke råvareproduksjonen utan å avskoge. Måloppnåing føreset at arealplanar og relevante lover blir overhaldne, og at den rurale økonomien medverkar til sosioøkonomisk utvikling utan avskoging. Gode målesystem og tidlegvarslingssystem for skogtap er viktige for å forstå og ta tak i årsakene til avskoging.

Klima- og skoginitiativets hovudstrategi vil framleis vere å skape politiske og økonomiske insentiv for reform i utviklingsland gjennom ambisiøse, resultatbaserte samarbeid. Samarbeid med myndigheiter på nasjonalt og delstatsnivå er ein viktig pilar i innsatsen. Eigarskap og forankring på høgt politisk nivå er ein føresetnad for å lykkast. Det er òg viktig å støtte breiare alliansar for bevaring av skog i landa. Støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar og til urfolk og andre skogfolk står sentralt.

Å få på plass internasjonale insentivstrukturar for utsleppsreduksjonar frå skog (REDD+) er sentralt for å få til langsiktig og varig innsats i skoglanda. Parisavtala trer i kraft i 2020. Noreg må bidra til at avtala aukar ambisjonane på skog, og for å sikre gjennomføring av desse. For å nå større skala, vil vi leggje til rette for at privat næringsliv medverkar som kjøparar av utsleppsreduksjonar av høg sosial og miljømessig kvalitet.

Delmål 2: Redusert press på tropiske skogareal frå globale marknader

Redusert press på skogen frå globale marknader krev både at total etterspørsel etter avskogingsdrivande råvarer blir avgrensa, og at ein større del av globale forsyningskjeder blir avskogingsfrie. Vi må medverke til at produsentar, handelsnæring, matvareselskap og forbrukarar blir gjort ansvarlege. Bankar, investorar og finansregulatorar må i høgare grad inkorporere avskogingsrisiko. Det internasjonale samfunn må slå ned på skogkriminalitet og på åttferd som medverkar til avskoging, og internasjonal handels-, anskaffings- og bioenergi-politikk må ikkje auke presset på skogen.

Klima- og skoginitiativet vil medverke til at alliansen av selskap som produserer og etterspør avskogingsfrie råvarer blir styrkt og utvida. Finansnæringa, framveksande økonomiar og deira selskap og innanlandsk etterspørsel i skoglanda må med. Initiativet vil støtte modellar for innovativ finansiering av avskogingsfrie varer og forsyningskjeder. Gjennom diplomati, støtte til sivilsamfunnskampanjar og kunnskapsutvikling

skal initiativet medverke til at marknadssignal og politiske signal verkar saman. Initiativet skal medverke til transparens i heile forsyningskjeda, ved å støtte tiltak som gir open informasjon om avskoging og årsaker til den, kvar og korleis varer blir produserte, kva selskap som kjøper råvarer frå kven, og kven som finansierer desse.

Kriminelle handlingar er årsak til ein stor del av øydelegginga av regnskogen. Det omfattar både handel med ulovleg tømmer og ulovleg avskoging for å produsere landbruksvarer. Innsatsen mot internasjonal skogkriminalitet vil framleis vere ein del av strategien til Klima- og skoginitiativet.

Risiko

Skogbevaring er heilt sentralt for å redusere risiko for klimaendringar med alvorlege konsekvensar for menneskeheita. Risiko knytt til Klima- og skoginitiativet er størst ved å ikkje gjere noko. Risiko som ligg i sjølve innsatsen er i stor grad den same som den har vore hittil, bl.a. låg kapasitet og manglande politisk vilje i skogland, sterke motkrefter, marknadssvikt og fattigdom. På nasjonalt nivå vil politiske skifter også framover kunne føre til forseinkingar eller endra strategi og innretning av samarbeida. Globalt er marknadskreftene som driv avskoging enorme. Sjølv om skoglanda

skulle lykkast med å rasjonalisere arealforvaltninga, er presset betydeleg.

Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon av Klima- og skoginitiativet (Dok. 3:10 (2017–2018)) hadde også nokre kritiske merknader knytt til innsatsen til initiativet, og tilrådingar for initiativet vidare. Klima- og miljødepartementet følgjer opp Riksrevisjonens tilrådingar som beskrive i klima- og miljøministerens svar til Riksrevisjonens rapport. Stortinget slutta seg til klima- og miljøministerens strategi for oppfølging av forvaltningsrevisjonen i Innst. 61 S (2018–2019). Alle skoglanda som Klima- og skoginitiativet samarbeider med har utfordringar når det gjeld styresett, og fleire av satsingane inneber betydeleg risiko for økonomisk misleghald. Risikovurderingar og risikohandtering er derfor ein sentral del av alle prosjekt initiativet arbeider med. Grundig kvalitets sikring før inngåing av tilskotsavtaler er eitt sentralt element i dette arbeidet. Som for alle bistandsprosjekt er nulltoleranseprinsippet lagt til grunn for økonomisk misleghald, sjå nærare i omtale i Prop. 1 S (2017–2018) Utanriksdepartementet.

Prioriteringar

Klima- og skoginitiativet prioriterer innsats som medverkar til tidlege, kostnadseffektive og store utsleppsreduksjonar, og som samtidig beskyttar

Boks 7.5 Endringsteori – Korleis kan avskoginga stansast?

Til trass for viktige resultat gjennom ti år med klima- og skoginitiativet, har verda totalt sett ikkje lykkast med å redusere avskoging i tråd med det vitskapen krev. Tropisk avskoging skuldast ein kombinasjon av styringssvikt og marknadssvikt.

Styringssvikt: Gjennom rasjonell arealbruk kan dei fleste skogland produsere betydeleg meir råvarer enn i dag utan å avskoge. Avskoging gjer oftast eit fåtal rike til kostnad for fellesskapet og lokalsamfunn. Dei fleste nødvendige reformene for berekraftig arealbruk er i skoglanda si eigeninteresse. Likevel tek endring tid. Dette er dels på grunn av låg kapasitet, men endå viktigare, på grunn av ein politisk økonomi som fremjar avskoging, og som i tillegg blir forsterka av press på areal frå globale markadar.

Marknadssvikt: Globale råvaremarkadar, og særleg matsystemet, har ikkje prisa inn kost-

nadene ved avskoging. Etterspørselen etter råvarer som storfekjøtt, soya, palmeolje, tømmer, papirmasse og kakao har auka drastisk, driven av ei rikare verdsbefolkning og ikkje minst Kinas framvekst. Også klimapolitikken legg press på verds areal, gjennom auka etterspørsel etter førstegenerasjons biodrivstoff frå plantevekstar og gjennom bioenergi med karbonfangst. I Afrika er presset i høg grad internt drive gjennom ein dramatisk folkevekst. Vestlege selskap med nullavskogingsmål står for ein stadig mindre del av global etterspørsel, til kostnad for innanlands etterspørsel i skogland og framveksande økonomiar.

Å stanse og reversere tropisk avskoging vil krevje både dramatisk betra arealforvaltning og ein rask transformasjon av verds mat- og råvaresystem. Desse to prosessane er gjensidig avhengige av kvarandre.

store område med artsrik naturskog. Noregs viktigaste bidrag til dette har til no vore gjennom bilaterale og multilaterale landsamarbeid. Ambisjose resultatbaserte, bilaterale samarbeid har vist seg å fungere godt. Det høge ambisjonsnivået har stimulert til politisk eigarskap på høgt nivå. Dei bilaterale partnerskapa vil framleis utgjere den viktigaste delen av Klima- og skoginitiativet, både strategisk og politisk, og som del av budsjettet.

Bl.a. i Kongobassenget og Afrika sør for Sahara er fattigdom og folkevekst ein sterk drivar av avskoging. Her må ei breiare bistandssatsing til for å skape berekraftig rural utvikling. Utover å støtte relevante politiske reformer vil initiativet her selektivt støtte innovative, strategiske tiltak som andre bistandsaktørar eventuelt kan skalere opp.

Klima- og skoginitiativet har bilaterale samarbeidsavtaler med dei viktigaste skoglanda der det er politisk vilje til bevaring av skogen. I val av samarbeidsland er det òg lagt vekt på potensial for utsleppskutt, høve til berekraftig arealforvaltning, ambisjonsnivå under Parisavtala, testing av ulike tilnærmingar og involvering av privat næringsliv.

Multilateralt samarbeid er viktig for å nå måla for Klima- og skoginitiativet. I fleire av samarbeida samarbeider Noreg tett med andre store givarar som Tyskland og Storbritannia. Noreg har òg investert i multilaterale kanalar for REDD+finansiering i Verdsbanken og FN-systemet. Det viktigaste til no har vore Verdsbankens skogkarbonfond FCPF, der Noreg har medverka med ca. ein tredel av i alt 7,2 mrd. kroner, med Tyskland som største investor. Det største potensialet for auka finansiering framover synest å vere frå privat næringsliv, bl.a. frå internasjonal luftfart, nye karbonmarknadar og frå frivillig kvotekjøp frå selskap i sektorar som treng tid til å omstille seg.

Støtte til sivilsamfunnsaktørar er ein sentral del av Klima- og skoginitiativets innsats. Sivilsamfunnsorganisasjonar fungerer som vaktbikkje, som forankring på tvers av politiske skiljelinjer, og som kunnskapsprodusentar- og formidlarar. I 2019 utgjer støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar om lag 20 pst. av tilskotsutbetalingane til Klima- og skoginitiativet. Innsatsen blir halden på same nivå også framover.

Data om skogen og kor og kvifor den blir øydelagt, må vere opne og tilgjengelege. Store delar av den globale avskoginga er ulovleg. Auka transparens kan endre den politiske viljen til å ta tak i dette. Også lovleg avskoging kan reduserast dersom forbrukarar blir klar over kva produktet dei kjøper har medverka til. I 2019 har Klima- og miljødepartementet lyst ut ei innkjøpsavtale for å

gjere høgoppløyte satellittbilete av den tropiske skogen gratis og offentleg tilgjengelege. Avtale om innkjøpet blir inngått ved årsskiftet 2019–2020. Klima- og skoginitiativet vil bruke innkjøpet, og støtte til landa sin innsats, og sivilsamfunnsinnsats, for å medverke til systemendringar på tvers av land og i heile sektorar.

Kortlevde klimaforureiningar

Noreg er langt framme på kunnskapsutvikling og internasjonalt engasjement for å redusere utslepp som gir klimaeffekt på kort sikt og som gir tilleggseffektar som betre helse og auka matproduksjon. Dette blir gjort ved å redusere utslepp av kortlevde klimadrivarar som metan, svart karbon (BC) og nokre hydrofluorkarbon (HFK) i tillegg til CO₂. Desse har relativt kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂ og kan derfor gi rask klimaeffekt og bremse farten på oppvarminga. Dette vil vere viktig for land som er særleg sårbare for konsekvensane av klimaendringane. Sidan ein del av tiltaka for å redusere desse utsleppa òg har ei rekkje andre fordelar som betre luftkvalitet, helse og jordbruksproduktivitet, kan vi redusere skadeverknadene av klimaendringane og samtidig medverke til å nå fleire av berekraftsmåla.

Noreg arbeider derfor internasjonalt for å redusere desse utsleppa, både gjennom Arktisk råd og Koalisjonen for Klima og rein luft (CCAC). Sidan hausten 2014 har Noreg sete i styringskomiteen til CCAC. Koalisjonen vart skapt i 2012 og har no 12 land og organisasjonar som medlemmar. I koalisjonen har Noreg vore særleg engasjert i å utvikle metode for å vurdere tiltak som gir klimaeffekt, både på kort og lang sikt, og helsegevinstar.

Miljødirektoratet har gjort fleire utgreiningar og medverka til viktig metodeutvikling nasjonalt og internasjonalt. Våren 2019 publiserte Miljødirektoratet ein rapport om klimaeffekt på kort sikt og helsegevinstar av 39 tiltak (*Klimaeffekt på kort sikt og helseeffekter av tiltak for å redusere utslipp av klimadrivere i Norge*).

Utanriksministermøtet under Arktisk råd vedtok i 2015 at dei arktiske landa skal redusere utsleppa sine av svart karbon og metan. I 2017 blei utanriksministermøtet samd om eit kollektivt mål om å samla redusere utsleppa av svart karbon (sot) med mellom 25 og 33 pst. innan 2025, samanlikna med 2013. Det kollektive målet er ikkje juridisk bindande. Målet skal vurderast på nytt, med sikte på å auke ambisjonane ytterlegare. Svart karbon har ein særskilt oppvarmande effekt når det blir sleppt ut i nærleiken til dei arktiske områda,

då partiklane legg seg på is og snø og hindrar at solstrålane blir reflekterte tilbake til atmosfæren. Dei arktiske landa står for ti prosent av dei globale utsleppa av svart karbon, men medverkar til tretti prosent av oppvarmingseffekten i Arktis. Arktisk råd gjennomfører ei rekkje konkrete pilotprosjekt for å redusere kortlevde klimadrivarar. Noreg har teke i bruk mange verkemiddel som reduserer utslepp av svart karbon. Noreg har hatt ei pådrivarrolle for å få landa med størst utslepp med på eit kollektivt mål for reduksjon av svart karbon.

I oktober 2016 vart det vedteke å fase ned produksjon og forbruk av hydrofluorkarbon (HFK) under Montrealprotokollen (Kigali-endringane). HFK-gassar blir nytta som erstatning for fleire av dei ozonreducerande gassane, og er sterke klimagassar. Dei fleste HFK-gassane har kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂. Endringane tredde i kraft frå 2019. Noreg ratifiserte Kigali-endringane i september 2017 og revidert norsk

produktforskrift tredde i kraft desember 2018. For å oppfylle Noregs skyldnader vart eit system for lisensiering av import innført i 2019. Noreg arbeider bilateralt med India for å redusere utsleppa av HFK der.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2020 er på 3,474 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 114 mill. kroner eller om lag 3,4 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2019. Auken relaterer seg til lønnskompensasjon og betaling for kvotar og andre utsleppsreduksjonar som blir leverte i 2020.

Overslaget på inntekter frå kvotesal er sett til 8,288 mrd. kroner. Budsjettmidlar knytt til Parisavtala og kortlevde klimaforureiningar er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1481	Klimakvotar	135 813	179 809	293 312	63,1
1482	Internasjonale klima- og utviklings- tiltak	2 964 018	3 180 582	3 181 116	0,0
Sum kategori 12.70		3 099 831	3 360 391	3 474 428	3,4

Kap. 1481 Klimakvotar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 083	4 499	3 002
22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	134 406	175 000	290 000
23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>	324	310	310
Sum kap. 1481		135 813	179 809	293 312

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar utgifter til kjøp av eksterne tenester som kommersiell og juridisk rådgiving, og

andre driftsutgifter i samband med arbeidet med kjøp av utsleppsreduksjonar. Det blir foreslått ei løyving på 3 mill. kroner på denne posten.

Post 22 Kvotekjøp, generell ordning, kan overføres

Posten omfattar utgifter til kjøp av klimakvoter og andre utsleppsreduksjonar.

Strategien for kjøp av klimakvotar i perioden 2013–2020 er drøfta i Revidert nasjonalbudsjett 2013. Der legg ein vekt på at staten gjennom sitt kvotekjøp skal medverke til utviklinga og legitimiteten til det internasjonale samarbeidet. Kjøpsstrategien byggjer på FN-systemet, og ein fører i store trekk vidare strategien frå første Kyotoperiode (2008–2012). Staten kjøper kvotar frå FN-godkjende prosjekt som står i fare for å innstille drifta eller som allereie har innstilt, og frå nye prosjekt. Ein har ikkje kjøpt kvotar frå prosjekt som har andre inntekter som dekkjer dagleg drift, til dømes frå sal av elektrisk kraft. Slike prosjekt vil mest truleg halde fram å generere utsleppsreduksjonar uavhengig av statens kvotekjøp. I samsvar med EUs regulering av kvotehandelssystemet har staten ikkje kjøpt kvotar frå hydrofluorkarbonprosjekt, adipinsyreprosjekt, eller frå kolbasert energiproduksjon utan karbonfangst og lagring.

Klima- og miljødepartementet foreslår at det blir løyvd 290 mill. kroner til betaling for kvotar og andre utsleppsreduksjonar som blir leverte i 2020. Overslaget er basert på forventa levering frå eksisterande avtaler, men som vanleg er det uvisst kor mange kvotar som faktisk vil bli leverte. Dette vil avhenge av utviklinga i det enkelte prosjekt. Blir til dømes eit prosjekt forseinka, eller kanskje ikkje gjennomført, vil dette påverke utbetalingane. Det ligg også inne overslag på utbetalningar til fond under Verdsbanken (TCAF og CPF) og NEFCO (NeCF og NorCAP). Forvaltingskostnadene til desse fonda vert også ført på denne posten.

I visse høve vil det vere ønskjeleg å betale ein viss del på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. I samsvar med etablert praksis kan det vere aktuelt å betale eit mindre forskotsbeløp til prosjekteigarar for å dekkje ymse administrasjonskostnader. For å hjelpe land med å identifisere og utvikle program som i sin tur kan gi grunnlag for kjøp av utsleppsreduksjonar i perioden 2021–2030 kan det givast støtte på forskot. Departementet inngjekk i 2019 avtale med Global Green Growth Institute (GGGI) om slikt arbeid.

Det kan vere føremålstenleg å endre samansetjinga av porteføljen til staten. Det kan ein gjere ved å selje vidare kontraktar for enkelte prosjekt, ved å selje framtidige volum frå enkelte prosjekt, eller ved å selje kvotar i marknaden. Den slags sal kan vere ønskjeleg for å gjere tilpassingar i porte-

føljen, for eksempel for å få betre risikospreiing ved å kjøpe frå prosjekttypar og land som er underrepresenterte i porteføljen, eller for å tilpasse volumet til oppdaterte overslag over levering og kjøpsbehov. Det kan òg vere aktuelt å styre denne eksponeringa gjennom avleide instrument, for eksempel bytteavtaler. Klima- og miljødepartementet ber derfor om fullmakt til å selje kvotar og å nytte salsinntekta knytt til sal av klimakvotar under statens kvotekjøpsprogram, som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter, til å betale for kvotar utover det som er løyvd, jf. forslag til romartalsvedtak III.

Ved utgangen av august 2019 forvalta Klima- og miljødepartementet avtaler om levering av til saman 54 millionar kvotar (tonn CO₂-ekvivalenter). Ein reknar ikkje med å få levert avtalt volum fullt ut. Kor mykje som faktisk blir levert, er avhengig av utviklinga i det enkelte prosjektet. Forventa levering frå dei inngåtte avtalene er anslått til om lag 47 millionar kvotar, men overslaget er usikkert. I tillegg til avtaler som er inngått for levering i perioden 2013–2020 har ein overført om lag 3 millionar kvotar som ikkje vart nytta i den første Kyotoperioden (2008–2012). Ved utgangen av august 2019 stod det om lag 27 millionar kvotar på statens konto i det internasjonale kvoteregisteret.

I gjennomføringa av statens kvotekjøpsprogram er det lagt vekt på at Noreg skal overhalde sine internasjonale plikter under Kyotoprotokollen. Om lag halvparten av dei norske utsleppa av klimagassar kjem frå kvotepliktig sektor. Noreg må ta utsleppa i denne sektoren inn i utsleppsrekneskapsen sin. Det er avtalt at EU og Noreg skal ha eit oppgjær seg i mellom om Kyotokvotar til bruk i Kyotorekneskapsen. Det har drygt med å få ei avklaring med EU om dette oppgjeret, og vi har tatt høgde for at det har vore betydeleg uvisse om korleis oppgjeret ville slå ut for Noreg. EU har no vedtatt eigne reglar om dette oppgjeret som inneber at Noreg vil få overført ei stor mengd Kyotokvotar frå EU. Overføringa reflekterer utsleppsreduksjonar som norske kvotepliktige verksemder har gjennomført i andre europeiske land over perioden 2013–2020. Det er venta at dette oppgjersregelverket vil verte innlemma i EØS-avtalen i løpet av hausten 2019. Noreg vil med dette oppgjersregelverket ha eit lågare samla kjøpsbehov for perioden 2013–2020 enn lagt til grunn i staten sitt kjøpsprogram.

Kontraktane blir inngått etter fullmakter gitt av Stortinget. I samsvar med innarbeidd praksis ber Klima- og miljødepartementet om at fullmakta

blir fornya, slik at den dekkjer framtidige skyldnar. På denne bakgrunn ber ein om ei fullmakt på 1 200 mill. kroner for å dekkje utbetalingar som følgjer i åra etter 2020. Denne ramma vil omfatte betalingar som knyter seg til avtaler som vart inngått i tidlegare år, og som vil gi utbetalingar i 2021 og seinare år, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Rapport 2018

Klima- og miljødepartementet inngjekk ikkje nye avtaler om kjøp av klimakvotar i 2018 då ein rekna med at dei allereie inngåtte avtalene ville vere tilstrekkelege for å oppfylle dei norske pliktene under Kyotoprotokollen. Til saman i perioden 2013–2018 har KLD inngått 17 bilaterale avtaler om levering av nær 21 millionar kvotar frå 24 prosjekt i utviklingsland.

I perioden 2013–2018 vart det òg inngått avtaler gjennom fond i Verdsbanken (Carbon Partnership Facility) og NEFCO (NEFCO Carbon Fund og Norwegian Carbon Procurement Facility). Ei meir detaljert oversikt over inngåtte avta-

ler ligg på www.carbonneutralnorway.no og på heimesidene til Klima- og miljødepartementet.

Post 23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, kan overførast

Ordninga med kvotekjøp for statstilsette sine flyreiser vart innført på nytt i 2013 etter at EU sitt opplegg for kvoteplikt for fly vart innskrenka til berre å omfatte flyreiser innanfor EØS-området. Det vil derfor verte kjøpt kvotar for statstilsette sine reiser som ikkje er omfatta av kvoteplikt. På bakgrunn av at flyreiser innan EØS-området er omfatta av kvoteplikt, er omfanget av reiser det skal kjøpast kvotar for, avgrensa. Regjeringa foreslår at det vert løyvd 330 000 kroner for å dekkje kjøp av kvotar for flyreiser statstilsette gjer på strekningar som ikkje er omfatta av kvoteplikt. Kvotar som blir brukt til å dekkje statstilsette sine flyreiser, blir kjøpte gjennom statens ordinære kvotekjøpsprogram og blir internavrekna mot denne posten.

Kap. 4481 Sal av klimakvotar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Salsinntekter		7 181 722	8 288 459
	Sum kap. 4481		7 181 722	8 288 459

Post 01 Salsinntekter

EUs reviderte kvotedirektiv, med underordna rettsakter, vart innlemma i EØS-avtala i juli 2012. Reglane er harmoniserte på EU-nivå og kvotar som ikkje vert tildelte gratis, skal seljast i den europeiske marknaden. Kommisjonen har fordelt mengda av kvotar som skal seljast etter ein bestemt fordelingsnøkkel. Noreg sin del av totalt salsvolum er om lag 0,75 pst.

Auksjonering av kvotar er eit sentralt element i EU ETS og frå 2013 skal sal av klimakvotar skje på ein felleseuropeisk auksjonsplattform, for tida energibørsen European Energy Exchange (EEX) i Leipzig. Prosessen med å knyte seg til auksjonsplattforma har teke svært lang tid, men den 3. juni 2019 kom Noreg endeleg i gang med salet av klimakvotane. Forseinkinga inneber at det i perio-

den 2013–2018 akkumulerte seg totalt 41,4 millionar kvotar som ikkje var selde. For å unngå at det akkumulerte auksjonsvolumet påverkar prisen i marknaden, vedtok Kommisjonen å spreie volumet over auksjonane i 2019 og 2020. I tillegg til delar av 2013–2018-volumet, skal også kvotemengda for 2020 seljast i 2020, til saman om lag 31 millionar kvotar. Ein har anslagsvis lagt til grunn at EUs innstrammingsreform, Market Stability Reserve (MSR), vil redusere auksjonsvolumet i 2020 med 3,1 millionar kvotar. EU-kommisjonen vil i mai 2020 publisere det endelege MSR-talet for heile 2020.

Basert på kvoteprisen i marknaden sommaren 2019 er inntekta frå sal av klimakvotane anslått til 8,288 mrd. kroner. Kvoteprisen har auka mykje det siste året, men prisane kan svinge sterkt i denne marknaden og anslaget er derfor usikkert.

Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	98 358	99 039	99 573
73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	2 865 660	3 081 543	3 081 543
	Sum kap. 1482	2 964 018	3 180 582	3 181 116

Forvaltninga av Klima- og skoginitiativet har frå 1. januar 2014 vore samla i Klima- og miljødepartementet. Å samle ansvaret for satsinga i eitt departement er vurdert som meir effektivt og med klarare ansvarsforhold enn tidlegare delt organisering mellom Klima- og miljødepartementet og Utanriksdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsmidlane knytte til regjeringa sitt Klima- og skoginitiativ. Posten dekkjer alle driftskostnader til satsinga, under dette løn, administrasjon, reiseutgifter, informasjonsverksemd, evalueringar m.v. i Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet (med ambassadane) og Norad. I tillegg dekkjer løyvinga kjøp av varer og tenester knytte til drift, slik som utgreiingar, konsulenttenester, seminar og internasjonale møte m.v.

For 2020 er det foreslått ei løyving på 99,6 mill. kroner på posten. I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 01 er godkjent som utviklingshjelp.

Klima- og skoginitiativet er eit internasjonalt nybrottsarbeid. Å drive dette arbeidet framover er krevjande, både politisk og fagleg. Tilgang til variert og høg kompetanse og kapasitet gjennom målretta bruk av eksterne fagmiljø er avgjerande for å lykkast. Dette gjeld både for å drive det globale arbeidet med løysingsutvikling og klimapolitisk konsensusbygging vidare, og for å kunne støtte partnerland sitt arbeid med å utvikle og implementere sine klima- og skogstrategiar.

Rapport 2018

Kap 1482, post 01 har blitt nytta til løns- og driftsutgifter for Klima- og skoginitiativet. Midlane dek-

kjer løns-, drifts- og reiseutgifter til satsinga i Klima- og miljødepartementet, Norad og ved norske utanriksstasjonar som forvaltar midlar for Klima- og skoginitiativet. Ein stor del av personellressursane i initiativet har vore nytta til å følgje opp dei bilaterale samarbeida, og internasjonale prosessar som medverkar til å nå måla om utsleppsreduksjonar frå skog i utviklingsland.

Klima- og skoginitiativet har mål om å medverke til eit effektivt klimaregime basert på klimaavtala som vart forhandla fram i Paris i 2015. Ein del av dette krev kompetanse og deltaking i prosessar som ikkje kan dekkjast av norsk forvaltning. I perioden 2015–2018 har Klima- og miljødepartementet hatt tre rammekontraktar som har dekt desse behova. Mellom anna har dei medverka til Klima- og skoginitiativets milepæl om å auke ambisjonen i det globale klimaregimet. Som ein del av dette har Klima- og skoginitiativet i 2018 arbeiddd for at utslepp frå skog skal inngå i lands nasjonale bidrag (NDC) under Parisavtala, at landa skal auke ambisjonsnivået i sine NDCar, og at skog skal medverke til å nå Parisavtalas ambisiøse globale mål. Klima- og skoginitiativet har hatt tett kontakt med partnerlanda for å støtte desse nasjonale prosessane. Det har òg vore kjøpt inn konsulenttenester for å støtte innsatsen.

Klima- og skoginitiativet samarbeider med ei rekkje partnerland og organisasjonar internasjonalt. Dette inneber å delta på og arrangere internasjonale møte og konferansar, og prosessar for å etablere internasjonalt samarbeid, ofte med fleire aktørar. Midlar på posten har vore brukt til å dekkje utgifter knytte til å gjennomføre slike arrangement, medverke til konsensusbygging, utvikle analysar og løysingar m.m. Midlar har òg vore brukte til å innhente eksterne vurderingar av partnerlands framdrifts- og utsleppsrapportar. Tenestene har i hovudsak vore finansierte over drifts-posten.

Post 73 Klima- og skogsatsinga, kan overførast

For 2020 er det foreslått løyvd 3 081,5 mill. kroner på posten. Som i 2019 er det i 2020 foreslått sett av 200 mill. kroner for å investere i infrastruktur for offentleg tilgjengeleg data om skogen. Klima- og skoginitiativet har sidan lanseringa i 2007 inngått ei rekkje samarbeid og partnerskap, i hovudsak med sentrale tropiske skogland med mål om å betale for verifiserte, reduserte utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden. Utbetalingane på posten blir tilpassa budsjettamma. Noreg doblar i 2020 bidraget til Det grønne klimafondet (GCF) frå 400 mill. kroner årleg, til 800 mill. kroner årleg. I 2020 blir det sett av 100 mill. kroner på kap. 1482 post 73 til GCF. Dei resterande 700 mill. kronene blir utbetalt frå Utanriksdepartementet.

Det er fremja forslag om ein tilsegnfullmakt på 1 650 mill. kroner på posten, sjå romartalsvedtak VI. Klima- og skoginitiativet inngår langsiktige avtaler om betaling for resultat i skoglanda. Partnerskapa til Klima- og skoginitiativet inneber fleire juridiske forpliktingar om fleirårige utbetalningar. Skyldnader blir utløyste når partnerlandet leverer resultat som avtalt i form av verifiserte utsleppsreduksjonar, eller milestolpar i reformer for betra skogforvaltning og redusert avskoging. Fullmakta dekkjer òg avtaler med organisasjonar som inneber utbetalingsforpliktingar over fleire år og kontrakt om innkjøp av høgoppløyte satellittbilette som inneber økonomisk forplikting i fleire år. Av fullmakta er 400 mill. kroner knytt til den fireårige skyldnaden om bidrag til Det grønne klimafondet.

I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 73 er godkjent som utviklingshjelp.

Mål

Hovudmål for tilskotet er at det skal medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog medverkar til eit stabilt klima, bevart naturmangfald og berekraftig utvikling. Under hovudmålet er det to delmål:

1. å medverke til berekraftig arealforvaltning av tropisk skog i utviklingsland
2. å medverke til redusert press på skogen frå globale marknader.

Desse måla skal vere styrande for ressursbruk og prioriteringar, og vedtak om igangsetjing, vidareføring eller endring av støtte.

Tildelingskriterium

Tilskotet dekkjer tre kategoriar av tiltak: betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, finansiering av program- og prosjektporteføljar og fondsoppbygging. I tillegg skal tilskotet medverke til å utvikle og å spreie kunnskap som medverkar til å nå Klima- og skoginitiativet sine mål. Kriterium for utbetaling av tilskot i kvar kategori er beskrive under.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar

Det er eit hovudmål for Klima- og skoginitiativet å medverke til reduksjon av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Kriterium for å utløyse tilskotsmidlar er verifiserte reduksjonar av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. I tråd med Stortingets føringar er det eit mål å auke delen av tilskotet som blir utbetalt for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Slike utbetalningar er avhengig av effektive og robuste system for å måle og verifisere resultat, og storleiken på utbetalinga må stå i eit rimeleg forhold til det oppnådde resultatet. Blir det ikkje levert dokumentasjon på reduserte utslepp eller auka klimagassopptak i skog, skal midlane ikkje utbetalast.

Finansiering av program- og prosjektporteføljar

For å nå målet om redusert og reversert tap av tropisk skog er det i mange land behov for førebunde innsats for å starte dei naudsynte prosessane, etablere strategiar og arenaer og støtte program for omlegging til nye forretningsmodellar og produksjonsmetodar i landbruk. Eit godt forvaltingsregime er ein føresetnad for å få resultat av satsinga og sikre framdrift i arbeidet. Klima- og skoginitiativet vil derfor føre vidare arbeidet med å styrkje gjennomføringstakten og hindre forseinkingar ved å medverke til reformer og institusjonsbygging i mottakarlanda. Dette vil òg imøtekomme forventningar og behov i mottakarlanda og styrkje moglegheitene for varig betra skogforvaltning.

Styresmakter, organisasjonar, næringslivsaktørar og andre aktørar som kan medverke til reformprosessar og å nå Klima- og skoginitiativet sine mål, kan få tilskot frå posten.

Midlane skal nyttast til prosjekt eller program som fremjar institusjonsbygging, planprosessar, kartleggingsarbeid, kompetansebygging, kunnskapsutvikling eller liknande, som medverkar til at måla for tilskotsposten blir nådde. Midlar kan nyttast til tiltak som fremjar samarbeid med privat

sektor og som styrkjer insentiva for privat sektor til å investere i berekraftig og avskogingsfri produksjon av råvarer. Det kan mellom anna givast tilskot til private aktørar for å direkte redusere investor sin risiko knytt til investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon. Sjø romartalsvedtak knytt til posten for unnatak frå økonomireglementet i visse tilfelle.

For øyremerkte tilskot til utviklingsretta aktivitetar i regi av FN, kan opptil 1 pst. av bidraget brukast til å finansiere FNs stadlege koordinatorsystem (jf. FN-res. 72/279 vedteken i 2019).

Fondsoppbygging (multilaterale satsingar) for framtidige utbetalningar for verifiserte utsleppsreduksjonar

Varig skogbevaring i utviklingsland krev store investeringar for berekraftig utvikling. Tilgang til føreseieleg finansiering av REDD+-investeringar er dermed ein føresetnad for å nå Klima- og skoginitiativet sine mål. Det kan derfor utbetalast midlar frå posten til multilaterale satsingar for framtidig betaling for utsleppsreduksjonar, som for eksempel Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) i Verdsbanken.

I enkelte internasjonale organisasjonar kan det vere vanskeleg for Noreg å få gjennomslag for å følge våre reglar om utbetaling etter behov og i terminar. Primært vil dette vere i tilfelle der fondsforvaltar ønskjer ein del forskotsvise utbetalningar for å inngå juridisk forpliktande avtaler med tropiske skogland om framtidig kjøp av verifiserte utsleppsreduksjonar. Slik utbetaling krev unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gitte tilskotsløyvingar. Sjø forslag til romartalsvedtak IX for klima- og miljødepartementet. Klima- og skoginitiativet sitt krav om at midlane skal rapporterast som bistand vil stå fast.

Fondsoppbygging skal vurderast separat for kvart enkelt tilfelle, og berre når følgjande kriterium er oppfylte:

- Betaling for resultat. Fondsoppbygging bør avgrensast til initiativ der Noreg medverkar til å byggje opp fond med eksplisitt formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog.
- Utfall av forhandlingar. Nye unntak skal berre vurderast for initiativ der Noreg må ta omsyn til ein eller fleire andre store bidragsytarar og/eller multilaterale samarbeidspartnarar sin praksis og behov. Noreg skal i forhandlingar først ha forsøkt å få gjennomslag for at midlane blir utbetalte til fondet etter at utsleppsreduksjonane er oppnådde.

- Forsvarleg forvaltning. Det må etablerast juridiske rammeverk og styringsstruktur knytte til fonda som sikrar god forvaltning av midlane. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltingskrav som sikrar effektiv forvaltning.

Utvikle og spreie kunnskap om Klima- og skoginitiativet sine mål

Global oppslutning er eit premiss for å nå måla til Klima- og skoginitiativet. For å medverke til dette blir det støtta tiltak for å utvikle og spreie kunnskap som er relevant for Klima- og skoginitiativet sine målsetjingar som beskrivne over. Det kan søkjast om tilskotsmidlar til kunnskapsformidling retta mot endringsaktørar og premissleverandørar globalt eller nasjonalt, mot marknadsaktørar og mot befolkning i skogland, givarland eller globalt. Tiltak med mål om å formidle kunnskap kan få tilskot. Opplæring og kunnskapsproduksjon kan inngå som ein del av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

For kvar utbetaling skal det rapporterast på oppnådde resultat i samsvar med dei inngåtte avtalene og måla til tilskotet. Tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar skjer etterskotsvis. Utbetalingane vil skje til fond, der fondsforvaltar er tilskotsmottakar. I visse høve vil det vere ønskeleg å betale ein viss del vidare frå fondet på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. Ved delegert samarbeid om betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, kan forvaltninga delegerast til ein annan donor. Klima- og miljødepartementets oppfølging av midlane blir då teken vare på gjennom avtala mellom Noreg og den forvaltninga er delegert til. Ein eksempel på eit slikt delegert samarbeid er REM-samarbeidet med det tyske KfW. For tilskot til FN-organisasjonar skal den enkelte organisasjons regelverk leggast til grunn for oppfølgings- og kontrolltiltak.

Avtaler om utbetalningar til fond bør gi høve til kontroll og tilbakebetaling av tilskotet innanfor eit rimeleg tidsrom dersom det ikkje er forvalta i tråd med intensjonen. Ved utbetalningar til fond må det avtalast at fondet berre kan bruke norske midlar på tiltak som er godkjente som offisiell bistand (ODA). I tillegg skal avtalene fastslå at tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot kor-

rupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar i deira vidare utbetalingar til ODA-godkjente aktivitetar, og at det blir rapportert på oppnådde resultat. Avtalene skal vidare medverke til Klima- og skoginitiativet sine mål om reduserte klimagassutslepp, biologisk mangfald og berekraftig utvikling.

Rapport 2018

Meir informasjon om heile innsatsen under Klima- og skoginitiativet finst på www.regjeringen.no. Dette erstattar ein trykt resultatrapport om innsatsen, slike som vart publiserte i 2015 og 2016. Rapporteringa under visar til det tidlegare resultatrammeverket til Klima- og skoginitiativet. Sjå boks 7.4 i Prop. 1 S (2018–2019) for mål og milestolpar for rapporteringsperioden.

Brasil

Om lag 30 pst. av verdas attverande regnskog finst i Brasil, som dermed er verdas største tropiske skogland. I brasiliansk Amazonas lever over 25 millionar menneske. Mange lokalsamfunn, spesielt urfolk, er avhengig av skogen for å overleve. Skogen er òg viktig for pollinering og vasskvalitet i regionen, og avgjerande for verda sitt klima, biologisk mangfald og nedbørsmønster. I 2008 lova Noreg å medverke med inntil 1 mrd. US dollar til Amazonasfondet, dersom Brasil kunne vise til verifisert redusert avskoging i brasiliansk Amazonas. I samarbeidsperioden frå 2008 til 2018 har Brasil redusert utsleppa med om lag 3,870 milliardar tonn CO₂, samanlikna med tiåret før. Dette svarar til om lag 70 år med norske utslepp. Noreg har betalt for over 240 millionar av desse tonna, som svarar til meir enn fire års norske utslepp.

I 2015 leverte Brasil eit svært ambisiøst klimamål til FN's klimakonvensjon, der landet forpliktar seg til å redusere utslepp av klimagassar med ytterlegare 43 pst. mellom 2020 og 2030. Under klimatoppmøtet i Paris annonserte Brasil og Noreg på dette grunnlaget ei forlenging av skogsamarbeidet for perioden 2016–2020.

Brasil har vore i ei politisk og økonomisk krise sidan 2014. Dette har mellom anna resultert i reduserte budsjett til kontrolltiltak mot ulovleg hogst og beskyttelse av verna skog og urfolksterritorium. Dette førte til ein auke i avskoging i 2015 og 2016. Etter to år med auke klarte brasilianske myndigheiter å redusere avskoging i 2017 gjennom ulike tiltak. Ei medverkande årsak var auke i budsjettet til aktivitetar relatert til overvaking- og kontrolltiltak,

inkludert ekstraordinær støtte frå Amazonasfondet til miljøpolitiet Ibama.

Den reduserte avskoginga i skogåret 2017 danna grunnlag for Noregs utbetaling på 600 mill. kroner til Amazonasfondet i 2018. Betalinga representerer ein auke frå føregåande år, i tråd med avtala med Brasil. Noregs bidrag på 600 mill. kroner utgjorde betaling for om lag 25 pst. av utsleppsreduksjonane Brasil leverte i 2017. Dette er nest høgaste del til no. Samtidig er det absolute beløpet det nest lågaste fordi avskoginga framleis var høgare enn i perioden 2011–2015. Avtala mellom Noreg og Brasil krev stadig større reduksjonar i avskoginga for å kvalifisere til utbetaling.

Noreg betalte for om lag 14 millionar tonn reduserte CO₂-utslepp frå skog i 2017. Avskoginga i skogåret 2017 var på 6 947 kvadratkilometer, som er ein reduksjon på 12 pst. samanlikna med året før. I skogåret 2017 var avskoginga 64 pst. lågare enn i tiåret før landet sette i gang store skogreformer i 2004, og 46 pst. lågare enn då klima- og skogsamarbeidet med Noreg vart innleia i 2008. Avskoginga i Brasils Amazonas er framleis låg i eit historisk perspektiv, men også ei betydeleg utsleppskjelde.

Med nedgangen i skogåret 2017 leverte Brasil på Klima- og skogsatsinga sitt viktigaste overordna mål om gjennomførte utsleppsreduksjonar frå skog. Brasil offentliggjorde likevel i slutten av 2018 dei foreløpige, uverifiserte avskogingstala for skogåret 2018. Tala viser ei avskoging på 7 536 kvadratkilometer. Dette er ein auke på 8 pst. samanlikna med fjoråret. Samtidig har dei politiske forholda for skogsamarbeidet i Brasil endra seg drastisk med innsetjinga av Jair Bolsonaro som president 1. januar 2019. Klima- og skoginitiativet følgjer dette svært tett og vurderer situasjonen fortløpande.

Brasil har gjennom samarbeidsperioden hatt eit godt utvikla system for måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå skog (MRV) i Amazonas-biomen. Noreg har lenge hatt dialog med Brasil om å utvide systemet til å dekkje heile landet, særleg den brasilianske savannen, Cerrado. Avskoginga i den brasilianske savanneskogen Cerrado låg vesentleg høgare enn i Amazonas i tiårsperioden fram til 2016. Deretter har avskoginga i Cerrado falle dei siste tre åra. Ifølgje det brasilianske departementet for vitskap og teknologi (INPE) forsvann 6 657 kvadratkilometer skog frå Cerrado i 2018, ned frå 7 474 kvadratkilometer i 2017. Reduksjonen i avskoginga i Cerrado er eit tilleggsbidrag til målet om gjennomførte utsleppsreduksjonar frå skog.

Noreg har i 2018 styrkt innsatsen for å sikre berekraftig utvikling i urfolksområde i Amazonas gjennom støtte til urfolksorganisasjonar og frivillige organisasjonar som støttar urfolk. Dette har skjedd gjennom direkte og indirekte støtte til over 40 urfolksorganisasjonar og styrking av deira institusjonelle kapasitet. Dette medverkar til betre styresett i skog- og arealforvaltninga, og vil setje organisasjonane i stand til å på sikt kunne ta imot direkte støtte frå Amazonasfondet og andre finansieringskjelder.

Fram til 2018 har Amazonasfondet samla utbetalt meir enn 2,2 mrd. kroner til støttemottakarar. Til å forvalte dei rundt 100 prosjekta som Amazonasfondet støttar, har fondet inngått samarbeidsavtaler med eit breitt spekter av myndighetsinstitusjonar, universitet og forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar og urfolksgrupper. Fondet heldt i 2018 fram med arbeidet frå 2017 med å utvikle modellar for korleis fondet kan støtte tradisjonelle lokalsamfunn som ikkje har tilgang på lån, gjennom ei form for risikoavlastningskapital i samarbeid med investorar. Dette vil kunne styrkje fondet sitt arbeid med privat sektor.

Utan ein landbruksøkonomi som legg til rette for private investeringar i avskogingsfrie forsyningskjeder vil det truleg bli vanskeleg å nå Brasils klimamål. Noreg førte vidare og styrkte i 2018 satsinga på meir direkte kontakt med enkelte delstatar og private aktørar om utvikling av grøn økonomi, og fremja dei norskstøtta initiativa som vektlegg privat-offentleg samarbeid. Eit av desse er det globale initiativet Tropical Forest Alliance (TFA). TFA støttar selskap som har lova å fjerne tropisk avskoging knytt til viktige globale råvarer, deriblant soya og kjøtt. TFA er saman med det nederlandske berekraft-initiativet IDH særleg aktive i delstaten Mato Grosso. Noreg støttar implementering av delstaten sin berekraftstrategi Produce, Conserve, Include (PCI) gjennom IDH og TFA, som klarte å halde fram med arbeidet gjennom valkampåret 2018, ein periode der arbeidet med berekraftig skogforvaltning generelt vart nedprioritert i Brasil.

Kontakt med relevante landbruksorganisasjonar heldt fram gjennom 2018. Med skiftet i retorikken om skogforvaltning og urfolksspørsmål i Brasil, såg ein aukande polarisering omkring landbruksspørsmål, som i politikken generelt.

Ca. 1/3 av Amazonasskogen er privat eigd og landeigarar har ofte lovleg rett til å avskoge. I 2018 heldt Noreg fram med å støtte organisasjonen IPAMs pilotprosjekt i Mato Grosso, som har jobba med å utvikle ein ny mekanisme som premierar jordeigarar som vel å unngå avskoging på

sine landareal, også når dei har juridisk rett til å ta ut regnskog. Prosjektet vart i løpet av 2018 fullført og avslutta.

I samband med skogkonferansen Oslo Tropical forest Forum i juni 2018 arrangerte Noreg, saman med Amazonasfondet, ei eiga tiårsmarkering for fondet der hovudformålet var å kommunisere resultat av ti år med samarbeid.

I 2018 betalte Noreg ut 600 mill. kroner til Brasils Amazonasfond. Det vart vidare utbetalt 4,6 mill. kroner til det tyske bistandsorganet GIZ (Deutsche Gesellschaft für Internationale Zusammenarbeit) for å gi teknisk støtte til Amazonasfondet.

Indonesia

Indonesia er eitt av verdas største og mest folkerike land og eit ungt demokrati. Indonesia rommar verdas tredje største tropiske regnskog, med eit enormt naturmangfald. På Indonesias 17 000 øyar bur 260 millionar menneske. Ein stor del er fattige. Om lag 60 millionar er urfolk og lokalsamfunn som er avhengig av skogen for sitt livsutkomme.

Avskoging og øydelegging av karbonrik torvmyr er hovudårsak til svært høge årlege utslepp. Dei årlege utsleppa er i fleire år berekna til å ligge over 200 millionar tonn CO₂. Dette har gjort Indonesia til eitt av landa i verda med høgast klimagassutslepp. Årsakar til avskoginga er blant anna etablering av plantasjar for produksjon av palmeolje eller papirmasse, gruvedrift, tømmerhogst og skogbrannar. Torvmyrer blir drenerte for å konvertere desse områda til landbruksformål. Korrupsjon og svakt styresett kombinert med sterk etterspørsel etter palmeolje og andre råvarer er viktige underliggjande årsaker.

Noreg inngjekk i 2010 eit klima- og skogpartnerskap med Indonesia for å støtte landets innsats for å redusere klimagassutslepp frå avskoging, skogdegradering og øydelegging av torvmyr. Noreg har lova Indonesia inntil 1 mrd. US dollar, under føresetnad av at Indonesia oppnår resultat på desse områda. Indonesia har levert på politiske milestolpar i partnerskapsperioden, men det har vore store utfordringar med framdrifta i arbeidet, og landet har foreløpig ikkje levert verifiserte utsleppsreduksjonar. Derfor har utbetalingane frå Noreg vore avgrensa til arbeidet med institusjons- og kapasitetsbygging. Internasjonale kjelder viste ein betydeleg nedgang i avskoginga for 2017, og mot slutten av 2018 var det derfor ny framdrift i samarbeidet for å komme til einighet om dei attståande elementa i eit system for resultatbasert

utbetaling. Dette resultatet bidreg til å nå Klima- og skoginitiativets overordna mål i 2018 om kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland. Endeleg tal vil bli verifisert i løpet av 2019, og Noreg vil kunne betale for ein del av dette resultatet. Fondsmekanismen som skal ta imot dei resultatbaserte utbetalingane er under utarbeiding i regi av indonesiske myndigheiter.

Det norskstøtta fleirgivarfondet Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) som er drive av Verdsbanken hadde god framdrift i provinsen Aust-Kalimantan. Indonesia leverte i 2018 inn sitt *Emission Reduction Program Document* til styrebehandling i FCPF's styre. Dette betyr at Indonesia også rykkjer nærare å realisere betalningar for utsleppsreduksjonar på sub-nasjonalt nivå.

Klima- og skoginitiativet har i 2018 intensivert støtta til skogrike provinsar med eigne planar om skogbevaring og grøn utvikling. I tett samarbeid med andre givarar, spesielt Storbritannia, har Noreg støtta myndigheitene i provinsane Vest-Papua og Papua gjennom strategiske partnerskap med sivilsamfunnsorganisasjonar og deltaking på ein stor konferanse om biodiversitet. I tett samarbeid med Indonesia vart det på sidelinja av Oslo Tropical Forest Forum i juni halde eit eige arrangement for å styrkje utviklinga av grøn økonomi og skogbevaring i dei mest skogrike provinsane. Dette strategiske arbeidet medverkar til Klima- og skoginitiativets mål i 2018 om å *ivareta naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon* og til sikringsmekanismer for å ta vare på naturskog og biologisk mangfald.

I september 2018 signerte president Joko Widodo eit moratorium som forbyr ekspansjon og nyetablering av plantasjar for palmeolje. Dette er eit viktig resultat av langvarig arbeid frå indonesisk og internasjonalt sivilsamfunn, støtta av Noreg og andre bidragsytarar. Palmeolje er ein stor drivar av klimagassutslepp frå skog og torvmyr i Indonesia, men også ei viktig inntektskjelde for mange indonesiarar. Eit strengare regelverk skaper ein felles standard for etterleving både for selskapa som allereie har forplikta seg til null avskoging og for dei som ikkje har gjort det. Noreg har søkt å vere ein konstruktiv partner for myndigheitene i å redusere avskogingsfaren ved palmeoljeproduksjon og samtidig fremje berekraftig produksjon i distrikt som ønskjer å bli avskogingsfrie. Dette blir mellom anna gjort gjennom støtte til forskning på produktivitetsgapet i oljepalmeproduksjonen og ved konfliktreduserande tiltak for lokalsamfunn som bur rett ved plantasjar.

Desse tiltaka medverkar til Klima- og skoginitiativets overordna mål i 2018 om å *bidra til berekraftig utvikling* samt til å nå målsettingane om *betre styresett i skog- og arealforvaltning og privat sektor arbeider mot avskoging*.

Noreg trappa i 2018 opp arbeidet mot skogkriminalitet, og Indonesia er eit av hovudsatsingslanda for denne innsatsen. Målet er å medverke til betre system for lovhandheving i skogsektoren og dermed betre styresett for skog- og arealforvaltning. Avdeling for lovhandheving i det indonesiske Miljø- og skogbruksdepartementet og Antikorruptjonskommisjonen har begge auka innsatsen mot ulovleg hogst, spesielt i dei skogrike provinsane aust i landet. Det vart rulla opp fleire store saker med eksport av ulovleg tømmer frå desse provinsane i 2018. Noreg yter også betydeleg bistand til internasjonalt og indonesisk sivilsamfunn i arbeidet mot skogkriminalitet. Dette medverkar til å nå målsetjinga i 2018 om *betre styresett i skog- og arealforvaltning*. Urfolks rolle har blitt løfta i samarbeidet med dei to Papua-provinsane, i dialog med andre provinsar og, etter påtrykk frå Noreg og andre givarar, i utsleppsreduksjonsprogrammet provinsen Aust-Kalimantan la fram for Verdsbankens karbonfondprogram. Dialogen med interesseorganisasjonen for indonesiske palmeoljeproducentar om korleis selskapa og partnerar av Klima- og skoginitiativet kan medverke til å betre situasjonen for urfolksgrupper i Indonesia har også blitt følgt opp. Dette arbeidet medverkar til å nå målsetjinga i 2018 om *betre styresett i skog- og arealforvaltning* og til å styrkje arbeidet for at sosiale sikringsmekanismer blir respekterte i gjennomføringa av arbeidet for å få ned utslepp og bevare naturskog og torvmyr i Indonesia.

Stortingets energi- og miljøkomité besøkte Indonesia i september 2018. Besøket la opp til å vise fram resultat av, og utfordringar for, klima- og skogsamarbeidet i Indonesia for norske avgjerds-takarar.

Det vart utbetalt 120 mill. kroner til klima- og skogpartnerskapen med Indonesia i 2018. Det meste av dette gjekk til å støtte opp under myndigheitene sitt arbeid for å beskytte torvmyra.

Colombia

Med over halvparten av sitt landområde dekt av skog, er Colombia eit av verdas viktigaste regnskogland. Colombias skogar dekkjer oppimot 600 000 kvadratkilometer, om lag det dobbelte av Noregs landareal. Amazonas-bassenget utgjer omkring to tredelar av skogen. Colombia har eit

heilt unikt naturmangfald, berre slått av Brasil, og er på verdstoppen i flest fuglearter og ferskvassfisk. Omtrent halvparten av Colombias skogar ligg i territorium som tilhøyrrer urfolk og den afrocolombianske befolkninga. Nærare 60 pst. av Colombias klimagassutslepp stammar frå avskoging og frå landbrukssektoren.

På klimatoppmøtet i Paris i 2015 inngjekk Noreg ein klima- og skogavtale med Colombia saman med Storbritannia og Tyskland. Etter avtala vil Noreg betale opptil 1,8 mrd. kroner totalt for perioden fram til og med 2020, av dette vil minimum 1,5 mrd. kroner berre bli utbetalt for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Opptil 300 mill. kroner vil kunne utbetalast for resultat når det gjeld reformer og institusjonsbygging som er nødvendige for å redusere avskoginga. Slike midlar blir utbetalte til det nasjonale freds- og berekraftsfondet Colombia Sostenible (administrert av den interamerikanske utviklingsbanken IDB), sjå omtale under rapportering for 2017 i Prop. 1 S (2018–2019).

Noreg hadde innan utgangen av 2018 betalt i alt 238 mill. kroner til Colombia for oppnådde utsleppsreduksjonar frå avskoging i colombiansk Amazonas gjennom REDD Early Movers-samarbeidet, som er forvalta av den tyske utviklingsbanken (KfW). Utbetalinga gjeld ein del av Colombias reduserte avskoging i Amazonas i perioden 2013–2015, som til saman gav utsleppsreduksjonar berekna til 34,2 mill. tonn CO₂.

Utsleppa frå skog har gått betydeleg ned dei siste åra samanlikna med perioden 1990–2010. Men etter fleire år med nedgang gjekk avskoginga i Colombia både i 2016 og i 2017 betrakteleg opp. Den auka avskoginga var knytt til endra dynamikkar som følgje av fredsprosessen og skuldast i stor grad at område som tidlegare var utgjengelege som følgje av konflikten og FARC's kontroll no blir tekne i bruk, i hovudsak ulovleg. Ein ser ein auke i ulovleg overtaking av jord, fedrift, kokaproduksjon og ulovleg tømmerhogst. Til trass for auken er avskoginga lågare enn den var i perioden 1990–2010. Tal for 2018 viser ein nedgang i avskoginga på 10 pst. samanlikna med 2017, og kan tyde på at ein har makta å reversere den negative utviklinga sidan 2015. Avskoginga går ned i fire av landets fem regionar, inkludert i Amazonasbiomet.

I møte med den auka avskoginga har colombianske styresmakter trappa opp innsatsen i regionane for å stanse ulovleg hogst og verne nye område. Samtidig har det vore viktig framgang nasjonalt i utvikling og gjennomføring av reformer for berekraftig skog- og arealbruk. Eit av dei mest

banebrytande tiltaka i 2018 var eit dekret for stans i utviding av landbruksgrensa. Dette dekretet medfører at alle område som har vore avskoga etter 2010 ikkje kan brukast til landbruksformål, men skal restaurerast og dermed hindre ytterlegare ekspansjon av landbruket inn i skogen. Dette vil leggje viktig grunnlag for å ta vare på skogen framover. Vidare lanserte Colombia i 2018 ein nasjonal offentleg-privat allianse for avskogingsfrie forsyningskjeder (som del av Tropical Forest Alliance 2020) der både nasjonale og internasjonale selskap inngår. Eit viktig dekret vart godkjent for å gi urfolka utvida autonomi over sine territorium i Amazonas. Viktig framgang er i tillegg gjort innanfor måling og overvaking, og for å få fram analysar av årsakene bak avskoging og skogdegradering. Det har i tillegg lykkast å utarbeide strategiar for berekraftig produksjon for lokalbefolkninga som bur i eller i nærleiken av nasjonalparkane. Colombia har etablert kredittordningar som tilgodeser småbønder som vil produsere og samtidig ta vare på skogen.

I november 2018 leverte Colombia sitt andre samandrag på sosiale og miljømessige sikringsmekanismer til klimakonvensjonen. Samandraget handlar om korleis Colombia har følgd opp og respektert sikringsmekanismane i Amazonasregionen, der det sub-nasjonale programmet for REDD+ er under implementering.

I april 2018 vart det bilaterale klima- og skog-samarbeidet forlenga fram til 2025 i den såkalla Leticia-erklæringa. Erklæringa støttar opp under Colombias målsetjing om å stanse tap av naturskog innan 2030 og har ei årleg ramme på opptil 400 mill. kroner som betaling for oppnådde utsleppsreduksjonar frå redusert avskoging nasjonalt fram til 2025.

Noreg utbetalte til saman 67,2 mill. kroner til Colombia i 2018, av dette 52,7 mill. kroner for verifiserte tonn utsleppsreduksjonar.

Peru

Peru er verdas fjerde største regnskogland med 690 000 kvadratkilometer tropisk regnskog. Samanlikna med andre land i regionen har Peru hatt låg avskoging, men den har auka dei siste åra samanlikna med starten av 2000-talet. 2017-tala, som blei rapporterte i 2018, viste igjen ein reduksjon i avskoginga på 5 pst. samanlikna med 2016; frå 1640 kvadratkilometer til 1550 kvadratkilometer. Avskoginga for 2017 ligg framleis over siste ti års historiske gjennomsnitt for avskoging for perioden 2007–2016, som var på 1420 kvadratkilometer.

I gjennomsnitt slepp Peru årleg ut i overkant av 53 millionar tonn CO₂ som eit direkte resultat av avskoginga. Det er om lag like mykje som Noregs årlege klimagassutslepp. Avskoginga skuldast landbruk, ulovleg gullgraving og vegbygging. I tillegg kjem utslepp som følgje av degradering av skog. Ein viktig del av degraderinga skuldast ulovleg, ikkje-berekraftig hogst. Om lag halvparten av Perus nasjonale klimagassutslepp kjem frå arealbruksendringar og då særleg avskoging.

Gjennom avtala som Peru, Tyskland og Noreg signerte i 2014 sette Peru seg mål om betydelege utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogdegradering. Noreg lova å betale opptil 1,8 mrd. kroner innan 2020 dersom Peru leverer på sin del av avtala. Av midlane er 1,5 mrd. kroner reservert betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar.

Etter mange år med forseinkingar i klima- og skogsamarbeidet, har det vore viktig framgang i 2018. Peru lanserte i november 2018 ein handlingsplan for felleserklæringa med Noreg og Tyskland. Denne handlingsplanen er utarbeidd med fleire sektorar, blant anna landbruksdepartementet og kulturdepartementet (urfolksspørsmål), og vil bidra til å oppfylle viktige milepælar i felleserklæringa som bl.a. auka innsats knytt til lovhandheving, arealplanlegging, titulering av urfolksland og fremje av avskogingsfrie forsyningskjeder.

I 2018 vart eit område på 20 000 kvadratkilometer inkludert i Perus program for skogvern – eit nasjonalt program for betaling for økosystemtenester, der urfolk tek imot betaling for å ta vare på skogen i sine område. Peru har i løpet av perioden auka skogarealet under ulike kategoriar for verneregime til tilsaman 33 600 kvadratkilometer. Blant anna oppretta Peru i 2018 to nasjonalparker på høvesvis 13 500 kvadratkilometer (Sierra del Divisor) og 8 000 kvadratkilometer (Yaguas) og sikra urfolkssamfunn juridisk eigedomsrett til eit område på 10 000 kvadratkilometer. Skogarealplanar er dessutan under utvikling og gjennom felleserklæringa var San Martin i 2018 første delstat som fullførte ein arealplan for skogen i sitt fylke – på over 45 000 kvadratkilometer.

Ein sentral milepæl i samarbeidet er å stanse konvertering av permanent og verneverdig skog til landbruksland. I 2018 har peruanske styresmakter, i tillegg til å foreta normative forbetringar og reguleringar, styrkt kontrollpostar mot avskoging og ulovleg hogst, styrkt regelverk og sanksjonar som skal heve lista for å gjere lovbrøt, og drive opplysningsarbeid i regionane om den nasjonale skoglovgivinga og implikasjonar den har.

Peru har eit godt system for å måle og rapportere utslepp frå skog. Referansenivået for Amazonasbiomet, som utgjer meir enn 90 pst. av all skog i Peru, vart levert til FNs klimakonvensjon i 2016. Avskogingstala er lett tilgjengelege på plattformen GeoBosque, og viser avskoging heilt ned på kommunenivå. Perus tidleg-varslingsystem for skog er òg kopla opp mot denne plattformen. Denne informasjonen medverkar til stadig meir kunnskap om avskogingsmønster i Amazonas og kan gjere arbeidet med kontroll og handheving meir effektivt.

Til saman utbetalte Noreg 87 mill. kroner til Peru i 2018.

Kongobassenget

I Kongobassenget finst verdas nest største regnskog, etter Amazonas. Kongobassenget omfattar Den demokratiske republikken Kongo (DRK), Republikken Kongo, Kamerun, Gabon, Ekvatorial-Guinea og Den sentral-afrikanske republikken.

Skogen i Kongobassenget dekkjer eit område på langt over 3 mill. kvadratkilometer, når både tropisk regnskog og savanneskog er inkludert. DRK har 60 pst. av skogen i Kongobassenget og er verdas nest største skogland etter Brasil. Ny forskning har avdekt ei samanhengande torvmyr på 145 500 kvadratkilometer i grenseområdet mellom DRK og Republikken Kongo. Dette utgjer bortimot 30 pst. av verdas tropiske torvmyr.

Skogen i Kongobassenget er på same tid viktig for nedbørsmønster, og dermed også for busetnad og matproduksjon, i store delar av Afrika.

Avskoginga i Kongobassenget har historisk vore relativt låg, men er no sterkt aukande. Avskoginga er størst i DRK. Årleg avskoging i DRK var på heile 17 000 kvadratkilometer i perioden 2010–2014. Det betyr at eit samla skogareal tilsvarande det totale landarealet til Nederland og Belgia har forsvunne i denne fireårsperioden.

Svedjerdbruk er den viktigaste årsaka til avskoging i DRK, etterfølgt av produksjon av trekol rundt dei største byane. Sterk folkevekst og fattigdom er viktigaste underliggjande årsaker. I følgje oppdaterte prognosar frå FN vil DRK få den tredje største befolkningsveksten i verda (i millionar) etter India og Nigeria fram mot 2050 og bli verdas 5. mest folkerike land i 2100. Situasjonen i Kamerun har mange fellestrekk med DRK, medan Gabon, Republikken Kongo og Den sentral-afrikanske republikken har langt lågare befolkningspress og relativt låg avskoging. Ein

større del av CO₂-utsleppa i desse landa er forårsaka av skogdegradering gjennom meir spreidd hogst.

Landa i regionen har store utfordringar. Mange lever i fattigdom, styresettet er svakt og offentlege institusjonar manglar kapasitet. I tillegg er enkelte av landa ramma av konflikt.

I 2018 støtta Noreg fleirgjevarfondet Central African Forest Initiative (CAFI) med totalt 400 mill. kroner. Støtte gjennom Congo Basin Forest Fund (CBFF), og USAID-programmet CARPE har blitt avvikla.

Central African Forest Initiative (CAFI)

CAFI er eit regionalt fleirgivarinitiativ med sju givarland og alle dei seks skoglanda i Kongobasengen.

Etter lanseringa i 2015, inngjekk Noreg ei avtale om inntil 2 080 mill. kroner i støtte til CAFI fram til 2020. I april 2016 vart ei intensjonsavtale inngått mellom CAFI og DRK om samla støtte på inntil 1,5 mrd. kroner til implementering av ein investeringsplan mot avskoging. Midlane blir kanaliserte gjennom landet sitt nasjonale REDD+ fond (FONAREDD). Ein del av midlane blir først utbetalt etter ein uavhengig midtvegsgjennomgang av 41 ulike målsetjingar nedfelt i intensjonsavtala. Konklusjonen frå denne evalueringa kjem hausten 2019. Både CAFI-fondet og FONAREDD er forvalta av FN. Fondet er eit viktig instrument for å fremje tverrsektorielt samarbeid innanfor skog- og arealbruk og medverkar til dokumentert samarbeid på tvers av aktørar og sektorar. Ved utgangen av 2018 hadde FONAREDD lansert 15 programutlysingar, og styret i fondet hadde godkjent totalt 12 program med CAFI-finansiering.

CAFI's programportefølje i DRK er framleis under utvikling og i ein tidleg implementeringsfase. Etableringa av programporteføljen har teke lengre tid enn først forventa. Dette har samanheng med fleire regjeringsskifte sidan signeringa av intensjonsavtala og tidvis tunge prosedyrar hos implementerande partnerar, delvis som følgje av høgt risikonivå i landet. Enkelte program har likevel levert viktige resultat i 2018. DRK leverte sitt nasjonale referansenivå under Klimakonvensjonen i 2018. Dette arbeidet medverkar til Klima- og skoginitiativet sin milepæl i 2018 *betre systemer for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog*. Arbeidet er del av ein større innsats for å etablere eit nasjonalt skogovervakingssystem, som er eit av kriteria i Warszawa-rammeverket for REDD+.

Vidare har CAFI-finansieringa medverka til kompetanse- og kapasitetsutvikling i arealplanleggingsdepartementet og landrettighetsdepartementet. DRKs arealplanleggingsdepartement er blitt styrkt med ei tverrsektoriell ekspertgruppe bestående av 10 personar som medverkar med kartlegging og samanstilling av eksisterande dokumentasjon på arealbruk frå aktuelle departement, sivilt samfunn, privat sektor og andre relevante aktørar. Dokumentbasen vil bli nytta som grunnlag for det vidare arbeidet med å utarbeide ein nasjonalt politikk for arealplanlegging og deretter ein nasjonal arealplan. For arealplanleggingsarbeidet på desentralisert nivå er det vidare utvikla ein harmonisert metodeguide for deltakingande arealplanlegging på lokalt nivå som blant anna skal nyttast i integrerte provinsprogram. Dette arbeidet vil på sikt medverke til milepælen *effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk* i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk for 2018.

Den nasjonale kommisjonen for landreform, CONAREF, vart i løpet av rapporteringsperioden operasjonell og leier det pågåande arbeidet med den nasjonale landreforma. Hausten 2018 vart eit første utkast til ein nasjonal politikk for landrettar presentert og debattert på ein nasjonal konferanse med brei deltaking og høg politisk deltaking. Det vart under konferansen etablert ei rekke prinsipp som vil vere retningsgivande for det vidare reformarbeidet og lokalsamfunns, urfolks og kvinners rettar er særleg framheva i desse prinsippa. Prosessen knytt til politikktutviklinga er i tråd med føringane i intensjonsavtala mellom DRK og CAFI: inkluderande med deltaking frå urfolk og sivilsamfunn.

I 2017 inngjekk CAFI ein intensjonsavtale med Gabon med ei ramme på 150 mill. kroner. Gabon har heile 88 pst. skogdekke, og har sett seg svært ambisiøse mål for skogsektoren. Midlane frå CAFI skal støtte arbeidet med arealplanlegging og skogovervaking gjennom eit program implementert av det franske statlege utviklingsbyrået AFD. Som i DRK føreset intensjonsavtala med Gabon at støtta i Fase 2 (halvparten av støttebeløpet) blir utbetalt etter ein uavhengig midtvegsgjennomgang som vurderer måloppnåing i høve til kriteria i avtala. AFD-programmet vart utvikla i løpet av 2018, og godkjent i mars 2019.

I tillegg til DRK og Gabon har Republikken Kongo, Ekvatorial Guinea, Kamerun og Den sentralafrikanske republikk fått mindre tilskot frå CAFI til å utarbeide nasjonale investeringsplanar for REDD+. Republikken Kongo har komme lengst i dette arbeidet, og CAFI gjorde i 2018 ved-

tak om å starta forhandlingar om ei intensjonsavtale.

I november 2017 overtok Frankrike leiinga i CAFI. Noreg er framleis klart største givar til CAFI-fondet, men dei andre givarane har i motsetning til Noreg store bilaterale bistandsprogram i regionen som i aukande grad blir samstemte med CAFIs innsats. Interesse for CAFI som koordinerende organ for givarane sin innsats er aukande. I det nye partnerskapet med Republikken Kongo har dei andre gjevarane teke større finansielt ansvar, og Noreg medverkar med om lag ei tredel. Alt i alt har det vore ei svært positiv utvikling i samarbeidet mellom givarane i CAFI.

Arbeidet i denne regionen er vanskeleg og risikofylt. Det skuldast både det komplekse drivarbildet med småskala svedjerdbruk, trekolproduksjon, fattigdom og folkevekst som drivarar i DRK, det definitivt største skoglandet i regionen, og at regionen er prega av styresettutfordringar og store kapasitetsutfordringar. I tillegg er den politiske situasjonen i DRK svært utfordrande. Arbeidet krev tett oppfølging av CAFIs samarbeidspartnarar som implementerer programma. Totalt vart det utbetalt 400 mill. kroner til CAFI i 2018.

Liberia

Det samla skogarealet i Liberia er på storleik med Danmark og utgjer omtrent 50 pst. av den attverande vestafrikanske regnskogen. Bevaring av desse skogane vil vere avgjerande for Liberias høve til effektivt landbruk, tilgang til konstruksjonsvirke, energi og eksportinntekter. Samtidig har skogane eit svært rikt naturmangfald med mange unike arter. Bevaring og god forvaltning av skogane vil gi store klimagevinstar. Til trass for store naturressursar, er Liberia eit av verdas fattigaste land.

I 2014 inngjekk Noreg og Liberia ei avtale om støtte til bevaring av Liberias tropiske skog. Støtta skal medverke til kamp mot fattigdom gjennom grøn vekst, redusert avskoging og mindre utslepp av klimagassar. Noreg har lova å betale Liberia opp til 1 mrd. kroner, avhengig av resultatata landet oppnår.

Liberia har store utfordringar med fattigdom, infrastruktur og offentleg forvaltning. Akutte sosiale og økonomiske behov gjer det vanskeleg for myndigheitene å prioritere ressursar til langsiktig skogforvaltning. Til trass for den krevjande situasjonen har Liberia teke ei rekkje grep for å få kontroll over den industrielle tømmerhogsten og for å styrkje skogforvaltninga. Myndigheitene har stansa tildelinga av industrielle hogstkonsesjonar.

Dei arbeider og med å sikre at tømmer blir hogd lovleg og ansvarleg. Dette er knytt til ei handelsavtale med EU (VPA) som gir marknadstilgang for tømmer som er hogd i medhald av landet sine lover og reglar. Noreg bidrog i 2018 med 8 mill. kroner for å sikre kontinuitet i arbeidet med å implementere VPA-avtalen. Pengane blei kanalisert gjennom britiske Department for International Development (DFID).

Eit program for å styrkje skogforvaltning og stimulere berekraftig økonomisk aktivitet i dei største skoglandskapa blir gjennomført i samarbeid med Verdsbanken. Programmet medverkar til å betre forvaltninga av verdifulle verneområde og styrkje reformprosessen i skogforvaltninga. Denne går blant anna ut på å overføre formelle forvaltningsrettar til menneska som har sitt tradisjonelle levevis i og ved skogen. Programmet har medverka til resultat under Klima- og skoginitiativets milepælar i 2018 *effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk* og *betre styresett i skog- og arealforvaltning* i form av i) betre offentleg tilgang til prosessar og dokument knytte til hogstkonsesjonar og overføring av hogstrettar til lokalbefolkning, ii) revisjon og utvikling vidare av eit system for oppfølging av sosiale og miljøretta sikringsmekanisamar (SIS) og iii) oppretting av to nye verneområde. 28 mill. kroner vart utbetalt til Verdsbanken i 2018 for gjennomføring av dette programmet.

Hausten 2017 var det presidentval i Liberia. Valet vart gjennomført utan uro og vart etterfølgt av den første fredelege maktoverføringa i Liberia på 70 år. Dette er ein siger for den demokratiske utviklinga i landet etter borgarkrigen. Store utskiftingar i politisk og administrativ leiing, og ei ytterligere forverring av den økonomiske situasjonen i landet, førte likevel til avgrensa framdrift i 2018.

Til saman blei det gjennom DIFID og Verdsbanken utbetalt 36 mill. kroner til Liberia i 2018.

Etiopia

Etiopias landareal er på over ein million kvadratkilometer, som omtrent svarer til storleiken på Frankrike og Spania til saman. Det bur om lag 100 millionar menneske i landet. Til trass for ein årleg økonomisk vekst på over 10 pst. dei siste åra, er Etiopia framleis eitt av verdas fattigaste land. Unntakstilstand vart innført i landet på grunn av sosial og politisk uro i oktober 2016, denne vart heva i august 2017.

Etiopia har både savanneskog og annan naturskog. I skogane finst ei rekkje endemiske plante- og dyrearter, og dei fungerer også som naturlege

vasstårn for våtmarker og elvesystem som forsyner millionar av etiopiarar med straum, drikkevatt og vatning til jordbruk. Skogane sikrar dessutan lokalt mikroklima, dei forsyner landsbyar med bioenergi og medverkar til å binde jordsmonn der det blir dyrka mat. Avskoginga er driven primært av fattige menneske med behov for brensel og jordbruksland, vest i landet er skogen utsett for massivt press på grunn av brenselsbehovet til ei veksende flyktningbefolkning frå Sør-Sudan.

Etiopia har utarbeidd ein strategi for grøn økonomisk utvikling (Climate Resilient Green Economy (CRGE) Strategy). Landet tek sikte på å nå status som mellominntektsland innan 2025 utan at utsleppa av klimagassar aukar. For å oppnå dette planlegg landet å unngå drivhusgassutslepp på 255 millionar tonn CO₂ innan 2030, samanlikna med dagens utsleppsprognosar. Halvparten av utsleppa skal unngåast ved å verne og restaurere skog. Etiopia viser slik korleis skogbevaring og auka opptak av karbon i skog kan vere ein del av ein plan for økonomisk vekst. Dette gjer landet til eit eksempel for andre utviklingsland.

I august 2013 signerte Noreg og Etiopia ei avtale om gjennomføring av nasjonale planar for REDD+ for perioden 2013–2020. Gjennom å støtte Etiopias CRGE-strategi ønskjer Noreg å medverke til at dei lukkast med både å beskytte landets attverande naturskog, og å auke det eksisterande skogdekket.

I 2017 starta fase to av samarbeidet og det vart inngått avtaler om støtte til skogbevaringstiltak og tiltak som støttar opp under Etiopias skogrestaureringsambisjonar for 720 mill. kroner til og med 2020. Av desse skal 600 mill. kroner kanalisert gjennom Etiopias eige klimafond. I 2018 starta etiopiske myndigheiter implementering av norskstøtta klima- og skogtiltak i meir enn 100 distrikt. Programmet rapporterer å ha planta meir enn 17 millionar trær i perioden juli til september 2018, og demarkert og reservert meir enn 13 000 hektar med land for såkalla assistert naturleg regenerering. Programmet har vidare satt opp styregrupper og tekniske arbeidsgrupper med ansvar for skogbevaring i 54 distrikt i sør-vestre Etiopia. Både skogbevaring og skogplanting skjer i tett samarbeid med lokalsamfunna. Ei skogtransformasjonseining (Forest Sector Transformation Unit) som skal leggje til rette for og etablere offentlege-private samarbeid som tek sikte på å auke innsatsen for skogbevaring og skogplanting, og samtidig medverke til økonomisk vekst og jobbskaping, hadde si offisielle lansering i desember 2018. Desse har starta arbeidet med å vidareutvikle Etiopias skogsektor.

Noreg støttar også programmet *Institutional Strengthening for Forest Sector Development in Ethiopia*. Programmet etablerer plantasar og arbeider med skogrestaurering i tre regionar. Prosjektet rapporterer å ha planta meir enn 3000 hektar med hurtigvoksende plantasar og rehabilitert i underkant av 13 500 hektar med skog i 2018.

Det vart i 2018 gitt støtte til World Agroforestry Center (ICRAF), Norwegian Forestry Group, Farm Africa og Wondo Genet College. Alle prosjekta er godt i gang med implementering. Tematisk støttar dei opp omkring myndigheitenes arbeid. Det blei gjort ei midtvegsgjennomgang av Farm Africas arbeid i Bale-fjella i 2018, resultata var i all hovudsak positive. I 2018 blei det òg signert ei ny prosjektavtale med Kirkens Nødhjelp om støtte til dei etiopiske kyrkjeskogane. Det er gitt støtte til seks kyrkjer.

Program- og prosjektstøtta medverkar til milepælane i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk for 2018 *effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk og betre styresett i skog- og arealforvaltning*.

Noreg støttar Verdsbankens program for berekraftige skoglandskap (BioCarbon Fund Initiative for Sustainable Forest Landscape), som samarbeider med Etiopia om å redusere utslepp og skape nye inntekter frå skogen i Oromia-regionen. Implementeringa starta i 2017, og 2018 har såleis vore det første heile året programmet har vore operativt. Programmet har langsamare framdrift enn planlagt og var ikkje i stand til å møte målsettingane i 2018 for deltakande skogforvaltning og skogplanting. I tillegg til utfordringane knytt til implementering har hovudtema for diskusjonar i 2018 vore utviklinga av ein godefordelingsmekanisme og eit programdokument for utsleppsreduksjonar frå skog. Dette må vere på plass før Verdsbanken kan signere ei avtale om kjøp av utsleppsreduksjonar. Verdsbanken rangerar programmet framdrift som moderat tilfredsstillande.

I 2018 blei det etiopiske departementet for miljø, skog og klima omgjort til ein kommisjon. Den nye kommisjonens arbeidsområde er overlappande med det tidlegare departementets, og ressursituasjonen er uendra. Kommissæren har likevel ingen plass i regjeringa. Det vil være naudsynt å følge utviklinga og implikasjonane av dette over tid for å kunne sei om dette vil kunne få konsekvensar for det norsk-etiopiske klima- og skogsamarbeidet.

Etiopia lanserte i oktober 2018 sitt tiårige *National Forest Sector Development Program*. Programmet er eit rammeverk for skogutvikling i Etiopia, både som økonomisk sektor, som klimatiltak og for

å gjenreise viktige økosystemtenester. Programdokumentet er finansiert av Noreg og Sverige.

Framgangen i klima- og skogsamarbeidet med Etiopia ligg etter planen. Det var unntakstilstand i Etiopia i meir enn halve 2017, noko som har medverka negativt til framdrifta. Det må òg understreka at landet sitt generelle utviklingsnivå, og styresmaktene sin kapasitet, gjer at det vil krevje langsiktig innsats for å oppnå signifikante resultat i implementeringsfasen av klima- og skogsatsinga i landet.

Totalt vart det utbetalt litt over 77 mill. kroner til klima- og skogtiltak i Etiopia i 2018.

Guyana

Guyanas 185 000 kvadratkilometer med skog dekkjer eit område fire gonger så stort som Danmark. Guyana høyrer til ei anna geologisk sone enn Amazonasbassenget og har nokre av verdas best bevarte regnskogsområde. Avskoginga i Guyana er svært låg både i regional og global samanheng. Målet for samarbeidet mellom Guyana og Noreg er at avskoginga skal halde fram med å vere låg. Samarbeidet med Guyana er dessutan viktig for å ta vare på eit rikt naturmangfald og for å medverke til berekraftig utvikling for menneska i landet.

Guyanas president, David A. Granger, har teke initiativet til ein utviklingsplan for grøn, inkluderande økonomi. Det er venta at planen blir godkjent av nasjonalforsamlinga i Guyana og at den blir førande for framtidige regjeringsalliansar. Samarbeidet med Guyana medverkar til å nå Klima- og skoginitiativets overordna målsetjing i 2018 om å *ivareta naturskog* og til *berekraftig utvikling*. Guyana er eit såkalla *High Forest Low Deforestation*-land og samarbeidet er ein viktig modell for korleis slike land kan gjere seg nytte av program som fokuserer på reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering. Det er også blant dei fattigaste landa i Sør-Amerika, men nylege oljefunn utanfor kysten kan skape ein rask økonomisk vekst dersom inntektene frå sal av olje blir godt forvalta. Betra styresett i Guyanas skogsektor er også eit viktig mål for samarbeidet. Guyanas klimagassutslepp kjem hovudsakleg frå utslepp frå energisektoren og det er risiko for at desse vil auke framover. Utvikling av rein og fornybar energi er derfor ein viktig pilar i partnerskapet. Gjennom heile 2018 har det vore god framdrift i arbeidet med å få på plass ein plan for overgangen til rein og fornybar energi i Guyana.

Noreg har lova å betale opp til 1,5 mrd. kroner til Guyana avhengig av resultatata. Om lag 1 mrd.

kroner er utbetalt. Norske midlar blir bl.a. kanalisert gjennom eit fond i Verdsbanken (Guyana REDD+ Investment Fund (GRIF)) som går til å gjennomføre prosjekt i tråd med landet sin grønne utviklingsstrategi. Gjennom prosjekta har fleire små og mellomstore klimavennlege bedrifter fått høve til å starte opp både i byane og i urfolksområde. Klimatilpassingstiltak er òg sett i gang. Avtala med Verdsbanken om GRIF vart i 2016 forlenga med fem nye år, ut 2021.

Guyana Forestry Commission (GFC) er ansvarleg for overvaking av skogane i landet. I løpet av relativt kort tid har GFC utvikla eit av dei beste systema for skogovervaking, rapportering og verifisering i tropane. Noreg inngjekk i 2017 ei avtale med Conservation International om å støtte arbeidet til kommisjonen for å drive med skogovervaking fram til og med 2019. Guyanas skogtall for 2017, som blei rapportert i 2018, viser ei gjennomsnittleg avskoging på 0,048 pst. Det er den lågaste avskoginga sidan partnerskapen med Noreg begynte i 2009, og ei av dei lågaste avskogingsratane i verda. Ei av årsakene til dette er at Guyana har betra styringa av gruvesektoren etter at landet meldte seg inn i Extractive Industries Transparency Initiative i 2017 og forbetra styresettet i skogsektoren i samband med at landet slutta seg til ei avtale med EU om å unngå handel med ulovleg tømmer i 2018. Noreg har gjennom ei samarbeidsavtale med Storbritannia støtta opp om dette og blant anna medverka til at sivilsamfunnet får delta i arbeidet med å forbetre styresettet. Dette medverkar til å nå klima- og skoginitiativets milepæl i 2018 om *betre styresett i skog- og arealforvaltning* og til at *privat sektor medverkar til å redusere avskoging*.

Det har blitt utbetalt 13 mill. kroner til partnerskapen med Guyana i 2018. Hovudvekta har gått til systemet for skogovervaking.

Vietnam

Vietnam har variert topografi, klima og jordsmonn, med lang kystlinje, regnskog, tempererte område og fjell, og store elvedelta i nord og sør. Mekongregionen, som landet utgjer ein del av, er blant områda i verda med størst mangfald av sjeldne dyre- og plantearter, men også nokre av dei høgste avskogingsratane. Mellom 1943 og 1990 vart skogdekket i Vietnam redusert frå 43 til 27 pst. som følgje av krig og folkeauke. Sjølv om det totale skogdekket igjen har auka til meir enn 40 pst. som følgje av omfattande skogplanting, har avskoging og skogdegradering i attverande naturskog halde fram. Dette skuldast blant anna kon-

vertering til kommersielt plantasjejordbruk, infrastruktur og tømmerplantasjar. Intakt naturskog utgjer no mindre enn ein pst. av skogane i landet.

Noreg har sidan 2013 hatt ei klima- og skogavtale med Vietnam gjennom FNs REDD-program, som vart avslutta i 2018. Avslutninga av samarbeidet markerar at Vietnam har gjennomført mest alle milepælar for iverksetting av REDD+, og er kvalifisert for å ta imot betalningar for minska utslepp av klimagassar. Avtalen omfatta totalt støtte på 180 mill. kroner til Vietnams førebuande arbeid for å redusere klimagassutslepp frå skog. Iverksetjinga var utfordrande og prega av svak framdrift dei første åra. Dei siste åra har det likevel vore god framgang i programmet, i det viktige reformer som lovar godt for framtidig naturressursforvaltning kom på plass. Desse inkluderte eit direktiv frå Kommunistpartiet om å unngå all hogst i naturskog, redusere arealbruksendring og avskoging for infrastruktur og plantasjejordbruk, og å sikre betre handheving av lover knytte til forvaltning av skog.

Det vart i 2018 gjort framsteg i arbeidet med å utvikle eit referansenivå for utslepp frå skog. Dette gir moglegheit for resultatbaserte utbetalningar, om Vietnam klarer å dokumentere at utsleppa er lågare, eller karbonbindinga gjennom auka skogdekke høgare, enn dette referansenivået. Vietnam var blant dei første landa som gjorde ferdig eit system for rapportering på sikringsmekanismer for REDD+. Desse skal syte for transparens i forvaltning av skog, at etniske minoritetar ikkje blir skadelidande som følgje av tiltak for å redusere utslepp og å auke opptak av karbon i skog, og at naturskog og biologisk mangfald ikkje vert ytterlegare redusert. Desse framstega kan syte for at Vietnam kvalifiserer seg for støtte frå Verdsbankens karbonfond og Det grøne klimafondet.

Sjølv om ei ny skoglov frå 2017 gir auka rom for deltaking av sivilsamfunn og etniske minoritetar, er sivilsamfunnet framleis strengt kontrollert og har liten innverknad på skog- og arealbruk i Vietnam. Det er framleis utfordringar knytte til tap av naturskog, ulovleg hogst og handel med tømmer frå nabolanda. Vietnams treforedlingsindustri er blant verdas største, og har inntil dei siste åra importert ein stor del av råvarene og dermed lagt press på skogen i nabolanda, så vel som i andre skogregionar i verda.

Vietnam og EU underteikna i 2018 ei avtale for å sikre lovleg import av tømmer og trevarer frå Vietnam til den europeiske marknaden, inkludert Noreg. Utvikling av eit robust system for sporing av tømmer står sentralt her. FNs REDD-program

har ytt viktige bidrag til at denne avtala kom på plass. Det same gjeld norskstøtta sivilsamfunnsaktørar som Forest Trends og Environmental Investigation Agency, som har dokumentert ulovleg tømmerhandel, tapte inntekter og utviklingsmoglegheiter for styresmaktene i regionen. Den positive utviklinga på dette området kan no leggje grunnlaget for eit regionalt samarbeid om skogkriminalitet, der Vietnam kan dele av sine erfaringar og vere med å kvalifisere nabolanda i Mekongregionen for liknande avtaler med EU og finansieringsmekanismer for REDD+. FNs REDD-program har i 2018 utarbeidd eit regionalt program som kan utnytte det positive momentum for liknande framgang i styresett, skogdekke og deltaking i skogforvaltning også i nabolanda.

Resultata leverer på milepælane *betre styresett i skog- og arealforvaltning og policy for berekraftig skog- og arealbruk* i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk for 2018.

Klima- og skoginitiativet utbetalte til saman 3 mill. kroner til Vietnam i 2018. Pengane vart kanaliserte gjennom FNs REDD-program.

Tanzania

Rundt halvparten av Tanzanias samla areal er dekt av skog. Landet har stor variasjon av skogtypar, frå regnskog til tørr savanneskog.

Tanzania er eit land med høg avskoging. Landet har ei av verdens snøggast veksande befolkningar (3 pst./år), og majoriteten av befolkninga brukar ved og trekol som si primære energikjelde. Dette legg betydeleg press på skogen. Berre 15 pst. av befolkninga har tilgang til straum.

Ekspansjon av landbruksareal legg også eit betydeleg press på skogen i Tanzania. Det er nødvendig med auka landbruksproduksjon for å fø ei raskt veksande befolkning, men når produktiviten ikkje aukar er det nødvendig å ta i bruk nytt areal for å auke produksjonen.

I april 2008 underteikna Noreg og Tanzania ei intensjonsavtale om samarbeid for å redusere avskoginga i landet. Noreg lova å støtte landet med inntil 500 mill. kroner over fem år. Igangsetjing av REDD+ i Tanzania tok betydeleg lenger tid enn venta og den politiske støtta til arbeidet med REDD+ vart svakare etter endringar i regjeringa i 2009. Etter at president Magufuli kom til makta i slutten av 2015 er klima framleis lågt prioritert av Tanzanias myndigheiter. Tanzanias viseminister for miljø deltok på Klimatoppmøtet i Polen (COP24) i 2018 med norsk støtte.

Noreg heldt i 2018 fram med støtta til Tanzanias National Carbon Monitoring Centre (NCMC),

som vart lansert i 2016. Sokoine University of Agriculture er vertsinstitusjon, og det er avtalefesta eit fagleg samarbeid med Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO). NCMC leverer data til miljømyndigheitene og produserer informasjonsmateriale om avskoging og klimagassutslepp.

I 2018 støtta Noreg også Forestry Training Institute (FTI). Instituttet medverkar til å auke kunnskapen om REDD+ gjennom yrkesutdanning på skogområdet. Prosjektet vart avslutta i 2018, og resultatane av prosjektet vil bli evaluert i løpet av 2019.

Til saman utbetalte Noreg ca. 11,5 mill. kroner til Tanzania i 2018.

Transparens

Auka transparens kring avskoging er eit av hovudsatsingsområda for Klima- og skoginitiativet. Ny teknologi og raskt fallande kostnader for satellittar og satellittinformasjon, gjer det mogeleg å overvake avskoging i nær sanntid. Saman med informasjon om landrettar, hogstkonsesjonar og finansstraumar gir dette nye moglegheiter for myndigheiter til å overhalde lover, sivilsamfunnsorganisasjonar og urfolk til å drive kampanjar, og bedrifter til å bruke si marknadsmakt og levere på mål om avskogingsfrie forsyningskjeder.

Teknologiske plattformer for transparens, slik som Global Forest Watch, er også svært nyttige for at sivilt samfunn og urfolksgrupper – under dette mange støtta av Klima- og skoginitiativet, kan halde styresmakter og selskap ansvarlege for avskoging.

Måling, rapportering og verifisering (MRV) av endringar i skogen og utslepp av klimagassar frå skogareala er ein føresetnad for å kunne betale for utsleppsreduksjonar. Skoglanda må etablere eit system for å måle endringar i skogareala og estimere utslepp av klimagassar frå skog, for så å rapportere resultatane offentleg og til dei som skal betale for utsleppsreduksjonar. For at resultatane skal ha truverde må dei verifiserast av ein uavhengig tredjepart. I 2018 heldt Klima- og skoginitiativet fram med å gi støtte til fleire strategiske satsingar for å bidra til milepælen *system for måling, rapportering og verifisering av utslipp frå skog er etablert*. Støtta går både til skogland for å byggje opp deira MRV-system, og til overordna satsingar. I dei bilaterale samarbeida medverkar Klima- og skoginitiativet sin innsats til å utvikle system for måling, rapportering og verifisering, mellom anna for Brasil, Peru og Etiopia. På globalt nivå er Noreg den største givaren til prosjektet Global Forest Watch, som gjer uavhengige analysar av

skogar i verda gratis tilgjengelege via sine nettsider.

Klima- og skoginitiativet medverkar òg til metodeutvikling for måling av endringar i skogen og estimering av utslepp av klimagassar frå skog i tropiske land. Eit eksempel på slikt arbeid er deltaking i det internasjonale nettverket Global Forest Observation Initiative. I 2018 vart det inngått ei ny avtale med FAO om støtte til sekretariatet til dette nettverket fram til 2020. Dette nettverket har blant anna til føremål å syte for at leverandørane av satellittdata prioriterer å samle inn data om skogen, og at skoglanda har tilgang til god metoderettleiing og kapasitetsbygging. I 2018 har nettverket brukt ressursar blant anna på å systematisere arbeidet med å identifisere skoglanda sine behov. Klima- og skoginitiativet arbeider òg for eit betre samarbeid mellom leverandørar og brukarar av satellittdata av skog. Dette arbeidet blir utført med støtte frå Norsk Romsenter. Eit anna eksempel er Noregs støtte til eit prosjekt i FAO som gjer fjernmålingsdata tilgjengelege for tropiske skogland. Avtala med FAO vart i 2018 utvida til å gjelde fram til 2020.

Til saman vart det utbetalt 77 mill. kroner til overordna MRV og anna metodearbeid i 2018. Hovuddelen av midlane finansierte WRIs program Global Forest Watch og FAOs Satellite Data Management System.

Mangrover og anna særskilt karbonrik skog

Klima- og skoginitiativet har eit særskilt fokus på naturskog, grunna dei store karbonlagra desse økosystema ofte representerer, og deira særskilt viktige bidrag til bevaring av andre økosystemteknester. I takt med at den generelle oversikta over skogane i verda er blitt betre dei siste åra, er det aukande fokus på særskilt karbonrike naturtypar i prosjektporteføljor og internasjonale samarbeid. Eksempel på dette omfattar støtta til det indonesiske byrået for restaurering av torvmyr, intakt naturskog i Papua og Vest-Papua, og støtte til fleire prosjekt som inneheld komponentar på torvmyr og mangroveskog. Stortinget har ved fleire høve framheva at slike økosystem burde få meir merksemd, seinast i Innst. 9 S (2016–2017), der Energi- og miljøkomiteen ber om at det blir sett i gang meir dialog internasjonalt om mangroveskog og REDD+, og støtte til eitt eller fleire strategiske initiativ på mangroveområdet. Det har i løpet av 2018 funne stad førebuingar til slike innsatsar i Myanmar, Indonesia, og på sikt i Brasil, som er nokre av landa med dei største førekomstane, men også raskaste tap av mangroveskog.

Det vart også halde ei særskilt sesjon om mangrovar og torvmyrer under Tropical Forest Forum i Oslo, med deltaking frå Republikken Kongo, Indonesia, FN Miljø og forskarar, i tillegg til statsråden.

I Indonesia har ein i 2018 arbeidd vidare med planar for kartlegging av mangrovar og inkludering av mangrovar i grunnlaget for eventuell resultatbasert støtte frå Noreg. Det er særleg aktuelt i provinsane Papua og Vest-Papua, som omfattar dei største mangroveførekommene, og samtidig mesteparten av attverande intakt regnskog, i Indonesia.

Støtte til sivilsamfunn

Sivilsamfunnet er viktige aktør i arbeidet for reduserte utslepp frå avskoging (REDD+), og har vore ein viktig støttekanal for Klima- og skoginitiativet sidan 2009. I tillegg til fortløpande avtaler, vart tre nye avtaler (WWF Noreg, Forest Peoples Programme og Mongabay) og fire tilleggstilskot gitt i 2018 (Regnskogfondet, Aidenvironment, Environmental Investigation Agency og Global Witness).

Måla for sivilsamfunnsatsinga fell inn under resultatrammeverket for Klima- og skoginitiativet for 2018 (sjå boks 7.4 i Prop. 1 S (2018–2019)), og prosjekta er valt ut for å levere resultat på ulike milepælar og indikatorar. Dei fleste prosjekta hadde ein ekstern midtvegsgjennomgang i 2018. Eksempel på resultat knytte til nemde rammeverk er oppsummert nedanfor.

Innan milepælane *REDD+ bidrar til å auke ambisjonen i det globale klimaregimet og auka, langsiktig og forutsigbar global finansiering av REDD+* har mellom anna Regnskogfondet og European Federation for Transport and Environment arbeidd med å forbetre høvesvis sikringsmekanismer, ambisjonar og berekraftig biobrensel knytt til luftfart gjennom FN's spesialiserte byrå for den internasjonale luftfarten (ICAO).

Fleire organisasjonar arbeider for milepælen *betre sikringsmekanismer innarbeidet i finansieringsinstitusjoner for REDD+*. Blant anna har Rights and Resources Institute (RRI), International Work Group for Indigenous Affairs (IWGIA) og Regnskogfondet medverka til at ein urfolkspolicy no er på plass i det grøne klimafondet.

I Vietnam har Forest Trends' studiar av regionale handelsmønster og flyt av tømmer frå Laos til Kina og Vietnam hatt direkte påverknad på utforminga av Vietnams importregelverk og på vietnamsiske tømmerimportørar. Dette medverkar til å nå Klima- og skoginitiativets milepæl *policy for bærekraftig skog- og arealbruk i skogland*.

Earthworm Foundation (tidlegare The Forest Trust) har arbeidd for å styrkje lokale sivilsamfunnsaktørar i å overvake gjennomføringa av palmeoljeselskap sine forpliktingar. I Indonesia har WWF utvikla ei web-basert plattform for overvaking, rapportering og verifisering av skogdata i Aust-Kalimantan. Dette medverkar til milepælen *systemer for måling, rapportering og verifisering av utslipp fra skog er etablert*.

Fleire sivilsamfunnsaktørar arbeider opp mot milepælen *effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk*. Myndigheitene i Liberia har med bidrag frå Global Witness starta ein konsultasjonsprosess på ny policy og lovverk for betre å regulere den industrielle landbrukssektoren. Earth Innovation Institute (EII) har i løpet av prosjektperioden lykkast i å få framgang rundt offentlege lågkarbon-utviklingsplanar i fleire delstatar i Brasil, Colombia, Peru og Indonesia.

Mange organisasjonar arbeider på ulike måtar mot milepælen *betre styresett i skog- og arealforvaltning*. Environmental Investigation Agency avslørte i rapporten *Rosewood racket* (2017) moglege brot på Nigerias forpliktingar under konvensjonen for handel med truga arter (CITES). Rapporten førte til at CITES Standing Committee suspenderte all kommersiell handel av kossotømmer frå Nigeria. Stiftelsen for skog- og landrettar, International Land and Forest Tenure Facility, finansierer eit prosjekt i Peru som ved slutten av 2018 hadde sikra landtitulering av urfolksterritorium pålydande 565 682 hektar i delstatane Madre de Dios og Loreto.

Innan milepælen *privat sektor jobber mot avskoging*, har Aidenvironment styrkt overvaking av avskoging i næringslivet gjennom å produsere rapportar som viser risiko knytt til avskoging både for produsentar og kjøparar. Imazon produserte saman med partnar O Eco filmen *Grazing the Amazon* som sette søkelys på avskoginga forårsaka av kjøtindustrien i Brasil.

I juni 2018 vart Oslo Tropical Forest Forum, tidlegare Oslo REDD Exchange, gjennomført for fjerde gang. Konferansen samla vel 660 deltakarar frå sivilsamfunn, multilaterale organisasjonar, myndigheiter, akademia og privat sektor. Konferansen er ein av dei viktigaste internasjonale arenaene for bevaring av tropisk regnskog. Sentralt på agendaen var berekraftsmåla, rolla til privat sektor, koplinga mellom skog og Parisavtala, skogmonitorering, ulovleg og uregulert hogst samt urfolks rettigheter.

Til saman utbetalte Norad 325,5 mill. kroner til sivilsamfunnsprosjekt, inklusive Tenure Facility,

under kap. 1482 post 73 i 2018. I tillegg vart 13,3 mill. kroner utbetalt under same budsjettposten for konferansen Oslo Tropical Forest Forum.

Støtte til urfolk og andre skogavhengige folk

Urfolks innsats og sak støttast i hovudsak gjennom dei bilaterale partnerskapa. I tillegg blir det gitt støtte til urfolk og andre skogavhengige folk gjennom sivilsamfunnsstøtta. Klima- og skoginitiativet medverkar òg til at urfolks rettar blir tekne vare på og styrkte i dei multilaterale kanalane som initiativet støttar.

I dei fleste av partnerskapa til Klima- og skoginitiativet står urfolksinnsats sentralt, sjå rapportering på dei enkelte landa. I Peru har i underkant av 70 urfolkssamfunn i fylka San Martín, Ucayali og Loreto fått landrettar til regnskogen i områda dei bur i, eit areal på over 3 000 kvadratkilometer. I Colombia blir bl.a. organisasjonen OPIAC støtta, noko som har medverka til at 86 urfolkssamfunn i colombiansk Amazonas har fått styrkt kapasitet til å forvalte sine territorium på ein berekraftig måte. I Guyana har det nasjonale fondet, GRIF, finansiert eit prosjekt for å styrkje urfolks rettar til land. Arbeidet har vore vanskeleg å få gjennomført, men eitt urfolksområde vart ferdigstilt i 2018.

Støtte til urfolksorganisasjonar har vore eit prioritert tematisk område for sivilsamfunnsporteføljen frå 2016–2020, og til saman ti organisasjonar har fått støtte på området. Bl.a. har RAISG-konsortiet tilrettelagt for dialog mellom urfolksorganisasjonar og høgtstående myndigheitspersonar frå Brasil, Colombia, Ecuador og Peru om betydninga av urfolksterritorium for å ta vare på naturskog og skogen si evne til å binde karbon. Bodskapen er underbygt av forskninga RAISG har gjort på feltet. Gjennom Governors Climate and Forest Initiative blir det støtta innsats for urfolk sine rettar på subnasjonalt nivå i fleire sentrale skogland.

Klima- og skoginitiativet har sidan 2017 støtta Tenure Facility, i regi av Rights and Resources Institute (RRI). Tenure Facility har som mål å styrkje landreform og rettar for urfolk og lokalsamfunn i utviklingsland, gjennom støtte til lokale urfolksorganisasjonar. Tenure Facility medverka bl.a. til at urfolk fekk rettar over eige land i fleire provinsar i Peru i 2018.

Med norsk støtte medverka Rights and Resources Institute (RRI) og deira koalisjonsmedlemmer, spesielt Tebteba og FN's spesialrapportør for urfolks retta til at ein urfolkspolicy er etablert i Det grønne klimafondet. Påverknadsarbeidet tok utgangspunkt i RRI's analyse av urfolks rettar i eit utval prosjekt frå klimafondets portefølje.

Strategisk kommunikasjon

I september 2018 inngjekk Klima- og skoginitiativet ei avtale om å opprette Rainforest Journalism Fund, eit journalistisk uavhengig fond drifta og forvalta av Pulitzer Center on Crisis Reporting. Avtalen har ei ramme på 49 mill. kroner over fem år, og nedslagsfeltet er dei tre store skoggeografi-ane Amazonas, Sentral-Afrika og Sørøst-Asia/Indonesia. Gjennom prosjektperioden skal fondet medverke til meir enn 200 journalistiske saker i høvesvis lokale og regionale medium i dei ulike skoglanda, og i store, internasjonale medium. I tillegg til å styrkje den frie og uavhengige journalistikken vil Pulitzer Center arrangere årlege journalistkonferansar i kvar skogregion der kunnskapsdeling og lokal kapasitetsbygging står sentralt. Fordi undersøkjande journalistikk kan vere svært farleg, arrangerer Pulitzer Center også omfattande tryggingkurs for journalistar. I september 2018 inngjekk Klima- og skoginitiativet ei avtale med Climate and Land Use Alliance (CLUA). Ein stor del av innsatsen skal dreie seg om strategiske kommunikasjonstiltak i skoglanda Indonesia og Brasil. Arbeidet var i 2018 i oppstartsfasen.

I 2018 støtta også Klima- og skoginitiativet nettstaden Mongabay, organisasjonen BBC Media Action, og Center for International Forestry Research (CIFOR). Avtalene er forvalta av Norad. Nettstaden Mongabay.com produserer og publiserer nyheitsstoff relatert til tropisk avskoging. Berre blant Mongabays lesaarar i Latin-Amerika vart det registrert 6,5 millionar unike besøkande i 2018, meir enn ei dobling frå året før. Norad inngjekk ei avtale med BBC Media Action i 2016 for støtte til prosjektet Return to the Forest. Prosjektet inneber produksjon av fjernsynsprogram som har til formål å informere om problemstillingar knytte til avskoging i Indonesia. På grunn av forseinkingar vart samarbeidsavtala mellom BBC Media Action og det indonesiske kommunikasjonsdepartementet først signert i august 2018, og prosjektet var slik i 2018 i startfasen. I 2018 fekk CIFOR støtte til arbeidet med å publisere boka *Transforming REDD+: Lessons and New Directions*, som summerer dei siste 10 års forskning på REDD+. Sekstito forfattarar medverka. Boka vart lansert i høve Global Landscapes Forum i november 2018 i Bonn, og på påfølgjande internasjonale møte på FN's klimakonvensjons årskonferanse i Katowice i Polen.

Å styrkje den frie og uavhengige journalistikken har potensiale til å medverke inn mot ei rekke av Klima- og skoginitiativet sine strategiske målsetjingar i 2018; *policy for berekraftig skog- og*

arealbruk i skogland, betre styresett i skog- og arealforvaltning og i neste omgang medverke til at *samarbeidsland tek vare på naturskog*.

Det blei i 2018 utbetalt om lag 24,6 mill. kroner til strategisk kommunikasjon.

Innsats for å nedkjempe skogkriminalitet

Ulovleg verksemd i skogsektoren er – direkte og indirekte – ein av dei største truslane mot verdas regnskogar. I følge INTERPOL og FN utgjer delen ulovleg hogst i tropiske regnskogland mellom 50 og 90 pst. av hogsten, og verdien av ulovleg hogst og handel med ulovleg tømmer er estimert til mellom 51 og 152 mrd. US dollar årleg. Utover dei alvorlege miljøkonsekvensane som skogkriminalitet representerer, er skogkriminalitet nært knytt til økonomisk kriminalitet som korrupsjon, kvitvasking og skattesvindel. Likevel er sjansen for å bli teken og dømt framleis svært låg mange stader. Utan å redusere den ulovlege avskoginga når vi neppe måla i Parisavtala eller Berekraftsmåla. Ei heller målsetjingane for Klima- og skoginitiativet. Derfor har Klima- og skoginitiativet i 2018 intensivert innsatsen mot ulovleg avskoging som eit viktig verkemiddel for å støtte opp om dei bilaterale avtalene i satsinga.

I 2018 lanserte Klima- og skoginitiativet støtte til programmet Enforcement assistance programme to reduce tropical deforestation (LEAP) for å styrkje politi-, toll- og påtalemyndigheiter si evne til å nedkjempe ulovleg avskoging i sentrale samarbeidsland i Asia og Latin-Amerika. Noreg vil bruke opptil 145 mill. kroner over 2,5 år på samarbeidsprosjektet mellom i hovudsak Interpol og FNs Kontor for kamp mot narkotika og kriminalitet – UNODC. I 2018 registrerte politimyndigheitene i fokuslanda for prosjektet rundt 100 skogkrimsaker i Interpol sine system. I tillegg fullførte Interpol to regionale politioperasjonar retta mot å avdekke skogkriminalitet med fokus på å ta bakkemennene i dei kriminelle nettverka. Desse operasjonane førte til fleire pågåande etterforskingssaker. Interpol har rapportert at dei har opplevd ein markant auke i talet på saker som blir innrapporterte av nasjonale politimyndigheiter sidan Noreg begynte å gi midlar til dette arbeidet.

Prosjektet medverkar til milepælen *effektiv gjennomføring av policy for bærekraftig skog- og arealbruk* i Klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk i 2018.

Norad forvaltar fleire prosjekt av sivilt samfunn som på ulike måtar medverkar til meir transparens i skogsektoren og i å avdekke ulovlege tilhøve i regnskogland. I tillegg støttar KLD World

Resources Institutes (WRI) arbeid med å styrkje lovleg verksemd i skogsektoren. I 2018 lanserte WRI saman med partnerane i den Demokratiske Republikken Kongo (DRK) og Republikken Kongo den nettbaserte plattformen Open Timber Portal. Plattformen er eit transparensverktøy som blir brukt av hogstselskap, NGOar og av kjøparar som ønskjer å kjøpe lovleg tømmer. Formålet er å medverke til å svekke den ulovlege sektoren. WRI rapporterer om stor interesse for plattformen. WRI hadde òg i 2018 stor suksess med sitt arbeid med å innhente tresortsprøvar for å lage referansedatabasar for utvalte tømmerstortar. Dette arbeidet vil i neste steg gjere det lettare for myndigheiter, som toll, å identifisere og leggje beslag på ulovleg tømmer. WRI fekk mykje mediamerksemd for dette arbeidet, blant anna av NY Times.

I 2018 vart Klima- og miljødepartementet valt inn i styret til Interpols arbeidsgruppe på skogkriminalitet. Gruppa, som er leia av USA, med Noreg som nestleiar, skal blant anna arbeide med å leggje til rette for auka deltaking i internasjonale politioperasjonar med fokus på å avdekke og stoppe skogkriminalitet og handel med ulovleg tømmer, og å gi strategiske råd til Interpol.

Noreg utbetalte i 2018 til saman 20,8 mill. kroner til tiltak for å nedkjempe skogkriminalitet.

Interfaith Rainforest Initiative

Det vart i 2017 inngått avtale om norsk støtte på 50 mill. kroner for perioden 2018–2020 til arbeidet med Interfaith Rainforest Initiative. FN miljø (UNEP) forvaltar midlane og koordinerer arbeidet. Formålet med initiativet er å mobilisere trussamfunn, religiøse institusjonar og religiøse leiarar i kampen for vern av tropisk skog i Indonesia, DR Kongo, Peru, Colombia og Brasil. Trussamfunn representerer unike nettverk for kunnskapsformidling, bevisstgjerings og mobilisering i Klima- og skoginitiativet sine partnerland. Trussamfunn er ein viktig del av det sivile samfunn i desse landa og representerer ei betydeleg moralsk og mobiliserande kraft som hittil ikkje har vore utnytta i arbeidet med vern av regnskogen.

I Brasil vart det i løpet av 2018 halde ei rekkje møte for å konsultere religiøse leiarar, sivilsamfunnsaktørar og urfolksgrupper. Ein interreligiøs dialog om vekt av å bevare den attverande regnskogen i Brasil for å nå 1,5 gradersmålet og FNs berekraftsmål er initiert under initiativet. Moglegheter og utfordringar for gjennomføring av ei lansering av initiativet i Brasil må vidare vurderast i lys av den nye politiske konteksten i landet.

Initiativet blei lansert i både Colombia og Peru i løpet av 2018. I begge land vart det arrangert arbeidsmøte, og identifisert landstrategiar og ein handlingsplan for vidare arbeid med initiativet.

I DRK og Indonesia vart det i løpet av 2018 arbeidd med ei kartlegging av relevante aktørar frå trusbaserte organisasjonar, urfolksgrupper og sivilsamfunn. I Indonesia vart det vidare halde innleiande arbeidsmøte med sentrale aktørar, der potensielle fokusområde for eit landprogram vart identifisert.

Initiativet medverkar inn mot Klima- og skoginitiativet sin milepæl *effektiv gjennomføring av ny policy for bærekraftig skog- og arealbruk* og bidrar til samarbeid på tvers av aktørar og sektorar.

Noreg utbetalte 25 mill. kroner til Interfaith Rainforest Initiative i 2018.

Multilaterale satsingar

Noreg har over fleire år gitt støtte til ulike multilaterale program gjennom FNs klima- og skogprogram (UN-REDD), Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) og Verdsbankens BioCF Initiative for Sustainable Forest Landscapes (BioCF ISFL). Noreg har medverka aktivt i utforminga av programma sin policy og gjennomføring. Totalt deltek meir enn 60 skogland i desse initiativa. Det er viktig for Noreg at også innsats gjennom multilaterale kanalar har eit nasjonalt fokus, og er retta mot å gi insentiv for varige nasjonale reformer i tråd med Klima- og skoginitiativet sin strategi. Organisasjonane skal hjelpe skoglanda til å setje i verk inkluderande prosessar, styrking av urfolks og andre skogfolks rettar, likestilling og ivaretaking av biologisk mangfald.

Noreg har støtta UN-REDD sidan 2008. Programmet blir implementert av FN-organisasjonane UNDP, FAO og UNEP, og er todelt. Den første komponenten tilbyr fagleg bistand til UN-REDDs medlemsland som skal levere REDD+ resultat. Den andre komponenten er ein global, tematisk kunnskapskomponent. Parallelt held UN-REDDs arbeid med Nasjonale Program (NP) fram. Colombia avslutta sitt NP i 2018, noko som medverka til at REDD+ readiness-prosessen vart fullført. I 2018 har programmet også støtta overgang til REDD+ implementeringsfase og implementering av REDD+ Action Plan, medverka til fullføring av krav i Warszawa-rammeverket, og til REDD+ National Investment Framework for enkelte land. I tillegg har UN-REDD, med FAOs spesialkompetanse innan måling, rapportering og verifisering (MRV), medverka til utviklinga av

samfunnsbaserte MRV-system og/eller aktiviteter i meir enn 40 land.

I sitt 10-årsjubileum har UN-REDD-programmet kunna rapportere om bidrag til blant anna utforming av sosiale og miljømessige sikringssystem (SIS), utvikling/forbetring av nasjonale skogovervakingssystem (NFMS), berekning av referansebaner for utslepp (FREL/FRL), og til utforming av nasjonale REDD+-strategiar og arealbruksplanar. Sjå òg omtale av UN-REDD under rapportering om Vietnam.

Framdrifta i Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) sitt Readiness-fond er god. Sju land har sidan juli 2017 nådd målet om full kvalifisering til FCPF Karbonfondet, av desse tre i 2018.

Å setje referansenivå for avskoging (FRLs) og/eller referansenivå for utslepp frå skogsektoren (FRELs) er dei første stega landa må ta for å dra nytte av REDD+. Som ein nøkkelkomponent innan skogovervakingssystem angir FRL og FREL eit utgangspunkt som utsleppsreduksjonar blir målt opp mot, som er grunnlaget for resultatbaserte utbetalingar. Ytterlegare sju FCPF-land har levert sine referansenivå til UNFCCC i 2018, noko som gir eit totalt tal på 26 land sidan 2015.

I 2018 vedtok FCPF's Karbonfond å godta ytterlegare fem land i fondet sin investeringsportefølje; Mosambik, Vietnam, Laos, Nepal og Madagaskar. Dei seks programma som allereie er valt inn i fondets investeringsportefølje er DR Kongo, Costa Rica, Mexico, Ghana, Republikken Kongo og Chile. Fondets investeringsportefølje bestod ved utgangen av 2018 av totalt elleve land som førebur seg til å skrive under på kjøpskontraktar med fondet. I 2018 vart DR Kongo det første landet som underskrev en kjøpskontrakt med fondet. Dette er ein viktig milestolpe i arbeidet opp mot Klima- og skoginitiativet sitt mål om å medverke til utsleppsreduksjonar.

Noreg har òg sidan 2013 støtta Initiative for Sustainable Forest Landscapes (ISFL) gjennom BioCarbon Fund (BioCF) i Verdsbanken. Initiativet har til hensikt å prøve ut ei landskapstilmærming med fokus på klimasmart landbruk og bevaring av naturskog i tropiske skogland. ISFL består av to finansieringsmekanismer: BioCF *plus* som er tilskot for kapasitetsbygging og teknisk assistanse, og BioCF *T3* som består av resultatbaserte utbetalingar. BioCF ISFL dekkjer jurisdiksjonar i fem land; Etiopia, Indonesia, Mexico, Colombia, og Zambia som til saman dekkjer landareal på over 120 mill. hektar. I 2018 fekk fondet ein ny givar då Sveits gjekk inn i fondet med 10 mill. sveitsiske franc. Det er venta at fondet i løpet av

dei neste åra vil skrive under kjøpsavtaler for utsleppsreduksjonar for til saman rundt 250 mill. tonn CO₂-ekvivalentar.

Noreg utbetalte 440 mill. kroner til multilaterale satsingar i 2018 gjennom Klima- og skoginitiativet, kanalisert gjennom Verdsbanken (FCPF) og UN REDD.

Samarbeid med privat sektor

Meir enn halvparten av all avskoging i dag skuldast produksjon av mat og andre landbruksråvarer. Samtidig aukar talet på menneske på jorda svært raskt og innan 2050 vil verden måtte dekkje matbehovet til 10 milliardar menneske. Berekraftig landbruk er derfor sentralt for å redusere avskoging i tropiske skogland. Dette kan gjerast gjennom effektivisert landbruk, god skog- og arealforvaltning, og restaurering av landareal med utarma jord. Styresmaktene må leggje til rette gjennom regulering, slik som arealplanar, stabile landrettar, lovverk som ikkje tillèt at skogar og torvmyrer blir øydelagde, og målretta insentivordningar. Selskapa som produserer og kjøper råvarer som soya, palmeolje, kjøt og kakao, må ta ansvar for at produksjonen ikkje medverkar til avskoging. Her er offentleg-privat samarbeid sentralt.

Dei siste åra har mange store selskap engasjert seg i kampen mot avskoging. Omlag 500 selskap har påteke seg forpliktingar om å gjere forsyningskjedene sine avskogingsfrie sidan signeringa av New York Declaration on Forests i 2014. Det er svært positivt, og ein snakkar no om ein global allianse mot avskoging innan privat sektor. Det er likevel krevjande å gjennomføre skyldnadene, og fleire studiar viser at det blir utfordrande å nå måla for 2020.

Noreg støttar privat sektor sin innsats for å redusere avskoging frå forsyningskjeder, og utvikling av metodar for ein berekraftig og klimavennleg landbruksproduksjon, på fleire måtar. Tiltaka som er beskrivne under skal medverke til framgang på milestolpen knytt til *privat sektor arbeider mot avskoging* i Klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk for 2018, og på milestolpane *effektiv gjennomføring av policy for bærekraftig skog- og arealbruk*.

Noreg er ein aktiv deltakar i Tropical Forest Alliance (TFA), som er eit privat-offentleg samarbeid for å innføre avskogingsfrie verdikjeder for palmeolje, papirmasse, soya og storfekjøtt innan 2020. Alliansen høyrer til under World Economic Forum-paraplyen og består av deltakarar frå skogland, givarland, privat sektor og sivilsamfunn, inkludert urfolk. Alliansens fortrinn er at den

samlar ulike samarbeid på tvers av aktørar og sektorar rundt felles målsetjingar. Den produserer kunnskap om korleis privat sektor, under dette finanssektoren, kan bli avskogingsfri, respektere skogfolks rettar og bevare naturskog, samtidig som skoglanda oppnår økonomisk vekst og fattigdomsreduksjon. Slik kan alliansen hjelpe skogland å oppfylle fleire berekraftsmål for utvikling. I 2018 har TFA styrkt samarbeidet med Consumer Goods Forum, medverka i utviklinga av deira post 2020-strategi, og lagt til rette for offentlig-privat satsing i eit utval sentrale råvareproduserande jurisdiksjonar med høg avskoging.

I juli 2017 vart &Green-fondet for avskogingsfritt landbruk i tropiske skogland etablert etter initiativ frå Noreg. Gjennom å tilby subsidiert delfinansiering, eller risikoavlastning, har fondet som mål å mobilisere privat kapital til investeringar i avskogingsfrie forretningsmodellar. Fondet skal demonstrere modellar der sosialt og miljøvist ansvarleg landbruk er økonomisk lønnsamt, og dermed medverke til å framskande ei grøn omstilling i landbruksindustrien. Noreg har lova å medverke med opptil 800 mill. kroner. Fondet har i 2018 diskutert investeringshøve med ei rekkje selskap, og lagt til rette for investeringar i 2019.

The Sustainable Trade Initiative (IDH) fremjar samarbeid mellom myndigheiter, lokalbefolkning og privat sektor for utvikling av avskogingsfritt jordbruk i viktige område i Brasil, Indonesia og Liberia. Innovative program, blant anna for meir berekraftig storfe- og soyaproduksjon, landsbybasert skogforvaltning, og arealplanlegging, vart starta opp og utvikla vidare i ei rekkje område i 2018.

Klima- og skoginitiativet støtta i 2018 òg ei lang rekkje sivilsamfunnsorganisasjonar som fremjar strategiar for å få privat næringsliv til å arbeide mot avskoging i sine forsyningskjeder, sjå rapportering om støtte til sivilsamfunn.

Det vart i 2018 utbetalt til saman omkring 305 mill. kroner til privatsektortiltak frå Klima- og skoginitiativet: 250 mill. kroner til fondet &Green, om lag 17 mill. kroner til TFA og 37,6 mill. kroner til IDH.

Fremje skogbevaring gjennom grøn vekst-porteføljar

Støtte til grøn vekst-tiltak har som mål å medverke til berekraftig utvikling og reduserte klimagassutslipp gjennom betra styresett i skog- og arealforvaltninga. Utvikling av planar for grøn vekst med sektorvise politiske verkemiddel legg til rette for ei økonomisk utvikling, som igjen kan redusere klimagassutslipp og fattigdom.

I 2018 vidareførte Klima- og skoginitiativet støtta til Den globale kommisjonen for økonomi og klima og deira flaggskipprosjekt New Climate Economy (NCE). Prosjektet utviklar kunnskap om og modellar for korleis økonomisk vekst kan skje på ein måte som er berekraftig. I september 2018 vart den globale New Climate Economy-rapporten lansert med god spreing til avgjerdstakarar i både offentleg og privat sektor. I 2018 vart også initiativet The Food and Land Use Coalition (FOLU) vidareført, der fokus ligg spesielt på korleis matproduksjon i verda må endrast for å sikre at ei veksande befolkning blir brødfødd på ein helse- og miljøvinst berekraftig måte. Initiativet er eit offentleg/privat samarbeid med brei deltaking frå privat sektor, frivillige organisasjonar og akademia i nord og sør. Tre av Klima- og skoginitiativet sine samarbeidsland er pilotland for initiativet (Colombia, Etiopia og Indonesia). I 20 land har også lokale nettverksgrupper blitt etablerte for å utvikle integrerte modelleringsrammeverk og vegkart som kan vurdere politiske verkemiddel i landa sine mat- og landbrukssystem.

Global Green Growth Institute (GGGI) medverkar til å etablere rammevilkår som vil ha stor betydning for varigheita til dei endringane som innsatsen for REDD+ skaper. GGGI hjelper myndigheiter med å utvikle planar og strategiar for utsleppsreduksjonar og betre klimatilpassing innan energi, byutvikling, vassressursforvaltning og arealforvaltning. I 2018 utvikla GGGI 70 partnar-skap og gjennomførte aktivitetar innan 30 prosjekt fordelt på 33 land. Organisasjonen fokuserer særleg på tiltak som medverkar til utsleppsreduksjonar, grønne jobbar, tilgang til berekraftige tenester, som for eksempel energitenester, betre luftkvalitet, tilstrekkeleg tilgang til økosystemtenester og betre klimatilpassing. Innsatsen er kopla til landa sitt arbeid med å gjennomføre sine nasjonalt bestemte skyldnader under Parisavtala, og til arbeidet med berekraftsmåla (SDG). GGGI samarbeider tett med privat sektor for å redusere

finansiell risiko for private aktørar ved investeringar i grønne prosjekt, og medverkar på denne måten til at fleire land har etablert finansieringsmekanismar for klimatiltak som inkluderer REDD+.

Partnership for Action on Green Economy (PAGE) består av fem FN-organisasjonar som saman hjelper partnarland med å setje inkluderande og berekraftig vekst i sentrum for økonomisk utvikling. I 2018 hjelpte PAGE blant anna 8 land med å lage sektorovergripande strategiar for grøn vekst. Eit eksempel er Guyanas *Green State Development Strategy: Vision 2040*. Dei arbeidde òg med enkeltsektorar som er viktige for ei grøn utvikling. I Peru har dei for eksempel lært opp ekspertar i grøn økonomi-modellering og i Brasil har dei medverka til å fremje berekraftig turisme. Argentina, Guatemala, India, Indonesia og Kazakstan vart med i PAGE i 2018. Partnarskapen har no 18 partnarland.

Wealth Accounting and the Valuation of Ecosystem Services (WAVES) er eit globalt partnar-skap som har som målsetjing å integrere nasjonale rekneskapar for naturkapital inn i planar for utvikling og vekst. Slike rekneskap for til dømes skog kan nyttast til å gi eit breiare bilde av skogens økonomiske og miljømessige verdi, informasjon om årsaker til avskoging og om det samfunnsøkonomiske potensialet som ligg i vern av skogen. Waves har i 2018 arbeidd for å utvikle konkrete vegkart for naturregnskap i medlemslanda Botswana, Colombia, Costa Rica, Filippinene, Guatemala, Indonesia, Madagaskar, Zambia og Rwanda, og nye samarbeidsland som Uganda, Laos, Kambodsja, Vietnam og Myanmar.

I 2018 vart det utbetalt 62 mill. kroner frå budsjettposten til New Climate Economy, (kanalisert gjennom World Resources Institute (WRI) og United Nations Foundation), FOLU (kanalisert gjennom WRI), GGGI og PAGE for å fremje skogbevaring gjennom grøn vekst.

Del III
Omtale av særlege tema

8 Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker

8.1 Klima- og miljøpolitikk i departementa

8.1.1 Arbeids- og sosialdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvtsendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde. For omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementet sin fagproposisjon.

Eit sikkert og seriøst arbeidsliv er eit av hovudmåla for ansvarsområda til Arbeids- og sosialdepartementet, under dette å redusere risiko for storulykker i petroleumssektoren. Førebygging av forureining frå petroleumsverksemda utgjer eit viktig bidrag frå Arbeids- og sosialdepartementet til regjeringa sitt heilskaplege arbeid med klima og miljø. Hovudtyngda av Arbeids- og sosialdepartementet sin klima- og miljøsats ligg på resultatområdet for forureining. Arbeidsmiljø- og sikkerheitsstyresmaktene fører tilsyn med at verksemdene følger opp sitt HMS-ansvar.

Petroleumsverksemda er strengt regulert når det gjeld helse, miljø, sikkerheit og sikring. I regelverket er det stilt krav til robust utforming av utstyr og anlegg, som mellom anna inneber krav til barrierar mot ulykker og uønskte hendingar som kan føre til akutt forureining.

Arbeidsmiljø- og sikkerheitsstyresmaktene sitt tilsyn med petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg blir utført av Petroleumstilsynet.

Petroleumstilsynet si oppfølging medverkar til sikkerheit og førebygging mot ulykker, for å forhindre, avgrense og stanse ulykker inkludert akutt forureining. Det er dei enkelte petroleumselskapa som sjølve er ansvarlege for at helse, miljø, sikkerheit og sikring er teke vare på. Dette bidreg til å førebygge akutt forureining til sjø og til luft og samtidig bygge opp om dei nasjonale målsettingane i klima- og miljøpolitikken.

Rapport 2018

Petroleumstilsynet gir årleg ut *Risikonivå i norsk petroleumsvirksomhet Akutte utslipp* (RNNP-AU). Gjennom dette arbeidet overvakar Petroleumstilsynet trendar for uønskte hendingar og ulykker i petroleumsverksemda som har eller kunne ha ført til akutt forureining. Dette arbeidet gir viktig informasjon for å kunne betre effekten av sikkerheitsarbeid og dermed kunne førebygge hendingar som kan gi akutt forureining på norsk sokkel. Rapporten for 2018 blir publisert i oktober 2019.

Med bakgrunn i totalbiletet frå RNNP-rapportar kombinert med erfaringar frå tilsyn har Petroleumstilsynet dei siste åra retta merksemda særleg på tre område: førebygging av brønnkontrollhendingar, førebygging av akutte utslepp av kjemikalier og førebygging av akutt forureining frå innretningar på havbotnen. Dei to første prioriteringane har bakgrunn i trendutviklinga, mens prioriteringa av innretningar på havbotnen gjer synleg Petroleumstilsynet sine forventningar til oppfølging på dette området.

RNNP-AU viser at det samla sett ikkje er nokon tydeleg betring når det gjeld førebygging av brønnkontrollhendingar med potensiale for forureining på norsk sokkel dei seinare åra. Læring frå brønnkontrollhendingar med potensiale for forureining er viktig fordi det gir kunnskap om barrierar som har innverknad på førebygging av alle typar brønnkontrollhendingar, både dei med potensiale for personellskadar og dei med potensiale for forureining.

Kjemikalieutslepp har sidan 2009 variert rundt eit høgt nivå, og står for om lag 80 pst. av alle akutte utslepp på norsk sokkel med utsleppsmengde over ein kubikkmeter. Denne typen utslepp er slik den mest dominerande, både når det gjeld talet på utslepp og årleg utsleppsmengde. Petroleumstilsynet si oppfølging av selskapa bidreg mellom anna til ei meir effektiv førebygging av akutte utslepp av kjemikalier.

Det er ofte dei same faktorane som reduserer risiko for menneske, som og førebygger forurei-

ning. Det er generelt framleis behov for merksemd på førebygging av akutt forureining i arbeidet med sikkerheit i norsk petroleumsverksemd.

Plan for vidare arbeid

Petroleumstilsynet vil arbeide vidare med å utvikle og forvalte tryggleiksregelverket slik at krav til teknologi, operasjonar og styring av verksemdene i petroleumssektoren underbyggjer nasjonale og regionale miljømål og klimapolitikken. Førebygging av akutt forureining er slik eit positivt miljøbidrag, som blir følgt opp i tilsyn, i trepartsfora og i samarbeid med andre styresmakter. Petroleumstilsynet vil òg føre vidare eit aktivt samarbeid med andre etatar i samanheng med utvikling og oppfølging av heilskaplege forvaltingsplanar for dei norske havområda.

8.1.2 Barne- og familiedepartementet

Omtale av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Alt forbruk har direkte eller indirekte konsekvensar for miljø og klima. Dei siste tiåra har det samla forbruket til norske hushald auka betydeleg.

Det er eit mål at forbrukarane skal kunne gjere medvitne val i dei marknadane dei handlar. Informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester kan gjere det enklare for forbrukarane å velje produkt som gir mindre belastning på miljøet og ressursane.

Gjennom etterspørsel av slike produkt kan forbrukarar påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjersler om investeringar og produksjon. Barne- og familiedepartementet (BFD) arbeider for å leggje til rette, forenkla og standardisere informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved forbruket. Verkemidla er dei offisielle miljømerka den nordiske Svana og EU-miljømerket (EU Ecolabel).

Rapport for 2018

I 2018 var det ein solid auke i talet på svanemerkte produkt, frå 18 400 ved utgangen av 2017 til 23 998 ved utgangen av 2018. Arbeidet til Miljømerking har medverka til at fleire produkt blir produserte etter strenge miljøkrav. Utvalet av svanemerkte produkt auka innan mange produktgrupper i 2018. Størst auke var det for tonarkassetar, kopi- og trykkpapir, golv, tekstilar,

møblar, kjemiske byggprodukt, innandørs maling og lakk. BFD er nøgd med ei utvikling der forbrukarane får større tilbod av miljøtilpassa produkt å velje blant.

Skulen er ein viktig arena for å skape forståing for ressurs- og klimaproblem og reflekterte haldningar til forbruk. BFD førte i 2018 vidare arbeidet med å fremje undervisning i forbrukaremne som også tok opp spørsmål knytt til dette.

Det er tverrpolitisk semje om å arbeide for å redusere matsvinnet i Noreg, og den største delen av matsvinnet (om lag 60 pst.) kjem frå private hushald. I 2017 blei det inngått ei bransjeavtale om matsvinn mellom styresmaktene og dei største organisasjonane i matbransjen. Per oktober 2018 hadde 79 enkeltbedrifter skrive under på eigne tilslutningsavtaler til bransjeavtala. BFD deltek i arbeidet, som KLD koordinerer, og støttar opp om forbrukarretta tiltak.

I juni 2019 la BFD fram Meld. St. 25 (2018–2019) *Framtidas forbrukar – Grøn, smart og digital*. Berekraftig forbruk er eit tema i meldinga.

Plan for vidare arbeid

BLD vil halde fram med arbeidet for å gjere det enkelt for forbrukarar å gjere miljømedvitne val. Miljømerkene Svanen og EU Ecolabel er dei fremste verkemidla for å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om varer og tenester som er blant dei minst miljøskadelege på marknaden. Miljømerking, som forvaltar desse ordningane i Noreg, skal arbeide for at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden framleis aukar.

BFD vil i 2020 arbeide vidare med å redusere matsvinnet i samfunnet gjennom bransjeavtala om matsvinn.

Departementet vil i 2019 også arbeide vidare med å fremje undervisning i forbrukaremne, medrekna undervisning om berekraftig forbruk og berekraftig utvikling

8.1.3 Finansdepartementet

Hovudverkemidla i norsk klimapolitikk er, og skal vere, sektorovergripande verkemiddel i form av klimagassavgifter og omsettelege utsleppskvotar. Over 80 pst. av Noregs samla utslepp av klimagassar er allereie ilagt avgift eller kvoteplikt. Det generelle avgiftsnivået på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar er vel 500 kroner per tonn CO₂ og kvoteprisen er no rundt 300 kroner per tonn CO₂. Både delen utslepp som er prisa og den karbonprisen forureinarane står overfor, er høg samanlikna med andre land.

I Granavolden-plattformen er det varslet ei vidare opptrapping av CO₂-avgifta fram mot 2025.

8.1.4 Forsvarsdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Det er eit overordna mål for Forsvarsdepartementet (FD) at forsvarssektoren si verksemd ikkje skal føre til vesentleg skade på miljøet. Etatane i forsvarssektoren arbeider blant anna med opprydding i forureina sjøbotn, opprydding av miljøgifter og redusert lekkasje av tungmetall frå skytefelt, ivaretaking av naturmangfald ved bruk og utvikling av område, Kystvaktas miljø- og ressursoppsyn, bevaring av kulturminne i skyte- og øvingsfelt og av nasjonale festningsverk, avfallshandtering, kartlegging av støy og redusert klimagassutslepp.

All militær aktivitet vil påverke miljøet i større eller mindre grad. Det er ein ambisjon å skape eit godt øvingsutbytte samtidig som ein unngår store, negative konsekvensar for miljøet. Tiltak er baserte på fagleg kunnskapsgrunnlag og vurdering av effekt samt kostnadseffektivitet.

Rapport for 2018

Forureiningar ved Forsvarets brannøvingsfelt på flystasjonane er kartlagt. Det er påvist forureining etter tidlegare bruk av brannskum som inneheld perfluorerte sambindingar (PFOS og PFAS) på alle felt, men med forskjellig alvorsgrad. Det går føre seg arbeid med kartlegging og tiltak for opprydding i forureining på fleire flystasjonar. Arbeidet vil halde fram i åra framover. Sektoren samarbeider med Miljødirektoratet for utvikling av nye tiltaksmetodar og har lagt fram faglege tilrådingar for tiltaksstrategiar. Arbeidet med å fase ut fossil olje til oppvarming vart ført vidare i 2018. Forbruket av fyringsolje var i 2018 redusert med 82 pst. sidan 2006, og utgjorde 2,8 pst. av det totale energiforbruket til bygg og anlegg. Det blir i hovudsak planlagt for at all bruk av fossil fyringsolje til oppvarming i bygg og anlegg skal fasast ut i 2020, men ved to basar blir utfasinga forseinka på grunn av koordinering med omfattande infrastrukturtiltak. Forsvarssektoren vil ha enkelte anlegg som framleis brukar mineralolje, men som ikkje er omfatta av forbodet i forskrift som trer i kraft 1. januar 2020.

Det har over mange år blitt gjort undersøkingar av sjøbotnen og på land i Horten med sikte på miljøsanering av tungmetall og andre miljøgifter for eit område på 460 000 kvadratmeter. Det blir i 2019–2020 gjennomført felles oppryddingspro-

sjekt med Horten kommune, Miljødirektoratet og private aktørar for å sikre best mogleg effekt av tiltaket i området sett under eitt. Sektoren gir eit viktig bidrag til samfunnet ved å ta vare på kulturminne og kulturmiljø, og formidle verdiar til samfunnet. Talet besøkande på nasjonale festningsverk var totalt 4,1 mill. kroner i 2018. Forsvarssektoren har gjennomført kartlegging og sikring av kulturminner i naturområder/skyte- og øvingsfelt.

Plan for vidare arbeid

I Forsvarsdepartementets budsjett for 2020 er det foreslått å nytte 23,6 mill. kroner til kulturminnearbeid og 165 mill. kroner til tiltak knytte til fossilt brensel, sanering og anna miljørelatert verksemd.

Tilbakeføring av Hjerkinnskytefelt er noregshistorias største naturrestaureringsprosjekt. Prosjektet starta i 2006 med planlagt slutføring i 2020 i tråd med Stortingets vedtak i 1999 om nedlegging av skytefeltet. Den 20. april 2018 vedtok regjeringa formelt å verne Hjerkinnskytefeltet i nasjonalparken og verneområda på Dovrefjell som var ein viktig milepæl for tilbakeføringa. I tillegg blir det ført vidare miljørydding av utrangerte skyte- og øvingsfelt som blir ført tiltak til sivile formål samt i aktive felt for hindre spreiding av forureining til grunn og vassdrag.

Gjennomføring av resterande tiltak for å fase ut fossil olje til oppvarming blir ført vidare i 2020. Arbeidet vil i hovudsak rette seg mot ferdigstilling av større tiltak på Evenes og Haakonssvern som ledd i utskifting av infrastruktur.

8.1.5 Helse- og omsorgsdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og fylkesmennene er rådgivarar for sentrale og lokale helsemyndigheiter, utgreier og tek del i overvaking av miljøforureining. Etter folkehelselova har kommunane ansvar for å sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet.

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) har direktoratsoppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljø. DSA har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljø, og internasjonale oppgåver.

Mattilsynet arbeider for miljøvennleg produksjon av trygge næringsmiddel og trygt drikke-

vatn. For å få størst mogleg samfunnsvis verdiskaping ut av avgrensa ressursar er det vesentleg å leggje vekt på kvalitet, plante- og dyrehelse og omsynet til miljøet.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) forvaltar statens eigarskap av dei regionale helseføretaka. Departementet har i sin styringsbodskap til dei regionale helseføretaka bedt om at spesialisthelsetenesta har ei heilskapleg tilnærming til klima- og miljoutfordringane. Miljøarbeidet i spesialisthelsetenesta er koordinert gjennom eit samarbeidsutval mellom dei fire helseregionane. Alle dei regionale helseføretaka er representerte med eit medlem i samarbeidsutvalet. I tillegg har Sjukehusbygg HF, Sjukehusinnkjøp HF og verne-tenesta og tillitsvalte ein representant kvar. Dei fire regionane har også kvar si miljøfaggruppe der alle helseføretak er representerte.

Rapport for 2018

For 2018 er det for første gong utarbeidd ein felles årsrapport for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta, «*Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2018*». Rapporten handlar om klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon. Rapporten er utarbeidd av interregionalt samarbeidsutval for klima og miljø i spesialisthelsetenesta og omfattar helseføretaka i dei fire regionane og dei felleseigde selskapa (Sjukehusbygg HF, Sjukehusinnkjøp HF, Luftambulansenesta HF, Nasjonal IKT HF, Helsetenesta sin driftsorganisasjon for naudnett HF og Pasienttreiser HF).

I 2018 er alle helseføretak i landet miljøsertifiserte i medhald av NS-EN ISO 14001. Det inneber at ei samla spesialisthelseteneste arbeider systematisk med å betre eigen miljøprestasjon. Gjennom rapporten for samfunnsansvar er det første gang det er framstilt ein felles klimarekneskap for helseføretaka i landet. Klimarekneskapen medverkar til å setje søkelyset på å redusere forbruk av ressursar.

Plan for vidare arbeide

I føretaksmøtet i januar 2019 vart dei regionale helseføretaka bedne om, i samarbeid med Sjukehusinnkjøp HF og Sjukehusbygg HF, å leggje auka vekt på klima og miljø ved innkjøp og ved bygge- og vedlikehaldsprosjekt. Det er viktig at helseføretaka, som ein betydeleg samfunnsaktør, er leiande i arbeidet med å redusere miljøbelastningar gjennom miljøvennlige og framtidretta bygg og innkjøp.

I føretaksmøtet i januar 2019 vart det òg vist til forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar gjeldande frå 1. januar 2020, som vart vedteken 28. juni 2018. Her er sjukehusbygningar med døgnkontinuerleg pasientbehandling unnatekne fram til 1. januar 2025. For andre bygningar i spesialisthelsetenesta gjelder forbodet frå 1. januar 2020, med mindre ein søker og får godkjent unntak dersom særlege grunnar ligg føre. Dei regionale helseføretaka vart i føretaksmøtet bedne om å planleggje for utfasing av oljefyring slik at spesialisthelsetenesta overheld forbodet.

8.1.6 Justis- og beredskapsdepartementet

Svalbard

Regjeringas mål om å bevare Svalbards særeigne villmarksnatur ligg til grunn for miljøvernpolitikken på Svalbard. Svalbardmiljølova av 15. juni 2001 med tilhøyrande føresegnar tek vare på denne målsetjinga. Ein stor del av Sysselmannen på Svalbard si verksemd er knytt til miljøvernrelatert arbeid. I Sysselmannens organisasjon er det samla både politifagleg og miljøvernrelatert ekspertise. Dette legg til rette for ei effektiv etterforskning av miljøkriminalitet og for eit godt fagleg informasjonsarbeid.

Lokalt er svalbardmiljølova med føresegn er viktige verktøy for å ta vare på miljømåla. Sysselmannen skal i si miljøforvaltning ta omsyn til endringar i klima, aktivitet og tilførsel av forureining, og sikre at lokal verksemd skjer innafor rammer som sikrar at den samla belastninga på arter og økosystem ikkje blir for stor. Samstundes skal det leggjast til rette for bruk som er i samsvar med måla for bevaring av naturen på Svalbard.

Sysselmannen skal vidare leggje betre til rette for reislivet innanfor forvaltingsområde 10, som mellom anna omfattar Isfjordområdet og nærområda rundt lokalsamfunna. Dette skal skje i dialog med aktørane på Svalbard. Samstundes skal arbeidet med forvaltingsplanar for verneområda på Svalbard førast vidare. Eit aktivt førebyggjande arbeid vil kunne påverke haldningar og skape forståing for dei reguleringane som gjeld øygruppa. Aukande turisme og ferdsel på Svalbard viser at det er behov for å halde oppsyn med og avdekkje eventuelle brot på føresegnene om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø. Klimaendringane fører til stadig mindre utbreiing av sjøis, som er leveområde for arter som er avhengige av is, som isbjørn og sel. Dokumentasjon av utviklinga innan

ferdsle og anna verksemd er viktig for å målrette tiltaka.

Sysselmannen legg vekt på rask og effektiv etterforsking og oppklaring av moglege straffbare forhold. Svalbard og Longyearbyen vil på grunn av auka aktivitet få større betydning som base for beredskap mot forureining. Kystverket har ansvaret for oljevernberedskapen i området, med Sysselmannen som lokal ressurs. Lange avstandar og arktisk klima gjer det vanskeleg å handtere oljeutslipp i området. Førebyggjande tiltak for å unngå slike hendingar er derfor svært viktig. Det er forbod mot bruk av tungolje som drivstoff i dei store verneområda på Svalbard. For å redusere risikoen for hendingar med miljøskade til følgje, er det ei statleg losteneste for all skipsfart i farvatna på Svalbard på same måte som på fastlandet. Ut frå lokale forhold er det gjort enkelte tilpassingar i reglane.

Miljødirektoratet påla Longyearbyen lokalstyre eit reinsekrav på kolkraftverket i Longyearbyen (ikkje for CO₂). Arbeidet med å etablere reinseanlegget vert fullført med venta heilårs-effekt i 2016. Prosjektet er fullfinansiert over svalbardbudsjettet i perioden 2012–2014. Utviklinga i utslepp frå kolkraftverket er som følgjer: Utslepp av SO₂ og støv frå kraftverket gått dramatisk ned. Forbruk av kol har auka årleg sidan 2012 og medfører auka CO₂-utslepp.

Miljødirektoratet har gitt pålegg om å utgreie reinsing av utsleppa til luft for kolkraftverket i Barentsburg.

Politi- og lensmannsetaten

Politiets viktigaste oppgåver innafor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforsking med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Økokrim har ei særleg nasjonal rolle i kampen mot miljøkriminalitet, både gjennom etterforsking og irettføring i særleg alvorlege prinsipielle saker, og som rettleiar og bistandsorgan for politidistrikta. Politidistrikta har ei sentral rolle i arbeidet med å kjempe mot miljøkriminalitet. Det er etablert samarbeidsrutinar og -avtaler med oppsyns og tilsynsmynde som skal utviklast vidare.

I samband med etablering av nye politidistrikt er det etablert ein eigen funksjon som skal ha eit overordna fagansvar for etterforsking av økonomiske straffesaker og miljøkriminalitet og eit sjølvstendig ansvar for etterforsking av alvorleg økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Politidistriktet sin miljøkoordinator er organisatorisk plassert i funksjonen.

Kontroll- og tilsynsmynde har blitt styrkt dei siste åra, noko som fører til fleire administrative sanksjonar, mellom anna gebyr for mindre brot på miljølovgivinga. Dei alvorlegaste forholda skal som hovudregel etterforskast av politidistriktet, i nokre tilfelle av ØKOKRIM.

Politiet og kontrolletatane har samanfallande overordna målsetjingar for sitt arbeid. Etatane kan dele informasjon, bli samde om eit felles trusselbilde og samordne kontrollaktivitetane, slik at offentlege ressursar blir nytta best mogleg. Sentralt miljøforum og Fylkesmiljøforum, som begge vert leia av politiet, legg mellom anna til rette for dette. Det enkelte politidistrikt og særorgan er pålagt, som ein integrert del av dei ordinære planprosessane, å følgje opp retningsliner gitt for rådgiving overfor politidistrikta og særorganana innafor eigedom, bygg og anlegg. Mellom anna vert energieffektivitet i bygg vektlagt.

Politidistrikta og særorganana kan gjere innkjøp frå rammeavtaler inngått av Politiets fellestenester på vegne av etaten. I den grad miljøomsyn ikkje er tekne omsyn til i inngåtte avtaler, vert dette teke inn ved inngåing av nye avtaler så langt dette er i samsvar med dei tekniske krava som er stilte til dei produkta som skal nyttast av politiet.

8.1.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider for berekraftig planlegging og byutvikling med utgangspunkt i plan- og bygningslova. Dette inneber blant anna å sikre ein berekraftig bystruktur gjennom effektiv arealbruk, høg kvalitet i byrom og uteareal, og klima- og miljøvennleg transport. Grunnleggjande infrastruktur i form av gode kart- og geodata er viktig i arbeidet med å sikre god arealbruk, og for å møte utfordringane med auka flaumar og tilrettelegging for betre handtering av overvatn.

Bygningsregelverket skal syte for at bustadar og bygg er sikre, energieffektive og miljøvennlege. Energieffektivisering i bustadar og andre bygg er viktig for å redusere det totale energibehovet.

Byggjesektoren står for ein stor del av energibruken, ressursbruken og avfallsmengda i Noreg. Det er store miljøgevinstar å hente i byggje- og eigedomsbransjen. Miljøtiltak i samband med statlege byggeprosjekt kan omhandle redusert energibruk, mindre bruk av fossil energi til oppvar-

ming, redusert lokal forureining ved sanering, redusert bruk av miljøskadelege material, men òg lokalisering, gjenbruk og godt vedlikehald. Statsbygg skal vere eit førebilete og medverke til å utvikle bransjen innanfor klima og miljø.

Målet med regjeringas regional- og distriktspolitikk er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert befolkningssamansetjing og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Næringsliv og samfunnet elles skal kunne tilpasse seg endra føresetnader i økonomiske, sosiale, klima- og miljøvise rammevilkår ved hjelp av regional- og distriktspolitiske verkemiddel. Å utvikle og ta i bruk ny teknologi er ein føresetnad for å nå klimamåla, både nasjonalt og globalt. Det finst betydelege moglegheiter innan IKT for å medverke til mindre klimagassutslepp og betre miljø. Smart bruk av digital teknologi kan blant anna gjere mogleg ei betre ressursutnytting og meir effektiv energibruk⁶.

Rapport for 2018

Frå tilskotsordninga *Bærekraftig byutvikling* vart det i 2018 tildelt midlar til kommunar og fylkeskommunar som er påverka av arbeidet med byutviklingsavtaler og bymiljøavtaler. Det vart gitt tilskot til prosjekt som har medverka positivt til framtidsretta by- og regionutvikling.

Regjeringa utvida statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging til også å omfatte klimatilpassing. Dei nye retningslinjene vart fastsette 28. september 2018. Rettleiing til planretningslinjene er under utarbeiding.

Kartverket har utvikla eit digitalt verktøy som gjer at kommunane og næringslivet enklare kan planleggje for klimaendringane og vere betre førebudd på konsekvensane av havnivåstigning og ekstrem vasstand. I tenesta «Se havnivå i kart» kan ein hente ut statistikk over bygningar, areal og vegar i kystkommunar som er utsette for overfløyning frå havet.

Ulike låne- og tilskotsordningar i Husbanken medverkar til fleire bustadar og bygg med kvalitetar utover krava i byggteknisk forskrift, blant anna på energi. Eit hovudmål med grunnlånet er å fremje viktige bustadkvalitetar som energieffektivitet og tilgjenge i ny og eksisterande bustadmasse.

Statsbygg har i 2018 gjennomført ei rekkje klima- og miljøtiltak. I juni vart blant anna eit av landets største solcelleanlegg opna ved Universitetet i Sørøst-Noreg, Campus Vestfold.

Klimakorrigert og driftsnormert kWh per kvm. er redusert frå 2017. Dette er oppnådd gjennom betydeleg satsing på ENØK, god energileiing og systematisk oppfølging i eigedomsforvaltninga. Statsbygg har i 2018 installert automatiske måleravlesarar på om lag 100 eigedommar. Dette gir eit betre grunnlag for energianalysar, og gjer det enklare å prioritere energieffektiviseringstiltak.

For miljøet er det ofte betre å utvikle og tilpasse eksisterande eigedom framfor å byggje nytt. Statsbygg arbeider derfor med å redusere behovet for nye bygg, blant anna gjennom arealeffektivisering og optimalisering av løysingar i eksisterande bygningsmasse. I 2018 resulterte Statsbyggs vurdering av behov og ombrukspotensial i eksisterande bygg ved Universitetet i Nord, Bodø, i ein reduksjon av arealbehovet for nybygget Blått Bygg frå 12 080 til 8 000 kvm.

Fylkeskommunane og kommunane har gitt tilsegn for vel 100 mill. kroner til ulike typar miljøfremjande tiltak frå dei distrikts- og regionalpolitiske tilskota over programkategori 13.50 i 2018.

Innovasjon Noreg (IN) forvaltar bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta på oppdrag av fylkeskommunane. Prosjekt som søker finansiering frå IN blir vurderte opp mot tre berekraftsdimensjonar; økonomi, miljø og samfunnseffektar av prosjektet. Divisjon Berekraft i Innovasjon Noreg skal utvikle selskapet sitt strategiske arbeid med å styrkje næringslivets overgang til ein meir berekraftig økonomi. IN har laga ein rettleiar for heilskapleg vurdering av berekraft i finansieringssaker. Dersom eit prosjekt er vurdert å ha negativ miljø- eller samfunnseffekt, får ikkje prosjektet finansiering. Delen miljøretta prosjekt var 42 pst. for oppdraga frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2018.

Bioraffineringsprogrammet i IN skal medverke til auka verdiskaping og berekraftig omstilling av norsk næringsliv ved å utnytte det marknadspotensialet som bionæringane representerer basert på ressursar frå hav, jord og skog. Ordninga er ei oppfølging av regjeringas bioøkonomistrategi. IN rapporterer at det er stor etterspørsel etter verkemiddel innanfor Bioøkonomi, og at programmet har resultert i fleire prosjekt som utnyttar biologiske ressursar betre.

Noreg tek del i EUs grenseoverskridande samarbeid gjennom Interreg-programma. Alle Interreg-programma Noreg tek del i har smart,

⁶ Jf. Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge, s. 13

berekraftig og inkluderande vekst som overordna mål. Ca. 30 pst. av dei norske Interregmidlane blir nytta til innsatsområde knytte til lågkarbonøkonomi, risikohandtering ved klimaendringar, vern av miljø og berekraftig transport.

Plan for vidare arbeide

Klimatilpassing og reduserte klimagassutslepp må få større vekt i samfunnsplanlegginga. Regjeringa har i 2019 vedteke nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Det blir stilt forventningar til fylkeskommunar og kommunar om at det blir planlagt for eit trygt samfunn med låge klimagassutslepp, og som er tilpassa klimaendringane. Det skal utarbeidast rettleiing til dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Arbeidet med nasjonal detaljert høgdemodell held fram med mål om full dekning i 2022. Til saman skal 230 000 kvadratkilometer lasermålast før høgdemodellen av Noreg er komplett. Høgdemodellen styrkjer grunnlaget for klimatilpassing, ressurskartlegging og flaum- og skredvern i planarbeidet i kommunar og statlege etatar. Det blir òg mogleg å effektivisere og forbetre arbeidet på ei rekkje andre område, frå plassering av vindmøller til kulturminnevern og detaljplanlegging av vegar og jernbane.

Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i 2017 og 2018 hatt eit nært samarbeid for å utvikle byvekstavtalar for dei ni største byområda. På arealsida skal avtalene sikre ei effektiv og føreseieleg oppfølging av regionale og interkommunale areal- og transportplanar, og forpliktande samarbeid om utvikling av kollektivknutepunkt, samtidig som by- og bukvilheten blir teken vare på.

Våren 2019 hadde departementet forslag til ny forskrift om lån frå Husbanken på høyring. Forslaget legg opp til at lån til bustadkvalitet skal fremje miljø og tilgjenge i nye bustader. I eksisterande bustader er det foreslått å framleis fremje energi-effektivisering og tilgjenge. Det er teke sikte på at endringane vil tre i kraft 1. januar 2020.

Energikrava i TEK17 skal skjerpast til nesten nullenerginivå i 2020. Avgjerda om kravsnivå skal skje på bakgrunn av utgreiingar av samfunnsøkonomiske og helsevise konsekvensar og kompetansen i næringa. Det er allereie strenge energikrav, og på enkelte område kan det nærme seg ei grense der ytterlegare innskjerping kan vere uføremålstenleg i høve til dagens kostnadsnivå og teknologiar. Det er ei rekkje omsyn som må vurderast når energikrava skal utviklast vidare, som

blant anna byggjekostnader, driftskostnader, miljøkonsekvensar, energikrava sin påverknad på andre byggkvalitetar og samspelet med energisystemet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet skal grei ut kva som er barrierar for auka bruk av lågutsleppsmaterialar i byggjeprojekt, og tiltak som kan redusere barrierane og fremje bruken.

Lokalisering har stor påverknad på eit byggs totale klimagassrekneskap, og transport, lokal-klima og tomten sine grunnforhold er viktige faktorar i denne samanhengen. Statsbygg skal leggje dei statlege planretningslinjene til grunn i sine lokaliserings- og tomteanalyser, og søker etter tomter som vil gi minst mogleg miljøbelastning.

I tillegg har Kommunal- og moderniseringsdepartementet gitt Statsbygg mandat til å medverke til innovasjonar og utvikling av bruk av tre og andre lågutsleppsmaterialar til bruk i statlege byggjeprojekt dersom det er konkurransedyktig og at materialbruken tek vare på nødvendig tryggleik.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), frå 1. januar 2020: Digitaliseringsdirektoratet skal medverke til ei heilskapleg og effektiv IKT-utvikling, slik at offentleg sektor kan samhandle elektronisk og levere brukarvennlige og sikre tenester med god kvalitet. Å gå frå papirbasert til digitalisert saksbehandling vil medføre redusert bruk av papir. Digital postkasse til innbyggjarane gjer det mogleg for det offentlege å sende post til innbyggjarane digitalt i staden for på papir. Samtidig får det offentlege reduserte kostnader til utsending av brev.

Difi har fram til 1. januar 2020 eit særskilt ansvar for arbeid med miljø- og klimaomsyn og livssyklus-kostnader i offentlege anskaffingar. Frå 1. januar 2020 vil Direktoratet for økonomistyring overta ansvaret for offentlege anskaffingar, under dette miljøomsyn i offentlege anskaffingar. I dette ligg rådgiving og rettleiing, der det blir tilbode fagsider, verktøy og kompetanseutviklingstiltak. I 2019 har Difi utarbeidd rettleiarar for sirkulære anskaffingar og for korleis offentleg sektor gjennom anskaffingar kan redusere bruk av unødvendig plast. Det blir også fortløpande utvikla nye krav og kriterium for prioriterte produktgrupper. Desse blir publiserte på Kriterieveiviseren.no. Difi, og frå 1. januar 2020 DFØ, arbeider tett med Miljødirektoratet på dette området.

Vidare vil bruk av e-handel i offentleg sektor medverkar til ein digitalisert marknadsplass der

innkjøparar og leverandørar kan effektivisere anskaffingsprosessen gjennom mindre papirbruk og gjere det enklare å stille og følgje opp krav til miljø- og samfunnsansvar.

8.1.8 Kulturdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

God forvaltning av kulturminne i form av bygningar og anlegg, i hovudsak enkeltbygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske og industrielle kulturminne, bergkunst og kulturlandskap, og kulturminne i form av kyrkjer og gravplassar utgjer Kulturdepartementets bidrag til regjerings samla klima- og miljøpolitikk.

Kulturdepartementet føreset at mottakarar av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet ser til at føresegnene i plan- og bygningslova og aktuelle forskrifter, òg når det gjeld klima- og miljørelaterte saker, blir følgde.

Rapport for 2018

Det nasjonale museumsnettverket rapporterer om i alt ca. 5 000 kulturhistoriske bygningar i 2018. Museas bevarings- og formidlingsarbeid medverkar til å spreie kunnskap om, og oppleving av, desse miljøverdiane. Over Kulturdepartementets budsjett blir det no gitt driftstilskot til 52 konsoliderte museum i det nasjonale museumsnettverket.

Norsk kulturråd forvaltar òg tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Over ordninga vart det i 2018 innanfor ei ramme på 8,9 mill. kroner gitt tilskot til 52 sikringstiltak ved 29 museum.

8.1.9 Kunnskapsdepartementet

Målet for Kunnskapsdepartementets (KD) arbeid på klima- og miljøarbeidet er at utdanning og forskning skal bidra til berekraftig utvikling og omstilling til lågutsleppssamfunnet gjennom utvikling og formidling av kunnskap som bidrar til ny innsikt, gode løysingar og folk med gode dugleikar.

Formidling av kunnskap og gode haldningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skulane. Grunnlaget for gode haldningar blir skapt i oppveksten og det er derfor viktig at natur og miljø òg er ein naturleg del av barnehagane og skulane si verksemd. Miljøforskning er støtta gjennom ulike satsingar og program i Forskningsrådet. I tillegg finansierer òg

universiteta og høgskulane mykje miljø- og klima-relevant forskning over grunnløyvinga si.

Rapport for 2018

Forskrifta om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen gjeldande frå 1. august 2017 tydeleggjer at barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn, og at barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Natur, miljø og teknologi er framleis eitt av sju fagområde i rammeplanen.

I oppfølginga av Meld St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* skal Kunnskapsdepartementet fornye læreplanane ved å gjere dei meir relevante for framtida. Berekraftig utvikling skal bli eitt av tre tverrfaglege tema i fagfornyninga, og elevane skal lære om berekraftig utvikling med utgangspunkt i fleire fag. Elevane skal utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Utkast til nye læreplanar blei utarbeidd i 2018 og har vore på brei høyring våren 2019. Skulane skal ta dei nye læreplanane i bruk hausten 2020.

I samarbeid med KLD har KD òg i 2018 ført vidare arbeidet med Den naturlege skulesekken. Prosjektet medverkar til å styrkje kvaliteten i opplæringa og auke forståinga for nytten og bruken av naturfaga og fremjar undervisning om berekraftig utvikling. Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa har ansvar for den daglege drifta og oppfølginga av deltakarskulane. I skuleåret 2018/2019 er 17 700 elevar frå 114 skular omfatta av prosjektet.

I 2018 er KDs samla finansiering av forskning på miljøområdet gjennom Forskningsrådet anslått til 1 072 mill. kroner. Tala omfattar forskning finansiert gjennom alle Forskningsrådets verkemiddel, òg dei som ikkje er særskilt retta mot miljø og klima. I tillegg får Senter for klimadynamikk ved Bjerknnessenteret 25 mill. kroner årleg. Bidrag til EUs rammeprogram Horisont 2020 er òg viktig, der klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgangstema. 60 pst. av budsjettet i Horisont 2020 skal gå til forskning som medverkar til berekraftig utvikling.

Ved behandling av statsbudsjettet for 2019, (Innst. 12 S (2018–2019), løyvde Stortinget 10 mill. kroner til Senter for klimaomstilling i Sogn-dal. Av dette er 5 mill. kroner oppstartsmidlar og 5 mill. kroner er årlege driftsmidlar.

Norsk klimaservicesenter (KSS) legg til rette og formidlar klima- og hydrologiske data slik at

dei kan brukast til klimatilpassing og i vidare forskning om effekten av klimaendringar på natur og samfunn. Senteret er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Uni Research / Bjerknese senteret, og der Miljødirektoratet er representert i styringsgruppa.

Stortinget godkjente startløyving til nytt bygg for livsvitskap ved Universitetet i Oslo i budsjettet for 2018. Livsvitskapsbygget skal sertifiserast som eitt berekraftig bygg i klassen BREEAM Excellent (Building Research Establishment Environment Assessment Method). Det er den nest høgste klassifiseringa for eit klimavennleg bygg.

Plan for vidare arbeid

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2015–2024 gir dei politiske føringane for KDs satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa forpliktar seg til å følgje opp prioriteringane i dei årlege statsbudsjetta. Utdanning, forskning og innovasjon som kan hjelpe oss å nå klimamåla er prioritert vidare framover. I den reviderte langtidsplanen er derfor klima, miljø og miljøvennleg energi ein av dei fem langsiktige prioriteringane. Eit anna prioritert område i denne planen er at universitets- og høgskulebygg skal vere kostnadseffektive og bidra til innovative og klima- og miljøvennlege løysingar. I planen varslar regjeringa at det skal arbeidast med å utvikle grønne indikatorar for å synleggjere og overvake klima- og miljøeffektar i campusutvikling. Oppdraget vart lyst ut våren 2019 og rapport og forslag til indikatorar er venta innan utgangen av 2019.

I statsbudsjettet for 2019 har regjeringa gitt 161 mill. kroner til oppgradering av forskings- og utdanningsareal. Dette skal stimulere til betre bruk av eksisterande bygg framfor å byggje nytt. Prosjektet «Arven etter Nansen» blir finansiert over Forskningsrådets budsjett. Raske klima- og miljøendringar i nord aukar behovet for kunnskap om sentrale og nordlege delar av Barentshavet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei sentrale norske forskingsinstitusjonane på feltet, og er venta å gi kartlegging og forskning av høg kvalitet. «Arven etter Nansen» er Noregs største marine forskingsprosjekt med eit totalbudsjett på 740 millionar kroner.

I samarbeid med Klima- og miljødepartementet vil Kunnskapsdepartementet føre vidare arbeidet med Den naturlege skulesekken i 2020.

Kunnskapsdepartementet følgjer opp Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse – En fornying av Kunnskapsløftet* gjennom fagfornyninga i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring. Berekraftig utvikling blir eitt av tre tverrfaglege tema som elevane skal få kompetanse i gjennom arbeid med problemstillingar i ulike fag. Temaet skal leggje til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis ein kan handtere dette. Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Temaet rommar problemstillingar rundt miljø, klima, fattigdom, fordeling av ressursar, konflikhtar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Dei nye læreplanane blir tekne i bruk frå hausten 2020.

8.1.10 Landbruks- og matdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Norsk landbruk tilbyr forbrukarane mat som er produsert på ein helse- og miljøvennleg måte, forvaltar store innmarks- og utmarksområde med tilhørande natur-, kultur- og friluftsverdiar og forsyner samfunnet med fornybare byggjemateriale og energi. Berekraftig landbruk er eit av hovudmåla i Landbruks- og matdepartementets (LMDs) politikk. Miljøsatsinga i jordbruket skal medverke til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket og til å halde ved lag jordbrukets kulturlandskap.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Regjeringa la i 2015 fram ein nasjonal jordvernstrategi for å redusere omdisponeringa av dyrka jord, og omdisponeringa har gått ned dei siste åra. Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føresetnaden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknytning. Kulturlandskapet gir ei ramme for satsingar på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetjing og turisme, og er leveområde for mange artar av planter og dyr.

Jordbrukslandskapet sitt mangfald og kombinasjon av natur- og kulturverdiar er ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Variasjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og

dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiene i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan liggje til grunn for god forvaltning.

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidde er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Samla gjennomføring av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarende det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har gitt auka avrenning som reduserer verknaden av tiltaka.

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er derfor alt jordbruk basert på opptak av CO₂. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Det meste av metanutsleppa kjem frå dyra si fordøying, særleg drøvtyggarane. Resten kjem frå lagring og spreining av husdyrgjødsel.

Skogbruket gir grunnlag for næring og arbeidsplassar over heile Noreg, samstundes som skogen er ein del av løysinga på klimautfordringane. Skogen tek opp omtrent halvparten av dei samla norske klimautsleppa. Tilveksten i skogen er mykje større enn hogsten, noko som både gir karbonbinding og auka moglegheiter til bruk av ein miljøvennleg og fornybar ressurs.

Mange raudlista artar lever i skog og kulturlandskap. God kunnskap og oversikt over det biologiske mangfaldet er nødvendig, og skog- og miljøkunnskapen gjennom skogbruksplanlegging med miljøregistreringer er hovudplattforma for eit langsiktig og miljøvennleg skogbruk.

Rapport for 2018

Miljøsatsinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakkar. Om lag 20 200 føretak fekk utbetalt midlar innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) for gjennomførte tiltak i vekstsesongen 2018 for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, hindre gjengroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Totalt blei det løyvd 490 mill. kroner under RMP i 2018, med utbetaling i februar 2019. Om lag 59 pst. av dei lokale midlane (Spesielle miljøtiltak i jordbruket) blei løyvde til tiltak for å fremje ver-

diar i jordbrukets kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv i 2018, mens 39 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn. I tillegg samfinansierer landbrukssektoren og miljøsektoren satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. 41 område som er eit representativt utval av verdifulle jordbrukslandskap som inneheld særskilde verdiar knytte til naturmangfald og kulturmiljø er peikte ut. Liknande samfinansiering er det for verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan, der verdiene i områda m.a. er knytte til jordbrukets kulturlandskap og er avhengige av aktiv jordbruksdrift og skjøtsel.

Jordbruket sitt utslepp av klimagassar var i 2018 på 4,5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,4 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppet frå jordbruket har blitt redusert med 4,0 pst. frå 1990 til 2018. Samstundes har det vore ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett i perioden 1990–2018. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe grunna auka effektivitet i mjølkeproduksjonen er hovudårsakene til nedgangen i utsleppa frå jordbruket.

Stortinget har fastsett det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar, og har bede regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2018 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 3 561 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Dette er ein nedgang på 12 pst. frå 2017, då 4 025 dekar dyrka jord ble rapportert omdisponert. Talet på dekar godkjent nydyrka mark gikk opp med om lag 10 prosent frå 22 702 dekar i 2017 til 24 855 dekar i 2018, og ligg på eit høgt nivå samanlikna med tala på 2000-talet. I alt blei 964 søknader behandla i 2018.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar er nødvendig for å sikre variasjon og unngå tap av sortar, arter og rasar. Svalbard globale frøkvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Ved utgangen av 2018 romma frøkvelvet sikkerheitskopiar av over 1 million frøprøvar frå 76 institusjonar verda over. Dette talet omfattar òg tilbakesending av oppformera frø til frøkvelvet frå The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA), i Aleppo, Syria òg deira andre uttak av frø frå frøkvelvet august 2017. Det blei deponert 76 330 nye frøprøvar i frøkvelvet frå 23 genbankar i samband med 10-årsmarkeringa i februar 2018.

Det blir òg løyvd særleg tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Tal frå 2018 viser at det er ein auke i talet avlsdyr av dei bevaringsverdige husdyrrasane innan storfe, sau, hest og geit.

Landbruks- og matdepartementet gav også i 2017 støtte til vidare arbeid med prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som har utvikla eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2018. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket. For å sikre eit mest mogleg objektivt, verdinøytralt kunnskapsgrunnlag som kan etterprøvast vedtok Stortinget ved behandlinga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er typesystemet Natur i Noreg (NiN) hos Artsdatabanken som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. Landbruksdirektoratet har arbeidd med å innpasse NiN i opplegget for Miljøregistreringar i skog (MiS).

Areal i økologisk drift utgjorde i 2018 om lag 4,2 pst. av det totale jordbruksarealet i Noreg. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel aukar fortsatt. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen med om lag 8 pst. frå 2017 til 2018. Totalt vart det omsett økologisk mat for om lag 2,8 mrd. kroner i 2018, tilsvarande 2 pst. av totalmarknaden.

I 2016 starta regjeringa ei ordning med gjødsling av skog som klimatiltak, og ei ordning for tettare planting etter hogst på eksisterande skogareal. I 2018 blei det gitt tilskot til tettare planting på nesten halvparten av det totale tilplanta arealet.

Det blei i 2018 gjødsla om lag 56 000 daa med tilskot, som er ein reduksjon på 36 % i høve til 2019. Årsaka til dette er at det av omsyn til miljøet er sett eit tak for gjødsling av skog på 25.000 dekar på områder med direkte avrenning til Oslofjorden/Skagerak over en femårsperiode. I løpet av 2016 og 2017 er det til saman gjødsla over 21 000 daa i dei områda som har restriksjonar. Løyvinga til Stiftelsen Det norske Skogfrøverk for å styrkje skogplanteforedlinga vart oppretthalde på om lag same nivå som i 2017.

Plan for vidare arbeid

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ei meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjæret 2019 vart omlegginga av miljø- og klimainnsatsen frå 2018 ført vidare, ved å prioritere ordningar som skal bidra til å redusere utsleppa per produsert eining og tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Lågare utslepp per produsert eining vil bidra til å redusere klimaavtrykket frå den norske matproduksjonen. Teknisk berek-

ningsutval for klimagassutslepp frå jordbruket som skal gje råd om korleis ein kan forbetre metodikken for jordbruket i utsleppsrekneskapan, avslutta sitt arbeid 1.7.2019. Rapporten ligg her: https://www.regjeringen.no/contentassets/0f1af0ca7efe493e8e48b46b6fba5ffd/rapport-tbu-jordbruk_siste.pdf

Den 21. juni 2019 underteikna regjeringa og organisasjonane i jordbruket ei intensjonsavtale om kutt i klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Denne avtalen skal bidra til å halde frem det gode klimaarbeidet som gjerast i sektoren.

Departementet vil i 2020 særleg rette merksemda mot kunnskap som set oss i stand til å tilpasse matproduksjon til eit klima i endring, og med det meir kostnadseffektiv produksjon av nok og trygg mat. Teknologitvilling og auka kunnskap om plante- og dyrehelse i eit endra klima vil vere ein viktig del av dette. Knytt til oppfølginga av Regjeringas langtidspan for forskning og høgare utdanning vil det bli prioritert 10 mill. kroner retta mot desse områda. I tillegg skal 5 mill. kroner innrettast mot langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging, infrastruktur og nettverksbygging for å støtte opp under langsiktige prioriteringar i langtidspanen for forskning og høgare utdanning. Løyvinga skal sjåast i samheng med prioritering av midlar retta mot klimatilpassa og effektiv matproduksjon. Midlane skal tildelast Veterinærinstituttet

Departementet vil følgje opp arbeidet med genetiske ressursar, Svalbard globale frøkvelv, og delta aktivt i dei aktuelle internasjonale prosessane under FN's organisasjon for mat og landbruk, FAO (Food and Agriculture Organization) og den Internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk.

Det er tverrpolitisk semje i Noreg om å arbeide for å avgrense matsvinnet. LMD vidarefører arbeidet med å førebyggje og redusere matsvinn, blant anna gjennom bransjeavtala om reduksjon av matsvinn med fire andre departement og matbransjen. I jordbruksoppgjæret 2019, blei det sett av 1 mill. kroner til å følgje opp arbeidet med statistikk for matsvinn i landbrukssektoren. Dette er òg i tråd med tilrådingane frå arbeidsgruppa som vart sett ned i jordbruksoppgjæret 2018.

LMD har vidareført verdsarvsatsinga Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap med 7,5 mill. kroner over Jordbruksavtalen medan ordninga med utvalde kulturlandskap i jordbruket er styrkt med 4,5 mill. kroner for 2020, grunna at tal utvalde kulturlandskap skal auke.

Departementet følgjer òg opp Nasjonal pollinatorstrategi på fleire måtar i verkemiddelsystemet i jordbruket. Frå og med 2019 er det tilrettelagt for tilskott for tilsåing og skjøtsel av soner med pollinatorvenlege frøblandingar på jordbruksareal gjennom dei regionale miljøprogramma. Element frå strategien blir følgd opp gjennom ordningane Utvalde kulturlandskap, Handlingsplan for plantevernemiddel, SMIL og Klima- og miljøprogrammet. Norsk Landbruksrådgiving skal formidle kunnskap om gode tiltak for pollinerande insekt til bønder i heile landet.

Kunnskapsoppbygging i MiS-prosjektet om biologisk mangfald og miljøregistreringar i skogbruksplanlegginga held fram i 2020. Slikt arbeid er avgjerande for å ta i bruk ny kunnskap i registrering, overvaking og forvaltning av naturmangfaldet. LMD vil halde fram satsinga på Landsskogtakseringa. Statistikk frå Landsskogtakseringa viser aukande volum av tre i alle dimensjonar og aldersklasser for både granskog, furuskog og lauvskog. Målingar dei seinaste åra viser også at mengda død ved aukar i norsk skog. Miljøomsyna i skogbruket kan bli styrkt gjennom verkemidla naturmangfaldlova og skogbrukets verkemiddel, mellom anna miljøregistreringar, kunnskapsutvikling og Norsk PEFC Skogstandard, slik at uttaket av biomasse frå skog kan aukast samstundes som vi tek vare på det biologiske mangfaldet.

Regjeringa vil i 2020 føre vidare ordningane med tilskot til tettare planting ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling på om lag same nivå som i 2019. Klimatiltaka i skog vil medverke til å styrkje ressursgrunnlaget, og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa, i eit langsiktig perspektiv.

8.1.11 Nærings- og fiskeridepartementet

Næringsverksemd kan ha miljøkonsekvensar som naturinngrep, tap av naturmangfald, forureining av jord, luft og vatn og utslepp av klimagassar til atmosfæren. Ein god nærings- og miljøpolitikk vil søkje å avgrense miljøkonsekvensane av næringsverksemd innanfor rammene av ei berekraftig utvikling der òg omsynet til langsiktig verdiskaping blir teke vare på.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) arbeider for at norsk næringsliv kan utnytte moglegheitene som ligg i auka vektlegging av klima- og miljømål i politikktutforming og marknader. Ein aktiv innovasjonspolitikkk for å fremje utvikling og kommersialisering av meir miljøvennlege teknologiar og tenester er ein viktig del av dette arbeidet.

Utfordringa med å utvikle og ta i bruk meir miljøvennleg teknologi er hovudsakeleg ei oppgåve for næringslivet. Myndigheitenes oppgåve er først og fremst å utforme riktige rammevilkår.

Hovuddelen av klima- og miljønnsatsen innanfor NFD sitt ansvarsområde går til miljørelatert ressurs- og næringsforskning, tiltak for å stimulere til utvikling av klima- og miljøteknologi, opprydding etter gruvedrift og industri, tiltak for berekraftig forvaltning av fiskeressursar og berekraftig havbruk, tiltak for sunn og trygg sjømat og til oppbygging av kunnskap om marine ressursar.

Rapport for 2018

I 2018 gjekk 49 pst. av Innovasjon Noreg sine tilsegner om lån og tilskot, om lag 3,5 mrd. kroner, til miljøretta prosjekt. Tilsvarende tal for 2017 var 3,4 mrd. kroner. Døme på miljøretta prosjekt er kommersialisering av miljøteknologi, betring av miljøkvaliteten på produkt eller at prosjektet fører til at verksemda blir miljøsertifisert. I 2018 lanserte Innovasjon Noreg ei teneste for profilering av norske, grønne løysingar, kalt The Explorer. Tenesta skal gi bedrifter som leverer klima- og miljøvennlege løysingar, ekstra drahjelp for å lykkas i internasjonale marknader. Tenesta skal òg bidra til å trekkje internasjonale investorar til Noreg.

Miljøretta forskning er utbreidd i satsingar som har andre hovudformål og inngår i mange av programma som blir finansierte under NFD sitt budsjett. I Forskningsrådet sin totale portefølje i 2018 utgjorde forskning som kan føre til reduserte klima- og miljøavtrykk i alt 2,5 mrd. kroner, ei auke frå 2,1 mrd. kroner i 2017. Innanfor marin og maritim sektor er det forskning både på miljøkonsekvensar av påverknad i marine økosystem og korleis verksemdar innanfor desse sektorane kan drivast meir miljøvenleg. Det er òg omfattande forskning på konsekvensen av klimaendringar for marine økosystem og ressursar.

Det nye investeringsselskapet Nysnø Klima-investeringar AS vart oppretta i 2017 og vart operativt i 2018. Selskapet skal medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom sine investeringar, som i hovudsak er retta mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Selskapet gjorde sine to første investeringar i 2018.

Direktoratet for mineralforvaltning arbeider med tiltak for å avgrense forureininga etter tidlegare gruvedrift på Løkken, i Follidal og i Sulitjelma. NFD finansierer òg miljøtiltak i Raufoss Industripark.

Det vart gjennomført eit forskingstokt til Antarktis vinteren 2018 – 2019. Hovudformålet med toktet var å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av kril i Antarktis gjennom kunnskapsinnhenting om kril og økosystemet krilen lever i.

I februar 2018 vart forvaltingsorganet Norsk nukleær dekommisjonering etablert. Staten er nasjonalt organ for opprydding etter den nukleære verksemda og sikker handtering av nukleært avfall. Utgreiingar bereknar at oppryddinga vil koste meir enn 20 mrd. kroner i investeringar over fleire tiår. Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om saka i løpet av 2020.

Noreg har saman med dei andre EFTA-landa utarbeidd og blitt samde om reglar om handel og berekraftig utvikling som no blir lagt fram i alle forhandlingar om frihandelsavtalar. Kapitlet om berekraftig utvikling inneheld mellom anna nye føresegner om naturmangfald, klimaendringar, fiskeri og havbruk.

Plan for vidare arbeid

NFD vil medverke til å utvikle og ta i bruk miljøteknologi og meir miljøvennlege varer og tenester, mellom anna gjennom miljøteknologiordninga til Innovasjon Noreg.

Innan Noregs forskingsråds program vil det bli gitt støtte til prosjekt som er venta å ha positiv effekt for klima og miljø. Forskinga på konsekvensar av klimaendringar for marine økosystem og ressursar vil bli ført vidare. Den systematiske overvakinga av hav- og kystområde for å kartlegge eventuelle uønskete stoff blir ført vidare. Det er òg lagt vekt på å styrkje kunnskapsgrunnlaget om forureining med plast og mikroplast i havet.

Regjeringa vil bidra til berekraftig vekst i prosessindustrien gjennom å følgje opp strategiarbeidet i Prosess 21. Dette er eit strategisk samhandlingsforum der industrien, akademia og partane i arbeidslivet er representert.

Nysnø Klimainvesteringer AS («Nysnø») skal gjennom sine investeringar finansiere ny teknologi som bidrar til det grøne skiftet og til å byggje framtidens lavutslippssamfunn. Nysnø har i åra 2017–2019 fått tilført til saman 725 mill. kroner i kapital. For 2020 gjer regjeringa framlegg om at selskapet vart tilført ytterlegare 700 mill. kroner.

Miljø er eit av dei prioriterte områda i regjerings maritime strategi. Handlingsplanen for grøn skipsfart som vart lagt fram i 2019, vil vere eit sentralt verktøy for å nå regjerings mål om å halvere utsleppa frå sjøfart og fiske innan 2030. Sjøfartsdirektoratet samarbeider med næringslivet i prosjekt for å utvikle ny miljøvennleg teknologi og er ein

pådrivar for strengare internasjonalt klima- og miljøregelverk i FN sin maritime organisasjon IMO.

Direktoratet for mineralforvaltning skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til det beste for samfunnet. Dette omfattar òg å syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar og redusere miljømessige konsekvensar av tidlegare mineraluttak.

Nærings- og fiskeridepartementet vil prioritere å leggje til rette for framhalden miljømessig berekraftig vekst i havbruk. Det nye produksjonsreguleringsregimet i havbruksnæringslivet skal sikre at den ønskja auken i havbruksproduksjonen skjer innanfor miljømessig akseptable rammer. Det vil bli prioritert å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for estimat av fiskebestandar, og det må sikrast ein tilstrekkeleg kontroll med bestandsuttaket. Det er viktig å utvikle og ta i bruk fiskemetodar som reduserer utkast av fisk og bifangst og gjer mindre skade på botnhabitat. Innsatsen mot ulovleg urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) er særleg viktig for å sikre ei berekraftig hausting av fiskeressursane. Det er òg sentralt å kontinuerleg overvake innhaldet av uønskt stoff og næringsstoff for å sikre at sjømaten er trygg og sunn, og sikre oppdatert kunnskap om samanhengen mellom inntak av sjømat og helse.

8.1.12 Olje- og energidepartementet

Klima- og miljøutfordringar i olje- og gassutvinning er utslepp til luft og til sjø. Vassdragsutbyggingar og andre energirelaterte utbyggingar kan føre med seg inngrep i natur- og kulturmiljø. Omsynet til miljø og berekraftig utvikling er ein integrert del av den norske petroleums- og energiwerksemda. Ei rekkje reguleringar medverkar til at det blir teke omsyn til miljøet i alle fasar av petroleumswerksemda og ved utbygging og produksjon av fornybar energi. Olje- og energidepartementet (OED) vil i 2020 følgje opp innsatsområda i klimapolitikken og halde fram arbeidet for å følgje opp og forsterke regjeringa sin klima- og miljøpolitikk gjennom satsing på forskning og teknologiutvikling, uttesting og energiomlegging på petroleums- og energiområdet.

Rapport for 2018

Departementet medverka i 2018 til effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiressursane, ein effektiv og velfungerande kraftmarknad, og ei betring av samfunnet si evne til å handtere risiko for flaum og skred. Førebygging av flaum- og

skredskadar er gode klimatilpassingstiltak. Arbeidet skjedde i eit nært samarbeid med Noregs vassdrags- og energidirektorat, og statsføretaka Enova og Statnett.

Departementet arbeidde i 2018 med Prop. 35 S (2018–2019) Om vern av Øystesevassdraget som vart lagt fram i desember.

Olje- og energidepartementet har i 2018 følgd opp regjeringa sin strategi for arbeidet med CO₂-handtering slik den er presentert i departementet sin Prop. 1 S (2016–2017). Dette inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂, samt internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Departementet har ivareteke eigaroppfølginga av Gassnova SF, under dette føretaket si forvaltning av staten sine eigarinteresser i teknologisenteret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM). Departementet har òg hatt tett dialog med føretaket om oppfølginga av arbeidet med å studere aktuelle prosjekt for fullskala CO₂-handtering i Noreg. Ambisjonen om å realisere eit demonstrasjonsanlegg for fangst og lagring av CO₂ er følgd opp gjennom idéstudiar, moglegheitsstudiar og konseptstudiar. Konseptstudiar for fangst og transport vart ferdigstilte hausten 2017, medan konseptstudien for lagring vart ferdigstilt hausten 2018. Norcem og Fortum Oslo Varme har fått tilskot til forprosjektering av sine fangstprosjekt. Equinor har fått tilskot til å gjennomføre forprosjektering av transport og lager, i samarbeid med Shell og Total.

Olje- og energidepartementet har i 2018 jobba vidare med modninga av fullskala CO₂-handtering i Noreg og dei overordna rammene for investering og drift av eit norsk demonstrasjonsprosjekt og har gjennomført forhandlingar med industriaktørane. Når forprosjektering er fullført og ekstern kvalitetssikring er gjennomført, vil regjeringa vurdere om eit demonstrasjonsprosjekt bør realiserast. Regjeringa si vurdering vil bli lagt fram for Stortinget. Stortinget slutta seg gjennom behandlinga av RNB 2018 til tilrådinga frå Regjeringa om å vidareføre planlegginga av fullskalaprojektet fram til ei avgjerd om investering i 2020/21.

Gassnova har i 2018 arbeidd vidare med å rekruttere nye industrielle eigarar til TCM og nye brukarar til anlegget. I 2017 vart TCM omorganisert med ny eigarstruktur og nye eigarar. Det nye avtaleverket regulerer og tydeleggjer ei mogleg deltaking av nye industrielle partnarar.

Regjeringa si satsing på forskning og utvikling i energi- og petroleumssektoren er avgjerande for

at Noreg skal vere ein føregangsnasjon innan miljøvennleg energibruk og -produksjon.

Departementet har delteke som observatør i Forskningsrådet sine program PETROMAKS 2, DEMO 2000, ENERGIX og CLIMIT. I tillegg har departementet følgd utviklinga i forskningssentra (PETROSENTER) for arktiske utfordringar og auka utvinning samt dei ulike sentra for miljøvennleg energi (FME).

Det var stor aktivitet i ENERGIX i 2018. Det store tilfanget av søknadar frå bedrifter til programmet viser at næringslivet er villig til å investere meir enn nokon gong i forskning for å utvikle nye løysingar for lågutsleppssamfunnet. Tredje runde av PILOT-E blei og gjennomført i 2018. Seks prosjekt nådde opp i konkurransen. Desse skal utvikla løysingar for utsleppsfri maritim transport og framtidens klimanøytrale industri. Forskningssentra for miljøvennleg energi (FME) hadde sitt andre driftsår i 2018 etter tildelinga i 2016. Dei har alle bygd sterke partnarskap, både innanfor academia og med relevant næringsliv.

Det har òg vore stor interesse for å søke midlar frå CLIMIT i 2018. Regjeringa sine ambisjonar for fullskala CO₂-handtering har vore ei viktig årsak til dette, i tillegg til den fornya interessa frå industriaktørar. Den fornya interessa frå industriaktørar har vore spesielt merkbar i CLIMIT-FOU der det har komme langt fleire søknadar om prosjekt for kompetanse for næringslivet og innovasjon enn tidlegare.

Hausten 2018 blei rapporten som dokumenterte samfunnseffektar av Forskningsrådet si målretta satsing på miljøvennleg energi i perioden 2008–2017 ferdig. Rapporten, som vart skriva av Impello og Menon, viser at energiforskning lønner seg og at samfunnet får igjen meir pengar enn dei investerer. Dette kjem i tillegg til andre dokumenterte effektar som mellom anna reduserte kostnader, lågare utslepp og auka rekruttering.

Enova er eit sentralt verktøy i regjeringa sin politikk for å redusere norske utslepp av klimagassar og utvikle framtidens energisystem. Frå 1. mai 2018 er eigaroppfølginga av Enova SF overført frå Olje- og energidepartementet til Klima- og miljødepartementet (KLD). KLD følgjer opp den fireårige avtala om forvaltninga av Klima- og energifondet som gjeld til utgangen av 2020.

Plan for vidare arbeid

Departementet vil bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av dei fornybare energiressursane. Dette gjeld miljøomsyn ved utbygging av vind- og vasskraftanlegg og ved nettutbygging.

Departementet vil òg leggje til rette for miljøforbe-
tering i allereie regulerte vassdrag. Departementet
vil prioritere arbeidet med revisjon av konsesjons-
vilkår i 2020.

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE)
sitt arbeid med nasjonal ramme for vindkraft på
land har styrkt kunnskapsgrunnlaget om ulike
verknader av vindkraft. I tett samarbeid med
Miljødirektoratet er fleire ulike miljøomsyn gjen-
nomgått. NVE har føreslått område som er mest
eigna for vindkraft, men det er ikkje eit forslag til
ein utbyggingsplan med talfesta mål. Departe-
mentet har sendt NVE sitt forslag på høyring, og
har bedt om innspel til forslaget og til om det bør
fastsetjast ei slik nasjonal ramme for vindkraft i
Noreg. I juli 2019 sendte departementet på høyr-
ing eit forslag om å opne område for vindkraft til
havs.

Departementet vil følgje opp NVE sitt arbeid
med å betre samfunnet si evne til å handtere
risiko for flaum og skred.

Regjeringa satsar breitt på å utvikle kostnads-
effektiv teknologi for fangst og lagring av CO₂.
Arbeidet med fullkjedeprosjektet for CO₂-hand-
tering held fram i 2020, og arbeidet for å fremje
CO₂-handtering som eit klimatiltak internasjonalt
held fram.

Det går no føre seg forhandlingar mellom sta-
ten og dei industrielle partnerane Equinor, Shell
og Total om vidare drift ved TCM etter 2020.

Når forprosjektering er fullført og ekstern kva-
litetssikring er gjennomført, vil regjeringa vur-
dere om eit demonstrasjonsprosjekt bør realise-
rast. Regjeringas vurdering vil bli lagt fram for
Stortinget. Ei avgjerd om investering kan etter
den gjeldande framdriftsplanen bli fatta hausten
2020.

Offentleg støtte til energiforskning skal med-
verke til ei effektiv og berekraftig utnytting av
nasjonale energiressursar og til ei effektiv, robust
og miljøvennleg kraft- og energiforsyning i Noreg.
Satsinga skal vere med på å utvikle miljøvennlege
produkt, tenester og prosessar, mellom anna nye
teknologiar for fornybar energi, energieffektivise-
ring og CO₂-handtering. Den offentlege satsinga
på energiforskning skal òg medverke til næringsut-
vikling og til å byggje opp samfunnsfagleg kunn-
skap til dømes om effektar av klimaendringar på
energiområdet (auka nedbør, flaum, redusert opp-
varmingsbehov etc.).

Regjeringa si satsing på miljøvennleg energi-
forskning vil byggje vidare på FME-ordninga,
ENERGIX og CLIMIT. Den reviderte FoU-strate-
gien Energi21 blei lagt fram i juni 2018. Den gir
styresmaktene og industrien råd på innretninga av

satsinga. Den nye strategien tilrår å prioritere sat-
singa på seks område:

- Digitaliserte og integrerte energisystem
- Klimavenlege energiteknologiar til maritim
transport
- Solkraft for ein internasjonalt marknad
- Vasskraft som rygggrada i norsk energiforsy-
ning
- Havvind for ein internasjonalt marknad
- Klimavennleg og energieffektiv industri inklu-
sive CO₂-handtering

Offentleg støtte til FoU og kompetansebygging i
petroleumssektoren er viktig for å sikre ei effektiv
og miljøvennleg utnytting av petroleumsressursane
og samtidig medverke til utvikling av den norske
petroleumsnæringa som vår fremste høgteknolo-
giske kunnskapsindustri. Redusert miljøpå-
verknad og lågare klimagassutslepp er viktige mål
for forskingsprogramma PETROMAKS 2 og
DEMO 2000. På slutten av 2018 vart det òg tildelt
eit tredje PETROSENTER som skal arbeide med
teknologi for lågare utslepp frå norsk sokkel.

8.1.13 Samferdselsdepartementet

Eitt av hovudmåla i Nasjonal transportplan 2018–
2029 er at transportpolitikken skal medverke til å
reducere klimagassutsleppa i tråd med omstil-
linga mot eit lågutsleppsfunn og redusere
andre negative miljøkonsekvensar. Samferdselde-
partementet legg stor vekt på eit taktskifte for å ta
i bruk meir miljøvennleg transportmiddeltekno-
logi og alternative drivstoff. Samferdselsdepar-
tementet skal bidra til at det blir lagt til rette for are-
albruk som reduserer transportbehovet, og
utforme verkemiddel som merverkar til meir
klima- og miljøvennlege løysingar for personar og
gods.

Regjeringa forslår om lag 5,4 mrd. kroner til
bymiljøavtalene/byvekstatalene, belønningsord-
ninga og eit nytt tilskot til reduserte billettprisar
på kollektivtrafikk i 2020. Dette er ein auke på om
lag 46 pst. frå 2019. Av dette blir det foreslått 2 070
mill. kroner i tilskot til store kollektivtransport-
prosjekt i dei fire største byområda, der staten
dekker inntil 50 pst. av kostnadene. I tillegg er det
sett av om lag 850 mill. kroner slik at regjeringa
kan tilby lokale styresmakter å auke det statlege
bidraget til 66 pst. Vidare foreslår regjeringa om
lag 700 mill. kroner til kollektivtransport, sykkel-
og gangetiltak langs riksvegar, 1 500 mill. kroner
til belønningsmidlar og 300 mill. kroner til redu-
serte billettprisar på kollektivtrafikk i dei store
byane. Til jernbaneforvaltning er det foreslått om lag

26,8 mrd. kroner. Kjøp av persontransport med tog er styrka med 210 mill. kroner for å fase inn 9 nye tog i Austlandsområdet, forbetre togtilbodet med mellom anna fleire avgangar og betre mobildekning, og byggje om vanlege sittevogner til vogner med liggestoler for å gjere nattoga meir attraktive for pendlarar og forretningsreisande. For tilskotsordninga for effektive og miljøvennlige hamner er det gjort framlegg om 51,3 mill. kroner, og for tilskotsordninga for overføring av gods frå veg til sjø foreslår regjeringa 50 mill. kroner. Løyvinga til kjøp av riksvegferjetenester skal sikre oppfølging av inngåtte kontraktar for drift av riksvegferjesambanda. I nye kontraktar som startar opp i 2020 er det stilt krav til låg- og nullutsleppsløysingar der teknologien tilseier det. Vidare er det foreslått å løyve 27,3 mill. kroner til Senter for oljevern og marint miljø. Senteret skal være eit nasjonalt og internasjonalt leiande kompetansesenter for arbeidet med oljevern og mot marin plastforsøpling.

Rapport for 2018

Førebelse tal frå Statistisk sentralbyrå for 2018 viser at klimagassutsleppa frå vegtrafikken var 9,0 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette utgjer 17 pst. av dei nasjonale klimagassutsleppa. Utsleppa auka med 2,8 pst. frå 2017 til 2018. Utsleppsauken i 2018 kjem i hovudsak av at omsetninga av palmeoljebasert biodrivstoff blei redusert frå 2017 til 2018. Samstundes viser statistikken at det har vore ein stabil trafikkvekst på mellom 1,5 og 2,5 pst. for både lette og tunge køyretøy frå 2017 til 2018. Andelen elbilar i nybilsalget i 2018 var på over 31 pst., og ved årskiftet var meir enn 7 pst. av alle norske personbilar el-bilar.

For sivil luftfart er det berre utslepp frå innanriks luftfart som inngår i Noregs utsleppsforpliktingar som er meldt inn til FN som Norges bidrag under Parisavtalen og lovfesta i klimaloven. Innanriks luftfart i Noreg slapp i 2017 ut om lag 1,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Det utgjorde 2,4 pst. av samla innanriks utslepp. Utsleppa har vore relativt stabile sidan 2005. Klimagassutslepp frå utanrikstrafikken, det vil seie frå norske flyplassar til første destinasjon i utlandet, var i 2017 på 1,67 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette var ein liten auke frå 2016.

Meir enn 80 pst. av togtrafikken i Noreg skjer med elektriske tog, og jernbanen har låge klimagassutslepp per transportert eining samanlikna med andre motoriserte transportformar.

Jernbanetransporten slepp årleg ut om lag 0,05 mill. tonn CO₂, noko som i 2017 svarar til om

lag 0,3 pst. av samla innanriks utslepp. Jernbane-direktoratet arbeider med eit prosjekt som ser på om det er mogeleg med nullutsleppsløysingar for dagens dieselstrekningar som er meir lønnsame enn å bygge kontaktledningsanlegg.

Klimagassutsleppa frå innanriks sjøfart og fiske var i 2017 på 3,0 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Det er ein reduksjon på 9,6 pst. samanlikna med 2016. Utsleppa er redusert med om lag ein tredel i perioden 2012–2017. Mogelege årsaker til utsleppsreduksjonen er lågare aktivitet i petroleumssektoren og blant offshore-skipa, og introduksjon av fleire nye og meir energieffektive ferjer som nyttar låg- eller nullutsleppsdrivstoff.

Noreg har eit mål om at utsleppa frå nye personbilar ikkje skal overstige eit gjennomsnitt på 85 g CO₂/km i 2020. Målet blei nådd i 2017, tre år før tida. Utsleppa var i 2006 177 g CO₂/km, medan dei var reduserte til 82 g CO₂/km i 2017 og 71 g CO₂/km i 2018.

I Nasjonal transportplan 2018–2029 la regjeringa fram sine måltal for låg- og nullutsleppskøyretøy. Det er føreset at dei ulike kjøretøysegmenta vil ha ei teknologisk modning slik at nullutsleppskøyretøy blir meir konkurransedyktige samanlikna med konvensjonelle løysingar. Ein syner til Samferdsledepartementet sin Prop. 1 S (2019–2020) for rapportering av desse måltala.

Plan for vidare arbeid

Samferdselsdepartementet har utarbeidd fleire handlingsplanar om auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi og biodrivstoff. Handlingsplan for fossilfri kollektivtrafikk og Handlingplan for infrastruktur for alternative drivstoff for transportsektoren, blei lagt fram før sommaren 2019. Desse planane følgjer m.a. opp Nasjonal transportplan 2018–2029. Regjeringa sin plan for infrastruktur for alternative drivstoff for transportsektoren blei utarbeidd ut frå at utbygging av infrastruktur for nullutsleppsdrivstoff på eit så tidleg stadium som mogeleg skal gjennomførast utan tilskot. Dei verkemidla som styresmaktene har, t.d. Enova, skal byggje opp under dette. Planen for fossilfri kollektivtrafikk innen 2025 viser at fossilfri kollektivtrafikk er i ferd med å bli konkurransedyktig samanlikna med konvensjonell kollektivtrafikk i nokre segment. I planen varslar regjeringa m.a. ei vidareført satsing på Enova og vurdering av krav til fossilfri kollektivtrafikk.

Alle infrastrukturprosjekt vil kunne påverke naturmangfaldet. På same måte som det er vanskeleg å reversere klimapåverknaden, kan det vere vanskeleg å reversere negativ påverknad på

naturmangfaldet. Transportetatene og verksemdene skal prøve å unngå inngrep i verna naturområde, tyngre inngrep i større samanhengande naturområde, sårbare naturtypar og verdifulle kulturområde. Det skal òg takast omsyn til naturmangfald og økologisk og kjemisk vasskvalitet i planleggingsfasen, byggjefasen og gjennom drift og vedlikehald, slik at god økologisk tilstand blir halde ved lag. Når styresmaktane skal gjere tiltak som vil forringe verneområde eller verdifulle naturområde må det så langt som mogeleg veljast ein annan trasé, før avbøtande, restaurerande og kompenserande tiltak blir vurdert.

Statens vegvesen har gjennomført forprosjekt der ein greier ut om det er mogeleg å planleggje og byggje ein naturnøytral veg. Dette arbeidet held fram i 2019 saman med oppdraget transportetatene og Avinor har fått frå departementet om å greie ut ein ny indikator for naturmangfald.

Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet bidreg i ulike tverrsektorielle arbeid, som blir leia av Miljødirektoratet, med m.a. økologisk grunnkart, nasjonal tiltaksplan mot framande skadelege artar og nasjonale tiltaksplan for pollinatorar. I 2020 vil det tverrsektorielle samarbeidet bli vidareført. Det er gjennomført eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen og det dåverande Jernbaneverket om metodar for før- og etterundersøkingar i samferdselsprosjekt. Vidareutvikling og innføring av dette held fram i 2020 og Jernbanedirektoratet, Banenor og Statens vegvesen deltar i arbeidet.

Nasjonale prinsipp for økologisk kompensasjon er vedtatt. Etatene samarbeider med Miljødirektoratet om rettleiing etter desse prinsippa. Arbeidet med pilotprosjekta for økologisk kompensasjon blir vidareført.

Samferdselsdepartementet sine etatar og verksemdar skal utvikle vidare tverretatlege verkemiddel på klima- og miljøområdet, t.d. indikatorar, metodikk for før- og etterundersøkingar, og bruk av avbøtande tiltak ved bygging av ny infrastruktur og utvikling av felles gjennomføringsmetode for drift og innkjøp. Kostnadseffektivitet er sentralt i arbeidet med å utvikle verkemiddel.

Samferdselsdepartementet og transportetatene held fram med å auke fokus på å nytte innkjøpsregelverket for å auke tilbodet av meir miljø- og klimavennlege transport. Etatene og Avinor arbeider med å redusere utsleppa frå bygging, drift og vedlikehald. Til dømes vurderer Jernbanedirektoratet tilbydarar bl.a. etter miljø i konkurranseutsetjinga av persontrafikkavtaler. Kystverket medverkar til reduserte klimagassutslepp ved mellom anna miljøkrav i innkjøp til eiga verk-

semd, blant anna betre tilgang til landstraum for slepebåtberedskapen. Statens vegvesen har etablert eit utviklingsprosjekt for ei delvis hydrogendriven ferje med planlagt driftsstart i 2021.

Etatene og underliggjande verksemdar skal arbeide for å redusere utsleppet av plast og unngå at mikroplast blir spreidd til naturen og spesielt til vassførekomstar. Regjeringa halde fram å satse på Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) ved å foreslå å løyve 27,3 mill. kroner over Samferdselsdepartementets budsjett. SOMM skal vere eit nasjonalt og internasjonalt leiande kompetansesenter for arbeidet med oljevern og mot marin plastforsøpling. SOMM vil samarbeide med transportetatene i arbeidet med å avgrense marin forsøpling

Forureiningsforskrifta si grenseverdi for svevestøv (PM₁₀) blei overskriden i 2 av byane med målestasjon i 2018 (Hamar og Elverum). Det var ingen overskridingar av grenseverdiane for NO₂ (verken årssnitt eller timesmidling) i 2018 ved nokon av målestasjonane. I 2016 blei ei ny forskrift for lågutsleppssonar for bilar fastsett. Forbod mot bruk av person-dieselskøyretøy blei sett i verk ein dag i Oslo, i januar 2017. Regjeringa la i 2017 til rette for at byområde kan ta i bruk bompengetakstar som m.a. varierer ut frå miljøeigenskapane til dei ulike skøyretøya. Dette blei innført i Oslo i 2017 og i Bergen i 2018. Innførde avgasskrav, den aukande delen elektriske skøyretøy og lågare utslepp frå nye tunge skøyretøy med Euro VI teknologi vil venteleg redusere framtidig risiko for overskriding av NO₂-grenseverdiane.

Det trengst eit breitt samarbeid for å betre den lokale luftkvaliteten, både med tanke på NO₂ og svevestøv. Krava i forskrifta om lokal luftkvalitet for NO₂ kan ved ugunstig vær bli brotne enno nokre år om det ikkje blir sett i verk tiltak. Lågutsleppssonar, tids- og miljødifferensierte bompengetakstar og mellombelse auka bompengetakstar i akuttsituasjonar (såkalla «beredskapstakstar») er verkemiddel som kommunane kan nytte for å forhindre brot på grenseverdiane for NO₂. Lokale myndigheiter kan nytte ei rekkje ulike tiltak og det er framleis naudsynt med generelle tiltak retta mot svevestøv som t.d. piggdekkgebyr, setje ned fartsgrensene om vinteren, og bruke saltløysing og auka reinhald for å dempe at støv kvervlar opp frå vegbana. Det er piggdekkgebyr i Bergen, Stavanger, Trondheim og Oslo. Statens vegvesen vil arbeide vidare med å undersøke utslepp frå bilar i verkeleg trafikk og ved låge vintertemperaturar. Resultata så langt viser at NO_x- og NO₂-utslepp frå tunge skøyretøy, som bussar og lastebilar, er om lag på nivå med krava i EURO VI skøy-

retøy ved køyring i verkeleg trafikk, mens diesel personbilar har vesentleg høgare utslepp ved køyring i verkeleg trafikk enn kravet ved typegodkjenninga for EURO 6.

Samferdslesektoren står for nesten 90 pst. av dei berekna støyplagene, og vegtrafikken aleine for nærmare 80 pst. Det er derfor eit særleg behov for tiltak innanfor denne sektoren og spesielt retta mot vegtrafikken. Samferdsleministeren, eldre- og folkehelseministeren og klima- og miljøministeren har gitt etatane sine i oppdrag å utgreie ein ny måleindikator for støy. Etatane skal svare på oppdraget med å tilrå dei mest kostnads-effektive tiltaka som reduserer støy og vurdere effekten av desse. Dei skal fokusere på støy som gir søvnproblem. Utgreiinga skal vere ferdig innan hausten 2019.

8.1.14 Utanriksdepartementet

Klimatilpassing og førebygging av klimarelaterte katastrofar

Konsekvensane av klimaendringane rammar utviklingslanda og dei mest sårbare statane særleg sterkt. Hyppigare tørke- og flaumkatastrofar fører til sviktende avlingar i landbruket og øydelagt infrastruktur. Klimaendringane kan medverke til å undergrave det som hittil er oppnådd for å nedkjempe fattigdom og for å nå berekraftsmåla.

Regjeringa har derfor gjort klimatilpassing, forebygging og kamp mot svolt til eit sentralt element i den norske utviklingspolitikken. Innsatsen på området skal trappast opp i åra framover. Samtidig vil arbeidet med reduksjon av utslepp av klimagassar og luftforureining halde fram. Slik vil Regjeringa styrkje det norske bidraget til gjennomføringa av Parisavtala, arbeidet for berekraftsmåla og gjennomføringa av det globale Sendairammeverket for katastrofeforebygging.

Den norske støtta i 2018 vart gitt på nasjonalt, regionalt og globalt nivå. Det grønne klimafondet (GCF) under FNs klimakonvensjon var ein av dei største mottakarane av norsk klimafinansiering (400 mill. kroner i 2018). Halvparten av fondets investeringar går til utsleppsreduksjonar, og den andre halvparten skal gå til klimatilpassing. Det vart òg gitt betydeleg klimabistand gjennom kjernebidrag og øyremerkte tilskot til dei multilaterale utviklingsbankane. Noreg medverka til styrka vèrvarslingsstenester i Afrika og Sør-aust Asia gjennom Verdas meteorologiorganisasjon og Meteorologisk Institutt. Støtta til førebygging av klimarelaterte katastrofar gjennom Verdsbanken

og FNs organ for katastrofeforebygging vart styrkt.

I 2020 vil arbeidet med klimatilpassing og førebygging av klimarelaterte katastrofar intensive- rast. Dette vil bli sett i samanheng med handlingsplanen for berekraftige matsystem som òg vil vere eit viktig bidrag til klimatilpassing.

Globale miljøavtaler

Eit reint og sunt miljø er ein føresetnad for å nå berekraftsmåla for utvikling. Regjeringa har auka innsatsen for globale miljøtiltak. Norske bistandsmidlar støttar tiltak i utviklingsland for gjennomføring av globale avtaler på miljøområdet, som avfallshandtering og kompetansebygging. Nokre hovudkanalar for dette er FNs miljøprogram (UNEP) og Den globale miljøfasiliteten (GEF). Vi medverkar òg til å styrkje internasjonal forvaltning av biodiversitet gjennom Konvensjonen om biodiversitet, og fremje samhengane mellom miljø og helse gjennom samarbeid med mellom anna Verdas helseorganisasjon (WHO).

Hav

Hav er ei sentral interesse i norsk utanrikspolitikk, og regjeringa har styrkt det internasjonale samarbeidet om havpolitiske spørsmål. Berekraftig forvaltning og bruk av verdas hav er avgjerande for vår felles framtid og er ein føresetnad for implementering av dei fleste berekraftsmåla, under dette kamp mot svolt, jobbskaping, kamp mot klimatrusselen, ivaretaking av biologisk mangfald m. fl. Statsministeren har oppretta eit høgnivåpanel bestående av 14 sitjande stats- og regjeringssjefar som vil leggje fram konkrete tilrådingar for utvikling av ein berekraftig havøkonomi globalt. Klima- og miljøtruslane er eit hovudtrugs- mål for å realisere vekstmoglegheiter i den blå økonomien. Det er derfor sterke koplingar mellom regjeringas klima, miljø og havinnsats.

Marin forsøpling

Noreg har aktivt medverka til at innsats mot marin forsøpling, mikroplast og miljøkriminalitet er høgt på den internasjonale dagsorden. Regjeringa arbeider for å få på plass ei avtale for å kjempe mot marin forsøpling. Vidare har Regjeringa oppretta eit eige bistandsprogram mot marin forsøpling som skal hjelpe utviklingsland i å forhindre og redusere marin forsøpling. I 2018 vart ca. 250 mill. kroner utbetalt til 14 organisasjonar. Blant desse organisasjonane er det både mul-

tilaterale organisasjonar som FN og Verdsbanken, ikkje-statlege organisasjonar (NGOar) og forskingsinstitutt. Dei fleste av desse samarbeider med myndigheiter, privat næringsliv, sivilsamfunnsorganisasjonar og/eller lokalbefolkning. I perioden 2019–2022 har regjeringa sett av 1,6 mrd. kroner til programmet.

Fornybar energi

Tilgang til energi er ein sentral føresetnad for økonomisk og sosial utvikling. Stabil forsyning av elektrisitet er òg ein føresetnad for næringsutvikling og jobbskaping. Energisektoren er den største kjelda til utslepp av karbondioksid. Det er derfor avgjerande at eksisterande energiproduksjonen går over frå fossil energi til fornybar, og at ny energiproduksjon er basert på fornybare kjelder som vasskraft, sol og vind og at innsatsen på energieffektivisering blir styrkt. Regjeringa vil også styrkje innsatsen på å medverke til utfasing av kol.

Talet på personar utan tilgang til elektrisitet har sidan år 2000 blitt redusert frå 1,7 milliardar til 840 millionar i 2017. Vellykka program i fleire land medfører at talet på personar som får tilgang til elektrisitet aukar, men innsatsen må aukast for å nå berekraftmål 7. Nesten all auke i tilgangen på elektrisitet sidan 2000 er basert på tilkoplingar til det nasjonale straumnett, og det er venta at tilkopling til nettet vil halde fram med å vere den føretrekte løysinga. I område med spreidd busetnad vil desentraliserte løysingar ofte vere ei rimelegare løysing. Framleis manglar omtrent 3 milliardar menneske tilgang til gode kokeløysingar, med omfattande utviklingsmessige konsekvensar. Omtrent 4 millionar menneske dør årleg som følge av innandørs luftforureining. Regjeringa vil halde fram med å prioritere tilgang til trygge og gode kokeløysingar.

Løyvinga til fornybar energi dekkjer støtte til tiltak som medverkar til tilgang til elektrisitet, utbygging av fornybar energi og mobilisering av privat sektor til å delta i slik utbygging. Dette skjer gjennom tiltak som betrar investeringsklimaet, slik som kapasitets- og institusjonsbygging, tiltak som reduserer risikoen i tidleg prosjektfase, utbygging av straumnett og støtte til lokale straumløysingar. Løyvinga er særleg retta mot land i Afrika.

Vatn og sanitær

Mangel på tilgang til trygt drikkevatt og gode sanitærløysingar trugar oppnåinga av berekraftmåla og kampen mot fattigdom. I 2017 hadde 71

pst. av verdas befolkning tilgang til trygt drikkevatt mens berre 45 pst. hadde tilgang til gode sanitærløysingar. Framleis manglar 785 millionar menneske tilgang til basis vassforsyning og 673 millionar har ikkje tilgang til toalettfasilitetar. 3 milliardar menneske har ikkje tilgang til gode fasilitetar for handvasking med omfattande konsekvensar for hygiene. Det vil bli utfordrande å nå måla for vatn og sanitær, spesielt i Afrika. Måla om vasskvalitet og reinsing av avløpsvatn vil heller ikkje bli nådd. Klimaendringane forsterkar problema knytte til manglande tilgang til vatn og sanitær. Omtrent 4 milliardar menneske bur i område som har knapt med vatn til tider av året. Ein tredel av landa har knapt med vatn, spesielt i Midtausten og i Nord-Afrika. I følge FN vil omtrent 700 millionar menneske måtte flytte i 2030 på grunn av knapp tilgang på vatn.

Volumet på den norske vassbistanden har lege fast på omlag 200 mill. kroner pr. år sidan rundt tusenårsskiftet. Hovudinnsatsen skjer i første rekke gjennom humanitær bistand, helse, utdanning, støtte til sivilt samfunn og bilaterale samarbeid. Noreg støttar UNICEFs arbeid med vatn, sanitær og hygiene (har aktivitet i ca. 80 land). Bilateralt er det aktivitetar bl.a. i Afghanistan og i Myanmar. Vidare er det støtta tiltak som legg til rette for samarbeid om felles forvaltning av grenseoverskridande mattryggleik.

Klimaendringar og landbruk er prosessar som påverkar kvarandre. Endringar i gjennomsnittleg temperatur, nedbørnivå, ekstremvær, nivå på havet, konsentrasjonen av ozon og CO₂ i atmosfæren er blant dei mange elementa som påverkar landbruket. Så mykje som 95 pst. av landbruksarealet i Afrika sør for Sahara er avhengig av naturleg nedbør og dermed svært sårbar for svingingar i vær og endringar i klima (IWMI).

På den andre sida står landbruk for rundt 24 pst. av dei totale utsleppa av klimagassar (IPCC). Dette er behov for å tenke nytt når det gjeld reduksjon av klimagassar frå landbruket.

Noreg lanserte våren 2019 ein handlingsplan for berekraftige matsystem i norsk utanriks- og utviklingspolitikk. Systemtankegangen i handlingsplanen gjer at alle koplingar må vurderast nøye, inkludert verknad av landbruksiltak på klima og miljø. Klimatilpassing vil gjere landbruket meir robust og styrke kapasiteten for lokale samfunn til å stå imot klimarelaterte kriser.

EØS-midlane

Mange europeiske klima- og miljøutfordringar er grenseoverskridande og krev samarbeid på tvers

av landegrensene. Gjennom EØS-midlane er støtta tiltak som fremjar klima, miljø og fornybar energi i 15 europeiske land. Midlane medverkar til at landa skal kunne oppfylle sine nasjonale og internasjonale forpliktingar, inkludert oppfyljing av EU-direktiva. EØS-midlane styrkjer òg dei bilaterale relasjonane mellom Noreg og mottakarlanda, og innanfor miljø og klima er miljøforvaltningas etatar, under dette Miljødirektoratet, og ei rekkje forskingsaktørar og institusjonar aktive i fleire land. Samarbeidet mellom norske aktørar og partnerar i mottakarlanda er svært positivt for vårt nasjonale miljøarbeid, ettersom forvaltninga får ny kunnskap gjennom europeisk samarbeid.

Rapport 2018 på miljøforvaltning og biologisk mangfald og klimatilpassing og fornybar energi

Dei fleste programma under EØS-midlane for 2018 var i programutviklingsfasen, og nokre var i tidleg oppstartsfase.

Plan for vidare arbeid

Miljø, energi, klima og lågutsleppsøkonomi er ein av tre prioriterte hovudsektorar under EØS-midlane 2014–2021. Etter at rammeavtaler med 14 av 15 land er signerte, er i underkant av 409 mill. euro planlagt nytta til miljø, energi, klima og lågutsleppsøkonomi i 13 land. Detaljerte planar, inklusive konkrete mål, er venta ferdigstilte i løpet av 2019.

8.2 FNs berekraftsmål

Noregs statsminister underteikna Agenda 2030 med universelle berekraftsmål i september 2015, og har med dette forpliktet seg til gjennomføring og implementering av måla. Regjeringa stadfester dette oppdraget i Granavolden-plattformen 2019 ved å slå fast at «Regjeringa anser FNs bærekraftsmål som sentrale for å løse vår tids største globale utfordringar».

Allereie i juli 2016 la Noreg fram frivillig nasjonal rapportert til FN om framdrifta, og var med dette blant den første gruppa av land til å rapportere. Noreg har sidan følgt opp med oppdatert rapport «One year closer» som blei lagt fram i juli 2018. Rapporten synte at politikk og regelverk i Noreg i stort er i samsvar med måla, men at det òg er mål som utfordrar oss til å gjere meir. Noregs modell for oppfølging av berekraftsmåla nyttar det årlege arbeidet med statsbudsjettet som

ein godt utvikla og innarbeidd arena for å avklare politikk.

Behovet for ei meir integrert tilnærming til økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn i politikktutforming går klart fram av Agenda 2030, og er understøtta av utviklinga i dei store miljøkonvensjonane, til dømes Konvensjonen om bevaring av biomangfald. Regjeringa ser at berekraftsmåla kan fremje eit breiare samfunnsansvar hos alle aktørar, engasjere fagmiljø på nye vis og betre samarbeidet mellom dei.

Berekraftsmåla framhevar miljø og klima både som eigne mål og prioriterte felt, og som tverrgående omsyn. Både dei mest sentrale miljømåla og eit utval mål og delmål som er sentrale for miljøtilstanden er omtala her. Meir omtale finst i proposisjonane til andre departement og i nasjonalbudsjettet. Styrkt koherens i oppfølginga av måla er eit hovudpoeng.

Mål 16 om betre styresett og mål 17 om finansiering og gjennomføringsmidlar er òg svært relevante for klima- og miljøpolitikken, men blir ikkje omtalt av Klima- og miljødepartementet

Mål 6 Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

Nasjonalt nivå

Norske innbyggjarar har universell tilgang på trygt og rimelig drikkevatt, tilstrekkelege og likeverdige sanitærforhold og god kloakkhandtering. Delen av befolkninga som har tilgang på trygge drikkevatttenester utgjer 100 pst.

Den norske vassektoren er godt regulert og av høg teknisk standard. Identifiserte utfordringar er hovudsakleg knytt til aldrande distribusjonssystem, udokumenterte mindre vassforsyningssystem og uvisse knytt til beredskap. Noreg har forpliktet seg til WHO og UNECEs protokoll om vatn og helse, og arbeider for å oppnå berekraftsmål 6 ved å setje nasjonale mål. I dei seinare åra har det blitt utført fleire viktige tiltak, blant anna revisjon av drikkevassforskrifta med auka fokus på å styrkje område som sikrar drift og forvaltning av distribusjonssystemet, registrering av mindre vassforsyningssystem og auka risikobasert tilnærming for å betre overvaking (delmål 6.1).

Gammalt og dårleg leidningsnett utgjer ei utfordring både på vatn- og avløpssida, og ei viktig målsetjing for Noreg er derfor å auke fornyingsraten av leidningsnettet. Utslepp av farlege stoff som kan påverke drikkevattnet er strengt regulert og avfallsdumping er nesten eliminert. Det ligg

føre nasjonale system for avfallshandtering og lovgiving for å beskytte vatn mot forureining. Det meste av avløpsvatnet og kloakken blir behandla, og 85 pst. av befolkninga er kopla til avløpsanlegg over 50 personekvivalentar og har tilgang på sikre sanitærfasilitetar. Den resterande delen av befolkninga har tilgang på grunnleggjande handterte sanitærfasilitetar. Arbeid som står att består i utfasing av anlegg med ureinsa utslepp, og oppgradere mekaniske anlegg til primærreinsanlegg som er knytte til større tette busetnader langs kysten og omfatta av EUs avløpsdirektiv (delmål 6.2 og 6.3).

Det blir arbeidd med å få implementert ei integrert forvaltning av vassressursane på alle nivå i Noreg, og det er under indikator 6.5.1 rapportert ei måloppnåing på 63 pst.. Graden av måloppnåing henger saman med Noregs gjennomføring av EUs vassdirektiv. Direktivet blir gjennomført ved nasjonal lovgiving og dei første vassforvaltningsplanane ble vedtekne i 2016. I tråd med vassforvaltningsplanane vil det bli sett i verk tiltak for å oppnå god økologisk og kjemisk status i dei fleste vassførekomstane, innan 2033 eller tidlegare. Norsk måloppnåing er venta å auke i 2021 når vassforvaltningsplanane for neste planperiode blir vedtekne. Norsk måloppnåing knytt til indikator 6.5.2 er 59,5 pst., tilsvarende dei delane av den norsk-finske vassregionen som drenerer til den norske kysten, og som er underlagt ei formell, bilateral avtale om felles norsk-finsk vassforvaltning. Dei resterande 40 pst. tilsvarende fleire grenseoverskridande nedbørsfelt, som hovudsakleg drenerer frå norsk til svensk territorium. Noreg og Sverige har eit nært vassforvaltningssamarbeid, men med utgangspunkt i eit meir uformelt strategidokument og ikkje ei bilateral avtale (delmål 6.5).

Internasjonalt nivå

I 2018 gav Noreg ca. 150 mill. kroner til støtte av aktivitetar under berekraftsmål 6. Økonomisk støtte er primært gitt gjennom sektorprogram, slik som helse, utdanning, landbruksutvikling og humanitær bistand. Gjennom Kyrkas Naudhjelp fekk ca. 1,5 mill. menneske tilgang på vatn og ca. 350 000 menneske fekk tilgang på sanitærfasilitetar. Noreg søkjer å fremje samarbeid om grenseoverskridande vassressursar og betra forvaltning av vassressursar, også med sikte på utvikling av vasskraft. Noreg bistår med å etablere eit samarbeid om felles styring av grenseoverskridande vassressursar, spesielt i elveområde som Nilen, Eufrat, Tigris og Himalaya. Gjennom FN's miljø-

program (UNEP) støttar Noreg også aktivitetar for å betre handtering og behandling av avløpsvatn i utviklingsland. Noreg spelar også ei aktiv rolle for europeisk samarbeid under protokollen for vatn og helse.

Mål 12 Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

Målet inneber at produsentar og forbrukarar må ta omsyn til kostnader for miljøet av produksjon og forbruk. Regjeringa vil utvikle ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi. Norske myndigheiter brukar avgifter og andre reguleringar for å fremje berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar. Regjeringa prioriterer høgt utviklinga av en grøn, sirkulær økonomi i Noreg, jf. indikator 12.1.1. Norske myndigheiter vil derfor utvikle ein nasjonal strategi for ein sirkulær økonomi, for å medverke til å beskytte miljøet, redusere klimagassutslepp og sikre berekraftig produksjon. Den vil vidare bidra til økonomisk vekst og betre konkurransevne for norsk næringsliv.

Eit særleg viktig område for den nasjonale gjennomføringa av berekraftsmål 12 (i tillegg til mål 2 og 14) er å redusere matsvinn. Norske myndigheiter signerte i 2017 ein intensjonsavtale med aktørane i matverdikjeda om å halvere matsvinn innan 2030. I perioden 2010–2016 vart matsvinnet redusert med 14 pst. i Noreg. Som ei oppfølging av avtala utviklar Noreg eit rapporteringssystem frå heile matverdikjeda, som vil gi grunnlag for betre statistikk.

I Noreg har utslepp av farlege kjemikalier og avfall blitt sterkt redusert gjennom fleire tiår. Det er eit mål å lausrive veksten i avfallsmengda frå veksten i økonomien, noko som er vanskeleg å oppnå. Mengda farleg avfall som ikkje blir samla inn og behandla særskilt har blitt betydeleg redusert. I 2017 produserte Noreg 289 kg farleg avfall per person, inkludert industriavfall. 18,5 pst. vart resirkulert, 23 pst. energigjenvunne og 58,5 pst. sendt til deponering eller anna sluttbehandling, jf. indikator 12.4.2.

Materialgjenvinning har auka betydeleg dei siste tiåra og medverka til å redusere miljøkonsekvensane av avfall. Noreg vurderer ytterlegare tiltak for å auke materialgjenvinningsgraden. Angående indikator 12.5.1 var materialgjenvinningsgraden i 2017 om lag 35 pst. Vidare blir det òg utvikla eit nasjonalt program for avfallsførebygging, jf. mål 12.4 og 12.5.

Offentlege instansar er underlagt eit krav om 30 pst. miljøvekting ved offentlege anskaffingar der det er relevant, jf. mål 12.7.1. Regjeringa skal

vidare utarbeide ein handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon.

Angående indikator 12.b.1 tilbyr Innovasjon Noreg sertifiseringssystemet «Bærekraftig reisemål» for turistdestinasjonar. Sertifiseringa er eit verktøy for reisemål som ønskjer å arbeide langsiktig for ei meir bærekraftig lokal reiselivsutvikling. I 2019 vart 15 destinasjonar sertifiserte, og 23 nominert i vente av sertifisering. Programmet er i tråd med Global Sustainable Tourism Council (GSTC) og inneheld 42 kriterium og 104 indikatorar. Reisemåla oppdaterer jamleg ein offentlig tilgjengeleg database med status.

Utdanning for globalt medborgarskap og bærekraftig utvikling, inkludert klimaendringar, har vore ein del av undervisninga i Noreg i mange år, jf. mål 12.8.1. Frå hausten 2020 skal bærekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap, og folkehelse og livsmestring vere tre tverrgåande tema i læreplanar der det er fagleg relevant i grunnopplæringa. Dei endelege læreplanane blir fastsette hausten 2019.

I eit internasjonalt perspektiv har Noreg høge avgifter på bruk av fossile brensler. Meir enn 80 pst. av norske klimagassutslepp er underlagt EUs kvotesystem og/eller nasjonal CO₂-avgift. CO₂-avgifta varierer noko avhengig av sektor. Noreg er aktivt involvert i ein internasjonal innsats for å fase ut subsidiar til fossile brensler for å sikre ein overgang til meir bærekraftig konsum. Program støtta av Noreg hjelper utviklingsland å innføre ein rein og effektiv energisektor og unngå at dei låser seg til fossil infrastruktur.

Noreg støttar utviklingsland i arbeidet med å betre teknisk kapasitet og styrkje institusjonar gjennom Millenium Ecosystem Assessment, the Global Green Growth Institute og UN Partnership for Action on Green Economy. Desse programma støttar utviklingsland i å utarbeide strategiar som blir til sektorvis politikk, lover og budsjett. Eksempelvis kan land som deltek i programma få støtte til å oppgradere system for avfallshandtering og resirkulering.

Mål 13 Handle straks for å stoppe klimaendringane og motarbeide konsekvensane.

Oppfølginga av Parisavtala dannar grunnlag for oppfylling av FN's berekraftsmål 13. Noreg har ambisiøse klimamål. For ein kort omtale av korleis Noreg skal nå sine klimamål, inkludert klimatilpassing, sjå programkategori 12.20. For ei breiare gjennomgang, sjå klimalovrapporteringa i Del IV i Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S

(2018–2019). Sjå òg resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken i Del I.

Delmål 13.2 går på å innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging. Noreg har innført eit breitt sett med politikk og tiltak for å redusere utslepp. Norske klimagass-utslepp ville ha vore rundt 40 pst. høgare enn anslått utslepp i 2020 utan klimapolitikk og tiltak.

Noreg har ei forplikting på vilkår om å redusere utslepp av klimagassar i 2030 med minst 40 pst. samanlikna med 1990. Noreg skal nå målet saman med EU. Det betyr betydelege utsleppskutt, også i Noreg.

Dei viktigaste verkemidla for å redusere utslepp av klimagassar i Noreg er avgifter på utslepp, og deltaking i EUs kvotehandelssystem. Over 80 pst. av norske utslepp er prisa, anten gjennom kvoteplikt eller avgift. Noreg er blant landa med dei høgaste avgiftene på fossil energi. I tillegg til prising er det òg nytta direkte reguleringar, standardar og stønader for å redusere utsleppa.

Delmål 13.1 og 13.2 handlar om å spreie kunnskap om, og tilpasse seg klimaendringane. Noreg har eit nasjonalt mål om at samfunnet skal førebuast på og tilpassast klimaendringane. Det blir kontinuerleg arbeidd med å leggje til rette kunnskap til bruk både av kommunane og andre. Nettstaden Klimatilpassing.no skal medverke til å spreie kunnskap og rettleie om klimaendringar og klimatilpassing, spesielt for dei som rettleier, planlegg og tek avgjerder lokalt og regionalt.

Samarbeid over landegrensene om tiltak for å redusere utslepp av klimagassar er ein viktig del av berekraftsmål 13. Slikt samarbeid står sentralt i den norske klimainnsatsen. Frå norsk side er det lagt særleg vekt på Klima- og skoginitiativet, kjøp av klimakvotar, fornybar energi og støtta til Det grønne klimafondet for tiltak for utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. For klimatilpassingsarbeidet er klimasmart landbruk og matsikkerheit viktige innsatsområde.

Noregs internasjonale Klima- og skoginitiativ er sentralt i arbeidet med å redusere utslepp frå tropisk skog (REDD+), noko som òg medverkar globalt til berekraftsmål 15 (sjå omtale av mål 15 for meir informasjon). Langsiktig og effektiv skogbevaring er berre mogleg dersom den òg medverkar til positiv utvikling for menneska som lever i og av skogen.

For meir informasjon om Noregs internasjonale klimainnsats, sjå Programkategori 12.70 internasjonalt klimaarbeid og Prop. 1 S (2019–2020) for Utanriksdepartementet.

Mål 14 Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

Noregs omfattande bruk av havet og havets ressursar fører med seg eit ansvar for å forvalte havområda på ei langsiktig og ansvarlig måte. Noreg baserer bruken av havet på bærekraft og økosystembaserte tilnærmingar.

Forvaltingsplanane for Barentshavet-Lofoten, Norskehavet og Nordsjøen-Skagerrak er verktøy for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning som fremjar både berekraftig bruk og bevaring av økosystema, og har eit heilskapleg perspektiv på miljøtilstand, påverknader og samla belastning på havområda. Forvaltingsplanane blir oppdaterte kvart fjerde år og revidert som minimum kvart tolvte år. Det er utarbeidd eit tverrsektorielt fakta-grunnlag for revidering og oppdatering av forvaltingsplanane i 2020. Det blir arbeidd vidare med oppfølging av tiltak for berekraftig bruk og vern av økosystema. Deling av erfaring og kunnskap fra systemet med forvaltningsplanar for havområda er ein viktig måte Noreg kan bidra til integreert og økosystembasert forvaltning internasjonalt.

Framtidig verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet, og å halde ved lag naturmangfald og produktivitet i økosystema er sentralt for at dei marine naturverdiane skal halde fram med å vere fornybare. Forvaltingsplanane for havområda er derfor òg eit viktig verktøy for verdiskaping og matsikkerheit.

Kystområda forvaltast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstar innan 2021. For dette formålet er 11 regionale vassforvaltningsplanar vedtatt. Overvaking av den økologiske og kjemiske tilstanden til kystfarvatn er styrkt.

Det er etablert marine beskytta område og marine verneområde i norske farvatn. Arbeidet med å etablere nye marine verneområde er i gang for ei rekke område.

Klimaendringar og havforsuring er vesentlege påverknadsfaktorar som aukar den samla belastninga på arter og økosystem, og kan føre til betydelige endringar i grunnlaget for berekraftig bruk av havet og dei marine ressursane. Dette er ei utfordring for forvaltinga av aktivitet som kan påverke miljøverdiane. Noreg vil styrkje kunnskapen om korleis forvaltinga av havområda best kan ta vare på omsynet til å gjere marint naturmangfald og økosystem motstandsdyktige mot negative verknader av klimaendringar og havforsuring.

Forvaltinga får viktig kunnskap gjennom miljøovervaking, forskning og kartleggingsprogram for blant anna havbotn (MAREANO-programmet) og sjøfugl (SEAPOPOP/SEATRACK). Dette programmet har gitt verdifull ny kunnskap om naturtypar og arter, så vel som påverknad frå menneskeleg aktivitet. Denne kunnskapen vert brukt til å forbetra forvaltinga av havområda. Regjeringa har i sin langtidsplan for forskning varsla at den vil prioritere forskning som grunnlag for god forvaltning av økosystem og ressursar i hav- og kystområda.

Noreg har eit strengt regelverk for regulering av forureining gjennom forureiningslova. Utslepp av miljøgifter frå punktkjelder på land er redusert, men det er framleis tilførsler av miljøfarlege stoff til havområda. Kunnskapen om samla effekt av dei ulike miljøgiftene er avgrensa. Nasjonalt blir det arbeidd med å redusere utslepp frå hav- og landbaserte kjelder.

Regjeringa held fram med å utvikle ytterlegare tiltak for å forhindre og redusere marin forsøpling og mikroplast frå identifiserte kjelder. Eit nasjonalt kompetansesenter – Senter for oljevern og marint miljø – er oppretta i Lofoten. Dette skal vere eit nasjonalt og internasjonalt ledande kompetansesenter for arbeidet med oljevern og mot marin forsøpling. Plastavfall i verdshava er eit globalt problem. Den fjerde sesjonen i FNs miljøforsamling, i mars 2019, vedtok å styrke tiltak for å bidra til å realisere visjonen om å stansa tilførsel av plastavfall til havet. Å styrke vitenskapleg og teknologisk kunnskap, med særleg vekt på å utvikla indikatorar, er eit slikt tiltak. Det norske bistandsprogrammet for å kjempe mot marin forsøpling og mikroplast ble økt i 2019 til 400 mill. kroner.

Internasjonalt går det føre seg viktige prosessar som vil vere avgjerande for dei havrettslege og institusjonelle rammene for implementeringa av berekraftsmål 14. Dette knyter seg til regelverk for å beskytte biodiversitet og fordeling av genressursar på ope hav, samspelet mellom globale og regionale mekanismar for implementering, globale mekanismar for tema som til dømes marin forsøpling og mikroplast. Med ei tradisjonelt leiande rolle i det internasjonale arbeidet innan havrett, miljø- og fiskeriforvaltning er det viktig at Noreg aktivt søker å påverke dei pågåande prosessane på ein mest mogleg einsarta og løysingsorientert måte. FNs sjøfartsorganisasjon utviklar internasjonale standardar for tryggleik og miljø i den globale skipsfarten, og Noreg er ein aktiv pådrivar òg i dette arbeidet. Norge legg vidare vekt på miljør Samarbeidet med andre land blant anna gjennom arbeidet i OSPAR (Konvensjo-

nen for vern av det marine miljø i nordaust-Atlanteren).

Mål 15 Beskytte, atterreise og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motarbeide ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold* og Stortingets behandling av denne, er Noregs viktigaste virkemiddel i arbeidet for å nå Aichi-måla frå 2010 om å ta vare på naturmangfaldet. Berekraftmål nr. 15 er harmonisert med Aichimåla. Det er derfor viktig å følgje opp naturmangfaldmeldinga for å oppfylle berekraftmål 15. Noreg deltek òg aktivt i forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for bevaring av natur. Dette skal vedtakast av Konvensjonen om biologisk mangfald hausten 2020.

Dei tre nasjonale måla for naturmangfald er knytt til god tilstand i økosystema, til sikring av truga arter og til langsiktig vern av eit representativt utval av norsk natur.

Vi har starta arbeidet med å gjennomføre handlingsplanen for naturmangfald. Det blir arbeidd med å få på plass ei forvaltning basert på tilstanden i økosystema, mål for tilstanden som skal oppretthaldast eller bli nådd, og ei innretning av den samla verkemiddelbruken med sikte på å nå desse måla. Det blir òg utgreidd konsept for heilskaplege forvaltningsplanar for natur.

Når det gjeld truga natur har Miljødirektoratet, som eit første steg, utgreidd verkemiddel for den mest truga naturen i Noreg. Regjeringa vurderer no korleis tilrådingane skal følgjast opp. Det er òg vedteke ein nasjonal strategi for å ta vare på ville, pollinerande insekt. Denne vil bli følgd opp med tiltaksplanar i aktuelle sektorar.

Regjeringa vil framleis prioritere arbeidet med skogvern og marint vern. For andre økosystem er det sett i gang arbeid med begrensa supplerande vern. Eit representativt utval av økosystem til fjells er verna. Det er viktig å sikre verneverdiane framover, mellom anna i form av forvaltningsplanar for fjellområda.

Regjeringa arbeider med ein strategi for å styrkje arbeidet mot miljøkriminalitet, mellom anna handel med truga arter.

Det er ei utfordring å nå målet om å hindre spreieing av framande arter. Ein tiltaksplan for å utrydde, kjempe mot og kontrollere framande arter er planlagd å bli vedteke i løpet av 2019.

Regjeringa si politikk for berekraftig forvaltning av skog vart presentert i ei melding til Stortinget i 2016. Auka skogbruksaktivitet skal kombi-

nerast med større vekt på miljøomsyn i skogbruket. Berekraftig skogbruk vil medverke til klimatilpassing, gi grunnlag for å fase ut fossile produkt og til å sikre område som er viktige for både naturmangfald, friluftsliv og kulturminne.

Noreg vil òg arbeide for eit styrkt internasjonalt samarbeid om grensekryssande utfordringar på skogområdet og for å sikre berekraftig forvaltning av skog internasjonalt, mellom anna FN. FN-strategien for skog representerer ein milepæl i dette arbeidet. Noreg støttar måla i planen.

Klima- og skoginitiativet har som mål å redusere avskoging og skogdegradering i utviklingsland og er Noregs viktigaste internasjonale bidrag for å nå berekraftsmål nr. 15. Tropisk avskoging er også sentralt for å oppnå mål nr. 13 Klima og indirekte for alle berekraftsmåla. Sidan Klima- og skoginitiativet vart lansert i 2007 er det inngått ei rekkje partnerskapsavtaler, blant anna med Brasil, Indonesia, Colombia, Guyana, Peru og Etiopia. Noreg betaler her for verifiserte reduksjonar av utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden, eller for investeringar som har slike utsleppsreduksjonar som mål. Sidan starten i 2008 har initiativet betalt for til saman meir enn 270 mill. tonn reduserte utslepp av CO₂, og medverka til ei rekkje reformer for betre skogforvaltning i landa. Gjennom initiativet samarbeider Noreg også med næringslivsaktørar, sivilsamfunnsorganisasjonar og kunnskapsmiljø som medverkar i innsatsen for å bevare regnskogen. Gjennom Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* er det vedteke at klima- og skoginitiativet skal først vidare på eit høgt nivå fram til 2030.

8.3 Anna klima- og miljøarbeid i staten

Gode, enkle og effektive miljøeingsssystem, til dømes ISO 14001, EMAS (Eco Management and Audit Scheme) eller Miljøfyrtårn, sikrar at verksemda har oversikt over dei mest vesentlege miljøbelastningane og har målsetjingar og rutinar for kontinuerleg å redusere desse. For dei fleste statlege verksemdene vil tema som anskaffingar, energibruk i bygg, IKT, transport og avfallshandtering stå sentralt. Miljøeingsystemet skal medverke til kontinuerleg forbetring av den totale klima- og miljøpåverknaden frå departementsfelleskapet. I tillegg til ei meir klima- og miljøvennleg departementsverksemd, medverkar arbeidet òg til modernisering og effektivisering.

Departementsfelleskapet har eit miljøeings-system sertifisert etter EMAS krava. Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon (DSS)

koordinerer felles miljømål for departementsfellesskapet og har hovudansvaret for oppfølginga av styringssystemet, men departementa er sjølve ansvarlege for å nå måla i eiga verksemd.

Fleire underliggjande etatar og andre statlege verksemdar har miljøeiingssystem og arbeider systematisk med å redusere miljøbelastningar gjennom anskaffingar og dagleg drift.

9 Samfunnstryggleik og beredskap

Dei mål og prioriteringar som er gitt i Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn*, Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap*, og *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* er utgangspunktet for Klima- og miljødepartementets arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Ei systematisk og heilskapleg tilnærming er sentralt for å vidareutvikle beredskapsarbeidet i sektoren. I denne samanhengen er evaluering av hendingar og øvingar eit viktig moment. Det medverkar til å avdekke veikskapar og læringspunkt som er avgjerande for departementet sine risiko- og sårbarheitsvurderingar. Resultatet av arbeidet dannar grunnlag for dei vala, prioriteringane og avgjerdene som blir tekne med omsyn til sikring av viktige verdiar og tryggleik i samfunnet.

9.1 Ansvarsområde

Klima- og miljødepartementet skal bidra til å førebyggje at det skjer uønskte hendingar, samt redusere konsekvensar av uønskte hendingar innanfor klima- og miljøsektoren. Arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar, overordna risikobilete for sektoren, beredskapsplanverk og øvingar er derfor prioriterte oppgåver. Kvar enkelt etat medverkar i dette arbeidet ved blant anna å gjennomføre egne analysar over risiko og sårbarheit innanfor sitt område.

Meteorologiske tenester

Meteorologisk institutt (MET) har ei viktig rolle innanfor samfunnstryggleik og beredskap i Noreg. MET forvaltar kritisk infrastruktur og meteorologiske tenester utgjør ein kapabilitet som inngår i den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø. Dei er ein aktiv del av totalforsvaret ved at dei leverer utvida meteorologisk støtte etter avtale med dei aktuelle einingane i Forsvaret ved krise og krig, og under større militære øvingar. MET overvakar, varslar vêret og bereknar klimaet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og ålmenta kan sikre liv og verdiar, planleggje og verne miljøet. MET sine

tenester er forskingsbaserte. Dei operasjonelle tenestene tar i bruk resultata frå ny forskning, og instituttet driv forskning og utvikling på alle sine fagområde. Sjå omtale av MET i Del II, side 84 og i kap 9.2. Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø – status og tilstandsvurdering.

Akutt forureining- og atomberedskap

Det er nasjonale mål at forureining ikkje skal skade helse og miljø, og at utslepp av farlege stoff skal stansast. Dei nasjonale måla for forureining omfattar òg radioaktiv forureining.

Klima- og miljødepartementet har ansvar etter forureiningslova dersom eit uhell eller ei ulykke medfører radioaktive utslepp og avfall. Det operative ansvaret ligg hos Direktoratet for strålevern og atomtryggleik. Direktoratet treffer òg tiltak for utslepps- og avfallshandtering, og bidreg med utvikling av planverk for miljøforvaltninga på atomberedskapsområdet. Eventuelle klager blir behandla av departementet. Miljødirektoratet kan bistå med målingar og gi råd om konsekvensar nedfall kan ha på det ytre miljøet. Norsk Polarinstitut kan bistå med avgjerdsgrunnlag som spreingsmodellering og kunnskap om Arktis, blant anna iskart.

Ved atomulykker har Helse- og omsorgsdepartementet det overordna ansvaret for beredskapen, mens Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet er fag- og forvaltingsmyndigheit. Den nasjonale atomberedskapen er organisert gjennom *Kriseutvalet for atomulykkeberedskapen* som er leia av Direktoratet for strålevern og atomtryggleik.

Ansvaret for å stille krav til kommunar og private verksemder sin beredskap mot akutt forureining, og kontrollere at krava blir overhaldne, er lagt til miljømyndigheitene. Miljødirektoratet stiller beredskapskrav og følgjer opp desse gjennom tilsyn. Miljødirektoratet har etablert ein plan for kriseberedskap og spesifikke rutinar for handtering av etatens oppgåver knytte til større tilfelle av akutt forureining.

Ansvaret for den statlege beredskapen mot akutt forureining er lagt til Samferdselsdepartementet med Kystverket som utøvande etat. Ved

ein statleg aksjon mot akutt forureining har miljøforvaltninga ei rådgivarrolle, og ansvar for å skaffe fram informasjon om miljøverdiar og miljøkonsekvensar. Sjå omtale i kap ... Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø – status og tilstandsvurdering.

Norsk Polarinstitutt stiller krav om beredskap for akutt forureining og tiltak for å ta vare på tryggleiken for liv og helse ved gjennomføring av aktivitetar i Antarktis, og forsikring for å dekkje aktivitetane.

Beredskapsmessige utfordringar knytte til klimaendringar

Det er eit nasjonalt mål at samfunnet skal førebuast på og tilpassast klimaendringane. Kwart enkelt departement har ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet har eit spesielt ansvar for å leggje til rette regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Miljødirektoratet støttar departementet i arbeidet med klimatilpassing. Miljødirektoratet har blant anna eit ansvar for at departementet har tilgang til det naturvitskaplege kunnskapsgrunnlaget gjennom nasjonal og internasjonal klimaforskning. Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast i gjennomføringa av departementet sitt arbeid med klimatilpassing medrekna overvatn, sjå oppmodingsvedtak nr. 914 frå 14. juni 2017 side 56.

Beredskap mot skadar på kulturminne og -miljø

Det er eit nasjonalt mål at tap av verneverdige kulturminne og -miljø skal minimerast. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av kulturminne og -miljø i Noreg, og samarbeider tett med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og kommunane om beredskap og sikring av kulturminne. Samarbeidet handlar blant anna om branntryggleiken i verneverdig tett trehusbestand og stavkyrkjer. Auka førekomst av ekstremvêrhendingar som flaum, skred, storm og kraftige nedbørmengder må òg takast omsyn til i samband med forhindring av skadar framover.

Beredskap mot utslepp av GMO

Genmodifiserte organismar er mikroorganismar, plantar og dyr der den genetiske samansetjinga er endra ved bruk av gen- eller celledeteknologi. Klima- og miljødepartementet behandlar søknader om omsetjing og utsetjing av levande GMO i naturen. Miljødirektoratet har koordineringsansvar og

ansvar for vurdering av miljørisiko. Mattilsynet har ansvaret for vurderingar knytte til helse- og miljørisiko.

Etter genteknologilovs føresegner skal verksemdene syte for naudsynte sikkerheitstiltak for å hindre helse- og miljømessige skadeverknader. Dersom utslepp skjer, skal verksemda straks setje i verk tiltak for å avgrense skadeverknadene. På grunn av rask teknologiutvikling kan det ventast at òg privatpersonar på sikt kan genmodifisere og endre mikroorganismar på ein måte som gjer at samfunnet potensielt kan påførast ny helse- og miljørisiko. Kartlegging av omfanget av ein slik framtidig privat aktivitet er såleis eit viktig tiltak.

9.2 Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø – status og tilstandsvurdering

9.2.1 Innleiing

I Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* jf. Innst. 326 S (2016–2017) og i Justis- og beredskapsdepartementet sin Prop. 1 S er 14 tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er kritiske for samfunnstryggleiken, presenterte. Det er samfunnsfunksjonar der fleire departement kan ha ansvar, der samfunnsfunksjonane kan vere avhengige av kvarandre, og der departementa må samarbeide for å ta vare på samfunnstryggleiken. For kvar av dei 14 samfunnsfunksjonane er det utpeika eit hovudansvarleg departement, som skal sikre nødvendig koordinering og samordning. Inndelinga i 14 samfunnskritiske funksjonar og plassering av ansvar hos eit hovudansvarleg departement er eit sentralt verkemiddel for å styrke den tverrsektorielle samordninga i arbeidet med samfunnstryggleik. Det er gjennom ny samfunnstryggleiksinstruks etablert eit system for å utarbeide status- og tilstandsvurderingar for dei 14 samfunnskritiske funksjonane, som skal vurdere kva for evne samfunnet har til å halde funksjonane ved like dersom dei blir utsette for ulike påkjenningar. Dei hovudansvarlege departementa er ansvarlege for at vurderingane blir gjorde, og skal presentere desse i sine respektive budsjettproposisjonar. Klima- og miljødepartementet er hovudansvarleg departement for den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø.

I budsjettet for 2019 er det i tillegg til Natur og miljø utarbeidd status- og tilstandsvurderingar for dei tre samfunnskritiske funksjonane Transport (Samferdselsdepartementet), Forsyningsikkerhet (Nærings- og fiskeridepartementet) og Lov og orden (Justis- og beredskapsdepartementet).

Status- og tilstandsvurderinga blir gjort i lys av det overordna risikobiletet.

9.2.2 Om den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø

Kort beskriving av Natur og miljø og kapabilitetane
Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø inneheld kapabilitetane: forureiningsberedskap, meteorologiske tenester og overvaking og varsling av flaum og skred.

Naturfarar utgjer ein viktig del av det nasjonale risikobiletet. Kraftig vind og flygande gjenstandar kan påføre bygningar og annen infrastruktur betydeleg skade, og store mengder nedbør kan utløyse skred og medverke til flaum. Overvaking av meteorologiske og hydrologiske forhold og varsling av ekstremvær og flaum- og skredfare har derfor stor betydning for samfunnstryggleiken. Akutt forureining som skader naturen kan både vere eit resultat av naturhendingar, og av menneskeleg aktivitet som uønskte utslepp av fast stoff, væske eller gass til luft, vatn eller i grunnen.

Kva aktørar er involverte/berørte

Samferdselsdepartementet, med Kystverket som underliggjande etat, har ansvaret for statens beredskap mot akutt forureining, og for å føre tilsyn med den ansvarlege forureinaren ved akutt forureining. Klima- og miljødepartementet, med Miljødirektoratet som underliggjande etat, har ansvaret for å stille krav til privat og kommunal beredskap⁷, vidareutvikle beredskapsregelverket og føre tilsyn med den private og kommunale beredskapen. Når det gjeld petroleumssektoren, har Arbeids- og sosialdepartementet, med Petroleumstilsynet som underliggjande etat, myndighetsansvar for teknisk og operasjonell tryggleik og beredskap samt arbeidsmiljø i petroleumsvirksomda, under dette førebygging av akutte utslepp.

Klima- og miljødepartementet overtok styringsansvaret for Meteorologisk institutt (MET) i 2018. MET er gjennom sine vedtekter gitt særskilte oppgåver om å levere til offentlege meteorologiske tenester til sivile og militære formål. I § 1. Formål heiter det:

Instituttet skal arbeide for at myndigheiter, næringslivet, institusjonar og ålmenta best mogleg kan ivareta sine interesser for sikring av liv og verdiar, for planlegging og for vern av miljøet.

Olje- og energidepartementet har ansvaret for Norges vassdrags og energidirektorat (NVE). NVE har som eit hovudmål å betre samfunnet si evne til å handtere flaum- og skredrisiko. Eit delmål er å redusere konsekvensane av flaum- og skredhendingar gjennom overvaking, varsling og rådgiving⁸. NVE yter hjelp til samfunnet innanfor kartlegging, arealplanlegging, sikring, overvaking, varsling og beredskap. Det er politiet, lokale beredskapsmyndigheiter og samferdselsetatar som bestemmer og set i verk dei enkelte tiltaka, for eksempel stenging av veg og bane, avsperring og evakuering. Den nasjonale skredvarslinga er blitt ein viktig del av Noregs samfunnstryggleik. Skredvarslinga vart utvikla i eit samarbeid mellom MET, Statens vegvesen og Bane NOR.

Statens vegvesen er ein svær aktiv partner i skredvarslinga. Statens vegvesen deltek i produksjon og utvikling av skredvarsla, ved å medverke med varslarar, observatørar, værstasjonar og finansiering.

Aktørane innanfor dei tre kapabilitetane har eit utstrekt samarbeid både med kvarandre og med andre. Kystverket har ansvaret for å koordinere statleg, kommunal og privat beredskap i eit nasjonalt beredskapssystem. MET samarbeider nært både med andre meteorologiske institutt og private og offentlege aktørar. Forsking skjer i stor grad gjennom nasjonale og internasjonale konsortium der både forskingsinstitutt, academia og (i aukande grad) private firma deltek. MET og NVE har ei samarbeidsavtale som syter for godt fagleg samarbeid og arbeidsdeling, og sikrar høg kvalitet og effektiv bruk av etatane sine ressursar til beste for utføringa av begge partar sine kjernetenester.

Justis- og beredskapsdepartementet har, i tillegg til sitt sektoransvar, ei generell samordningsrolle i sivil sektor for samfunnstryggleik og beredskap. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) understøttar denne samordningsrolla. DSB skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet, vere pådrivar i arbeidet med å førebyggje ulykker, kriser og andre uønskte hendingar, og syte for god beredskap og effektiv ulykkes- og krisehandtering.

Kommunane er i tråd med sivilbeskyttelseslova pålagt ei generell beredskapsplikt. Kommu-

⁷ Kommunane er ein del av den offentlege beredskapen. Dei har beredskaps- og aksjonsplikt overfor mindre Tilfelle av akutt forureining innanfor kommunen sine grenser som ikkje er dekte av privat beredskap, og der forureinar ikkje sjølv er i stand til å aksjonere.

⁸ Referanse: OEDs tildelingsbrev til NVE for 2019.

nen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, for å redusere risiko for tap av liv, helse, miljø og materielle verdier. Kommunane skal vidare utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse som skal medverke til å kartleggje kva uønskte hendingar som kan inntreffe i lokalsamfunnet, vurdere sannsynet for at desse hendingane skjer og korleis dei vil påverke befolkning og infrastruktur.

DSB tek vare på embetsstyringa av fylkesmennene på samfunnstryggleksområdet, og samarbeider med andre fagetatar for å medverke til at fylkesmennene følgjer opp samfunnstryggleiksarbeidet på ein heilskapleg måte innan førebygging og beredskap. DSB arbeider for eit heilskapleg og systematisk arbeid innan samfunnstryggleik i kommunen, og gir føringar for fylkesmennene si rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt og for bruk av fylkesmannen si motsegnsmynde på samfunnstryggleksområdet.»

9.2.3 Overordna risikobilete

Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø består av kapabilitetar som er avgjerande for å ta vare på befolkninga sin tryggleik (varsling av vør og varsling av skred og flaum) og for å ta vare på naturen (akutt forureiningsberedskap).

Risikobiletet legg vekt på situasjonar som utfordrar funksjonsevna til dei tre kapabilitetane og vurderinga vil vere på eit aggregert nivå.


Spennet av moglege hendingar som kan utfordre funksjonsevna er stort. Risikofaktorar knytte til varsling og overvaking av vør, flaum og skred inkluderer bortfall av straum, internett og telefonnett, eksterne angrep på infrastruktur, manglande tilgang til menneskeleg kompetanse og ressursar, dårleg samhandling og kommunikasjon, uklare ansvarsforhold eller manglande finansiering.

Klimaendringar, med betydeleg fleire og kraftigare nedbørsperiodar, er ein overordna risiko som utfordrar funksjonsevna til alle dei tre kapabilitetane. Gode og treffsikre varslingar av ekstremvør, med påfølgjande varsling av fare for flaum eller skred (snøskred, jordskred, fjellskred) er avgjerande for befolkninga sin tryggleik.

Vinteren 2018/2019 døydde 13 personar i snøskred. Dei fleste gjekk på toppturar, ein fritidsaktivitet som har blitt svært populær dei siste åra. Auka nedbørsmengder og fleire folk i fjellet utfordrar funksjonsevna til både varsling av ekstremvør og skred.

Figuren under viser tal på omkomne fordelt på skredtypar for perioden 1900 – 2018.

Skred kan få katastrofale følgjer. Tre store fjellskred i Loen og i Tafjord i første halvdel av 1900-talet utløyste flodbøljer og tok til saman 175 menneskeliv. I dag overvakar NVE sju fjellparti, der Mannen/Veslemannen i Rauma kommune er det mest kjente. Som følgje av raudt farenivå har befolkninga som kan rammast av skredet frå Veslemannen blitt evakuert mange gonger det siste året.



Figur 9.1 Antall omkomne i skred 1900–2018

Kjelde: Noregs Geotekniske institutt – NGI

Store nedbørsmengder gir også auka risiko for flaum i vassdrag. Storflaumar skader infrastruktur, privat eigedom og kan føre til akutt forureining som skader naturen. Flaum utfordrar alle ledd i forureiningsberedskapen. Flaumen i Ottadalen i 2018 kom som følgje av ekstrem snøsmelting som følgje av høge temperaturar og mykje nedbør. Ei hending som følgde av flaumen var at fleire tusen tonn glasopor vart tekne av vassmassane og ført ned elva, med moglege negative konsekvensar for miljøet.

Styrtregn vil føre til fleire skred- og flaumhendingar slik som i Jølster 30. juli 2019 og i Utvik 24. juli 2017. Det vil også føre til meir overvatn i tettbygde strøk slik vi såg i Oslo både 26. juni og natt til 4. august 2019. Klimaendringar gjer at vi òg kan vente auke i andre typar vêrrelaterte hendingar med stort skadepotensial, som til dømes tørkesommaren 2018 og flaumen i Skjåk 14. oktober 2018 som kom av snøsmelting og nedbør.

Eksempla synleggjer samanhengen mellom kapabilitetane.

Under er det gjort status- og tilstandsvurderingar av dei tre kapabilitetane. Basert på dette blir det gjort ei vurdering av høve til utvikling og aktuelle tiltak for å betre funksjonsevna.

9.2.4 Forureiningsberedskap

Innleiing

Ansvar og roller ved ei ulykke med akutt forureining, eller fare for ei slik ulykke, er beskrive i forureiningslova. Forureiningslova inndeler beredskapen mot akutt forureining i privat, kommunal og statleg beredskap. Forureiningslova fastset at den som driv verksemd som kan medføre akutt forureining, skal syte for nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Lova fastset òg krav til kommunal og statleg beredskap. Kommunar skal syte for nødvendig beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som ikkje er dekt av privat beredskap. Staten skal syte for beredskap mot større tilfelle av akutt forureining.

På operativt nivå utgjer den samla beredskapen mot akutt forureining eit samspel mellom private, kommunale og statlege aktørar. Lov 15. juni 2001 nr. 79 om miljøvern på Svalbard (svalbardmiljølova) inneheld dei same prinsippa som forureiningslova.

I status- og tilstandsvurderingane inngår ikkje kommunal og privat beredskap, men statlege oppgåver knytte til å sikre rammevilkår for kommunal- og privat forureiningsberedskap inngår.

Status- og tilstandsvurderingar

For å få rett prioritering mellom dei førebyggjande og dei konsekvensreducerande tiltaka bør beredskapen mot akutt forureining sjåast i nær samheng med førebyggjande sjøtryggleik. Sjøtryggleiken i norske farvatn er gjennomgåande høg. Førebyggjande tiltak er viktige føresetnader for det høge tryggleiksnivået. Vidare medverkar den statlege beredskapen mot akutt forureining til å redusere risikoen som er knytt til sjøtransporten gjennom å setje oss i stand til å handtere akutte forureiningshendingar. Sidan 2005 er det gjennomført ei rekkje førebyggjande tiltak som har styrkt sjøtryggleiken ytterlegare. I same periode har beredskapen blitt betydeleg styrkt gjennom oppgradering av materiell, meir effektiv organisering og kompetanseheving. Samla sett er den statlege beredskapen mot akutt forureining vurdert til å vere godt rusta til å handtere dagens miljørisikonivå.

Samferdselsdepartementet, med Kystverket som underliggende etat, har ansvaret for statens beredskap mot akutt forureining, og for å føre tilsyn med ansvarleg forureinar ved akutt forureining. Statens beredskap mot akutt forureining er risikobasert, og ikkje dimensjonert med utgangspunkt i dei verst tenkelege hendingane. Grunnlaget for dimensjoneringa er miljørisikoanalysar, som tek utgangspunkt i sannsynet for akutt forureining, kunnskap om kor sårbart miljøet i ulike kystområde er og vurderingar av moglege miljøkonsekvensar.

Kystverket utarbeidde i 2015 ein analyse av handtering av verstefallshendingar med akutt forureining, med utgangspunkt i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskaps (DSB) rapport Nasjonalt risikobilde (NRB) for 2013. Analysen peiker på eit behov for å avklare kor omfattande hjelp Kystverket kan rekne med å få frå operatørselskapa og kommunar. Vidare er det peikt på at ein gjennomgang av rutinar ved oppmoding om internasjonal bistand vil kunne medverke til å unngå unødige forseinkingar. Analysen er følgd opp gjennom dialog med operatørselskap og kommunar, og gjennom jamlege øvingar nasjonalt og internasjonalt. Dei internasjonale øvingane har hatt fokus på bistand ved store hendingar.

Kapasitet, operativ evne og kompetanse

Beredskapen har dei siste ti åra blitt betydeleg styrkt; statens oljevernmateriell er fornya og supplert med blant anna naudlosseutstyr, oljevern-utstyr er utplassert på kystvaktfartøy og statens slepeberedskap er styrkt med fleire fartøy. Kystverkets overvåkingsfly er fornya, flåten av oljevern-fartøy er utvida med fire nye multifunksjons-fartøy og etatens avgjerdsstøtteverktøy under aksjonar er vidareutvikla. Vidare har dei interkommunale utvala mot akutt forureining fått tilført statleg oljevern-utstyr for å fremje kommunane sin kapasitet til å hjelpe til under statlege aksjonar. Det er òg inngått avtaler med mindre fartøy om å hjelpe til under statlege aksjonar. Under ein statleg aksjon vil fleire aktørar, som kommunar, Sivilforsvaret og private, støtte aksjonsleiinga.

Miljødirektoratet er ein viktig miljøfagleg rådgivar for Kystverket under statlege aksjonar mot akutt forureining. Miljødirektoratet medverkar med brei miljøfagleg kompetanse, inkludert frå miljøvern-avdelinga hjå Fylkesmanen, og gir blant anna råd om miljøprioriteringar og miljøundersøkingar. Miljødirektoratet medverkar i tillegg med ressursar frå Statens naturoppsyn i felt til kartlegging og registrering av oljeforureining og oljeskada sjøfugl og vilt. Utover rådgivingsfunksjonen er Miljødirektoratet på nokre område ansvarleg myndigheit, til dømes når det gjeld avgjerd om handtering av oljeskadd sjøfugl og vilt (med unntak av sjøpattedyr). Det er inngått ei samarbeidsavtale mellom Kystverket og Miljødirektoratet om Miljødirektoratets bistand under statlege aksjoner.

For å leggje til rette for god samhandling, blir det gjennomført felles øvingar og trening. For å styrkje samhandlinga, har Kystverket, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Miljødirektoratet utforma og innført einsarta organisering og leiing av aksjonar. Det er òg laga ein nasjonal læreplan for opplæring i å handtere akutt forureining.

Samordning med andre aktørar

Kystverket gav i 2015 ut *Nasjonale beredskapsplan beredskap mot akutt forureining*, som ein sektorovergripande plan. Planen er viktig for å sikre felles forståing blant samvirkeaktørane. Brudokumentet mellom operatørane og Kystverket sine beredskapsplanar beskriv korleis ei eventuell statleg overtaking med samordning av aksjonsleiinga ved ekstreme forureiningshendingar knytte til petroleumsindustrien, skal ivareta.

Kystverket arrangerer og deltek i ei rekkje øvingar for eige personell, private og kommunale aktørar og myndigheiter i andre land. Øvingane er viktig reiskap for å styrkje samhandlinga og evna til å handtere akutt forureining effektivt.

I petroleumsverksemda er det operatøren som er ansvarleg for å halde ved lag ein effektiv beredskap og handtere eventuelle fare- og ulykkesituasjonar som måtte oppstå, under dette akutt forureining Petroleumstilsynet fører tilsyn med operatørane sitt beredskapsarbeid knytt til tryggleik og arbeidsmiljø. Miljødirektoratet stiller krav til og fører tilsyn med operatørane sine beredskap mot akutt forureining. Petroleumstilsynet har ansvar for å koordinere HMS-myndigheitene sitt arbeid med beredskap, og har etablert ei beredskapsvaktordning som sikrar at etaten blir varsla om fare- og ulykkesituasjonar og kan varsle vidare til andre involverte myndigheiter i medhald av etablerte avtaler og varslingsprosedyrar. Dette kan vere Arbeids- og sosialdepartementet, Oljedirektoratet, Kystverket, Sjøfartsdirektoratet og aktuelt sokkelpolitidistrikt. Petroleumstilsynet varslar òg andre nasjonar om hendingar som kan ha relevans for deira petroleumsverksemd. Ved akutt forureining, også ved hendingar i petroleumsverksemda, er det Kystverket som har ansvar for å varsle Miljødirektoratet.

Petroleumstilsynet og Kystverket gjennomfører blant anna årleg ei øving (Myndex), med vekt på samhandling mellom etatane og rapportering til overordna departement. Miljødirektoratet deltek som observatør på denne øvinga.

Klima- og miljødepartementets vurdering

Basert på ovannemnde rapport vurderer KLD den statlege beredskapen for å handtere akutt forureining som skader natur til å vere på eit tilfredsstillande nivå.

Samhandlinga mellom aktørane er godt utvikla gjennom blant anna årlege samverkeøvingar og etablerte kommunikasjonskanalar. Vidare er Kystverkets nasjonale beredskapsplan viktig for aktørane si felles forståing og samhandling.

Utviklingsmoglegheter

Utvikling av den nasjonale beredskapen mot akutt forureining

Kystverket og Miljødirektoratet har kontinuerleg dialog om forbetringar basert på erfaringer fra øvelser og hendelser.

Dimensjonering av beredskap mot akutt forureining

Statens beredskap mot akutt forureining er risikobasert. Grunnlaget for dimensjoneringa er miljørisikoanalysar, som tek utgangspunkt i sannsynet for akutt forureining, kunnskap om kor sårbart miljøet i ulike kystområde er og vurderingar av moglege miljøkonsekvensar. Kystverket gjennomførde miljørisikoanalysar i 2011 (fastlandskysten) og 2014 (Svalbard og Jan Mayen). Med utgangspunkt i desse vart det gjennomført analysar av beredskapsbehovet. Desse beredskapsanalysane er utgangspunktet for dimensjoneringa av den statlege beredskapen mot akutt forureining.

Grunnopplæring i handtering av akutt forureining

Det følgjer av Meld. St. 35 (2015–2016) at innføring av grunnopplæring i handtering av akutt forureining vil bli vurdert i arbeidet med ny modell for utdanning av brann- og redningspersonell. Dette blir følgt opp av DSB i samarbeid med Kystverket. Kystverket medverkar med kompetanse og kapasitet inn i dei ulike utdanningsløp, slik at grunnutdanningskrav også til fagområdet beredskap mot akutt forureining blir formalisert.

Beredskap mot akutt forureining på Svalbard og Jan Mayen

Det vart gjennomført ein miljørisiko- og beredskapsanalyse for Svalbard og Jan Mayen 2014.

Sysselemannens fartøy er tilført ytterlegare oljevernutstyr og har fått opplæring i bruk av dette. Fleire nye fartøy i kystnær beredskap inngår i beredskapen på Svalbard. KV Svalbard er tilført ei ny isforsterkt oljevernlinse. Kystverket har i samarbeid med Sysselemannen og Telenor bygd ut eit betre sambandsnett for sentrale delar av vestkysten på Svalbard. Forutan eit breibandsamband (breibandsradio) ved aksjonar, vil dette fungere som eit nettverk for å sende AIS-data frå skip til Kystverkets overvakingssystem for skip.

Kystverket har analysert mange av dei nye drivstofftypene som er nytta i norske farvatn og i Arktis, og undersøkt utslepp av gassar og partiklar ved forbrenning av oljer. Dette er viktig bakgrunnsinformasjon når det gjeld miljøfaglege vurderingar av ulike tiltak for å handtere oljeforureining i bl.a. islagte farvatn.

Forskning og utvikling (FoU)

Kystverket har ein eigen handlingsplan for FoU-verksemd innan beredskap mot akutt forureining

og sjøtryggleik. Innan beredskap mot akutt forureining er det lagt vekt på analysar av nye drivstofftyper som dukkar opp på marknaden. Dette arbeidet har fått stor merksemd i mange internasjonale fora. Kystverket har hatt eit felles prosjekt med Norsk Oljevernforeining for Operatørselskap (NOFO), Oljevern 2015, der oljeindustrien har kome med midlar, mens Kystverket har medverka med kompetanse og stilt testhallen sin til rådvelde.

Kystverket og Senter for oljevern og marint miljø fekk i 2018 i oppdrag å utgreie etablering av fasilitetar for å teste oljeverntechnologi. For å leggje til rette for vidareutvikling av oljevernutstyr som kan handtere utslepp i kaldt klima og farvatn med is, er det ønskeleg å kunne teste utstyr i sjø- og lufttemperaturar under null grader celsius. Etane sin rapport er til vurdering i Samferdselsdepartementet.

Miljødirektoratet har eit pågåande prosjekt for å oppdatere og vidareutvikle dei såkalla MOB-karta⁹. Basert på MOB-modellen blir det utvikla ei ny digital kartløyning for prioritering av innsats mot akutt forureining. Kartløyninga skal etter planen lanserast hausten 2019 og skal inngå som eit kartlag i Kystinfo. Kystverket deltar i prosjektets referansegruppe, saman med representantar frå Kartverket, Fylkesmannen og Interkommunale utval mot akuttforureining.

9.2.5 Meteorologiske tenester

Innleiing

Meteorologisk institutt (MET) overvakar, varslar vêret og bereknar klimaet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og ålmenta kan sikre liv og verdiar, planleggje og verne miljøet. MET driv forskning og utvikling på alle sine fagområde. Dei høgast prioriterte operasjonelle tenestene er:

- Utarbeiding og distribusjon av prognosar og varsel for atmosfære og hav, inkludert farevarsel som er avgjerande for liv og tryggleik, og døgnkontinuerleg meteorologisk overvaking alle dagar.
- Meteorologiske berekningar og tenester i samband med søk- og redningsoperasjonar, utslepp til luft og vatn, atomhendingar og andre kri-

⁹ Jf. rettleiar om modell for prioritering av miljøressursar ved akutte oljeutslepp langs kysten (SFT 17652000) <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klif2/publikasjoner/vann/1765/ta1765.pdf>

tiske operasjonar og tryggleikstruande hendingar.

- Innsamling, kvalitetssikring og tilgjengeleggjering av meteorologiske observasjonar.
- Utarbeiding og distribusjon av flymeteorologisk informasjon for sivil og militær luftfart, inkludert døgnskcontinuerleg meteorologisk overvaking alle dagar.

I samarbeid med Miljødirektoratet, Statens Vegvesen, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet har MET sett i drift operasjonell varsling av luftkvalitet for heile Noreg.

MET har ansvar for rutinevis utarbeiding av varsel for store havområde der Noreg har ansvar for å sikre navigasjon og ferdsel. På oppdrag frå bransjen leverer MET prognosar og varsel for offshore, i hovudsak for å trygge og sikre effektiv aktivitet.

MET sine tenester er forskingsbaserte. Dei operasjonelle tenestene tar i bruk resultatane frå ny forskning og driv forskning framover gjennom tilbagemeldingar frå dei som brukar resultatane.

Status- og tilstandsvurderingar

For samfunnsfunksjonen natur og miljø er følgjande faktorar sentrale i MET sitt oppdrag:

- Innsamling av observasjonar
- Utarbeiding av prognoser og varsel
- Samarbeid med andre aktørar
- Kommunikasjon av prognosar og varsel
- Klimaframskrivingar og regionale klimaprofilar

MET eig og driv eit meteorologisk observasjonsnettverk i Noreg. Dette omfattar manuelle og automatiske vêrstasjonar og radiosonde-stasjonar, vêrradarar, lysesensornettverk, havstraumradarar, bøyar og sensorar på skip. Instituttet har òg tilgang til data frå stasjonar eigde av andre aktørar, som Statens Vegvesen, NVE og kommunar, og data frå private vêrstasjonar. I tillegg har instituttet tilgang til satellittdata gjennom EUMETSAT og Copernicus og data frå andre land gjennom samarbeidet i Verdas meteorologiorganisasjon (WMO).

Observasjonsnettverk er krevjande å halde ved like innanfor MET sine økonomiske rammer, noko som fører til periodisk bortfall av observasjonar, og konsekvensane vil variere avhengig av kva for ein del av observasjonsnettverket som fell ut og kor lenge. Dersom MET i oversynleg framtid må halde seg innanfor den økonomiske ramma for observasjonsnettverket i dag, kan MET bli

nøydd til avvikle nokre av målestasjonane eller radarane for å sikre ei forsvarleg forvaltning og fornying av observasjonsutstyret. Ein reduksjon i målenettet eller langvarig utfall av observasjonar vil òg ha alvorlege følgjer for andre etatar sin bruk av data frå MET, til dømes NVE sin varsling av flaum og skred.

Vêrvarsling er basert på køyringar av vêrmodellar på tungreknemaskinar. Dette er kjent som numerisk vêrvarsling og resultatet av køyringane vert kalla prognosar. Det meteorologiske samarbeidet om operasjonell numerisk vêrvarsling mellom dei nasjonale vêrtenestene i Finland, Noreg og Sverige (MetCoOp) er unikt mellom anna i utvikling og implementering av nye løysingar. Landa deler operative modellsimuleringar, døgnskcontinuerleg overvaking, tungreknemaskinar, kompetanse, ressursar og modellutvikling. Samarbeidet er planlagt utvida med fleire europeiske land. MET brukar prognosar frå det europeiske reknesenteret ECMWF som grunnlag for modellsimuleringane i MetCoOp og for vêrvarsel utover tre døgn. MET gjer òg berekningar med modellar for hav, bølger og istilhøve.

MET sine observasjonar, prognosar og varsel for atmosfære og hav vert brukt som grunnlag for berekningar og vurderingar knytt til naturfare i andre etatar. Særs relevant for den kritiske samfunnsfunksjonen natur og miljø er flaum- og skredvarsling frå NVE, der MET bidreg aktivt blant anna med ein dagleg brief mellom MET og varslingsstenestene. I tillegg inngår meteorologar frå MET i snøskredvarslinga. MET har vidare ansvar for operasjonelle beredskapsmodellar for atmosfæren i tilfelle atomulukker/utslepp og vulkansk oske (i samarbeid med DSA og Avinor), og tilsvarende for hav og kyst i tilfelle oljeutslepp og søk og redning (i samarbeid med Kystverket og Hovudredningssentralen). MET er ein aktiv del av totalforsvaret. Ved krise og krig, og under større militære øvingar, gir MET derfor utvida meteorologisk støtte etter avtale med dei aktuelle einingane i Forsvaret.

MET sin viktigaste formidlingskanal er Yr. Tenesta er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt og NRK, og er den femte største netttenesta for vêr på verdsbasis. Offentlege samarbeidspartnarar har tilgang til den spesialiserte vêrtenesta Halo. Meteorologar formidlar vêret og farevarsel på TV og radio, og MET er svært aktiv i sosiale medium som Twitter og Facebook. Det offisielle datagrunnlaget og produkta frå MET er fritt tilgjengelege for publikum for bruk, spreing og vidare bearbeiding.

Observasjonar og prognosar frå modellberekningar ligg til grunn for meteorologen si utarbeiding av varsel, medrekna farevarsel. Dei seinare åra har MET og NVE arbeidd saman om å fornye farevarslinga. Form og innhald har blitt harmonisert, og varsla er standardiserte og i større grad konsekvensbaserte. Ein ny metodikk vart sett i drift sommaren 2018. I samråd med NVE sender MET ut varsel om styrtregn som kan føre til lokal flaum, overvatn og urbanflaum, endringar i bekke- og elveløp, jord- og flaumskred. Denne type varsel er utfordrande fordi det er vanskelig å føresjå presist kvar byenedbøren vil treffe og kor kraftige regnbyene blir. Kor alvorlege følgjene blir, er også avhengig av skadepotensialet der dei kraftigaste regnbyene treffer. Dei to etatane brukar samsvarande fargekodar der fargen (gul, oransje, raud) syner kva grad av aktsemd beredskapsstyresmaktene og publikum skal syne. Varsla blir gjort tilgjengelege på Yr, Halo og i samarbeid med NVE på Varsom.no. Frå hausten 2019 blir Varsom si abonnementsordning på e-post eller SMS for flaum- og skredvarsel utvida til også å dekke MET sine varsel på gult og høgare nivå.

Fornyninga av farevarslinga er nyttig og naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg for å møte situasjonen vi ser no. Klimaendringane aukar omfanget av vêr som samfunnet ikkje er budd på og vêrhendringar som er vanskelege å føreseie.

I Noreg har vi dei siste hundre åra observert ein auke i temperatur på om lag ein grad og ein generell auke i nedbør på om lag 18 prosent. Forsking ved MET viser at vi kan vente stadig aukande temperatur og nedbør i heile landet gjennom alle årstidene. Til dømes ventar vi at mengda nedbør i form av styrtregn (kraftig regn som varer tre timar eller kortare) kjem til å auke med 20 prosent fram til midten av hundreåret, og med 40 prosent fram mot slutten av hundreåret (samanlikna med perioden 1971–2000).

MET utarbeider analysar av klimaet i Noreg i fortid, notid og framtid. I dette inngår etablering av kunnskapsgrunnlag for framtidig klima og klimatilpassing i Noreg i samarbeid med partnarane i Norsk Klimaservicesenter (NVE, Bjerknes-senteret og NORCE). Norsk klimaservicesenter har mellom anna utarbeidd klimaframskrivingar og regionale klimaprofilar for alle fylka og Longyearbyen. Desse profilane er eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing og planlegging.

I MET sine ROS-analysar av dei prioriterte operasjonelle tenestene blir det teke utgangspunkt i hendingar som kan få negativ innverknad på funksjonsevna til MET.

Eit scenario i DSB-rapporten «Analyser av krisescenarioer» skildrar eit digitalt angrep på sentral ekom-infrastruktur. I eit slikt scenario vil òg MET sin datakommunikasjon bli ramma, og særleg innsamling av observasjonar og leveransar til aktørar som tek imot observasjonar. Over tid vil kvaliteten på prognosane gradvis bli dårlegare dess lenger tid observasjonane manglar, sidan desse er viktige for berekningane. MET vil heller ikkje klare å overhalde pliktene sine overfor Verdasklimatologiorganisasjon, som òg får ringverknader internasjonalt og kan påverke presisjonen for prognoser frå ECMWF.

Dersom vêrforholda er krevjande og MET ikkje kan levere tenester med tilfredsstillande kvalitet, vil samfunnet si handtering av ei hending, som til dømes brann, forureining eller havari, bli negativt påverka. MET førebur seg mellom anna ved å etablere redundante løysingar for IT-system og modellberekningar, og ved å kunne flytte oppgåver mellom dei tre varslingsentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. Det blir gjennomført eigne øvingar, og MET deltek i felles øvingar med samarbeidspartnarar.

Klima- og miljødepartementets vurdering

Basert på ovannemnde rapport vurderer KLD at status for meteorologitenester per i dag i all hovudsak er god. For å halde ved lag kvaliteten i kapabiliteten framover er det viktig å sikre ei forsvarleg forvaltning og fornying av observasjonsutstyret.

MET arbeider godt for å utvikle ny kunnskap og formidle tenester til samarbeidspartnarane og til heile befolkninga. I eit samfunnstrygggleiksperspektiv er det viktig at informasjon om vêret er ei lett tilgjengeleg og gratis teneste.

Departementet tek til etterretning at det er utfordringar med god varsling av nedslagsfeltet til kraftige regnbyer. Departementet vurderer derfor vidare utvikling av metodikk og formidling av farevarsel som viktig. Samtidig er utvikling og innføring av detaljerte vêrvarslingsmodellar i all hovudsak ein styrke for samfunnstrygggleiken.

Utviklingsmoglegheiter

Klimaforskning viser at jordsystemet (atmosfære, jord, vatn, hav, is, økosystem) og menneskeleg aktivitet er kopla saman. Modellane for berekning av klima er jordsystemmodellar, der modellen t.d. for vêret er direkte påverka av prosessane i atmosfæren, jord, vatn, hav, is, økosystem og menneskeleg aktivitet. For operasjonell varsling er det ikkje

teke tilstrekkeleg omsyn til korleis vêret påverkar jordsystemet og vekselverknaden mellom elementa i jordsystemet. MET har i dag ikkje eit modellsystem som er tenleg for heilskapleg varsling, og observasjonssystemet som er avgjerande for å berekne ein god starttilstand for prognosane er ikkje utvikla som eit balansert, jordsystemorientert målenett. Forbetra jordsystemvarsling er viktig for å redusere risiko i samfunnet, i samband med jordbruk, naturmiljø, skadar som følgje av vatn osv.

Eit sentralt trekk i utviklinga av vêrvarsling er betre og auka bruk av data og informasjon. Observasjonar frå satellittar, værradarar, målestasjonar og «tinga sitt internett» korrigerer fortløpande vêrvarsla. Vêrvarslingsmodellar blir meir detaljerte med omsyn til lokale forhold, blir oppdatert oftare og bereknar òg sannsynet i vêrvarselet. Det siste gir sannsynsbaserte varsel og auka evne til å varsle vêrutviklingar med store konsekvensar. Etatar og andre aktørar som brukar MET sine prognosar og varsel får gjennom dette høve til å gjere sannsynsbaserte vurderingar knytte til hendingar og konsekvensar aktørane har ansvar for.

I sum kan operasjonell jordsystemmodellering, eit godt koordinert observasjonssystem og betre bruk av tilgjengelege data og informasjon, setje oss i stand til å ta store steg i å forbetre kvalitet og spesialisering av varslingsstenestene. Først og fremst gjeld det varsling av vêr (medrekna farleg vêr), overflatevatn og avrenning til elvar (medrekna flaum), underjordiske vassreservoar og hav, bølger og straum øvst i havet (medrekna risikoforhold til sjøs), og miljøforureining i luft, vatn, jord og hav (medrekna situasjonar med stort skadepotensial for helse og tryggleik). Ei slik modellutvikling må skje i tett samspel med andre etatar med ulike sektoransvar og spisskompetanse. Samfunnet vil gjennom dette bli betre førebudd på typen vêrhendingar vi ventar meir av og med større skadeomfang, som følgje av klimaendringar. For å ta ut potensialet, må det bli etablert tettare samarbeid mellom relevante aktørar. MET og NVE har i dag eit godt operativt samarbeid. Ein bør vurdere å utvide dette til større grad av felles modellar, IT-system og menneskelege vurderingar.

MET sine beredskapsmodellar kan tilpassast nye bruksområde innanfor miljø og tryggleik. Viktige område er radioaktivitet, plast i havet og utslepp av farlege gassar i atmosfæren. I forlenginga av MET sin operasjonelle kapasitet på spreingsberekningar, er det òg potensial innanfor kategoriane «C» og «E» (i CBRNE), ved at MET kan bidra med døgntkontinuerleg beredskap for

køyring av operative spreingsberekningar for atmosfære og hav, både ved kritiske hendingar eller i ettertid ved køyring av trajektorieberekningar bakover i tid.

Romvêr er eit område MET reknar med å få ei nasjonal rolle i, også på sivil side. På militær side har MET allereie eit delansvar definert av prosedyrar i NATO. Det skjer eit planleggingsarbeid i regi av Norsk Romsenter og Forsvaret der relevante aktørar, inkludert MET, er med i diskusjonane. Det er truleg god samfunnsøkonomi i å varsle romvêr på regionalt nivå basert på den globale varslinga. Samdrift med den døgntkontinuerlege tenesta for vêrvarsling vil gi ei kostnadseffektiv teneste for romvêrhendingar.

Aktuelle tiltak

MET har arbeidd med utvikling av elementa i ein jordsystemmodell i fleire år, i samarbeid med andre meteorologiske institutt i Europa. Eit neste steg kan vere å etablere eit pilotprosjekt med føremål om å etablere ein operasjonell, regional jordsystemmodell der det først blir lagt mest vekt på vêr og vatn, så vêr og hav og etter det vêr og miljø. Denne prioriteringa speglar samfunnsbehova no og i dei næraste åra på grunn av endringa i flaum- og skredsituasjonen som følgjer klimaendringane. NVE og forskingsmiljøa innanfor hydrologi og geologi er naturlege samarbeidspartnarar. Etter kvart vil det vere føremålstenlig at forvaltings- og forskingsinstitutt innanfor oseanografi, luftkvalitet og miljø blir med.

Parallelt bør det vurderast å dreie observasjonssystema for atmosfære, vatn, hav, is og snø og miljø drive av forvaltninga i Noreg, i ei retning slik at starttilstanden i regionale jordystemsberekningar kan etablerast best mogleg, og til å validere slike berekningar.

Dei sannsynsbaserte prognosane som blir rekna ut både med dagens vêrmodellar og jordsystemmodellar i framtida gir auka høve til å varsle vêrutviklingar med store konsekvensar. For å kunne ta ut eit slikt potensial vil MET i tilfelle først betre eigen metodikk for varsling av naturfare og vidareutvikle verktøya for meteorologane. Deretter bør involverte etatar og beredskapsaktørar ta i bruk sannsynsbasert varsling og vurdere konsekvens og tiltak ut frå moglege vêrutviklingar.

MET ynskjer betre koordinering mellom aktørane innanfor beredskap og samfunnstryggleik knytt til naturfare, både for risikovurderingar og varsling. Eit aktuelt tiltak kan vere å initiere ein analyse av kva ein kan oppnå gjennom ei

teneste som er betre koordinert for vurdering og varsling av naturfare, og korleis eit slikt samarbeid mellom MET og andre aktørar kan organisere-
rast.

Relevante tiltak frå ROS-analysane for å oppretthalde eiga funksjonsevne

MET gjennomfører årleg ROS-analysar av dei kritiske leveransane i tråd med eit årshjul for risikostyringa. Det blir òg gjennomført øvingar for å teste beredskapsprosedyrane. Øvingane blir evaluerte og det blir utarbeidd tiltak for forbetringar.

MET etablerer no ein ny IT-leveransearkitektur. Denne skal i første omgang fokusere på behova til dei viktige prosjekta til MET i 2018. I tillegg ynskjer instituttet å byggje ned teknisk gjeld og auke takten i modernisering av IT-systema.

MET arbeider kontinuerleg med å betre IT-infrastrukturen og sikre instituttet sine IT-system mot langvarig svikt. Å etablere reserveløysingar og fase ut eldre utstyr er sentralt i dette arbeidet. Instituttet skal setje i drift nytt datalager for alle observasjonar og klimadata som MET forvaltar, som vil gi samfunnet betre tilgang til klimadata.

MET arbeider med å etablere oversikt over alle sentrale tenester med tilhøyrande verdikjeder. Oversikta skal inkludere teknisk tilstand og kritikalitet. Det skal etablerast livssyklusplanar for dei mest sentrale komponentane i verdikjedene.

Andre relevante tiltak i verksemdsplanane/årsrapporten som medverkar til auka samfunnstryggleik og -beredskap

Etter at MET og NVE hadde oppdatert metodikken for farevarsling, har dei to etatane arbeidd saman med NRK for å sikre at brukarane forstår varsla som blir sende ut. Dette aukar sannsynet for at mottakarane av naturfarevarsla kan ta betre og meir informerte avgjerder.

MET og DSB har starta utvikling av ny metodikk for varsling av skogbrannfare. Dette blir gjort i eit nordisk samarbeid, basert på det eksisterande nordiske samarbeidet innanfor numerisk vêrvarsling (MetCoOp).

9.2.6 Overvaking og varsling av flaum- og skredfare

Innleiing

Overvakings- og varslingsstenestene for flaum og skred er viktige for tryggleiken i samfunnet. Desse tenestene varslar publikum og beredskaps-

myndigheitene i forkant av naturhendingar slik at førebyggjande eller skadereuserande tiltak kan setjast i verk. Føremålet er å unngå tap av liv og helse og å unngå skadar på verdiar og infrastruktur. Varslinga er også viktig for ei god risikoforståing og ein generell kompetanse om flaum- og skredfare i samfunnet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ansvaret for den nasjonale flaum- og skredvarslingstenesta. Denne inneheld flaumvarsling, jordskredvarsling, snøskredvarsling, isvarsling og overvaking og varsling av store fjellskred.

NVE har utarbeidd vassføringsprognosar og flaumvarsel på regionalt nivå sidan 1989. Flaumvarselet gjev ei regional oversikt over område og vassdrag med fare for flaum basert på dei hydrologiske og meteorologiske tilhøva. NVE varslar publikum og det lokale beredskapsapparatet om flaumfare når det er venta at vassføringa i eit vassdrag eller vasstanden i ein innsjø vil overstige eit visst nivå.

Snø- og jordskredvarslinga starta i 2013, og er utvikla og drifta i samarbeid med Statens vegvesen og Meteorologisk institutt (MET). Varsla gir farenivået i ulike regionar, og er særleg retta mot beredskaps- og transportmyndigheitene. Snøskredvarslinga har også aktørar og enkeltpersonar innan friluftsliv som hovudmålgruppe. Andre viktige målgrupper er redningstenesta, forsvaret, reiselivet, utbyggerar og eigarar av det straumnettet. Ei evaluering av skredvarslinga i 2017 konkluderte med at skredvarslinga bidreg til betre samfunnstryggleik og må utviklast vidare (NVE rapport 38/2017).

Sidan 2015 har NVE hatt ansvar for å overvake og varsle farenivå for store fjellskred.

Det er lokale beredskapsmyndigheiter som avgjer og set i verk eventuelle tiltak ved fare for flaum eller skred. Dei har lokalkunnskap om skadepotensialet og gjerne erfaringar frå tidligare hendingar. Det er venta at lokale beredskapsmyndigheiter og aktørar har oppdaterte ROS-analysar og beredskapsplanar for utsette område og objekt. Det er kommunane, fylket og politi som er ansvarlege for den lokale og regionale krisehandteringa ved ei hending. NVE kan ved behov bidra med faglege råd, rettleiing og eventuelt andre skadereuserande tiltak.

Flaum og skred er saman med storm dei naturfenomena som gjer størst skade og tek flest menneskeliv i Noreg, jf. Meld. St. 15 (2011–2012) *Hvordan leve med farene – om flom og skred*, ref figur 9.1 (kap. 9.2.3). Det er få dødsulykker knytt til flaum, men flaum forårsakar store økonomiske kostnader og får ofte konsekvensar for eit større

geografisk område enn skred. Erstatning frå naturskadeforsikring og Statens naturskadeordning til flaum og skred i perioden 1980–2018 var 11 mrd. kroner (2018-kroner), av dette utgjer erstatningane dei siste ti åra (2009–2018) 6 mrd. kroner. I tillegg kjem kostnader som blir dekte av andre erstatningsordningar og skadar på offentlig infrastruktur. Fjellskred er sjeldne, men har ført til nokre av dei største naturkatastrofane i Noreg, slik som i Loen (1905 og 1936) og i Tafjord (1934). I desse tre hendingane omkom 174 menneske. Fjellskredgenererte flodbølger kan ramme strandsona fleire kilometer frå sjøve skredet. I DSB sin rapport «Analyser av krisescenarior 2019» inngår eit varsla fjellskred frå Åkneset på Sunnmøre.

Status- og tilstandsvurderingar

Flaum- og skredvarsling

Varslingstenesta for flaum- og skredfare er avhengig av stabil tilgang til data frå stasjonsnettet til MET, NVE, Statens vegvesen og snøskredvarslinga sitt observatørkorps. I tillegg er tenesta avhengig av relevante IKT-verktøy for å dele data frå felt, køyre modellar og analysar, utarbeide varsel og formidle varsla til målgruppene.

Konsekvensen av for dårlege eller manglande varsel kan bli lågare tillit til varslingsstenesta og at skadereduserande tiltak ikkje vert sett inn til rett tid og stad. Ein annan mogleg konsekvens er meir risikofylt ferdsel i skredutsette område. Dette gjeld òg for redningstenesta, både den profesjonelle og den frivillige delen.

MET og NVE har ei samarbeidsavtale som sikrar effektiv utveksling og deling av data, produkt og kompetanse, og har også samordna enkelte farevarsel. Når det er venta kraftig byenedbør om sommaren innanfor eit område, blir dette varsla av MET og NVE i samarbeid i form av eit varsel om kraftige regnbyer (styrtregn). Varselet er utferda av MET og beskriving av konsekvens av varselet er laga i samråd med NVE. Slike regnbyer kan føre til lokal overfløyning, overvatn i tettbygde område, endringar i bekke- og elveløp, jord- og flaumskred der regnbyene treffer.

Både MET og NVE har operative og beredskapsmessige rutinar slik at varslingsstenesta er oppdatert, koordinert og operativ. NVE og MET sine varslingsstenester har dagleg dialog for å vurdere behovet for flaum- og jordskredvarsel, og MET deltek med meteorologar i snøskredvarslinga. MET og NVE samarbeider med NRK om formidling av vêrdata og flaum- og skredvarsla gjennom NRK sine kanalar. Flaum- og skredvars-

linga treng best mulige og oppdaterte vêrvarsel og vêrobserveringar.

Snøskredvarslinga har om lag 100 observatørar som leverer observeringar for varslingsregionane 2–3 gonger i veka. NVE har utvikla «Regobs» (mobilapp og web), som er eit registreringsverktøy for observeringar, fareteikn og hendingar til bruk i varslings- og beredskapsarbeid. Regobs kan brukast av alle til å sende inn og dele data frå felt, og er samkøyrd med data frå Statens vegvesen. Regobs har ein open data-policy som gjer det mogeleg for etatar og publikum å dele eit felles situasjonsbilete under kriser.

NVE er i ferd med å ta i bruk Sentinel satellitt-data for operativ bruk i flaum- og skredvarslinga i samarbeid med Norsk romsenter, Statens vegvesen, NORCE og Norsk reknesentral. Dette er ein del av Noreg sin innsats i Copernicus-programmet.

NVE sitt målestasjonsnett er omfattande, og utfall av nokre få enkeltstasjonar er sjeldan kritisk. Samtidsdata frå målestasjonar for snø, grunnvatn, vasstand og vassføring i vassdrag over heile landet er ein viktig føresetnad for jordskred- og flaumvarsling. Desse varslingsane brukar data frå om lag 500 målestasjonar. NVE eig og driflar om lag 180, og dei resterande 320 har andre eigarar, for det meste vasskraftselskap. Halvparten av stasjonane som er eigd av andre vert i dag drifta av NVE og data er difor lett tilgjengeleg for NVE. For stasjonar drifta av andre enn NVE, er ein avhengig av at stasjonseigar føretek regelmessig innsending av data. For dei fleste av desse målestasjonane er stasjonseigar pliktig å levere inn data fortløpande etter pålegg i samband med vasskraftkonfesjonar. NVE erfarer at det er naudsynt med auka tilsynsverksemd med slike målestasjonar for å sikre høg kvalitet og stabil leveranse av data.

NVE planlegg fleire nye stasjonar i små nedbørfelt og i urbane område, men utbyggingstakta er låg. Det vert gjort store endringar på dei teknologiske løysingane rundt den automatiserte innhentinga av data frå målestasjonane for å minske tida frå observasjon til data er tilgjengeleg, og for å vere betre rusta ved utfall av kommunikasjonslinjer. Arbeidet med å styrke målestasjonsnettet er eit langsiktig arbeid som vil halde fram i fleire år.

Plattform Varsom.no har sidan 2013 vore NVE sin hovudkanal for formidling av varsel. Varsom er ei samling av tenester levert av NVE, i samarbeid med MET og Statens vegvesen. Varsom viser også landbaserte naturfarevarsel frå MET, til dømes styrtregn og vind. MET og NVE har dei siste årene jobba med å samordne farevarsel frå etatane, både når det gjeld form, innhald og

kommunikasjon av varsel. Det vert brukt internasjonale standardar for farevarsling.

Varsel for flaum- og skredfare vert også publisert på vèrtenesta yr.no og på halo.met.no. Alle kan abonnere gratis på flaum- og skredvarsel på e-post eller SMS. NVE sine varsel vert også vidareformidla av nasjonale og lokale medium og gjennom sosiale medium. Varsel av ein alvorleg situasjon (oransje farenivå) for flaum- og jordskredvarslinga, og snøskredvarsel av stor fare (raudt farenivå) vert i tillegg sendt til relevante fylkesmenn, vegtrafikksentralen, MET og beredskapspersonale i NVE. Fylkesmannen vidareformidlar varsla til relevante kommunar. Ved behov vert sakene òg publisert på NTB, NRK TV og radio, samt DSB sin kriseinfo.no.

Varslingstenestene i NVE er avhengig av stabil og sikker drift av ulike IKT-verktøy. NVE sitt IKT-driftsmiljø er vurdert å ha kompetanse og ressursar til å forvalte IKT-system og store mengder data. IKT-tenesta i NVE har gjennomgått programma som vert brukte i varslinga og har bygd inn mekanismar mot risiko og sårbarheit. Det er innført ei vaktordning for alle dagar heile året for at NVE si varslingsteneste kan få støtte innan IKT.

Varslingsgruppa for flaum- og jordskredvarsling har 20–22 medarbeidarar frå NVE og to frå Statens Vegvesen. Snøskredvarslinga har 32 medarbeidarar inkludert sju frå MET og fem frå Statens Vegvesen. I tillegg er det om lag 100 observatørar rundt omkring i landet. Totalt utgjer dette mange varslarar og observatørar, som er naudsynt for å oppretthalde ei kontinuerleg og landsdekkjande teneste. Kvar einskild arbeider ikkje heiltid med varslinga, dei fleste har andre oppgåver eller jobbar ved sidan av. Varslingstenesta må ha kapasitet til å analysere situasjonen, følgje med på sanntidsdata, observasjonar og modellprognosar, utarbeide, publisere og sende varsel. I tillegg må dei følgje med og ha fortløpande kontakt med regulantar, gi råd til NVE sine regionkontor og beredskapsmyndigheiter og handtere media.

Varslingstenestene er spesielt sårbare ved manglande personalressursar i periodar med ferie, ved langvarige hendingar og i periodar med sjukdom og/eller permisjonar. Ved store flaumar er det eit behov for å styrke bemanninga til flaumvarslinga for å vere betre i stand til å takle krevjande og langvarige situasjonar. Det er etablert ei intern ressursgruppe i NVE for å avlaste varslingstenestene.

Fjellskredovervaking

Erfaringar viser at fjellskred utviklar seg over tid gjennom langvarige, sakte deformasjonar og bevegelser i fjellet. Dette ligg til grunn for at overvaking, varsling og evakuering utgjer hovud-elementa i beredskap mot fjellskred (Figur 1). Ei fjellskredhending stiller store krav til samfunnet si evne til krisehandtering og omstilling. Nasjonal beredskapsplan for fjellskred beskriv rammene for korleis beredskap mot fjellskred skal etablert og driftast (NVE rapport nr. 44/2015). Planen beskriv også ansvar og roller.

Grunnlaget for dimensjoneringa av overvakinga og beredskapen vert skaffa gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar). Både direkte konsekvensar, for eksempel i nedslagsområde og fareområde for flodbølger, og indirekte konsekvensar slik som brot i kritisk infrastruktur må vurderast. Av omsyn til tryggleiken til folk skal beredskapen dimensjonert slik at det utan rimeleg tvil kan antakast at menneske ikkje vil kome til skade som følge av eit fjellskred. Bygningsteknisk forskrift (TEK17 § 7-4 b) sine krav skal leggest til grunn for design av overvaking, varslingstid og responstid.

NVE har ansvaret for og finansierer kartlegging av fjellskredrisiko i Noreg, eit arbeid som Norges geologiske undersøking (NGU) utfører på oppdrag frå NVE. Dette arbeidet inkluderer ei fare- og risikoklassifisering. Dette er ein kontinuerleg aktivitet. Kartlegginga av Møre og Romsdal vart ferdigstilt i 2019, medan kartlegginga i Sogn og Fjordane og Troms framleis vil ta nokre år til. Vidare er det starta kartlegging i Hordaland og Rogaland, i tillegg til enkelte område i Telemark og Nordland. Det siste året er det også utført kartlegging i Oppland og Finnmark.

NVE har per i dag sju fjellparti under kontinuerleg overvaking, men vidare kartlegging vil kunne avdekke behov for overvaking av fleire fjellparti. Ei rekkje område vert også overvaka periodisk, blant anna ved bruk av satellitt. Det er venta at fleire nye fjellparti vil ha behov for periodisk overvaking. Eit auka tal på overvakingsobjekt vil krevje fleire tilsette og økonomiske ressursar.

Klima- og miljødepartementets vurdering

Basert på ovannemnde rapport vurderer KLD flaum og skredvarsling til i all hovudsak å vere tilfredsstillande. MET og NVE samarbeider tett med å utveksle og dele data. Dette gjer det

enklare og meir effektivt når det er behov for å samordne farevarsel.

Endringar i klimaet medfører eit behov for nye målestasjonar og også kartlegging- og overvaking av fjellskredrisiko. KLD støttar OED si vurdering om at utbyggingstakten for målestasjonar er låg, og merkar seg at overvaking av fleire fjellparti vil krevje fleire tilsette og økonomiske ressursar. Departementet merker seg òg at varslingsstenestene er sårbare ved manglande personell i periodar med ferie og at NVE har etablert ei ressursgruppe for å sikre varslingsstenesta i slike periodar.

Utviklingsmogelegheiter

Flaum- og skredvarsling

Flaum- og skredvarslinga har behov for betre presisjon med hyppigare oppdatering av prognosane. Det er behov for å forbetre modell- og IKT-verkøya, samt datagrunnlaget dei neste åra for å auke kvalitet og effektivitet i arbeidet, samt at formidlinga til brukarane blir endå meir effektiv.

MET, Statens vegvesen og NVE arbeider saman for å betre varslingsstenestene. Det må arbeidast kontinuerleg med å få eit betre observasjonsgrunnlag, modellar, prognosar og produksjonssystem for utarbeiding av varsel. NVE si evne til å oppretthalde og betre varslingsstenesta er svært avhengig av gode IKT-system og ressursar

for å drifte og utvikle nye verkøy. Det er også behov for å utvikle nye produkt og kommunikasjonsformer som treff dei ulike brukargruppene betre.


Hydrologiske og meteorologiske målestasjonar er kostnadskrevjande både å byggje og drifte. For å kunne oppretthalde, vidareutvikle, og effektivisere er det viktig å finansiere både stasjonsdrift og FoU-aktiviteter.

Snøobservasjonane er kritiske for å ha ei nasjonal snøskredvarsling med tilstrekkeleg kvalitet og tillit, og dette krev systematisk arbeid med persontryggleik og kompetanse. På same måte er observasjonar i sanntid av vassføring og vasstand kritisk for flaumvarslinga og krev ei satsing for å bevare tilgang i sanntid til eksisterande målestasjonar, og å opprette nye stasjonar i område som er utsette for flaum.

Også satellittdata vil bli viktigare for flaum- og skredvarslinga framover, og NVE er avhengig av å utvikle og ta i bruk ei operativ produksjons- og distribusjonslinje. Det er behov for tilgang på Sentinel satellittdata i nær sanntid frå Copernicus-programmet.

Fjellskredovervaking

NVE er avhengig av at ein får tilgang på satellittdata gjennom Copernicus-programmet og tenesta som er utvikla i eit samarbeid mellom NGU, NVE



Figur 9.2 Skjematisk framstilling av venta utvikling av fjellskred, med inndeling i farenivå (grønt, gult, oransje og raudt).

og Norsk romsenter. Eit kritisk element i overvakinga er ofte infrastrukturen (straum og samband) i fjellet, og det vert arbeidd med utvikling av feltinstrument med lågt straumforbruk.

Det auka talet på overvakingssubjekt, både når det gjeld kontinuerleg og periodisk overvaking, vil føre til behov for meir personell og auka økonomiske ressursar. Spesielt vil det kunne vere utfordringar med tilstrekkelig personell hos NVE under krisesituasjonar som trekk ut i tid.

I enkelte område kan det vere aktuelt med andre tiltak. Overvakinga og beredskapen fungerer godt så lenge fjellpartia er rolege, men med auka farenivå og eventuell evakuering vil det vere svært krevjande for samfunnet generelt å handtere situasjonen.. Store konsekvensar vil allereie kome med første evakuering. I slike situasjonar vil andre typar tiltak få merksemd.

For fjellpartiet Åkneset vert det no gjennomført omfattande undersøkingar for å vurdere om drenering er eit realistisk tiltak. Dette vil potensielt kunne redusere risiko og store samfunnskostnader. Det er i alle høve for tidleg å konkludere med om drenering er eit eigna tiltak, og det er framleis mangel på kunnskap omkring vatn i bratte fjellsider.

Fjellskred utgjør ein stor samfunnsrisiko, og det er viktig med forskning og utvikling av ulike løysingar for instrumentering. Dette inkluderer analyser av flodbølgjer og ulike modellverktøy for fjellskred. Vidare er det i dag usikkert korleis klimaendringane påverkar dei ustabile fjellsidene.

Aktuelle tiltak

Vidareutvikling av flaum- og skredvarsling

For å oppretthalde ei varslingssteneste med god kvalitet og stor nytte for samfunnet må tenesta utviklast kontinuerleg. Det kan vere behov for å styrkje observasjonsgrunnlaget, utviklinga av varsel, kommunikasjonsplattformer og fagkompetansen i NVE. Under hendingar kan bemanninga vere sårbar, og interne løysingar for å auke fleksibiliteten må utviklast vidare.

Utnytte teknologisk utvikling

Framover er det viktig å utnytte mogleghetene som teknologisk utvikling gir, for eksempel gjennom ytterlegare digitalisering, til dømes med kunstig intelligens og maskinlæring, for å effektivisere rutinar for å vurdere flaum- og skredfare og utarbeide varsel.

Sikre tilgang på data

Det er særleg utfordrande å sikre stabil tilgang på gode data frå stasjonar som NVE ikkje sjølv eig eller driftar. I tillegg er det viktig å sikre tilgang på radardata frå satellittar. Dette vil truleg også krevje meir ressursar framover.

FoU

Forskning og utvikling bør prioriterast for å lage betre og meir presise datagrunnlag og modellar innan flaum- og skredvarslinga, i tillegg til å styrkje avgjerdsverktøy og -metodar, produksjonssystem og kommunikasjonsverktøy for utarbeiding og kommunikasjon av varsel.

Forskning knytt til ulike problemstillingar innan fjellskred bør prioriterast. Drenering kan vere eit viktig tiltak nokre stader, men det krev ei betydeleg kunnskapsoppbygging om korleis vatn oppfører seg og påverkar stabiliteten i bratte fjellsider.

Samarbeid

Flaum- og skredvarslinga er ein viktig del av Noreg sin samfunnsstryggleik, og NVE har med seg Meteorologisk institutt og Statens vegvesen som aktive partnarar i varslinga. Statens vegvesen deltek i produksjon og utvikling av skredvarsla med varslarar, observatørar, vêrstasjonar og finansiering. Det er viktig at etatane også i framtida er godt samordna og koordinert – det gjev effektiv beredskap og krisehandtering.

9.3 Informasjonstryggleik og førebuande tryggleik i miljøforvaltinga

I nasjonal strategi for informasjonstryggleik og handlingsplan er det slått fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ta vare på tryggleiken i sektoren sin IKT-infrastruktur. I arbeidet med å følgje opp strategien har departementet gitt underliggjande etatar i oppdrag å få på plass eit styringssystem for informasjonstryggleik, (ISMS), som oppfyller krava i ISO 27001-standarden. Miljødirektoratet, Norsk Polarinstittutt og Riksantikvaren har alle etablert styringssystem for informasjonstryggleik og er no sertifiserte etter ISO-27001-standarden. I 2019 vart det oppretta eit internt revisjonsnettverk i sektoren som kan nyttast i samband med årlege revisjonar av styringssystemet for informasjonstryggleik. Dette nettverket kan frå 2019 nyttast ved interne revisjonar

etter ISO-27001-standarden i eigen sektor. Meteorologisk institutt skal etablere eit styringssystem for informasjonstryggleik på verksemda sine viktigaste område innan 1. januar 2020 med sikte på ei sertifisering i løpet av 2020. Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken har ikkje fått krav om sertifisering etter ISO27001-standarden. Begge etatane skal likevel ha etablert eit styringssystem for informasjonstryggleik som er tilpassa verksemdenes storleik og eigenart i løpet av 2020.

9.4 Førebuande sikkerheitsteneste

Ny lov om nasjonal sikkerheit tok til å gjelde 1. januar 2019. Lova har som føremål å tryggje våre nasjonale sikkerheitsinteresser og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheits- trugande verksemd. Dei nasjonale tryggingsinteressene skal sikrast gjennom å vareta *grunnleggande nasjonale funksjonar* (GNF). Slike funksjonar er tenester, produksjon og andre former for verksemd der eit heilt eller delvis bortfall av funksjonen vil få konsekvensar for staten si evne til å vareta dei nasjonale tryggingsinteressene.

For å verne dei nasjonale sikkerheitsinteressene, legg regelverket opp til at vi skal verne verdiar i form av informasjon, informasjonssystem, objekt og infrastruktur (skjermingsverdige verdiar) som er vesentlege for å vareta nasjonale sikkerheitssinteresser. Departementa skal i medhald av sikkerheitslova § 2-1 identifisere GNF og gjere

vedtak overfor verksemdar som har avgjerande innverknad for GNF. I tråd med kgl. res. 20. desember 2018 pkt. 3 bokstav e skal dette gjerast innan rimeleg tid. Kva som er «rimeleg tid», avheng mellom anna av storleiken på den aktuelle samfunnssektoren, omfanget av skjermingsverdige verdiar, kompleksiteten på verdikjedene og den sikkerheitsfaglege kompetansen i departementa.

Klima- og miljødepartementet tek sikte på å fastsetje GNF i eigen sektor innan utgangen av 2019. I lys av dette vil departementet stadfeste kva for verksemdar som er av vesentleg eller avgjerande innverknad for GNF, og deretter gjere vedtak om at lova skal gjelde for bestemte verksemdar dersom det er naudsynt. Verksemdar som er eller blir omfatta av lova, skal utarbeide skadevurderingar med bakgrunn i dei identifiserte GNF. Skadevurderingane vil danne grunnlaget for departementet si utpeiking og klassifisering av eventuelle skjermingsverdige objekt og skjermingsverdige infrastruktur i sektoren, og fastsetjing av fristar for gjennomføring av naudsynte sikringstiltak. Klima- og miljødepartementet har gjennomført ein betydeleg del av arbeidet i 2019.

Fram til det er gjort vedtak etter ny lov, gjeld alle vedtak som er gjorde etter den gamle lova. Dette inneber mellom anna at objekt som er klassifiserte etter gammal sikkerheitslov, også er klassifiserte etter ny lov, jf. kgl. res. 20. desember 2018, pkt. 2 bokstav d.

10 Fornye, forenkle og forbedre, og likestilling og mangfold i miljøforvaltninga

10.1 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Organisering

Klima- og miljødepartementet er overordna etats- og eigarstyrar for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Enova, Meteorologisk institutt, Norsk Polarinstitut, Artsdatabanken, Norsk Kulturminnefond, Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Bjørnøen AS.

Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og Sysselmannen på Svalbard. Etatar som NORAD, Sjøfartsdirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet og Folkehelseinstituttet har oppgåver innanfor miljøområdet som Klima- og miljødepartementet styrer.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i departementet

Klima- og miljødepartementet arbeider kontinuerleg med å effektivisere eiga drift.

Regjeringa bestemte at det skulle gjennomførast ein områdegjennomgang av miljøforvaltninga i 2016. Områdegjennomgangen vart gjennomført med deltaking frå Klima- og miljødepartementet, Finansdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og eksterne, og vart ferdigstilt i midten av desember 2016. Områdegjennomgangen resulterte i 32 tilrådingar om korleis miljøforvaltninga kan bli betre og meir effektiv. Tilrådingane inkluderte òg Klima- og miljødepartementets sektorovergripande rolle.

Fleire av tilrådingane omhandla dei administrative systema. Det vart identifisert fleire moglegheiter for å effektivisere dei administrative områda.

Klima- og miljødepartementet har samla IKT-driftsfunksjonane og etablert felles strategisk innkjøpsfunksjon for miljøforvaltninga. Arbeidet med å etablere felles arkivfunksjon i miljøforvaltninga er

påbegynt. Vidare skal samvirke maksimerast innan andre administrative funksjonar for å auke kunnskapsgrunnlag for betre planlegging og avgjerder.

Det er i tillegg sett i gang eit strategiarbeid for betre og meir effektive administrative tenester på tvers av departementa der Klima- og miljødepartementet deltek aktivt i arbeidet.

IKT-strategi for miljøforvaltninga

Krava til IKT-løysingar og IKT-tryggleik i offentlig forvaltning blir stadig viktigare og meir omfattande. IKT-strategien for miljøforvaltninga legg føringar for korleis IKT skal driftast, sikrast og utviklast vidare i sektoren. Dagens strategi gjeld fram til 2020. Ny strategi som skal gjelde for perioden 2020–2024 er under utarbeiding og skal ferdigstillast innan utgangen av 2019. Fokus i ny strategi vil blant anna vere på digitalisering, dataformidling, IKT-tryggleik og samordning. Som eit ledd i oppfølginga av dagens IKT-strategi vart det etablert ei felles driftseining for miljøforvaltninga som skal ivareta alle IKT-driftstenester for Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Norsk Polarinstitut. Arbeidet med å betre og utvikle vidare desse driftstenestene vil halde fram i 2020. Frå og med 1.1.2020 skal felles IKT-driftseining også drifte dei fleste IKT-systema og tenestene til Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i etatane

Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har i dag mange digitale løysingar som er utvikla og forbedra gjennom fleire år. Tenestene er på fleire område utvikla med bakgrunn i ambisjonen om å sikre ei effektiv og god brukaroppleving for eksterne brukarar, saman med ein påliteleg og effektiv intern saksbehandling.

Det er mellom anna utvikla heildigitale løysingar for betaling av jeger- og fiskeavgifter, heildigi-

tal behandling av søknader for tildeling av fallvilt for preparantar, og lisensiering av ringmerker i Ringmerkbasen. Miljøvedtaksregisteret er ei digital innsynsløysing som gir allmenta fri tilgang til enkeltvedtak og forskrifter på miljøområdet.

Miljødirektoratet jobber kontinuerleg med å vidareutvikle og digitalisere arbeidsprosessane i tilskotsforvaltningssystemet Elektronisk søknads-senter (ESS), som har bidrat til effektivisering både i forvalninga og for søkjar.

Mens Miljødirektoratet er i gevinstrealiseringsfasen for fleire etablerte løysingar, til dømes produktregisteret og grunnforureining, er dei i utviklingsfasen på andre område. Bruk av drone-teknologi i overvaking og robotteknologi innanfor regnskap er døme på ny teknologi som det blir arbeidd med framover.

Riksantikvaren

Kunnskapsløftet er Riksantikvarens viktigaste del-satsing for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltinga. Satsinga inkluderer å digitalisere og gjere tilgjengeleg data, blant anna gjennom å digitalisere eigne arkiv, og utvikle gode saksbehandlingssystem. Digitaliserte arkiv gir god tilgang på informasjon for fylkeskommunar og kommunar.

Digitaliseringsprosjektet vart avslutta i 2017, og arbeidet med å digitalisere saksarkiva er dermed ferdigstilt. Prosjektet sin største gevinst er digital tilgang til kjeldene, både for forvalting, forskning og publikum, uavhengig av fysisk plassering. Digitalisering sikrar òg bevaring av forgjengeleg arkivmateriale, og frigjer lokal fordi digitalisert arkivmateriale kan avleverast til Riksarkivet.

Kulturminne i kommunen (KiK) er eit delprosjekt i Kunnskapsløftet, og har som formål å setje kulturarv på den lokalpolitiske dagsordenen og få kommunane til å utarbeide kulturminneplanar. Prosjektet varer ut 2020, og framdrifta i prosjektet er i samsvar med prosjektmål og styringsparameter.

Gjennom samarbeid med Riksarkivet, Statens Kartverk og Kulturrådet om tilgjengeleggjering av opne data kan allmenta enkelt vidarebruke data direkte i sine eigne datasystem.

Kulturminnefondet

Kulturminnefondet saksbehandla 1663 søknadar i 2018, som er ein auke på 16 pst. frå 2017. Kulturminneadministrasjonen skal vidareutvikle og effektivisere arbeidsprosessane, og i samarbeid med Miljødirektoratet innføre nye digitale løysin-

gar i tilskotsforvaltinga. Søkjar skal kunne søkje direkte i portalen og tilskotsmottakar skal rapportere i portalen. Kulturminnefondet tar i bruk miljøforvaltinga si felles IKT-plattform frå 2020.

Nettstader og portalar

Meteorologisk institutt (MET) si viktigaste vêrtjeneste er Yr, som er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt og NRK. I tillegg formidlar MET vêret på TV og i radio, og i sosiale medium som Twitter og Facebook. For offentlege verksemdar leverer instituttet vêrtenesta Halo, som er ei innloggingsteneste med spesialiserte produkt.

Meteorologisk institutt sitt offisielle data-grunnlag og produkt er også fritt tilgjengeleg for publikum for bruk, spreining og vidare bearbeiding. Data kan hentast frå instituttet sine nettstadar eller programmeringsgrensesnitt, som til dømes api.met.no, frost.met.no, threddsmet.no og klimaservicesenter.no.

Både instituttet og samfunnet har gevinst av instituttet sine opne data og tenester. At tenestene blir gitt på opne og standardiserte format gjer det enkelt for andre å integrere vêr- og klimainformasjon i eigne tenester, både bedriftsinterne og til publikum. Dette bidreg på sikt til å forenkle intern tenesteproduksjon ved instituttet.

Miljødirektoratet har lansert nytt hovudnettstad, miljodirektoratet.no. Den nye hovudnettstaden har bidrege til å redusere mengda nettstader, og det støttar opp om målet om meir sjølvbetening gjennom å tilby rettleiing av brukarar.

Miljøforvaltinga har som mål å formidle påliteleg, aktuell og forståeleg miljøinformasjon. Hovudkanalen for informasjon om miljøets tilstand og utvikling er miljostatus.no, som har ei målsetjing om å vere den viktigaste kjelda til kunnskap om miljøets tilstand og utvikling. I tillegg driftar miljøforvaltinga ei rekkje nettstader for meir spesifikk informasjon og målgruppetilpassing. Døme på dette er askeladden.ra.no, miljokommune.no og klimatilpassing.no.

[Askeladden.ra.no](http://askeladden.ra.no) inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Miljokommune.no er ein oversikt over kommunanes myndigheit og plikt, og hjelp til sakshandsaming innan miljøtema. Klimatilpassing.no har samla aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad.

Klima- og miljødepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter

treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

10.2 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltinga

Miljøforvaltinga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planvist for likestilling og mot diskrimine-

ring innanfor eiga verksemd. Tabellane 10.1, 10.2 og 10.3 viser kvinnedelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittsløn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og melombels stilling for 2018. Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i oversiktene.

Tabell 10.1 Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltinga

	Totalt	Topplei. ¹	Mellomlei.	Høgtlønte rådg. ²	Saksbeh.	Kontor
KLD	59	33	50	59	68	
Miljødirektoratet	55	40	61	56	55	57
NP	39	50	33	47	88	50
RA	63	66	73	63	61	
MET ³	37	37	25	-	-	-

¹ Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå).

² Høgtlønte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarande stillingar. For KLD er spesialrådgivarar, fagdirektørar og seniorrådgivarar klassifiserte som høgtlønte rådgivarar. Rådgivarar, førstekonsulentar og seniorkonsulentar er klassifiserte som saksbehandlarar.

³ Stillingskategoriane til MET let seg ikkje klassifisere til rådgivar, saksbehandlar og kontor. Mellomleiarar er avdelingsleiarar.

Tabell 10.2 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittsløn i miljøforvaltinga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA		MET ²	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	89,1	100	100	98,9	99	100	100	99	93,2	100
Topplei. ¹	100	95,4	100	89,5	80	100	100	94	100	98,2
Mellomlei.	97,6	100	100	99,1	100	92	100	94	98,8	100
Høgtlønte rådg.	94,1	100	98,7	100	95	100	99	100	-	-
Saksbeh.	97,6	100	97,7	100	95	100	99	96,0	-	-
Kontor	0	0	100	80,1	100	91			-	-

¹ Toppleiarar i KLD inkluderer berre dei som er på leiarlønskontraktar unnateke departementsråd. For KLD er spesialrådgivarar, fagdirektørar og seniorrådgivarar klassifiserte som høgtlønte rådgivarar. Rådgivarar, førstekonsulentar og seniorkonsulentar er klassifiserte som saksbehandlarar. Toppleiinga i RA inkluderer berre avdelingsleiarar.

² Stillingskategoriene til MET let seg ikkje klassifisere til rådgivar, saksbehandlar og kontor. Mellomleiarar er avdelingsleiarar.

Tabell 10.3 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA		MET	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid	17,1	6,7	14,4	6,8	6,0	6,9	3,9	1,7	11,8	5,7
Mellombelse ²	3,6	1,9	4,6	4,2	21,2	19,8	19,4	13,6	9,7	5,7
Legem. fråv. 2018	2,5	2,1	3,9	2,8	6,0	4,9	4,8	3,8	4,2	1,6

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid (av totalt tal kvinner eller menn).

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling (av totalt tal kvinner eller menn).

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Klima- og miljødepartementet

Gjennomsnittlig lønnsforskjell mellom kvinner og menn har auka på totalnivået sidan 2017/2018. Grunnen til dette er at det er blitt tilsett fleire kvinner i rådgivar- og førstekonsulentstillingar. Det er no langt fleire kvinner enn menn i rådgivar- og førstekonsulentstillingar, mens det er noko fleire mannlege avdelingsdirektørar, ekspedisjonssjefar og spesialrådgivarar. Dette heng truleg saman med at det er ei klar overvekt av kvinnelege søkjarar til førstekonsulent-/rådgivarstillingar, mens det er jamnare kjønnsvis fordeling blant søkjarar til andre stillingskategoriar. Men innan kvar stillingskategori er lønnsforskjellen mindre, og kvinner har f.eks. høgare lønn enn menn på topplearnivå.

Oppfølginga av regjeringas inkluderingsdugnad er eit viktig innsatsområde for departementet. Klima- og miljødepartementet har justert stillingsannonnsane, men arbeider framleis med å gjere tekstane endå betre. NAV gir bistand til utforming av stillingsannonnsar og med å finne aktuelle kandidatar i målgruppa. Det er blitt gjennomført eit internt leiarforum med inkluderingsdugnaden som tema. Våre HR-medarbeidarar deltek fortløpande på Difis kurs for oppfølging av inkluderingsdugnaden.

Departementet arbeider for at traineeordninga for personar med nedsett funksjonsevne blir nytta for å nå 5 pst. målet, og alle departementets stillingar blir no publiserte på <https://www.jobbforalle.no/>. I rekrutteringsprosessane er det sett fokus på inkluderingsdugnaden mål allereie ved behovsanalysen. Leiarar som rekrutterer blir oppmoda til å ta kvalifiserte søkjarar inn på intervju som har kryssa av på nedsett funksjonsevne eller har hol i CV.

Departementet har ført vidare IA-avtalas ordning med høve til 8 samanhengande eigenmeldings dagar.

Meteorologisk institutt

Likestillingsarbeidet ved MET har som mål å sikre alle like høve i arbeidsforholdet.

Instituttet praktiserer ein lønnspolitikk som ikkje diskriminerer, der alle medarbeidarar skal ha høve til ei lønnsvis utvikling ut frå den enkelte sine føresetnader. Det skal først ein lønnspolitikk som sikrar reell likelønn mellom kvinner og menn. For å avdekke misforhold blir ulike lønnsstatistikkar gjennomgått under førebuingane til lokale lønnsforhandlingar.

MET har som mål å auke kvinne delen i stillingsgrupper der kvinner er underrepresentert. I 2018 var desse identifisert til leiarstillingar, forskarar og ingeniørar.

36,9 pst. av dei tilsette på Instituttet er kvinner. I tre av stillingskategoriane, ingeniørar (hovudsakleg IT-stillingar), leiarar og forskarar er kvinne delen under 40 pst..

Det vart tilsett 37 medarbeidarar i 2018, av dette 16 kvinner. Ca. 28 pst. av søkarane var kvinner.

Totalt på MET er kvinnelønn 93,2 pst. av mannlønn. Kvinner si lønn i forhold til menn auka frå 2017 til 2018. Dette var også eit spesielt fokus i lønnsforhandlingane i 2018, og gjeld i dei fleste stillingsgrupper. I direktørens leiargruppe, forskargruppene og ingeniørane er kvinnelønn høgare enn mannlønn.

Instituttet har kartlagt og samanlikna tilsette i same stillingskategori ut i frå alder, kompetanse og ansiennitet og har ikkje funne systematiske lønnsforskjellar.

Instituttet har ein handlingsplan for likestilling. Handlingsplanen inneheld overordna mål for rekruttering, lønn, profilering, representasjon i

råd og utval, kompetanseutvikling – under dette spesielt for forskarar, nulltoleranse for uønskt kjønnsvis merksemd/trakassering.

Det vart gjennomført ei medarbeidarundersøking i 2018 (Avant). Undersøkinga avdekte ingen signifikante skilnader mellom kvinner og menn.

Dersom det er kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn skal minst ein av desse innkallast til intervju. Språkkrav og sikkerheitsklarering set nokre avgrensingar i enkelte stillingar. 7 personar med innvandrarbakgrunn vart tilsette i 2018.

Miljødirektoratet

Kjønnsfordelinga på etatsnivå i Miljødirektoratet viser noko overvekt av kvinner – med 55,8 pst. kvinner og 44,2 pst. menn. Kvinnedelen har hatt ein marginal auke, men er på omtrent same nivå som i fjor. Stillingsgruppa med størst avvik i kjønnsbalansen i 2018 er mellomleiarar der det er 39,1 pst. menn og 60,9 pst. kvinner. Med unntak av i toppleiinga har alle andre stillingsgrupper også noko overvekt av kvinner.

Totalt for verksemda er det liten lønnsvis forskjell mellom kjønna, menn har 1,1 prosentpoeng lågare lønn enn kvinner. Dette viser ei utjamning i forhold til 2017 då kvinner låg 2,6 prosentpoeng lågare enn menn. For stillingsgruppene høgare lønna rådgivarar og saksbehandlarar har kvinner høvesvis 1,3 prosentpoeng og 2,3 prosentpoeng lågare lønn enn menn. For mellomleiarar (seksjonsleiarar) er det tilnærma lik lønn mellom kjønna. I gruppene toppleiing (miljødirektør og avdelingsdirektørar) og kontorstillingar er en motsett skeivheit, då menn har høvesvis 10,5 prosentpoeng og 19,9 prosentpoeng lågare lønn enn kvinner. Direktoratet har hatt fokus på arbeidet med å utlikne lønnsforskjellane mellom kjønna og tala viser at forskjellen har minska noko sidan 2017. Vi meiner at dei forskjellane vi har i lønnsnivå mellom kjønna ikkje er resultat av en systematisk forskjellsbehandling og skuldast tilfeldig variasjon.

Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid, vi ser noko auke hos menn samanlikna med 2017. I 2018 var det 14,4 pst. av kvinnene som arbeidde deltid, 70 pst. av kvinnene som arbeider deltid arbeider 80 pst. eller meir. Blant menn er det 6,8 pst. som arbeider deltid.

Delen kvinner og menn som er mellombels tilsette er tilnærma lik, 4,2 pst. for menn og 4,6 pst. for kvinner.

Når det gjeld legemeldt sjukefråvær har kvinner noe høgare fråvær enn menn, 3,9 pst. mot 2,8

pst.. Dette er liten auke i forskjellen mellom kjønna sidan 2017.

Miljødirektoratet har rutinar for å sikre likestilling og hindre diskriminering ved rekruttering. Vi arbeider aktivt med fysisk tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, ved graviditet og ved sjukefråvær, og vi har eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta om dette. I begge byane held vi til i moderne lokale med gode høve til fysisk tilrettelegging.

Miljødirektoratet legg til rette for foreldrefråvær og anna omsorgsfråvær, og følgjer HTAs føresegner med omsyn til seniorpolitikk. Tilpassingsavtala tek var på dei krava som er stilte til verksemda i høve til likestillings- og diskrimineringslova, og skal reviderast og forhandlast på nytt i august 2019.

Det fortløpande arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering inngår i vårt HR-, HMS- og Internkontrollarbeid. På vårt intranett oppmodar vi til å seie i frå dersom ein opplever/kjenner til for eksempel diskriminering på arbeidsplassen. Vi har gode, oppdaterte og tilgjengelege rutinar og prosessbeskrivingar for varsling av kritikkverdige forhold. I 2018 var temaet oppe i alle avdelingar, og på verneombodssamlinga, i samband med etatens arbeid knytt til forebygging av seksuell trakassering. Det vart òg gjennomført ei fagleg samling for kvinner i feltstillingar.

Etter at IA-avtala fall bort, er det vedteke nye rammer og prosedyrar for praksisplassar i Miljødirektoratet. Følgjande grupper er vedtekne prioritert:

- Fall ut av arbeidslivet av ulike årsaker/hol i CV på meir enn 2 år
- Nedsett funksjonsevne
- Behov for språktrening (med mål om å bestå Bergenstesten)

Inntak av praksisplasskandidatar skjer alltid via HR som også hjelper leiarar med introduksjonsplan og oppfølging/evaluering.

Miljødirektoratet arbeider aktivt med måla i inkluderingsdugnaden.

Riksantikvaren

Gjennom dei tre føregåande åra var det ingen differanse på gjennomsnittleg månadslønn for kvinner og menn på overordna nivå. I 2018 har det vore ei lita endring av den prosentvise fordelinga på lønn i forhold til tidlegare, slik at gjennomsnittleg lønn for menn no er 99 pst. av gjennomsnittleg lønn for kvinner hos Riksantikvaren. Innanfor kategorien toppleiing (avdelingsdirektørar) er det

33,3 pst. menn og 66,7 pst. kvinner, og gjennomsnittleg månadslønn for menn er 94 pst. av gjennomsnittleg månadslønn for kvinner. Tilsvarende tal for 2017 var 75 pst. På mellomleiar nivå (seksjonssjefar) har det vore ei endring av den prosentvise fordelinga på lønn frå 2017 då kvinnelege mellomleiarar tente 97 pst. av menn. I 2018 tener menn 94 pst. av kvinnelege mellomleiarar. Endringane på både toppleiar- og mellomleiar nivå skuldast i hovudsak at Riksantikvaren har fleire mellombelse avdelingsleiarar og seksjonssjefar i påvente av at omstillinga skal ferdigstillast i løpet av 2019. For høgare lønna rådgivarar (prosjektleiarar, fagdirektørar og seniorrådgivarar) har det vore ei lita endring frå 2017, slik at kvinner no tener 99 pst. av menn. Tilsvarende tal for 2017 var på 98 pst. For saksbehandlarar (rådgivarar og førstekonsulentar) er gjennomsnittleg månadslønn for kvinner i 2018 på 99 pst. Dette er ei endring mellom menn og kvinner frå 2017, der talet for menn var 96 pst. av gjennomsnittleg månadslønn for kvinner.

I handlingsplanen for HMS og IA for 2018, som er behandla i leiargruppa og AMU, er måla frå 2017 for tilsette med nedsett funksjonsevne ført vidare. Resultatmål 2: – Søkjarar til ei stilling hos Riksantikvaren som registrerer seg med redusert funksjonsevne og som er kvalifisert for stillinga skal innkallast til intervju: Dette skal hindre fråfall og auke sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne. I samråd med ansvarleg leiar sikrar HR at søkjarar til stillingar hos Riksantikvaren som har meldt om nedsett funksjonsevne i rekrutteringssystemet Webcruiter, blir vurderte. Dette skal sikre at kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne blir vurderte i rekrutteringsprosessen.

Tilrettelegging for tilsette blir sette i verk etter behov og er ein del av sjukefråværsoppfølginga hos Riksantikvaren. Tilrettelegging skjer ved å tilpasse arbeidstid og arbeidsmengde, eller i form av tilskotsordninga til NAV Arbeidslivssenter ved behov for hjelpemiddel.

Norsk Polarinstitut

Tala for 2018 er baserte på grunnlønn. Utarbeidd lønnsstatistikk for 2018 viser ei generell betring i forhold til 2017 når det gjeld lønn for kvinner, då NP var dette bevisst ved hovudoppgjøret 2018, og har medført større grad av likelønn. Vi vil framleis ha fokus på likelønn i mellomoppgjøret no til hausten.

Norsk Polarinstitut har som overordna mål å være ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet

er ein integrert del av verksemda på alle nivå. Målet er at erfaringar og kunnskap hos alle tilsette skal nyttiggjerast med det formål å skape ein mest mogleg effektiv arbeidsplass.

Plan for likestilling vart vedteken i leiargruppa den 29/11 2017 for perioden 2018–2021. I instituttet sin nye plan er arbeidet med kjønnsbalanse både ved rekruttering og opprykk, kompetanseutvikling i kjønnsperspektiv, ansvar for mangfold, arbeid mot trakassering og diskriminering og informasjonsarbeid internt spesielt vektlagt.

Det har vore halde kurs i konflikthandtering i januar 2018, der også trakassering/likestilling vart teke opp. Her deltok leiarar, verneombod, tilitsvalte og likestillingskontakt.

NP utarbeidde plan for universell utforming i 2010 for våre lokale. Intensjon med planen er at vi skal vere ein arbeidsplass som fremjar like høve og rettar til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. I samband med innflytting i Fram 2 var vi merksame på problemstillinga og har ved innreiing og innkjøp av nye møblar lagt vekt på å skape eit godt og inkluderande fysisk arbeidsmiljø i nybygget.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål

Grunnlaget for denne posten er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i fiske. Midlar frå denne posten er blant anna nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Internasjonalt klimaarbeid

Noreg arbeider aktivt for å sikre at vedtak under Klimakonvensjonen fremjar likestilling og ikkje-diskriminering. Noreg fremjar i forhandlingane aktivt posisjonar som skal styrkje kvinners og urfolk si involvering og deltaking i klimaarbeidet, særleg knytt til klimatilpassing og skog.

I oppbygging av den internasjonale institusjonelle arkitekturen for klimaarbeid, arbeider Noreg for balansert representasjon av kvinner og menn.

Noregs store satsing på å redusere utslepp frå tropisk skog, Klima- og skoginitiativet, arbeider òg målretta med å legge vekt på likestilling. Særleg viktig i Klima- og skoginitiativet er det å ha ei forståing av korleis likestilling kan inkorporerast i nasjonale utviklingsplanar, for slik å få ein effekt

under implementering av tiltak. I samarbeid med partnerland, slik som Indonesia, er likestilling søkt inkludert både i avtaleverk og i utvikling og implementering av tiltak. Departementet har drive kompetanseheving og utviklingsarbeid innan likestilling og REDD+, blant anna i samarbeid med Norad og partnerorganisasjonar som FN.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i

familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

10.3 Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak under Klima- og miljødepartementet

Enova SF

Administrerande direktør Nils Kristian Nakstad hadde ein løn på 2 059 402 kroner i 2018. I tillegg fekk han 103 741 kroner i anna godtgjersle. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar var 139 511 kroner.

Administrerande direktør si pensjonsordning er basert på Statens pensjonskasse sine til ei kvar tid gjeldande reglar for pensjonsalder og aldersgrense, og samla kompensasjonsgrad skal ikkje overstige 66 pst. av løna, og då avgrensa til 12 G.

Gjensidig oppseiingstid er seks månader. Han har inga avtale om etterløn.

Kings Bay AS og Bjørnøen AS

Per Erik Hanevold er administrerande direktør for begge selskapa. Administrerande direktør fekk 897 000 kroner i samla godtgjering, av dette 850 000 kroner i fastlønn for 2018. Anna godtgjersle utgjorde kr 65 000. Selskapet har avtale om innskotspensjon for alle tilsette ut frå minimumskrav i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Del IV

Rapportering etter Lov om klimamål (klimalova)

11 Innleiing

Klimalova tok til å gjelde 1. januar 2018, og skal fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstilling til eit lågutsleppsamfunn i Noreg i 2050. Klimamåla for 2030 og 2050 vart lovfesta. Lova skal òg styrkje openheit og brei demokratisk forankring av norsk klimapolitikk då det er lovfesta at Stortinget regelmessig skal få informasjon om status og framdrift i arbeidet med Noregs klimamål. Klimalova innfører òg ein syklus for gjennomgang av klimamål kvart femte år etter same prinsipp som Parisavtala. For å fremje omstillinga til eit lågutsleppssamfunn skal regjeringa i 2020 og deretter kvart femte år leggje fram for Stortinget oppdaterte klimamål. Klimaendringane er ei av dei største utfordringane i vår tid. Eit slikt problem kan berre løysast gjennom eit globalt samarbeid. Klimakonvensjonen vart sett i verk i 1994, og har som mål å unngå «farlig menneskeskapt påvirkning på klimasystemet». Partane vart i 2015 samde om Parisavtala. Det er eit mål å halde auken i den globale oppvarminga godt under to grader samanlikna med før-industrielt nivå, og å arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 grad over før-industrielt nivå. Med Parisavtala tek alle statar på seg å utarbeide, melde inn, halde ved lag og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag, og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå sine nasjonalt fastsette bidrag. Det norske utsleppsmålet er i tråd med Parisavtala. Samstundes vil Parisavtalas mål ikkje kunne nåast utan at dei samla nasjonalt fastesette bidraga til landa blir heva samanlikna med det som er meldt inn. I oktober 2018 la FN's klimapanel fram ein spesialrapport om verknaene av klimaendringane ved 1,5 grads global oppvarming og berekningar for kor mykje dei globale utsleppa må reduserast for å avgrense oppvarminga til 1,5 grad. Rapporten visar at det er monaleg lågare risiko for både menneske og natur ved 1,5 grad samanlikna med 2 grader, og at det er naudsynt med raske reduksjonar i klimagassutsleppa. For å avgrense oppvarminga til 1,5 °C må dei globale klimagassutsleppa reduserast med 40–50 pst. innan 2030 samanlikna med 2010, og innan midten av hundreåret må det vere balanse mellom utslepp og opptak av klimagassar. Reduk-

sjonar i denne storleiksordenen vil krevje rask og omfattande omstilling i alle sektorar. Rapporten presenterer ikkje samla kostnader, eller nytte ved lågare global oppvarming, men angir at marginale kostnader (karbonprisbaner) ved utsleppsbaner som ikkje, eller i liten grad, overskrider 1,5 °C, er anslått å vere 3–4 gonger høgare enn om temperaturstigninga skulle avgrensast til 2 °C. Denne rapporten er eit viktig grunnlag i vurderinga av landa sin kollektive innsats for å nå måla i Parisavtala og er eit bidrag inn i den vidare utviklinga av klimapolitikken.

I 2017 auka globale utslepp av klimagassar etter at dei i nokre år har vore stabile. Anslag tyder på vekst i globale utslepp også i 2018. Oppgangen dei siste to åra, som kan anslåast til rundt 4 pst., skuldast primært ein kraftig auke i bruken av kol, og vedvarande vekst i forbruket av olje og gass. Den globale utsleppsutviklinga er langt unna ei bane som stemmer overeins med Parisavtalas mål.

Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet, men Noreg må òg kutte egne utslepp. Som vårt nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtala har Noreg meldt inn at vi vil ta på oss ei forplikting på vilkår om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 40 pst. innan 2030 frå referanseåret 1990. I Revidert Nasjonalbudsjett 2019 varsla regjeringa at Noreg vil forsterke sitt klimamål under Parisavtala og at det forsterka målet skal gjennomførast i samarbeid med EU. I Granavolden-plattformen står det at Regjeringa blant anna vil at Noregs ikkje-kvotepfiktige utslepp skal reduserast med minst 45 pst. samanlikna med 2005 innan 2030. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planlegg for dette. Om strengt nødvendig kan fleksibiliteten i EUs rammeverk nyttast.

Regjeringa arbeider for at EUs samla ambisjonsnivå aukar til 55 prosent, og vil melde inn eit forsterka norsk klimamål til Parisavtala, i tråd med EUs ambisjonar. Hvis ein stor aktør som EU skjerpar måla sine, vil det utløyse meir teknologiutvikling og omstilling i næringslivet.

For 2050 er målet at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn. Dette skal vi klare gjennom brei

satsing på klimapolitikk som verkar. I klimalova er lågutsleppssamfunnet skildra som eit samfunn der klimagassutsleppa, ut frå beste vitskapelege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er redusert for å motverke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtala. I lova står det at målet skal vere at klimagassutsleppa i 2050 skal reduserast i storleiksorden 80 til 95 prosent frå utslepps nivået i referanseåret 1990. Ved vurdering av mål oppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske kvotesystemet for verksemder. I Granavolden-plattformen framgår det at regjeringa vil gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050, der klimagassutsleppa er reduserte med 90 til 95 prosent.

Granavolden-plattformen gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å redusere utsleppa, og regjeringa vil kontinuerleg vurdere behova for forsterka innsats.

Hovudverkemidla i norsk klimapolitikk er, og skal vere, sektorovergripande verkemiddel i form av klimagassavgifter og omsetjelege kvotar. Regjeringa vil velje verkemiddel ut frå kriteriet om at forureinar skal betale og at klimamåla skal nåast til lågast mogleg kostnad og med størst mogleg sikkerheit, og vil derfor halde fram arbeidet med eit grønt skatteskitte. Regjeringa vil også støtte utvikling og spreiding av nullutsleppsløysingar og medverke til å skape marknader for ny nullutsleppsteknologi. Innføring av ny teknologi, teknologiutvikling og CO₂-prising er sentralt for å oppnå klimamåla. For å nå dei måla vi har sett oss må vi bruke fleire verkemiddel, og det er difor behov for ein kombinasjon av støtte, til dømes gjennom Enova, avgifter og reguleringar. I Granavolden-plattformen vart det varsla at den flate CO₂-avgifta skal trappast opp med fem prosent årleg for alle sektorar fram til 2025, og ein skal sjå ei eventuell vidare opptrapping av CO₂-avgifta etter 2025 i samheng med reduksjon i utsleppa og omlegging av bilparken.

Enova støttar prosjekt som medverkar til reduserte klimagassutslepp på kort sikt, og utvikling av teknologi som gir reduserte utslepp på lengre sikt. Satsing gjennom Enova sikrar at midlane blir brukt der dei gjer størst mogleg reduksjon per krone.

Regjeringa oppnemnde i oktober 2017 eit breitt samansett utval for å vurdere klimarelaterte risikofaktorar og deira betydning for norsk økonomi, under dette finansiell stabilitet. Utvalet leverte NOU 2018: 17 *Klimarisiko og norsk økonomi* til finansministeren 12. desember 2018. Utvalet sin rapport var samrøystes.

Klimarisikoutvalet peiker i sin rapport på nokre overordna prinsipp for å betre samfunnet si handtering av klimarisiko. Prinsippa handlar mellom anna om å ha eit godt rammeverk for vurderingar og avgjersler, og breie heilskapelege prosessar for handtering av klimarisiko. Med grunnlag i dei overordna prinsippa kom utvalet fram til tilrådingar retta mot både privat og offentleg sektor.

Regjeringa meiner det er viktig med god informasjon, gode analysar, gode avgjerdsprosessar og riktige insentiv for å få ei god handtering av klimarisiko, både i privat og offentleg sektor. Både for privat og offentleg sektor kan det vere nyttig å få meir informasjon og kunnskap om klimarisiko. Regjeringas oppfølging av klimarisikoutvalet sin rapport vart omtalt i Revidert Nasjonalbudsjett 2019 (Meld. St. 2 (2018–2019)) og Finansmarkedsmeldingen 2019 (Meld. St. 24 (2018–2019)). Sjå òg omtale av rapporten og regjeringas oppfølging av denne i lågutsleppsstrategien for 2050 i vedlegg 1 til denne proposisjonen.

Omstillinga til eit lågutsleppssamfunn er krevjande, men den byr òg på høve til vekst i fleire næringar. Strategien for grønn konkurransekraft skal medverke til å gi føreseielege rammer, full sysselsetjing og eit høgt inntektsnivå. Regjeringa har tett dialog med næringslivet for å skape lønnsame grøne arbeidsplassar.

Internasjonalt er Noreg ein stor bidragsytar av klimafinansiering til utviklingsland. Særleg gjennom klima- og skogsatsinga er vi eit føregangsland i langsiktig og føreseieleg finansiering. Regjeringa har auka nivået på klimafinansiering for å medverke til at utviklingslanda når måla i Parisavtala. Blant anna er løyvingane til fornybar energi i utviklingsland, Klima- og skogsatsinga og Norfund auka.

Ifølgje klimalova § 6 skal regjeringa årleg utarbeide ei utgreiing for Stortinget. Regjeringa skal gjere greie for korleis Noreg kan nå klimamåla for 2030 og 2050 og for klimaeffekten av framlagt budsjett. Vidare skal utviklinga i utslepp og opptak av klimagassar, framskrivingar av utslepp og opptak og gjennomføring av dei lovfesta klimamåla for 2030 og 2050 omtalast. Det skal òg givast eit oversyn som gjer synleg sektorvise utsleppsbaner innanfor ikkje-kvotepliktig sektor og kva type tiltak som vil vere nødvendig for å realisere desse; og status for Noregs karbonbudsjett, også innanfor eit klimasamarbeid med EU om oppfylling av klimamål. Korleis Noreg blir førebudd på og tilpassa klimaendringane skal òg inngå i utgreiinga.

Form og innhald ved rapportering etter § 6 i klimalova vil utviklast vidare over tid. Det tek-

niske berekningsutvalet for klima vil mellom anna gi råd om forbetringar i metodane for tiltaks- og verkemiddelanalysar og foreslå metodar for utrekning av klimaeffektar av budsjettet. Det bør medverke til å forbetre metodane og rapporteringa på sikt. Utvalet la fram sin første rapport i juni 2019, sjå boks 11.1 for meir om dette. Departementa vil

følgje opp tilrådingane frå utvalet i det vidare arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for klimapolitikken, mellom anna i arbeidet med Klimakur 2030, etatsgruppa som er nedsett for å utgreie tiltak og verkemiddel som kan redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa fram mot 2030.

Boks 11.1 Første rapport frå Teknisk berekningsutval for klima

Teknisk berekningsutval for klima, som vart nedsett i juni 2018, skal foreslå metodar for berekning av klimaeffekt av statsbudsjettet og gi råd om forbetringar i metodane for tiltaks- og verkemiddelanalysar. Utvalet leverte sin første rapport sommaren 2019.

I sin diskusjon i rapporten tek utvalet for seg fem hovudområde: Utsleppsrekneskap, utsleppsframskrivingar, tiltaksanalysar, verkemiddelanalysar og klimaeffekten av statsbudsjettet. I rapporten har utvalet først og fremst vurdert metoden for tiltaksanalysar. Det betyr ifølgje utvalet ikkje at andre metodar er mindre viktige, eller ikkje har metodiske utfordringar som bør vurderast. Vurderingane av metodar for verkemiddelanalysar og berekning av utsleppseffektar av statsbudsjettet er på eit meir overordna nivå, men vil vere tema for framtidig arbeid i utvalet.

Generelt byggjer alle analysar på ei rekkje føresetnader og vil nødvendigvis vere ei forenkla framstilling av røyndomen. Ulike metodar har derfor ulike sterke og svake sider. Utvalet si vurdering er at det ofte er riktig å nytte fleire metodar for å belyse ulike sider ved ei problemstilling.

Når det gjeld verkemiddelanalyser har utvalet førebels ikkje gjort ei systematisk vurdering av metodar som er nytta og kor eigna dei er for analysane. Rapporten inneheld difor ikkje konkrete tilrådingar for å betre metodane som blir nytta. Som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet med metodevurderingar- og utvikling går utvalet likevel gjennom nokre eksempel på verkemiddelanalysar. Eksempelgjennomgangen synleggjer at det er bruk for ulike typar metodar til analysar av ulike verkemiddel og problemstillingar.

Utvalet peiker på at det blir gjort mange partielle analysar på enkeltverkemiddel. Samtidig meiner dei det er behov for å sjå verkemiddel meir i samanheng. For det første for å få analysert samla effekt av fleire verkemiddel som verkar saman på eit område. For det andre kan tilpassingane til verkemiddel til saman bli så store at det kan tenkast å ha ei rekke indirekte tilbakeverknader på prisar, kostnader, inntekter og budsjett.

Utvalet skriver vidare at metodetilnærminga for analysar på sektor- eller områdenivå typisk er partielle likevektsmodellar. Det kan vere fornuftig med empirisk arbeid og modellutvikling som reindyrkar og aukar forståinga av hushald og bedrifter sine atferdsresponsar på enkeltområde. Slik kunnskap må ligge til grunn for

berekningar av makroøkonomiske og samla samfunnsmessige verknader av klimapolitikk.

I følgje utvalet fanger tiltaksanalysar ikkje opp (endogene) atferdsresponsar. Utvalet peiker på at det vidare arbeidet med tiltaksanalysar bør ta innover seg kunnskap om indirekte effekter og atferdsresponsar. Utvalet har i rapporten grundig gjennomgått metoden for tiltaksanalysar og legg fram ei rekkje tilrådingar til metodeutvikling.

Tiltaksanalysar søker å berekne potensielle utsleppsreduksjonar og kostnader ved moglege fysiske tiltak, teknologiløysingar eller andre definerede handlingar aktørane i økonomien kan gjennomføre for å redusere utslepp eller auke opptak av klimagassar. Det blir tatt utgangspunkt i ein konkret utsleppskjelde, hvor det så blir vurdert korleis utsleppa kan bli redusert. Tiltaket kan til dømes vere bytte til ein teknologi med lavare utslepp (frå fossil bil til el-bil) eller bytte av energibærer (til dømes overgang frå diesel til biodiesel), eller ete mindre raudt kjøtt. Vanlegvis blir det i analysen lagt til grunn at same tjenesteproduksjon blir oppnådd ved at den utslippsgenererande aktiviteten blir erstatta av ein mindre utslippsintensiv løysing, til dømes ete meir grønnsaker. Dimensjonering og innfasing av tiltaket over tid er ifølgje utvalet, anslått utanfor analysen, dvs. anslått eksogent. Tiltaksanalysen oppsummerast i ein tiltakskostnad – i kroner per tonn CO₂-ekvivalent, basert på den nediskonterte gjennomsnittskostnaden ved full innfasing av tiltaket.

I Noreg er det i hovudsak Miljødirektoratet som har gjennomført og vedlikehalde tiltaksanalysar på klimaområdet. Det har òg gått føre seg ein metodediskusjon i Noreg, og blitt utarbeidd metoderettleiar for slike analysar. Tilnærminga som er brukt i Noreg er i samsvar med tilsvarende metodar nytta internasjonalt.

Tiltaksanalysane har vore brukt til å gi anslag på samfunnsøkonomiske kostnader ved ulike framtidige utsleppsmål, gitt ei referanseframskriving og under ulike føresetnader om for eksempel moglegheit for gjennomføring og kostnadseffektivitet. Utvalet peiker på at det er ein vesentleg avgrensing at tiltaksanalysane ikkje fangar opp alle samfunnsøkonomiske kostnader. Mange kostnadskomponentar er utelatne fordi dei er vanskelege å anslå, for eksempel ikkje-prissette kostnader som tidsbruk og andre (ulike) ulemper brukaren møter dersom forbrukaren går over til å bruke eit ikkje-perfekt substitutt.

Boks 11.1 forts.

I tillegg er mange kostnadskomponentar og utslippseffektar per definisjon ikkje med i analysen, her under kostnader ved innføring av verkemiddel for å realisere tiltaket. Ved analyse av verkemiddel er derfor ikkje tiltaksanalysane tilstrekkelege som analyseverktøy. Verkemiddel for å realisere dei fysiske tiltaka vil påverke hushald og bedrifter både direkte og indirekte. Dei vil òg få ringverknader gjennom offentlege budsjett. Ulike verkemiddel vil gi ulik tilpassing hos hushald og bedrifter og tilhøyrande verknad på kostnader. Rangeringa av fysiske tiltak etter kostnader per CO₂-ekvivalent kan påverkast når ein tek omsyn til verkemiddelbruk og konsekvensar av det.

Analysane gir heller ikkje ei vurdering av samspelseffektane mellom tiltak eller andre indirekte effektar i økonomien, for eksempel om auka etterspørsel etter biodrivstoff påverkar prisar på biodrivstoff eller etterspørselen etter andre varer.

Utvalet meiner at når samfunnsøkonomiske kostnader skal bereknast må analysen sjå verkemiddel, fysiske tiltak og utslppsreduksjonar i samanheng. Det tilseier utvikling av analyseverktøy som inkluderer åtferdsrelasjonar som beskriv korleis hushald og bedrifter tilpassar seg verkemiddel. I praksis betyr det at dagens anslag på åtferdsendringar i tiltaksanalysane blir synleggjort og gjort avhengige av val av verkemiddel.

Ei anna viktig utfordring ved tiltaksanalysane er fastlegging av kostnadene i situasjonar der teknologiutviklinga eller andre forhold inneber endringar i kostnader og økonomisk aktivitet over tid. Gjennomsnittkostnaden ved tiltaket fangar ikkje opp korleis kostnadene vil kunne variere mellom teknologiar, innstallasjonar og aktørar eller over tid. Høge kostnader dei første åra vil ikkje framkomme. I tilfelle der tiltaket i praksis er samansett av tilnærma uavhengige tiltak (for eksempel kjøp av el-varebilar i ulike år) og kostnaden er sterkt fallande over tid, peiker utvalet på at gjennomsnittskostnaden har liten informasjonsverdi. Når kostnadene fell over tid, vil tidsløpet for realisering av tiltaka og levetida til dei investeringane som blir gjort kunne ha stor betydning for kostnadsnivå, og dermed samanlikning og rangering, av ulike tiltak. Sjølv om tiltaksanalysane for å bøte på dette i nokre tilfelle blir gjort med ulike val av analyseperiodar, bør kostnadsforhold som ligg bak generelt

belysast betre. I spørsmål om iverksetjing og innfasing er det vesentleg å vise korleis kostnadene avheng systematisk av kva slags tidsløp ein vel. Utvalet ser det som viktig å halde fram arbeid med å klargjere tidsløpet si betydning for kostnadene. Utvalet peiker òg på at overslag om utslppsreduksjonar og kostnader ved å ta i bruk låg- og nullutslippsteknologi, som i mange høve ikkje er tilgjengeleg eller svært umoden, står sentralt i tiltaksanalysar på klimaområdet. Utvalet tilrår måtar å gjere greie for uvisse knytt til slik ny og umoden teknologi.

Tiltaksanalysane sin styrke er den samanhengen som blir etablert mellom fysiske tiltak, økonomisk aktivitet og utslipp. Analysane er tett kopla opp mot utslppsrekneskapen og utslppsframskrivingane. Berekinga av utslppsreduksjonar kan dermed knytast direkte til definert tiltak eller teknologi. Analysane kan medverke med kunnskap om eksisterande og framtidige utslppsreducerande løysingar og teknologiar til avgjerdstakarar.

I arbeidet med klimaeffekten av statsbudsjettet peiker utvalet på at det ikkje føreligg enkle og handterbare metodar for korleis klimaeffekten av budsjettet kan bli anslått. Det inneber at før ein kan berekna klimaeffekten av budsjettet er det behov for å ta stilling til ei rekkje val og avgrensingar, blant anna spørsmål om kva som skal vere referansen når utslippseffekt blir berekna, kva for utslippseffektar som skal takast med og kva tidshorisont effektar skal bereknast for. Utvalet peiker også på andre spørsmål, slik som korleis ein skal ta omsyn til at budsjett-postar i samspel med kvarandre anten kan forsterke eller svekkje effekten på utslappa. Utvalet ønskjer å arbeide vidare med å kople budsjett-postar til utslipp for vurdere metodeval nærare. Utvalet trekkjer fram at ei kategorisering, eller tagging, av delane av statsbudsjettet etter klimaeffekten deira er ei moglegheit som må arbeidast vidare med.

Utvalet peiker på at framskrivingane er sentrale som eit mogleg samanlikningsgrunnlag for å berekne effektar i høve til alle dei tre tema som er gjennomgått (verkemiddelanalysar, tiltaksanalysar og klimaeffekten av statsbudsjettet). Utvalet tilrår at dei som utarbeider nasjonale framskrivingar samarbeider tettare med einingane som brukar analysane, og at føresetnader, antakelsar og uvisse i framskrivingane blir kommuniserte tydeleg i samband med publisering.

12 Klimamål mot 2030 og 2050 og Noregs karbonbudsjett

12.1 Innleiing

Ifølgje klimalova § 6 skal det gjerast greie for korleis Noreg kan nå klimamål, og gjennomføring av dei, som nemnt i §§ 3-5, òg innanfor eit klimasamarbeid med EU om felles oppfyljing av klimamål. Det skal òg ifølgje klimalova gjerast greie for Noregs karbonbudsjett. Med samarbeid med EU får Noreg eit utsleppsbudsjett for ikkje-kvotepfiktige utslepp i perioden 2021–2030. I kapitlet her er det gjort greie for dette.

Regjeringa vil at Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet og vil forsterke klimaforliket. Noreg har overoppfylt første forpliktingsperiode (2008–2012) under Kyotoprotokollen og vil òg oppfylle andre forpliktingsperiode (2013–2020). Protokollens forpliktingsperiode for 2013–2020 har elles enno ikkje tredd i kraft. Den er per 19. september 2019 ratifisert av 132 av dei nødvendige 144 partar som trengst for at den skal tre i kraft. Regjeringa legg til grunn at perioden trer i kraft før Noregs forplikting under Kyotoprotokollen skal gjerast opp i 2023.

Noregs nasjonalt fastsette bidrag for 2030 under Parisavtala med minst 40 pst. utsleppsreduksjon samanlikna med 1990, skal følgjast opp gjennom ei avtale om felles gjennomføring med EU. Regjeringa vil følgje opp målet om at Noreg skal vere klimanøytralt i 2030, og medverke til at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Nasjonale tiltak skal ikkje medverke til å flytte utslepp eller til å auke globale utslepp.

Klimamåla for 2030 og 2050 som er lovfesta i klimalova er omtalte i denne rapporteringa. Dei andre måla er nærare omtalte i del I kapittel 2.5 i denne budsjettproposisjonen.


12.2 2030-målet og samarbeid med EU

Med Parisavtala tek nesten alle statar på seg å utarbeide, melde inn, halde ved lag og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag, og setje i verk nasjonale tiltak så nasjonalt fastsette bidrag kan nåast.

Noreg har som ein del av Parisavtala teke på seg ei forplikting på vilkår om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. Dette er det same målet som EU har meldt inn under Parisavtala. Regjeringa vil oppfylle utsleppsmålet for 2030 saman med EU. Ved ei avtale om felles oppfyljing om 2030-målet med EU vil Noreg ta del i EUs klimaregelverk frå 2021–2030. Stortinget har gitt samtykke til å slutte seg til ei avtale som innlemmar dei relevante klimaregelverka i EØS-avtalas protokoll 31. Å innlemme regelverka i protokoll 31 betyr i praksis at vi ikkje er bundne av regelverka etter 2030. Ved ei felles oppfyljing av utsleppsmålet for 2030 vil EØS-avtalas vanlege system for overvaking, domstolskontroll og tvisteløsning bli teken i bruk. Det inneber at overvaking og domstolskontroll blir utøvd av EFTAs overvaksingsorgan (ESA) og EFTA domstolen. Avtala er no til behandling på EU-sida, og må deretter behandlast i EØS-komiteen.

Gjennom Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* presenterte regjeringa sin overordna strategi for korleis klimamåla for 2030 kan nåast. Dersom ei felles løysing med EU ikkje fører fram, vil målet om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990 framleis vere Noregs nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtala. Målet er avhengig av tilgang på fleksible mekanismar i Parisavtala og ei godskriving av norsk deltaking i EUs kvotesystem som bidrag til å oppfylle forpliktinga. Dersom det ikkje blir ei avtale med EU vil regjeringa seinare konsultere Stortinget om fastsetjing av eit nasjonalt utsleppsmål for utslepp som ikkje er omfatta av EUs kvotesystem.

EUs klimaregelverk for 2030 består av tre pilarar; EUs kvotesystem på bedriftsnivå (EU ETS), innsatsfordelinga for ikkje-kvotepfiktige utslepp og utslepp og opptak av klimagassar i skog og anna arealbruk (LULUCF). Figur 12.1 gir ei oversikt over dei tre pilarane. Innan kvar av dei tre pilarane er det fleksibilitet. I tillegg er det ulike former for fleksibilitet mellom pilarane.



Figur 12.1 EUs klimarammeverk og fleksibilitetsmekanismer

Kjelder: EU-kommisjonen og Klima- og miljødepartementet

Kvotestystemet

Noreg samarbeider allereie med EU gjennom deltaking i den europeiske kvotemarknaden (EU ETS) om å redusere dei kvotepliktige utsleppa. EUs kvotestystem omfattar i dag utslepp frå verksemdar innanfor industri og kraftproduksjon, og luftfart innafør EØS-området. Om lag halvparten av norske utslepp er inkluderte i kvotestystemet. Norske kvotepliktige verksemdar bidreg på linje med kvotepliktige verksemdar i dei andre europeiske landa til at målet vert nådd. Vår deltaking i det europeiske kvotestystemet er ein viktig del av norsk klimapolitikk og strategien for å oppfylle 2030-forpliktelsen. Ved felles oppfylting vil utsleppsreduksjonane innanfor kvotestystemet bli vurderte samla for EU, Island og Noreg.


Ein sentral mekanisme i kvotestystemet er den årlege nedjusteringa i samla tal på kvotar som blir utferda. Frå 2021 er det vedteke ei raskare nedskalering av kvotemengda, med ein årleg reduksjon i kvotemengda på 2,2 pst. per år. Gjennom årlege reduksjonar i kvotemengda vil utferda kvotar i 2030 vere 43 pst. lågare enn utsleppa frå dei kvotepliktige verksemdene i 2005. Dersom den årlege reduksjonen av kvotemengda held fram uendra etter 2030, vil talet på kvotar som blir gjort tilgjengeleg for dei kvotepliktige verksemdene ha falle til 365 mill. kvotar i 2050. Dette er om lag 84 pst. lågare enn dei kvotepliktige utsleppa var i 2005.

Sidan 2009 har det bygt seg opp ei betydeleg beholdning av kvotar som ikkje er nytta. Dette

skuldast hovudsakleg lågare aktivitet og utslepp som følgje av den økonomiske nedturen etter finanskrisa, men òg store subsidiar til fornybar energi. Med bakgrunn i kvoteoverskotet er det vedteke innstrammande tiltak. Det har medverka til at prisen på kvotar i det europeiske kvotestystemet har auka betydeleg dei siste åra frå om lag 5 euro per tonn CO₂-ekvivalentar i 2017 til opp mot 30 euro per tonn CO₂-ekvivalentar i 2019. Prisoppgangen medverkar til langsiktig omstilling og til at utsleppsredukerande teknologi blir utvikla og teken i bruk raskare. Sjå også nærare omtale av verkemiddel for å nå klimamåla i kapittel 12.4.

Ikkje-kvotepliktige utslepp (forordning for innsatsfordeling)

Som ein del av avtala om felles oppfylting, vil Noreg i tillegg samarbeide med EU om å redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa under forordninga for innsatsfordeling. Dette er i hovudsak utslepp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men også ikkje-kvotepliktige utslepp frå industrien og petroleumsvirksomheita. Forordninga skal syte for at EU reduserer sine samla ikkje-kvotepliktige utslepp med 30 pst. frå 2005 til 2030. Kvart land får eit bindande nasjonalt mål om å redusere utsleppa med mellom 0 pst. og 40 pst. frå 2005 til 2030, avhengig av BNP og kostnadseffektivitet. Forordninga gjer landa sine utsleppsmål for 2030 om til bindande utsleppsbudsjett som seier kor høge utslepp kvart land kan ha i kvart av åra i perioden 2021–2030. Landa kan velje å oppfylle utsleppsbudsjetta ved å



Figur 12.2 Framskriving og foreløpig anslag på utsleppsbudsjett for ikkje-kvotepliktige utslepp 2021–2030

Kjelder: Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet

redusere egne utslepp og/eller gjennom samarbeid med andre europeiske land. EU legg ikkje føringar for i kva sektorar innanfor ikkje-kvotepliktig sektor reduksjonane blir gjennomførte, men vil forsikre seg om at summen av utsleppa, etter at det er teke omsyn til bruk av fleksible mekanismar, er i tråd med forpliktinga. Felles oppfyling med EU inneber at Noreg samarbeider med EU og Island om å redusera dei samla utsleppa i 2030 med minst 40 prosent jamført med 1990. Noreg tek del, på lik linje med EUs medlemsstatar, i regelverket som EU har vedteke for å kutte utsleppa i Europa. Ei avtale om felles oppfyling legg til rette for ein ambisiøs klimapolitikk.

I ei avtale om felles oppfyling vil Noreg få eit mål om å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa med 40 prosent frå 2005 til 2030, og eit utsleppsbudsjett for åra 2021–2030. Det nøyaktige utsleppsbudsjettet Noreg vil få for kvart år i perioden 2021–2030 vert likevel ikkje endeleg avklart før i 2020. Endeleg budsjett vil avhenge av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i Noreg i åra 2005, og 2016–2018. Desse tala blir ikkje endeleg fastsette før i 2020. Foreløpige anslag gir eit utsleppsbudsjett som vist ved stolpane i figur 12.3, på om lag 212 mill. tonn CO₂-ekvivalenter over tiårsperioden. Samanlikna med førre anslag i klimalovrapporteringa i 2018 inneber dette ei oppjustering av utsleppsbudsjettet. Det er fleire årsakar til dette, mellom anna justeringar i utsleppstala for 2005 og 2016–2018. Basert på det talgrunnlaget vi har i dag, er forskjellen mellom framskrivne utslepp i Noreg basert på ei vidareføring av dagens

klimapolitikk, og Noregs antekne utsleppsbudsjett anslått til i storleiksorten 12 millioner tonn CO₂-ekvivalenter for perioden 2021–2030 sett under eitt. Dette er om lag 7 millioner tonn lågare enn anslaget for utsleppsgapet i klimalovrapporteringa for 2018. Framskrivningane blir oppdaterte anna kvart år og gjeldande framskriving vart laga i samband med Nasjonalbudsjettet 2019, men er i dette budsjettet justert for å ta omsyn til metodeendringar i utslepprekneskapsen som kom på plass i desember 2018 og ny kunnskap om innføring av elbilar, sjå nærare omtale i avsnitt 13.2. Både framskriving og utsleppsbudsjett er usikre. Utsleppsbudsjettet kan dekkjast opp med utsleppsreduksjonar nasjonalt og samarbeid med EU-land om utsleppsreduksjonar gjennom bruk av ulike former for fleksibilitet. Noregs årlege høve til å nytte kvotar frå kvotesystemet er avgrensa til 2 prosent av 2005-utsleppa under innsatsfordelinga, og vil ifølgje usikre berekningar utgjere knapt 6 millioner kvotar over perioden 2021–2030. Summert inneber det formelle målet Noreg får frå EU at Noreg må redusere dei europeiske utsleppa innanfor innsatsfordelinga tilsvarande 40 prosent av Noregs 2005-utslepp.

Ei avtale om felles oppfyling reduserer likevel ikkje høvet til å gjennomføre utsleppskutt utover dei bindande fastsette nasjonale måla. I Granavolden-plattformen står det blant anna at regjeringa vil at Noregs ikkje-kvotepliktige utslepp skal redusert med minst 45 pst. samanlikna med 2005. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planlegg for dette. Om

strengt nødvendig kan fleksibiliteten i EUs rammeverk nyttast.

Regjeringa har allereie gjennomført ei rekkje klimatiltak og styrkt klimapolitikken. Det er mange verkemiddel på plass og det er sett ambisjonar og målsetjingar som vil medverke til utsleppsreduksjonar framover. I ikkje-kvotepiktig sektor er transportsektoren den største utsleppskjelda, og det er i denne sektoren dei største utsleppsreduksjonane må gjennomførast. Regjeringa prioriterer dette arbeidet høgt og har ei rekkje måltal for nye nullutsleppskøyretøy i 2025 og 2030. I Granavolden-plattformen står det at regjeringa òg vil ha sektorvise ambisjonar for kutt i klimagassutsleppa i ikkje-kvotepiktig sektor, under dette å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030. Desse måltala er baserte på betringar av teknologisk mogning i ulike delar av transportsektoren.

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet anslått utsleppseffekten av politiske målsetjingar samanlikna med oppdatert framskriving til å vere i overkant av 9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar over perioden 2021–2030. I tillegg har Miljødirektoratet anslått eit potensial for utsleppsreduksjonar med anslått samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar på i overkant av 10 millionar tonn, til saman vil dette kunne redusere utsleppa innanlands med i overkant av 19 millionar tonn over perioden 2021–2030 samanlikna med det som ligg i framskrivinga. Regjeringa meiner det er føremålstenleg å vurdere eit breiare spekter av tiltak fordi anslag for reduksjonspotensial og kostnader ved tiltak er usikre. Ein viser til kapittel 14, der utsleppsbaner basert på Miljødirektoratets beregningar av både oppfølging av politiske målsetjingar og tiltak anslått under 500 kroner per tonn for dei ulike sektorane blir gått gjennom. Alle tala er usikre. Teknisk beregningsutval for klima peiker på at tiltaksanalysane ikkje fangar opp alle samfunnsøkonomiske kostnader og tilrår i tillegg at uvisse bør framstillast betre i tiltaksanalysane. Dette vil bli følgt opp i det vidare arbeidet med tiltaksanalysane, mellom anna i arbeidet med Klimakur 2030.

Sektorane som står for dei ikkje-kvotepiktige utsleppa har ulikt utgangspunkt og står overfor ulike verkemiddel for å redusere klimagassutsleppa. I tillegg til den generelle verkemiddelbruken finst allereie særlege verkemiddel for den enkelte sektor. Kapittel 12.4 går gjennom den generelle verkemiddelbruken i Noreg, mens dei meir sektorspesifikke verkemidla som påverkar dei ikkje-kvotepiktige utsleppa er omtalt i kapittel

14. Det er betydeleg uvisse knytt til utsleppa framover, utsleppseffekten av verkemiddel og kostnader ved nasjonale utsleppsreduksjonar innanfor den enkelte sektor. Den økonomiske aktiviteten svingar og folketalet blir endra. Utviklinga av klimavennleg teknologi, og dermed kostnadene ved å ta slik teknologi i bruk, er usikker. Difor veit vi at det er vanskeleg å finstyre klimagassutsleppa frå år til år. Mot 2030 må verkemiddelbruken vurderast og tilpassast. Det er ikkje mogleg i dag å seie kva verkemiddelbruk som vil oppfylle målsetjingane, men den må truleg justerast over tid.

Regjeringas ambisjonar og strategi er utforma for å handtere forholdet mellom eit utsleppsbudsjett med utsleppstak som må overhaldast årleg og klimagassutslepp som blir påverka av handlingane til nokre hundre tusen bedrifter og fleire millionar personar.

Regjeringa vil utarbeide ein plan for å oppfylle Noregs klimamål for ikkje-kvotepiktig sektor når ei avtale med EU om felles oppfylting er på plass. I denne samanheng, har regjeringa også gitt etatane i oppdrag å utgreie tiltak og verkemiddel som kan redusere dei ikkje-kvotepiktige utsleppa fram mot 2030 (klimakur 2030).

LULUCF (skog og anna arealbruk)

Norge vil ved felles oppfylting av 2030-målet med EU, også bli omfatta av regelverk om bokføring av utslepp og opptak av klimagassar i sektoren skog og anna arealbruk (LULUCF). Regelverket seier korleis utslepp og opptak i ulike arealbrukskategoriar skal bli bokført og gir landa ei forplikting om netto nullutslepp frå sektoren.

Regelverket for skog og arealbruk inkluderer kategoriane forvalta skog, nye skogareal, avskogingsareal, beitemark, dyrka mark og våtmark.

Alle land, inkludert Noreg, har utarbeidd ei referansebane for forvalta skog for perioden 2021–2030. Eit avvik frå referansebana skal bokførast høvesvis som eit opptak eller utslepp. Hogstnivået er den enkeltfaktoren som har størst effekt på nettoopptaket. Det er etablert ei kompensasjonsordning for land som får bokført utslepp frå forvalta skog, som kan brukast på visse vilkår. Kompensasjonsordninga gir landa eit rom for å auke hogstnivået til eit visst nivå samanlikna med nivået i referansebana.

Forpliktinga om netto nullutslepp kan oppfyllest både gjennom nasjonale tiltak og fleksibilitet innan sektoren og gjennom ytterlegare utsleppsreduksjonar i sektorar under forordninga for innsatsfordeling. Dersom ein ikkje oppnår netto nullutslepp gjennom nasjonale tiltak i skog og areal-

brukssektoren, må det bokførte utslippet dek-
kjast inn ved kjøp av skogkredittar frå andre land
eller ved ytterlegare reduksjon i andre ikkje-kvo-
tepliktige sektorar, anten nasjonalt eller ved kjøp
av utsløppseiningar frå andre land.

12.3 2050-målet

Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågutslepp-
samfunn i 2050. Formålet med å lovfeste målet om
lågutsleppsamfunnet er å leggje til rette for ei
langsiktig omstilling i klimavennleg retning i
Noreg. Med lågutsleppssamfunn er meint eit sam-
funn der klimagassutsløppa, ut frå beste vit-
skaplege grunnlag, utsløppsutviklinga globalt og
nasjonale omstende, er reduserte for å motverke
skadelege verknader av global oppvarming som
beskrive i Parisavtala.

Målet om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 er
forankra i klimaforliket frå 2012 (jf. Innst. 390 S
(2011–2012)). I klimaforliket peikte stortingsfleir-
talet samtidig på at ein ambisiøs politikk nasjonalt
må vere fornuftig i ein global samanheng der det
overordna målet er å redusere dei samla globale
utsløppa av klimagassar. Dette inneber at det blir
teke omsyn til konsekvensane av kvotesystemet,
faren for karbonlekkasje og til industrien si kon-
kurranssevne når politikken blir utforma. Dette
gir føringar for verkemiddelbruken for å redusere
nasjonale utsløpp. Noreg som lågutsleppssamfunn
er avhengig av at verda rundt oss går i same ret-
ning slik at vår evne til full og effektiv bruk av
arbeidskraft og andre ressursar blir halden ved
lag og vi når våre klima- og miljøpolitiske mål.

Som det går fram av § 4 i klimalova skal målet
vere at klimagassutsløppa i 2050 reduserast til i
storleiksorden 80 til 95 pst. frå utsløppsnivået i
referanseåret 1990. Ved vurdering av måloppnåing
skal det takast omsyn til effekten av norsk del-
taking i det europeiske klimakvotesystemet for
verksemdar.

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa
vil gjere Noreg til eit lågutssleppssamfunn i 2050,
der klimagassutsløppa er reduserte med 90 – 95
pst samanlikna med 1990.

Klimalova er ikkje til hinder for at også målet
om å bli eit lågutsleppssamfunn kan gjennom-
førast felles med EU. Eit samarbeid med EU om
felles gjennomføring av klimamål kan gi viktig
bidrag til utsløppsreduksjonar nasjonalt og til den
langsiktige omstillinga av det norske samfunnet
som klimalova skal fremje.

Det er viktig med tydelege signal om kor
utsløppsutviklinga skal på lengre sikt. Det er vik-

tig at styresmaktene fører ein truverdig klimapoli-
tikk som gir tydelege og føreseielege signal til pri-
vat sektor om kostnadene framover ved å sleppe
ut klimagassar. Regjeringas strategi mot 2030 og
dagens verkemiddel legg derfor eit viktig grunn-
lag for å gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i
2050. Kapittel 12.4 og 14 gir ei detaljert beskriving
av dagens verkemiddel for å redusere utsløpp,
særleg fram mot 2030.

Mange verkemiddel er på plass for å med-
verke til den langsiktige teknologiomstillinga som
må til for å bli eit lågutsleppssamfunn. Å setje ein
pris på utsløpp er eit hovudverkemiddel i den
langsiktige klimapolitikken. Kvotesystemet er eit
slikt verkemiddel, sjå nærare beskriving om kvo-
tesystemet i kapittel 12.2.


Årlege reduksjonar i talet på utferda kvotar
gjer at kvotesystemet vil medverke til vesentleg
reduksjon av utsløppa. Etter 2020 vil dei årlege
kutta i kvotemengda utgjere nesten 50 millionar
tonn. Gjennom årlege reduksjonar i kvotemengda
vil utferda kvotar i 2030 vere 43 pst. lågare enn
utsløppa frå dei kvotepliktige verksemdene i 2005.
Dersom den årlege reduksjonen av kvotemengda
held fram uendra etter 2030, vil talet på kvotar
som blir gjort tilgjengeleg for dei kvotepliktige
verksemdene ha falle til 365 mill. kvotar i 2050.
Dette er om lag 84 pst. lågare enn dei kvoteplik-
tige utsløppa var i 2005.

Kvotesystemet vil medverke til å tvinge fram
betydelege utsløppsreduksjonar på felleseuropeisk
nivå, samtidig som utsløppskostnaden må ventast å
auke ytterlegare. Det betyr at óg norske kvoteplik-
tige verksemdar må omstille seg. Ei omstilling av
kvotepliktig verksemd til produksjon med betydeleg
lågare utsløpp enn i dag føreset langsiktige teknolo-
giutviklingsløp. Lovfesting og talfesting av målet om
lågutsleppssamfunn gir eit tidleg og tydeleg signal til
industrien og andre avgjerdestakarar om at ei betyde-
leg styrking av dette teknologiløpet må skje. Det er
etablert fleire ordningar for å støtte langsiktig tekno-
logiutvikling, sjå mellom anna avsnitt 12.4.

Noregs lågutsleppsstrategi for 2050

Parisavtala seier at alle land bør søkje å formulere
og melde inn langsiktige strategiar for lågutslepp
av klimagassar i lys av Parisavtalas langsiktige
målsetjingar. I Paris-vedtaket er landa inviterte til
å kommunisere slike strategiar innan 2020. Å leg-
gje fram ein slik strategi er frivillig, og vil ikkje
innebere nye internasjonale forpliktingar og har
ingen rapporterings- eller bokføringskrav.

Regjeringa har utarbeidd ei lågutslepps-
strategi. Noregs lågutsleppsstrategi byggjer på og



Figur 12.3 Utvikling i kvotemengd i EU ETS 2005–2050

Kjelder: EU-kommisjonen og Klima- og miljødepartementet

støttar opp under regjeringas strategi for å nå dei lovfesta klimamåla. Strategien ligg som vedlegg 1 til denne proposisjonen.

Noreg må ta kloke val på vegen til eit lågut-sleppssamfunn, der det gis rom for eit mangfald av løysingar innanfor langsiktige og stabile rammevilkår. Med lågut-sleppsstrategien ønsker regjeringa å legge fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyn for vegen til lågut-slepps-samfunnet fram mot 2050. Regjeringa vil styrke grunnlaget for klimapolitikken og medverke til langsiktige og føreseielege rammer slik at alle aktørar kan dra i riktig retning.

12.4 Verkemiddel for å nå klimamåla

Verkemiddelbruken i klimapolitikken bør vere transparent, føreseieleg og innrettast slik at måla for klimapolitikken blir nådd med størst mogeleg sikkerheit og til lågast mogleg kostnader for samfunnet. For å skape minst mogleg konflikt mellom klimamåla og andre samfunns mål, er det krav om god koordinering i bruken av verkemiddel. Regjeringa vil føre ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltansansvaret og føre var-prinsippet.

Klimapolitikken har redusert nasjonale utslepp betydeleg. I samband med Noregs sjuande nasjonalrapport til FN's Klimakonvensjon vart det utrekna at norske utslepp av klimagassar ville ha vore rundt 40 pst. høgare i 2020 utan dei verkemidla og klimatiltaka som er gjennomført sidan 1990.

Over 80 pst. av klimagassutsleppa i Noreg er i dag dekte av sektorovergripande økonomiske verkemiddel i form av avgifter og/eller kvoteplikt. Desse hovudverkemidla set ein pris på utslepp av klimagassar og medverkar dermed til å endre produksjons- og forbruksmønster og stimulerer til utvikling og spreing av klimavennleg teknologi. Pris på utslepp av klimagassar er avgjerande for å redusere utsleppa i tilstrekkeleg omfang på ein kostnadseffektiv måte.

Nær 70 pst. av dei ikkje-kvotepiktige utsleppa er pålagt avgift. Det generelle avgiftsnivået på utslepp av klimagassar i 2019 er 508 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar. Regjeringa har sidan 2013 heva det generelle avgiftsnivået på utslepp av klimagassar frå 400 til 508 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar og oppheva ei rekkje reduserte satsar og fritak. Avgiftsnivået på utslepp av klimagassar er difor vesentleg høgare og jamnare i 2019 enn i 2013. I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil trappe opp den flate CO₂-avgifta med fem prosent årleg for alle sektorar fram til 2025. Provenyet skal brukast til å redusere skattar og avgifter for berørte grupper for å lette omstillinga. Andre relevante avgifter (blant anna HFK/PFK) skal aukast tilsvarande. I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil at unntaka for landbruk og fiskeri blir fjerna om det partssamansette utvalet for fiske og forhandlingane mellom staten og jordbruksorganisasjonane om ei klimaavtale ikkje kjem fram til tiltak som gir reelle og tilstrekkelege utsleppsreduksjonar. Dette skal sjåast i samheng med kompenserte tiltak i samråd

med næringane. I juni 2019 underteikna regjeringa og jordbrukets organisasjonar ei intensjonsavtale om å arbeide for reduserte klimagassutslepp, og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er sett eit mål om at utsleppa skal reduserast med 5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar for perioden 2021–2030. Målalet omfattar klimatiltak som kan tilskrivast jordbruksaktivitet innanfor sektorane jordbruk, transport, oppvarming av bygg og arealbrukssektoren (unnateke skog) i den offisielle klimagassrekneskapen. Klimaavtala vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover, men skal ikkje gi bindingar for framtidig verke-middelbruk eller jordbruksforhandlingar. Klimaavtala kan heller ikkje føresetje auka subsidiar.

Rapporten frå det partssammensette utvalet, nedsett av Nærings- og fiskeridepartementet, som har vurdert auka CO₂-avgift på mineralolje, naturgass og LPG levert til fiske og fangst samt andre klimatiltak som kan utløyse utsleppsreduksjonar i fiskerinæringa, blei ferdig våren 2019. Eit samla utval si hovudtilråding var å auke CO₂-avgifta til generell sats, men samstundes introdusere ei ny kompensasjonsordning. Utvalets rapport har vore på høyring. Regjeringa har avgjort å følgje opp rapporten si hovudtilråding, og vil frå 1. januar 2020 innføre full CO₂-avgift for mineralske produkt for fiske og fangst i nære farvatn. Samstundes blir det introdusert ei kompensasjonsordning for å lette omstillinga.

Om lag halvparten av norske utslepp er dekt av det europeiske kvotesystemet for bedrifter (EU ETS), i hovudsak utslepp frå landbasert industri og petroleumssektoren. Kvotepriisen har det siste året vært godt over 200 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar. Petroleumssektoren og innanriks luftfart står overfor både CO₂-avgift og kvoteplikt.

Både dagens og venta framtidig pris på utslepp har betydning for avgjerder hos aktørane. Det offentlege investerer i vegar, kollektivtransport-system, energisystem, vatn- og avløpssystem og bygningar. Dette er investeringar som potensielt kan ha stor betydning for framtidige klimagassutslepp. For å innarbeide klimaomsyn må framtidige utslepp prisast inn i investeringskalkylane.

Direkte regulering, standardar, avtaler og subsidiar til utsleppsreduserande tiltak er brukt som eit tillegg til kvotar og avgifter. På område underlagt generelle verkemiddel skal det som hovudregel ikkje samstundes brukast ytterlegare regulering. Avgifter og kvotar set ein pris på kostnaden ved utslepp. I nokre tilfelle er det likevel også andre former for marknadssvikt eller barrierar som kan hindre at kostnadseffektive miljøtiltak blir gjennomførte. Dette kan for eksempel vere

kunnskapseksternalitetar, nettverkseffektar, mangelfull informasjon eller åtferdsvise trekk. I slike tilfelle kan andre verkemiddel nyttast i tillegg til prising av utsleppskostnaden.

I enkelte tilfelle kan det vere vanskeleg å prise ein miljøskade gjennom avgifter eller kvotar. Der-som avgift er vurdert til ikkje å vere høveleg skal andre verkemiddel bli vurderte, som gir tilsvarende sterke insentiv for utsleppsreduksjonar, under dette direkte reguleringar. Utslepp av klimagassar er i dag regulerte av ei rekkje sektorovergripande og sektorspesifikke lover. Gjennom forureiningslova er mellom anna utslepp av lystgass frå fullgjødselproduksjon og diffuse utslepp frå petroleumsverksemd regulert. Forureiningsmyndigheita vurderer fortløpande behovet for å stille krav etter forureiningslova for å medverke til å redusere klimagassutslepp.

Forskning på og utvikling av null- og lågut-sleppsteknologiar er viktig for å møte klimautfordringa, både i eit 2030- og eit 2050-perspektiv. Noreg er avhengig av teknologiutviklinga internasjonalt. Satsing på teknologi kan gi norske verksemder nye marknadsmoglegheiter og medverke til globale utsleppsreduksjonar dersom også andre land tek i bruk teknologiar utvikla i Noreg. Grøn skattekommissjon framhevar mellom anna at miljøteknologi bør støttast spesielt fordi det historisk sett er forska mindre på slike teknologiar slik at kunnskapsbasen dermed er mindre. Teknologi som medverkar til å redusere utslepp har ei særleg ulempe om utsleppa er prisa lågare enn skaden utsleppa utgjer. Grøn skattekommissjon peiker òg på at støtte åleine ikkje vil vere tilstrekkeleg. Ein pris på utslepp medverkar til meir forskning og at betre teknologi blir teken i bruk. For å fremje auka bruk og utvikling av null- og lågutsleppsløysingar er det etablert ei rekkje offentlege støtteordningar. Eksempel på slike ordningar i statleg regi er Enova, og fleire ordningar under Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd. Verkemiddelapparatet er styrkt frå den grunnleggjande forskingsinnsatsen, der dei nye ideane blir skapte, og heilt fram til marknaden. Det offentlege medverkar no med større ressursar enn tidlegare i alle delar av FoU-kjeda. Sidan 2013 har regjeringa auka støtta til næringsretta forskning og innovasjon med over 3 mrd. kroner, inkludert budsjettert skattefrådrag frå Skattefunnordninga. Dette er støtte til FoU generelt, ikkje berre støtte til klimarelatert forskning og innovasjon, men auken medverkar til at større ressursar blir tilgjengelege også til klimarelatert FoU. Regjeringa vil halde fram å støtte utvikling av teknologi. Overgangen til lågutsleppsamfunnet gjeld alle næringar og sek-

Boks 12.1 Eksempel på Enova-støtta prosjekt

- *Autonom heilelektrisk sjøtransport (2019): 119 mill. kroner* til ASKO for å etablere autonom og heilelektrisk sjøtransport av Eurotraller (lastebilhengarar) mellom Moss og Holmestrand som del av ein heilelektrisk transportkjede mellom ASKOs lager i Vestby og Sande. Nye logistikk- og infrastrukturloysningar er avgjerande for å kunne flytte transport frå veg til sjø og for å redusere klimagassutslepp. Dette er eit eksempel på spredningseffekten frå det tidlegare Enova-støtta Yara Birkeland-prosjektet.
- *80 pst. reduksjon klimagassutslepp frå produksjon av steinull (2018): 101,5 mill. kroner* til Rockwool Group. Ein ny generasjon smelteovn basert på elektrisitet vil kutte klimagassutsleppa frå produksjonen med over 80 pst., eller om lag 32 000 tonn CO₂-ekvivalentar frå 2021. Den nye teknologien reduserer avfall frå produksjonen med 90–95 pst. og gjer fabrikkjen i stand til å handtere og resirkulere steinull frå byggeplassar, noko som medverkar til sirkulærøkonomien i Noreg. Globalt har Rockwool utslepp på 1,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, og dette pilotprosjektet er ledd i å redusere desse.
- *Landstraum i fleire hamner (2016, 2017, 2018 og 2019): 580 mill. kroner* i dei sju første rundane av Enovas landstraumskonkurranse til 80 prosjekt i både offentlege og private hamner langs heile kysten. Blant anna er det gitt tilsegn til støtte til landstraum til Hurtigruta i Bergen, Trondheim, Bodø, Tromsø og Ålesund, ei fiskerihamn i Båtsfjord og landstraum til cruise i Bergen.
- *Elektriske varebilar gjennom Nullutsleppsfondet for næringstransport (2019): 68,6 mill. kroner* i støtte til til saman 2 331 elektriske varebilar i løpet av dei første to vekene sidan tilbodet blei lansert. Nullutsleppsfondet for næringstransport skal støtte auka marknadsintroduksjon og -vekst for batteri-, hydrogen- og biogassloysingar både på land og på sjø.
- *Klimavennleg pelletsproduksjon hos Moelven (2018): 66 mill. kroner* i støtte til Moelven Industrier som byggjer ein ny pelletsfabrikk og et nytt bioenergianlegg på Sokna utanfor Hønefoss. Satsinga tek i bruk banebrytande loysingar, der energi og flisprodukt frå Moelvsn sagbruk i regionen blir brukt til pelletsproduksjon. Når fabrikkjen står ferdig tidleg i 2020 vil den syte for at pelletsproduksjonen i Noreg blir dobla. Moelven reknar med at fabrikkjen vil gi 8–10 nye arbeidsplassar, og investeringa har ei totalramme på 270 mill. kroner.

torar og det er derfor viktig med ei brei tilnærming. Regjeringa legg vekt på både målretta satsing og vektlegging av klima og miljø i offentleg finansiert forskning, innovasjon og teknologiutvikling der det er relevant.

Blant anna har Noreg fleire ordningar gjennom Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg som kan støtte teknologiutvikling i industrien og petroleumssektoren. Framtidas klimanøytrale industri er valt ut som eitt av to nye tema for Pilot E ordninga. Regjeringa har styrkt samhandlinga mellom næringslivet, forvaltninga og forskinga gjennom å opprette strategiforumet Prosess 21. Hovudoppgåva for Prosess 21 er å gi strategiske råd og tilrådingar om korleis prosessindustrien best kan få til ei utvikling i retning av minimale utslepp frå prosessindustrien i 2050 og samtidig leggje til rette for at verksemdar i prosessindustrien har berekraftig vekst i denne perioden. I 2018 blei det løyvd midlar til eit nytt forskingssenter for reduksjon av klimagassutslepp på norsk

kontinentalsokkel. Målet med senteret er å utvikle ny kunnskap og teknologi som kan medverke til betydelege reduksjonar i klimagassutsleppa på sokkelen på kort og lang sikt. Under leiing av Sintef Energi vann *Research Centre for a low-emission petroleum industry on the Norwegian continental shelf* konkurransen om midlane. Årleg finansiering frå Forskingsrådet er 15 mill. kroner. Senteret vil ha ei levetid på inntil åtte år. Regjeringa vil også medverke til å utvikle ein kostnadseffektiv teknologi for fangst, transport og lagring av CO₂, og har ein ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO₂-handteringsanlegg i Noreg, gitt at dette gir teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv.

I spreingsfasen for nye lågutsleppsløysingar kan marknadssvikt vere grunn til at styresmaktene går inn med mellombels støtte for å medverke til at teknologiane blir tekne i bruk. Subsidiar til bruk av ny teknologi inneber òg risiko for at det blir produsert eller konsumert for mykje av

vara. Det fører til eit samfunnsøkonomisk tap som blir forsterka ved at slik støtte må finansierast ved skattar. Det er derfor viktig at støtte blir utforma og innretta kostnadseffektivt. Kostnadseffektivitet vil også avhenge av at det er ein marknad for teknologien og at teknologien som blir utvikla er treffsikker i høve til miljøproblemet.

Offentlege anskaffingar er òg eit viktig verkemiddel for å medverke til grøn omstilling og reduserte klimagassutslepp. Regjeringa vil syte for at offentleg sektor som kunde medverkar til å ta i bruk og utvikle nye miljø- og klimavennlege teknologiar og løysingar. Det skal utarbeidast ein handlingsplan for å auke delen av klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon.

Informasjon er eit verkemiddel som kan påverke åtferda til bedrifter og privatpersonar. Grøn skattekommisjon viser til at prissignala gjennom avgiftssystemet kan verke noko dårlegare

under visse forhold og at informasjon, som eit supplement til økonomiske verkemiddel, kan medverke til at prissignala kjem fram og at nye teknologiar blir spreidde i marknadene.

Regjeringa har oppretta Nysnø Klimainvesteringar AS, eit statleg investeringsselskap med formål å medverke til reduserte klimagassutslepp. Selskapet skal gjere investeringar i unoterte selskap og gjennom såkalla fond-i-fond-løysingar, i hovudsak retta mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Selskapet skal prioritere låg- og nullutsleppsløysingar.

I tillegg til dei generelle sektorovergripande verkemidla finst det òg særlege verkemiddel for den enkelte sektor, dette er nærare omtalt i kapittel 14. Mot 2030 og vidare mot 2050 må verkemiddelbruken vurderast og tilpassast. Det er ikkje mogleg i dag å seie eksakt kva verkemiddelbruk som vil oppfylle klimamåla.

13 Utslepp og opptak av klimagassar

I følge klimalova skal det gjerast greie for utviklinga i utslepp og opptak av klimagassar, og for framskrivingar av utslepp og opptak. I dette avsnittet blir det gjort greie for dette.

13.1 Historiske utslepp og opptak

Dei norske utsleppa av klimagassar var i 2018¹⁰ på 52,9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar som er ein auke på 0,2 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i forhold til 2017, eller 0,4 pst. Hovudårsaka er auke i utslepp frå transportsektoren. Utslepp frå luftfart, sjøfart, fiske og motorreiskap m.m. gjekk opp med 6,4 pst. frå 2017, mens utsleppa frå vegtrafikk gjekk opp med 2,8 pst. Sjølv om det totale salet av bensin og diesel gjekk ned, auka utsleppa grunna ei lågare innblanding av konvensjonelt biodrivstoff i vegtrafikk. Samtidig med at lågare innblanding har ført til auka utslepp i Noreg fører mindre bruk av konvensjonelt biodrivstoff som er laga av for eksempel palmeolje til at presset på regnskogen blir redusert, noko som kan medverke til


¹⁰ Alle tal for 2018 er foreløpige.

at dei globale utsleppa går ned. Mens bruken av konvensjonelt biodrivstoff har gått ned så har bruken av avansert biodrivstoff auka. Avansert biodrivstoff er ikkje forbunde med risiko for avskoging.

Utsleppa frå industrien og jordbruket heldt seg relativt stabile frå 2017 til 2018, mens utslepp frå olje- og gassektoren gjekk ned med 1,4 pst. Utsleppa frå energiforsyning gjekk òg noko ned. Utsleppa frå oppvarming gjekk ned med 20,7 pst. frå 2017 til 2018. Denne nedgangen skuldast truleg at forbrukarane førebur seg på forbodet mot bruk av mineralolje til oppvarming, som trer i kraft i 2020. Utsleppa i kategorien anna var relativt stabile. Hovudkjeldene til utslepp i denne kategorien er utslepp av metan frå avfallsdeponi og fluor-gassar brukt som kjølemedium i utstyr som blant anna air condition-anlegg i bygningar og køyretøy.


Figur 13.1 viser utslepp frå 1990 fordelt på sektorar og framskrivne utslepp til 2030, sjå meir om framskrivne utslepp i avsnitt 13.2.

Utslepp av CO₂ utgjorde 83 pst. av dei samla utsleppa i 2018, mens resten skuldast utslepp av metan (CH₄), lystgass (N₂O) og fluorhaldige klimagassar (HF_K, PFK_{ar} og SF₆).



Figur 13.1 Sektorvise utslepp, historiske og framskrivning til 2030

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå



Figur 13.2 Fordeling kvotepiktige og ikkje-kvotepiktige utslepp i 2018

Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

Utsleppa i 1990 var på 51,2 millionar tonn CO₂-ekvivalentar. Utsleppa i 2018 ligg 3,4 pst. over 1990-nivået. I same periode har befolkninga auka med om lag 20 pst. (1 millionar personar) og BNP er dobla. Dermed er utsleppsintensiteten (utslepp per produksjon i kroner) blitt redusert med 55 pst. sidan 1990. Norsk økonomi er òg blitt mindre energiintensiv i og med at energiforbruket har auka med 12 pst. sidan 1990.

Skog tek opp store mengder CO₂. I 2017¹¹ var nettoopptaket på 25 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i sektoren for skog og annan arealbruk. For meir omtale av denne sektoren, sjå avsnitt 14.3.6.

Figur 13.2 viser kvotepiktig og ikkje-kvotepiktig utslepp fordelt på sektor. Omtrent halvparten av dei norske utsleppa av klimagassar er kvotepiktige som inneber at dei er omfatta av EU sitt kvotesystem (EU ETS) (sjå nærare omtale i kapittel 12.2). Dei kvotepiktige utsleppa er størsteparten av utsleppa frå petroleumssektoren og industrien, større anlegg i energiforsyning og størstedelen av luftfarten. Dei kvotepiktige utsleppa var i 2018 på 26,2 millionar tonn CO₂-ekvivalentar. Dei ikkje-kvotepiktige utsleppa er i hovudsak utslepp frå anna transport og jordbruk. I tillegg kjem småskala energiforsyning, og andre kjelder som oppvarming, produkt med fluorgassar og avfallsbehandling, og i tillegg ikkje-kvotepiktige utslepp frå industrien og petroleumssektoren. I 2018

stamma 26,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar av utsleppa frå ikkje-kvotepiktige kjelder.

13.2 Framskrivingar

Noregs utslepp av klimagassar avheng av handlingane til nokre hundre tusen bedrifter og fleire millionar personar. Utsleppsframskrivingar prøver å fange opp underliggjande utviklingstrekk og tendensar bak summen av desse handlingane, blant anna med utgangspunkt i økonomiske, teknologiske og befolkningsvise forhold. I tråd med internasjonale retningslinjer er framskrivingane baserte på at dagens innretning av klimapolitikken, både i Noreg og internasjonalt, blir ført vidare. Framskrivingane gir dermed eit bilete av korleis norske utslepp av klimagassar kan utvikle seg gitt desse føresetnadene. Framskrivingane er ikkje ei beskriving av regjeringa sine mål. Korleis dagens politikk påverkar framtidige utslepp er usikkert, og uvisse aukar desto lengre fram i tid framskrivingane strekkjer seg. Effekten av politikken er blant anna avhengig av utvikling og tilgang på låg- og nullutsleppsteknologi og kostnadene ved å ta slik teknologi i bruk. Det meste av denne teknologiske utviklinga skjer utanfor Noregs grenser.

I Nasjonalbudsjettet 2019 (Meld. St. 1 (2018–2019)) vart det lagt fram oppdaterte framskrivingar av norske klimagassutslepp. Etter det har Statistisk sentralbyrå oppdatert utsleppsrekneskapan med revidert energibalans og publisert utslepps-

¹¹ For skog og anna arealbruk blir det ikkje utarbeidd foreløpige tal.

tal for 2018 som er ytterlegare endra samanlikna med det som låg til grunn for Nasjonalbudsjettet 2019 (NB19). Endringane i energibalansen har i hovudsak medverka til å flytte utslepp mellom sektorar, men også til å auke samla utslepp noko¹². I anslaga presentert under har ein justert framskrivinga med revidert energibalanse og utviklinga i salet av elbilar i den seinaste tida. Det er også gjort nokre mindre justeringar av utsleppa frå jordbruket, blant anna som ei følgje av ny berekningsmodell for utslepp av nitrogen.

Salet av elbilar til persontransport var i 2018 og har så langt i 2019 vore høgare enn det som blei lagt til grunn i Nasjonalbudsjettet 2019. Delen elbilar av nybilsalet var i 2018 på 31 pst. og har så langt i 2019 vore på nesten 45 pst. Når dette blir lagt til grunn for utsleppsframskrivinga, samtidig som føresetnaden om at salet av elbilar aukar til 75 pst. av nybilsalet i 2030 ligg fast, medverkar det til at utsleppa isolert sett no er anslått 0,3 millionar tonn CO₂-ekvivalantar lågare i 2030 enn i Nasjonalbudsjettet 2019.

Omsetjingskravet for biodrivstoff er frå 2020 på 20 pst. medrekna delkravet på 4 pst. dobbeltteljande avansert biodrivstoff. Dobbeltteljinga gjer at reell innblanding blir 16 pst. eller lågare¹³. I framskrivinga til Nasjonalbudsjettet 2019 låg dette til grunn frå 2020. I 2017 var innblandinga reelt på om lag 16 pst., men minka til 12 pst. i 2018. Førrelse tal indikerer at salet igjen vil auke i 2019. Kor høg innblandinga blir framover avheng av samansetjinga av avansert og konvensjonelt biodrivstoff. Usikkerheita er stor og vi legg til grunn same anslag som for eit år sidan.

Samanlikna med Nasjonalbudsjettet 2019 er ikkje-kvotepliktige utslepp, som følgje av revidert

energibalanse, oppjustert med rundt 0,5 millionar tonn i 2016 og 2020. Men raskare innfasing av elbilar og eit noko kraftigare fall i utsleppa frå innanriks sjøfart og jordbruk gjer at ikkje-kvotepliktige utslepp i 2030 er på same nivå som i Nasjonalbudsjettet 2019.

Framskrivingar for ikkje-kvotepliktige utslepp i enkeltsektorar er vist i tabell 13.2. Sjå meir om desse sektorane i kapittel 14.

Det er òg utarbeidd nye framskrivingar for skog- og arealbrukssektoren. Samanlikna med framskrivinga av opptak og utslepp for dei ulike arealkategoriene frå 2014 (som presentert i Nasjonalbudsjettet 2015) er det i denne nye framskrivinga nytta ein ny og betre modell (SiTree), nye tall frå Landsskogtakseringa og eit anna klimascenario (RCP 4,5). Netto opptak for heile sektoren viser ei meir positiv utvikling enn ved førre framskriving, når ein reknar i tråd med reglane for rapportering til Konvensjonen. Som for framskrivinga frå 2014, er det venta ein nedgåande trend i netto opptak dei neste to tiåra. Men den nye framskrivinga visar at netto opptak flatar ut frå 2040 og framover, og at opptaket igjen vil auke frå 2070. I framskrivingane er nettoopptaket anslått å minske frå 25 millionar tonn i 2017 til 20,4 millionar tonn i 2030, vidare til 14,1 millionar tonn i 2050, og 18,7 millionar tonn i 2100.

I Nasjonalbudsjettet 2019 vart det for første gongen laga framskrivingar av utslepp av klimagassar til 2050. På usikkert grunnlag og basert på ei rekke føresetnader, blant anna at klimapolitikken i Noreg og internasjonalt ligg fast på dagens nivå, vert utsleppa anslått å liggje nesten 40 pst. lågare i 2050 enn nivået i 2017. Nettoopptaket av klimagassar i skog og arealbruk er i denne meldinga òg anslått å gå ned, men er venta framleis å svare til i underkant av 40 pst. av utslepp frå andre sektorar også mot midten av hundreåret.

Sidan framskrivingane er sentrale som eit mogleg samanlikningsgrunnlag i høve til å berekne effektar av tiltak og verkemiddel, tilrår teknisk berekningsutval for klima at dei som utarbeider nasjonale framskrivingar samarbeider tettare med einingane som brukar analysane, og at føresetnader, skjøn og uvisse i framskrivingane blir kommuniserte tydeleg i samband med publisering.

¹² I 2018 vart revidert energibalanse teken inn i utsleppsrekneskapen, og førte til endringar i forbrenningsutsleppa for heile tidsserien. Noko forbruk av bensin og diesel vart flytta frå vegtrafikk til traktorar og anleggsmaskiner, fritidsbåtar og motorreiskap. Det var flytting av marine gassoljer frå fiske til kysttrafikk, og frå utanriks sjøfart til innanriks kysttrafikk

¹³ 4 pst. avansert biodrivstoff tel som 8 pst. i det overordna kravet om 20 pst. biodrivstoff, og det må difor omsetjast 12 pst. konvensjonelt biodrivstoff i tillegg, altså til saman 16 pst. konvensjonelt og avansert biodrivstoff. Dersom omsetjarane vel å blande inn meir enn 4 pst. avansert biodrivstoff, vil reell innblanding av biodrivstoff innanfor omsetjingskravet bli lågare enn 16 pst.

Tabell 13.1 Utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor (mill. tonn CO₂-ekvivalentar)

	1990	2005	2010	2017	2018 ¹	2020	2030
Utslepp av klimagassar	51,2	55,4	55,5	52,7	52,9	51,0	45,0
Kvotepiktig utslepp	23,2	27,7	26,6	26,5	26,2	26,2	24,5
– Olje- og gassproduksjon	7,2	12,9	12,9	13,7	13,3	14,2	12,9
– Industri og bergverk	15,2	13,7	11,0	10,9	11,0	10,7	10,2
– Andre kjelder ²	0,7	1,1	2,8	1,9	1,9	1,3	1,4
Ikkje-kvotepiktig utslepp	28,0	27,6	28,9	26,3	26,7	24,8	20,5
– Transport ³	12,3	15,5	16,7	14,7	15,4	14,1	11,2
– Av dette: Vegtrafikk	7,2	9,3	9,8	8,8	9,0	8,2	6,1
– Jordbruk	4,6	4,4	4,2	4,5	4,4	4,5	4,5
– Andre kjelder ⁴	11,1	7,7	8,0	7,1	6,9	6,1	4,8
Netto opptak i skog og anna arealbruk	-10,0	-25,1	-26,5	-25,0		-21,6	-20,4
Utslepp av klimagassar medrekna netto opptak i skog og anna arealbruk	41,2	30,3	29,0	27,7		29,4	24,6
Memo							
Fastlands-Noreg ⁵	43,0	41,1	41,3	38,1	38,5	35,7	31,2

¹ Foreløpige tal.² Inkluderer utslepp frå kvotepiktig energiforsyning og luftfart.³ Inkluderer utslepp frå vegtrafikk, innanriks sjøfart, fiske, ikkje-kvotepiktig luftfart, anleggsmaskiner og andre mobile kjelder.⁴ Inkluderer ikkje-kvotepiktig utslepp frå industri, petroleumsverksemd og energiforsyning, og utslepp frå oppvarming og andre kjelder.⁵ Utslepp frå norsk territorium utanom utslepp frå olje- og gassproduksjon.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet, NIBIO og Finansdepartementet

Tabell 13.2 Ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor (mill. tonn CO₂-ekvivalentar)

	2005	2010	2017	2018 ¹	2020	2030
Ikkje-kvotepliktig utslepp	27,6	28,9	26,3	26,7	24,8	20,5
Transport	15,5	16,7	14,7	15,4	14,1	11,2
<i>av dette:</i>						
<i>Vegtrafikk</i>	9,3	9,8	8,8	9,0	8,2	6,1
– Personbil	5,2	5,4	4,7	4,8	4,2	2,3
– Anna vegtrafikk ²	4,1	4,4	4,1	4,2	4,0	3,7
<i>Innanriks sjøfart og fiske</i>	3,7	4,0	3,0	3,2	2,9	2,4
<i>Ikkje-kvotepliktig innanriks luftfart</i>	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
<i>Annan transport</i> ³	2,3	2,7	2,8	3,0	2,8	2,6
Jordbruk	4,4	4,2	4,5	4,4	4,5	4,5
Petroleum og industri	2,9	2,5	2,2	2,3	2,2	1,9
Energiforsyning og oppvarming	2,2	2,6	2,1	1,8	1,4	1,3
F-gassar og andre utsleppskjelder ⁴	2,6	2,9	2,9	2,9	2,5	1,7

¹ For 2018 har Statistisk sentralbyrå publisert foreløpige tal på aggregert nivå. For meir detaljert inndeling er nytta anslag frå Miljødirektoratet der trend for SSBs aggregerte nivå er nytta for alle delkjelder.

² Lastebilar, bussar, varebilar, mopedar og motorsyklar.

³ Jernbane, fritidsbåtar, snøskuterar, traktorar, anleggsmaskinar og andre motorreiskapar.

⁴ F-gassar, avfallsdeponi, avløp og avløpsreinsing, løysemiddel, kompostering, gass- og bensindistribusjon og ein del mindre kjelder.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet og Finansdepartementet

14 Sektorvis omtale og utsleppsbaner

14.1 Innleiing

Ifølgje klimalova skal ein gi ei oversikt som gjer synleg sektorvise utsleppsbaner innanfor ikkje-kvotepliktig sektor og kva typar tiltak som vil vere nødvendig for å realisere desse. I dette avsnittet er det gjort greie for dette.

Arbeidet med slike baner vil vere nyttig i arbeidet med å nå utsleppsmålet for ikkje-kvotepliktig sektor, men det er understreka at anslag av denne typen er svært usikre. Det er uvisse både om den økonomiske utviklinga og dermed også utsleppsutviklinga og om effekten av tiltak. I tillegg vil utviklinga av ny teknologi og opptaket av denne komme i ulikt tempo. Baner og type tiltak kan derfor ikkje oppfattast som mål eller planar, men som ein illustrasjon på ein mogleg veg.

Detaljnivået i rapporteringa, under dette omtala av utsleppsbaner og tiltak, vil måtte tilpassast etter behov og dermed kunne variere frå år til år ut frå kva som er sett på som føremålstenleg.

Den berekna effekten på utsleppa av måla og tiltaka som er framstilte tek utgangspunkt i Miljødirektoratets tiltaksanalyser utarbeidde til Meld. St. 41 (2016–2017)¹⁴. Figur 14.1 viser utsleppsbaner

Boks 14.1 Utsleppsbaner

Ei utsleppsbane viser utvikling i utslepp framover i tid, gitt visse føresetnader. Framskrivninga av utsleppa basert på eksisterande politikk er til dømes ei utsleppsbane. Dei sektorvise utsleppsbanene som er presenterte i dette kapitlet er baserte på at hushald og bedrifter gjer utsleppsreducerande tiltak utover det ein trur eksisterande politikk vil utløyse. Utsleppsbanene er baserte på berekningar av Miljødirektoratet av utsleppsreduksjonar frå politiske mål og ambisjonar og tiltak dei vurderer har ein samfunnsøkonomisk tiltakskostnad under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar. I arbeidet med berekningane baserer Miljødirektoratet seg òg på analyser og vurderingar frå andre etatar, bedrifter og analysemiljø.


for samla ikkje-kvotepliktige utslepp. Sektorvise utsleppsbaner for ikkje-kvotepliktige utslepp er presentert i sektorgjennomgangen i dei neste avsnitta saman med oversikter over kva for tiltak som er lagt til grunn for utsleppsbanene. Tiltaka er samanstilt av Miljødirektoratet på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og er oppdaterte med ny informasjon der den har vore tilgjengeleg. Regjeringa har elles gitt etatane i oppdrag å utgreie tiltak og verkemiddel som kan redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa fram mot 2030 (klimakur 2030) som vil gi nye anslag på reduksjonspotensial og kostnader; Klimakur 2030. Faggruppa koordineres av Miljødirektoratet og består elles av Statistisk sentralbyrå, Enova, Vegdirektoratet, Kystverket, Landbruksdirektoratet og NVE. Andre etatar blir involvert på sine område¹⁵.

Miljødirektoratet anslår basert på berekningar at oppfølging av politiske målsetjingar, og tiltak i kostnadskategorien under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar, til saman vil kunne redusere utsleppa innanlands med i overkant av 19 millionar tonn over perioden 2021–2030 samanlikna med framskrivninga presentert over. Anslått utsleppseffekt av politiske målsetjingar og ambisjonar samanlikna med framskrivninga, som er basert på eksisterande klimapolitikk er i overkant av 9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar over perioden 2021–2030. I tillegg har Miljødirektoratet anslått eit potensial for utsleppsreduksjonar med berekna samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar på i overkant av 10 millionar tonn, sjå figur 14.1. Anslaga er prega av betydeleg uvisse, og summerer seg til meir enn dei 12 millionar tonna som er nødvendige for å oppfylle 2030-forpliktinga. Eit eventuelt utslepp frå skog og anna arealbruk vil komme i tillegg.

I tillegg til at anslaga er usikre er det ikkje vurdert kva verkemiddel eller nivå på verkemidla

¹⁴ <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2017/Juni-2017/Beregningsteknisk-grunnlag-for-Klimameldingen/>

¹⁵ Sjø mandat for faggruppa her: <https://www.regjeringen.no/contentassets/f4af00f2a3184ad383b7b144382e20cc/mandat-klimakur-2030.pdf>



Figur 14.1 Historiske utslepp, framskriving og utsleppsbaner for ikkje-kvotepålagt utslepp

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

Boks 14.2 Tilleggseffektar av klimagasstiltak

Klimapanelets spesialrapport om 1,5-graders oppvarming viser at globale utslepp må reduserast betydeleg innan 2030 både av CO₂ og andre klimadrivarar om vi skal følgje ei temperaturbane med liten eller ingen overskriding av 1,5 grader. Det er både viktig å stabilisere temperaturen på lang sikt, og å redusere oppvarmingshastigheita på kort sikt.

Tiltak og verkemiddel for å redusere klimagassutslepp vil i mange samanhengar òg påverke utslepp av kortlevde klimadrivarar som svart karbon (BC) og organisk karbon (OC), nmVOC, karbonmonoksid (CO), svoveldioksid (SO₂) og ammoniakk. Desse stoffa har vesentleg effekt på klima på kort sikt. Det gjeld også klimagassen metan (CH₄). OC og SO₂ har ein avkjølande effekt, mens dei andre komponentane har ein oppvarmande effekt på klimaet.

Tiltak som mindre matsvinn (metantiltak), redusert kaldventilering¹ (metan- og nmVOC-tiltak) og forsert utskifting til nye vedomnar og pellets (svart karbon- og metantiltak), er døme

på norske tiltak som gir ein betydeleg høgare klimaeffekt på kort sikt enn på lang sikt.

Mange tiltak vil òg ha ein betydeleg helseeffekt i tillegg til klimaeffekten fordi tiltaket i stor grad påverkar utslepp av partiklar og NO_x. Helseeffekten inngår normalt i den samfunnsøkonomiske tiltakskostnaden for klimatiltaka. Ved å synleggjere helsegevinsten av tiltaka eksplisitt er det lettare å identifisere vinn-vinn-tiltak, men også klimatiltak som kan påverke helsa negativt. Eit eksempel på det siste er utskifting av oljefyr med vedfyring i dei store byane, noko som vil auke partikkelutsleppet.

Miljødirektoratet har gjennomført tilleggsanalyser som belyser klimaeffekten på kort sikt, og miljø- og helseeffektar av tiltak. For å synleggjere desse tilleggseffektane av tiltak meir eksplisitt vil det vere føremålstenleg med meir integrerte analyser framover. Dette vil kunne gi ein betre basis for politikktutforming.

¹ Hydrokarbonhaldige avgassar frå diverse industriprosesser som blir slepte direkte ut i atmosfæren

som må til for å utløse dei berekna utsleppsreduksjonane, eller kostnader knytte til desse, utover den berekna samfunnsøkonomiske tiltakskostnaden. Overslaga på potensial og kostnader er følsame for kva føresetnader som blir lagde

til grunn, blant anna om innfasing. Miljødirektoratets analyse viser at mange av tiltaka som kan bidra til å fylle det berekna utsleppsgapet er vurdert å ligge under 500 kroner per tonn (gjennomsnittleg samfunnsøkonomisk tiltakskostnad). For

dei tiltaka som følgjer av politiske mål og ambisjonar varierer anslått tiltakskostnad, både opp mot 1 500 kroner per tonn og over 1 500 kroner per tonn. Kostnaden for fleire tiltak er rekna å vere vesentleg høgare i starten av analyseperioden, særleg for dei tiltaka der teknologien i dag er svært umoden. I nokre tilfelle er ikkje teknologien i dag tilgjengeleg, til dømes innanfor nokre tyngre køyretøy. Kostnadene avheng i stor grad av den vidare utviklinga av låg- og nullutsleppsteknologi til bruk i transportsektoren. Slik teknologi blir i hovudsak utvikla utanlands.

Teknisk berekningsutval for klima peiker i sin første rapport på at tilnærminga Miljødirektoratet nyttar i sine tiltaksanalysar ikkje fangar opp alle samfunnsøkonomiske kostnader. Mange kostnadskomponentar er utelatne fordi dei er vanskelege å anslå, for eksempel ikkje-prissette kostnader som tidsbruk og andre (ulike) ulemper brukaren møter dersom forbrukaren går over til å bruke eit ikkje-perfekt substitutt. I tillegg er mange kostnadskomponentar og utsleppseffektar per definisjon ikkje med i analysen, under dette kostnader ved innføring av verkemiddel for å realisere tiltaket. Utvalet peiker også på utfordringar knytta til fastlegging av kostnadene i situasjonar der teknologiutviklinga eller andre forhold inneber endringar i kostnader og økonomisk aktivitet over tid.

Tilrådingane i utvalet sin rapport vil bli følgt opp i arbeidet med Klimakur 2030. Sjå elles boks 11.1 med nærare omtale av utvalet sine hovudtilrådingar i innleiinga.


Val av verkemiddel og utviklinga i kostnader og gjennomføringsmoglegheiter avgjer kva tiltak som faktisk vil bli utløyste. Regjeringa fører ein offensiv klimapolitikk der ei rekkje verkemiddel er styrkte og medverkar til å redusere utslepp. Kapittel 12.4 gir ei omtale av dei viktigaste verkemidla vi har på plass som medverkar til å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp, mens omtala under den enkelte sektor i kapittel 14 gir ei meir detaljert omtale av verkemidla.

14.2 Transport

I dette avsnittet er dei ikkje-kvotepliktige utsleppa innan transportsektoren omtalt. Sektoren er delt i kategoriane vegtrafikk, innanriks sjøfart og fiske og annan transport. Figur 4.2 viser historiske og framskrivne utslepp for desse kategoriane samla. I tillegg er det vist ei utsleppsbane delt i dei tre kategoriane med berekna effekt av å nå regjerings politiske mål og ambisjonar og gjennomføring av tiltak som Miljødirektoratet har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn.

Historiske utslepp

Transport omfattar i utsleppsrekneskapan vegtransport, innanriks sjøtransport og fiske, og annan transport. Mesteparten av utsleppa i transportsektoren er ikkje kvotepliktige. Unntaket er utslepp frå luftfart innafor EØS-området, også inn-



Figur 14.2 Ikkje-kvotepliktige utslepp frå transportsektoren – historiske utslepp, framskrivingar og utsleppsbane

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

anriks i Noreg, som i all hovudsak er underlagt kvoteplikt.

Foreløpige tal viser at utsleppa frå transportsektoren i 2018 var på 15,4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, noko som svarer til rundt 29 pst. av dei totale norske klimagassutsleppa. Kvotepliktig luftfart er ikkje inkludert i tala. Ikkje-kvotepliktige transportutslepp står for 58 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utsleppa frå transportsektoren gjekk opp omlag 0,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar frå 2017. Samanlikna med 1990 har utsleppa auka med rundt 25 pst. Utsleppa er i dag om lag på nivå med utsleppa i 2005.

Vegtrafikk

I 2018 var utsleppa frå vegtrafikk 9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, noko som inneber ein auke på 26 pst. samanlikna med 1990¹⁶. Utsleppa auka fram til 2007 og har etter det lege nokså stabilt på i underkant av 10 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i året. Klimagassutsleppa frå vegtrafikk blei betydeleg redusert frå 2016 til 2017, mens foreløpige tal frå SSB viser at klimagassutsleppa frå vegtrafikk auka frå 2017 til 2018. Hovudforklaringa på dette er at det i 2018 blei omsett betydeleg mindre mengder biodrivstoff, og då særleg palmeolje-basert biodrivstoff. Samstundes blei det totale drivstoffsålet til vegtrafikk redusert i 2018 samanlikna med 2017.

¹⁶ SSBs foreløpige tal for 2018 inneheld for det meste aggregerte tal for transport, men har ei individuell rapportering på vegtrafikk.


Utsleppa frå personbilar var i 2017 på 4,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, eller rundt 53 pst. av utsleppa frå vegtrafikk i 2017. Utsleppa var relativt stabile i perioden 1990 til 2016. Dette trass i at talet på køyrde kilometer har auka med over 50 pst. sidan 1990. Utviklinga kan forklarast med meir drivstoffeffektive køyretøy, innblanding av biodrivstoff og innfasing av elektriske bilar.

Utsleppa frå tunge køyretøy var i 2017 på om lag 2,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, mens utsleppa frå varebilar var på 1,3 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, noko som til saman utgjorde i overkant av 45 pst. av utsleppa frå vegtrafikken. Utslepp frå tunge køyretøy og varebilar er nesten dobla sidan 1990, frå 2,2 millionar tonn CO₂-ekvivalentar til 4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar. Tyngre køyretøy har ikkje hatt ei like positiv utvikling i CO₂-utslipp pr. km som lette kjøretøy. For langdistansebussar har det vore ein liten auke i CO₂-utslipp pr. km dei siste åra, mens for lokalbussane har det vore ein liten nedgang. Tyngre lastebilar har auka sitt CO₂-utslipp pr. km, men fraktar òg noko meir gods.

I tillegg kjem utslepp frå motorsyklar og mopedar.


Innanriks sjøfart og fiske

Utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske var i 2017 på om lag 3 millionar tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde rundt 6 pst. av dei totale klimagassutsleppa, sjå tabell 3.2. Utsleppa i 2017 er på om lag same nivå som i 1990, etter å ha vore til dels betydeleg høgare i mellomliggande år. Det er uvisse



Figur 14.3 Vegtrafikk – historiske utslepp, framskrivning og utsleppsane

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå



Figur 14.4 Innanriks skipsfart og fiske – historiske utslepp, framskriving og utsleppsbane

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

rundt dei reelle utsleppsnivåa, spesielt fordi utslepp frå skip som bunkrar i utlandet, men som har aktivitet i norsk farvatn, ikkje vert spegla i utsleppsstatistikken. I tillegg peika det partsamansette utvalet for CO₂-avgifta og klimatiltak i fiskerinæringa på at dei reelle tala for forbruk av drivstoff i fiskerinæringa ligg eit godt stykke høgare enn rapportert av SSB. Gjennom Garantikassa for fiskarar (GFF) har utvalet hatt tilgang på refusjonstal for drivstoff kjøpt i Noreg til fiske og fangst i nære farvatn. Denne nye berekningsmetoden gir eit førebels utsleppstal for 2018 på 643.000 CO₂-ekvivalentar.

Annan transport

Vi har valt å gruppere ikkje-kvotepiktig innanriks luftfart¹⁷, ikkje-veggåande køyretøy, motorreisepark og jernbane som «annan transport». Utsleppa frå annan transport var på rundt 3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, svarande til meir enn 6 pst. av totalutsleppa av klimagassar i 2017. Utsleppa frå annan transport har auka med om lag 30 pst. sidan 1990. Auken skuldast blant anna stor auke i utslepp frå anleggsmaskiner på grunn av høg aktivitet, mens utsleppa frå ikkje-kvotepiktig innanriks luftfart og jernbane er betydeleg reduserte.


¹⁷ Klimagassutsleppa frå innanriks luftfart som ikkje er kvotepiktig var rundt 0,15 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2017. Det same året var kvotepiktige utslepp frå innanriks luftfart på omtrent 1,1 millionar tonn CO₂-ekvivalentar.

Eksisterande verkemiddel

Regjeringas hovudverkemiddel for å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren er CO₂-avgifta på drivstoff, bilavgiftene, elbilfordelane, omsetningskravet for biodrivstoff og føringar for miljøvennleg arealplanlegging i plan- og bygningslova med tilhørande regelverk og retningslinjer. I tillegg er det ei rekkje andre verkemiddel som påverkar klimagassutsleppa frå sektoren, slik som offentlege anskaffingar, støtteordningar (under dette Enova), miljødifferensierte bompengar, og byvekst-, bymiljø- og belønningssavtalane.

Eingongsavgifta er i dag differensiert mellom anna etter typegodkjente utslepp av CO₂ og NO_x. I Granavolden-plattformen varslar regjeringa at den vil føre vidare skattefordelane for elbilar når det gjeld eingongsavgift og meirverdiavgift i heile denne stortingsperioden. Det er òg varsla at regjeringa vil halde fram med grøn omlegging av eingongsavgifta for kjøp av nye køyretøy ved å auke CO₂- og NO_x-komponentane, og redusere andre komponentar tilsvarande.

Det er ikkje eingongsavgift på køyretøy med tilleten totalvekt over 7 500 kg. Avgrensinga inneber at eingongsavgifta ikkje kan gi insentiv til kjøp av null- og lågutsleppslastebilar slik som for personbilar. Drivstoffavgiftene gir likevel eit kontinuerleg insentiv til å redusere klimagassutsleppa anten ved å redusere forbruket eller investere i nye teknologiar med lågare utslepp. Miljødelen av vektårsavgifta medverkar òg til ein reinare lastebilpark. I tillegg er det innført betydelege insentiv



Figur 14.5 Annan transport – historiske utslepp, framskriving og utsleppsbaner

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

for å stimulere etterspørselen etter nullutslepps- varebilar. Det er m.a. innført ei miljødifferensiert vrakpantavgift for varebilar. Det blir gitt ein vrakpant på 13 000 kr om ein samtidig kjøper eller leiger ein nullutsleppsvarebil.

Frå 2019 er Enova gitt i oppdrag å administrere eit Nullutsleppsfond for næringstransport. Fondet skal medverke til auka bruk av batteri-, hydrogen- og biogassløyser både på land og på sjø. Slike løysingar er venta etter kvart å bli konkurransedyktige utan støtte og Enova skal derfor utforme verkemiddel med sikte på å oppnå varige marknadsendringar.

Nullutsleppsfondet, med ei ramme på over 1 mrd. kroner fram til 2020, vil medverke til reduserte utslepp i ikkje-kvotepliktig sektor, og omstilling av tungtransporten, på ein måte som supplerer Enovas eksisterande satsing godt. Enovas eksisterande satsingar på fylle- og ladeinfrastruktur for nullutsleppstransport held fram under ramma av den eksisterande styringsavtala. Det same gjer Enovas eksisterande satsingar på ny teknologi i transport. Enova vil koordinere satsingane opp mot kvarandre, slik at dei til saman utgjer ein heilskap og medverkar til mest mogleg kostnadseffektiv omstilling.

Det er forskriftsfesta ei opptrapping av omsetningskravet i vegtransport til 20 pst. i 2020. Omsetninga av biodrivstoff har vore over nivået på omsetningskravet dei siste åra. I 2018 var kravet på 10 pst., mens biodrivstoff utgjorde rundt 12 pst. av totalt forbruk av drivstoff til vegtransport i Noreg. Dette skuldast at biodrivstoff omsett utan-

for omsetningskravet ikkje er omfatta av vegbruksavgifta, og dermed har vore rimelegare enn fossilt drivstoff.

Gjennom plansystemet er kommunane gitt føringar om å planleggje for kompakte byar og tettstader, redusert transportbehov og leggje til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Det er i tillegg etablert eit system med bymiljø- og byvekstavtaler i storbyområda. Bymiljøavtaler og byvekstavtaler er gjensidig forpliktande avtaler mellom staten, fylkeskommunar og kommunar for å nå målet om at veksten i persontransport i byområda skal skje med kollektivtransport, sykkel og gange. Avtalene er eit viktig verktøy for å syte for betre samordning i areal- og transportpolitikken. Alle partane, både lokale partar og staten, har ansvar for finansiering av tiltak og oppgåver innanfor ansvarsområda sine, under dette finansierte tiltak innan kollektivtrafikk, sykkel og gange. Byvekstavtalene kan medverke til å avgrense klimagassutsleppa i bytransporten og samtidig medverke til reinare luft, mindre støy og betre framkome i storbyområda.

Innanfor godstransport er det no etablert ordningar for godsoverføring frå veg til sjø og for godsoverføring frå veg til bane. Utbygging av jernbane og infrastruktur for kystfart medverkar òg til å flytte gods frå veg til sjø og bane. Regjeringa har innført ei treårig prøveordning for tilskot til investering i effektive og miljøvennlege hamner, som skal støtte samfunnsøkonomisk lønnsame prosjekt.

Regjeringa vil stille krav til null- eller lågut-sleppsløysingar ved utlysing av nye kontraktar for drift av riksvegferjesamband, der det ligg til rette for det. Aktiv bruk av offentlege anskaffingar og støtteordningar medverkar til at det er venta at rundt ein tredel av bilferjene i landet vil ha heilt eller delvis elektrisk framdrift i 2021. Ferjetrafikken er fordelt mellom 17 riksvegferjesamband og 113 fylkesvegferjesamband. Sjølv om det finst færre riksvegferjer enn fylkesvegferjer, er trafikkfordelinga omtrent likt delt mellom dei to.

Sidan 2017 er det i parkeringsforskrifta stilt krav om at det blir tilbode høve til lading på eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar. Parkeringsforskrifta gjeld for vilkårsparkeing av motorvogn på veg open for alminneleg ferdsel. Den gjeld for både offentlege og private parkeringstilbod.

I 2016 oppretta regjeringa ei femårig tilskotsordning for klimatiltak i fylkeskommunar og kommunar – Klimasats. Ordninga er administrert av Miljødirektoratet og videreføres i 2020. Midlane skal utløse klimatiltak som reduserer utslepp av klimagassar og medverkar til omstilling til lågut-sleppsamfunnet. Om lag 60 prosent av støtta prosjekt har så langt vore retta mot å redusere utslepp frå vegtransport. Utsleppseffekten er ikkje kvantifisert. Det går føre seg ei treårig følgjeevaluering av ordninga frå 2017–2019. Regjeringa har også oppretta ei mellombels satsing på hurtigbåtar med null- eller lågut-sleppsløysingar innafør Klimasats

Det er også ei satsing på null- og lågut-sleppsteknologi i transportsektoren gjennom Pilot-E, som er eit samarbeid mellom Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og Enova. Regjeringa vil utvikle eit meir effektivt og koordinert verkemiddelapparat der viktige verkemiddel på klimaområdet som Innovasjon Noregs miljøteknologiordning, Forskingsrådets klimateknologiprogram og Enova må sjåast i samanheng.

Framskrivning og utsleppsbane

Utsleppa frå transportsektoren er venta å falle frå 15,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2018 til 11,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030. Nedgangen skuldast i hovudsak at det er lagt til grunn at innfasinga av låg- og nullutsleppsbilar vil auke ytterlegare framover.

I tråd med internasjonale retningslinjer er framskrivningane baserte på at dagens innretning av klimapolitikken, både i Noreg og internasjonalt, blir ført vidare. Korleis dagens politikk påverkar framtidige utslepp er usikkert, og uvissa aukar desto lengre fram i tid framskrivningane

strekker seg. Effekten av politikken er blant anna avhengig av utvikling og tilgang på låg- og nullutsleppsteknologi og kostnadene ved å ta slik teknologi i bruk. Det meste av denne teknologiske utviklinga skjer utanfor Noregs grenser.

Regjeringas mål og ambisjonar, mellom anna presentert i Granavolden-plattformen, ligg i det ein kallar utsleppsbane jf. Kap 3.2.

Miljødirektoratet har berekna at effekten av å nå regjeringa sine politiske mål og ambisjonar på transportområdet og gjennomføring av tiltak som dei har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn kan redusere utsleppa med rundt 10,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar utover framskrivninga i perioden 2021–2030. Dette svarar til heile det farga arealet i figur 14.2. Det er teke omsyn til overlappende tiltak slik at utsleppsreduksjonar ikkje blir talde dobbelt. Ein del av dei politiske målsetjingane er vurdert å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad på over 500 kr/tonn. Meir informasjon om dette finst på Miljødirektoratet sine nettsider. Anslaga er usikre og det er ikkje vurdert kva verkemiddel eller nivå på verkemidla som må til for å utløse dei berekna utsleppsreduksjonane, eller kostnader knytte til desse, utover den berekna samfunnsøkonomiske tiltakskostnaden. Val av verkemiddel og utviklinga i kostnader og gjennomføringsmoglegheiter påverkar utsleppsreduksjonane framover.

Sidan framskrivningane blei lagt fram i Nasjonalbudsjettet 2019 har regjeringa sett i verk eller har konkrete planar om nye verkemiddel som det blir gjort greie for i dei følgjande avsnitt.

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil trappe opp den flate CO₂-avgifta med fem prosent årleg for alle sektorar fram til 2025. Provenyet skal brukast til å redusere skattar og avgifter for aktuelle grupper for å lette omstillinga. Andre relevante avgifter (blant anna HFK/PFK) blir auka tilsvarende. Regjeringa foreslår i Statsbudsjettet for 2020 at CO₂-avgifta bli sett opp fem prosent, utover prisjustering.

Regjeringa har gjennom Enova etablert *Nullutsleppsfondet* – eit program for investeringsstønad til næringstransport. I utgangspunktet kan stønaden gå til alle segment av næringstransport. Frå 2019 er Enova gitt i oppdrag å administrere eit Nullutsleppsfond for næringstransport. Fondet skal medverke til auka bruk av batteri-, hydrogen- og biogassløysingar både på land og på sjø. Enova vil koordinere satsingane opp mot kvarandre, slik at dei til saman utgjør ein heilskap og medverkar til mest mogleg kostnadseffektiv omstilling.

Regjeringa har nyleg laga fleire handlingsplanar som omtaler verkemiddel for reduksjon av

klimagassutslepp. Handlingsplan for infrastruktur for alternative drivstoff i transportsektoren tek for seg regjeringas satsing på infrastruktur for å auke bruken av alternative drivstoff. Handlingsplanen er eit bidrag til å gjere marknaden meir føreseieleg for etablering av infrastruktur for alternative drivstoff framover. Regjeringa sitt mål er at etableringa av infrastrukturen så tidleg som mogeleg skal vere marknadsskapt, og på eit tidlegast mogeleg stadium skje utan stønad. I planen varsla regjeringa at Enova er staten sitt verkemiddel for å byggje ned tekniske- og marknadsmessige barrierar for introduksjon og utbreiing av null- og lågutsleppsteknologi i transportsektoren i ein tidleg fase. Regulatoriske verkemiddel, informasjon og forsking- og utvikling er også viktige.

Handlingsplan for grøn skipsfart presenterer regjeringas styrka satsing på grøn skipsfart, der ambisjonen er å halvere utsleppa frå fiske og innanriks skipsfart innan 2030. Planen er omtalt under *innanriks sjøfart og fiske*.

Planen for fossilfri kollektivtrafikk innan 2025 viser at fossilfri kollektivtrafikk er i ferd med å bli konkurransedyktig samanlikna med konvensjonell kollektivtrafikk. I planen varsla regjeringa mellom anna ei vidareført satsing på Enova og vurdering av krav til fossilfri kollektivtrafikk.

Vidare vil regjeringa ha ein heilskapleg strategi for forsking, teknologiutvikling og bruk av hydrogen. Regjeringa vil leggje fram planen innan utgangen av året.

Regjeringa har varsla at den vil stille krav til nullutsleppstransport i leveransar til det offentlege, der det ligg til rette for det. I den kommande handlingsplanen om klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon, vil regjeringa vurdere korleis det kan gjennomførast.

Vegtransport

Utsleppa frå vegtransport er venta å falle frå 9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2018 til 6,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030, sjå tabell 13.2. Nedgangen skuldast i hovudsak at det er lagt til grunn at innfasinga av låg- og nullutsleppsbilar vil auke ytterlegare framover. I framskrivinga er det lagt til grunn 16 pst. innblanding av biodrivstoff i reelt volum (20 pst. med dobbeltteljing for avansert biodrivstoff¹⁸). Denne innblandingsprosenten er ført vidare i heile framskrivingsperioden. Salet i 2018 var på 12 prosent biodrivstoff (16,9 med dobbeltteljing for avansert biodrivstoff).

Regjeringa har ulike mål knytte til innfasing av null- og lågutsleppsteknologiar i vegtransporten. Blant anna har regjeringa eit mål om at 100 pst. av

nybilsalet av personbilar skal vere nullutsleppsbilar innan 2025. Aukande teknologisk mogning i dei ulike delane av transportsektoren, slik at nullutsleppsløysingar blir konkurransedyktige mot fossile transportløysingar, ligg til grunn for måla om utsleppsreduksjonar. Miljødirektoratet har berekna at effekten av å nå regjeringa sine politiske mål og ambisjonar for vegtransporten og gjennomføring av tiltak som dei har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn kan redusere utsleppa med nesten 7,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar utover framskrivinga i perioden 2021–2030. Det er stor uvisse knytt til teknologisk utvikling og kostnader ved tiltaka.

Stortinget vedtok 29. november 2018 at Noreg skal ta inn EØS-rettsakter om CO₂-utsleppsstandardar for person- og varebilar i norsk rett. Regjeringa vil arbeide for at Noreg omfattast av EUs regelverk på området. Dette vil vere viktig for at den norske marknaden blir prioritert av køyretøyproduzentane i åra framover.

Innanriks sjøfart og fiske

Utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske er venta å falle frå 3 mill. tonn CO₂-ekv. i 2017 til 2,4 mill. tonn CO₂-ekv. i 2030 (sjå tabell 13.2). I framskrivingane er det lagt til grunn at nedgangen held fram blant anna som følgje av vidare teknologiutvikling. Gjennom Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Enova blir det i dag brukt betydelege midlar på støtte til introduksjon av null- og lågutsleppsteknologi i maritim sektor. Fleire ferjekontraktar som stiller krav om null- eller lågutsleppsløysingar er inngått, og det er mellom anna lagt til grunn at rundt ein tredel av bilferjene i landet vil ha elektrisk framdrift i 2021.

Miljødirektoratet har berekna at effekten av å gjennomføre tiltak som dei har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn kan redusere utsleppa med rundt 1,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar utover framskrivinga i perioden 2021–2030. Vidare elektrifisering av ferjer er det største tiltaket i berekninga.

Regjeringa har som ambisjon å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030.

¹⁸ Avansert biodrivstoff vert framstilt av restar og avfall som definert i produktforskrifta kap. 3, vedlegg V. Biodrivstoff som vert framstilt frå råstoff som etter produktforskrifta er klassifisert som avanserte vert talt dobbelt innanfor omsetjingskravet. I 2020 er delkravet om avansert biodrivstoff på 4 %, men på grunn av regelen om dobbeltteljing vert det talt som 8 % innanfor det generelle omsetjingskravet. Dobbeltteljing skal fremje bruk av avansert biodrivstoff.

Regjeringa har derfor lagt fram ein handlingsplan for grøn skipsfart. I planen er presentert klimatil- tak for dei ulike fartøyskategoriane; hurtigbåtar og ferjer, cruiseskip, lasteskip, offshorefartøy, oppdrettsfartøy, fiskefartøy og fritidsbåtar. Det er betydelege forskjellar mellom fartøyskategori- ane. Det krev derfor ulike tiltak for å stimulere til innfasing av null- og lågutsleppsløysingar. Regje- ringa foreslår at det frå 1. januar 2020 blir innført full CO₂-avgift for mineralske produkt for fiske og fangst i nære farvatn. Samstundes foreslår regje- ringa at det blir introdusert ei kompensasjonsord- ning for å lette omstillinga.

Regjeringa vil vurdere eit omsetjingskrav for avansert biodrivstoff og biogass i skipsfarten, og har gitt Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet i oppdrag å sjå nærare på korleis ein kan gjere dette.

Regjeringa vil at den positive utviklinga innan ferjesektoren skal spreie seg til hurtigbåt-segmen- tet. I Revidert Nasjonalbudsjettet 2019 tildelte regjeringa difor 25 mill. kroner til ei førebels øyre- merkt satsing på utsleppsfrie hurtigbåtar i Klima- sats. I handlingsplanen for grøn skipsfart varsla regjeringa at den vil arbeide vidare med ei støtte- ordning for fylkeskommunar som stiller krav om låg- og nullutsleppsløysingar i hurtigbåtanbod. Regjeringa foreslår i Statsbudsjettet for 2020 at det blir sett av 80 mill. kroner til ei styrking av den førebelse ordninga retta mot hurtigbåtar i Klima- sats.

Annan transport

Ikkje-kvotepliktige utslepp frå annan transport (innanriks luftfart, ikkje-veggåande køyretøy, jern- bane, motorreiskap, fritidsbåtar mv.) er venta å gå noko ned fram til 2030. Det er venta at utsleppa frå kategorien blir reduserte frå 3 millionar tonn CO₂- ekv. i 2017 til 2,8 millionar tonn CO₂-ekv. i 2030 (sjå tabell 13.2). Framskrivinga gir eit anslag på utvikling av utsleppa framover gitt at dagens ver- kemiddel og teknologiutvikling blir ført vidare.

Miljødirektoratet har anslått at effekten av å gjennomføre tiltak som dei har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kro- ner per tonn kan redusere utsleppa frå motorrei- skap med rundt 1,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar

utover framskrivinga i perioden 2021–2030. Tilt- aka går ut på elektrifisering av ikkje-veggåande maskiner og køyretøy. Det er stor forskjell i kor grundig Miljødirektoratet har utgreidd utslepps- reduserande tiltak innan dei ulike underseg- menta. Tiltakskostnader for annan transport er meir usikre og mindre detaljert berekna enn til- takskostnadene for køyretøy.

Regjeringa varsla i Granavolden-plattformen at den i samarbeid med bransjen vil leggje til rette for at byggje- og anleggsplassar skal vere fossilfrie innan 2025. Det offentlege har eit spesielt ansvar for at byggjeplassar i offentlig regi går føre som gode førebilete. Samferdselsdepartementet vil utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren som varsla i nasjonal transportplan (2018–2029). Utsleppa kan reduse- rast med alternative drivstoff, betre logistikk, massehandtering og teknologiske forbetringar.

Regjeringa har i Revidert nasjonalbudsjett 2019 sett av midlar til ei ny støtteordning som skal leggje til rette for godsoverføring frå veg til bane. Isolert sett kan dette auke utsleppa frå bane, men redusere utsleppa frå vegtrafikken meir.

Frå 2020 blir det innført eit omsetningskrav for biodrivstoff i luftfart. Kravet som blir innført inne- ber at dei som sel drivstoff til luftfart frå 2020 skal omsetje 0,5 prosent avansert berekraftig biodriv- stoff totalt sett over året. Regjeringa har som ambisjon at omsetningskravet for biodrivstoff i luftfarten blir trappa opp til 30 pst. i 2030, i tråd med tilgangen på sertifisert biojetdrivstoff innan- for dei tekniske moglegheitene som er til stades.

Miljødirektoratet har berekna at effekten av å nå regjeringas ambisjonar om 30 prosent innblan- ding av biodrivstoff i ikkje-kvotepliktig luftfart kan redusere utsleppa med rundt 340 000 tonn CO₂- ekvivalentar utover framskrivinga i perioden 2021–2030.

Regjeringa er positiv til elektrifisering av luft- farten og har bede Avinor og Luftfartstilsynet utarbeide eit program som skal leggje til rette for dette. For å framskande innfasinga av elektriske passasjerfly har Luftfartstilsynet inngått ei avtale med det europeiske flytryggleiksbyrået (EASA). Avtala omfattar mellom anna utvikling, testing og godkjenning av ny teknologi for både fly og infra- struktur.

Boks 14.3 Nokre klimamål- og ambisjonar på transportområdet

Regjeringa vil leggje til rette for betydelege utsleppsreduksjonar i transportsektoren. Ny teknologi, bruk av biodrivstoff, utbygging av infrastruktur for nullutsleppskøyretøy og skatte- og avgiftspolitikken vil vere viktige verkemiddel for å nå målet om at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050. Regjeringa si satsing på gods-, kollektiv-, gang- og sykkeltiltak vil òg medverke til å redusere utslepp frå sektoren.

Aukande teknologisk mogning i dei ulike delane av transportsektoren, slik at nullutsleppsløysingar blir konkurransedyktige mot fossile transportløyser, ligg til grunn for måla om utsleppsreduksjonar.

Regjeringa vil:

- ha ein ambisjon om å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030, samanlikna med 2005.
- leggje til grunn følgjande måltal for nullutsleppskøyretøy i 2025:
 - Nye personbilar og lette varebilar skal vere nullutsleppskøyretøy
 - Nye bybussar skal vere nullutsleppskøyretøy eller bruke biogass
- innan 2030 skal nye tyngre varebilar, 75 pst. av nye langdistansebussar og 50 pst. av nye lastebilar vere nullutsleppskøyretøy
- innan 2030 skal varedistribusjonen i dei største bysentra vere tilnærma nullutslepp
- ha ein ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks skipsfart og fiske innan 2030.
- starte arbeidet med eit bilavgiftssystem som er berekraftig etter 2025.
- føre vidare skattefordelane for el-bil når det gjeld eingongsavgift og meirverdiavgift i heile stortingsperioden for å nå 2025-måla.
- ha ein ambisjon om at innan 2030 skal 40 pst. av alle skip i nærskipfart bruke biodrivstoff eller vere låg- og nullutsleppsfartøy
- støtte opp under fylkeskommunane sitt høve til å tilby klimavennlege kollektivtilbod

- sikre at alle nye riksvegferjer nyttar låg- eller nullutsleppsløysingar, og medverke til at fylkeskommunale ferjer og hurtigbåtar nyttar låg- og nullutsleppsløysingar
- vurdere krav til fossilfri kollektivtrafikk
- ha eit omsetningskrav på 0,5 pst. berekraftig avansert biodrivstoff i luftfart frå 2020, med mål om 30 pst. i 2030.
- utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren
- leggje til rette for at meir gods på dei lange distansane blir transportert på sjø og bane
- leggje til rette for rask utbygging av ladeinfrastruktur i heile landet, gjennom ein kombinasjon av offentlege verkemiddel og marknadsbaserte løysingar, for å halde tritt med auken av delen elektriske transportmiddel.
- at Enova skal vere statens verkemiddel for å støtte utviklinga av infrastruktur for alternative drivstoff i den tidlege fasen der det er behov for offentleg støtte.
- syte for at arealpolitikken blir samordna betre med utbygging av infrastruktur.
- gjennom Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og Enova medverke til forskning og utvikling av nullutsleppsløysingar for transport. Reduserte klimagassutslepp er ikkje ein del av hovudmålsetjinga til Forskingsrådet

Omgrepet nullutsleppsteknologi i transport omfattar bruk av elektrisitet og hydrogen som energikjelde i batteri eller brenselceller, som ved bruk ikkje har utslepp av klimagassar. Batterielektrisk teknologi og hydrogenteknologi er begge elektriske framdriftsløysingar. Lågut-sleppsteknologi er hybride løysingar som kombinerer forbrenningsmotor med elektrisk motor.


14.3 Andre sektorar

14.3.1 Innleiing

I dette avsnittet er dei ikkje-kvotepliktige utsleppa utanom transportsektoren omtalt. Desse sektorane er jordbruk, industri, petroleum, energiforsyning, oppvarming, F-gassar¹⁹ og andre utslepps-

kjelder. Figur 14.4 viser historiske og framskrivne utslepp for desse sektorane samla. I tillegg er det vist ein utsleppsbane delt i sektor med berekna effekt av å nå regjeringas politiske mål og ambisjonar samt gjennomføring av tiltak som Miljø-

¹⁹ F-gassar er fluorhaldige gassar, og omfattar HFK, PFK og SF₆.



Figur 14.6 Historiske utslepp, framskriving og utsleppsbane, for alle ikkje-kvotepliktige kjelder utanom transport

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

direktoratet har estimert til å ha ein samfunnsøkonomisk kostnad under 500 kroner per tonn.

14.3.2 Jordbruk

Historiske utslepp

I 2018²⁰ var utsleppa frå jordbrukssektoren på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, noko som svarar til om lag 8,4 pst. av dei totale norske utsleppa av klimagassar. Sektoren er ikkje underlagt kvoteplikt, og utsleppa frå sektoren svarar til om lag 17 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa.

Utsleppa har auka noko dei siste åra, grunna auke i tal storfe og sau, men utsleppa var stabile mellom 2017 og 2018. Utsleppa som er rekna inn under denne sektoren er i hovudsak metan (CH₄) frå husdyrtarmgass og gjødsellager, og lystgass (N₂O) frå gjødsellager, gjødsla mark og organisk jord. Berekna utslepp heng derfor tett saman med mengda husdyr, gjødsel og organisk jord. Desse storleikane har vore relativt stabile sidan 1990. Utsleppa frå jordbruket utgjorde i 2018 omtrent halvparten av dei totale norske utsleppa av metan og tre firedelar av lystgassutsleppa. Sidan 1990 har utsleppa gått ned med rundt 4 pst. Viktige årsaker er mindre bruk av nitrogenhaldig mineralgjødsel, bruk av kraftfôr og færre storfe som følge av redusert og meir effektiv mjølkeproduksjon. CO₂-utsleppa frå kalking har òg gått ned sidan 1990. Trass auka produksjon har endringar i

jordbruket medverka til at utslepp frå energiforbruk i jordbruket er redusert med 30 pst. sidan 1990.

Eksisterande verkemiddel

Jordbruket kan motverke klimaendringane på fleire måtar; ved å redusere eigne utslepp, auke opptaket av klimagassar, eller ved å skaffe fornybare løysingar som reduserer utsleppa i andre sektorar. Det er òg viktig at jordbruket tilpassar seg eit klima i endring. Dagens verkemiddel i jordbrukssektoren skal medverke til å oppfylle jordbruks-, distrikts-, klima-, og miljøpolitiske målsetjingar. Dei ulike måla kan komme i konflikt med kvarandre, og må balanserast opp mot kvarandre.

Regjeringas hovudverkemiddel i jordbrukssektoren er støtteordningar og krav i dei årlege jordbruksavtalane. Lovregulering, regulering av råvareprisar, differensiert meirverdiavgift og opplysningstiltak er i tillegg etablerte delar av verkemiddelbruken for å nå jordbrukspolitiske mål.

Utsleppa i jordbrukssektoren er ikkje omfatta av avgifter. Det er få verkemiddel i jordbruket som er særskilt utforma for å redusere jordbrukets utslepp av klimagassar. Innovasjon Noreg og Enova forvaltar støtte til prosjekt, bygningar og anlegg som blant anna tek sikte på å redusere utsleppa av klimagassar. Verkemiddel innan utvikling av fôr, avl og dyrehelse har medverka til noko reduserte utslepp sett over fleire år. Det er viktig at ein i det vidare arbeidet vektlegg at produksjon

²⁰ Tal for 2018 er foreløpige.

av mat skjer med lågast mogleg klimagassutslepp per produsert eining.

I juni 2019 underteikna regjeringa og jordbrukets organisasjonar ei intensjonsavtale om reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er sett eit mål om at utsleppa samla skal reduserast med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar over perioden 2021–2030. Klimaavtala vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover.

Eit teknisk berekningsutval for jordbruket vart nedsett i november 2017 og hadde som mandat å sjå på metodar for korleis utsleppsrekneskapen for jordbruket kan utviklast vidare. Utvalet avslutta sitt arbeid 1.7.2019. Utvalet har vurdert moglege betringar i utslepprekneskapen for jordbruks- og arealsektoren med tanke på at rekneskapen betre skal reflektere faktiske utslepp, og med tanke på at effekten av tiltak skal komma til syna. Rapporten frå teknisk berekningsutval, og samarbeidet innafor ei klimaavtale med jordbruket, gir grunnlag for ei samla tilnærming til klimaarbeid i jordbruket. FoU er òg viktig for å få fram gode tiltak og resultat framover, og kunnskapsgrunnlaget er under konstant utvikling.

Framskrivning og utsleppsbane

Utsleppa frå jordbruket er anslått å liggje relativt stabilt også i åra framover. Produksjonen er anslått å auke med befolkninga, men effektivisering gjer at utsleppa ikkje aukar tilsvarande. Talet på husdyr, mengde gjødsel og areal med organisk jord veg tungt i utsleppstal og framskrivingar. Det er relativt stor uvisse i utsleppstala for jordbrukssektoren, framfor alt på grunn av uvisse i utsleppfaktorane som blir brukte for å berekna lystgass frå jordbruksjord.

Miljødirektoratet har med innspel frå andre, samanstillt tiltak med berekna potensiale for å redusere utsleppa frå jordbrukssektoren med ca. 5 mill. tonn CO₂-ekv. Utsleppspotensialet er basert på framskrivinga gjort i Perspektivmeldinga 2017 og i Nasjonalbudsjettet 2019 for perioden 2021–2030. Se utsleppsbane i figur 14.6. Miljødirektoratet anslår at tiltaka har ein gjennomsnittleg samfunnsøkonomisk kostnad for åra 2021–2030 på under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar. Det er stor uvisse knytt både til potensialet for utsleppsreduksjon og til kostnadene ved tiltaka. Mellom anna er det medrekna helsegevinstar for forbrukarane ved tiltaket overgang frå raudt kjøt til vegetabilsk og fisk. Kostnader ved, mellom anna avrenning av næringsstoff, påverknad på vassmiljø og effektar på kulturland-

skapet og sysselsetting, er derimot ikkje medrekna. I tillegg kjem kostnader ved eventuelle verkemiddel for å utløyse tiltaka.

For nokre av tiltaka som er vurderte av Miljødirektoratet, vil effekten av eventuelle utsleppsendringar bli rapportert i jordbrukssektoren, mens tiltaka vil vere innretta mot aktørar utanfor sektoren. For eksempel vil tiltaka «mindre matsvinn» og «overgang frå kjøt til vegetabilsk og fisk» som er omtalt nedanfor, bli rapportert under jordbrukssektoren. Det er i jordbrukssektoren dei fysiske utsleppskutta skjer, men desse tiltaka vil krevje endringar hos forbrukar, matindustrien og daglegvarehandelen for å kunne utløysast. På den andre sida har bonden høve til å påverke utslepp knytte til energibruk på garden og i samband med næringsverksemda generelt, men i utsleppsstatistikken inngår desse utsleppa i andre sektorar som bygg, transport og LULUCF.

Når myr (organisk jord) blir kultivert, blir karbon- og nitrogenhaldig materiale gradvis brote ned og gir utslepp av høvesvis CO₂ og N₂O. Å unngå nydyrking av myr kan ifølgje Miljødirektoratet redusere N₂O-utsleppa med om lag 0,2 millioner tonn CO₂-ekvivalentar samla for perioden 2021–2030. Utslepp av N₂O ved omdisponering av myr til jordbruksformål, er bokført i jordbrukssektoren. I tillegg kjem nedgang i CO₂-utslepp som er bokført i LULUCF-sektoren sjå 14.3.6. Stortinget har no vedteke restriksjonar mot nydyrking av myr, og det skal utarbeidast ei forskrift. Berekning av potensial for utsleppreduksjonar ved stans i nydyrking er sterkt avhengig av kor mykje nydyrking som ville skjedd framover utan nye verkemiddel, altså mengda nydyrking som ligg i framskrivingane. I framskrivingane i figur 14.6 ligg det estimert ei nydyrking på 4000 daa myr per år framover. I nye framskrivingar for arealutviklinga, til omtala av LULUCF i 14.3.6, er mengda nydyrking av myr justert ned til 2000 daa myr per år. Dersom denne berekninga blir lagd til grunn, vil potensialet for utsleppsreduksjonar minske til halvparten av anslaget frå Miljødirektoratet.

Produksjonen av kjøt medverkar til større klimagassutslepp enn produksjon av vegetabilsk mat. Miljødirektoratet har berekna at ein overgang frå raudt kjøt til vegetabilsk/fisk i medhald av kosthaldsråda (Helsedirektoratet, 2011) kan redusere utsleppa tilsvarande 2,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar akkumulert i perioden 2021–2030. Tiltaket føreset at forbrukarane sine preferansar blir endra og at produksjonen av raudt kjøt i Noreg endrar seg i takt med endringa i etterspørsel. Då dette tiltaket handlar om ei forbruks-

endring, vil tiltaket ikkje primært vere innretta mot jordbrukssektoren. Utsleppsverknaden ligg derimot i jordbrukssektoren. Dersom utsleppsreduksjonen er det primære, kan reduserte subsidiar til produksjon av raudt kjøt vere effektivt. Produksjon av raudt kjøt får mest støtte per kg og kilokalori og har samstundes høgast utslepp. Reduserte subsidiar eller produksjonsavgift på norsk raudt kjøt kan derimot gi auka import frå land utan tilsvarande klimaregulering og slik gi «karbonlekkasje».

Miljødirektoratet har vurdert eit tiltak som inneber at matsvinnet blir halvert for alle matvaregrupper innanfor både matindustri, grossist, daglegvare og i hushalda, og at produksjon og utslepp i primærleddet blir justerte ned tilsvarande. Tiltaket krev samarbeid mellom ulike aktørar i næringsmiddelkjeda og ei endring i åtferda til forbrukarar. Miljødirektoratet anslår at redusert matsvinn kan redusere utsleppa med rundt 1,1 millionar tonn CO₂-ekvivalentar akkumulert i perioden 2021–2030. Regjeringa og heile den norske matbransjen inngjekk i juni 2017 ei avtale om å redusere matsvinnet i Noreg med 50 pst. innan 2030.

Det er anslått at ei betre utnytting av husdyr- og mineralgjødsel kan redusere utsleppa tilsvarande 0,25 mill. tonn CO₂-ekvivalentar akkumulert i perioden 2021–2030. I seinare år er det gjort endringar i tilskot for å betre gjødselhandteringa. Forslag til endringar i regelverket for gjødsel ligg til vurdering i departementa.

Miljødirektoratet har òg vurdert eit tiltak der 20 pst. av husdyrgjødsel innan 2030 blir overført til biogassbehandling, slik at utslepp av metan frå gjødsel kan overførast til energiformål. Miljødirektoratet anslår at tiltaket kan redusere utsleppa i jordbruket med om lag 0,4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar akkumulert i perioden 2021–2030. I tillegg til støtteordningar for biogassanlegg innanfor Innovasjon Noreg og Enova, er det under jordbruksavtala tilskotsordning for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg.

Det pågår òg fleire prosessar som kan medverke til framtidige utsleppsreduksjonar i jordbruket.

Nyare utgreiingar levert til jordbruksoppgjevert 2019 viser også eit potensiale for å auke, eller dempe nedgangen av, karboninnhaldet i jord, men dette er førebels vanskeleg å overvake og synleggjere i klimarekneskapen. Tilsvarande finst gode haldepunkt for at tiltak og verkemiddel som er mynta på andre omsyn, til dømes avrenning og beitebruk, bidreg positivt også for utslepp eller opptak av klimagassar. Slike resultat framkjem likevel ikkje så godt av klimagassrekneskapen,

fordi tiltaka ikkje har stor effekt enno, eller ikkje er dokumentert i tråd med dei krava som gjeld for rekneskapen.

14.3.3 Industri- og petroleumssektoren

Historiske utslepp

I 2018²¹ var dei samla utsleppa frå industrien²² og petroleumssektoren²³ 26,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, noko som svarar til om lag halvparten av dei totale norske utsleppa. Over 90 pst. av utsleppa er kvotepliktig og ein del av det europeiske kvotesystemet.

Industrien sleppte ut 12,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, eller 23 pst. av totale norske utslepp av klimagassar i 2018. Fra 2017 til 2018 var utsleppane relativt stabile. Samanlikna med 1990 er det ein nedgang på nesten 40 pst. Nedgangen skuldast i stor grad reduserte utslepp av andre klimagassar enn CO₂.

Dei verksemdene som ikkje har kvoteplikt i industrien er mindre verksemdar eller verksemdar med låge utslepp, som næringsmiddelindustri, vareproduksjon, asfaltverk og liknande. I tillegg har ein del kvotepliktige verksemdar utslepp av klimagassar som ikkje er omfatta av kvoteplikt. Dette gjeld blant anna diffuse utslepp av metan og CO₂ omdanna frå nmVOC²⁴, frå raffineri og lystgass frå fullgjødselproduksjon. Ikkje kvotepliktige utslepp i industrien var i 2018 på omkring 1,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, som svarar til rundt 4 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa.

Utslepp frå petroleumssektoren var 14,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2018, ein nedgang på 1,4 pst. sidan 2017. Dei totale utsleppa frå sektoren auka med om lag 80 pst. frå 1990 fram til andre halvdel av 2000-talet, i hovudsak som følgje av auka aktivitet. Dei siste ti åra har ikkje utsleppa auka, men det er årlege variasjonar. Hovudkjeldene til utslepp av CO₂ er frå kraftproduksjon med gassturbinar offshore. Desse utsleppa er underlagt kvoteplikt.

Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå petroleumssektoren er rekna til omkring 1,1 mill. tonn

²¹ Tal for 2018 er foreløpige.

²² Industrisektoren svarar til industri og bergverk i den norske utsleppsrekneskapen.

²³ Petroleumssektoren svarar her til olje- og gassutvinning i den norske utsleppsrekneskapen og omfattar utslepp frå alle faste og flytande innretningar på norsk sokkel og motaks- og behandlingsanlegg på land. Sektoren inkluderer ikkje oljeraffineri og petrokjemi, som er inkludert i industrisektoren.

²⁴ Flyktige organiske bindingar unnateke metan forkortast nmVOC (non-methane volatile organic compounds).

CO₂-ekvivalentar, eller om lag 4 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa. Det er hovudsakleg utslepp av metan og CO₂ omdanna frå nmVOC, frå kaldventilering og diffuse utslepp og fordamping ved lasting og lagring av råolje og andre petroleumsprodukt. Overslaget for ikkje-kvotepliktige utslepp er ein del for høgt, då det er basert på ein berekningsmetode som sidan har blitt endra, men som førebels ikkje er innarbeidd i utsleppsrekneskapen. Dette gjer òg framskrivinga og tiltaksvurderinga for petroleumssektoren uviss.

Som beskrive over er det også ikkje-kvotepliktige utslepp frå petroleum og industri. I dette kapitlet er det utsleppsbane for desse utsleppa som er omtalt, i tråd med klimalova § 6.

Eksisterande verkemiddel

Regjeringa sitt hovudverkemiddel for å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp frå fastlandsindustrien og petroleumssektoren er avgifter på utslepp av klimagassar.

I industrien omfattar CO₂-avgifta det meste av bruken av fossile brensle til stasjonær forbrenning i ikkje-kvotepliktig industri og avgifta ligg på 508 kr/tonn CO₂. Avgift dekkjer òg det meste av dei ikkje kvotepliktige utsleppa i petroleumssektoren. Avgiftssatsen i 2019 på naturgass som blir sleppt ut til luft på sokkelen er 7,41 kroner, som svarer til om lag 460 kroner per tonn CO₂-ekvivalent. Avgifta stiller operatørane overfor ein betydeleg pris på utslepp og er forventa å medverke til utsleppsreduksjonar i åra framover. Årsaka til at dei resterande utsleppa ikkje er omfatta av avgifta er at dei er små og vanskeleg å talfeste tilstrekkeleg nøyaktig.

Utslepp av klimagassar er omfatta av forureiningslova. Med heimel i lova kan ein regulere utsleppa, til dømes ved å setje utsleppsgrenser eller krevje bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT). BAT-krav kan medverke til å auke spreingstakten av nye og betre teknologiar og kan dermed redusere utslepp på sikt.

Det er sett utsleppsgrenser for lystgass frå fullgjødselproduksjon. For andre lystgassutslepp er det krav om BAT.

Det er også sett utsleppsgrenser for kaldventilering og diffuse utslepp av metan og nmVOC frå enkelte offshorefelt og petroleumsanlegga på land. Som følge av ny teknologi, industrisamarbeid og myndigheitskrav, og redusert oljeproduksjon, har utsleppa av nmVOC frå råoljelasting sidan starten av 2000-talet blitt redusert med over 75 pst. Anna fastlandsindustri har ikkje

utsleppsgrenser for metan og nmVOC, men krav om BAT.

Både petroleumssektoren og fastlandsindustrien har krav om energileiing, gitt i medhald av forureiningslova. Energileiing skal medverke til energieffektiv produksjon, som i mange tilfelle òg medverkar til reduserte klimagassutslepp. Forureiningslova kan òg brukast til å påleggje verksemdene å utgreie nye utsleppsreducerande tiltak. Det gjeld både petroleumssektoren og fastlandsindustrien.

Enova støttar prosjekt både i den landbaserte industrien og petroleumssektoren som mellom anna medverkar til å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar. Enova støttar innovative, energieffektive og miljøvennlige løysingar med mål om å medverke til varige marknadsendingar slik at desse løysingane på sikt blir standard.

Framskriving og utsleppsbane

I følge framskrivingane av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå industri- og petroleumssektoren vil utsleppa reduserast med om lag 17 pst. fram mot 2030, sjå tabell 13.2. Det er blant anna venta at meir effektive produksjonsprosessar vil medverke til desse reduksjonane.

Miljødirektoratet har identifisert 6 tiltak som kan redusere ikkje-kvotepliktige utslepp i industri og petroleumssektoren og som dei har anslått har ein samfunnsøkonomisk tiltakskostnad under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar. Det berekna potensialet for utsleppsreduksjon frå desse tiltaka er om lag 2,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar akkumulert i perioden 2021–2030. Figur 14.6 viser den samla effekten av desse tiltaka. Det er stor uvisse knytt både til utsleppsreduksjonspotensialet og til kostnadene ved tiltaka. Det er òg mogleg at delar av utsleppsreduksjonane i det berekna reduksjonspotensialet vil utløysast med eksisterande verkemiddel, jf. blant anna auken i avgiftssatsen på utslepp av naturgass i petroleumssektoren frå 2017.

I industrien går tiltaka hovudsakleg ut på å utnytte potensialet for varmegjenvinning, og å konvertere bruk av olje og gass til fornybare alternativ. Overgang til bruk av meir trekol av metallurgisk kvalitet i metallindustrien er òg eit utgreidd tiltak. Tiltaka er oppdatert sida fjorårets rapportering, og tiltakspotensialet i perioden 2021–2030 er justert ned med rundt 0,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Hovudårsaka til denne justeringa er at meir av tiltakspotensialet truleg vil bli utløyst med dagens verkemiddel, og allereie ligg i framskrivingane.

Innanfor næringsmiddelindustrien og asfaltindustrien er det identifisert eit potensial for omlegging til fornybare energiberarar og gjenvinning av energi. Overgang til bruk av meir trekol av metallurgisk kvalitet i metallindustrien er eit aktuelt tiltak for store delar av industrien i Noreg, og fleire FoU-prosjekt går no føre seg med støtte frå verke-middelapparatet.

Tiltaka innanfor petroleumssektoren er primært auka gjenvinning av metan og nmVOC ved råoljelasting offshore, og reduksjon av utslepp frå kaldventilering og diffuse utslepp offshore. Nye innretningar med prosessanlegg kan utformast for å gi lågare utslepp av metan, men i praksis vil nokre prosessar ikkje kunne gjerast utsleppsfrie. Miljødirektoratet sitt arbeid med å kartleggje høve til reduksjonar i ikkje-kvotepliktige utslepp frå landanlegga i petroleumssektoren vil også kunne identifisere nye tiltak.

Det er uvisse knytt til korleis dagens verke-middel vil påverke utslepp. Det er ei rekkje prosjekt og pågåande prosessar som kan medverke til utsleppskutt både i industri- og petroleumssektoren utover dei framskrivingane som er baserte på ei vidareføring av eksisterande verkemiddel, jf. figur 14.6. I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil trappe opp den flate CO₂-avgifta med 5 pst. årleg for alle sektorar, og at provenyet brukast til å redusere skattar og avgifter for berørte grupper for å lette omstillinga. CO₂-avgifta i petroleumsvirksomheten vert foreslått auka med 5 pst. utover prisjustering i 2020-budsjette. Skattar og avgifter frå petroleumsvirksomheten blir overført til Statens pensjonsfond utland.

14.3.4 Energiforsyning og oppvarming

Historiske utslepp

Energiforsyning og energi til oppvarming i Noreg er i stor grad basert på elektrisitet frå fornybare energikjelder som vasskraft og vindkraft, og har derfor låge utslepp. Utslepp frå energiforsyning og oppvarming var til saman rundt 2,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2018²⁵, eller rundt 5 pst. av totale klimagassutslepp. Mellom 2017 og 2018 gjekk utsleppa ned med om lag 11 pst.

Av dei totale utsleppa frå energiforsyning og oppvarming utgjorde dei ikkje-kvotepliktige utsleppa rundt 1,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar eller rundt 7 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa. Den påfølgjande omtala i delkapitlet vil omhandle dei ikkje-kvotepliktige utsleppa.

Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i energiforsyning kjem hovudsakleg frå brenning av avfall²⁶ der spillvarmen blir nytta i fjernvarme. I tillegg er det noko utslepp frå bruk av fyringsolje og naturgass i fjernvarmeanlegg kor det blir nytta som spisslast og til beredskap, og frå bruk av kol til varme- og elektrisitetsproduksjon på Svalbard. Dei totale utsleppa frå avfallsforbrenning har auka frå om lag 200 000 tonn CO₂-ekvivalentar i 1990 til om lag 950 000 tonn CO₂-ekvivalentar i 2017. Dette skuldast mellom anna at innføringa av deponiforbodet førte til at meir avfall gikk til forbrenning.

Utslepp frå oppvarming i andre næringar og bustader er i hovudsak CO₂ frå forbrenning av fyringsolje og gass. Utsleppene frå denne kjelda er redusert med om lag 70 pst. sida 1990. Utsleppene gikk ned rundt 20 pst. frå 2017 til 2018, truleg som følge av at fleire allereie har forberedt seg til forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming som trer i kraft frå 2020.

Eksisterande verkemiddel

Hovudverkemiddelet for å redusere ikkje-kvotepliktig utslepp frå energiforsyning og oppvarming er CO₂-avgift på mineralolje, parafin og naturgass. I tillegg kjem grunnavgift på mineralolje.

Det er i tillegg innført verkemiddel for å redusere utslepp frå oppvarming av bygg. Etter 2016 har det vore forbode å installere fossil oppvarmingsløyning i nye bygg gjennom byggt teknisk forskrift. I juni 2018 fastsette regjeringa ei forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar, som trer i kraft frå 2020. Regjeringa har i tillegg vedteke ei tilleggsregulering som inneber at bruk av mineralolje til oppvarming av driftsbygningar i landbruket blir forbode frå 2025. Enova har lenge støtta tiltak for redusert energibruk og utfasing av oljefyr både i bustader og hushald og yrkesbygg. Når forbodet trer i kraft i 2020 avsluttast støtta. I 2018 fikk nesten 2700 privatbustader støtte frå Enova til fjerning av oljekamin og oljetank. I tillegg fekk om lag 2500 privatbustader tilskott til å fjerne oljetank kombinert med kjøp av ein anna fornybar varmekjelde (til dømes varmepumpe), slik at meir ein 5200 oljetankar blei fjerna i 2018

²⁶ Brenning av avfall inkluderer forbrenning av både fornybare materiale (matavfall, trevirke etc.) og ikkje-fornybare kjelder. Forbrenning av fornybare kjelder inkluderast ikkje i utsleppsrekneskapet. Utsleppa frå ikkje-kvotepliktig energiforsyning kjem frå brenning av materiale og avfall som inneheld fossilt karbon, til dømes plast, og bruk av fossile energiberarar i mindre energianlegg, til dømes olje.

²⁵ Tal for 2018 er foreløpige.

Framskrivning og utsleppsbane

I framskrivningane av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå energiforsyning og oppvarming så vil utsleppa reduserast med om lag 28 pst. fram mot 2030, sjå tabell 13.2. Forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar er inkludert i utsleppsframskrivninga i figur 14.6.

Utsleppa frå forbruk av mineralolje til oppvarming i bustader og næringsbygg er reduserte med 84 pst. sidan 1990. Dersom ei slik utvikling hadde heldt fram, ville utsleppa i 2030 vere rundt 0,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Forbodet mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar inneber at nedgangen blir framskunda slik at utsleppa i 2030 er anslått til 0,26 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Det er berekningsteknisk lagt til grunn at det vil vere nokre utslepp igjen, som følge av bruk av gass, vedfyring og fordi forbodet opnar for visse unntak. Det er òg noko bruk av naturgass til oppvarming av bygg i Noreg.

I framskrivningane er utsleppa frå ikkje-kvotepliktig energiforsyning venta å halde seg om lag på dagens nivå på 1 mill. tonn.

Dei berekna tiltaka for energiforsyning som er inkludert i figur 14.6 er forbod mot bruk av mineralolje til byggvarme og byggtørk, auka utsortering og materialgjenvinning av plastavfall og av brukte tekstilar. Utsorteringstiltaka har ein kostnad over 500 kr/tonn CO₂-ekvivalentar, men er inkludert fordi tiltaka inneber at måla i gjeldande rammedirektiv om avfall, som er tatt inn i EØS-avtala, blir nådd. For plast- og tekstilavfall vil auka utsortering og materialgjenvinning redusere delen fossilt materiale som forbrenn som restavfall og dermed føre til reduserte utslepp frå energiforsyning. I samband med Stortingets behandling av avfallsmeldinga vart det vedteke (Innst. 127 S (2017–2018), oppmodningsvedtak 485) å stille krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall frå hushald og liknande avfall frå næringslivet. Tiltakskostnadene er usikre og det er stor forskjell på kor godt dei ulike tiltaka er utgreidde.

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil innlemma bruk av mineralolje til bygningstørke og bygningsvarme i forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar. Forbodet føreslås utvida slik at bruk av mineralolje til oppvarming og tørking av bygningar under oppføring og rehabilitering også omfattast. Endringane skal gjelde frå 2022, slik at bransjen får nok tid til å innrette seg etter forbodet. Unntak ut over dette tidspunktet er mogleg der det er nødvendig. Miljødirektoratet har berekna at

forslaget frå regjeringa vil gi ei samla utsleppsreduksjon i perioden 2021–2030 på om lag 750 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Tiltaket er inkludert i figur 14.6.

I dag er det ikkje avgift på CO₂-utsleppa frå forbrenning av avfall, men dei avfallsforbrenningsanlegga som leverer over 50 pst. av generert energi til industriformål er kvotepliktige. Det er per i dag tre slike anlegg. For anlegga som ikkje har kvoteplikt vil det bli innført pris på utslepp av klimagassar anten ved å innføre CO₂-avgift eller kvoteplikt.

Som varsla i klimastrategimeldinga utgreier regjeringa høva til reduksjon av utslepp frå gass til oppvarming av bygningar. Miljødirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat har fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet å kartlegge bruk av gass til oppvarming av bygningar, og eksisterande verkemidlar som bidreg til å redusera bruken.

14.3.5 Produkt med fluorgassar og andre kjelder

Historiske utslepp

Utslepp frå produkt med fluorgassar (f-gassar) og andre kjelder utgjorde i 2018²⁷ 2,9 mill. tonn CO₂-ekv, rundt 5 pst. av dei totale utsleppa eller rundt 11 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utsleppa er ikkje omfatta av kvotesystemet. Mellom 2017 og 2018 var utsleppa relativt stabile.

F-gassane er delte inn i SF₆ (Svovelheksafluorid), PFK (Perfluorkarbon), og HFK (Hydrofluorkarbon). HFK-gassar er industrielt framstilte gassar som er nytta i kuldeanlegg, varmepumper, luftkondisjonering mv, og er den største kjelda til utslepp av f-gassar. Utsleppa har auka frå eit ubetydeleg nivå i 1990 etter at gassane vart fasa inn som erstatning for ozon-reduserande gassar. Utslepp av HFK var i 2017²⁸ på 1,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og utgjorde 2,6 pst. av dei totale utsleppa av klimagassar, og rundt 5 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa.

SF₆ er ein svært sterk og langleva klimagass som ein tidlegare hadde betydelege utslepp av frå magnesiumindustrien. Denne er no avvikla og den viktigaste utsleppskjelda er lekkasjar frå høgsentbrytarar der gassen er nytta som isolasjonsmedium. Utslepp frå SF₆ var i 2018²⁹ på 57 000

²⁷ Tal for 2018 er foreløpige.

²⁸ Tal for 2017 er nytta fordi det ikkje er utarbeidd foreløpige tal for 2018 for HFK.

²⁹ Tal for 2018 er foreløpige.

tonn CO₂-ekvivalentar og stod for 0,2 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utsleppa er reduserte med 81 pst. sidan 2005.

Metanutsleppa frå avfallsfyllingar stod for 4 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i 2017. Desse utsleppa er halverte sidan 1990 på grunn av forbod mot å deponere våtorganisk avfall frå 2002 (utvida til alt nedbryteleg avfall i 2009) og oppsamling av gass frå eldre fyllingar.

Kjelder som løsemiddel, avløp og avløpsreinsing, kompostering og biogassanlegg, og bensin- og gassdistribusjon står for dei resterande 1,6 % av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utslepp frå avløp, primært lysgass, har blitt redusert sidan 1990 på trass av ein betydeleg folkeauke. Kompostering og biogassanlegg aukar, men er framleis ei lita kjelde til metanutslepp.

Verkemiddel

Det er avgift på import og produksjon av HFK og det blir gitt refusjon for gass som blir samla inn og destruert. Avgifta er på nivå med den generelle CO₂-avgifta rekna i CO₂-ekvivalentar. Gassane er òg regulerte i ei EU-forordning og gjennom Kigali-endingane av Montrealprotokollen. Noregs forplikting i høve til Kigali-endingane tredde i kraft 1. januar 2019 og EU-forordninga er revidert. Utslepp av SF₆ var tidlegare omfatta av ei frivillig avtale om reduksjon i utslepp, og effekten av denne avtala gjeld truleg også i dag. I Meld. St. 41 (2016–2017) vart det varsla at det vil bli vurdert verkemiddel og tiltak som reduserer utslepp av SF₆ frå høgspantanlegg i framtida. Deponiforbodet for nedbryteleg avfall vil halde fram med å vere det viktigaste verkemidlet for å få ned utslepp frå avfallsfyllingar.

Framskrivingar

Framskrivinga visar at utsleppa frå produkt med fluorgassar og andre kjelder er venta å gå ned med om lag 40 pst. i 2030. For HFK-utsleppa visar framskrivinga at dei vil gå ned i tida framover som følgje av eksisterande og planlagde reguleringar. Utsleppa er venta å vere berre 0,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030, ned om lag 48 pst. frå 2017. EUs reviderte forordning om fluorhaldige gassar frå 2014, (forordning 517/2014) er innført i Noreg gjennom produktforskrifta, og er teken inn i framskrivinga og medverkar særleg til nedgangen. Forordninga inneheld blant anna fleire forbod mot bruk av HFK-gassar med høgt globalt oppvar-

mingspotensiale (GWP)³⁰. Metanutslepp frå avfalldeponi er òg venta å halde fram med å minske framover.

Det er no avgrensa potensial for å redusere utsleppa av HFK ytterlegare utover det som ligg i framskrivinga. Miljødirektoratet utgreidde i 2018 to tiltak for å redusere utslepp av HFK-gassar ytterlegare. Desse er usikre og har såpass liten effekt utover framskrivinga at dei ikkje er presenterte som eit berekna reduksjonspotensial. Etterleving av dei delane av regelverket som er retta mot å avgrense bruk av og minimere utslepp av HFK må styrkjast for å sikre at vi får realisert dei utsleppsreduksjonane som er inkluderte i framskrivingane. Det er ikkje venta ytterlegare potensial for å redusere lekkasjer av SF₆, og fokus framover bør derfor vere på å redusere auken av installert mengde gass i utstyr.


14.3.6 Skog og anna arealbruk (LULUCF)

Sektoren skog og anna arealbruk (Land use, land-use change, and forestry – LULUCF) skil seg frå dei andre sektorane i klimagassrekneskapen ved at den har både opptak og utslepp av klimagassar. Det blir òg berekna opptak og utslepp ved endringar i bruken av areala ved overgang mellom dei ulike arealkategoriene.

Frå 1990 til 2017 har det vore ein auke i både opptak og utslepp av klimagassar innan sektoren, men auken i netto opptak har vore betydeleg større enn netto utslepp, sjå figur 4.7. Netto opptak i sektoren utgjorde i 2017 25 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette svarar til nesten halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar. Skog står for hovudparten av karbonopptaket i sektoren. I 2017 var det eit netto opptak i skog på 29 mill. tonn CO₂-ekvivalentar mot 11,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1990. I tillegg hadde karbon i treprodukt eit lite opptak i 2017. Dei andre arealbrukskategoriene hadde eit netto utslepp som svarer til 4,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2017 mot 2,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1990.

Karbonlageret aukar i skog som har eit netto opptak. Den store auken i årleg nettoopptak frå hele skog og arealsektoren på 15,0 mill. tonn CO₂-ekvivalentar frå 1990 til 2017, er i hovudsak eit resultat av eit auka karbonopptak i skog som følgje av auka planting i etterkrigstida og påfølgjande aktiv skogforvaltning.

³⁰ Globalt oppvarmingspotensial (Global Warming Potential).



Figur 14.7 Netto utslepp og opptak frå arealkategoriar i sektoren 'Skog og annan arealbruk' frå 1990–2017

Kjelder: Miljødirektoratet og NIBIO

Nye framskrivingar

Det er utarbeidd nye framskrivingar for skog- og arealbrukssektoren til denne klimalovrapporteringa. Framskrivinga omfattar dei ulike arealkategoriene og sektoren samla sett. Reglane for bokføring av opptak og utslepp varierer noko ved rapportering til Klimakonvensjonen, Kyoto-protokollen (gjeldande frem til 2020) og etter EUs regelverk (gjeldande frå 2021 til 2030). Her blir fyrst og fremst resultatane med basis i konvensjonen presentert.


Når det gjeld utviklinga i arealbruken, syner framskrivinga størst endring for utbygd areal med ein auke på 11 prosent eller om lag 0,7 millionar dekar i 2030, og 22 prosent eller 1,5 millionar dekar i 2050 samanlikna med 2010. Mesteparten av arealet kjem frå avskoging. I følgje framskrivinga vil det likevel berre bli ein svak endring i storleiken på det totale skogarealet fordi nesten like mykje areal er venta å gå frå utmark til skog. Framskrivinga for dei andre arealkategoriene syner relativt svake endringar.

I den nye framskrivinga av opptak og utslepp for dei ulike arealkategoriene, er det nytta ein ny og betre modell (SiTree), nye tall frå Landsskogtakseringa og eit anna klimascenario (RCP 4,5) samanlikna med framskrivinga frå 2014 (som presentert i Nasjonalbudsjettet 2015). Det er også nokre skilnader i føresetnadane som er lagt inn i dei to modellane, slik at ein ikkje kan samanlikne tala frå dei to framskrivingane direkte.

Netto opptak for heile sektoren i tråd med reglane for rapportering til Konvensjonen, viser ei meir positiv utvikling enn ved førre framskriving. Som framskrivinga frå 2014 også viser, er det venta ein nedgåande trend i netto opptak frå 2010. Men den nye framskrivinga visar at netto opptak flatar ut frå 2040 og framover, og at opptaket igjen vil auke frå 2070.

Den norske skogen er no inne i ein vekstfase med høg årleg tilvekst. Årsaka til nedgangen i opptaket fram til 2040, er ein kombinasjon av mykje gamal skog som veks ut av sin mest produktive fase, aukande hogst som følgje av at mykje skog blir hogstmoden og låge investeringar i skogkultur dei siste tiåra. At nedgangen stopper opp, og at opptaket også aukar i andre halvdel av hundreåret, har ulike årsaker. Dels er det ein effekt av føresetnaden om eit varmare klima som gir ein auke i tilveksten utover i perioden. Vidare vil kombinasjonen av endra hogstnivå og hogstmønster, som endrar alderssamansetninga av skogen, og tilveksten over tid, påverke netto opptak. Dels er det også ein mindre effekt av klimatiltak i skog frå 2016 for å auke opptaket, samt auka bruk av genetisk foredla materiale. I tillegg vil ein gradvis auke i skogvernet til 10 %, med dei føresetnadane som er lagt til grunn i analysen, gje redusert hogst, og dermed reduserte utslepp på kort sikt.

Netto opptak i skog- og arealsektoren er utrekna til å bli 20,9 mill. tonn CO₂ i 2030, 14,6 mill. tonn i 2050 og 19,2 mill. tonn i 2100. Det er ein nedgang på høvesvis 4,6, 10,9 og 6,3 mill. tonn CO₂ samanlikna med 2017. Endringane framover



Figur 14.8 Historisk og framskrive netto opptak i sektoren skog- og arealbruk for perioden 1990–2100 etter regelverket for rapportering under klimakonvensjonen

Kjelde: NIBIO

vil i høg grad vere eit resultat av endringar i aldersklassestrukturen i norsk skog, dvs. meir eldre skog som har lågare opptak.

Den nye framskrivinga for forvalta skog er basert på ein vidareføring av dagens forvaltningspraksis, der endringane i framskrivingsperioden blir styrd av korleis skogen utviklar seg over tid, og kor den hogstmodne skogen er lokalisert til ei kvar tid.

Hogstkvantumet er basert på ein empirisk modell, der hogstvolum blir bestemt av ulike kjenneteikn på det einskilde skogbestand og driftstilhøve. Føresetnadane for framskrivinga av hogsten er tilnærma dei same som er nytta i utarbeidinga i referansebana etter EU sitt regelverk (og sendt EU).

Det er ikkje teke høgde for framtidige endringar i marknaden. Dersom marknaden for tømmer endrar seg framover og med det tømmerprisen, kan det medføre endringar i hogstvolumet og dermed gi avvik frå hogstkvantumet som ligg i framskrivinga. Dersom dei siste åras trend med auke i tømmerprisen held fram, kan det medføre eit større hogstkvantum enn i modellen og dermed eit lågare netto opptak enn det framskrivinga viser.


Figuren nedanfor viser utviklinga i netto opptak og utslepp for dei einskilde arealkategoriene; historisk fram til 2017 og framskriven til 2100.

Utsleppa i skog- og arealbrukssektoren er i hovudsak knytt til dyrking av organisk jord og til

arealbruksendring frå skog til bygd areal og dyrka mark (avskoging). I 2017 var utsleppet frå avskoging i underkant av 2,2 mill. tonn CO₂. I følgje dei nye framskrivingane vil avskoginga auke fram mot 2030 og 2050. Dei årlege utsleppa frå dyrka mark og beite viser ein stabil utvikling frå 2017 og framover.

Frå 2009 til 2016 har Noreg rapportert eit utslepp av klimagassar frå karbonlageret i treprodukt produsert i Noreg, fordi reduksjonen i laget av treprodukt produsert innanlands, har vore større enn tilførsla til lageret. Dette har si årsak i at eksporten av tilverka produkt er redusert sidan 2009, medan eksporten av tømmer har auka tilsvarende. I 2017 blei det igjen rapportert eit opptak, og framskrivingane syner at det ligg an til et opptak for perioden 2021–2030. I framskrivingane er det berekna at Noreg kan bokføre ein auke i laget av karbon i treprodukt på om lag 1,2 mill. tonn CO₂ årleg mellom 2021–2030.

Netto opptak i sektoren for skog og annan arealbruk inngår i forpliktinga *under Kyotoprotokollen*. Det er ikkje sett eit konkret mål for kva skog- og arealsektoren skal bidra med i oppfyljing av Norges forplikting for 2020 men det er sett eit tak for mykje kvart land kan bokføre av netto opptak frå forvalta skog til oppfyljing av forpliktinga. Dette taket svarar til 3,5 % av landet sine samla klimagassutslepp i 1990. For Noreg utgjer det om lag 1,75 mill. tonn CO₂ årleg. I tillegg skal landa inkludere opptak og utslepp frå skogreising og



Figur 14.9 Framskriving av netto opptak og utslipp for alle arealkategoriene fram til 2100, etter regelverket for rapportering under klimakonvensjonen. Historiske tall til og med 2017

Kjelde: NIBIO

avskoging, samt frå beite og dyrka mark. Basert på siste rapporterte tall (NIR 2019) ligg Noreg an til å kunne bokføre eit netto opptak frå sektoren. Endeleg rekneskap kjem når rekneskapen for heile perioden 2013–2020 er klår.

Ved eit samarbeid med EU om oppfyljing av klimamålet for 2030, må vi implementere *EU sitt regelverk* for skog- og arealsektoren. Regelverket gjeld for perioden 2021–2030, og det er ei forplikting om at sektoren skal gå i netto null for denne perioden. Det er fastsett reglar for utrekning av opptak og utslepp for kvar av dei fem bokføringskategoriene under sektoren. Faktisk netto opptak i forvalta skog skal bli målt i høve til ei referansebane, som er basert på ei framskriving av forvaltningspraksis i perioden 2000–2009. Eit høgare opptak enn referansebana vil bli bokført som eit opptak, medan eit lågare opptak vil bli rekna som eit utslepp. Det må gjerast nærmare analyser før ein kan seie noko om Noreg vil måtte bokføre eit utslepp for skog- og arealsektoren eller ikkje i perioden 2021–2030 dersom utviklinga blir i tråd med framskrivingane.

Det er viktig å sjå forvaltninga av skog i eit langsiktig perspektiv på grunn av den lange rotasjonsperioden for skog under eit nordleg klima. Den største effekten av skogtiltak som blir sett i verk i dag, vil først komme etter 2030. For å nå det langsiktige temperaturmålet i Parisavtala, tar partane sikte på å oppnå ein balanse mellom opptak og utslepp av klimagassar i andre halvdel av dette

hundreåret. Opptak i skogen, også den norske, vil spele ei viktig rolle når det gjeld å kunne nå denne balansen. Dei nye framskrivingane som viser ein trend med auke i netto-opptaket, støttar opp under dette.

Klimatiltak i skog- og arealsektoren

I etterkant av klimaforliket er det sett i gang fleire tiltak med formål å auke opptaket og redusere utsleppa frå skog- og arealsektoren. Regjeringa har dei siste åra gjennomført ei pilotordning for skogplanting på nye areal som klimatiltak. Evalueringa av pilotordninga ble lagt fram i mars og blir nå vurdert av Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Deretter blir det teke stilling til det vidare arbeidet med planting av skog på nye areal som klimatiltak. Regjeringa har òg innført klimatiltak i eksisterande skog som tilskot til gjødsling av skog og tettare planting etter hogst. Skogplanteforedlinga er òg styrkt for å sikre skogplanter som medverkar til eit høgt karbonopptak og som er godt tilpassa eit endra klima. I tillegg har regjeringa sett i gang eit arbeid med å restaurere tidlegare drenert myr.

Forslag om endring av reglene om nydyrking var på høyring hausten 2017. Lovendringa opnar for å gi reglar om nydyrking i forskrift for å ta omsyn til klima. Samstundes ble det foreslått endringar i nydyrkingsforskrifta, kor innføring av eit forbod mot nydyrking av myr var det mest sen-

trale. I tillegg opnar regelen for at kommunen kan gje dispensasjon frå forbodet i særskilde tilfelle. Prop. 39 L (2018–2019) *Endringer i jordlova mv. (klimahensyn ved nydyrking)* ble handsama av Stortinget i april 2019, og lovendringa trådde i kraft 1. juli 2019. Landbruks- og matdepartementet arbeider nå med å fastsette endringar i nydyrkingsforskrifta. Uavhengig av forbodet vil ein framleis rapportere og bokføre utslepp frå tidlegare dyrka myr.

Regjeringa vil vurdere å utvikle vidare og styrke desse tiltaka, og vil òg utreie og utvikle vidare andre moglege tiltak for å auke opptaket og redusere utsleppa frå sektoren, mellom anna moglege tiltak og verkemiddel for redusert utslepp frå avskoging i Noreg.

Regjeringa vil òg medverke til auka bruk av tre i bygg og vurdere andre tiltak som kan medverke til å auke lageret av karbon i langlevde treprodukt. Bruk av tre i bygg kan erstatte andre og meir utsleppsintensive materialar. I tillegg kan substitusjonseffektar og effektar av bruk av bi- og restprodukt gje reduserte utslepp i andre sektorar. Kostnadar vil inngå som del av vurderinga.

Dei fleste tiltaka i primærskogbruket gir effekt først på lengre sikt, ut over 2030. Som nemnd over, er det likevel viktig å gjennomføre tiltak i denne sektoren fram mot 2030, for å få dei langsiktige effektane så tidleg som mogleg. Enkelte av tiltaka i sektoren vil kunne medføre konsekvensar for naturmangfald og andre miljøomsyn, og tiltaka må derfor avvegast og innrettast i høve til slike omsyn.

15 Klimaeffekten av framlagt budsjett

15.1 Innleiing

Ifølgje klimalova skal det gjerast greie for klimaeffekten av framlagt budsjett. I dette kapitlet blir det gjort greie for dette. Det er metodisk krevjande å anslå klimaeffekten av statsbudsjettet, og dette er noko som må utviklast over tid.

Det er krevjande å anslå den fulle effekten av både ny og etablert politikk på utviklinga i klimagassutsleppa, og å tidfeste effekten på utsleppa på kort og lengre sikt. Forsking og utvikling og bruk av klimavenleg teknologi er eit døme. Slik teknologi er viktig for å løyse klimaproblemet, og Noreg brukar betydelege ressursar på utvikling av klimavenleg teknologi. Det er vanskeleg å anslå klimaeffekten av denne ressursbruken. Det er til dømes usikkert når, i kva grad og i kva sektor auka innsats på forskning og teknologiutvikling resulterer i nye teknologiar og løysingar som reduserer utsleppa. I tillegg er det vanskeleg å anslå kor stort spreingspotensiale for teknologiane er. I tilfella der ein manglar treffsikker metodikk må ein derfor, i tråd med forarbeida til klimalova, måtte oppfylle dette punktet gjennom tekstlege beskrivingar etter beste faglege skjønn av dei satsingane i budsjettet som ein meiner har vesentleg effekt på klimagassutsleppa.

Det er behov for å utvikle vidare den faglege metodikken for å gjere greie for klimaeffekten av framlagt budsjett på ein god måte. Regjeringa har sett ned eit teknisk berekningsutval for klima som mellom anna skal sjå på metode for å betre vurdere og eventuelt berekne klimaeffekten av statsbudsjettet. Utvalet peiker i sin første rapport på at det ikkje ligg føre enkle og handterbare metodar for korleis klimaeffekten av budsjettet kan bli anslått. Det inneber at før ein kan berekne klimaeffekten av budsjettet er det behov for å ta stilling til ei rekkje val og avgrensingar, blant anna spørsmål om kva som skal vere referansen når utsleppseffekt blir berekna, kva for utsleppseffektar som skal takast med og kva tidshorisont effektar skal bereknast for. Utvalet peiker også på andre spørsmål som reiser seg slik som korleis ein skal ta omsyn til at budsjettpostar samspelear med kvarandre og anten kan forsterke eller

svekke effekten på utsleppa. Utvalet ønskjer å arbeide vidare med å kople budsjettpostar til utslepp for å vurdere metodeval nærare.

I dette kapitlet er det ei overordna beskriving av dei respektive departementas budsjett, inkludert ei beskriving av budsjettpostar og satsingar som har vesentleg effekt på klimagassutsleppa eller er særleg retta mot reduksjon av klimagassutslepp.

Statsbudsjettet er komplekst både på utgifts- og på inntektssida. Budsjettet inkluderer over 1700 ulike budsjettpostar og beskrivingane som er utarbeidd av dei ulike departementa er prega av at det er stor variasjon mellom ansvarsområda til dei forskjellige departementa. Samstundes er det likevel nokre likskapstrekk med omsyn til eventuelle klimaeffektar. Alle departementa har driftsutgifter til eige departement og underliggjande etatar. Den største delen av desse midlane går til lønn, men midlar kan også gå til transport, blant anna flyreiser, som gir utslepp. Disse utsleppa er likevel vurderte som relativt små samanlikna med effektar frå andre delar av budsjettet. Budsjetta inkluderer også overføringar til andre organisasjonar eller institusjonar der det kan vere vanskeleg å vite nøyaktig kva aktivitetar som blir utløyste og utsleppseffekten av desse aktivitetane. Omtala her er derfor ei skjønsvis vurdering av dei delar av budsjetta som kan ha vesentleg effekt på klimagassutsleppa.

15.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Totalbudsjettet for Arbeids- og sosialdepartementet i 2020 er på 477,9 mrd. kroner ekskludert lånefinansiering. Grovt sett går omlag 93 pst. av det samla budsjettet til ytingar frå Folketrygda, der dei største utgiftene er til alderspensjon, uføretrygd, sjukepengar, Arbeidsavklaringspengar og dagpengar. Rundt 3 pst. går til direktorat og andre underliggjande forvaltningsorgan, under dette Arbeids- og velferdsetaten. Arbeids- og sosialdepartementets eige budsjett utgjer om lag 0,1 pst. Resterande går til diverse andre mindre tilskottsordningar. Budsjettpostane omfattar komplekse

samanhengar som det vil vere krevjande å anslå klimaeffektar av.

15.3 Barne- og familiedepartementet

Totalbudsjettet på Barne- og familiedepartementets område i 2020 er på om lag 53 mrd. kroner på utgiftssida. I underkant av 40 pst. av dette er stønadsordningar ved fødsel og adopsjon, 37 pst. går til familie og oppveksttiltak, der størsteparten er barnetrygd og kontantstøtte, 17 pst. går til barnevernet, rundt 5,5 pst. er tilskot til trus- og livssynsamfunn, der størsteparten går til Den norske kyrkja og rundt 0,5 pst. går til forvaltning av forbrukarpolitikken. Drift av Barne- og familiedepartementet utgjer om lag 0,3 pst. Det er krevjande å berekne klimaeffekten av desse løyvingane.

På Barne- og familiedepartementets budsjett er tilskotet til arbeidet med miljømerking og arbeidet med å redusere matsvinn relevante for arbeidet med å redusere utslepp. Sjå omtale under særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker i del 3 kap. 8.1.2 i Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon.

15.4 Finansdepartementet

Over Finansdepartementets budsjett (utanom løyvingar til konstitusjonelle institusjonar) er det for 2020 foreslått å løyve 58,4 mrd. kroner. Betening av statsgjeld, renter og avdrag m.m. utgjer 10,0 mrd. kroner. Kompensasjon for meirverdiavgift og nettoordning for statleg betalt meirverdiavgift utgjer 36,7 mrd. kroner. 11,7 mrd. kroner går til drift av departementet, Finanstilsynet, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, Tolletaten, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Det er krevjande å lage anslag på klimaeffekten av desse løyvingane.

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretninga av særavgifter i miljøpolitikken. Miljøavgifter gjer at marknadsprisane i større grad inkluderer samfunnet sine kostnader ved miljøskadelege aktivitetar. Det medverkar til å redusere dei miljøskadelege utsleppa. Fleire avgifter er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar. Dette gjeld først og fremst CO₂-avgifta på mineralske produkt, avgifta på utslepp av CO₂ i petroleumsværksemnda på kontinental-sokkelen og avgiftene på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK). Eingongsavgifta på motorvogner inneheld òg ein CO₂-komponent. Den skal påverke forbrukarar til å ta

meir klima- og miljøvennlege val ved bilkjøp. CO₂-komponenten vart innført i 2007.

I tillegg er det avgifter som ikkje er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar, men som likevel medverkar til reduserte utslepp. Dette gjeld først og fremst vegbruksavgifta og grunnavgifta på mineralolje.

I budsjettet for 2020 foreslår regjeringa fleire endringar som forsterkar klima- og miljøinnretninga av avgiftssystemet. Regjeringa foreslår å fjerne fritak og låge satsar i CO₂-avgifta samtidig som den generelle satsen blir auka med 5 pst. Dette gir ei mer lik prising av CO₂-utslepp og ein meir kostnadseffektiv klimapolitikk. Vidare aukar også CO₂-avgifta for petroleumsværksemnda og innanriks, kvotepliktig luftfart med 5 pst. Omsetningskravet for biodrivstoff i vegtrafikken blir òg trappa opp frå 12 til 20 pst. i 2020. I tråd med Granvolden-plattformen er det foreslått reduksjonar i vegbruksavgifta som følgje av at auka CO₂-avgift og auka omsetningskrav for biodrivstoff gir auka prisar på drivstoff. Nye utsleppsverdiar (WLTP) i eingongsavgifta blir innført provenynøytralt ved å nedjustera satsar og oppjustera innslagspunkter i CO₂-komponenten.

Særavgiftene er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020) Skatter, avgifter og toll 2020.

15.5 Forsvarsdepartementet

Totalbudsjettet for Forsvarsdepartementet i 2020 er på om lag 60,8 mrd. kroner. Denne summen er fordelt på om lag 30 budsjettpostar. Grovt sett går i underkant av 2 pst. til Forsvarsdepartementets eige budsjett, rundt 54 pst. til Forsvaret, 31 pst. til Forsvarsmateriell og 12 pst. til Forsvarsbygg, og litt over 1 pst. til Forsvarets forskingsinstitutt og ulike tilskotsordningar. Det er krevjande å lage anslag på klimaeffekten av desse løyvingane. Nedanfor er det gjort greie for nokre særlege område som kan ha effekt på klima.

Forsvarsdepartementet har frå og med 2012 utarbeidd årlege miljø- og klimarekneskapar for forsvarssektoren. Sjølv om dette ikkje er direkte kopla til utsleppseffekt av budsjett er det ei klar kopling, og det er derfor relevant med ei beskriving av hovudtrekka. Samstundes må det understrekast at tala ikkje kan sjåast direkte opp mot den norske utsleppsrekneskapen. Klimarekneskapen som er utarbeidd følgjer metodikken og retninglinjene i Greenhouse Gas Protocol (GHG-protokollen) og fordeler utsleppa i tre overordna kategoriar («scope»). Utsleppsrekneskapen er basert på utslepp av drivhusgassane karbondiok-

sid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O), og er presentert i CO₂-ekvivalentar. Rekneskapen er utgitt som rapport frå Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), og rekneskapen for 2018 er utgitt i FFI-rapport 19/00520 som kan lastast ned frå FFIs nettside.

I GHG-protokollen omfattar scope 1 direkte utslipp frå materiell som verksemda eig eller kontrollerer sjølv. For forsvarssektoren omfattar dette blant anna fartøy, luftfartøy og køyretøy i tillegg til bruk av fossil energi til oppvarming. Scope 2 omfattar indirekte utslipp knytt til forbruk av elektrisitet og fjernvarme frå eksterne leverandørar.

Forsvarsdepartementet har ikkje tidlegare rapportert om klimaeffekt av forslag til budsjett, og har ikkje gjennomført ei konkret vurdering av klimaeffekt i enkeltlement i budsjettforslaget for 2020. FFI har utarbeidd ein utslippsprognose for åra 2020 og 2030 basert på tilgjengeleg informasjon og metodikk. Det er gjort anslag i aktivitet, forbruk og samansetjing av kjelder for elektrisitet og fjernvarme, og det medfører uvisse i utslippsberekninga.

For direkte utslipp (scope 1) knytt til bruk av drivstoff for fartøy, luftfartøy og køyretøy er anslaga baserte på langtidsmeldinga for forsvarssektoren og aktivitetsnivå for ulike system. Det er teke omsyn til ut- og innfasing av system som fartøy, luftfartøy og militære køyretøy. Forsvarets materiell nyttar Nato-spesifisert drivstoff, dvs. at det ikkje er blanda med bio-drivstoff. Køyretøy til administrativt bruk nyttar det kommersielle drivstoffet som til ei kvar tid er på marknaden, med bio-drivstoff. I scope 2 er det kalkulert med utslippsfaktorar for elektrisitet og fjernvarme.

I tabellen under er sett opp rekneskap for utslippa i 2018 og berekna utslipp for 2020 og 2030. Utslippa, basert på omtalte anslag, vil auke med om lag 27 pst. frå 2018 til 2020.

Utslippa i 2030 vil vere vesentleg høgare hovudsakeleg som følgje av innfasing av F-35 jagerfly. Det er lagt til grunn for berekningane ein ambisjon om at utslipp frå administrative køyretøy blir reduserte til null i 2030. «Nullutslippsbilar» har behov for elektrisitet som gir noko klimagassutslipp i totalrekneskapen, og vil inngå i Scope 2 som indirekte utslipp. For scope 2 vil utslippa auke i takt med venta auka energiforbruk.

Tabell 15.1 Berekna utslipp av klimagassar frå forsvarssektoren (tusen tonn CO₂-ekvivalentar)

	2018	2020	2030
Kategori			
Køyretøy, adm.	5	4	0
Køyretøy, mil.	16	17	18
Fartøy	124	137	122
Luftfartøy	88	147	182
Bygg og anlegg	8	3	1
Sum Scope 1	242	309	322
Elektrisitet	8	8	11
Fjernvarme/-kjøling	1	2	3
Sum Scope 2	9	10	14
Totalt 1+ 2	251	319	336

Forsvarsdepartementet vil understreke at det er knytt betydeleg uvisse til denne framskrivinga. Både aktivitetsnivået og drivstofforbruket er basert på overordna målsetjingar og generelle data. Anslag om drivstofforbruk på materiell-system som ikkje er innført er svært usikre. Forsvarsdepartementet vil utvikle metoden for klimabudsjett vidare.

Utviklinga av klimagassutslippa i forsvarssektoren på kort (2020) og lang (2030) sikt er estimert basert på utfasing av fossil fyringsolje, ut- og innfasing av materiell, nye energikrav til bygg og overgang til låg- og nullutslipp frå administrative køyretøy. På kort og lang sikt vil dei samla utslippa frå sektoren si verksemd auke betydeleg. Ein uvis faktor er Forsvarets aktivitetsnivå. Utslipp som følgje av bruk av Forsvarets fly og fartøy vil utgjere over 90 pst. av dei direkte utslippa av klimagassar i sektoren i 2030. Forsvarets militære bidrag i utlandet er ikkje inkludert i tala.

Klimaeffekten av endringar i budsjettet for 2020 medfører ein betydeleg auke av klimagassutslipp som følge av innfasinga av nye kampfly og nytt logistikkfartøy.

Forsvarssektoren fasar ut fossil olje til oppvarming for å redusere utslipp av klimagassar. Ved utgangen av 2020 vil det framleis vere noko forbruk som skuldast at omlegginga til andre energiformer ved to basar er samkøyrte med etablering av ny infrastruktur på basane. Oljeforbruket vil bli fasa ut i takt med at infrastruktur-prosjekta blir ferdigstilt.

15.6 Helse- og omsorgsdepartementet

Totalbudsjettet for Helse- og omsorgsdepartementet i 2020 er på 221,1 mrd. kroner. Om lag 76 pst. av budsjettet går til finansiering av spesialisthelsetenesta, om lag 5,5 pst. til kommunale helse- og omsorgstenester, og om lag 2,6 pst. til drift av ulike forvaltningsorgan og statsføretak, under dette også departementets eiga driftsløyving. 15 pst. går til ulike ordningar innanfor folketrygda sitt område. Resterande går til ulike tilskotsordningar innanfor folkehelse, tannhelse og kunnskap og kompetanse. Det er krevjande å lage anslag på klimaeffekten av desse løyvingane.

15.7 Justis- og beredskapsdepartementet

Totalbudsjettet for Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 utgjer 42,6 mrd. kroner. Dette er fordelt på 18 verksemder. Om lag halvparten av løyvingane går til lønn.

Justis- og beredskapssektoren er ikkje ein særleg utsleppsintensiv sektor. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde har vi ikkje oversikt over.

15.8 Klima- og miljødepartementet

Totalbudsjettet for Klima- og miljødepartementet i 2020 er på 15,5 mrd. kroner fordelt på om lag hundre budsjettpostar. Grovt sett går rundt 4 pst. av dette til Klima- og miljødepartementets eige budsjett, rundt 50 pst. til Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Polarinstituttet og til dei andre etatane under KLD. Dessutan går rundt 20 pst. til klima- og energifondet (Enova) og i overkant av 20 pst. til internasjonalt klimaarbeid mens resten, om lag 6 pst., går til andre formål som forskning og overvaking.

Dei delane av budsjettet som særleg kan redusere utsleppa kan delast i to kategoriar: støtteordningar som går direkte til klimatiltak i Noreg, og midlar som går til å redusere utslepp internasjonalt. Under følgjer ei kort omtale av løyvingane som fell inn under desse to kategoriane.

Klimatiltak i Noreg

Midlar til Enova utgjer brorparten av støtte til direkte klimatiltak i Noreg og budsjettframlegget er løyvinga på i overkant av 3,2 mrd. kroner. Enova sin støtte til energi- og klimateknologi er

retta mot pilotering, demonstrasjon og fullskala introduksjon av nye teknologiar og løysingar. Ved utforming av verkemiddel retta mot ny energi- og klimateknologi legg Enova vekt på høve til global spreiding, og følgjande utsleppsreduksjonar. Direkte utsleppsreduksjonar knytte til deira kontraktfesta prosjekt i 2018 er på 242 000 tonn CO₂-ekvivalentar i ikkje-kvotepiktig sektor. Det er uvisse knytt til anslaget og det inkluderer ikkje effektar av marknadsendring og spreiding av teknologi.

Klimasats er ei støtteordning for klimatiltak i kommunar og fylkeskommunar. Midlane blir blant anna nytta til ladepunkt for tenestebilar, klimavennleg areal- og transportplanlegging, klimavennlege bygg, utsleppsfrie byggeplassar og tilskot til miljøvennleg skipsfart. Støtteordninga til restaurering av myr har også direkte positiv klimaeffekt. Les meir om desse ordningane i kapittel 7 under programkategori 12.20.

Reduksjon av utslepp internasjonalt

I overkant av 20 pst. av midlane i Klima- og miljødepartementets 2020-budsjett går til Klima- og skoginitiativet og statens kjøpsprogram for kvotar. Desse programma gir utsleppsreduksjonar internasjonalt, sjå kap. 15.17. Les også meir om desse ordningane i kapittel 7 under programkategori 12.70. Klima- og miljødepartementet har òg bilaterale samarbeidsprosjekt med Kina, India, og Sør-Afrika. Finansieringa skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett, men det blir òg nytta midlar frå Klima- og miljødepartementets budsjett for igangsetjing av prosjekt. Fleire av desse prosjekta er klimarelaterte, blant anna eit prosjekt på utvikling av klimavotesystemet i Kina.

Ulike budsjettpostar med klima som formål

Klima- og miljødepartementets budsjett går til ei rekkje forskjellige formål som drift og informasjonskampanjar, støtte til forskning, overvaking og kartlegging, tilskot til ulike miljø- og klimatiltak, og støtte til frivillige organisasjonar. Det er utfordrande å talfeste korleis desse løyvingane påverkar utslepp av klimagassar. Midlar til forskning og overvaking utgjer om lag 6 pst. av totalbudsjettet. Forsking åleine står for rundt 3–4 pst. av budsjettet. Brorparten av desse midlane blir kanaliserte gjennom Forskringsrådet der hovudvekta er lagt på forskning på klimaendringar og klimaomstilling. Desse har ikkje nødvendigvis ein direkte klimaeffekt, men kan medverke indirekte til reduksjonar av klimagassutslepp på sikt. Støtte til forskning

driv utviklinga av neste generasjons klimaløysingar som kan vere sentrale for Noregs omstilling til eit lågutsleppssamfunn. CO₂-kompensasjonsordninga er forvalta av Miljødirektoratet og er på 1,472 mrd. kroner. Ordninga kan påverke utslepp på forskjellige måtar. Den kan betre konkurransevna til norsk industri og dermed medverke til auka aktivitet nasjonalt med tilhøyrande auka klimagassutslepp. På den andre sida kan ordninga medføre lågare utslepp globalt då produksjon i Noreg ofte er mindre utslepps- og energiintensiv enn i andre land, og fordi ordninga kan gjere det lønsamt å halde industriproduksjon innafor EUs klimakvotesystem. Les meir om desse postane i kapittel 7 under høvesvis programkategori 12.10 og 12.20.

15.9 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for statleg arbeidsgivarpolitikk, tryggleik og fellestenester for departementa, fornying av offentleg sektor, IT-politikk, bustad- og bygningspolitikk, økonomiske og juridiske rammevilkår for kommunesektoren, gjennomføring av val, planlegging og kart- og geodata, regional- og distriktspolitikk, samar og nasjonale minoritetar, personvern, overordna ansvar for statlege bygg og fylkesmannsembeta og dessutan budsjettet for Kongehuset. Totalt utgjer budsjettforslaget til departementet for 2020 om lag 226 mrd. kroner, av dette utgjer om lag 80 pst. rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. Grovt sett går om lag 6 pst. til Husbanken, 4 pst. til ressurskrevjande tenester, 2 pst. til statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning og 1 pst. til fylkesmannsembeta. Ein stor del av budsjettet består av rammeoverføringar og tilskot der det er vanskeleg for departementet å anslå om det er utsleppseffektar.

Bygningsregelverk og DiBK

Bygningsregelverket skal syte for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvennlege. Energieffektivisering i bustader og andre bygg er viktig for å redusere det totale energibehovet. Som kompetansesenter skal Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) (sjå kap. 587 i Kommunal og moderniseringsdepartementets budsjett) fremje byggkvalitet på område som ikkje er regulerte, og fremje løysingar som går utover krava i byggteknisk forskrift. DiBKs rolle som kompetansesenter er under utvikling. Energi, miljø og tilgjenge har

vore prioriterte område i 2018. Klimatilpassing og byggsikk er òg viktige område.

Eigedomsforvaltning

Løyvingane til statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning er samla under programkategori 13.30, og utgjer om lag 5 mrd. kroner. Programkategorien omfattar løyvingar til forvaltningsbedrifta Statsbygg, kap. 2445. Miljøtiltak i samband med statlege byggjeprosjekt kan handle om redusert energibruk, redusert lokal forureining ved sanering, redusert bruk av miljøskadelege materialar, men også lokalisering, gjenbruk og godt vedlikehald. Statsbygg gjennomfører ei rekke klima- og miljøtiltak. Klimakorrigert og driftsnormert kWh per kvm er redusert frå 2017. Dette er oppnådd gjennom betydeleg satsing på ENØK, god energileiing og systematisk oppfølging i eigedomsforvaltninga. Statsbygg arbeider med å redusere behovet for nye bygg, blant anna gjennom arealeffektivisering og optimalisering av løysingar i eksisterande bygningsmasse. Lokalisering har stor påverknad på eit bygg sin totale klimagassrekneskap, og transport, lokalklima og grunnforholda på tomta er viktige faktorar i denne samanhengen. Statsbygg skal leggje statlege planretningslinjer til grunn for sine lokalisering- og tomteanalyser, og søkje etter tomter som vil gi minst mogleg miljøbelastning. I tillegg har departementet gitt Statsbygg mandat til å medverke til innovasjonar og utvikling av bruk av tre og andre lågutsleppsmaterialar til bruk i statlege byggeprosjekt dersom det er konkurransekyktig og materialbruken tek vare på nødvendig tryggleik.

Underliggjande direktorat

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), sjå kap. 540, har eit særskilt ansvar for arbeid med miljø- og klimaomsyn og livssyklus-kostnader i offentlege anskaffingar. Ansvar for offentlege anskaffingar blir frå 1. september 2020 overført til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). I 2018 har Difi lansert ein kriterievegvisar for berekraftige offentlege anskaffingar. Vegvisaren gir innkjøparar konkret informasjon om ulike miljøaspekt innanfor forskjellige produktgrupper og foreslår krav og kriterium som kan brukast av innkjøparane. Difi har i 2018/2019 utarbeidet og publisert særskilt rettleiing om kjøp av biodrivstoff med lav risiko for indirekte arealbruksendringar og avskoging, og rettleiing om korleis redusere unødvendig bruk av plast gjennom

offentlege anskaffingar. Miljødirektoratet har vore ein viktig bidragsytar i arbeidet.

15.10 Kunnskapsdepartementet

Dei samla utgiftene i budsjettforslaget for Kunnskapsdepartementet i 2020 er på 91 mrd. kroner eksklusive lånetransaksjoner og andre kapitaltransaksjoner. Denne summen er fordelt på rundt 200 budsjettpostar. Grovt sett går i underkant av 0,5 pst. til Kunnskapsdepartementets eige budsjett, rundt 42 pst. til statlege og private universitet og høgskular, rundt 16 pst. til utdanningsstøtte, rundt 13 pst. til barnehage og grunnskule, 12 pst. til integrering og mangfald, 5 pst. til Noregs forskingsråd og 2 pst. til kompetansepolitikk og livslang læring. Resterande går til diverse andre mindre tilskotsordningar. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde har vi ikkje oversikt over. Under følgjer ein gjennomgang av nokre element i budsjettet som er særleg relevante med omsyn til effekten deira på klimagassutsleppa.

Dei samla løyvingane til forskning og utviklingsarbeid (FoU) frå alle departement er nærare omtalt i kapittel 5 i Prop. 1 S (2019–2020) frå Kunnskapsdepartementet.

Under følgjer ein gjennomgang av nokre element i budsjettet som er særleg relevante med omsyn til deira effekt på klimagassutsleppa.

Forskning

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–2028, jf. Meld. St. 4 (2018–2019), gir dei politiske føringane for regjeringa si satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa legg fram satsingar dei ønskjer å prioritere i dei årlege statsbudsjetta. Utdanning, forskning og innovasjon som kan hjelpe oss å nå klimamåla er prioritert vidare framover. I den reviderte langtidsplanen er derfor klima, miljø og miljøvennleg energi ein av dei fem langsiktige prioriteringane. Eit anna prioritert området i planen er at universitets- og høgskulebygg skal vere kostnadseffektive og medverke til innovative og klima- og miljøvennlege løysingar.

I 2018 er den målretta innsatsen til Forskringsrådet knytt til forskning på miljøområdet (klima, miljø og miljøvennleg energi) 1,2 mrd. kroner. Midlane til denne type forskning kjem over budsjetta til mange forskjellige departement. Løyvingane omfattar både forskning som er finansiert

gjennom forskingsprogram der klima og miljø er eit hovudformål, som til dømes KLIMAFORSK, og forskning som blir finansiert gjennom verkemiddel som ikkje er særskilt målretta mot miljø, som open arena for framifrå forskning (FRIPRO), løyvingar til forskingsinfrastruktur, senter for framifrå forskning (SFF) og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Miljøvennleg energi utgjer om lag 70 prosent og klima og miljø respektive 20 og 10 prosent av innsatsen. Utfordringane innan forskning er komplekse og relevante forskingsprosjekt går føre seg i mange ulike program og tiltak. Energibruk- og konvertering, fornybar energi og CO₂-handtering utgjer dei områda med størst innsats og der auken over tid har vore betydeleg. Kvaliteten og relevansen på prosjekt som får støtte gjennom Forskringsrådet, er svært god.

Sidan 2010 har Kunnskapsdepartementet også gitt 25 mill. kroner årleg til det internasjonalt leiande klimaforskingscenteret Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret. Støtte til forskning bidreg ikkje direkte til reduksjon av klimagassutslepp, men kan medverke indirekte ved utvikling av nye teknologiar og løysingar, og at samfunnet får auka kunnskap om klimaendringane.

Universitets- og høgskulebygg

Universitets- og høgskulesektoren er ein stor eigedomsaktør i statleg sivil sektor og disponerer eit areal på om lag 3,4 mill. kvadratmeter. Samla løyving over programkategori 07.60 Høgre utdanning utgjorde 39,3 mrd. kroner i 2019. Av dette vart 37,2 mrd. kroner løyvd over kap. 260 Universitet og høgskular. Om lag ein tredel av statlege universitet- og høgskulebudsjett går til drift, forvaltning av og tilskot til bygg og eigedom. Byggrelatert vedlikehald har eit relativt lågt utslepp. Det er lite samanliknbare tall for klimagassutsleppa for universitets- og høgskulesektoren, men utsleppa knytt til flyreiser, elektrisitet og fjernvarme står for ein stor del av sektoren sitt klimagassutslepp. Midlar til byggjeprojekt for universitet og høgskular blir løyvd over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og er ikkje inkludert i beløpa ovanfor.

I regjeringas plan for universitets- og høgskulebygg i revidert langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2019–2028, jf. Meld. St. 4 (2018–2019), er betre bruk av eksisterande bygningsmasse framfor å byggje nytt framheva som eit viktig tiltak. I dette ligg høgare arealeffektivitet og lågare utslepp ved å oppgradere framfor å byggje nytt. I tillegg ventar regjeringa at universitet

og høgsula medverkar til å skape, utvikle og ta i bruk forskning, utdanning og innovasjon som gir kostnadseffektive, berekraftige klima- og miljøvennlige løysingar innanfor gjeldande tekniske forskrift. For å stimulere til betre bruk av eksisterande bygg, har Kunnskapsdepartementet ei søkbar ordning for midlar til oppgraderingar. Frå 2015–2019 vart det løyvd 521 mill. kroner til oppgradering av bygg over kap. 260. Medrekna institusjonane sin eigendel har dette ført til oppgraderingar for meir enn 1,5 mrd. kroner.

Dei fleste statlege universitet og høgsular har miljøstrategiar med tilhøyrande handlingsplanar for å redusere sine utslepp på campus. Ein aukande del har også eigne utsleppsrekneskapar, men med ulik metodikk. For å få betre oversikt over faktorar som påverkar miljø- og klimafotavtrykket til universitets- og høgskulesektoren, har Kunnskapsdepartementet våren 2019 lyst ut eit oppdrag om utvikling av indikatorar for klima- og miljøfotavtrykket i sektoren.

15.11 Kulturdepartementet

Kulturdepartementet har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områda kultur, likestilling og diskriminering, opphavsrett, medium, idrett, frivillig verksemd og pengespel og lotteri.

Totalt utgjer Kulturdepartementets budsjettforslag for 2020 om lag 19,9 mrd. kroner. Tilskotsløyvingar utgjer den klart største delen av Kulturdepartementets budsjett. Over 80 pst. av dei samla løyvingane over statsbudsjettet er tilskot. Meir enn halvparten av budsjettet er fordelt på ulike enkelttilskot (øyremerkte tilskot), mens dei andre tilskotsløyvingane er fordelte på ulike søkbare ordningar. Enkelttilskota er forvalta og for det meste utbetalt av departementet. Dei søkbare ordningane er i hovudsak forvalta av underliggjande verksemdar.

Ein stor del av oppgåveløysinga på Kulturdepartementets ansvarsområde skjer av ikkje statlege aktørar. Statens verkemiddel inngår derfor som del av ein større samanheng. Måloppnåinga er avhengig av innsats frå staten, dei private aktørane og kommunesektoren. Statens rolle er ofte indirekte gjennom å sikre rammevilkår for aktørane. Dette skjer gjennom utforming av regelverk og økonomiske verkemiddel. Det er derfor vanskeleg for departementet å seie noko om det samla klima- og miljøavtrykket til Kulturdepartementet sitt budsjett.

15.12 Landbruks- og matdepartementet

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for skogbruk, jordbruk og matforsyning. Det finst fleire inntekts- og utgiftskapittel i statsbudsjettet som påverkar aktiviteten i landbruket og tilhøyrande utslepp og opptak av klimagassar. Totalbudsjettet (utgiftspostane) for Landbruks- og matdepartementet i 2020 er på 20,1 mrd. kroner, fordelt på rundt 50 postar. Grovt sett går i underkant av 1 pst. til Landbruks- og matdepartementets driftsbudsjett, 10 pst. til underliggjande verksemdar, 3 pst. til Noregs forskingsråd, 84 pst. til gjennomføring av Jordbruksavtala og Reindriftsavtala, og resterande hovudsakeleg til andre mindre tilskotsordningar. Landbruks- og matdepartementet har ikkje oversikt over kva klimaeffekt som følgjer av kvart enkelt budsjettområde.

Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er biologiske prosessar som også er opphav til utslepp og opptak av klimagassar, hovudsakleg i form av utslepp av metan og lystgass og opptak av CO₂. Ved at generelle støtteordningar held ved lag jordbruksdrift, vil dei også halde ved lag tilhøyrande opptak og utslepp av klimagassar. Det er krevjande å berekne utsleppa av klimagassar frå biologiske prosessar, bl.a. fordi dei varierer og er vanskelege å måle. Endringar i aktivitet og innsatsfaktorar er derfor ofte vanskeleg å fange opp i utsleppsrekneskapen, då dette krev svært detaljert datagrunnlag. Det er svært stor uvisse knytt til utslepp av lystgass. For metan har utsleppstala mindre variasjon enn for utsleppstala av lystgass.

Jordbrukspolitikken

Jordbrukspolitikken skal bli lagt om i ei meir miljø- og klimavennlig retning. Klimautfordringane i jordbruket blei behandla både i rapporten Landbruk og klimaendringar frå 2016 og i Meld. St. 11 med Stortinget si behandling i Innst. 251 S (2016–2017). Som det går fram av Granavoldenplattforma, vil regjeringa føre ein politikk som gir insentiv til mindre utslepp og nødvendige tiltak i landbruket.

I juni 2019 undertekna regjeringa og jordbrukets organisasjonar ei intensjonsavtale om reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er sett eit mål om at utsleppa samla skal reduserast med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar over perioden 2021–2030. Klimaavtala vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover. Det er stor uvisse knytt til klimagassrekneskapen for jordbruket. Mange av tiltaka som reduserer utsleppa per produsert eining blir ikkje

fanga opp av den offisielle utsleppsrekneskapan, og det er behov for å betre det tekniske berekningsgrunnlaget for utslepp frå jordbruket. Det er òg behov for forskning og kunnskapsutvikling, både om utslepp, binding av CO₂ og om høve til tilpassing.

Jordbruks- og reindriftsavtalene omfattar ei rekkje verkemiddel, primært i form av tilskot. Tilskota til jordbruksdrift kan delast inn i generelle støtteordningar for å oppretthalde inntekt og produksjon i jordbruket, og meir spesifikke støtteordningar for å fremje bl.a. meir miljøvennleg driftspraksis. CO₂-avgifta påverkar etterspørselen etter biomasse og importvern for jordbruksvarer påverkar marknadsprisane og dermed innanlands produksjon og etterspørsel etter slike varer.

Fleire av verkemidla over jordbruksavtala medverkar til reduserte klimagassutslepp, og til å tilpasse jordbruket eit klima i endring. Dette gjeld mellom anna midlar til drenering av jordbruksjord, miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel, nærings- og miljøtiltak i skogbruket, skogbruksplanlegging, kompetansetiltak og fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Det er også andre ordningar under budsjettet til Landbruks- og matdepartementet retta mot skogbruket, som tilskot til utbygging av skogsvegar, tømmerkaiar, tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og skogplanteforedling som gir positive klimaeffektar (relevante budsjettpostar kap. 1149, post 71 og 73 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett). Det er først og fremst ordningane for skogplanting og anna skogkultur (jordbruksavtala) og midlane til klimatiltaka tettare planting, gjødsling og skogplanteforedling som gir positive klimaeffektar. Det er gjort berekningar som talfestar klimaeffekten av desse tiltaka. Bygging av nye skogsvegar gir utslepp på grunn av avskoging, men dei er òg ein viktig føresetnad for berekraftig skogbruk og hausting av fornybart råstoff som kan erstatte produkt basert på fossilt råstoff. Desse effektane må bli vurderte opp mot kvarandre. Her legg ein til grunn at naturomsyn også blir vurderte.

Importvernet kan ha fleire verknader i klimasamanheng. Toll på matvarer medverkar til å sikre marknadsrommet for norskprodusert vare, og dermed auke innanlands produksjon med tilhøyrande opptak og utslepp av klimagassar. Alternativet er at vi importerer dei same produkta, med tilhøyrande utslepp og opptak i andre land.

Forskning over Landbruks- og matdepartementets budsjett har i hovudsak blitt disponert gjen-

nom Forskringsrådets program Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringar – BIO-NÆR. Programmet skal blant anna medverke til berekraftig produksjon innan jordbruk, skogbruk og andre naturbaserte verdikjeder på land. I tillegg medverkar Landbruks- og matdepartementet med forskingsmidlar inn i blant anna programma Stort program energi (ENERGIX) og Miljøforskning for ei grøn samfunnsomstilling (MILJØ-FORSK), som følgjer opp ulike prioriterte område innan fornybar energi og miljø. Departementet medverkar innanfor tematikken jordbruk i ei felles satsing på klima med Klima- og miljødepartementet (LAVUTSLIPP2030). Løyvingane til desse programma følgjer opp departementets sektoransvar innanfor miljø- og klimaforskning.

Jordbruksavtala

I jordbruksavtala for 2020 vart klima- og miljøprofilen styrkt ytterlegare. Vidare vart utviklinga av kunnskapsgrunnlaget også prioritert, med sikte på å halde fram arbeidet med å skaffe fram betre kunnskap om effektar, kostnader og konsekvensar av eksisterande og nye klimatiltak. Midlar til ordningar med ein klima- og miljøprofil er auka med om lag 286 mill. kroner frå 2019 til 2020.

Nokre av ordningane med ein særskilt klimaprofil blir omtalt under, sjå elles Landbruks- og matdepartementet sin budsjettproposisjon.

Forskning og utvikling over jordbruksavtala

Ordninga skal medverke til utvikling av ny kunnskap og teknologi til landbruks- og matsektoren. Posten er styrkt med 17 mill. kroner frå 2019 til 2020. I utlysing og tildeling av midlar skal det takast omsyn til behovet for kunnskap om klimatilpassing, tiltak som kan medverke til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket og auka lagring av karbon i jord og skog. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Ordninga skal mellom anna medverke til å redusere forureininga frå jordbruket, gjennom utbeiring av gamle røyrsystem i bakkeplanerte område. Ein effekt av dette vil vere betre klimatilpassing og reduserte lystgassutslepp. Posten er styrkt med 12 mill. kroner frå 2019 til 2020. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Tilskot til drenering av jordbruksjord

Godt drenert jord har lågare lystgassutslepp enn vassmetta jord. Ordninga gir potensial for auka jordbruksproduksjon og reduserer faren for erosjon og overflateavrenning. Posten er styrkt med 10 mill. kroner frå 2019 til 2020. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Klima- og miljøprogrammet

Ordninga skal medverke til betre kunnskap om potensialet for reduserte klimagassutslepp innan ulike produksjonssystem, lagring av karbon i jord og kunnskap om lystgassutslepp frå jord. Eit betre kunnskapsgrunnlag vil medverke til reduserte utslepp på lengre sikt. Ordninga blei styrkt med 2 mill. kroner frå 2019 til 2020. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg

Behandling av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer faren for metangassutslepp frå husdyrproduksjon. Ordninga blei styrkt med 2 mill. kroner frå 2019 til 2020, i tillegg skal ei arbeidsgruppe sjå nærare på korleis ein kan auke oppslutninga til ordninga. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Auka produksjon av biobrensel og leveransar av biovarme frå landbruket gir reduserte utslepp ved omlegging frå fossil energi. Midlane går m.a. til utvikling av gardsbaserte biogassanlegg, produksjon av biovarme, pilotprosjekt for auka bruk av biodrivstoff i traktorar og maskiner, og satsing på klimavennleg veksthusproduksjon. Innovasjon Noreg fører oversikt over nye bioenergianlegg som erstattar fossile anlegg. Dei medverkar til ein samla reduksjon i CO₂-utsleppa på rundt 80 000 tonn per år. Ordninga blei styrkt med 10 mill. kroner frå 2019–2020. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Midlane skal medverke til utvikling av ny næringsverksemd på landbrukseigedommar. Ei av føringane for 2020 er at prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast, og ved bruk av tre som byggemateriale kan det givast

ekstra tilskot. Sjå kap. 1150, post 50 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Klimatiltak i skog

Tilskot til tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og skogplanteforedling medverkar til auka tilvekst og dermed høgare CO₂-opptak. Gjødsling kan potensielt gi eit auka opptak på 0,27 mill. tonn CO₂ årleg etter ti år. Dei andre tiltaka har relativt liten effekt på kort sikt. Dei tre tiltaka gir til saman eit auka opptak på 2,4 mill. tonn CO₂ årleg om ca. 70–100 år med gjeldande nivå på løyvinga. Sjå kap. 1149, post 73 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Regionale miljøprogram

Under regionalt miljøprogram er det ei delordning for miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel. Tiltaket er venta å gi reduserte utslepp både på kort og lang sikt. Regionalt miljøprogram blei styrkt med 35 mill. kroner frå 2019 til 2020, og miljøvennleg spreieing får stadig aukande oppslutning. Sjå kap. 1150, post 74 i Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

15.13 Nærings- og fiskeridepartementet

Totalbudsjettet for Nærings- og fiskeridepartementet i 2020 er på 14,4 mrd. kroner eksklusiv lånetransaksjonar og andre kapitaltransaksjonar. Denne summen er fordelt på rundt 80 budsjett-postar. Grovt sett går i underkant av 4 pst. til Nærings- og fiskeridepartementets eige budsjett, rundt 28 pst. til 15 direktorat og andre underliggjande forvaltningsorgan, rundt 14 pst. til Noregs forskingsråd, 15 pst. til Innovasjon Noregs innovasjonsverkemiddel, 15 pst. til tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk, 9 pst. til romverksemd og 4,5 pst. til sikring av atomanlegg og trygg handtering av atomavfall. Resterande går til diverse andre mindre tilskotsordningar. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde har vi ikkje oversikt over. Nedanfor tek vi for oss nokre område som kan ha effekt på klima.

Forskning og utvikling (FoU)

Om lag 10 pst. av samla FoU-løyvingar og skattefrådrag er forvalta over Nærings- og fiskeridepartementets budsjett gjennom ei rekkje ulike satsingar retta mot næringslivet. Felles for desse er at det offentlege bidraget utgjør ein mindre del av

føretaka sine FoU-kostnader. Stønaden er innretta slik at den skal utløyse forsking og utviklingsprosjekt. Delar av denne støtta medverkar til utvikling av teknologi som reduserer klimaavtrykket. Tidsspennet frå tildeling av FoU-støtte til ferdiggjering av funn og resultat er langt, og kommersialiseringar av forskinga i form av nye eller betre produkt og prosessar vil gjennomgåande liggje fleire år etter budsjettåret.

Miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg

Miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg gir tilskot til pilot- og demonstrasjonsprosjekt i norske føretak. Ordninga har som føremål å medverke til fleire vekstkraftige verksemder gjennom kommersialisering av nye løysingar baserte på miljøteknologi. Tilskot frå ordninga gjer det billegare for støttemottakar å prøve ut eller vise fram sine nye miljøteknologiløysingar og dermed til å sikre at produkta blir godt tilpassa marknaden. Mottakarane av støtte omfattar føretak som opererer i ei rekkje ulike næringer. Det foreslegne tilskotet til Miljøteknologiordninga er 565.5 mill. kroner i 2020.

Miljøteknologiordninga har som overordna mål å utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling. Ordninga vil delvis trekkje ressursar over til produkt og prosessar med lågare klimautslepp og miljøpåverknad enn tilsvarande produksjon tidlegare har hatt, og delvis medverke til at nye produkt og prosessar blir utvikla. Føresetnaden er at resultatata blir tilgjengelege for andre slik at løysinga kan spreiest i marknaden.

Nysnø Klimainvesteringar AS

Investeringsselskapet Nysnø Klimainvesteringar AS («Nysnø») vart stifta i desember 2017 og selskapet var operativt frå hausten 2018. Selskapet sitt formål er å medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar som direkte eller indirekte medverkar til dette. Investeringane skal i hovudsak rettast mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Investeringssfokus for selskapet skal vere bedrifter i tidlege fasar. Selskapet skal investere i unoterte selskap og/eller fond retta mot unoterte selskap med verksemd i eller ut frå Noreg.

Det er løyvd 725 mill. kroner i kapital til Nysnø sidan etableringa, og selskapet har gjort fleire investeringar. For 2020 er det foreslått 700 mill. kroner i ytterlegare kapital til selskapet (kap. 950, post 52 og 90). Klimaeffekten av statens investe-

ring i Nysnø er usikker og avheng av i kva grad Nysnø investerer i selskap og fond som lykkast, og i kva grad Nysnø medverkar til at andre investorar ser lønnsemd i investeringar med positiv klimaeffekt.

Eksportfinansiering og EBRD

Budsjettpostane og fullmaktene som gjeld Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK), kap. 2460 og Eksportkreditt Noreg, kap. 2429 medverkar i hovudsak til å fremje norsk eksport.

Det internasjonale regelverket som må følgjast for eksportlån- og garantiar legg til rette for grøn energi ved at det blir tilbode gunstigare finansieringsvilkår enn i andre eksportkontraktar. I tillegg er det lagt avgrensingar på kva som kan finansierast av kolkraftverk. Det er òg krav om å vurdere og evt. handtere negative miljøeffektar av dei enkelte prosjekta som blir finansierte. Kva slags eksport som blir finansiert, avheng av kva norske eksportørar produserer, som i enkelte tilfelle f.eks. kan vere utsleppsreducerande batteridrivne ferjer og i andre tilfelle kan ha høg miljørisiko og vere negativt for klima. Det er vanskeleg å anslå netto utsleppseffekt.

Nærings- og fiskeridepartementet har ein eigarposisjon på 1,26% i utviklingsbanken European Bank for Reconstruction and Development (EBRD). Banken sitt hovudformål er å framskande overgangen til opne, marknadorienterte økonomiar og fremje utvikling av ein konkurransedyktig privat sektor i banken sine 38 operasjonsland. Banken har som mål at 40% av bankens årlege investeringar skal vere innanfor «grøn økonomi» innan 2020. Det kan medverke til å redusere globale klimautslepp.

Prosess21

Regjeringa har styrkt samhandlinga mellom næringslivet, forvaltninga og forskinga gjennom å opprette strategiforumet Prosess21. Hovudoppgåva for Prosess21 er å gi strategiske råd og tilrådingar om korleis prosessindustrien best kan få til ei utvikling i retning av minimale utslepp frå prosessindustrien i 2050 og samtidig leggje til rette for at verksemder i prosessindustrien har berekraftig vekst i denne perioden. Prosess21 har ingen direkte effekt på klimagassutslipp.

Nasjonalt program for leverandørutvikling

Nasjonalt program for leverandørutvikling vart etablert i 2010 av NHO og KS. Sidan har Difi, Inn-

ovasjon Noreg og Forskingsrådet blitt med på eigarsida. Leverandørutviklingsprogrammet har i dag 26 nasjonale partnerar som medverkar med finansiering av programmet, der Nærings- og fiskeridepartementet er den aktøren som gir det største enkeltbidraget. I 2019 er bidraget på om lag 10 mill. kroner.

Programmet si oppgave er å auke innovasjonseffekten av offentlege anskaffingar, særleg innan klima og miljø, helse og omsorg og digitalisering. Innovative anskaffingar handlar om å utnytte høva som ligg i anskaffingsregelverket og verkemiddelapparatet til å kjøpe betre produkt og tenester. Programmet hjelper utvalte offentlege verksemder i enkelte anskaffingar, som deretter blir nytta som gode føredøme av andre tilsvarende verksemder. Sidan starten i 2010 har programmet hjelpt kommunale og statlege verksemder med over 150 innkjøp.

Programmet har utarbeidd ein modell for å gjennomføre innovative anskaffingar. Metoden legg vekt på betydninga av at stat og kommunar implementerer både prosessar og haldningar som medverkar til innovasjon i anskaffingsprosessen. Formålet er betre og meir effektive tenester, næringsvekst og lågare utslepp.

Sjøfart

Nærings- og fiskeridepartementet deler ansvaret for grøn skipsfart med Klima- og miljødepartementet. Grøn skipsfart er ein viktig del av det grønne skiftet, og eit satsingsområde i regjeringas klimapolitikk. Norsk maritim næring har gjennom lang tid vist stor evne til å utvikle og ta i bruk nye og meir klimavennlege løysingar.

Den offentlege stønaden til maritime forskings- og innovasjonsprosjekt medverkar til å realisere regjeringa sine ambisjonar om grøn vekst i den maritime næringa. MAROFF-programmet støttar prosjekt innanfor miljø, miljøvennleg energiutnytting, krevjande maritime operasjonar og avansert transport og logistikk. Klima- og miljøvennleg verksemd er eitt av dei prioriterte områda i Maroff-programmet til Noregs forskingsråd. Innovasjon Noreg gir òg betydeleg støtte til innovasjonsprosjekt for grøn skipsfart.

Reiseliv

I budsjettet for 2019 er det sett av 231,5 mill. kroner til reiselivsformål (kap. 2421, post 74). Midlane skal nyttast til å profilere Noreg som reise-mål, gjennomføre operative marknadstiltak og leg-

ge til rette for utvikling og sal av norske reiselivsprodukt. Dersom marknadsinnsatsen utløyer reiser til Noreg som elles ikkje ville ha funne stad kan desse midlane isolert sett ha ein negativ effekt på klima gjennom klimagassutslepp frå fly og skip.

Føringstilskotet

Føringstilskotet til fiskerinæringa (*inngår i kap. 919 post 75 Tilskudd til næringstiltak i fiskeriene*) er eit frakttilskot som truleg kan ha negativ klimaeffekt gjennom at det stimulerer til auka biltransport. I 2019 er det avsett 23,4 mill. kroner til tilskotet, men det er lagt opp til at tilskotet blir avvikla frå 2020. Det skal likevel vurderast om finansieringa av tilskotet i staden kan overlatast til næringa sjølv ved hjelp av såkalla inndregne midlar hos fiskesalslaga. Dersom ordninga ikkje blir erstatta av eit tilskot via næringa sjølv, vil avviklinga av tilskotet føre til marginalt reduserte utslepp, både på kort og lang sikt. Det er vanskeleg å konkretisere effekten nærare.

Handlingsplan for grøn skipsfart

Handlingsplanen for grøn skipsfart som vart lagt fram i 2019, vil vere eit viktig verktøy for å nå regjeringas mål om å halvere utsleppa frå sjøfart og fiske innan 2030. I 2019 vart òg regjeringas oppdaterte havstrategi lagt fram, der klima og grøn skipsfart er identifisert som eit av tre viktige område for regjeringas havpolitikk framover.

15.14 Olje- og energidepartementet

Totalbudsjettet for Olje- og energidepartementet i 2020 er på om lag 31,71 mrd. kroner. Dette er inkluderer 55 mill. kroner til vidareutvikling av Technology Center Mongstad som er sett av på ymse-post. Utanom Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), utgjer budsjettet om lag 3,7 mrd. kroner. Av dette går rundt 6 pst. til OEDs eige budsjett, rundt 23 pst. til Oljedirektoratet og Petoro AS, rundt 30 pst. til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), rundt 22 pst. til forskning og utvikling og rundt 18 pst. til CO₂-handtering.

Midlar som hovudsakleg går direkte til støtte av klimatiltak utgjer i underkant av 30 pst. av OEDs budsjett unnateke SDØE. Dette omfattar hovudsakleg midlar til CO₂-handtering og forskingsprogram under Noregs forskingsråd.

Forsking

Satsinga på FoU og raskare bruk av ny teknologi i energi- og petroleumssektoren skal medverke til meir effektiv og miljøvennleg utnytting av norske energiressursar. Vidare skal den medverke til reduksjon av nasjonale og globale utslepp utover det som kan ventast med eksisterande teknologi og løysingar. Den kunnskapen ein kjem fram til i dag vil kunne gi grunnlag for ny forsking og ny kunnskap. Grunna uvisse om omfang og tidspunkt for introdusering og kommersialisering av ny teknologi under utvikling, finst det ingen precise anslag på framtidige utsleppseffektar av teknologi som berre er på forskings- og utviklingsstadiet. Ein reduksjon på til saman 35,5 mill. kroner under PETROMAKS 2 og ENERGIX vil på sikt kunne verke negativt i klimasamanheng. Relevant budsjettpost er kap. 18.30, post 50 i Olje- og energidepartementet sitt budsjett.

CO₂-handtering

Regjeringa sin strategi for arbeidet med CO₂-handtering vart lagt fram i Prop. 1 S (2014–2015). Det overordna målet er å medverke til at CO₂-handtering blir eit kostnadseffektivt tiltak i arbeidet mot globale klimaendringar. Arbeidet med CO₂-handtering skal medverke til å utvikle og demonstrere teknologi for fangst og lagring av CO₂ med eit spreingspotensial. Tiltaka i regjeringsgas strategi omfattar forsking, utvikling og demonstrasjon, arbeid med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Det er ikkje mogleg per i dag å kvantifisere utsleppsreduksjonane som vil kunne realiserast gjennom desse tiltaka. Kor store reduksjonar i CO₂-utslepp som kan oppnåast avheng av kor CO₂-fangst eventuelt blir realisert og blant anna av kva slag tekniske løysingar som blir valt. Sjå budsjettpost kap. 18.40 i Olje- og energidepartementet sitt budsjett.

15.15 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementets budsjett er på om lag 73 mrd. kroner. Desse utgiftene er fordelte på i underkant av 80 ulike budsjettpostar av veldig ulik karakter. Om lag 10 pst. av utgiftene går til drift av departement og underliggjande etatar (01-postar), mens resten er fordelt på ulike postar som omfattar alt frå investeringar i infrastruktur, drift og vedlikehald, til forsking og tilsynsoppgåver m.m. Det

er vanskeleg å seie noko om klimaeffekten av dei ulike postane, blant anna fordi den enkelte budsjettposten kan innehalde utgifter til ulike formål. I mange tilfelle vil det òg variere frå år til år kva som inngår i dei ulike postane, og for mange av postane er det opp til underliggjande verksemdar å avgjere fordelinga av utgiftene. Den samla klimaeffekten av Samferdselsdepartementets budsjett er derfor vanskeleg å fastslå.

Løyvingar over statsbudsjettet medverkar både direkte og indirekte til auka utslepp, og det gjeld også for Samferdselsdepartementets budsjett. Eksempel på dette er bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur, statleg kjøp av transporttenester, under dette kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen-Kirkenes, og kjøp av riksvegferjetenester. I dei seinare åra har regjeringa stilt utsleppskrav som medverkar til å avgrense ev. negative utsleppseffektar noko. I avtala om kystruta Bergen – Kirkenes for perioden 2021–2030 er det f.eks. stilt klima- og miljøkrav som sikrar at CO₂-utsleppa frå skipa som betener ruta blir betydeleg lågare enn i dag. Skipa er tilrettelagt for landstraum og nyttar dette i dei hamnene der det er tilgjengeleg. I tillegg kan ikkje tungolje nyttast som drivstoff. Aktiv bruk av offentlege anskaffingar og støtteordningar medverkar til at rundt ein tredel av bilferjene i landet er venta å ha heilt eller delvis elektrisk framdrift i 2021. Staten stiller krav til null- eller lågutsleppsløysingar ved utlysing av nye kontraktar for drift av riksvegferjesamband.

På Samferdselsdepartementets budsjett vil det òg vere utgifter som medverkar til å redusere klimagassutslepp. Eksempel på utgifter som kan medverke til å redusere klimagassutslepp er utgifter til drift og investeringar i jernbane, kjøp av persontransport med tog, tilskot til gang og sykkelvegar, premieringsmidlar til bymiljø- og byvekstavtaler og tilskot til overføring av gods frå veg til sjø.

Investeringsprofilen i Samferdselsdepartementets budsjett kan ha betydning for dei samla utsleppa frå transportsektoren ved at den påverkar trafikkomfanget, eller ved at den påverkar konkurranseforholdet mellom ulike transportformer, som f.eks. mellom bil- og kollektivtrafikk, eller mellom godstransport på veg og bane eller kjøp. Den samla effekten over tid kan vere vanskeleg å anslå, då den vil avhenge av mange faktorar. Ved auka overgang frå fossile drivstoff til elektrisitet vil utsleppseffekten kunne minske.

I dette kapitlet er omtalt utsleppseffekten av Samferdselsdepartementets budsjett. For ei generell omtale av historiske og framskrivne utslepp i transportsektoren, og eksisterande verkemiddel, sjå kap. 4.2

Utslepp frå trafikk, bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur

Her er det gitt nokre anslag på direkte klimagassutslepp, dvs. utslepp frå forbrenning av fossilt drivstoff, frå bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur for veg og jernbane. Anslaga er for store prosjekt som er i gang og store prosjekt som startar opp i 2020, og ikkje for årets budsjettløyvingar. Avinor AS sine prosjekt er ikkje finansierte over statsbudsjettet, og er derfor ikkje rapporterte her. Avinor har relativt få store byggje- og anleggsprosjekt. Dei siste ti åra har dei gjennomført ein handfull slike store prosjekt.

Veg

Trafikkutslepp frå prosjekt med oppstart i 2020

Trafikkutsleppa som følgjer av prosjekta som har anleggsstart i 2020 er berekna til å auke med om lag 28 000 tonn samla over ein 40-årsperiode. Der- som innføringa av nullutsleppskøyretøy skjer raskare enn det som er lagt til grunn i framskrivinga frå Nasjonalbudsjettet 2019, vil endringa bli mindre enn dette.

Utslepp frå bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur

Dei direkte utsleppa i 2020 som følgjer av løyvinga til alle riksveginvesteringar inkludert skredsikring, vil truleg liggje i intervallet 140 000 til 170 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er eit grovt overslag basert på ei gruppe prosjekt som det er gjort detaljerte berekningar for. Eit grovt overslag for direkteutslepp frå drift og vedlikehald av veginfrastruktur gir utslepp i intervallet 110 000 til 150 000 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020.

Eit grovt overslag på samla utslepp frå bygging, drift og vedlikehald av veginfrastruktur vil dermed vere i intervallet 250 000 til 320 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Jernbane

Utslepp frå bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur

Samla utslepp av klimagassar frå store pågåande prosjekt eller store prosjekt som blir starta opp i 2020 er anslått til om lag 32 000 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Utsleppsreduksjonane knytte til dei berekna prosjekta er anslått å utgjere om lag 190 000 tonn CO₂-ekvivalentar i året i 2030 og 2050.

Utslepp frå drift og vedlikehald av jernbaneinfrastruktur vart for 2018 rapportert å vere om

lag 4000 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er utslepp basert på dieselforbruket til Bane NOR sine anleggsmaskiner («gule tog»). Føreset eit drifts- og vedlikehaldsbudsjett for 2020 og 2021 i same storleiksorden som for 2018, vil utsleppa endre seg lite. Utskifting av materiell/ teknologiforbetringar og endringar i aktivitet vil kunne påverke desse utsleppa i framtida.

Trafikkutslepp jernbane og veg

Nye veg- og jernbaneprosjekt oppstart 2020, trafikkutslepp

Det er venta at trafikkutsleppa gradvis går ned i perioden fram mot 2050 som ein følgje av trafikkoverføring mellom veg og bane. Det er berekna at trafikkoverføringa vil gi ein årleg reduksjon på 1 000 tonn CO₂ i gjennomsnitt kvart år mot 2030. Det er ikkje teke høgd for innfasing av null- og lågutsleppskøyretøy i det omfanget vi no ser, slik at utsleppsreduksjonen som skuldast utbyggingsprosjekta kan vere overdimensjonert.

15.16 Utanriksdepartementet

Totalbudsjettet for Utanriksdepartementet i 2020 er på 48 mrd. kroner (utgifter med lånetransaksjonar), fordelt med 12,2 mrd. kroner til utanriksforvaltning og 35,8 mrd. kroner til utviklingssamarbeid. Utanriksdepartementets underliggende etatar Norad og Norec forvaltar delar av bistanden, i tillegg til Norfund. Delar av bistanden blir òg forvalta på utvalte utanriksstasjonar og av statlege etatar i Noreg. Løyvingar til EØS-avtala utgjer 3,5 pst. av departementets budsjett og bistand utgjer 74,9 pst. av departementets samla budsjett for 2020.

Tiltak til klima, miljø, hav og fornybar energi over programområde 03 er for 2020 berekna til ca. 3,7 mrd. kroner. Dette beløpet inkluderer ikkje Klima- og skoginitiativet. Fleire av budsjettpostane, spesielt dei som går til drift, vil blant anna kunne finansiere transport med fly, båt og bil og dermed medverke direkte til utslepp av klimagassar. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde er det derimot ikkje oversikt over.

Det er ein rekkje klimatiltak i utviklingsland som tek imot støtte over bistandsbudsjettet. For tilskot med reduserte klimagassutslepp som formål og fornybar energi rapporterer stadig fleire tilskotsmottakarar om oppnådde eller venta utsleppsreduksjonar. Fleire forhold gjer det likevel metodisk utfordrande å berekne og særleg aggregere utsleppsreduksjonar. I tillegg til ulik

beregningsmetodikk, er det ein stor risiko for dobbeltteljing. Ofte støttar fleire givarar same tiltak. Prosjekt som medverkar til utsleppsreduksjonar er i mange tilfelle realiserte som følge av fleire givartiltak, ofte over ein lang tidsperiode.

Norsk støtte til tiltak i utviklingsland over Utanriksdepartementets budsjett retta mot reduksjon av klimagassar, kan hovudsakeleg delast i to. Den første kategorien er energiproduksjon eller forbruk, utsleppsreduserande tiltak eller karbonlagring. Den andre kategorien vil ha utsleppsreduksjon som ein indirekte verknad eller sekundær konsekvens. Slike innsatsar inkluderer kapasitetsbygging, opplæring, støtte til utvikling av regelverk og finansieringsmekanismer. Bidrag frå sekundære intervensjonsprosjekt vil vere avgjerande for å realisere ein lågkarbonøkonomi som kan foreinast med temperaturmåla i Parisavtala, men er utfordrande å måle. Regjeringa understrekar at det er viktig å halde ved lag støtte også til denne typen intervensjonar sjølv om effektane er meir utfordrande å måle.

Noreg har lenge vore ei leiande kraft i det internasjonale klimaarbeidet. Gjennom klima- og skoginitiativet og eit stort engasjement for fornybar energi, har Noreg vist veg og er ein viktig

aktør i arbeidet for globale utsleppsreduksjonar. Samtidig har Noreg blitt kritisert for å vere for einseitig fokusert på utsleppsreduksjonar. Det er ei målsetjing innafor Parisavtala at støtta skal vere balansert mellom utsleppsreduserande tiltak på den eine sida og tilpassing og førebygging på den andre sida. Regjeringa ønsker no å gjere klimatilpassing, førebygging og kamp mot svolt til eit hovudelement i utviklingsinnsatsinnsatsen og med det skape ein betre balanse i klimaporteføljen vår.

Noreg medverkar til utsleppsreduksjonar i andre land blant anna gjennom Det grønne klimafondet og støtte over bistandsbudsjettet til fornybar energi i utviklingsland. Tabellen i kapittel 1.18 gir ei oversikt over eit utval av slik støtte over budsjettet til Utanriksdepartementet.

15.17 Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land

Det er ei rekkje tiltak i andre land som får støtte over statsbudsjettet. Tabellen under gir ei oversikt over slik støtte over budsjettet til Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Tabell 15.2 Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land

Tiltak/ verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg klimaeffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Klima- og skogsatsinga	KLD	Støtte (utviklingsbistand) til å redusere utslepp frå tropisk skog i utviklingsland	Kap. 1482 post 73	Det blir betalt for ca. 15 mill. verifiserte tonn reduserte utslepp i 2019	Det blir betalt for ca. 20–30 mill. verifiserte tonn reduserte utslepp i 2020
Kjøp av klimakvotar	KLD	Støtte til FN-godkjente klimaprojekt i utviklingsland	Kap. 1481 post 22 og 23	Ca. 9 mill. tonn verifiserte utsleppsreduksjonar i 2019	Ca. 47 mill. tonn verifiserte utsleppsreduksjonar for perioden 2013–2020
Det grønne klimafondet	UD	Støtte til klimatiltak i utviklingsland	Kap. 163 post 70		1,4 mrd. tonn ¹ (aggr.)

Tabell 15.2 Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land

Tiltak/ verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg klimaeffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Fornybar Energi ²	UD	<i>Eksempel frå nokre norskstøtta prosjekt</i>	Kap. 162, postane 72, 75 og 95 (hovudsakleg)		
		Norfund		Ca 4,7 mill. tonn ³	Vil auke betyde- leg
		Energising Develop- ment		Ca 2,3 mill. tonn ⁴	Vil truleg auke noko
		Scaling Up Renewable Energy Programme		-	Ca 5,4 mill. tonn ⁵
		Ny produksjon utløyst av norskstøtta transmi- sjons-prosjekt i Nepal		-	Ca 5 mill. tonn ⁶
		Sustainable Energy Fund Africa		-	Ca 3 mill. tonn ⁷
		Get Fit Uganda		Ca 0,2 mill. tonn ⁸	Ca 0,6 mill. tonn
		Mount Coffee Liberia		Ca 0,25 mill. tonn ⁹	Ca 0,25 mill. tonn
		Nordic Climate Facility		0,4 mill. tonn ¹⁰	
		Global Environment Facility		378 mill. tonn ¹¹ (aggr.)	
Klima- tilpassing	UD	Støtte til ulike klimatil- passingstiltak, f.eks. klimasmart jordbruk	Fleire kap.	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp

¹ Noregs bidrag er ca. 2,6 pst.

² Det finst ikkje ei total oversikt over utsleppsreduksjonar frå norsk bistand.

³ 2017-tal. Merk at Norfund ofte samfinansierer med andre aktørar.

⁴ Noregs bidrag er knapt 10 pst.

⁵ Noregs bidrag er ca. 16 pst.

⁶ Noregs bidrag er ca. 7 pst.

⁷ Noregs bidrag er ca. 4 pst. (ekskl. investeringane i AREF).

⁸ Noregs bidrag er ca. 16 pst.

⁹ Noregs bidrag er ca. 20 pst.

¹⁰ Noregs bidrag er ca. 11 pst.

¹¹ Noregs del er 1,94 pst.

16 Noreg blir førebudd på og tilpassa klimaendringane

16.1 Innleiing

Ifølgje klimalova skal det gjerast greie for korleis Noreg blir førebudd på og tilpassa klimaendringane.

Fram mot år 2100 vil Noreg få eit varmare klima, med meir nedbør, kortare snøsesong, minskande isbrear, fleire og større regnflaumar og stigande havnivå. Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassning i Norge*, vedteken av Stortinget gjennom Innst 49 S (2012–2013) er gjeldande nasjonale strategi og gir føringar for arbeidet med klimatilpassing i Noreg.

I 2018 leverte klimarisikoutvalet sin rapport *Klimarisiko og norsk økonomi (NOU 2018: 17)*. Utvalets mandat var å blant anna vurdere klimarelaterte risikofaktorar og deira betydning for norsk økonomi, og korleis private og offentlege selskap kan få eit betre fagleg grunnlag for å handtere og analysere klimarisiko. Klimarisikoutvalet vurderer i sin rapport at Noreg har eit godt utgangspunkt for å handtere klimarisiko, med vel fungerande politiske institusjonar, eit høgt inntektsnivå og ein omstillingsdyktig økonomi.

Dei siste åra har stortingsmeldingar og andre policy-dokument, både sektorspesifikke og sektorovergripande, adressert klimaendringane si betydning og behovet for klimatilpassing. FN's klimapanel's spesialrapport³¹ om 1,5 graders global oppvarming vart publisert i 2018, og ytterlegare to spesialrapportar om klimaendringar og landareal og hav og kryosfære blir publisert i 2019. Sjå elles IPCC³² og Miljøstatus³³ for meir informasjon om klimaendringar og utslepp i Noreg.

16.2 Organisering av det nasjonale klimatilpassingsarbeidet

Alle har eit ansvar for å tilpasse seg klimaendringane, både enkeltindivid, næringsliv og

myndigheiter. I tråd med sektorprinsippet har alle departement ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet (KLD) legg til rette for regjeringas heilskaplege arbeid på området. Miljødirektoratet koordinerer det nasjonale klimatilpassingsarbeidet på vegner av KLD. Direktoratet bistår departementet i oppfølging av stortingsmeldinga om klimatilpassing, medverkar til at regjeringas arbeid på området blir følgt opp av forvaltninga og i samfunnet, og støttar departementet i det internasjonale klimatilpassingsarbeidet, under dette i klimaforhandlingane.

Miljødirektoratet stiller i sin styringsdialog forventningar til at fylkesmannen og sysselmannen arbeider med klimatilpassing, og driftar og utviklar vidare nettstaden Klimatilpassing.no. Det blir kontinuerleg utarbeidd nytt kunnskapsgrunnlag til det nasjonale klimatilpassingsarbeidet. Blant anna vart utgreiinga om konsekvensar for Noreg av klimaendringar i andre land følgt opp med ei utgreiing i 2019 av korleis andre land har kartlagt og handtert slike konsekvensar³⁴.

Direktoratet arbeider for å integrere klimatilpassing i forskinga, blant anna gjennom innspel til forskingsprogram og -satsingar. Miljødirektoratet sit i styret i Norsk Klimaservicesenter (KSS) og gir oppdragsbrev og økonomisk støtte til senteret.

16.3 Oppfølging av arbeidet med klimatilpassing i Noreg

Arbeidet med klimatilpassing er ført vidare siste år, og ei rekkje tiltak er gjennomført. Norsk Klimaservicesenter (KSS) har utarbeidd klimaframskrivingar for Noreg fram mot 2100 og fylkesvise klimaprofilar for alle fylke. I 2019 publiserte KSS

³¹ <https://www.ipcc.ch/sr15/>

³² <https://www.ipcc.ch/>

³³ <https://www.miljostatus.no/>

³⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2019/mai/utredning-om-kunnskap-og-handtering-av-grenseoverskridende-klimarisiko-i-utvalgte-land/>

Boks 16.1 Klima på Svalbard 2100

Rapporten viser at klimaendringane på Svalbard allereie har komme langt. Temperaturen stig raskare i Arktis enn noko annan stad i verda. Frå 1971 til 2017 har Svalbard blitt 3–5 grader varmare i årsgjennomsnitt – minst i sør og meir lengre nord. Dersom utsleppa held fram med å auke som no, kan den årlege gjennomsnittstemperaturen på øygruppa gå frå 8–9 minusgrader til 1–2 plussgrader i slutten av hundreåret. Temperaturauken vil ifølgje rapporten blant anna føre til at permafrost blir varma opp over heile øya og dei øvste meteorane vil smelte i kystsona, 35–65 % meir nedbør, at snøskred og jordskred blir vanlegare, kortare snøsesong, mindre isbrear, mindre sjøis rundt øygruppa og store endringar i biologisk mangfald og i økosystema både i havet og på land.

klimaframskrivingar for Svalbard³⁵ og klimaprofil for Longyearbyen.

Plan- og bygningslova (PBL) er det overordna verktøy for samfunnsplanlegging og arealforvaltning, og lova er sentral i kommunane sitt arbeid med klimatilpassing. Ei endring av plan- og bygningslovas § 3-1 g i mars 2019 presiserer at tilpassing til venta klimaendringar skal vere ein del av planlegginga. Statlege planretningslinjer (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane vart fastsatt hausten 2018. Rettleiing til planretningslinja er under utarbeiding. Forskrift om konsekvensutgreiingar var oppdatert i 2017 og inkluderer vurderingar av sårbarheit overfor klimaendringar.

Klima- og miljødepartementet samarbeider med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Olje- og energidepartementet om oppfølging av overvassutvalet si utgreiing *Overvann i byer og tettsteder – som problem og ressurs (NOU 2015: 16)*. Aktuelle direktorat er òg inkludert i arbeidet. Utvalet har foreslått ein pakke med verkemiddel som må sjåast i samanheng, blant anna ei rekkje lov- og forskriftsendringar. Fleire av dei foreslåtte endringane i PBL vart vedtekne hausten 2018³⁶.

³⁵ <https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/climate-in-svalbard-2100>

I 2019 la Cicero og Vestlandsforskning fram eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av klimaendringar for Noreg³⁷. Utgreiinga er ei samanstilling av eksisterande kunnskap om korleis Noreg kan bli påverka av klimaendringane og korleis forvaltninga og andre aktørar arbeider med klimatilpassing.

16.4 Økonomisk støtte til lokalt arbeid med klimatilpassing

Tilskotsordninga for kommunane sitt utviklingsarbeid knytt til klimatilpassing vart ført vidare med 6,4 mill. i 2019. I perioden frå 2015 til 2019 vart i overkant av 27 mill. kroner fordelt på omlag 90 ulike prosjekt³⁸.

I 2019 vart det i KLDs budsjett sett av 5 mill. kroner til Miljødirektoratets koordinerande arbeid med klimatilpassing. Midlane er nytta til kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging på lokalt og regionalt nivå, og støtte til Norsk Klimaservicesenter. Miljødirektoratet nyttar også egne midlar til klimatilpassingsarbeidet.

16.5 Informasjon, kapasitetsbygging og utdanning

Miljødirektoratet arrangerer jamleg seminar og webinar for kommunar³⁹ i samarbeid med andre aktørar. I 2018 samarbeidde Noregs vassdrags- og energidirektorat, Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap, Miljødirektoratet og KS om å arrangere ein nasjonal klimatilpassingskonferanse. Konferansen hadde over 400 deltakarar frå blant anna kommunar, nasjonale myndigheiter og næringsliv.

Nettstaden Klimatilpassing.no skal medverke til å spreie kunnskap og rettleie om klimaendringar og klimatilpassing, spesielt for dei som rettleier, planlegg og tek avgjerder lokalt og regionalt. Direktoratata medverkar med innhald på nettsida innanfor sine ansvarsområde.

³⁶ <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/endinger-i-plan-og-bygningsloven-om-handtering-av-overvann-i-arealplanleggingen/id2632840/>

³⁷ <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2019/januar-2019/oppdatering-av-kunnskap-om-konsekvenser-av-klimaendringer-i-norge/>

³⁸ <http://www.klimatilpassing.no/hva-er-klimatilpassing/tilskudd-til-klimatilpassing/>

³⁹ <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Webinarer-om-lokalt-klimaarbeid/>

Kompetansebyggjande pilotprosjekt har vore viktige i utviklinga av klimatilpassingsarbeidet i Noreg dei siste åra. To pilotprosjekt der målet er å utvikle rettleiing til korleis ein kan ta omsyn til klimaendringar gjennom planlegging etter plan og bygningslova blir ferdigstilte i 2019. Det eine prosjektet ser på natur- og miljøområdet og det andre på landbrukssektoren. Fleire fylkesmenn og direktorat er involverte i begge prosjekta.

I løpet av 2019 skal alle fylke ha gjennomført eit introduksjonskurs i klimatilpassing for kommunane i sin region. Det vil òg bli vurdert ei vidare utvikling av kursa for kommande år.

16.6 Nettverk og samarbeid

Klimatilpassingsnettverket *I front*, bestående av dei 11 største bykommunane i Noreg, er koordinert av Miljødirektoratet. Kommunane skal dele kunnskap og erfaringar, medverke til kompetanseheving i eigen region, og vere med å utvikle klimatilpassingsarbeidet nasjonalt. Kommunesektoren sin organisasjon (KS) har òg eit pågåande kommunenettverk for å styrkje lokalt arbeid med klimatilpassing.

Nettverket *Naturfareforum*, med representantar frå ei rekkje direktorat og etatar, og KS, skal styrkje samarbeidet mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar for å redusere Noregs sårbarheit for uønskte naturhendingar.

16.7 Forsking

Forskringsrådet støttar ei rekkje forskingsprosjekt knytte til klimaendringar og tilpassing. KLIMA-FORSK er eit tiårig program for klimaforskning (2014–2023) som skal gi auka kunnskap om korleis samfunnet kan tilpasse seg klimaendringar. I 2019 er det lyst ut 40 mill. kroner til fri klimaforskning og 125 mill. til prosjekt som fremjar samfunnets klimaomstilling inkludert klimatilpassing.

Klima 2050, eit senter for forskingsbasert innovasjon (SFI), skal skaffe fram kunnskap om klimatilpassing av bygningar og infrastruktur. Som del av programmet blir det gjort forskning på avgjerdsprosessar og verkemiddel for klimatilpassing. I 2018 publiserte dei blant anna ein rapport som gjennomgår praktiske retningslinjer for organisering og etablering av nettverk mellom kommunar for å lære klimatilpassing⁴⁰.

Noradapt – Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, opna i 2018 og skal få fram og samle kunnskap om korleis vi kan førebu oss på klimaendringane på tvers av sektorar og fagfelt. Regjeringa har tildelt 10 mill. kroner til start av senteret.

⁴⁰ https://www.sintefbok.no/book/index/1181/nettverk_for_aa_laere_klimatilpasning_hvorfor_og_hvordan

Boks 16.2 Naturfareforum

Naturfareforum skal identifisere manglar eller forbedringspotensial i samfunnet si førebygging og handtering av naturfarar og foreslå tiltak for å møte dette. Naturfareforum tek initiativ til og gjennomfører prosjekt på område der det er særleg sektorovergripande utfordringar. Forumet har blant anna pågåande prosjekt for å styrkje forvaltninga i små nedbørfelt, forbetre datainnsamling og kunnskapsgrunnlaget for naturhendingar (Kunnskapsbanken) og forbetre læring etter hendingar. Naturfareforum er nasjonal plattform for det globale rammeverket for katastrofeførebygging (Sendai rammeverket), som Noreg har forplikta seg til å følge opp.

Naturfareforum er organisert som eit nettverk med ei styringsgruppe som består av repre-

sentantar frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, Statens Vegvesen, Bane NOR, Landbruksdirektoratet, Kommunesektorens organisasjon, Miljødirektoratet, Meteorologisk Institutt, Kartverket og Fylkesberedskapssjefane.

Miljødirektoratet drifrar ei gruppe bestående av 14 direktorat og statlege selskap. Gruppa deler informasjon om status på klimatilpassingsarbeidet på nasjonalt nivå og er ein arena for å vidareutvikle det nasjonale arbeidet med klimatilpassing. Gruppa er i 2019 involvert i arbeidet med å lage rettleiing til SPR klimatilpassing.

16.8 Klimatilpassing i og på tvers av sektorar

Samfunnstryggleik og naturfare

DSB arbeider med klimatilpassing innanfor fagområda eltryggleik, kjemikalietryggleik og brann og redning. Direktoratet tek også vare på sentrale delar av Justis- og beredskapsdepartementets samordningsoppgåver, og skal ha oversikt over risiko- og sårbarheitsutviklinga i samfunnet og vere pådrivar i arbeidet med å førebyggje alvorlege uønskte hendingar. Naturfarar er ein betydeleg del av risikobiletet.

I DSBs kommuneundersøking (2019) seier meir enn halvparten av kommunane at dei har opplevd ein eller fleire alvorlege naturhendingar dei siste to åra. Kommunane rapporterer om fleire alvorlege konsekvensar, blant anna svikt og forstyrringar i kritiske samfunnsfunksjonar. I tillegg svarer 40 pst. at dei har eksisterande busetnad som ligg slik plassert at dei ikkje tilfredsstiller krava til tryggleik mot naturfare i byggteknisk forskrift, mens 35 pst. ikkje er sikre på om dei har slik busetnad. DSB følgjer dette opp blant anna gjennom embetsstyring og styringsdialog med fylkesmennene om oppfølging av kommunane sitt arbeid med klimatilpassing og samfunnstryggleik, og bruk av DSBs rettleingsmateriell.

Dagens tekniske tilstand i kraftnettet er ikkje robust nok for å tole venta framtidige klimapåkjenningar. Ved revisjon av forskrift om elektriske forsyningsanlegg vil DSB gi tydelegare krav i samband med naturgitte påverknader. Fylkesmannen i Agder initierte i 2018 eit prosjekt for å gjere kraft-, e-kom-, informasjons- og velferdsteknologien meir robust. Prosjektet har sitt utspring i fleire klimarelaterte hendingar som har utfordra samfunnet si sårbarheit. DSB sit sentralt i prosjektet, i tillegg til fleire direktorat, kommunar, leverandørar av tenester, frivillige organisasjonar og Universitetet i Agder.

Sivilforsvaret har etablert mobile forsterkingseiningar seks stader i Noreg. Skogbrannsituasjonen i 2018 stadfeste behovet for nasjonale store flyttbare kapasitetar. På bakgrunn av auke i talet skog- og lyngbrannar dei seinaste åra, gjennomfører DSB i 2019 ein beredskapsanalyse av skogbrann på nasjonalt nivå. Føremålet er å undersøkje om beredskapen er tilstrekkeleg til å handtere kommande skogbrannar.

Konsekvensane av klimaendringane har stor betydning for NVEs ansvarsområde og etaten arbeider etter ein eigen klimatilpassingsstrategi, med tilhøyrande handlingsplanar. Her inngår FoU

for å studere effektar av klimaendringar på hydrologi og kryosfære, og samarbeid i Norsk klimaserVICESenter.

Generelt er klimatilpassing godt integrert i NVEs forvaltning. Dei siste åra har NVE arbeidd med auka fokus på vatn i by og tettstad og frå 2019 vil NVE bli styrkt med midlar til stillingar for å hjelpe kommunar i arealplanarbeid og betre det hydrologiske grunnlaget relatert til overvatn. Gjennom ei eiga tilskotsordning i 2018/2019 har NVE medverka til at 38 kommunar har kartlagt bekkar med kritiske punkt. Klimaendringar er integrert i NVEs arbeid med forskrifter og retningslinjer, for eksempel for flaumberekningar og damtryggleik. Omsyn til klimaendringar er inkludert i retningslinja «Flaum og skredfare i arealplanar», og i eit kost-nytte-verktøy for vurdering og prioritering mellom tiltak som skal beskytte mot flaum og skred. Effekten av klimaendringar på flaum er òg inkludert i flaumsonekarta. NVE gjennomfører regionale samlingar og deltek på seminar/møte for å byggje kompetanse i kommunane og hos konsulentar i det førebyggjande arbeidet mot flaum- og skredskadar. Etaten har god oversikt over kraftinfrastrukturens sårbarheit overfor klimaendringar og analyserer klimaendringar si betydning for energiforbruk og fornybar kraftproduksjon.

Kartverket forvaltar og formidlar data av betydning for klimatilpassing. Etaten er saman med fleire etatar i gang med å etablere ein detaljert høgde- og terrengmodell for heile landet, som blant anna betrar datagrunnlaget for klimatilpassing. Prosjektet er eit spleiselag mellom Kommunal- og moderniseringsdepartementet og sju andre departement. Kartlegginga varer fram til 2022, og innsamla høgdedata er tilgjengeleg via Geonorge.no. Den nye detaljerte høgdemodellen vil styrkje beredskapsarbeidet ved at ein kan berekne flaumsoner og skredfare meir nøyaktig enn tidlegare. Kartverket driftar det nasjonale observasjonssystemet for havnivå og vasstand og formidlar data relevant for klimatilpassing på Se havnivå. Her finst òg den nye klimatenesta, Se havnivå i kart, som visualiserer konsekvensar av framtidig havnivå og stormflo.

Natur, miljø, landbruk og økosystem

Miljøforvaltninga har eit sektorovergripande ansvar på klima- og miljøområdet, og skal medverke til utvikling av eit helskapleg kunnskapsgrunnlag om miljøtilstand, tiltak og verkemiddel på tvers av sektorane knytte til klima, klimaendringar og klimatilpassing. Klima- og miljø-

departementet sin kunnskapsstrategi⁴¹ og departementet sine prioriterte forskningsbehov⁴² er førande for arbeidet.

Miljødirektoratet vedtok i 2018 ein klimatilpassingsstrategi og handlingsplan⁴³. Arbeidet med klimatilpassing innan naturforvaltninga er dei siste åra styrkt gjennom blant anna arbeid med supplerande vern, der eit av delmåla er å gjere verneområde meir klimarobuste og styrkje nettverket av verneområde for å sikre økologiske samanhengar. Tilpassing til klimaendringane er òg eit delmål i plan for restaurering av våtmark i Noreg (2016–2020) som no blir gjennomført. Miljødirektoratet, NVE og Landbruksdirektoratet samarbeider om oppfølginga av dette. Som del av biodiversitetssamarbeidet med Russland er direktoratet involvert i eit prosjekt som ser på effektar av klimaendringar for utvalte felles bestander av artar. Miljødirektoratet leverte revidert faggrunnlag for forvaltningsplan for Barentshavet-Lofoten og oppdatert faggrunnlag for Norskehavet og Nordsjøen-Skagerrak til KLD i 2019. I faggrunnlaget er samanstilt kunnskap som skal styrkje grunnlaget for ei heilskapleg økosystembasert forvaltning av dei norske havområda.

Klimarelevant overvaking utgjer i overkant av ein fjerdedel av Miljødirektoratets overvakingbudsjett. Direktoratet arbeider kontinuerleg med å auke klimarelevansen i overvakingprogramma, og har eit spesielt fokus på å avdekkje verknader i marine økosystem som følgje av klimaendringane. Klimaomsyn er òg integrert i ei rekkje rettleiarar. Blant anna kom i 2019 ny rettleiar *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv* med delkapittel om klimatilpassa løysingar. I 2019 blir det òg utarbeidd ny rettleiar for risikovurdering av spreieing av forureining frå forureina grunn, der krav til vurdering av klimaendringar vil bli innarbeidde.

Riksantikvaren har ein strategi og handlingsplan for klimarelatert arbeid. Direktoratet samarbeider med Sverige, Skottland og Island i eit interregprosjekt om å utvikle arbeidsmetodikk og verktøy for risikovurdering og planlegging av tiltak for å sikre kulturminne og kulturmiljø i eit endra klima. Prosjektet skal avsluttast medio 2020, men Riksantikvaren planlegg å ha ferdig utvikla rettleiing for kommunar og eigarar av mindre bygningar ved årsskiftet 2019/2020.

⁴¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/afb54872-dafb4a04918e091e78ec7290/t-1561.pdf>

⁴² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/klima-og-miljodepartementets-prioriterte-forskningsbehov-2016-2021/id2478345/>

⁴³ <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2018/April-2018/Klimatilpassning-2018-2022/>

Riksantikvaren har fleire miljøovervakingssystem som kartlegg korleis klimaendringar påverkar kulturminne, kulturmiljø og landskap, for eksempel status og tilstandsovervaking av kulturlag i utvalte mellomalderbyar (MABYMOV), og overvaking av klimaendringane sin påverknad på bygningane på verdsarvstadene i Bergen og Røros. Etaten arbeider òg med å etablere eit overvakingssystem for kulturminne og belastninga på grunn av klima og turisme på Svalbard. Etaten har i fleire år hatt eit fokus på klimarelaterte skadar på arkeologiske kulturminne ved prioritering av tilskot til sikringsundersøkingar, anten gjennom betre in situ-vern eller gjennom utgravningar/innsamling av funn for å sikre uerstatteleg kjeldeverdi.

Klimatilpassing i landbrukssektoren omfattar areal- og ressursforvaltning generelt, og tilpassingar i jord- og skogbruksproduksjonen. Gardbrukarane sjølve tilpassar seg kontinuerleg, for eksempel ved val av vekstar og driftsmetodar som er betre tilpassa eit endra nedbørsmønster og høgare temperatur. Produsentane er igjen avhengige av relevant FoU, rettleiing og økonomiske insentiv.

Landbruksdirektoratet forvaltar fleire tilskotsordningar under jordbruksavtala som er relevante for klimatilpassing, blant anna til drenering av jordbruksareal, etablering og utbetring av hydrotekniske anlegg, bygging av landbruksveggar, utvikling og produksjon av klimatilpassa plante materiale, og til bevaring av genetiske ressursar. Som oppfølging av regjeringas pollinatorstrategi vart det i 2018 etablert tilskot for å ivareta omsynet til pollinatorane i jordbrukslandskapet. I tillegg gir Klima- og miljøprogrammet støtte til fleire prosjekt som fokuserer på klimatilpassing, både knytt til førebygging av skadar på jord og avlingar, og høve til å halde ved lag og auke avlingane med endra klima.

Eit endra klima kan forsterke problem med avrenning frå jordbruksareal, og med gjengroing og tap av verdier i kulturlandskapet. NIBIO har i 2019 utvikla nye erosjonsrisikokart som vil vere eit forbetra verktøy for å tilpasse drifta på dyrkingsareala.

Den statlege naturskadeordninga gir erstatning for skadar som direkte skuldast naturhendingar, som kan opptre hyppigare og/eller sterkare som følgje av klimaendringar. Erstatningsordningane ved avlingssvikt og svikt i honningproduksjon medverkar til å redusere økonomisk tap ved produksjonssvikt som følgje av klima. Som følgje av tørkesommaren i 2018 er det per 23.5.2019 utbetalt nærare to mrd. kroner i avlingssvikt. Til

samanlikning vart det i 2017 utbetalt 67 mill. kroner. Landbruksdirektoratets overvaking av internasjonale marknader og importregulering er viktige element i norsk matvareberedskap i lys av moglege globale forsyningsflaskehalsar som følgje av klimaendringar.

Mattilsynet har ansvar for tryggleik i heile matkjeda frå jord/fjord til bord, og for trygt drikkevatt. Endra klima vil bl.a. endre sjukdomspanoramaet hos planter, dyr, fisk og menneske. Eit eksempel er førimporten etter tørken i 2018. Importen vart forskriftsregulert etter risikovurderingar, men kan likevel ha gitt innførsel av nye skadegjerarar og smittestoff. Tørken viser betydning av godkjente dyrkingssortar tilpassa norske forhold der både meir tørke og meir ekstremnedbør er venta. Tørken gav òg utfordringar med drikkevassforsyning. Villsvin-bestanden er i vekst og varmare klima gir betre overlevingsforhold her til lands. Ein handlingsplan mot villsvin er under utarbeiding i samarbeid med Miljødirektoratet.

Infrastruktur og samferdsel

Kraftig nedbør, svingingar i temperatur og auka fare for regnflaum, skred og stormflo gir utfordringar for transport og samferdsel. Nasjonal transportplan (2018–2029) gir føringar for integrering av klimatilpassingsomsyn i planlegging og prioritering innan samferdselssektoren. Klimatilpassing er også ein integrert del av Samferdselsdepartementets strategi for samfunnstryggleik i samferdselssektoren som vart lansert i 2015. Strategien blir følgt opp av underliggjande etatar.

Kystverket arbeider med klimatilpassing i planmedverknaden og i planlegging, dimensjonering og drift av eigen infrastruktur og system. Det er etablert eit tettare samarbeid med Meteorologisk institutt (MET) for framskrivning av miljølaster for planlegging og dimensjonering av installasjonar og navigasjonsvarsel.

Statens vegvesen følgjer opp sin «Strategi for samfunnssikkerhet i vegtransport» fra 2017. Blant prioriterte emner er ROS-analysar i vegplanlegging og kost/nytteanalysar. Handbøker blir oppdaterte regelmessig og klimaomsyn blir teke inn i prosessar og prosedyrar. Vegnormalar N200 (2018) og N100 (2019) inneheld kravformuleringar motiverte av klimaendringar. Spesielt har krav til vasshandtering fått eit løft. Mange av Statens vegvesen sine oppgåver støttar under klimatilpassing, for eksempel skredsikring og skredvarsling – som blir gjort i samarbeid med NVE og fleire på varsom.no.

I jernbanesektoren tek Bane NOR vare på det operative arbeidet med klimatilpassing i medhald av handlingsplan for samfunnstryggleik lansert av Jernbaneverket i 2016. I planlegging og bygging av ny infrastruktur og vedlikehald og drift av eksisterande infrastruktur, tek Bane NOR vare på klimatilpassing ut frå gjeldande regelverk, og fagmyndigheiter sine og eigne risikovurderingar. Omsynet til klimatilpassing er integrert i Bane NORs arbeid gjennom fortløpande oppdatering av handbøker, retningslinjer og standardar.

Tilpassing til klimaendringar inngår i Avinors arbeid med tryggleik og risikoførebygging. Selskapet har arbeidd systematisk med klimarisiko og klimatilpassing over lengre tid. Selskapet integrerer omsynet til klimaendringar i den daglege drifta og i byggjeprojekt gjennom styringssystemet, standardar og masterplanutviklinga på kvar enkelt lufthamn. I neste periode er det planar om å oppdatere klimarisiko- og sårbarheitsrapporten frå 2014 og innarbeide klimatilpassing som ein del av konsernet sitt nyetablerte klimaprogram. Avinor deltek dessutan i Klima 2050.

Som kompetansesenter skal Direktoratet for byggkvalitet fremje byggkvalitet på område som ikkje er regulerte, og fremje løysingar utover minimumskrava i byggt teknisk forskrift. Rolla som kompetansesenter er under utvikling. Det er starta eit delprosjekt som skal utarbeide strategi og handlingsplan for direktoratets arbeid med klimatilpassing. Funksjonsbaserte reglar i teknisk forskrift inneber at byggverk skal tole dei påkjenningane dei blir utsette for i si levetid, inkludert endra klima. Eksempel er krav knytte til plasseing, fukt, inneklimate, konstruksjonstryggleik, val av material og val av produkt.

Industri og næringsliv

Nærings- og fiskeridepartementet følgjer opp forventningane knytte til klima og miljø i Meld. St. 27 (2013–2014) *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap*, i eigardialogen med selskap med statleg eigardel. Som kunnskapsgrunnlag i eigardialogen er bl.a. nytta ein rapport om klimarelatert risiko for selskap med statleg eigardel som Nærings- og fiskeridepartementet fekk utarbeidd i 2017 i samarbeid med andre departement som forvaltar eigarskap i selskap.

Fiskeri- og havbruksforvaltninga må tilpasse seg nye naturgitte føresetnader. Både i program finansiert av Noregs forskingsråd og ved Havforskingsinstituttet blir det lagt ned ein omfattande forskingsinnsats for å skaffe fram kunnskap om havet si rolle i klimasystemet og klimaendringane

sine konsekvensar for marine økosystem og ressursar.

Som følgje av klimaendringar og stadig større isfrie område er det store endringar i utbreiing av bestandar og i dynamikken i havøkosystema. Derfor har både kompleksiteten i og arealet for ressurs- og miljøovervaking auka vesentleg dei siste åra.

Helse

Folkehelselova pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha nødvendig oversikt over befolkninga sin helsetilstand og dei faktorane som kan verke inn på denne, under dette forhold relatert til klimaendringar, som auka ulykkes- og sjukdomsrisiko knytt til blant anna flaum- og skredfare, dårleg vedlikehalde leidningsnett for vassforsyning, mogleg auke av vektorborne smitteberarar, nye sjukdommar og utvida pollensesong. Temperaturauken som følgje av klimaendringar er venta å gi behov for temperaturregulerande tiltak i sjukehus og andre helseinstitusjonar. Lokalt må ein òg ha beredskap med tanke på moglege posttraumatiske lidningar, depresjon og angstlidningar i etterkant av ekstremvær og naturkatastrofar.

Folkehelseinstituttet deltek i EU-prosjekt som ser på korleis klimaparameter og forureining kvar for seg og saman påverkar folk si helse i Noreg. Instituttet er òg oppteke av ulike typar zoonosar

og endringane i dei som følgje av klimaendringar, som på sikt kan innebere endringar i vaksinerings- og behandling av smittsame sjukdommar.

Utanriks- og tryggleikspolitikk

I Meld. St. 36 (2016–2017) «Veivalg i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk» er klimaendringane si betydning for norsk utanriks- og tryggleikspolitikk adressert. Som ei oppfølging av meldinga har Utanriksdepartementet i samarbeid med aktuelle departement sett i gang arbeid for å auke medvitet om tryggleikspolitisk risiko knytt til klimaendringar. Dei ulike departementa vil medverke med konkrete innspel innanfor sine respektive ansvarsområde, som kan danne grunnlag for ein mogleg tiltaksplan.

Klimaendringane skjer spesielt raskt i Arktis. Dette er eit sentralt tema for Arktisk råd, som har utarbeidd ei rekkje rapportar som summerer opp og vurderer ny kunnskap om klimaendringane i Arktis. Arbeidsgruppene AMAP og CAFF i Arktisk råd la nyleg fram nye rapportar om klimaendringane og miljøtilstanden. Rapportane er viktige bidrag til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for klimatilpassing, og for IPCCs arbeid med både spesialrapportar og hovudrapportar. Arktisk råd har styrkt sitt meteorologisamarbeid for å gi betre kunnskapsgrunnlag for tilpassing og risikohandtering i nord.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2019–2020) om statsbudsjettet for år 2020 blir dei forslag til vedtak ført opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Klima- og miljødepartementet blir i Prop. 1 S (2019–2020) statsbudsjettet for budsjettåret 2020 dei forslag til vedtak som følgjer ført opp:

Kapitla 1400–1482, 4400–4481 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
1400	Klima- og miljødepartementet		
	01 Driftsutgifter	293 006 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	102 724 000	
	50 Heilskapleg profilering, grønne løysingar	10 514 000	
	51 Den naturlege skulesekken	10 169 000	
	70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	52 541 000	
	71 Internasjonale organisasjonar	89 371 000	
	74 Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	5 002 000	
	76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	101 328 000	664 655 000
1410	Kunnskap om klima og miljø		
	21 Miljøovervaking	268 937 000	
	22 Miljøkartlegging	122 208 000	
	23 MAREANO, <i>kan overførast</i>	45 577 000	
	50 Basisløyvingar under Noregs forskningsråd til miljøforskningsinstitutta	200 961 000	
	51 Forskningsprogram under Noregs forskningsråd	334 753 000	
	53 Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	7 083 000	
	70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	38 007 000	
	72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	5 145 000	1 022 671 000
1411	Artsdatabanken		
	01 Driftsutgifter	32 587 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	7 122 000	
	70	Tilskot til arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	29 666 000	69 375 000
1412		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	339 635 000	
	70	Internasjonale samarbeidsprosjekt	146 127 000	485 762 000
		Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		2 242 463 000
		Klima, naturmangfald og forureining		
1420		Miljødirektoratet		
	01	Driftsutgifter	712 534 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	306 097 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	242 770 000	
	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	149 260 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	30 167 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	89 419 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	2 053 000	
	35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	454 612 000	
	36	Statlege tileigningar, marint vern, <i>kan overførast</i>	6 200 000	
	38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overførast</i>	16 625 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	12 483 000	
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	187 832 000	
	63	Returordning for kasserte fritidsbåtar	2 000 000	
	64	Skrantesjukeprøver frå fallvilt	1 200 000	
	65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	20 560 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	74 962 000	
	70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	40 792 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	71	Marin forsøpling, <i>kan overføres</i>	70 290 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	141 361 000	
	73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overføres</i>	80 426 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	1 472 500 000	
	75	Utbetaling for vrakpant og tilskot til kjøretøy og fritidsbåtar, <i>overslagsløyving</i>	586 176 000	
	76	Refusjonsordninger, <i>overslagsløyving</i>	170 659 000	
	77	Ymse organisasjoner og stiftelser m.m.	15 416 000	
	78	Friluftsmål, <i>kan overføres</i>	183 891 000	
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	450 000	
	81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	66 311 000	
	82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overføres</i>	45 355 000	
	83	Tilskot til tiltak mot framande arter, <i>kan overføres</i>	4 000 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	5 508 000	
	85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overføres</i>	75 413 000	5 267 322 000
1422		Miljøvennleg skipsfart		
	21	Spesielle driftsutgifter	7 706 000	
	70	Tilskot til private, <i>kan nyttast under post 21</i>	26 188 000	33 894 000
1423		Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01	Driftsutgifter	28 518 000	28 518 000
1425		Fisketiltak		
	21	Spesielle driftsutgifter	99 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	17 145 000	17 244 000
1428		Enova SF		
	50	Overføring til Klima- og energifondet	3 184 450 000	3 184 450 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		8 531 428 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Kulturminne og kulturmiljø			
1429	Riksantikvaren		
	01 Driftsutgifter	149 268 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	31 731 000	
	22 Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning, <i>kan overføres</i>	30 371 000	
	60 Kulturminnearbeid i kommunane	8 600 000	
	70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overføres</i>	33 164 000	
	71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	159 015 000	
	72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overføres</i>	58 045 000	
	73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overføres</i>	57 575 000	
	74 Tilskot til fartøyvern, <i>kan overføres</i>	63 926 000	
	75 Tilskot til fartøyvernssenter, <i>kan overføres</i>	15 949 000	
	77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overføres</i>	8 232 000	
	79 Tilskot til verdsarven, <i>kan overføres</i>	63 690 000	679 566 000
1432	Norsk kulturminnefond		
	50 Til disposisjon for kulturminnetiltak	126 362 000	126 362 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		805 928 000
Nord- og polarområda			
1471	Norsk Polarinstitutt		
	01 Driftsutgifter	244 359 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	83 238 000	
	50 Stipend	522 000	328 119 000
1472	Svalbards miljøvernfond		
	50 Overføringar til Svalbards miljøvernfond	20 658 000	20 658 000
1473	Kings Bay AS		
	70 Tilskot	34 893 000	34 893 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning		
	50 Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	23 891 000	
	70 Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	28 812 000	52 703 000
	Sum Nord- og polarområda		436 373 000
	Internasjonalt klimaarbeid		
1481	Klimakvotar		
	01 Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	3 002 000	
	22 Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	290 000 000	
	23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>	310 000	293 312 000
1482	Internasjonale klima- og utviklings-tiltak		
	01 Driftsutgifter	99 573 000	
	73 Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	3 081 543 000	3 181 116 000
	Sum Internasjonalt klimaarbeid		3 474 428 000
	Sum departementets utgifter		15 490 620 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
4400	Klima- og miljødepartementet		
	02 Ymse inntekter	455 000	
	03 Refusjon frå Utanriksdepartementet	30 565 000	31 020 000
4411	Artsdatabanken		
	02 Ymse inntekter	428 000	428 000
	Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		31 448 000
Klima, naturmangfald og forureining			
4420	Miljødirektoratet		
	01 Oppdrag og andre ymse inntekter	7 571 000	
	04 Gebyr, forureiningsområdet	52 045 000	
	06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingdelingar	36 832 000	
	07 Gebyr, kvotesystemet	8 492 000	
	08 Gebyr, naturforvaltningsområde	655 000	
	09 Internasjonale oppdrag	45 218 000	150 813 000
4423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01 Gebyr, radioaktiv forureining	1 000 000	1 000 000
	Sum Klima, naturmangfald og forureining		151 813 000
Kulturminne og kulturmiljø			
4429	Riksantikvaren		
	02 Refusjonar og ymse inntekter	2 721 000	
	09 Internasjonale oppdrag	3 420 000	6 141 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		6 141 000
Nord- og polarområda			
4471	Norsk Polarinstitut		
	01 Sals- og utleigeinntekter	11 575 000	
	03 Inntekter frå ymse tenesteyting	63 790 000	
	21 Inntekter, Antarktis	14 250 000	89 615 000
	Sum Nord- og polarområda		89 615 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Klimakvotar				
4481	Sal av klimakvotar			
	01	Salsinntekter	8 288 459 000	8 288 459 000
		Sum Klimakvotar		8 288 459 000
Skattar og avgifter				
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet			
	70	Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond	20 670 000	
	72	Fiskaravgifter	19 460 000	
	73	Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet	690 000 000	730 130 000
		Sum Skattar og avgifter		730 130 000
				9 297 606 000
Sum departementets inntekter				9 297 606 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1411 post 21	kap. 4411 post 02
kap. 1420 post 01	Kap. 4420 post 01
kap. 1420 post 23	kap. 4420 postane 04, 06, 08 og 09
kap. 1423 post 01	kap. 4423 post 01
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal også dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan:

1. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 01 Driftsutgifter, til dekning av honorar, transaksjonskostnader og utgifter til fagleg bistand i samband med sal av klimakvotar.
2. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning, med eit beløp som svarer til inntekter frå sal av klimakvotar under statens kvotekjøpsprogram som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter.

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover løyvingar som er gitt

IV

Kjøp av klimakvotar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan inngå avtaler om kjøp av klimakvotar innanfor ei samla ramme på 1 200 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar under kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning.

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan gjere bestillingar utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1411		Artsdatabanken	
	21	Spesielle driftsutgifter	8,7 mill. kroner
1420		Miljødirektoratet	
	31	Tiltak i verneområde	5 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplaner	1,3 mill. kroner
	33	Statlege tileigningar, nytt landbasert vern	1,2 mill. kroner
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar	16,6 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, skogvern	351,3 mill. kroner
	36	Statlege tileigningar, marint vern	2,8 mill. kroner
	38	Restaurering av myr og anna våtmark	3,1 mill. kroner
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	73	Klima- og skogsatsinga	450 mill. kroner

VI

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan gi tilsegn om tilskot utover løyvingar som er gitt, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1411		Artsdatabanken	
	70	Tilskot til arter og naturtypar	13,5 mill. kroner
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	55 mill. kroner
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	424,6 mill. kroner
	71	Marin forsøpling	15 mill. kroner
	78	Friluftformål	3 mill. kroner
1428		Enova SF	
	50	Overføring til Klima- og energifondet	400 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	61 mill. kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	60 mill. kroner
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	15 mill. kroner
	75	Tilskot til fartøyvernssenter	1,5 mill. kroner
	79	Tilskot til verdsarven	21 mill. kroner
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	73	Klima- og skogsatsinga	1650 mill. kroner

VII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan pådra forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar under kap. 1420 Miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 31 mill. kroner.

Andre fullmakter

VIII

Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 får unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalningar av gitte løyvingar på følgjande måte:

1. Utbetalningar av tilskot til utviklingsformål kan gjerast éin gong i året for FNs klima- og skogprogram, FNs kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC), Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program og BioCarbon Fund plus.
2. Utbetalningar av kjernebidrag til Global Green Growth Institute kan gjerast i medhald av organisasjonens regelverk.
3. Utbetalningar av tilskot til Det grønne klimafondet (GCF) og til fond forvalta av FNs Multi Partner Trust Fund og Inter-American Development Bank (IDB) kan skje i medhald av regelverket for det enkelte fondet.

IX

Utbetaling til Verdsbankens karbonfond

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 får unntak frå føresetnadene i Stortingets vedtak av 8. november 1984 om utbetalningar av gitte løyvingar gjennom at tilskot til Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility Carbon Fund kan utbetalast med det føremål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar.

X

Utbetaling av tilskot til offentleg-privat samarbeid

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 får unntak frå føresetnadene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om at utbetaling av gitte løyvingar berre skal skje ved behov, slik at det kan utbetalast tilskot til risikoreduksjon for investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon i tråd med kriteria for kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak, post 73 Klima- og skogsatsinga.

XI

Utbetaling av renter på tilskot

Stortinget samtykkjer i at opptente renter på tilskot som er utbetalte frå Noreg under Klima- og skogsatsinga på kap. 1482, post 73 kan nyttast til tiltak etter avtale mellom Klima- og miljødepartementet og den enkelte mottakaren.

XII

Omgjering av lån på vilkår til tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2020 kan gi Enova SF fullmakt til å omgjere lån på vilkår frå Klima- og energifondet til tilskot etter førehandsdefinerte og føreseielege kriterium.

Andre vedtak

XIII

Oppheving av oppmodningsvedtak

Vedtak nr. 753, 2. juni 2017 oppheves.

Vedlegg 1

Noregs lågutsleppsstrategi for 2050

– Eit innovativt samfunn med gode byar og lokalsamfunn

Innleiing

Klimaendringane rammar stadig større delar av jorda og dei globale utsleppa har ikkje gått ned dei siste åra. Samtidig aukar tapet av natur og økosystem. Samla set dette vår evne til å brødfø ei veksende global befolkning i fare. Likevel skjer det store framsteg for å endre kurs. Parisavtala, berekraftsmåla, teknologiske framsteg, eit mer ansvarleg næringsliv og ei gryande erkjenning av at vi alle må ta ansvar er alle teikn som vil gjere endring mogleg.

Ei verd som bevegar seg i ei retning som reduserer klimagassutslepp og aukar karbonlager i skog og jord, beskyttar økosystema vi er avhengige av og utnyttar ressursar berekraftig, vil endre rammene for samfunnsutvikling. Det betyr at all energibruk, produksjon og den måten vi bur og bevegar oss på samla sett må skje med stadig lågare utslepp. Det inneber at areala og naturen i verda må forvaltast på ein heilskapleg og berekraftig måte. Det må skje samtidig som befolkninga i verda aukar.

Kostnadene dersom verda ikkje lukkast i å nå klima-, miljø- og berekraftsmåla ser vi allereie konturne av. Hetebølgjer, skogbrannar og smeltinga av Grønlandsisen gir ikkje berre dramatiske tvillete, men endrar levekår for millionar av menneske. Vi må ta inn over oss at vi er i ei langvarig klimakrise som utgjør ein alvorleg trussel for natur og menneske. Vitskapen har bekrefta at det ikkje er for seint å snu, men tida er svært knapp. Den globale omstillinga må skje no og alle land må medverke.

Det er utfordringar ved ei slik omstilling, men mulegheitene er òg mange. Gevinstane ved ei global lågutsleppsutvikling i tråd med Parisavtala vil langt overstige kostnadene. Dette er fastslått i mange internasjonale studiar. Stern-rapporten⁴⁴ slo allereie i 2006 fast at kostnadene ved å ikkje redusere dei globale utsleppa var langt større enn

det kosta å redusere utsleppa. Seinare har den internasjonale kommisjonen «New climate economy» publisert fleire studiar som har konkludert med det same. Gevinstane av eit lågutsleppssamfunn kjem òg i form av byar det er bra å bu og leve i, med friskare luft og mindre kø og trengsel. Nye marknadsmoglegheiter blir opna opp og kreativitet og innovasjon blir stimulert. Nye produkt og tenester skapar lønnsame arbeidsplassar og gir verdiskaping.

Overgangen til lågutsleppssamfunnet er ikkje kostnadsfri, verken sosialt eller økonomisk. Næringar vil bli endra, og arbeidstakarar vil i takt med det tilpasse sin kompetanse. Innovasjon og teknologiutvikling, investeringar i infrastruktur og tilrettelegging har ein kostnad.

Noregs velferd avheng av dei vala vi og verda rundt oss tek i dag og i tiåra framover. Korleis energi- og transportsystem, byar og bygningar, skog og natur ser ut i 2050 er avhengig av val vi tek i dag. Korleis andre land utviklar energisystema og forvaltar areala sine har stor verknad på Noreg. Men også val som blir tekne av den norske regjeringa, Stortinget, i våre kommunar og fylke, i næringslivet og av den enkelte, om korleis vi utnyttar ressursar og areal, korleis vi byggjer og reiser vil i stor grad påverke korleis Noreg blir i 2050. Omsynet til at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn må derfor takast inn i dagens avgjersler.

Samfunnsplanlegginga for lågutsleppssamfunnet i Noreg må leggje til rette slik at alle trekkjer i same retning og i ein takt som medverkar til at Noreg når klimamåla sine. Det er politikkenes oppgåve å leggje til rette at høve kan utnyttast og medverke til å lette overgangen. Noreg har ein liten og open økonomi, avhengig av resten av verda, både for teknologiutvikling og marknader. Vi kan derfor ikkje basere oss på åleinegang.

Og vi går ikkje åleine. Parisavtala er ei anerkjenning av at globalt samarbeid er nødvendig for å nå klimamåla. Alle land som er med i Parisavtala vart derfor samde om å medverke til eit globalt mål om å halde oppvarminga godt under 2 grader samanlikna med førindustriell tid og å arbeide for

⁴⁴ Stern Review on the Economics of Climate Change, oktober 2006.

ei avgrensing til 1,5 grader. Same året vart det òg semje i FN om berekraftsmåla. Med berekraftsmåla anerkjente verda at fattigdom, svolt og sosiale ulikskapar ikkje kan nedkjempast utan at vi samtidig tek vare på naturen som livsgrunnlag og stansar klimaendringane. Klimapanelet og Naturpanelet slår fast at dei to utfordringane begge må løysast for at velferd og sosial utvikling skal gå i riktig retning for befolkninga i verda. Verda må vekse innan tolegrensene i naturen slik at naturen si evne til å levere dei tenestene vi er avhengige av blir halden ved lag.

Noreg må ta kloke val på vegen til eit lågutsleppssamfunn, der det blir gitt rom for eit mangfald av løysingar innanfor langsiktige og stabile rammevilkår. I denne strategien ønskjer regjeringa å leggje fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyn for vegen til lågutsleppssamfunnet fram mot 2050. Regjeringa vil med dette styrkje grunnlaget for klimapolitikken og medverke til langsiktige og føreseielege rammer slik at alle aktørar kan dra i riktig retning.

Denne strategien er eit svar på Parisavtala si oppmoding om at alle land bør utvikle langsiktige lågutsleppsstrategiar. Strategiane skal vere eit tillegg til dei utslippsmåla landa melder inn som sine forpliktande bidrag til Parisavtala. Strategien vil derfor ikkje innebere nye internasjonale forpliktingar for Noreg, men byggjer på dei måla vi allereie har nedfelt i Lov om klimamål (klimalova). Strategien har tre delar. Den første delen beskriv nødvendigheita av lågutsleppssamfunnet og dei globale, regionale og nasjonale rammene for lågutsleppsutvikling. Del to viser til Noregs klimamål og skisserer lågutsleppssamfunnet i Noreg i 2050 når måla er nådd. Del tre legg fram regjeringa sine overordna prioriteringar og viktige omsyn som må takast på vegen til lågutsleppssamfunnet.

1.1 Rammene for lågutsleppssamfunnet

1.1.1 Det nødvendige lågutsleppssamfunnet

Parisavtala frå 2015 vart til i ei erkjenning av at klimaendringar gir irreversible tap og skadar og utgjer ein alvorleg trussel for natur og samfunn. Saman med aukande press på naturressursar og areal med medfølgjande tap av arter og økosystem, forsøpling og anna forureining, utgjer klimaendringane ein monaleg trussel for verda si evne til å levere grunnleggjande tenester som reint

vatn, nok mat og trygge bustader. Verda må lukkast med å bremse den globale oppvarminga.

Parisavtala stadfester ein global vilje til lågutsleppsutvikling. I Paris vart verda samd om å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 grader celsius samanlikna med førindustrielt nivå, og arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 grader celsius over førindustrielt nivå. For å nå det langsiktige temperaturmålet vart landa samde om at det skal takast sikte på at dei globale klimagassutsleppa når toppunktet så snart som mogleg, og påta seg raske reduksjonar i samsvar med beste tilgjengelege vitenskaplege grunnlag deretter, for å oppnå balanse mellom menneskeskapte utslepp og opptak av klimagassar i andre halvdel av vårt hundreår.

Alle land som sluttar seg til avtala skal medverke til at verda kollektivt når temperaturmålet. Landa medverkar til Parisavtala sitt temperaturmål ved å utarbeide, melde inn og opprette suksessivt, nasjonalt fastsette bidrag (utsleppsmål) dei aktar å realisere. Partane skal gjennomføre nasjonale reduksjonstiltak med sikte på å nå måla med slike bidrag. Kvart bidrag vil utgjere ein progresjon utover det gjeldande bidraget og vere uttrykk for det høgast moglege ambisjonsnivå. På denne måten utgjer Parisavtala og avtalas målsetjing grunnlaget for handling og eit viktig utgangspunkt for klimapolitikken i alle land, også for Noreg.

Utsleppsmåla som til no er lagt fram under Parisavtala er langt frå tilstrekkelege for å nå temperaturmålet. Neste milepæl der alle land skal kommunisere, oppdatere eller leggje fram nye utsleppsmål er i 2020. Frå norsk side er det vedteke å melde inn eit forsterka utsleppsmål til FN i 2020.

Parisavtala seier òg at land bør utvikle og sende inn langsiktige lågutsleppsstrategiar. Gjennom slike strategiar kan land etablere ein langsiktig og ambisiøs horisont som dei meir kortsiktige og forpliktande bidraga kan sikte mot. Slike strategiar kan òg medverke til å gjere dei politiske rammevilkåra for lågutsleppsutvikling meir føreseielege. Dei langsiktige strategiane representerer ikkje nye mål eller skyldnader under Parisavtala og landa er ikkje bedt å rapportere på desse.

Det internasjonale rammeverket for utsleppsreduksjonar som er sett gjennom Parisavtala skal gjennomførast i ei verd i endring. Mot 2050 vil rammene for lågutsleppsutvikling i stor grad også bli avgjort av forhold utanfor den internasjonale og nasjonale klimapolitikken. Det er uvisse knytt til å skissere framtidig utvikling, men nokre glo-

Boks 1.1 Parisavtalas dynamikk

Parisavtala krev at alle land skal melde inn nasjonale bidrag. Avtala seier ikkje noko om kor mykje kvart enkelt land skal medverke med, men det er forventningar om at industriland går føre. Då Parisavtala vart inngått var det allereie kjent at bidraga som var leverte for den første perioden ikkje ville vere tilstrekkelege for å nå temperaturmålet i avtala. Avtala er derfor bygt opp slik at land kvart femte år sender inn sine mål om utsleppsreduksjonar. Med kvar innsending skal målet utgjere ein progresjon frå det førre og vere uttrykk for landet sitt høgaste ambisjonsnivå. Landa må rapportere om framdrift på måla sine. Det er sett opp ein etterlevingsmekanisme for å følgje opp land som ikkje varetek sine skyldnader. Mekanismen skal vere tilretteleggjande og skal ikkje medføre sanksjonar eller straffekonsekvensar.

bale utviklingstrekk fram mot 2050 kan likevel framhevast.

Befolkninga i verda er av FN anslått til å auke til nesten 10 milliardar. Veksten kjem i det som i dag er utviklings- og mellominntektsland. Europa og Nord-Amerika vil ha ein større del eldre i befolkninga enn i dag. Økonomisk vekst vil føre fleire inn i ein global middelklasse. Veksande befolkning og økonomisk vekst trekk i retning av auka energibehov, press på areal til ulike formål, som bustader, infrastruktur og matproduksjon, og meir forbruk.

Den største delen av ei aukande global befolkning vil bu i byar. Talet på menneske i byar og bynære område har auka frå 750 mill. i 1950 til omtrent 4,2 mrd. menneske i dag. Urbaniseringa vil ifølgje FN halde fram. Det er anslått ein auke i urbaniseringa på omlag 2,5 mrd. fram mot 2050. Det svarar til at det blir bygt ein ny by med plass til 1,6 mill. innbyggjarar kvar veke frå 2020.

FNs miljøprogram viser til at vi kvart år brukar ressursar som om vi hadde fleire klodar å hauste ressursar frå. Dersom ressursane på jorda var fordelte i årlege budsjett brukar vi 1,6 klodar kvart år. Det høge forbruket vil i mange område gi knappleik på viktige ressursar fram mot 2050. Sirkulær økonomi der ressursar ikkje går til spille, men der verdien av produkt og materialar blir

teken vare på lenge, kan bidra til å motverke ressursknappleik.

Ressursknappleik, men også klimaendringar, vil gi endra vilkår for by- og stadsutvikling fram mot 2050 i mange delar av verda. I nokre delar av verda vil vatn bli ein knapp ressurs. Mange av dei største byane i verda ligg utsett til for havnivåstigning og vil bli påverka av endra nedbørsmønster og hetebølgjer. Mange land ser utvikling, utsleppsreduksjonar og tilpassing til eit endra klima i samanheng og tek desse perspektiva med seg inn i utviklinga av langsiktige lågutsleppsstrategiar.

Ved sida av ei raskt aukande befolkning, press på ressursar og areal er teknologien i rask utvikling. Automatisering, robotisering og digitalisering er eksempel på teknologitrender som kan påverke utvikling, arbeidsliv og samhandling i åra framover. Sjølv om utviklinga av nye teknologiar og forretningsmodellar kan vere driven av andre omsyn enn klima, kan dei òg medverke til reduserte utslepp og ressursbruk.


1.1.2 Ei global lågutsleppsutvikling

Befolkninga i verda har vakse frå 1 til over 7 mrd. dei siste 200 åra. I same tidsperiode har menneska endra og påverka mange område og økosystem på jorda. Vi har brukt store mengder kol, olje og gass og utvunne monalege mengder metall og mineral. Meir enn 70 pst. av landområda på jorda som ikkje er dekte av is er direkte påverka av menneskleg aktivitet. Det samla resultatet er blant anna at konsentrasjonen av CO₂ i atmosfæren har auka monaleg sidan førindustriell tid⁴⁵.

Utslepp har allereie endra klimaet på jorda. Jorda er blitt varmare. Gjennomsnittstemperaturen er om lag ein grad høgare samanlikna med førindustriell tid. Det globale havnivået har stige som følgje av smelta snø og is. Havet er blitt surare. Auken i den globale gjennomsnittstemperaturen har ført til hyppigare og meir intenst ekstremvær.

FNs klimapanel la i 2018 fram ein rapport som viser at dersom verda lukkast med å avgrense temperaturauken til 1,5 grader vil dei alvorlegaste konsekvensane av global oppvarming bli unngått. Eit hovudfunn i rapporten er at negative verkningar for natur og menneske vil vere vesentleg mindre ved 1,5 graders global oppvarming enn ved 2 grader.

⁴⁵ Her definert som 1850 i tråd med FN's femte hovudrapport.



Figur 1.1

Utsleppsbanene er median av scenario klassifiserte som «Below 1,5C» og «1,5C low overshoot», og «Lower 2C» fra (IIASA 2018, IAMC 1.5°C Scenario Explorer and Data hosted by IIASA. Daniel Huppmann, Elmar Kriegler, Volker Krey, Keywan Riahi, Joeri Rogelj, Steven K. Rose, John Weyant, et al., url: <https://data.ene.iiasa.ac.at/iadc-1.5c-explorer>). Ei forklaring av scenarioklassifiseringa er gitt i tabell 2.1 i IPCC 2018, Global Warming of 1,5°C. I 1,5C-scenarioa fell medianen av CO₂-utslepp til netto null nær 2050, mens det framleis er utslepp av andre klimagassar som er omfatta av Parisavtala, som metan og lystgass.

Klimamåla som landa til no har spelt inn under Parisavtala er venta å gi ein global temperaturauke i forhold til førindustriell tid på omtrent 3,2 grader innan utgangen av dette hundreåret. Det er langt unna kravet for å nå Parisavtalas temperaturmål om godt under 2 grader celsius samanlikna med førindustrielt nivå, og arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 grader celsius.

I følge FN's klimapanel fordeler ikkje global oppvarming og effektane seg jamt over heile verda. Nokre stader får meir oppvarming enn andre og effektane vil variere avhengig blant anna av geografi og topografi.

Effektane av global temperaturstigning vil ha store potensielle konsekvensar for natur og samfunn i alle land, sjølv om det er dei fattigste og mest sårbara landa som er mest utsett. Vilråa for jordbruk, skogbruk, fiskeri og oppdrett vil bli endra med klimaendringane. Havnivåstigning og auka nedbør og flaum kan gi store skadar på infrastruktur og eigedom. Det regjeringsoppnemnde utvalet⁴⁶ for vurdering av klimarisiko for norsk økonomi peikte på at klimaendringar vil dempe den totale verdiskapinga i verda, og at dei kan auke risikoen for politisk ustabilitet, humanitære katastrofar og valdelege konflikhtar. Auka migrasjonsstraumar, ustabile matvareprisar, forsyningsavbrot og endra produksjons- og han-

delsmønster kan bli viktige risikokjelder for internasjonal økonomi. For eksempel kan mat og andre varer som blir produserte i risikoutsette land bli dyrare.

Rapporten om 1,5 graders global oppvarming frå FN's klimapanel viser at det er mogleg, men krevjande, å avgrense global oppvarming til 1,5 grader. Det vil krevje raske og omfattande utsleppsreduksjonar, og betydelege tiltak for å auke opptak i økosystema. I utsleppsbaner som ikkje eller i liten grad overstig 1,5 grader global oppvarming er dei globale klimagassutsleppa typisk reduserte med 40–50 pst. innan 2030 samanlikna med 2010. Rundt midten av dette hundreåret må utsleppa av klimagassen CO₂ vere netto null⁴⁷. Det er òg nødvendig å redusere utsleppa av andre klimagassar.

Alle store sektorar som energi, industri, transport, bygg, jordbruk og skogbruk og anna arealbruk må redusere utsleppa sine. Skog- og jordbruk og anna arealbruk må òg medverke til å auke opptak av klimagassar. I dei sektorane der det er relevant, kan utslepp det ikkje er mogleg å fase ut kompensert for ved å fjerne CO₂ frå atmosfæren. Det kan blant anna gjerast gjennom forbrenning av biomasse i kraftverk kombinert

⁴⁶ NOU 2018: 18 Klimarisiko og norsk økonomi

⁴⁷ Omgrepet netto null er brukt om ein tilstand der summen av utsleppa og opptak av utslepp frå atmosfæren (eksempelvis i skog) er null.

Boks 1.2 Hovudfunn frå FNs klimapanel's spesialrapport om klima og landareal

- Meir enn 70 % av verdas isfrie landområde er direkte påverka av menneskeleg aktivitet.
- Oppvarming på landoverflata har auka nesten dobbelt så raskt som den globale gjennomsnittstemperaturen. Den globale gjennomsnittstemperaturen inkluderer temperaturen over havet. Det vil seie at ein global gjennomsnittstemperatur på rundt 1,5 grader svarar til ei oppvarming på rundt 3 grader over land.
- Utnyttinga av landjorda har ført til klimagassutslepp, tap av naturlege økosystem som skog og våtmark, og mindre naturmangfald. Klimaendringane forsterkar eksisterande belastningar som forørkning, vassmangel og forringing av landområde. Dette påverkar mattryggleiken og medfører risiko for menneske si helse og livsgrunnlag, infrastruktur og økosystem.
- Rundt 23 pst. av dei globale menneskeskapte klimagassutsleppa kjem frå jordbruk, skogbruk og anna arealbruk (AFOLU).
- Aktivitetar frå heile matssystemet står for mellom 21–37 pst. av totale menneskeskapte klimagassutslepp. Rundt 25–30 pst. av all mat produsert for menneske blir ikkje eten.
- Dei fleste av utsleppbanane som avgrensar oppvarminga til 1,5 grader krev bruk av klimatiltak som i betydeleg grad utnyttar landsareal. Dette inkluderer redusert avskoging, påskoging, produksjon av bioenergi og bruk av CO₂-handteringsteknologiar kombinert med forbrenning av biomasse (bio-CCS).
- Klimatiltak kan derimot gjennomførast på måtar som ikkje konkurrerer om landareal. Eksempel er redusert avlingstap og matsvinn, effektivisering av matproduksjonen, kosthaldsendring, areal der jord- og skogbruk blir kombinert (agro-forestry), bevaring av karbonrike myrer og torvmarker og auke av karboninnhald i jord. Dette er 'vinn-vinn'-løysingar som reduserer utslepp eller auker opptaket samtidig som dei medverkar til å løyse fleire utfordringar knytte til landareal (som for eksempel forørkning og forringing av landområde) og berekraftig utvikling
- Bruk av landareal vil vere eit viktig bidrag til utsleppsreduksjon, men tiltak som bruk av areal til bioenergivækstar og påskoging vil leggje press på landareala viss det blir nytta i for stort omfang.
- Det er mogleg å halde oppvarminga til under 1,5 grader med avgrensa bruk av landareal til bioenergi og CO₂-opptak. Dette krev raskare og meir inngåande endringar i energisystem og arealbruk, byplanlegging og infrastruktur, og store åtferds- og livsstilsendringar.

Kjelde: FNs klimapanel – Spesialrapport om landareal (2019)

med løysingar for CO₂-handtering⁴⁸, eller ved auka opptak i skog og andre landareal. Det er knytt uvisse til korleis utsleppsreduksjonar og auke i opptak vil fordele seg mellom sektorar, land og regionar. Det same gjeld korleis ulike teknologiar, løysingar og metodar vil medverke. Det er likevel nokre klare hovudtrekk i ei global lågutslépputvikling som er skisserte i hovudrapportane og spesialrapportane frå FNs klimapanel⁴⁹.

Størstedelen av dei globale klimagassutsleppa kjem frå fossil energibruk. Ei utvikling i tråd med

Parisavtalas mål føreset derfor store reduksjonar i utslepp av klimagassar frå fossil energibruk. Eit kjenneteikn ved utsleppsbaner som er konsistente med å avgrense global oppvarming både til 2 og 1,5 grader celsius er så og seie fullstendig utsleppsfri kraftproduksjon rundt midten av dette hundreåret. Det er derfor spesielt viktig med store utsleppsreduksjonar frå kraftproduksjon få tiår fram i tid, både fordi dette er ei stor global utsleppskjelde i dag og fordi utsleppsreduksjonar i andre sektorar føreset auka tilgang på utsleppsfri elektrisitet. Det er samtidig viktig å redusere behovet for energi gjennom energieffektivisering. FNs klimapanel presiserer at ytterlegare utsleppsreduksjonar som må til for å nå 1,5 grader kjem primært frå industri- og transportsektoren.

Avskoging og forringing av skog, jordbruk og anna arealbruk er betydelege kjelder til klimagassutslepp, og står for om lag ein fjerdedel av

⁴⁸ CO₂-handtering er teknologi for å fange karbondioksid (CO₂) frå utsleppskjelder som kraftverk eller industri, transportere og lagre det (f. eks i geologiske formasjonar under bakken) i staden for å sleppe det ut i atmosfæren.

⁴⁹ FNs klimapanel, 2014, «IPCC Fifth Assessment Report (AR5)», FNs klimapanel, 2018, «Global warming of 1,5 degrees» og FNs klimapanel, 2019, «Climate Change and land».

menneskeskapte utslepp (sjå boks 1.2 med hovudfunn frå FN's klimapanel's spesialrapport om klima og landareal). Auka CO₂-opptak i skog, redusert avskoging og mindre kvalitetstap på skog, og berekraftig bruk av biomasse som erstatning for fossil energi og produkt utgjør ein del av løysinga. Samtidig understrekar FN's klimapanel i sin spesialrapport om klimaendringar og landareal at areal er ein svært avgrensa ressurs. Det betyr at klimatiltak som krev mykje areal kan reise målkonfliktar og må avvogast mot andre omsyn.

Innanfor transport og industri må utsleppa reduserast monaleg. Industrien må utvikle og ta i bruk lågutsleppsteknologi og fornybare råvarer, og effektivisere. For utslepp som ikkje let seg redusere ved bruk av utsleppsfrie alternativ eller teknologiske nyvinningar vil CO₂-handtering bli nødvendig. I transportsektoren vil ei lågutsleppsutvikling krevje aukande bruk av nullutsleppsløysingar som for eksempel biogass, hydrogen og elektrifisering. Redusert transportbehov og effektivisering kan lette omstillinga. God arealplanlegging, meir effektiv varetransport, auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gange, og nye innovative mobilitetsløysingar vil vere ein del av løysinga.

Ei lågutsleppsutvikling føreset at rammevilkåra er på plass. Investeringar, teknologi, material- og energibruk og forbruk må bli vridd i retning av berekraftige løysingar. Det vil krevje verkemiddel og god planlegging slik at ein ikkje tek langsiktige investeringsavgjersler i dag som vil gjere lågutsleppsutvikling vanskeleg på sikt. Samtidig må utviklinga ha støtte i befolkninga.

Det er brei semje om at det er avgjerande for ei kostnadseffektiv lågutsleppsutvikling at det blir sett ein pris på utslepp av klimagassar. Allereie då Klimakonvensjonen vart etablert i 1992 var det semje om betydninga av dette. Prinsippet om at forureinar betaler for utsleppa sine er derfor nedfelt i Klimakonvensjonen. Prising gir insentiv til utsleppsreduksjonar, effektivisering og utvikling og implementering av lågutsleppsteknologi.

Innovasjon og teknologiutvikling er nødvendig. Både høvet til, og kostnaden ved, å nå klimamåla er avhengig av tilgangen til og effekten av klimateknologi. Dette inkluderer å ta i bruk teknologiar som i dag er tilgjengelege i større skala, og utvikle vidare og ta i bruk teknologiar som ikkje er tilgjengelege i kommersiell skala, eller som enno ikkje er oppfunne.

Dei aller fleste scenarioa⁵⁰ som beskriv ei utsleppsutvikling i tråd med 1,5 grader inkluderer

Boks 1.3 Livsstilsval og klima

«Demand-side measures are key elements of 1.5°C pathways. Lifestyle choices lowering energy demand and the land- and GHG-intensity of food consumption can further support achievement of 1.5°C pathways (high confidence).»

Kjelde: IPCC, Special Report 1,5 degrees, chapter 2, s.97

CO₂-handtering for å redusere utslepp frå industri- og kraftproduksjon som er vanskeleg å redusere på andre måtar. Mange scenario inkluderer òg ei utsleppsutvikling der CO₂ blir fjerna frå atmosfæren, gjennom påskoging og forbrenning av bioenergi i kraftverk med CO₂-handtering. Dette vil krevje betydelege areal og kan derfor ha stor negativ verknad på naturområde og miljø. Det er derfor uvisst i kor stort omfang det vil vere praktisk mogleg eller miljømessig forsvarleg med utstrekt fjerning av CO₂ frå atmosfæren. Samtidig kan det bli ein del av den nødvendige løysinga for å nå klimamåla dersom ikkje klimagassutsleppa blir reduserte raskt nok. Desto raskare verda reduserer klimagassutsleppa, jo mindre blir behovet for løysingar for å fjerne CO₂ frå atmosfæren.

Åtferdsmønster og livsstilsval er ein viktig drivvar for utsleppa globalt. Berekraftig livstil og åtferdsmønster, for eksempel redusert materielt forbruk, eit sunt kosthald og lågare transportetterspørsel vil medverke til reduserte utslepp og støtte lågutsleppsutvikling. Dette gjeld dei delane av verda og dei segmenta av befolkninga som ikkje er fattige. Spesialrapporten om klimaendringar og landareal viser til at det globale matsystemet medverkar med rundt 21–37 pst. av dei totale menneskeskapte klimagassutsleppa. Ikkje berre måten vi driv landbruk på, men òg måten vi lagrar matvarer på, diettval og redusert matavfall kan medverke til at både viktige berekraftsmål blir nådd samtidig som utslepp blir reduserte⁵¹.

Lågutsleppsutvikling vil både påverke, og bli påverka av, korleis verda lukkast med å oppnå andre globale målsetjingar, som FN's berekraftsmål. Iføljje FN's spesialrapport om 1,5 grader vil ei global utsleppsutvikling i tråd med 1,5 graders oppvarming ha positive effektar på andre berekraftsmål. Dette gjeld spesielt berekraftsmåla

⁵⁰ FN's klimapanel, 2018, «Global warming of 1,5 degrees». Summary for Policy Makers, figur 3b)

⁵¹ FN's klimapanel, 2019, «Climate change and land», Summary for Policy Makers, B2.3

knytte til god helse, rein energi for alle, berekraftige byar og tettstader, ansvarleg forbruk og produksjon, og liv under vatn. Samtidig viser rapporten til potensielle målkonfliktar som kan oppstå og avvegingar som må gjerast, blant anna knytte til å utrydde svolt og fattigdom, reint vatn, og energitilgang. Ei lågutsleppsutvikling som legg til grunn eit lågt energibehov og forbruk og eit lite klimagassintensivt matkonsum, har færrest slike avvegingar⁵².

Kunnskapsgrunnlaget

Arbeidet til FN's klimapanel er sett på som best tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag for klimapolitikken. Klimapanelet samanstill klimarelevant vitenskapelig litteratur om blant anna klimaendringar, verknader og ulike typar tiltak for klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp til atmosfæren. Det vurderer publisert vitenskapelig litteratur, men driv ikkje eiga forskning.

Spesialrapporten om verknader av 1,5 graders global oppvarming, er saman med spesialrapporten om klimaendringar og landareal, den nyaste og mest oppdaterte rapporten frå FN's klimapanel. Klimapanelet vil halde fram med å leggje fram evalueringsrapportar i åra framover. Allereie i haust vil klimapanelet leggje fram ein ny spesialrapport om hav og is (kryosfæren).

Det er grunnleggjande at norsk klimapolitikk skal vere vitkapsbasert og byggje på beste klimavitenskap om klimaendringane og om utsleppsutviklinga globalt, særleg arbeidet i FN's klimapanel som ligg til grunn for det globale klimasamarbeidet under FN's klimakonvensjon.

Regjeringa vil:

- *legge til grunn beste vitenskaplege grunnlag, det vil seie konklusjonane frå FN's klimapanel, under dette FN's spesialrapport om 1,5 graders global oppvarming, i politikktutviklinga for å nå Noregs klimamål og lågutsleppssamfunnet.*

1.1.3 Noregs føresetnader, moglegheiter og utfordringar

Lavutsleppsutvekling i tråd med dei internasjonale klimamåla vil gi høve og utfordringar for alle land, også Noreg. For ein liten og open økonomi som i Noreg vil den globale utviklinga ha store konsekvensar for utviklinga nasjonalt. Full og effektiv

bruk av arbeidskraft og andre ressursar er sentral for at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn.

Ei viktig nasjonal ramme for lågutsleppssamfunnet er dei utsleppa vi har i dag. Noreg, som andre OECD land har eit høgt utslepp per innbyggjar. Utslepp per innbyggjar i Noreg var i 2018 om lag 10 tonn CO₂-ekvivalentar. Til samanlikning var gjennomsnittet i 2017 i OECD-landa og EU henholdsvis 11,9 og 8,8 tonn CO₂-ekvivalentar⁵³, mens verdsgjennomsnittet var om lag 6,5 tonn CO₂-ekvivalentar⁵⁴. Utsleppa i ulike sektorar danner eit viktig utgangspunkt for den vidare vegen til lågutsleppssamfunnet. Figur 1.2 gir eit bilete av Noregs utslippsprofil fordelt på sektorar slik den har vore og er i dag.

Det norske samfunnet har eit godt utgangspunkt for lågutsleppsutvikling. Mange tek del i arbeidslivet, og vi har store naturressursar, ein kompetent arbeidsstokk og solide statsfinansar. Noreg har ein arbeidsstokk med generelt høgt kompetansenivå og med høg produktivitet. Dette gir oss eit godt utgangspunkt for å unytte ny kunnskap og ny teknologi.


Velstanden er jamnare fordelt enn i dei fleste andre land. Vi som bur her, har i stor grad ressursar og fridom til å styre liva våre etter eigne vurderingar og ønskjer. Små forskjellar medverkar til at innbyggjarane har høg tillit både til kvarandre og til offentlege styresmakter. Det gjer samhandling enklare både i næringslivet, arbeidslivet og i offentlig sektor. Det gir den enkelte ei kjensle av trygghet og fellesskap og medverkar til eit samfunn med sosial og politisk stabilitet. Velferdsordningane er eit sikkerhetsnett som reduserer risikoen for den enkelte. Det kan auke viljen til nyskaping og innovasjon. Dette er bra for den generelle samfunnsutviklinga og Noregs økonomi, og gir også eit godt utgangspunkt for lågutsleppsutvikling.

Samtidig er Noreg stilt overfor fleire utfordringar i dei kommande tiåra. Noreg som resten av Nord-Europa vil fram mot 2050 ha ei aldrande befolkning. Det kan påverke våre moglegheiter i ei lågutsleppsutvikling prega av rask teknologisk endring og dessutan vil det bety at vi har ein mindre del av befolkninga i arbeid.

⁵³ Eurostat, 2017, Green house gas emissions per capita, EEA.

⁵⁴ Det berekna globale utsleppstalet er basert på 1) utsleppstal for 2017 frå UNEPs utsleppsrapport frå 2018 – UNEP (2018). The Emission Gap Report 2018., og 2) befolkningstal frå FN's befolkningstatistikk – UN, Department of Economic and Social Affairs (2017). World Population Prospects: The 2017 Revision.

⁵² FN's klimapanel, 2019, «Climate change and land», Summary for Policy Makers, B2.1, B2.3



Figur 1.2 Sektorvise klimagassutslepp fram til 2018

Kjelde: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå.

Ei av hovudutfordringane for Noreg framover vil vere å omstille oss til ein ny situasjon der vi liknar meir på vestlege økonomiar utan olje- og gassressursar. Veksten må komme i næringar utan grunnrente. Det betyr både at skatteinntektene vil vere lågare og at bedriftene ikkje kan vente like høg avkastning på kapitalen som i petroleumsværksemnda. Oppfylging av Paris-avtala trekkjer isolert sett i retning av lågare etterspørsel etter fossil energi og dermed lågare verdi av oljen og gassen på norsk sokkel. Verdien av norsk olje og gass blir òg påverka av ei rekkje andre forhold, blant anna energietterspørsel og relative kostnader ved å utvikle nye ressursar.

Lågutsléppssamfunnet vil endre rammevilkåra for næringslivet og krevje endringar i alle land, også i Noreg. Norsk økonomi og næringsliv har vore igjennom betydelege omstillingar tidlegare. Næringsstrukturen er radikalt endra frå 40–50 år tilbake. Endring av økonomiske rammevilkår, herunder ny teknologi og skiftande etterspørsels- og konkurranseforhold medfører at nokre bedrifter og næringar veks, mens andre får redusert betydning. Sjølv om mange vil arbeide med dei same tinga som folk gjer i dag vil nokre næringar og arbeidsplassar vere utsettet i eit globalt lågutsléppssamfunn. Det vil krevje omstillingsevne, og enkelte arbeidstakarar og grupper av arbeidstakarar kan oppleve endra kompetansekrav og færre jobbmoglegheiter.

Noreg fører saman med EU ein ambisiøs klimapolitikk. EU og Noreg har meldt inn tilsva-

Boks 1.4 Langsiktig lågutsléppsstrategi i EU

EU-kommisjonen leverte eit forslag til lågutsléppsstrategi 2050 for EU i 2018. Dette forslaget skisserer 7 innsatsområde for lågutsléppsutvikling i EU:

1. Energieffektivisering og nullutsleppsbygg
2. Ei avkarbonisert kraftforsyning basert på systembaserte modellar, desentralisert produksjon og ny teknologi
3. Rein mobilitet gjennom elektrifisering av vegtransport, gods frå veg til bane, smarte byar og åtferdsendringar
4. Konkurransedyktig industri med sirkulære forretningsmodellar. CO₂-handtering er ein del av løysinga
5. Smarte løysingar gjennom utbygging av nettverkskapasitet
6. Bioøkonomi som innsatsfaktor i lågutsléppsutvikling og karbonlager
7. CO₂-handtering

Kjelde: COM (2018) 773 – *A Clean Planet for all – A European strategic long-term vision for a prosperous, modern, competitive and climate neutral economy*

rande utsleppsmål for 2030 under Parisavtala. Regjeringa vil oppfylle dette målet felles med EU. Ved ei avtale om felles oppfylging vil Noreg ta del i

EUs klimaregelverk for perioden 2021–2030. Dette vil gi ei viktig ramme for Noregs klimapolitikk og medverke til ei lågutsleppsutvikling i takt med verda rundt oss. Noreg har også generelt ei sterk tilknytning til Europa og EU er vår viktigaste handelspartner. Eit eksempel er kraftmarknadane i Norden og Europa som blir stadig tettare integrerte, både regulatorisk gjennom EØS-avtala, og fysisk gjennom styrkt utvekslingskapasitet for kraft. Ei tettare kopling mellom det norske og det europeiske kraftsystemet vil auke verdien av vår fleksible vasskraft, og det aukar importmoglegheitene i år med lite nedbør og periodar med kraftunderskot. Handel og kraftutveksling gir ein fleksibilitet som er ein fordel i den vidare utviklinga av energisystema. Dette samarbeidet er derfor gunstig for alle partar, og for omstillinga til lågutsleppssamfunnet.

I ei samfunnsutvikling der verda beveger seg i retning av å nå Parismåla vil det vere viktig å produsere varer og tenester som kan konkurrere under stigande pris på utslepp, strengare reguleringar eller endra forbrukarpreferansar. Dei som vinn fram vil vere dei som produserer varer og tenester med svært låge eller ingen utslepp av klimagassar. Teknologiutvikling, ressurseffektivisering, betre utnytting av energi, auka bruk av fornybare råvarer og innsatsfaktorar, og sirkulære løysingar og avfallshandtering er viktige element i det grønne skiftet. Innanfor mange næringar vil det krevje satsning på langsiktige teknologiutviklingsløp.

Klimaendringane vil ha konsekvensar for Noreg. Rapporten «Klima i Norge 2100»⁵⁵ viser til at gjennomsnittstemperaturen i Noreg er venta å auke meir enn det globale gjennomsnittet. Noreg vil òg få meir nedbør og styrtregn, fleire regnflaumar og meir jord- og snøskred. På Svalbard kan gjennomsnittstemperaturen gå frå 8–9 minusgrader til 1–2 plussgrader ved slutten av hundreåret dersom utsleppa fortsett å auke som i dag.⁵⁶

Klimarisikoutvalet som kom med sin rapport i 2018 vurderte både Noregs overgangsrisiko, forstått som risiko knytt til gjennomføringa av global klimapolitikk, og risiko knytt til at klimaet er i endring (fysisk risiko). Utvalet understreka i sin rapport at globale tilhøve er viktige for eit lite land som Noreg. I vurderinga av risiko knytt til effekten av at klimaet er i endring, trekte utvalet fram

at effekten av klimaendringar i andre land som utgjer ein risiko for norsk økonomi. I vurderinga av overgangsrisiko peikte utvalet på at ein velukka global klimapolitikk eller store teknologiske gjennombrøt kan redusere verdien av Noregs gjenverande petroleumsreservar.

Ifølgje utvalet framstår Noreg likevel som mindre sårbart for klimaendringar enn dei aller fleste andre land, og er også vurdert til å vere blant dei best stilte landa når det gjeld tilpassingsevne. Utvalet viser til at rike land på den nordlege halvkula er gjennomgåande mindre utsette for direkte negative verknader av klimaendringane enn fattige land i sør. Samtidig har rike land som Noreg stort sett meir velfungerande institusjonar, eit høgare utdanningsnivå og eit meir variert næringsliv. Høgare inntektsnivå og fleksible arbeidsmarknadar gir større evne til å bere omstillingskostnader på vegen til eit lågutsleppssamfunn.

1.2 Lågutsleppssamfunnet

1.2.1 Noregs klimamål

Klare og ambisiøse klimamål gir føreseielege rammer for lågutsleppsutvikling for styresmakter, kommunar, næringsliv og for kvar og ein av oss. Noregs klimamål for 2030 og 2050 er nedfelt i lov om klimamål (klimalova). Formålet med klimalova er å fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn i Noreg i 2050.

Noreg har forplikta seg til å redusere utslepp av klimagassar med minst 40 pst. til 2030, samanlikna med utsleppa i 1990. Målet utgjer Noregs bidrag til Parisavtalas gjennomføring i perioden 2021–2030, og er lovfesta i klimalova. Regjeringa vil oppfylle målet for 2030 i samarbeid med EU. Samarbeid med EU om klimapolitikken kan medverke til at omstillinga skjer på ein kostnadseffektiv måte med like konkurransevilkår for næringsverksemd i Noreg og EU.

Innan dei tre første månadene av 2020 skal alle land kommunisere, oppdatere og/eller sende inn nye mål under Parisavtala. Regjeringa har vedteke at Noreg skal sende inn eit forsterka mål. Regjeringa arbeider for at EUs samla ambisjonsnivå for 2030 aukar til 55 pst., og vil melde inn eit forsterka norsk klimamål i tråd med EUs ambisjonar tidleg 2020. Dersom ein stor aktør som EU skjerpar sine mål, vil det utløyse meir teknologiutvikling og omstilling av næringslivet. Slik drahjelp vil vere viktig for omstillinga til norske verksemdar.

⁵⁵ «Klima i Norge 2100» (Norsk klimaservicesenter, 2015). Spenn: 3,3 til 6,4 °C.

⁵⁶ *Climate in Svalbard 2100*, 2019. Auken relaterer til RCP8.5-scenariot i FN's klimapanel's femte hovudrapport, og er eit scenario der verda, globalt sett, ikkje klarer å stoppe veksten og redusere utsleppa av klimagassar.

Ei avtale om felles oppfylging av utslppsmalet for 2030 inneber at Noreg, i tillegg til å delta i EUs kvotesystem, også vil ta del i EUs klimaregelverk for ikkje-kvotepfiktige utslpp⁵⁷ og regelverk for utslpp og opptak i skog og andre landareal for 2021–2030.

I Granavolden-plattformen står det òg at regjeringa vil utarbeide ein plan for å oppfylle Noregs klimaforplikingar med 45 pst. innanlandsk reduksjon i ikkje-kvotepfiktige utslpp når ei avtale med EU om felles oppfylging er på plass. Dette målet vil gjelde for 2030 samanlikna med 2005. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planlegg for dette. Om strengt nødvendig kan fleksibiliteten i EUs rammeverk nyttast.

I Granavolden-plattformen står det òg at regjeringa vil ha sektorvise ambisjonar for kutt i dei ikkje-kvotepfiktige klimagassutslappa, under dette halvere utslappa frå transportsektoren innan 2030 samanlikna med 2005. Dette målalet er basert på betre teknologisk mogning i ulike delar av transportsektoren. Regjeringa har også gjennom handlingsplanen for grøn skipsfart sett ein ambisjon om å halvere klimagassutslappa frå innanriks skipsfart og fiske innan 2030. Vidare har regjeringa og organisasjonane i jordbruket underteikna ei intensjonsavtale om å arbeide for reduserte klimagassutslpp og auka opptak av karbon. Det er sett eit mål om at utslappa skal reduserast med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar for perioden 2021–2030.

Målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 er lovfesta i klimalova. Med lågutsleppssamfunn er meint eit samfunn der klimagassutslappa, ut frå beste vitskapelege grunnlag, utslppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er redusert for å motverke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtalas temperaturmål. Klimalova slår fast at målet skal vere at klimagassutslappa blir reduserte i storleiksorden 80–95 pst. frå utslppsnivået i referansenivået 1990. Ved vurderinga av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimakvotesystemet for verksemd. Det inneber at kvotepfiktig sektor sitt bidrag til reduksjonar i Europa gjennom å delta i EUs kvotesystem skal reknas med ved vurdering av måloppnåing av 2050-målet. Klimalova er ikkje til hinder for at også målet om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 kan gjennomførast saman med EU.

Kostnader for Noreg ved å nå eit bestemt utslppsmaal er avhengig av teknologiutvikling globalt. Denne utviklinga er uviss og vil blant anna avhenge av i kor stor grad resten av verda gjennomfører ein ambisiøs klimapolitikk. Dersom dei fleste større land etter kvart gjennomfører ein ambisiøs klimapolitikk, vil utvikling av effektive og rimelege teknologiar for å erstatte fossil energi med fornybar energi gå langt raskare.

I Granavolden-plattformen går det fram at regjeringa vil gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050 der klimagassutslappa reduserast med 90 til 95 pst. Regjeringas ambisjon i Granavolden-plattformen er ei forsterking av det lovfesta klimamålet for 2050, kor målet er å redusere utslappa med 80 til 90 pst. Regjeringa vil følgje opp Granavolden ved å endra utslppsintervallet i det lovfesta klimamålet for 2050 slik at målet vert å redusere klimagassutslappane med 90 til 95 pst. samanlikna med utslppsnivået i 1990. Ved vurdering av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimakvotesystemet for verksemd.

Regjeringa vil endre utslppsintervallet i det lovfesta klimamålet for 2050. Målet skal vere at klimagassutslappa i 2050 skal reduserast i storleiksorden 90 til 95 prosent frå utslppsnivået i referanseåret 1990.

Alle medverkar til å nå klimamåla

Skal lågutsleppssamfunnet bli ein realitet, må heile samfunnet medverke. Staten, fylke og kommunar, næringsliv, forskingsinstitusjonar, organisasjonar og kvar einskild har viktige roller i utviklinga av lågutsleppssamfunnet. Sjølv om alle må planleggje for lågutsleppssamfunnet innan eiga verksemd, er samspel mellom ulike aktørar avgjerande for at samfunnet skal trekkje i same retning.

Styresmaktene må gjennom politikktutvikling fremje verkemiddel som gir insentiv som kan foreinast med målet om lågutsleppssamfunnet i 2050. I kap. 1.3 av denne strategien legg regjeringa fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyn for ein politikk og verkemiddelutvikling som legg til rette for lågutsleppssamstilling fram mot lågutsleppssamfunnet i 2050.

Næringslivet spelar ei viktig rolle i å utvikle og ta i bruk lågutsleppsteknologi og løysingar. Næringslivet må medverke til at Noreg kuttar klimagassutslpp, held ved lag høg verdiskaping og sysselsetjing i lågutsleppssamfunnet. Ei lågutsleppssamfunn vil krevje at næringslivet må omstille seg til å konkurrere i eit lågutsleppssam-

⁵⁷ Regelverket for ikkje kvotepfiktige utslpp dekkjer i hovudsak transport, jordbruk, avfall, oppvarming og noko utslpp frå industri og petroleumsvirksomheit.

**Boks 1.5 «Veikart for
prosessindustrien – økt
verdiskaping med nullutslipp i
2050»**

Prosessindustrien utvikla i 2016 eit vegkart med sin visjon for korleis ei konkurransedyktig næring med nullutslipp i 2050 kan utviklast. Under føresetnader om stabile langsiktige og globalt konkurransedyktige rammevilkår og verkemiddel peiker industrien på prosesseteknologiar som dei trur vil vere mogleg å implementere i 2050-perspektiv.

Nokre av desse er:

- Karbonfangst og -bruk
- Auka bruk av biomasse i prosessar og produkt
- Auka bruk av hydrogen som reduksjonsmiddel og energiberar
- Teknologigjennombrot på karbonfri prosesseteknologi, slik som inerte anodar
- Nye produksjonsmetodar med lågare energiforbruk og lågare utslipp
- Utnytting av sidestraumar til nye produkt
- Utvikling av innsatsfaktorar og produkt med lågt karbonavtrykk i produksjon og ved bruk

Kjelde: Norsk Industri, «Veikart for prosessindustrien- økt verdiskaping med nullutslipp i 2050», 2016

funn. Dei delane av næringslivet som er ein del av kvotepliktig sektor vil i takt med næringslivet i Europa omstille seg innanfor eit kvotesystem der det i 2050 er svært få gjenverande kvotar og der tilførselen av nye kvotar til systemet opphøyrer kort tid etter 2050, dersom vi legg EUs vedtekne nedtrappingsregel til grunn. Nødvendig teknologiutvikling med langsiktige utviklingsløp må derfor starte opp raskt.

Rapportering om klimarisiko kan medverke til bevisstgjerjing i næringslivet om kva slag klimarelaterte utfordringar og moglegheiter dei står overfor. Klimarisikoutvalet peikte i sin rapport frå 2018 på betydninga av at næringslivet aukar kunnskapen sin om klimarisiko for å styrkje avgjerdsgrunnlaget og gjere investeringsbeslutningane meir robuste i møte med auka uvisse. Utvalet viste òg til at det er særleg viktig at finansmarknadsaktørane har ei god forståing av kva risiko klimaendringane inneber for ulike sektorar og verksemdar.

Næringslivet si omstilling er i gang. 16 næringer har sidan 2016 utarbeidd vegkart for grøn konkurransekraft. I vegkarta skisserer næringane sine mål, visjonar og planar for korleis utsleppa av klimagassar kan reduserast eller kuttast mot null i 2050, og samtidig auke verdiskaping og sikre arbeidsplassar for næringane sine.

Kommunane og fylkeskommunane er både tenesteytarar og myndighetsutøvarar og kjøparar av store mengder varer og tenester. Dei eig også ei rekkje eigedommar. Kommunane og fylka er ansvarlege for planlegging og tilrettelegging for gode levestader for befolkninga og for næringsutvikling. Dette plasserer kommunane og fylka i kjernen av ei lågutsleppsutvikling.

Rolla som planmyndigheit er spesielt viktig. Nær sagt alle avgjersler kommunane tek om lokalisering og utforming av både næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester, påverkar energibruk og utslipp i lang tid framover. Korleis kommunane forvaltar utnyttinga påverkar desse areala si evne til å ta opp og lagre karbon. For eksempel vil arealbruksendringar som avskoging og nedbygging av myr føre til auka utslipp. Dersom ikkje omsynet til lågutsleppsutvikling blir teke i kommunane sine beslutningar er det risiko for at høge utslipp blir låst inne inne i lang tid og dermed gjer det vanskeleg og unødig dyrt å nå klimamåla. Areal- og samfunnsplanlegging må i dag derfor vere langsiktig, ta omsyn til klimaendringar og leggje til rette for lågutsleppsutvikling.

Kommunane og fylkeskommunane er store og viktige innkjøparar av varer og tenester. Gjennom å setje krav til klima- og miljøavtrykk ved innkjøp, kan kommunane både redusere eigne utslipp og medverke til å utvikle null- og lågutsleppsløysingar. Til dømes har Oslo kommune sidan 2017, i sine eigne byggeprosjekt, stilt krav om fossilfrie bygg- og anleggsplassar og testar no ut høvet til også å stille krav om utslippsfrie bygg- og anleggsplassar⁵⁸. Tilsvarende har ei rekkje kommunar investert i nullutsleppskøyretøy og reinseteknologi på avfallsplassar. Fylkeskommunane har, som ansvarlege for kollektivtrafikken i fylket, gjennom anbodskrav medverka til utvikling og bruk av nullutsleppsløysingar i kollektivtransporten. Statens Vegvesen har også hatt ei pådrivarrolle, og blant anna gått føre for å utvikle og teste ut ny teknologi på ferjer.

⁵⁸ Ein utslippsfri bygg- og anleggsplass inneber bruk av energikjelder som ikkje fører til lokalt utslipp av CO₂-ekvivalenstar eller NO_x på byggeplassen (Veileder utslippsfrie byggeplasser, 2018, DNV GL for Enova m.fl)

Boks 1.6 Barn og unge i dag – voksne i 2050

Klima og miljødepartementet inviterte til innspelsmøte med dei norske barne- og ungdomsorganisasjonane den 11. juni 2019. Ramma for møtet var korleis lågutsleppssamfunn ser ut og korleis vi skal komme oss dit. Barne- og ungdomsorganisasjonane teikna eit bilete av lågutsleppssamfunnet i 2050 som eit utsleppsfritt, trygt og robust samfunn med innovative lokalsamfunn og byar, og kan oppsummerast som følger:

- *ressursar har høg verdi*: vi reparerer, deler og resirkulerer.
- *dei gode vala er enkle*: vi har gode system, merkeordningar som legg til rette for at kvar og ein av oss tek gode val. Systema skaper og støttar klima- og miljøvennleg åtferd. Kommunane har eit ansvar for å leggje til rette for kjeldesortering, handtering av plast mv.
- *kvalitet blir sett over kvantitet*: produkt blir produserte miljøvennleg og med høg kvalitet og varigheit.
- *naturen har høg verdi*: I lågutsleppssamfunnet brukar vi meir tid på å vere saman i naturen og naturen der vi bur er lagt til rette med stigmerking slik at det er tilgjengeleg for alle.
- *vi reiser klimavennleg*: Ferien tek vi først og fremst i eige nærmiljø, men reiser vi er det enkelt, attraktivt og rimeleg å reise miljøvennleg. Det er lagt til rette for sykkel, gange og kollektivløysingar både i og utanfor byane. Bilane er utsleppsfrie, og vi tek oftare høg-hastighetstog enn fly. Sjølv om vi framleis reiser til utlandet, reiser og ferierer vi meir i eige land.
- *vi har grøne arbeidsplassar*: Det er ikkje ei bestemt næring som vil erstatte arbeidsplassar frå olje- og gasssektoren, men mange. Vi har utnytta den høge kompetansen og kunnskapen vår til å utvikle grøne næringar og arbeidsplassar, blant anna innan fiske, skipsfart og havvind.
- *vi er rause og solidariske*: Noreg deler velferda si med utsette og sårbare delar av verda.
- *vi et mat som er klimavennleg og sunn* og som er produsert berekraftig nært der vi bur.

Kvar einskild innbyggjar i Noreg er med på å forme lågutsleppssamfunnet gjennom små og store vegval og daglege gjere mål. Måten vi forflytter oss på, bur og forbrukar varer og tenester påverkar dei nasjonale utsleppa, men òg utslepp som skjer utanfor Noregs grenser. Forbrukaren medverkar til lågutsleppsløysingar gjennom å spørje etter varer og tenester med bestemte eigenskapar. Som arbeidstakarar medverkar vi med kompetanse til eit grønt og konkurransedyktig arbeidsliv. Utdannings- og yrkesval formar høva for dei som er på veg inn i arbeidslivet. For dei som allereie er i arbeid vil det dreie seg om å unytte og utvide kompetansen sin gjennom nye oppgåver, nye jobbar og etterutdanning.

Frivillig innsats er ein viktig del av det norske samfunnet. Det er eit viktig fundament for eit godt og inkluderande samfunn, som tek vare på verdiar i nærmiljøet og medverkar til livskvalitet for mange. Frivillig arbeid kan òg ha betydning for lågutsleppsutvikling. For eksempel går mange store arrangørar både innanfor kultur og idrett føre og ønskjer å gjere arrangementa sine mest mogleg miljøvennlege. Idretts-, vel og kulturforeiningar er også arenaer for å låne, byte, og kjøp og sal av utstyr. Frivillig innsats er òg ein heilt avgje-

rande del av den norske beredskapsmodellen. Dette vil bli endå viktigare fordi klimaendringar kan auke risiko knytt til enkelte friluftaktivitetar. Frivillig arbeid forankrar også miljøorganisasjonane og andre som er blant samfunnet sine viktigaste pådrivarar for lågutsleppsutvikling. Slike organisasjonar samlar klima- og miljøstemmene til mange og skapar engasjement, avdekkjer behov og viser fram løysingar.

1.2.2 Noreg som lågutsleppssamfunn i 2050

Noreg som lågutsleppssamfunn er avhengig av at verda rundt oss beveger seg i same retning slik at vår evne til full og effektiv bruk av arbeidskraft og andre ressursar kan oppretthaldast, og at vi når våre klima- og miljøpolitiske mål. Dersom den globale utsleppsutviklinga framover ikkje nærmar seg ei bane som er i samsvar med Parisavtalas mål, vil utviklinga av klimavennleg teknologi kunne gå tregt. Dermed vil også kostnadene ved å redusere utslepp i Noreg bli høge, noko som vil gjere gjennomføringa av Noregs klimamål vanskelegare. Samtidig vil behovet for, og kostnadene ved klimatilpassing, til effektar av at klima endrar seg, som ekstremvær og flom, auke. Med ei utsleppsutvik-



Figur 1.3 Illustrasjonen gir eit bilete av dagens utslipp, samanlikna med utslappa i 2050. Dagens utslipp er illustrert som vogna med overvekt, og utslappa i 2050 som trille koffert.

Kjelde: Enova

ling globalt i tråd med temperaturmålet i Parisavtala vil også Noreg vere eit samfunn med låge utslipp i alle sektorar. Uvisse framover er betydeleg. Derfor beskriv klimalova lågutsleppssamfunnet som eit samfunn kor klimagassutslappa ut frå beste vitenskapleg grunnlag, utslppsutviklinga globalt, og nasjonale omstende, er redusert for å motverke dei skadelege verknadene av global oppvarming som er skildra i Parisavtalas temperaturmål. Ved vurdering av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimavotesystemet for verksemdar.

Uvisse vil alltid karakterisere framskrivingar, om det dreier seg om fem, ti eller femti år. Framskrivningar vil alltid ta utgangspunkt i den tidsmessige konteksten dei er blitt til i. Det er no litt over 30 år fram til 2050. Med eit så langt tidsperspektiv er det ikkje mogeleg å gi eit korrekt eller heilskapleg bilde av korleis det norske samfunnet vil komme til å sjå ut. Sjølv med eit utgangspunkt om at verda og Noreg i 2050 har nådd klimamåla, og Noreg er eit lågutsleppssamfunn, er det uvisse om korleis resterande utslipp vil fordele seg mellom utslppssektorar og kva løysingar som har vunne fram. Det er også svært mange forhold som ikkje er knytt til dei klimapolitiske rammevilkåra som

vil bestemme korleis lågutsleppssamfunnet ser ut i 2050 og som vil medverke til uvisse i skildringa av verda og Noreg som lågutsleppssamfunn.

I ei verd som i 2050 har ei utslppsutvikling i tråd med Parisavtalas temperaturmålsettingar, og Noreg når sine klimamål, er Noreg eit lågutsleppssamfunn og har følgjande overordna karakteristikkar:

- Lågutsleppssamfunnet er eit samfunn med låge utslipp i alle sektorar.
- Areal, skog og ressursar blir forvalta på ein bærekraftig måte som legg til rette for høgt opptak og låge utslipp. Våre areal lagrar karbon og forsyner oss med materialar, mat og energi.
- Eit grønt næringsliv med låge utslipp av klimagassar.
- Byar og lokalsamfunn legg til rette for låge klimagassutslipp og gode levekår for innbyggjarane.

Låge utslipp i alle sektorar

I 2050 er Noreg, som andre land, eit samfunn med låge utslipp i alle sektorar. Energi- og ressurs-effektiviteten er høg og sirkulære kretsløp pregar produksjon og forbruk.

Teknologiutviklingen har gjort at transportsektoren har null- og lågutsleppsløysingar i personbilparken, kollektivtrafikken og tungtransporten. Behovet for transport er redusert som følgje av meir kompakt by- og stadsutvikling og nye digitale kommunikasjonsløysingar. Person- og varetransport er gjort meir effektiv. God arealplanlegging, auka bruk av kollektiv, sykkel og gange, og nye innovative transportløysingar har medverka til dette. Liknande utvikling har ein òg sett innan skipsfart og transport på sjø.

Norsk industri leverer varer og produkt med låge utslepp. Industrien oppnår låge utslepp gjennom elektrifisering, konvertering frå fossil til fornybar råvarebruk, låg- og nullutsleppsteknologi og CO₂-handtering. Verdikjedene er i stor grad sirkulære.

Jordbruket leverer trygg og sunn mat, og jordbruksressursar blir utnytta på ein god måte. Utslepp av klimagassar frå jordbruket er redusert og karbonbindinga er auka. Ny teknologi medverkar til optimal gjødsling av jorda, og dermed reduserte klimagassutslepp. Meir bruk av nullutsleppskøyretøy reduserer behovet for fossil energi i maskinparken, og sjølvkøyrande maskiner gjer drifta meir effektiv. Husdyrgjødsel blir utnytta til biogass for å erstatte fossil energi også i andre sektorar, samtidig som det reduserer utslepp frå husdyrhald. Forbetringar i avl- og føring medverkar til reduserte utslepp i husdyrhaldet. Låge utslepp i jordbruket blir forsterka gjennom meir berekraftig arealbruk, mindre matsvinn, ny teknologi og endra forbruk i retning av eit sunnare kosthald med ein høgare del av vegetabiliske produkt, som gir låge klimagassutslepp frå jordbruksproduksjonen.

Berekraftig utnytting av skog medverkar i 2050 til både opptak og lagring av CO₂, og til forsyning av fornybart råstoff som erstattar fossil energi og materialar. Skogforvaltninga er styrkt for å auke opptaket av CO₂, og for at skogen skal vere tilpassa klimaendringane. Utnytting av skogen er kombinert med vern og andre miljøomsyn for å sikre berekraftig skogsdrift, der naturmangfald og økosystemtenester er tekne vare på. Ein stor del av trestokken blir utnytta til varige produkt som byggjematerialar, og rest- og biprodukt har høg verdi og blir utnytta i større grad. Gjennom teknologi og nye forretningsmodellar blir råstoff i skogen utnytta til ei rekkje formål, blant anna som erstatning for soya i husdyrfôr, fiskefôr, bioplast og klede og tekstil. Skogen er òg ei viktig kjelde til bioenergi som erstattar fossile energiformer. Utsleppa frå arealbruksendringar som avskoging og nedbygging av myr er låg som følgje av effektiv og berekraftig arealutnytting og fortetting. Forvaltninga av sko-

gen gir grunnlag for eit vedvarande høgt karbonopptak i skog, eit styrkt karbonlager og at skogen framleis kan vereleverandør av klima- og miljøvennleg energi og råstoff.

Ein breitt samansett økonomi og grøn konkurransekraft

Ved å tilpasse seg dei høva eit globalt lågutsleppsamfunnet gir, har Noreg eit grønt næringsliv. Høg etterspørselen etter låg- og nullutsleppsteknologi og produkt med låge utslepp på verdensmarknaden medverkar til å leggje grunnlaget for grøn næringsutvikling. Norsk økonomi har fleire bein å stå på. Noreg har høg deltaking i arbeidslivet, eit betydeleg naturressursgrunnlag og ein kompetent arbeidsstyrke.

Dei selskapa som har suksess har mange likskapstrekk med dei som hadde sukses også før låguttsleppsutviklinga skaut fart. Dei vellukka selskapa leverer etterspurte produkt og tenester til konkurransedyktige prisar. Selskapa som lukkast klarer samtidig å konkurrere innanfor rammevilkår som medverkar til låge utslepp, både i Noreg og i verda elles.

Næringslivet er prega av løysingar som er smarte, nyskapande, grønne og lønnsame. Noregs ressursgrunnlag er ein viktig drivar for næringsutvikling. Noregs skogar, fornybare energi og mineralressursar leverer viktige innsatsfaktorar i det globale lågutsleppssamfunnet. Noreg er framleis ein av dei leiande energinasjonane i verda. Havet er ein sentral ressurs, og produserer mat til ei aukande global befolkning. Noreg er framleis ein betydeleg sjøfartsnasjon, med næringar som leverer høgteknologiske transportløysingar til havs med svært låge eller ingen utslepp. Likevel, vår viktigaste ressurs er ein høgt utdanna og kompetent arbeidsstyrke.

Klimasmarte byar og lokalsamfunn med høg livskvalitet

Byar og lokalsamfunn er attraktive og klimavennlege, og legg til rette for gode og trygge levekår, arbeidsplassar, og ein aktiv og sunn livsstil. Lufta har blitt reinare og både i og utanfor byane er kollektivløysingar blitt meir tilgjengelege. I tillegg er det godt tilrettelagt for gange og sykkel.

I lågutsleppssamfunnet er norske byar attraktive gjennom tilrettelegging av sosiale møteplassar og byrom. Eksisterande byrom og bygningsmasse har fått nytt liv gjennom ny bruk. Utanfor byane har lokalsamfunn og tettstader levande sentrum med ein god balanse mellom bustader, handel og

arbeidsplassar. Turveggar, grønne lunger og friområde er kombinert med enkel tilgang til kultur, arbeid, skule og aktivitetar. Sjølv om ikkje alle kan gå eller sykle til jobb og skule, medverkar null-utsleppskøyretøy og betre kollektivløysingar til at utsleppa frå persontransport er null.

For å redusere bruk av nytt areal blir byar og tettstader fortetta framfor å vekse utover. Det skjer på ein måte som tek omsyn til behov for grønne areal og som medverkar til trivsel og levande byar og lokalsamfunn. Fokus på energi-effektivisering i nye og eksisterande bygg gjer at ressursar og energi blir brukt meir effektivt enn tidlegare.

Ny teknologi og klimasmarte løysingar er ein integrert del av liva våre – uavhengig om ein bur i eller utanfor dei store byane. Delingsøkonomien og nye forretningsmodellar gjer det meir naturleg å leige, for eksempel blir det delt på produkt og tenester som ikkje blir brukt så ofte, som bilar, hytter, båtar og verktoy. Varer er i større grad designa for å vare lenger og kunne resirkulerast. Samtidig er dei utvikla for å kunne reparerast, og produsentane sine forretningsplanar er i større grad retta mot reparasjon og gjenbruk. Meir bruk av digital samhandling medverkar til meir fleksibilitet i kor ein arbeider, og medverkar til redusert behov for transport og meir fritid.

1.3 Vegen til lågutsleppssamfunnet

1.3.1 Overordna prioriteringar for vegen til lågutsleppssamfunnet

Noreg fører og vil halde fram med å føre ein ambisiøs klimapolitikk. Regjeringa har eit langsiktig mål om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv.

Regjeringa har i Granavolden-plattformen sagt at den vil omstille norsk økonomi og medverke til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn før midten av hundreåret. Denne omstillinga må òg medverke til ei utvikling som sikrar det biologiske mangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn.

For å fremje omstilling til eit lågutsleppssamfunn skal regjeringa i 2020 og deretter kvart femte år leggje fram for Stortinget oppdaterte klimamål. Desse skal leggje til grunn beste vitenskaplege grunnlag og så langt som mogleg vere talfesta og målbare. Klimamål som blir lagt fram skal utgjere ein progresjon frå førre mål og fremje gradvis omstilling fram mot 2050.

Klima- og miljøpolitikken skal medverka til at Noreg når klimamåla og andre miljømål. For å

skape minst mogleg konflikt mellom klima- og miljømåla og andre samfunns mål, blir det kravd god koordinering i bruken av verkemiddel. Det inneber at klimapolitikken nasjonalt er basert på følgjande prinsipp:

- *Forureinar skal betale.* Verkemiddel bør veljast ut frå kriteriet om at den som forureinar eller skader miljøet skal betale for skaden som skjer.
- *Effektive verkemiddel.* Miljøavgifter, omsetjelige kvotar, direkte reguleringar, avtaler, informasjon og subsidiar må kombinerast mest mogleg effektivt.
- *Støtte til teknologiutvikling.* Å utvikle og ta i bruk miljøteknologi og klima- og miljøvennlige energiteknologiar er viktig for å møte klima- og miljøutfordringane, og kan òg gi norsk næringsliv nye marknadsmoglegheiter.
- *Globale effektar avgjerande.* Verkemidla i klimapolitikken må medverke til at globale utslepp går ned.
- *Eit lågutsleppssamfunn, ikkje eit låginntektsamfunn.* Verkemidla bør innrettast slik at miljømåla blir oppnådde med størst mogleg sikkerheit og til lågast moglege kostnader for samfunnet. Vi må utnytte høva som ligg i det grønne skiftet.

I tillegg er det viktig at arealplanlegging, utviklinga av infrastruktur og offentlege investeringar tek omsyn til målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Med utgangspunkt i prinsippa for klimapolitikken og at den blir styrkt over tid vil regjeringa gjennom måloppfølging, prising av utslepp, og andre rammevilkår for lågutsleppsutvikling i næringsliv, kommunar og for kvar og ein av oss leggje til rette for at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn i 2050. Politikken for å nå klimamålet i 2050 må styrkjast og tilpassast over tid. Dette vil skje i tråd med klimalova og Parisavtalas dynamikk om at alle land kvart femte år skal leggje fram eit bidrag som utgjer ein progresjon samanlikna med førre bidrag og vere uttrykk for høgast mogleg ambisjonsnivå.

Regjeringa vil:

- *omstille norsk økonomi og medverke til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn før midten av hundreåret. Denne omstillinga må òg medverke til ei utvikling som sikrar det biologiske mangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn.*
- *føre ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltaransvaret og føre var-prinsippet.*
- *føre ein offensiv politikk for å medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi*

Boks 1.7 2030 – eit viktig steg på vegen til lågutsleppssamfunnet

Noreg har som ein del av Parisavtala på vilkår påteke seg ein skyldnad om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. Klimamålet er også lovfesta i klimalova. Målet er det same som EU har meldt inn under Parisavtala. Politikken og vala som blir gjort mot 2030 legg eit viktig grunnlag for å gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050.

Regjeringa vil oppfylle klimamålet for 2030 i samarbeid med EU. Ved ei felles oppfylling av klimamålet for 2030 med EU vil Noreg ta del i EUs klimaregelverk frå 2021–2030. EUs klimarammeverk for 2030 består av tre pilarar: EUs kvotesystem på bedriftsnivå, innsatsfordelinga for ikkje kvotepliktige utslepp og regelverket for skog- og arealbruk.

EUs kvotesystem omfattar utslepp frå verksemdar innanfor industri og kraftproduksjon, og luftfart innanfor EØS-området. Om lag halvparten av norske utslepp inngår i kvotesystemet. Kvotesystemet set eit felleseuropeisk tak på utsleppa, ved at utsleppa ikkje kan bli høgare enn talet tilgjengelege kvotar. Ein sentral mekanisme i kvotesystemet er den årlege nedjusteringa i samla tal utferda kvotar. Gjennom årlege reduksjonar i kvotemengda vil utferda kvotar i 2030 vere 43 pst. lågare enn utsleppa frå dei kvotepliktige verksemdene i 2005. Dersom den årlege reduksjonen av kvotemengda held fram uendra etter 2030, vil talet på kvotar som blir gjort tilgjengeleg for dei kvotepliktige verksemdene ha falle til 365 mill. kvotar i 2050. Dette er om lag 84 pst. lågare enn dei kvotepliktige utsleppa var i 2005.

Forordninga om innsatsfordeling omfattar i hovudsak utslepp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men også ikkje-kvotepliktige utslepp frå industrien og petroleumsverksemd. Forordninga skal syte for at EU reduserer sine samla ikkje kvotepliktige utslepp med 30 pst. frå 2005 til 2030. Kwart land får eit bindande nasjonalt mål om å redusere utsleppa med mellom 0 pst. og 40 pst. frå 2005 til 2030, avhengig av BNP og kostnadseffektivitet. Forordninga gjer landa sine utsleppsmål for 2030 om til bindande utsleppsbudsjett som seier kor høge utslepp kvart land kan ha i kvart av åra i perioden 2021–2030. Landa kan velje å oppfylle utsleppsbudsjetta ved å redusere eigne utslepp og/eller gjennom samarbeid med andre europeiske land.

Regelverket for *skog og arealbruk* gjeld for arealkategoriane forvalta skog, nye skogareal, avskogingsareal, beitemark, dyrka mark og våtmark. Dersom eit land har høgare utslepp enn opptak nasjonalt, må det bokførte utsleppet dekkjast inn på éin av tre måtar: 1) ved kjøp av skogkredittar frå andre europeiske land; 2) ved tilsvarende over-

oppfylling av skyldnaden under innsatsfordelinga, anten nasjonalt eller 3) ved kjøp av utsleppseiningar under innsatsfordelinga frå andre land. Dersom eit land har høgare opptak enn utslepp nasjonalt, kan ein liten del av dette netto-opptaket nyttast til å oppfylle landa sine utsleppsmål under forordninga om innsatsfordeling. For den forvalta skogen skal alle land utarbeide ei referansebane for forvalta skog, som i praksis angir hogstnivå for perioden 2021–2030. Meir hogst enn det som ligg i referansebana blir bokført som eit utslepp, mindre hogst som eit opptak. Det er etablert ei kompensasjonsordning for land som får bokført utslepp frå forvalta skog, som kan nyttast på visse vilkår. Kompensasjonsordninga gir landa rom for å auke hogstnivået til eit høgare nivå samanlikna med nivået i referansebanen, utan at det blir bokført som eit utslepp.

Noregs deltaking i kvotesystemet har vore ein del av EØS-avtala sidan 2008. Med avtala med EU om felles oppfylling vil Noreg i tillegg delta i dei to regelverka som gjeld for utslepp som ikkje er dekt av kvotesystemet. Det inneber at Noreg tek del i EUs arbeid med å kutte utslepp, på lik linje med EUs medlemsstatar. Gjennom å delta i forordninga for innsatsfordeling vil Noreg få eit mål om å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa med 40 pst. Som for EU-landa får Noreg ein skyldnad om netto nullutslepp frå skog- og arealbrukssektoren. Avtala blir teken inn i ein del av EØS-avtala (Protokoll 31) som gjer at Noreg berre er bunde til desse to regelverka i tidsrommet 2021–2030.

Avtala med EU legg rammene for Noregs klimamål for 2030, men det er opp til Stortinget og regjeringa å avgjere korleis måla skal gjennomførast. Avtala er heller ikkje til hinder for å gjennomføre utsleppskutt utover dei skyldnadene vi får gjennom å ta del i EUs klimaregelverk. Til dømes følgjer det av Granavolden-plattformen at regjeringa vil at Noregs ikkje-kvotepliktige utslepp skal reduserast med minst 45 pst. samanlikna med 2005. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planlegg for det. Om strengt nødvendig kan fleksibiliteten i EUs rammeverk nyttast. Ambisjonen inneber ei overoppfylling av skyldnaden vi får i avtala med EU. Regjeringa vil utarbeide ein plan for å oppfylle Noregs klimaforpliktingar i ikkje-kvotepliktig sektor når ei avtale med EU om felles oppfylling er på plass. I denne samanhengen har regjeringa òg gitt etatane eit oppdrag om å utgreie tiltak og verkemiddel som kan utløyse minst 50 pst. reduksjon i ikkje-kvotepliktige utslepp i 2030 (Klimakur 2030).

1.3.2 Ein klimapolitikk som gir låge utslepp i alle sektorar

Å redusere utslepp av klimagassar skal lønne seg

Pris på utslepp er i tråd med prinsippet om at forureinarar skal betale. Gjennom å setje ein pris på utslepp medverkar vi til at produksjon og forbruk blir vridd i meir klimavennleg retning. Sektorovergripande økonomiske verkemiddel i form av avgifter og omsetjelege kvotar er derfor hovudverkemidla i norsk klimapolitikk. I dag er over 80 pst. av dei norske klimagassutsleppa omfatta av CO₂-avgift, EUs kvotesystem eller begge delar. Sektorovergripande økonomiske verkemiddel påverkar alle aktørar, og gir insentiv til å utvikle og ta nye teknologiar i bruk. Både dagens og venta framtidig pris på utslepp har betydning for aktørar si tilpassing og avgjerder.

I tillegg til kvotar og avgifter blir det brukt direkte regulering, standardar, avtaler og støtte til utsleppsreducerande tiltak. Desse verkemidla gir òg insentiv til forskning og utvikling av utsleppsreducerande teknologi. Det blir dessutan gitt direkte støtte til teknologiutvikling.

Prising av utslepp – kvotesystemet


Industrien og petroleumssektoren i Noreg vil utvikle seg innanfor det europeiske kvotesystemet for verksemdar (EU ETS). Noreg har teke del i det europeiske kvotesystemet gjennom EØS-

Boks 1.8 EUs kvotesystem

EUs kvotesystem er eit verkemiddel som skal medverke til klimagassreduksjonar. Utsleppa i eit kvotesystem kan ikkje overstige talet på tilgjengelege kvotar. Klimakvotesystemet set dermed eit tak på utsleppa. Kvotetaket blir redusert med eit bestemt tal kvotar kvart år. EUs kvotesystem dekkjer rundt 45 pst. av dei totale klimagassutsleppa i EU frå over 11 000 bedrifter, og omlag 50 pst. av utsleppa i Noreg er fordelt på omlag 120 selskap.

avtala sidan 2008. Deltaking i kvotesystemet er sentralt for oppfylginga av norske klimamål. I klimalova står det at vurderinga av måloppnåing av 2050-målet skal ta omsyn til klimaeffekten av norsk deltaking i det europeiske kvotesystemet. Det betyr at norske verksemdar sin medverknad til utsleppsreduksjonar i det felles europeiske kvotesystemet er rekna som eit bidrag i vurderinga av om Noreg har nådd klimamålet i 2050.

Årlege reduksjonar i talet på utferda kvotar gjer at kvotesystemet vil medverke til vesentleg reduksjon av utsleppa. Etter 2020 vil dei årlege kutta i kvotemengda utgjere nesten 50 mil. tonn CO₂-ekvivaluttar. Om nedtrappinga av kvotemengda held fram i same takt etter 2030 vil talet



Figur 1.4 Utslepp og kvotetak i EU sitt klimakvotesystem.

Figuren viser klimagassutslepp frå kvotepliktige verksemdar i EUs klimakvotesystem frå 2005 til 2018 (søyler). Den svarte linja viser talet på kvotar som er gjort tilgjengeleg for dei kvotepliktige verksemdene (kvotetaket), gitt at den årlege reduksjonen av kvotemengda held fram uendra etter 2030.

Kjelde: Klima- og miljødepartementet

kvotar som blir gjort tilgjengelege for bedriftene ha falle frå 2 mrd. kvotar i 2013 til 365 mill. kvotar i 2050, sjå figur 1.4. Dette er om lag 86 pst. lågare enn utsleppa var i 1990. Reduksjonar i tal tilgjengelege kvotar vil tvinge fram utsleppsreduksjonar i sektorane som er omfatta av kvotesystemet, også i norske kvotepliktige verksemdar.

Reduksjonen i kvotar betyr at kvotepliktige verksemdar innanfor det europeiske kvotesystemet må kutte sine utslepp kraftig fram mot 2050. Sjølv om kraftforsyninga i Europa blir avkarbonisert må andre kvotepliktige sektorar òg redusere utsleppa sine. Dersom kvotesystemet held fram også etter 2050 med lik nedtrapping av kvotetaket, vil utferda kvotar for industri, petroleum og kraftproduksjon gå mot null kort tid etter 2050.

Prising av utslepp – skattar og avgifter

Noreg innførte CO₂-avgift i 1991, som eit av dei første landa i verda. Avgifter på utslepp av klimagassar har sidan vore eitt av hovudverkemidla i norsk klimapolitikk. Avgifter på utslepp av klimagassar omfattar no vel 66 pst. av Noregs samla utslepp av klimagassar og vel 67 pst. av Noregs ikkje kvotepliktige utslepp av klimagassar. Nær all bruk av fossil energi i ikkje kvotepliktig sektor er omfatta av CO₂-avgifta.

Når alle utslepp står overfor den same karbonprisen, vil alle aktørar ha like insentiv til å redusere utsleppa. Dette medverkar til at eit gitt utsleppsmål kan bli nådd til lågast mogleg kost-

nad for samfunnet. Dei siste åra er derfor fleire fritak og reduserte satsar i CO₂-avgifta oppheva. Det generelle avgiftsnivået har auka gradvis og er i 2019 på 508 kroner per tonn CO₂. Figur 1.5 viser karbonprisen (avgift og/eller kvotepris) for norske utslepp av klimagassar i 2019.


Ei gradvis innstramming av skattar og avgifter over tid skaper stabile og føreseielege økonomiske rammer og medverkar til at det blir skapt markadar for nye låg- og nullutsleppsteknologiar. Innretninga av verkemidla for prising av utslepp vil bli utvikla over tid.

Regjeringa vil:

- *vurdere avgift på generelt nivå for alle ikkje-kvotepliktige utslepp. Dersom avgift ikkje er tilstrekkeleg eller eigna, skal andre virkemiddel vurderast, som gir tilsvarande sterke insentiv.*
- *trappe opp den flate CO₂-avgifta med fem prosent årleg for alle sektorar fram til 2025. Provenyet skal brukast til å redusere skattar og avgifter for aktuelle grupper for å lette omstillinga. Andre relevante avgifter (blant anna HFK/PFK) skal aukast tilsvarande.*

Reguleringar

Klimagassutslepp er i dag regulerte gjennom fleire sektorovergripande og sektorspesifikke lover som er av ulik karakter og har ulike funksjonar. Dei viktigaste sektorovergripande lovene er forureiningslova og plan- og bygningslova.



Figur 1.5 Pris på utslepp av klimagassar i ulike sektorar.

Avgiftsnivå i kroner per tonn CO₂-ekvivalentar i 2019 og kvotepris 280 kroner per tonn CO₂. Utsleppstal frå 2017.

Kjelde: <https://sandbag.org.uk/carbon-price-viewer/>, Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet og Finansdepartementet.

Boks 1.9 Kvifor regulere utslepp heller enn å prise?

Skadeverknadene av klimagassutslepp er uavhengig av kor utsleppa skjer. Prising av klimagassutslepp vil derfor som regel vere meir kostnadseffektivt enn direkte regulering. På område som er underlagt generelle verkemiddel i form av avgift eller kvotar, har regjeringa som utgangspunkt at ytterlegare reguleringar skal unngåast. Der prising er vurdert til å ikkje vere tilstrekkeleg eller føremålstenleg skal andre verkemiddel vurderast. Det kan i enkelte tilfelle vere vanskeleg å prise ein miljøskade gjennom avgifter eller kvotar. Til dømes vil utslepp av klimagassar ved uttak av torv eller diffuse utslepp frå industrien vere vanskelege å måle. I slike tilfelle kan direkte regulering vere meir føremålstenleg enn prising. Generelle verkemiddel som avgift gir heller ikkje alltid gode nok insentiv til å utvikle og ta i bruk ny teknologi. Blant anna kan manglande kompetanse og medvit i verksemdar vere ein barriere. I slike tilfelle kan reguleringar vere eit føremålstenleg verkemiddel.

Regulering kan medverke til å lette omstilling til lågutsleppssamfunnet i den grad ein unngår feilinvesteringar og at løysingar med høge utslepp blir låste inne. Døme på direkte regulering er byggetekniske krav, omsetningskrav for biodrivstoff i vegtrafikken, regulering av metanutslepp frå avfallsbehandling og forbod mot nydyrking av myr.

I dei tilfella der klimagassutslepp er regulerte verkar dei ofte i samspel og supplerer andre verkemiddel. Eit aktuelt eksempel er forbodet mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar frå 2020, som vart supplert med støtteordningar for overgang til fornybare oppvarmingsløysingar og fjerning av oljetanken.

Forureiningslova kan medverke til ein bransjetilpassa verkemiddelbruk, som i samspel med verkemiddelapparatet for forskning og innovasjon og eventuelle andre generelle verkemiddel kan medverke til teknologiutvikling og reduserte utslepp. Gjennom forureiningslova er blant anna utslepp av lystgass frå fullgjødselproduksjon og diffuse utslepp frå petroleumsverksemda regulert. Forureiningslova supplerer dei generelle, økonomiske verkemidla som kvoteplikt og avgift.

Lågutsleppsutviklinga må vere rettferdig

I lågutsleppssamfunnet blir det betre liv for folk flest. Det betyr ikkje at lågutsleppsutvikling er utan konsekvensar. Noreg har gjennom Parisavtala erkjent betydninga av at klimapolitikken medverkar til rettferdig lågutsleppsutvikling for alle. Noreg har òg slutta seg til Den internasjonale arbeidsorganisasjonens (ILO) retningslinjer for rettferdig omstilling⁵⁹. Desse retningslinjene skisserer tre sentrale innsatsområde for rettferdig omstilling:

1. Sikre levekår for dei som blir negativt påverka av grøn omstilling og støtte til grøn omstilling i næringslivet
2. Kompetanseutvikling for alle
3. Grøn omstilling gjennom sosial dialog

Dei aller fleste sysselsette i Noreg har arbeidsplassane sine knytte til verksemdar, offentlege eller private, som i liten grad vil bli direkte påverka av ei lågutsleppsutvikling. Kompetansekrav kan endrast, men sysselsette innan til dømes helse og omsorg vil i første rekkje bli påverka av andre endringsprosessar i åra fram mot 2050. Nokre næringar blir meir direkte påverka av ei lågutsleppsutvikling og har dermed større overgangsrisiko enn andre. For slike næringar vil omstillingsbehova vere større.

Noreg har mange gode mekanismar for omstilling i arbeidslivet. Trepertssamarbeidet utgjer ein grunnpilar i samarbeidet mellom regjeringa og partane i arbeidslivet for å løyse ei rekkje samfunnsutfordringar. Ein viktig del av denne dialogen er blant anna å leggje til rette for at arbeidstakarar i omstillingsprosessar har sikkerheitsnett og at det blir gitt høve til å utvikle seg vidare eller tileigne seg ny kompetanse. Eit framtidretta utdannings- og etterutdanningsystem som set arbeidstakarar i stand til å ta del i lågutsleppssamfunnets arbeidsmarknad er òg viktig. Regjeringa har i Granavolden-plattformen sagt at den vil føre ein kompetansepolitikk som medverkar til å gi befolkninga kunnskapen og ferdigheitene dei treng for å stå i arbeid i møte med nye krav til omstilling, og for å få nye jobbar når arbeidslivet er i endring. Dette gir eit godt grunnlag også for ei rettvis lågutsleppsutvikling.

Kunnskap er nøkkelen til å halde fram med å skape nye, grøne og lønnsame arbeidsplassar og ein betre og meir effektiv offentlig sektor. Forsking og høgare utdanning står derfor sentralt i

⁵⁹ ILO (International Labour Organization), 2015, «Guidelines for a Just Transition»

utviklinga av eit berekraftig samfunn. I Meld.St.4 (2018–2019) legg regjeringa fram sin langtidsplan for forskning og høgare utdanning for perioden 2019–2028. Planen er eit ledd i regjeringas arbeid med å leggje til rette for vekst i samla verdiskaping og nye lønnsame arbeidsplassar, omstille norsk økonomi og gjennomføre det grønne skiftet. Langtidsplanen legg opp til opptrapping av målretta forskings- og utdanningsinnsatsar og styrkje forskingsinnsatsen for omstilling til lågutslepps-samfunnet. Som eit ledd i dette vil regjeringa prioritere utvikling av teknologi og løysingar for det grønne skiftet, styrkje forskning og høgare utdanning som medverkar til betre forståing av klimaendringane og legg grunnlag for vellukka klimatilpassing, og styrkje forskning og høgare utdanning for å utvikle vidare ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning som varetek omsynet til miljø og klima.

Ei rettviss lågutsleppsutvikling er ei inkluderande samfunnsutvikling der heile samfunnet deltek. Alle må inkluderast i lågutsleppsutviklinga, frå den enkelte til organisasjonar og foreiningar. Det er eit overordna politisk mål å auke deltakinga i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid. Fordi frivillig innsats er ein så viktig del av det norske samfunnet, vil regjeringa oppfordre til eit endå større miljø- og klimaengasjement på tvers av alle typar frivillige organisasjonar og foreiningar.

Barn og unge i dag vil vere vaksne i lågutsleppssamfunnet i 2050. Deira mobilisering over heile landet våren 2019 viser eit sterkt engasjement og eit ansvar for eiga framtid. Barne- og ungdomsorganisasjonane er allereie inkluderte i offentlege høyringar, slik at deira perspektiv kan reflekterast i politikkkutviklinga. Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar har i fleire år vore representert i den norske delegasjonen til dei internasjonale klimaforhandlingane. Dette er praksis som er viktig å føre vidare når Parisavtala skal gjennomførast og fordi klimaforhandlingane blir den viktigaste arenaen for sikre at landa følgjer opp klimamåla dei har meldt seg inn.

God tilgang på informasjon er ein viktig føresetnad for å delta. Miljøstatus.no er ei nettside som er utvikla i samarbeid mellom fleire bidragsytarar; Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Kystverket, Mattilsynet, Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitutt og Riksantikvaren. Her er det gitt kvalitetssikra informasjon om viser tilstand og utvikling for miljøet i Noreg, og det er òg lagt til rette informasjon om klima til bruk for den

enkelte, skular og andre. Også kommunane har ei viktig rolle å spele i å sikre at innbyggjarane har informasjon tilgjengeleg om klima- og lågutsleppsutvikling der dei bur.

Klimakur 2050 – styrkt kunnskapsgrunnlag for den langsiktige klimapolitikken

Klimapolitikken må basast på best tilgjengeleg kunnskap. Eit godt kunnskapsgrunnlag er ikkje berre viktig for at politikken skal gjennomførast på ein så effektiv og relevant måte som mogleg, men vil òg tene til å redusere uvisse og setje oss betre i stand til å handtere klimarisiko. Mellom anna peikar Klimarisikoutvalget på dette i sin rapport.⁶⁰

Utvikling av verkemidla må følgje kunnskapsutviklinga om kva som er naudsynt for å nå mål som skal oppfyllest. Det som kan framstå som fornuftig og effektiv politikk i eit kortsiktig perspektiv, er ikkje alltid det som gir ei utvikling mot låge utslepp på lang sikt. Vidare kan avgjerder ein tek i dag medverke til at høge utslepp vedvarer og dermed hindrar at vi når 2050 målet. Analyser av korleis politikk, verkemiddel og tiltak bør innrettast for å bidra til langsiktig lågutsleppsutvikling fram mot 2050 er derfor svært viktig.

Ein del av den vidare oppfølginga av arbeidet for 2050 vil derfor vere å setje i gang eit arbeid med «Klimakur 2050» våren 2020. Hovudformålet er å få fram eit godt fagleg grunnlag som viser korleis ein kan legge til rette for langsiktig utsleppsutvikling innan relevante sektorar og samfunnsområde i Noreg i tråd med klimamålet for 2050.

Utgreiinga vil skissere vegar til lågutsleppssamfunnet og belyse vegval for å støtte opp under ei lågutsleppsutvikling fram mot 2050. Det er viktig å få fram eit godt fagleg grunnlag som vurderer omstillingsbehov og mogelege utvegar, og vurderer barrierar og kostnader. Klimarisiko skal belysast der det er relevant. Regjeringa satsar på utvikling av null- og lågutsleppsteknologi. En del av utviklinga vil skje utanlands. Tilgangen på null- og lågutsleppsteknologi, og kostnaden ved å ta i bruk slik teknologi, er derfor ei viktig vurdering. Klimakur 2050 vil derfor omfatte eit arbeid med å kartlegge teknologitrender, teknologikostnader og teknologimulegheiter internasjonalt.

Klimakur 2050 må òg fange opp sektorovergripande forhold. Dette gjeld særleg for område som berekraftig og heilskapleg arealforvaltning, energi og rettferdig omstilling som grip over fleire

⁶⁰ NOU 2018:18 Klimarisiko og norsk økonomi.

sektorar. Det er også avgjerande å analysere ulike aktørars rolle i overgangen til lågutsleppssamfunnet, mellom dei staten, fylke og kommunar, næringslivet, medrekna finansnæringa og sivilsamfunnet. Betydninga av norsk tilknytning til EU mot 2030 må òg belysast.

Omstilling til eit lågutsleppssamfunn i 2050 berører samfunnet i si fulle breidde. Klimakur 2050 vil vere ein inkluderande prosess og leggje til rette for brei offentleg debatt. Næringslivet blir involvert mellom anna som ei oppfølging av næringslivets vegkart for lågutsleppsutvikling. Vegkarta beskriv korleis ulike næringar kan nå nullutslepp i 2050, samtidig som det blir lagt rette for vekst og arbeidsplassar i Noreg.

Regjeringa vil våren 2020 sette i gang arbeidet med ei heilskapleg utgreiing om lågutsleppsutvikling i tråd med måla for 2050 innan relevante sektorar og samfunnsområde (Klimakur 2050).

1.3.3 Klimasmarte byar og lokalsamfunn, og arealbruk i tråd med lågutsleppsutviklinga

God samfunnsplanlegging og arealforvaltning er viktig for samfunnsutviklinga generelt og for utviklinga av lågutsleppssamfunnet spesielt. Avgjerder om lokalisering, byggeomåte og utforming av busetnad, infrastruktur og tenester kan påverke utslepp og energiforbruk i lang tid framover. Derfor må vi alt no ta omsyn til målet om eit lågutsleppssamfunn i 2050. Dette kan gjelde vedtak som direkte påverkar bruken av areal, som bygging av vegar, hyttefelt, utvikling av byområde, endring av jordbruksområde osv. Samtidig er det viktig å erkjenne at det er mange omsyn som skal takast når areal, byar og tettstader skal utviklast.

Plan- og bygningslova (PBL) skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Innanfor denne ramma gir lova rom for å ta omsyn til klima i planlegging for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Lova legg til rette for at det i planlegginga kan leggjast stor vekt på lokale løysingar. Det er fleire ulike og viktige omsyn som blir vegne opp mot kvarandre ved planlegging etter plan- og bygningslova. I kva grad planlegginga medverkar til omstillinga til eit lågutsleppssamfunn avheng blant anna av korleis klimaomsyn blir vektlagt. Dersom planar er i strid med nasjonale og vesentlege regionale omsyn, kan aktuelle styresmakter fremje motsegn. Ordninga med motsegn skal sikre at nasjonale og vesentlege regionale interes-

ser blir tekne vare på i kommunale planar. God rettleiing er viktig for at kommunane integrerer klimaomsyn i planlegginga si. For å rettleie kommunane har regjeringa utarbeidd statlege planretningslinjer med konkrete føringar for kommunane si planlegging. Det er særleg to planretningslinjer som legg til rette for berekraftig arealbruk og klimasmarte byar og lokalsamfunn:

- Den statlege planretningslinja for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging framhevar bl.a. betydninga av at utbyggingsmønster og transportsystem blir sett i samanheng. Den legg til rette for utvikling av kompakte byar og tettstader og støttar opp om klima- og miljøvennlege transportformer. Den gir òg føringar for korleis ulike omsyn skal avvegast i utforming av byar og tettstader. Retningslinja skal samtidig medverke til å avgrense transportbehovet og inngrep i dyrka mark og område med store miljøverdier.
- Den statlege planretningslinja for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skal leggje til rette for at kommunar, fylkeskommunar og statlege organ reduserer klimagassutslepp og aukar miljøvennleg energiomlegging gjennom sine planleggingsprosessar og si myndighetsutøving elles. Det er òg stilt konkrete krav til kommunane om å drive aktiv klima- og energiplanlegging som både stimulerer og medverkar til reduksjon av klimagassutslepp og aukar omlegginga til miljøvennleg energi.

Dei aller fleste kommunane driv i dag klima- og energiplanlegging. Det er likevel store skilnader i måten dette blir gjort på og kor aktive kommunane er i høve til planane. I enkelte kommunar er klima- og energiplanen ein eigen plan, andre kommunar har valt å integrere klima- og energiplanlegginga i den alminnelege planlegginga. Enkelte kommunar, som Hamar, Bergen og Oslo kommune, har i tillegg etablert eit eige klimagassbudsjett der etatane i kommunen rapporterer inn. Miljødirektoratet rettleier kommunane, lagar klimagassstatistikk for kommunane og fylka, og har utvikla eit verktøy for å rekne ut utsleppseffekten av ulike klimatiltak.

Transportsektoren er viktig for Noregs omstilling til lågutsleppssamfunnet. Nasjonal transportplan 2018–2029 (Meld. St. 33 (2016–2017)) set rammer for statens investeringar i samferdsel. Planen skal blant anna medverke til å redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og redusere andre negative miljøkonsekvensar. Samtidig vil innføring av ny teknologi, utbygging av infrastruktur for nullut-

Boks 1.10 Klimasats

Klimasats er ei støtteordning for klimatiltak i kommunane, og vart oppretta i 2016. Klimasats medverkar til å kutte utslepp, auke fokus på moglege tiltak og medverkar til auka etter-spørsele etter klimavennlege varer og tenester. Klimasats støttar følgjande fem område:

1. Klimavennleg areal- og transportplanlegging.
2. Investering i klimavennlege transporttiltak.
3. Klimagassreducerande tiltak i andre sektorar.
4. Forprosjektering av tiltak som reduserer klimagassutslepp – hjelp til å komme frå ord til handling.
5. Nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling.

Kjelde: Miljødirektoratet

sleppskøyretøy, og skatte- og avgiftspolitikken, vere viktig. Regjeringas satsingar på gods-, kollektiv-, gang- og sykkeltiltak og grøn skipsfart kan medverke til å redusere utslepp frå sektoren. Elbilpolitikken har allereie medverka til å redusere gjennomsnittlege klimagassutslepp frå personbilparken i Noreg. Rundt 8 pst. av den norske bilparken var elektrisk i første kvartal i 2019. På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet lanserte Enova somaren 2019 Nullutsleppsfondet. Fondet er ei samling støttetilbod som skal medverke til å kutte utslepp i næringstransporten gjennom ei effektiv utrulling av nullutsleppsløysingar.

I dei største byområda blir det no inngått byvekstavtaler mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Til no er det berre Trondheimsområdet som har inngått avtale. Avtalene kan medverke til å nå nullvekstmålet i dei største byområda, og skal sikre at arealplanlegging, utbygging av kollektivtilbod, gang- og sykkelveggar blir sett i samanheng.

Berekraftig og heilskapleg arealforvaltning i tråd med ei lågutsleppsutvikling

Arealbruk er i hovudsak eit resultat av enkeltvedtak som kvar for seg ikkje gir store konsekvensar, men som samla kan gi negative konsekvensar for klima og miljø. Avgjersler om arealbruk krev balansering av ulike omsyn som f. eks matproduksjon, infrastruktur, klima, naturmangfald og øko-

Boks 1.11 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege styresmakter sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale styresmaktene har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av deira viktigaste verktoy.

Kjelde: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

systemtenester. Det er viktig å unngå flytting av problem ved at for eksempel tiltak for redusert avskoging ein stad kan føre til at nedbygginga blir flytta til andre karbonrike areal eller viktige areal for matproduksjon eller naturmangfald.

For å redusere utbygging og arealbruksendringar av nye område, må det leggjast vekt på ei effektiv og berekraftig utnytting av areal som allereie er utbygde. Å syte for at areala som til ei kvar tid er i bruk til ulike bruksområde er i god hevd så verdiane kan bli tekne vare på, veks og kjem oss til nytte, er derfor viktig.

Ei nasjonal overbygning kan medverke til ein heilskapleg og effektiv arealbrukspolitik som gjer det mogleg å vurdere all arealbruk i samanheng, og som kan medverke til å balansere dei ulike omsyna og avvegingane lokale beslutningstakarar står overfor. Det er viktig å utgreie korleis berekraftig og heilskapleg arealforvaltning kan innrettast for lågutsleppsutvikling i tråd med Parisavtala og Noregs klimamål for 2050.

Noreg vil ved avtale om felles gjennomføring med EU få ei forplikting for skog og areal

(LULUCF) for 2030 om at utslepp ikkje skal overstige opptak av klimagassar. Ei utgreiing om arealforvaltning i 2050-perspektiv kan derfor også inkludere korleis eit klima- og arealmål for 2050 kan støtte opp om berekraftig og heilskapleg arealforvaltning.

1.3.4 Ein breitt sammensett økonomi og grøn konkurransekraft

Innovasjon og teknologiutvikling for lågutsleppsløysingar

Eit grønt og konkurransedyktig lågutsleppssamfunn som skaper verdiar og arbeidsplassar i Noreg, krev eit næringsliv som satsar på lågutsleppsløysingar og eit sterkt verkemiddelappa-

rat for å støtte opp under satsingane, frå grunnleggjande forskingsinnsats og heilt fram til marknaden. Kunnskap, kompetanse, forskning og innovasjon legg grunnlaget for at Noreg framleis skal ha eit nyskapande og konkurransedyktig næringsliv. Forsking og teknologiutvikling for det grønne skiftet er svært høgt prioritert og eit viktig tema i regjeringas langtidsplan for forskning og høgare utdanning (Meld. St. 4 (2018–2019)).

Klima-, miljø- og energiteknologi utgjør i dag eit av verdas mest lovande teknologimarknader. Noreg har gode føresetnader for å lukkast i fleire av desse marknadene. Noreg har eit vel utvikla næringsliv, gode fagmiljø og gode utdanningshøve på område som energi og materialteknologi, CO₂-handtering, skog- og jordbruk, grøn skipsteknologi, avfallshandtering og materialgjenvinning, miljøovervaking og miljøvennlege bygg. I tillegg har Noreg gjennom lang tid hatt strenge miljøreguleringar og ein sterk verkemiddelbruk overfor utslepp av klimagassar. Dette fremjar forbetring, utvikling og omstilling.

Lågutsleppsløysingar er på mange område i ferd med å vinne marknadsdelar og gir verdiskaping og arbeidsplassar. Forventningar om ein stadig strammare global klimapolitikk verkar positivt inn på viljen til å investere i lågutsleppsløysingar i ulike delar av næringslivet. Det er viktig at det blir investert i forskning, utvikling og kommersialisering av lågutsleppsløysingar og at samfunnet støttar opp under dette. Regjeringa har over tid skalert opp og styrkt forskingsinnsatsen for omstilling til lågutsleppssamfunnet og vil prioritere utvikling av teknologi og løysingar for det grønne skiftet. Samtidig kan ikkje Noreg utvikle alle lågutsleppsløysingane åleine. Å ta til seg og tilpasse seg teknologiutviklinga som finn stad internasjonalt er derfor viktig for eit lite land som Noreg.

Regjeringa la fram ein strategi for grøn konkurransekraft i 2017. Strategien har som mål at det grønne skiftet skal medverke til ny verdiskaping i Noreg. Målretta satsing på og vektlegging av klima og miljø i relevant offentleg finansiert forskning, innovasjon og teknologiutvikling ligg som ei hovudprioritering i arbeidet med å styrkje grøn konkurransekraft.

Samla sett har Noreg eit omfattande verkemiddelapparat som medverkar til å utvikle klima-, energi- og miljøteknologi. Dei mest sentrale verkemidla er Enova, Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og skattefunnordninga.

Enova støttar teknologi- og marknadsutvikling som skal medverke til omstillinga til lågutslepps-

Boks 1.12 Grøn skipsfart – handlingsplan

Noreg er verdsleiande på grøn omstilling i alle delar av skipsfarten, men omstillingstakten må aukast monaleg for å innfri ambisjonane. Noreg er allereie i ein global særklasse når det gjeld bruk av null- og lågutsleppsteknologi i maritim sektor. Innan 2022 vil meir enn ein tredel av landets bilferjer ha elektrisk framdrift. Yara Birkeland skal etter planen sjøsetjast neste år og vil bli verdas første heilelektriske sjølvseglande lasteskip. Matvaregrossisten Asko planlegg sjølvseglande fartøy som skal frakte gods utsleppsfritt over Oslofjorden. Frå 2021 vil vi sjå den første hydrogendrivne bilferja i Noreg, noko som kan medverke til å bane veg for skip med utsleppsfri segling også over lengre strekningar.

- Regjeringas ambisjon er å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030, og å stimulere til utvikling av null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøyskategoriar.
- Regjeringa vil leggje til rette for at vi får fram norske vinnarar i skipsfarten sitt grønne skifte og medverke til ein berekraftig sjøfart for det 21. hundreåret.
- Regjeringa skal leggje til rette for at norsk maritim næring har erfaring og kompetanse som gjer den godt rusta til å bli ein betydeleg leverandør for den kommande omstillinga i den globale og nasjonale skipsfarten.

Kjelde: Handlingsplan for grønn skipsfart, 2019

Boks 1.13 Prinsipp for Grøn konkurransekraft

I regjeringas strategi for grøn konkurransekraft vart det lagt fram nokre hovudprinsipp for grøn konkurransekraft.

- Styresmaktene skal gi føreseielege rammevilkår og vere pådrivarar i arbeidet for overgangen til lågutsleppssamfunnet
- Forureinar skal betale som del av ein heilskapleg politikk for å fremje grøn konkurransekraft
- Planlegging og investeringar skal ta omsyn til målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050
- Målretta satsing og vektlegging av klima og miljø i offentleg finansiert forskning, innovasjon og teknologiutvikling der det er relevant
- Syte for at offentleg sektor som kunde medverkar til å ta i bruk og utvikle nye miljø- og klimavennlege teknologiar, produkt og løysingar
- Det skal leggjast til rette for at forbrukarar, næringsliv og investorar har nødvendig informasjon til å velje grøne løysingar og produkt
- Grøn konkurransekraft skal byggjast på vel fungerande marknader.

Kjelde: Bedre vekst, lavere utslipp – regjeringens strategi for grønn konkurransekraft

samfunnet. Gjennom ulike program gir Enova investeringsstøtte og risikoavlasting til næringslivet som utviklar og testar ut nye løysingar, og til aktørar som vil ta i bruk ny teknologi. Målet er å skape varige endringar i marknaden for nye energi- og klimaeffektive løysingar som har ein plass i lågutsleppssamfunnet.

Enovas delmål er å fremje:

1. Reduserte klimagassutslepp som medverkar til å oppfylle Noregs klimaforplikting for 2030.
2. Auka innovasjon innan energi- og klimateknologi tilpassa omstilling til lågutsleppssamfunnet.
3. Styrkt forsyningstryggleik gjennom fleksibel og effektiv effekt- og energibruk.

Ein del av endringane som må til, er avhengig av teknologi og løysingar det tek lang tid til å utvikle. Dette krev høg investerings- og risikovilje hos næringslivet. Gjennom økonomisk støtte medver-

kar Enova til å redusere risikoen for næringslivet og aukar sannsynet for at nye løysingar blir utvikla og tekne i bruk. Enova medverkar både til å løfte teknologiinitiativ frå pilotfasen og over i marknadsintroduksjon og til varig marknadsendring.

Boks 1.14 Gassnova


Gassnova SF er eit statsforetak som forvaltar statens interesser knytt til CO₂-handtering og har som hovudmål å fremje teknologiutvikling og kompetanseoppbygging for kostnadseffektive og framtidsretta løysingar for CO₂-handtering. Gassnova er sentrale i arbeidet med å planleggje eit nytt fullskalaprojekt for CO₂-handtering i Noreg.

Innovasjon Noregs hovudmål er å utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling, og utløyse næringsmoglegheter i regionar. Innovasjon Noreg forvaltar miljøteknologiordninga som medverkar til å utvikle grøne løysingar. Miljøteknologiordninga medverkar til berekraftig næringsverksemd i Noreg ved å gi tilskot til pilot- og demonstrasjonsprosjekt der miljøteknologi er fokuset.

Noregs forskingsråd skal tilføre det norske forskingssystemet meirverdi gjennom å realisere forskning som dei enkelte aktørane ikkje klarer kvar for seg. Forskringsrådet skal medverke til eit heilskapleg forskings- og utviklingssystem (FoU) som leverer forskning av høg kvalitet, utvikle kunnskap for å møte sentrale utfordringar i samfunn og næringsliv, medverke til dynamikk og samhandling nasjonalt og internasjonalt, og leggje til rette for læring, bruk og innovasjon.

Støtte blir gitt gjennom utlysingar i Forskringsrådets program. Det meste av den eksisterande forskingsinnsatsen knytte til lågutsleppsteknologiar i regi av Forskringsrådet fell inn under energiområdet, som fornybar energi, energieffektivisering og CO₂-handtering. Forskringsrådet administrerer òg Skattefunn, som er ei rettingsbasert skattefrådragsordning for alle norske bedrifter som har FoU-prosjekt.

For å stimulere til grøn konkurransekraft gjennom forskning, innovasjon og teknologiutvikling er det viktig med eit godt koordinert verkemiddelapparat. Eit døme er PILOT-E som er samarbeidsordning mellom Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og Enova. Målet med ordninga er at



Figur 1.6 Verkemiddelapparatet for forskning og utveking.

Kjelde: Pilot-E, Forskningsrådet, Innovasjon Norge og Enova

Boks 1.15 Nysnø Klimainvesteringar AS (Nysnø)

Nysnø vart stifta i desember 2017, og var operativt frå hausten 2018. Nysnø er oppretta med formål om å medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom lønnsame investeringar som direkte eller indirekte medverkar til dette. Investeringar skal i hovudsak rettast mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Investeringfokus for selskapet skal vere bedrifter i tidlege fasar. Selskapet kan gjennomføre oppfølgingsinvesteringar i seinare fasar. Selskapet skal investere i unoterte selskap, og/eller fond retta mot unoterte selskap, med verksemd i eller ut frå Noreg.

heilt nye produkt og tenester innanfor miljøvennleg energiteknologi skal bli raskare utvikla og tekne i bruk for å medverke til realiseringa av lågutsleppssamfunnet, både i Noreg og internasjonalt.

Regjeringa vil:

- føre ein ambisiøs klimapolitikk som kuttar utslepp, styrkjer Noregs konkurransekraft og skapar grøn vekst og nye grønne jobbar.

- intensivere forskingsinnsatsen for omstilling til lågutsleppssamfunnet og prioritere utvikling av teknologi og løysingar for det grønne skiftet.
- ha tett dialog med næringslivet for å skape lønnsame, grønne arbeidsplassar på grunnlag av deira vegkart til lågutsleppssamfunnet, og med utgangspunkt i prinsippa for grøn konkurransekraft
- sikre Enova som eit viktig verkemiddel i klimapolitikken, og føre vidare Enovas høve til å støtte omstilling i lågutsleppsteknologi i alle sektorar

Investeringar for lågutsleppsutvikling og vurdering av klimarisiko

Skal verda nå klimamåla er det behov for at både offentlege og private investeringar blir vridd i ei meir berekraftig retning, særleg infrastruktur og andre investeringar med lang levetid. I Parisavtala er dette anerkjent i formålet der det er sagt at avtala skal medverke til å sameine finansstraumane med ei bane mot lågutsleppsutvikling og klimarobust utvikling. OECD har i rapporten «Investing in Climate, investing in Growth» fra 2017 peikt på at investeringar i utsleppsintensive løysingar i dag kan gjere omstillinga til lågutsleppssamfunnet både dyrare og vanskelegare. Verda kan ikkje belage seg på å finne nye finansstrauumar for å finansiere lågutsleppsutvikling. Dei finansstrauumane som allereie eksisterer må derfor gå til investeringar som støttar opp under, og ikkje hindrar, lågutsleppsutvikling.

Det globale perspektivet som vist her er relevant for Noreg både for private og offentlege investeringar i eige land, men også for private investeringar som skjer utanfor Noreg. Kraftutbygging, veg, vatn og bygningar er infrastruktur med lang levetid i Noreg. Avgjerder om slike investeringar blir gjort på ulike nivå og av ulike aktørar kvar dag. Det er derfor viktig å ha ei god vurdering og handtering av korleis lågutsleppsvikling vil påverke lønnsmda og risikoen til langsiktige investeringar, både i privat og offentleg sektor. Ved å gjere denne typen vurderingar blir risikoen for feilinvesteringar redusert.

Boks 1.16 Finansnæringa sitt vegkart

Finans Noreg la i juni 2018 fram rapporten «Veikart for grønn konkurransekraft i finansnæringa». Vegkartet skal leie til ei lønnsam og berekraftig finansnæring i 2030. I rapporten gir Finans Noreg ei rekkje tverrgående og bransjespesifikke tilrådingar til finansnæringa og myndigheitene. Vegkartet viser at næringa er bevisst si rolle i omstillinga til ein lågutsleppsøkonomi, og ei sentral tilråding er at finansnæringa bør medverke til innovasjon og omstilling i andre næringar. Finans Noreg skriv i rapporten at finansnæringa som långivar, forsikrar og investor kan vere god partnar og pådrivar for omstilling i andre næringar, både gjennom prising og samarbeid. Dei tilrår at næringa styrkjer samarbeidet med andre næringar som bygg, prosessindustri og olje og gass for å identifisere omstillingshøve og finansieringsbehov. Vidare tilrår Finans Noreg at næringa styrkjer sitt arbeid med aktivt eigarskap og påverknad gjennom dialog med styre og leiing, stemmegiving på generalforsamlingar og samarbeid mellom forvaltarar. Finans Noreg skriv i rapporten at det er nødvendig å utvide kompetansen om klimarisiko i næringa. Ifølgje Finans Noreg vil ei slik endring skje raskare og meir effektivt dersom leiing og styre har relevant kunnskap. Ei kartlegging gjennomført av Norsk Klimastiftelse viser at klimarisiko står på agendaen til leiinga og styra i dei fleste av dei største norske finansføretaka, og at dei fleste føretaka òg har sett i gang arbeid med å auke tilsette sin kompetanse om klimarisiko.

Kjelde: Finansmarkedsmeldingen 2019 (Meld.st 24, 2018–2019)

Boks 1.17 TCFD-rammeverket for rapportering om klimarisiko

Task Force for Climate-related Financial Disclosures (TCFD) er ei arbeidsgruppe under samarbeidsforumet for finanstilsynsmyndigheitene i G20-landa (FSB). Arbeidsgruppa har jobben med å utvikle eit rammeverk for rapportering om klimarelatert risiko. TCFD tilrår eit rammeverk for rapportering om klimarelatert risiko som kan hjelpe selskap å identifisere klimarelaterte trugsmål og moglegheiter. Det tilrådde rammeverket har fått brei støtte internasjonalt, og også store delar av norsk finansnæring har støtta opp om det. Å rapportere om korleis selskap tek omsyn til klimarisiko i sin strategiprosess, og korleis denne risikoen blir identifisert, målt og styrt, kan bevisstgjere selskapa om kva risiko klimaendringane kan utgjere for deira forretningsmodell. Ei sentral tilråding frå TCFD er at selskap bør stressteste forretningsmodellane sine mot rimelege scenario for klimapolitikken, og spesielt mot eit scenario der temperaturauken blir avgrensa i tråd med ambisjonane i Parisavtala. Slike stresstestar kan ha stor verdi for investorar, ettersom selskapa vil måtte vise korleis dei skal kunne tene pengar dersom ambisjonane for klimapolitikken blir oppfylte.

Kjelde: Klimarisikoutvalget/Meld.St.24 (2018/2019)

Klimarisikoutvalet peiker i sin rapport om klimarisiko og norsk økonomi frå 2018⁶¹ på nokre overordna prinsipp for å betre samfunnet si handtering av klimarisiko. Prinsippa handlar blant anna om å ha eit godt rammeverk for vurderingar og beslutningar, og brede helhetlege prosessar. Med utgangspunkt i desse prinsippa kom utvalet fram til tilrådingar retta mot både privat og offentleg sektor.

Regjeringa meiner det er viktig med god informasjon, gode analysar, gode avgjerdsprosessar og riktige insentiv for å få ei god handtering av klimarisiko, både i privat og offentleg sektor. Både for privat og offentleg sektor kan det vere nyttig å få meir informasjon og kunnskap om klimarisiko.

Det er teke sikte på å gi ei oversikt over arbeidet med å avdekkje og redusere klimarisiko i neste

⁶¹ NOU 2018:17 «Klimarisiko og norsk økonomi»

perspektivmelding. I dei årlege nasjonalbudsjetta vil det bli gitt ei oppdatering av status. Regjeringa legg opp til å følgje opp klimarisikoutvalet si tilråding om å stressteste offentlege finansar og nasjonalformue. Det vil i det høvet bli etablert scenario for olje, gass, og CO₂-prisar, under dette eit scenario som reflekterer ambisjonane i Parisavtala.

Klimarisikoutvalet tilrår at staten bør utarbeide ein særskilt temarettleiar om klimarisiko for å styrkje avgjerdsystemet for offentleg sektor. Regjeringa er samd med utvalet i at når klimarelatert risiko gjer seg gjeldande, må den takast omsyn til i utgreiing av offentlege tiltak og sjåast i samheng med andre risikoar og dei rammeverka som blir brukte for å handtere risiko generelt. Regjeringa vil gjennomgå eksisterande rettleiingsmateriell om samfunnsøkonomiske analysar som gjeld dei mest aktuelle sektorane, for å vurdere om klimarisiko er godt nok teke vare på i lys av utvalet si tilråding.

Ei sentral tilråding frå utvalet er at norske verksemder bør ta i bruk TCFD-rammeverket (sjå boks 1.17) for si selskapsrapportering. Regjeringa deler utvalet si vurdering av at tilrådingane er eit godt rammeverk for rapportering om klimarelatert risiko. Store norske verksemder bør rapportere i tråd med tilrådingane. Regjeringa vil vurdere utvalet si tilråding om å etablere eit eigna rammeverk for rapportering av klimarisiko i offentleg sektor og på nasjonalt plan. Det vil kunne medverke til at vurderingar knytte til klimarisiko blir utførte mest mogleg likt på tvers av ulike område. Samtidig må auka krav til rapportering vurderast opp mot kostnadsauken.

Kommunen har i dag mange reiskapar for å vurdere klimarisiko. Regjeringa vil vurdere om kommunane i tilstrekkeleg grad tek omsyn til klimarisiko i arealplanlegginga si.

Regjeringa vil:

- *følgje opp tilrådinga frå klimarisikoutvalet og stille krav til at selskapa gjer klimarisiko synleg i utbyggingsplanane sine.*
- *gjennomgå eksisterande rettleiingsmateriell om samfunnsøkonomiske analysar som gjeld dei mest aktuelle sektorane, for å vurdere om klimarisiko er godt nok teke vare på i lys av klimarisikoutvalet si tilråding*
- *Vurdere klimarisikoutvalet si tilråding om å etablere eit eigna rammeverk for rapportering av klimarisiko i offentleg sektor og på nasjonalt plan.*
- *Vurdere om kommunane i god nok grad tek omsyn til klimarisiko i arealplanlegginga si.*

- *ta sikte på å gi ei oversikt over arbeidet med å avdekkje og redusere klimarisiko i neste perspektivmelding. I dei årlege nasjonalbudsjetta vil det bli gitt ei oppdatering av status. Regjeringa legg opp til å følgje opp klimarisikoutvalet si tilråding om å stressteste offentlege finansar og nasjonalformue. Det vil i det høvet bli etablert scenario for olje, gass, og CO₂-prisar, under dette eit scenario som reflekterer ambisjonane i Parisavtala.*

Offentlege anskaffingar

Det offentlege brukar over 500 mrd. kroner til innkjøp kvart år. Det omfattar alt frå store anskaffingar som ferjetenester og bygg, til kontorrekvisita. Den måten offentlege anskaffingar blir gjort på skal sikre effektiv ressursbruk i offentleg sektor. Offentlege anskaffingar er òg eit verkemiddel for å nå klima- og miljømål og har betydning for utforminga av lågutsleppssamfunnet. Det offentlege kan i enkelte samanhengar medverke til nytenkning og utvikling i leverandørmarknaden ved å etterspørje nye løysingar.

Utvikling av nye klima- og miljøvennlege varer og tenester skjer i stort tempo, og regjeringa ønskjer at offentlege anskaffingar skal vere ei drivkraft for innovasjon og omstilling i norsk økonomi.

Statlege, fylkeskommunale og kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ skal innrette sin anskaffingspraksis slik at den medverkar til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremje klimavennlege løysingar der det er relevant. Dette kan dei gjere ved å stille miljøkrav og kriterium i ulike trinn av anskaffingsprosessen. Der oppdragsgivaren vel å stille miljøkrav som tildelingskriterium, bør miljø som hovudregel minimum vektast 30 pst. Dette gir eit tydeleg signal til leverandørane at miljø er ein viktig del av anskaffinga.

Sjølv om det offentlege skal innrette sine anskaffingar slik at dei reduserer miljøpåverknad og fremjar klimavennlege løysingar, er dette eit område der offentlege oppdragsgivarar sjølve meiner dei har mykje å gå på. Direktoratet for forvaltning og Ikt (Difi) sine analysar tyder på at det er betydeleg forbetningspotensial både når det gjeld å ta miljøomsyn i anskaffingane, ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse i eigen organisasjon og i gjennomføringa av anskaffingsprosessen. For å auke delen gode klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar er det viktig å heve kompetansen om å ta klima og miljøomsyn i anskaffingar, forankre anskaffingsstrategiane i

Boks 1.18 Nasjonalt program for leverandørutvikling

Programmet si oppgåve er å auke innovasjonseffekten av offentlege anskaffingar. Innovative anskaffingar handlar om å utnytte høva som ligg i anskaffingsregelverket og verkemiddelapparatet til å kjøpe betre produkt og tenester. Formålet er betre og meir effektive tenester, næringsvekst og lågare utslipp. Nasjonalt program for leverandørutvikling er ein pådrivar for at statlege og kommunale verksemdar skal skape innovasjon gjennom sine anskaffingar. NHO, KS, Difi, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet er programansvarlege, og NHO har prosjektleiarsvaret gjennom eit sekretariat. Sidan starten i 2010 har programmet bistått kommunale og statlege verksemdar med over 150 innkjøp og utvikla metoden for innovative offentlege anskaffingar.

Kjelde: innovativeanskaffelser.no

etaten si leiing, og ha lett tilgjengeleg praktisk rettleiing. Vidare er det viktig at miljøføresegnene i anskaffingsregelverket blir supplerte med ein anskaffingspolitikk som gjer klart på kva område klima- og miljøomsyn er prioriterte. Tydelege og langsiktige prioriteringar gir meir effektive kjøp for det offentlege og gjer dei meir føreseielege for næringslivet. Regjeringa vil utarbeide ein handlingsplan som skal medverke til å operasjonalisere ein grøn anskaffingspolitikk, og slik auke delen klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon.

For å medverke til overordna og koordinert kompetanseheving og hjelp til å gjennomføre gode og effektive miljøvennlege offentlege anskaffingar, vil regjeringa òg sjå på høvet til at sentrale fagorgan på klima og miljø og offentlege anskaffingar, under dette Difi, kan utvikle verktøy for å identifisere effektar og kostnader av å stille miljøkrav i offentlege anskaffingar.

Regjeringa vil:

- *stimulere til auka samarbeid mellom offentleg sektor, næringslivet og forskingsinstitutta gjennom bruk av innovative offentlege anskaffingar.*

- *utarbeide ein handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvennlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon.*
- *sjå på høvet til å utvikle verktøy for å identifisere effektar og kostnader av å stille miljøkrav i offentlege anskaffingar*

1.3.5 Noregs bidrag til lågutsleppsutvikling i andre land

Klimaproblemet er globalt, og ei global lågutsleppsutvikling er berre mogleg dersom alle land medverkar. Noreg har ei sterk eigeninteresse av at andre land følgjer opp og styrkjer sine klimamål og det er Noregs politikk å fremje dei positive drivarane for global lågutsleppsutvikling. Samtidig vil vi arbeide internasjonalt for å redusere dei negative drivarane, som fossile subsidiar. Det er mange kanalar tilgjengeleg for å medverke til styrkt internasjonalt innsats. Dette inkluderer å vere pådrivar i klimaforhandlingane, både gjennom bistand, regionalt og globalt samarbeid.

FNs klimakonvensjon og dei internasjonale klimaforhandlingane er hovudarenaen som legg dei juridiske rammene for internasjonalt klimasamarbeid. Noreg er ein pådrivar i desse forhandlingane og har i fleire år hatt ei sentral rolle i utvikling av regelverk under konvensjonen og Parisavtala. Når regelverket som vart fastsett under FNs klimaforhandlingar i Katowice i 2018, no skal gjennomførast og utviklast vidare, er det viktig at Noreg medverkar til at Parisavtala gjennom dette arbeidet blir styrkt slik at klimamåla blir nådd.

Regionalt samarbeid er òg ein viktig kanal for Noregs internasjonale klimainnsats. Noeg er ein betydeleg bidragsytar til omstilling i Europa, blant anna gjennom EØS-midlane, der klima og miljø er sentrale prioriteringegar. Noreg er òg ein pådrivar for ein ambisiøs europeisk klimapolitikk, blant anna gjennom deltaking i «Green Growth Group» som består av EU-land som jobbar for eit ambisiøst klimapolitisk rammeverk i EU.

Samarbeid og utvikling av klimateknologi er viktig i Noregs bidrag til global omstilling. Teknologeutvikling og -samarbeid som gir lågutsleppsløysingar er nødvendig. Noreg er her leiande på fleire område, blant anna innan grøn skipsfart og offshore vind. Teknologi for CO₂-handtering vil vere viktig for nå Parismåla. Den norske satsinga på CO₂-handtering omfattar alle delar av utviklingskjeda og er eit viktig bidrag i teknologikutviklinga på dette området. Regjeringa har ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO₂-handtering i Noreg gitt at dette gir teknologikutvikling i eit internasjonalt perspektiv.

Det overordna målet er å medverke til at CO₂-handtering blir eit kostnadseffektivt tiltak i arbeidet mot globale klimaendringar.

Samarbeid og utvikling av klimateknologi er viktig i Noregs bidrag til global omstilling. Teknologeutvikling og -samarbeid som gir lågutsleppsløysingar er nødvendig. Noreg er her leiande på fleire område, blant anna innan grøn skipsfart og offshore vind. Teknologi for CO₂-handtering vil vere viktig for nå Parismåla. Den norske satsinga på CO₂-handtering omfattar alle delar av utviklingskjeda og er eit viktig bidrag i teknologikutviklinga på dette området. Regjeringa har ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO₂-handtering i Noreg gitt at dette gir teknologikutvikling i eit internasjonalt perspektiv. Det overordna målet er å medverke til at CO₂-handtering blir eit kostnadseffektivt tiltak i arbeidet mot globale klimaendringar. Eit eventuelt CO₂-lager er planlagt med betydeleg meir kapasitet utover det som er nødvendig for det norske fullskalaprojektet. Det betyr at dersom projektet blir realisert vil andre industriaktørar kunne fange og lagre sin CO₂ uten sjølv å investere i utviklinga av eit nytt CO₂-lager.

Korleis vi i Noreg handlar og forbruker påverkar også verda rundt oss. Varer og tenester vi kjøper i Noreg, krev både ressursar og energi, som gir utslepp utanfor Noregs grenser. Som forbrukarar kan både det offentlege, den einskilde, og bedrifter medverke til global lågutsleppsutvikling gjennom å etterspørje varer og tenester med låge utslepp i bruk og produksjon.

Tiltak for å redusere utslepp i Noreg kan òg ha effektar i andre land. Eit døme er bruk av importert biodrivstoff. Regjeringa fører ein ambisiøs biodrivstoffpolitikk og er samtidig oppteken av å unngå at norsk etterspørsel medverkar til avskoging. For å unngå avskoging er det innført delkrav om avansert biodrivstoff. Miljødirektoratet publiserer frå 2019 detaljert informasjon om biodrivstoffet som blir selt av dei ulike omsetjarane og Difi har lansert ein rettleiar for innkjøp av biodrivstoff med låg risiko for avskoging.

Noregs internasjonale klimaarbeid fokuserer på viktige sektorar som skog, energi og landbruk. Norge jobbar med å redusere utslepp frå skogen gjennom vår internasjonale klima- og skogsatsing. Dette er Noregs største klimainnsats globalt. Gjennom bilaterale avtaler betaler initiativet for utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogfjerringing i utviklingsland. Ved sida av klimaeffekt har initiativet òg positive effektar for ei rekkje utviklingstrekk som fattigdom, urfolk sine rettar og biodiversitet. Styrking og vidareutvikling av

klima- og skoginitiativet, som ein sentral del av den globale klimaløysinga, vil derfor framleis ha svært høg prioritet.

Det er utviklingslanda som framover skal gjere størstedelen av verdas investeringar i infrastruktur og energisystem. Det er avgjerande at desse investeringane baserer seg på fornybar energi og andre lågutsleppsløysingar. Klimafinansiering, teknologisamarbeid og kapasitetsbygging er nødvendig for at utviklingsland får høve til å leggje om økonomien sin slik at økonomisk vekst kan kombinast med låge utslepp. Noreg vil leggje til grunn ei heilskapleg og brei tilnærming i bruken av slike verktøy for å støtte opp under ei langsiktig global lågutsleppsutvikling. Ein viktig del av dette er å medverke til å endre rammevilkåra og styrkje insentiv som medverkar til lågutsleppsutvikling. Resultatbasert finansiering og samarbeid om utsleppsreduksjonar der reduksjonen blir selt og kjøpt (marknadsmekanismar) kan medverke til auka ambisjonar og nødvendig omstilling.

Noreg samarbeider òg med viktige utviklingsland som Kina for å få ned klimagassutsleppa. I 2017 lanserte Kina eit nasjonalt klimavotesystem. Miljødirektoratet samarbeider med kinesiske myndigheiter om førebuingane til gjennomføring av kvotesystemet. Kvotesystemet er eit viktig steg på vegen til å setje ein pris på utslepp i Kina. Noreg vil halde fram med å prioritere det bilaterale klima- og miljøsamrådet med viktige utviklingsland som Kina, India og Sør-Afrika.

Offentleg støtte er ikkje nok til å få til ei global lågutsleppsomstilling, men offentleg finansiering kan vere viktig for å mobilisere privat kapital. Bistanden kan derfor brukast til å utløyse og mobilisere andre og større kapitalstraumar.

I ei global lågutsleppsutvikling er energisektoren spesielt viktig, då sektoren står for ein stor del av dei globale utsleppa. Det er derfor viktig å støtte opp under fornybar energi og energieffektivisering i utviklingsland for å utvikle og ta i bruk alternativ til kolkraft.

Å leggje til rette for utvikling som avgrensar klimaendringane kan òg bere med seg ei rekkje økonomiske og sosiale fordelar. For utviklingsland med avgrensa myndigheitskapasitet er det viktig å kunne sjå fleire utviklingsmål i samheng slik at fleire viktige utviklingsmål kan realiserast samtidig. Eit døme er luftforureining og klimautslepp der kjelda i mange tilfelle er den same. Det er fornuftig å sjå desse i samheng og maksimere resultatane både for klima og luft, og medverke til betre helse, redusert dødelegheit, og lågare utslepp. Noreg vil derfor styrkje innsatsen

for å byggje opp kunnskap og kapasitetsbygging slik at klima og luft blir sett i samanheng.

Noregs bilaterale innsats er primært knytt til bistand til utviklingsland, men i ei verd i rask endring og der nye aktørar kjem på bana, kan andre samarbeidskonstellasjonar vere viktige. Dei delstatlege og meir regionale nivåa har stor kraft i mange land. Delstatar i USA har for eksempel sett seg ambisiøse utsleppsmål. California, som er rekna verdas femte største økonomi, har sett seg mål om å bli klimanøytral i 2050. Noreg inngjekk i 2017 eit bilateralt samarbeid med California om erfarings- og kunnskapsutveksling innan fleire område.

Regjeringa vil:

- *at Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet.*
- *auke nivået på klimafinansieringa for å nå måla i Parisavtala, og prioritera tiltak som er i tråd med landas egne planar for klimatilpasning og lågutsleppsutvikling.*
- *medverke til ei kostnadseffektiv teknologi for fangst, transport og lagring av CO₂. Regjeringa har ein ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO₂-handteringsanlegg i Noreg gitt at dette gir teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv.*
- *i utviklingspolitikken medverke til å førebyggje og løyse klima- og miljøutfordringar gjennom klimafinansiering, teknologisamarbeid og kapasitetsbygging, i tråd med utviklingslandas egne planar for å oppfylle sine forpliktingar under Parisavtala, såkalla nasjonalt fastsette bidrag.*

1.3.6 Åtferdsmønster og berekraftig livsstil for lågutsleppsutvikling

Ein berekraftig livsstil er nødvendig for ei lågutsleppsutvikling i tråd med Parisavtalas temperaturmål. Den enkelte sitt val er derfor viktig. Kunnskap, informasjon, tilgang og økonomiske insentiv medverkar til at den enkelte kan velje lågutsleppsløysingar i kvardagen. Myndigheiter har ei viktig rolle i tilrettelegging, men også tilbydarar av varer og tenester, under dette handelsnæringa, har ei viktig rolle i å medverke til at den enkelte kan velje lågutsleppsløysingar.

I Noreg har vi mange insentiv som legg til rette for åtferdsmønster i tråd med lågutsleppsutvikling. Prising av utslepp er den mest effektive måten å dreie åtferdsmønster over tid. I tillegg kan òg andre insentiv medverke til raskare omstil-

Boks 1.19 Earth Overshoot Day

Earth Overshoot Day (Jordas overforbruksdag), blir rekna ut av den internasjonale forskingsorganisasjonen Global Footprint Network. Jordas overforbruksdag er den dagen då ressursar tilsvarende det jorda klarer å reprodusere i løpet av eit heilt år er brukt opp. I 2018 fall dagen på 1. august. Trenden er at dagen inntreffer tidlegare år for år og i 2019 var dagen den 29. juli. For dei nordiske landa inntreffer overforbruksdagen allereie på vårparten.

Kjelde: Stortingsmelding 25 (2018–2019) Framtidas forbrukar – grøn, smart og digial.

ling. Eit døme på dette er kjøpsinsentiva for elektriske bilar.

Det norske forbruket veks raskt, og miljøpåverknaden frå norsk privat forbruk er høgt i den globale samanhengen. Mykje av det vi forbrukar i Noreg er produsert i andre land, og det nasjonale forbruket er derfor med på skape klimagassutslepp og miljøpåverknad også utanfor Noregs landegrense.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for eit meir berekraftig forbruk. Regjeringa vil derfor vere ein pådrivar for samarbeid og frivillige ordningar som kan medverke til eit berekraftig forbruk. Dette inneber at regjeringa må leggje til rette for at forbrukarane, næringsdrivande og andre aktørar bevegar seg i ei berekraftig retning. For å gjere dette mogleg er det viktig at dei ulike aktørane har relevant informasjon og kompetanse. Regjeringa legg derfor opp til kunnskapsinnsats på fleire område.

Informasjon kan medverke til at det blir enklare å velje lågutsleppsløysingar. Informasjonen om produkta/tenestene må vere lett tilgjengeleg, forståeleg og tilby relevant og objektiv kvalitetssikra informasjon. Offisielle miljømerkeordningar som Svanen og EU Ecolabel skal medverke til å gjere det enklare å ta miljømessig gode val.

Regjeringa vil satse på betre kunnskap om berekraftig forbruk gjennom betre informasjon og opplæring blant anna i skulen og i andre utdanningsinstitusjonar. Dette er viktige arenaer for å skape auka forståing for etikk, miljø- og ressursproblem, og for å auke kunnskapen om forbruk og berekraft.

Boks 1.20 Miljømerka Svane og EU Ecolabel

Svanemerket vart oppretta av dei nordiske forbrukarministrane i 1989 for å gi forbrukarane kvalitetssikra miljøinformasjon. Svanemerket gjer det enklare å velje dei mest miljøvennlege produkta og tenestene, og står for redusert klimabelastning, meir berekraftig ressursbruk og eit giftfritt samfunn.

EU Ecolabel er det offisielle europeiske miljømerket. Det er eit miljømerke av same type som det nordiske svanemerket. Produzentane må kunne dokumentere at produkta innfrir ei rekkje strenge helse- og miljøkrav.

Kjelde: Stortingsmelding 25 (2018–2019) *Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital*

Boks 1.21 Forny læreplan

Kunnskapsdepartementet er i gang med å fornye lærerplanen i alle fag. Det vil bli innført tre tverrfaglege tema i lærerplanen:

1. Folkehelse og livsmeistring
2. Demokrati og medborgarskap
3. Berekraftig utvikling

Dei tverrfaglege tema blir inkluderte i fleire læreplanar i fag der det er naturleg at dei blir inkluderte. Dei nye lærerplanane blir fastsette hausten 2019 og vil vere klare til bruk hausten 2020.

Kjelde: Stortingsmelding 25 (2018–2019). «Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital»

Det er allereie fleire næringsaktørar som er bevisste rolla si, og engasjerer seg for eit meir berekraftig samfunn. Likevel er det mangel på eit felles samlingspunkt for næringsdrivande som er i direkte kontakt med forbrukaren (f.eks. butikkjeder), ekspertar (f.eks. miljøforskarar) og andre interessentar (f.eks. forbrukarrådet). Som omtalt i *Meld. St. 25 (2018–2019) Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital* vil regjeringa derfor etablere eit samarbeidsforum for berekraftig forbruk. Forumet skal leggje til rette for at private og offentlege aktørar kan møte kvarandre og utveksle kunnskap, idear og erfaringar som kan medverke til å skape og finne fram til løysingar for eit meir berekraftig forbruk. Gjennom deling av informasjon kan forumet medverke til auka innovasjon og ringverknader ved at gode idéar blir gjort synlege også for andre enn deltakarane i forumet.

Sirkulærøkonomi kan medverke til meir effektiv og redusert ressursbruk på mange område. I Noreg er det fleire døme på sirkulære modellar frå industrien. I Mo industripark blir for eksempel energi frå metallproduksjon gjenvunnen til bruk i

andre industrier. Regjeringa vil at Noreg skal vere eit føregangsland i utviklinga av en grøn, sirkulær økonomi som utnyttar ressursane betre.

Ein meir sirkulær økonomi kan gi auka ressurseffektivitet og medverke til:

- Lågutsleppsutvikling og reduserte klimagassutslepp
- Redusert forureining
- Redusert press på naturen og naturen sine ressurser
- Grøn verdiskaping og konkurransekraft.

Forbrukarpolitikken skal, saman med klima- og miljøpolitikken, vere ei drivkraft for nye berekraftige løysingar ved å leggje til rette for samarbeid mellom næringsliv, myndigheiter og sivilsamfunn

Regjeringa vil:

- arbeide for å styrkje dei internasjonale miljømerkeordningane
- utarbeide ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi

Vedlegg 2**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Klima- og miljødepartementet**

Tabell 2.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/inntektsart	Rekneskap			Budsjett
	2016	2017	2018	2019
1. Utgifter				
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	343 587	332 904	329 314	371 765
Varer og tenester	115 102	127 400	114 697	137 306
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>458 689</i>	<i>460 304</i>	<i>444 011</i>	<i>509 071</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	36 970	19 961	28 208	44 205
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>36 970</i>	<i>19 961</i>	<i>28 208</i>	<i>44 205</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalinger til andre statlege reknekap	0	0	0	0
Utbetalinger til andre verksemder	121 356	142 270	148 560	172 556
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>121 356</i>	<i>142 270</i>	<i>148 560</i>	<i>172 556</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	294	463	318	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>294</i>	<i>463</i>	<i>318</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>617 309</i>	<i>622 998</i>	<i>621 097</i>	<i>725 832</i>
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	110 375	107 803	120 305	100 572
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0		0
Refusjonar	8 193	0		0
Andre driftsinntekter	0	0		0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>118 568</i>	<i>107 803</i>	<i>120 305</i>	<i>100 572</i>

Tabell 2.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/inntektsart			Rekneskap	Budsjett
	2016	2017	2018	2019
Inntekter fra investeringar				
Sal av varige driftsmidler	201	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>201</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	401 656	382 221	391 409	445 872
Andre innbetalingar	121 356	142 270	148 560	172 556
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>523 012</i>	<i>524 491</i>	<i>539 969</i>	<i>618 428</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	874	757	256	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>874</i>	<i>757</i>	<i>256</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>642 655</i>	<i>633 051</i>	<i>660 530</i>	<i>719 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>25 346</i>	<i>10 053</i>	<i>39 433</i>	<i>-6 832</i>

Tabell 2.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1000 kroner)			
	2016	2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2019
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	311 171	296 766	302 389	313 882
Løyvingar frå andre departement	300	300	0	
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	21 563	24 162	25 857	30 900
Løyvingar frå Noregs forskingsråd	29 769	30 323	41 939	45 863
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>362 803</i>	<i>351 551</i>	<i>370 186</i>	<i>390 645</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	1 054	623	87	0
Bidrag frå private	30 057	25 506	23 097	11 424
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	7 742	4 541	26 485	24 621
<i>Sum bidrag</i>	<i>38 853</i>	<i>30 670</i>	<i>49 670</i>	<i>36 045</i>
<i>Oppdragsinntekter m.v.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	81 315	77 794	84 766	78 056
Andre inntekter og tidsavgrensingar	159 685	173 036	155 909	214 254
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>240 999</i>	<i>250 830</i>	<i>240 675</i>	<i>292 310</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>642 655</i>	<i>633 051</i>	<i>660 530</i>	<i>719 000</i>

Tabell 2.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2016–2018

Balanse 31. desember (beløp i 1000 kroner)	2015	2016	2017	2018	Endring 2017 til 2018
Kontantbeholdning					
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	109 578	134 886	141 722	160 015	18 293
Behaldning på andre bankkonti	0	0	3 260	24 392	21 132
Andre kontantbeholdningar	41	79	36	45	9
<i>Sum kontantar og kontant- ekvivalentar</i>	<i>109 619</i>	<i>134 965</i>	<i>145 018</i>	<i>184 451</i>	<i>39 433</i>
Avsetninger til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår					
Feriepengar m.v.	27 876	26 424	27 005	28 215	1 210
Skattetrekk og offentlege avgifter	23 949	23 008	23 468	26 588	3 120
Gjeld til leverandørar	24 116	30 064	21 124	40 022	18 898
Gjeld til oppdragsgivarar	-21 465	-23 110	-23 498	-23 819	-321
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	26 132	28 016	21 429	24 923	
<i>Sum til dekning av påkomne kost- nader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>80 608</i>	<i>84 403</i>	<i>69 528</i>	<i>95 929</i>	<i>26 401</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostna- dene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår					
Prosjekt finansierte av Noregs forskningsråd	4 839	13 577	19 493	18 764	-729
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdeparte- mentet	22 000	12 500	9 000	21 000	12 000
Konkrete påbegynte, ikkje full- førte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdeparte- mentet	0	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje full- førte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	6 672	9 097	12 093	13 820	1 727
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>33 511</i>	<i>35 175</i>	<i>40 585</i>	<i>53 584</i>	<i>12 999</i>

Tabell 2.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2016–2018

Balanse 31. desember (beløp i 1000 kroner)	2015	2016	2017	2018	Endring 2017 til 2018
Andre avsetningar					
Avsetningar til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	-19 485	402	19 921	19 953	32
Fri verksemdskapital	14 985	14 985	14 985	14 985	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>-4 500</i>	<i>15 387</i>	<i>34 906</i>	<i>34 938</i>	<i>32</i>
Langsiktig gjeld (netto)					
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>109 619</i>	<i>134 965</i>	<i>145 019</i>	<i>184 451</i>	<i>39 432</i>

Tabell 2.4 Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/inntektsart	Rekneskap			Budsjett
	2016	2017	2018	2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	9 164	8 022	8 690	12 406
Varer og tenester	7 397	6 507	6 699	6 788
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>16 550</i>	<i>14 529</i>	<i>15 389</i>	<i>19 194</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 306	345	4 598	2 105
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 306</i>	<i>345</i>	<i>4 598</i>	<i>2 105</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege reknekap	0	0	3 923	0
Utbetalningar til andre verksemdar	61 272	62 461	76 870	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>61 272</i>	<i>62 461</i>	<i>80 793</i>	<i>0</i>

Tabell 2.4 Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/inntektsart			Rekneskap	Budsjett
	2016	2017	2018	2019
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	3 307	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>3 307</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>79 139</i>	<i>80 642</i>	<i>100 780</i>	<i>21 299</i>
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	271	701	321	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>271</i>	<i>701</i>	<i>321</i>	<i>0</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	4	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>4</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	30 903	103 898	112 170	116 320
Andre innbetalingar	56 191	389	197	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>87 094</i>	<i>104 287</i>	<i>112 367</i>	<i>116 320</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>87 370</i>	<i>104 988</i>	<i>112 688</i>	<i>116 320</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>8 231</i>	<i>24 346</i>	<i>11 908</i>	<i>95 021</i>

Tabell 2.5 Norsk Kulturminnefond. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1000 kroner)			
	2016	2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2019
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	87 094	103 898	112 170	116 320
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Løyvingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>87 094</i>	<i>103 898</i>	<i>112 170</i>	<i>116 320</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter m.v.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	276	1 090	518	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>276</i>	<i>1 090</i>	<i>518</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>87 370</i>	<i>104 988</i>	<i>112 688</i>	<i>116 320</i>

Tabell 2.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2016–2018

				(i 1000 kroner)
Balanse 31. desember	2016	2017	2018	Endring 2017 til 2018
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	136 126	160 473	172 382	11 908
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	1	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>136 127</i>	<i>160 473</i>	<i>172 382</i>	<i>11 908</i>
Avsetninger til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.v.	917	944	1 062	118
Skattetrekk og offentlege avgifter	860	840	1 022	182
Gjeld til leverandørar	235	359	35	-324
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	1	1
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	1 553	1 337	2 658	1 321
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>3 565</i>	<i>3 479</i>	<i>4 778</i>	<i>1 298</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	121 615	142 355	157 680	15 325
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0		0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>121 615</i>	<i>142 355</i>	<i>157 680</i>	<i>15 325</i>

Tabell 2.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2016–2018

				(i 1000 kroner)
Balanse 31. desember	2016	2017	2018	Endring 2017 til 2018
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	10 948	14 640	9 924	-4 716
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>10 948</i>	<i>14 640</i>	<i>9 924</i>	<i>-4 716</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidler	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>136 127</i>	<i>160 473</i>	<i>172 382</i>	<i>11 908</i>

=====

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2019

